



Kåre Magne Holsbøvåg

Stadnamn i Molde
kommune

Stadnamn i Molde kommune

Kåre Magne Holsbøvåg

Stadnamn i Molde kommune

Namn og kulturhistorie

Utgjeve av
Romsdal sogelag
Molde 2010

Omslagsbiletet

er frå Flovikholmen (Kopparholmen) på Nesjestranda. Vi ser skjeret Kopparen i framgrunnen til venstre.
Foto Kåre Magne Holsbøvåg 2010.

Kartutsnittet på baksida av boka er frå Dvergsneset og Bolsøysundet.

Boka er tilrettelagt og trykt med støtte frå
Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening
Margit og Morten Parelius' minnefond
Bolsøybokfondet
Molde kommune

Karta er trykt med løyve frå Molde kommune og namnsettinga er tilrettelagt av
Statens kartverk, Molde
Biletmaterialet er arkivert ved Romsdalsmuseets fotoarkiv

Sats og trykk: EKH, Molde
Innbinding: AIT, Otta
Opplag: 700
ISBN 978-82-90169-94-2

Utgjeven av Romsdal sogelag ©

Føreord

Boka inneheld ein omtale av stadnamn i Molde kommune. Her er inga inndeling av namna. Ein finn dei etter som ein støyter på dei på ei ferd over sjø og land i kommunen. Meininga er at det då er lettast å finne fram til området der ein vil vete meir om namna. Ei slik framstilling vil gjerne ikkje stadnamngranskarar like. Men boka er meint som ei orientering til vanlege folk utan spesialkunnskapar.

Bustadnamna har ein sentral plass, men også dei like interessante naturnamna er lagt fram med dei opplysningar som har kome fram. Gate- og vegnamn er ikkje medtekne. Desse kan ein lese om i boka «Vegar og namn. Veg- og gatenamnleksikon for Møre og Romsdal» (2006) av førsteamanuensis Peter Hallaråker. Han var tilsett ved Høgskulen i Volda frå 1962-2000. Lektor Gunnar Talsethagen har i to band «Gatelangs i Molde» gjeve grundige utgreiningar om bakgrunnen for gate- og vegnamna i byen Molde. (Romsdal sogelag 2000 og 2001)

Bakgrunnen for denne boka er at skrivaren vart spurd om å samle inn stadnamn i Molde kommune til Møreforskning sitt stadnamnprosjekt kring 1990. Arbeidet vart leia av førsteamanuensis Peter Hallaråker, Volda. Molde kommune hadde skrive kontrakt om å gjennomføre arbeidet ved hjelp av mange frivilljuge. Men arbeidet kom ikkje i gang. Han som skriv dette vart siste utveg for oppskrivinga. Største problemet var å finne fram til informantar kringom i kommunen. Av di eg i mange år hadde arbeidd med stadnamn på kart for Fylkeskartkontoret, makta eg å gjennomføre arbeidet på ein måte.

I ettertid har dei som gav informasjon venta på å få sjå resultatet. Dessverre har stordelen av dei gode informantane gått inn i si siste kvile. Stor takk både til dei som er slokna og dei som framleis lever. Det gode arbeidet deira har gjort at desse immaterielle kulturminna har vorte tekne vare på. Språklege kulturminne kan vere like verdfulle som materielle. Det blir lite tenkt på at kvar ein dag tek folk slike kulturminne med seg grava.

I siste halvdel av 1900-talet forandra samfunnet seg slik at ein ikkje lenger hadde bruk for alle dei stadnamn ein før hadde hatt for å orientere kvarandre i kvardagen. Mange namn som informantane kom med, var slike som dei hugsa frå tidlegare tider, men som no var lite eller inkje i bruk.

Namn på store lokalitetar kan ha høg alder. Namn på mindre lokalitetar med få namnebrukarar er jamt over ikkje så gamle. Storparten er frå dei 3-4

siste hundreåra. Men dei er like verdfulle for det.

Diktaren Kristofer Uppdal skreiv dette om stadnamn i boka «Andedrag» i 1918 (s. 7): «Og ein kan høyre saga i gardsnamna, kan gjennom namna leite seg attover til dei fyrste bustader – soleis at ein ser ferda til dei fyrste kuftekleddede bumenn gjennom skogane. Ein kan tyde saga til den einskilde gard gjennom namna på aakrar og englappar, sumtid attover til fyrste rudningsmannen.»

Det er ikkje brukt lydskrift ved stadnamna, men attom den normerte forma vil ein ved ein god del av namna mellom skråstrek finne dei skrivne nært opp til uttalen. Døme: *Tømmerberget* /*Temmerbærje*/. Det ville bli for omfattande i ei slik framstilling å bruke lydskrift. Når storparten av lesarane har kjennskap til målføret i kommunen, skulle det ikkje vere noko stort tap.

For at namneformene i teksten og på karta ikkje skal liggje for langt frå talemålet, tillèt ein seg i denne boka å bruke ein del former som ikkje er godtekne i lova om skrivemåten av stadnamn.

Svake hokjønnsord endar på –å i bunden form eintal på landsbygda her i kommunen. (Bymålet har endinga -a.) For å vere meir talemålsnær er det her brukt –å i denne boka. Mange på bygdene seier når dei ser endinga –a, slik ein skal skrive etter stadnamnlova, at dette må vere bymålet på Molde. Det er òg slik at når ein ser eit namn som *Hola*, er det ikkje så lett utan å granske topografien å slå fast om ein har bunden form eintal av hokjønnsordet *hole*, eller det er bunden form fleirtal av inkjekjønnsordet *hol*, altså *hola*.

Stadnamnlova godtek skriftformer som *Dalan*, *Åsan*, *Holman* og *Setrin* der den utlydande vokalen ikkje blir uttalt. Slik er det her i kommunen og i resten av romsdalskommunane. Det kan vere noko problematisk å skrive *Sauholen* i staden for *Sauholene*. Ser ein berre namnet, kan ein tru at sisteleddet er hankjønnsordet *hol* 'rund høgd' i bunden form eintal.

Stadnamnlova godtek no forma *tjønn*, *sjølv* om ein ikkje finn dette som tillaten form *korkje* i bokmål- eller nynorskrettskrivinga i våre dagar. Grunngevinga er kanskje at ein i ein tidbolck på 1900-talet hadde lov å skrive *tjønn* i nynorsk. Den same lova godtek ikkje forma *bjønn* utan vidare. Rettskrivinga for bokmål og nynorsk har aldri hatt noko anna enn forma *bjørn*. Men mange både bokmål- og nynorskskrivande diktarar har brukt forma *bjønn*. Når denne forma også er nærast

uttalen her i kommunen, var det naturleg å bruke bjønn i stadnamna i denne boka.

Det er i stadnamnlova valfridom mellom skjer og skjær. Her i boka er skjær brukt. Den forma ligg nærast uttalen i heile Romsdalen. Ein har òg valt den målførenære forma *grynne* i staden for rettskrivingsforma *grunne* for dette hokjønnsordet. Ein vil òg finne *tver* i staden for *tverr*. Målføret har uttalen tver med lang æ. Rettskrivinga i dag har berre forma *tverr*. I gno. finn ein former som *pverá* om ei å som renn ned i hovudelva frå dalsida. For trenamnet osp er ausp brukt. Dette er talemålsforma i denne delen av Romsdalen. Så er talemålsforma rompe brukt i staden for rumpe i skriftspråket.

Sjølv om det ikkje er så lett å høyre at namn som endar på tind og botn, har bunden form, har namn som Stortinden og Rundbotnen det. Når ein har dativformer av namna, fortel det at ein har bunden form. Tidlegare såg ein mest ubunden form ved desse grunnorda i stadnamn på kart. I vårt område er det berre ein del gamle gardsnamn som har halde på ubunden form. Alle naturnamna har bunden form. (Går ein til den sørlegaste delen av landet, finn ein også at ein god del naturnamn framleis har ubunden form.)

Somme stadnamngranskarar vil gjerne bli arge viss dei opnar boka, men som før nemnt er dette ei bok for folk flest både i denne kommunen og noko vidare utover. Sjølv sagt har skrivaren ikkje greidd å unngå å gjere feil av ymse slag. Mange stader har ikkje så mange namn kome med. Dette vart berre slik når det er arbeidet til ein person.

Som ein ser, er det teke med ein god del soger om slikt som har gått føre seg på stadene som er omtala. Det er no ein gong slik at når ein høyrer namnet på ein stad, tenkjer ein ofte ikkje berre på sjølve namnet, men òg på staden det er namn på. Ein skulle tru somme finn interesse i å høyre om eitt og

anna som har gått føre seg på desse stadene. Truleg er det ikkje full sanning i alle slike soger, men det er slikt som har vore fortalt.

Biletaterialet varierer noko etter kva som har vore til tilgjengeleg. Det er brukt ein god del oversiktsbilete frå Widerøes flyfoto frå 1960-åra fordi dette materialet ligg digitalt i Romsdalsmuseets fotoarkiv. Desse bilda dekkjer områda frå Kringstad i vest til Osmarka i aust, samt Sekken. Sørsida av Fannefjorden, Bolsøya, Hovdenakken og Nesjestranda er derimot dårleg dekt med flyfoto. Bokskrivaren har fotografert mykje på turane sine, og alle hans bilete frå åra 2007 til 2010 er innlemma i Romsdalsmuseets fotoarkiv. Dette gjeld både oversiktsbilete og detaljbilete. Det er viktig å presisere at så attvakse som kulturlandskapet er mange stader, er det ikkje lett å ta oversiktsbilete frå landjorda. Utanom desse to biletkjeldene er det henta inn bilete frå fleire andre, m.a. Johnny Bratseth, E. Birkeland AS, Thomas T. Ulleland, Johan Lillebostad og Fredrik Misfjord. Av praktiske grunnar er det teke utsnitt av mange bilete for å få boksidene til å gå opp. Bjørn Austigard har vore biletredaktør.

Takk til den mest allsidige nolevande norske namnegranskaren, Ola Stemshaug. Han har sett gjennom manuskriptet og kome med gode råd og korrigeringar. Takk også Johnny Bratseth som har skrive inn alle namna på karta og til Rolf Strand som har lese gjennom boka og komme med kommentarar. Takk til Geir Bolsø som gjorde eit stort arbeid med innsamling av namn på Bolsøya.

Det hadde ikkje vorte noko av denne utgjevinga, hadde det ikkje vore for leiaren i Romsdal sogelag, Bjørn Austigard. Han såg det som viktig at dette materialet kom ut til folk. Heile tida har han vore planleggar og hjelpesmann. Då han las gjennom manuskriptet, kom han med viktige korrigeringar og innspel. Han har òg utarbeidd registeret.

Innhald

Føreord.....	5	Leirgrovvika.....	49
Innhold.....	7	Fannbostad.....	50
Innleiing.....	10	Eikrem.....	51
Forkortingar.....	10	Oppkommer og grøver.....	52
Gauset.....	11	Årøy/Årø.....	53
Namn i utmarka.....	11	Årøyneset/Årøneset.....	56
Ved sjøen.....	13	Røbekk.....	57
Til fjells.....	14	Elsås.....	57
Julbøen.....	16	Til fjells.....	58
Julneset.....	17	Ved Skaret.....	60
Mordal.....	19	Strande.....	63
Til fjells.....	19	Lønset.....	66
Baret.....	20	Ellingsgarden.....	66
Haukabøen.....	20	Ekrå.....	67
Kringstad.....	23	Sigerset.....	68
Husmannsplassane.....	24	Hatlen.....	68
Ved sjøen.....	24	Skjerslia.....	68
Mek.....	26	Skjerså/Øygarden.....	69
Storfjorden - Forfjorden.....	26	Mjelve.....	70
Bjørset.....	28	Hjellset.....	73
Reknes.....	30	Ura.....	74
Husmannsplassane og stykka.....	31	Mork.....	74
Langs elva.....	32	Hamna.....	75
Ymse.....	33	Hagen.....	75
Molde/Moldegård.....	33	Hjelset.....	77
Husmannsplassane.....	34	Husmannsplassar og næringsverksemd i gammal og nyare tid.....	78
Stadnamn frå Kringstadsetra til Tussen.....	35	Gujorda.....	83
Fuglset.....	44	Berg.....	85
Øverland.....	45	Roaldset.....	88
Tøndergarden.....	46		
Berg.....	47		
Kviltorp.....	48		

Roaldsetlia.....	89	Nordhaugan.....	145
Oppdølå.....	91	Bygda Osen	148
Skjevika.....	92	Midthaugan	150
Hungnes	93	Øyra.....	151
Eide	95	Sotnakken.....	153
Eidssetra.....	96	Sotåa.....	157
Røsberg	99	Ytterhaugan.....	158
Stokke	102	Holsbøen	159
Nes	103	Bordalen.....	166
Strandstaden Nes.....	105	Ullaland.....	167
Opp mot fjellet	105	Nakken	169
Grovan.....	106	Myra.....	171
Raudmold/Romold.....	107	Kortgarden	171
Kleive.....	111	Risan	173
Likrøvaren i Kleivkjerken.....	112	Mauset	173
Skalle.....	115	Bjerkalia.....	175
Namn i Skall-lia og der omkring	116	Området kring Skåla	176
Lykkjå	118	Talsethagen.....	178
Brattset	119	Talset	178
Lia	120	Franssetet	180
Øverlia.....	120	Fransgjerdet (Holå).....	180
Amundsgarden	121	Kvistsetra	180
Langlia	122	Hammaren.....	180
Høystakklia	123	Stranda	181
Istad.....	124	Tollåsen	183
Stokkåsen	128	Brokstad	185
Andre namn i fjellstrøket	129	Grønneset	189
Øygarden.....	131	Dvergsneset.....	191
Steinløyså.....	132	Solomdalen	194
Hatlen.....	134	Sørover mot Breiskaret	196
Sollia	137	Ein merkeleg stein.....	197
Fleire namn i fjellstrøket.....	139	Solomdalsgjerdet.....	198
Botterlia.....	141	Røvika	200
Aspelunden	142	Skjevika.....	204
Aspholen	144		

Geitnes	205	Melvikan	261
Hovdenakken	206	Skogvika	262
Eit vete-fjell	210	Kva er ein håmann?	264
Vågsetra.....	211	Romdalvika.....	266
Steinsåna	212	Bolsøya, sentrum i førhistorisk tid	266
Flovika	213	Bolsøy	267
Gamle namn på to myrar	214	Bautastein med landskjend segn	267
Flovikholmen / Kopparholmen	214	Dei trudde ein jutul låg i Jutehaugen	268
Hamnavika	216	Draget.....	272
Nesje	217	Litlebostad.....	276
Veøya.....	224	Turhus	277
Berg.....	227	Namn i fjorden sør for Molde	278
Det løyndomsfulle Alteret.....	229	Husmannsplassar og namna	
Andre namn i fjellområdet.....	229	på desse bustadene	282
Bergsvika	232	Kart	283
Åsen	234	Nokre ordforklaringar	384
Vik.....	234	Litteratur	385
Sølsnes	235	Informantar	387
Malo	238	Register ved Bjørn Austigard.....	388
Hegneset (Hengneset)	240		
Årset.....	242		
Reitan	243		
Grebbestad	244		
Ytter-Håskora og Inner-Håskora.....	247		
Austover til grensa mot Nesset	248		
Øya Sekken	250		
Sekkeneset.....	250		
Eit gammalt og merkeleg namn	252		
Eik.....	254		
Vestad.....	255		
Sekkesetra	258		
Sollibøen	259		
Storvika.....	260		
Vedalshaugen	260		

Innleiing

I høgmellomalderen fram til manndauden (svartedauden) kring 1350 og sottene som følgde, hadde det her i distriktet som andre stader i landet vore vokster i folketalet. Så kom nedgangen i folketal. Men det vart òg flytting ut mot havkanten. Tørrfisk vart på denne tida ei viktig salsvare.

Tek ein utgangspunkt i dei som betalte tiendeskatten (sølvs-katten) i 1520, ser det ut som det enno var folkelaust i ein stor del av området som i våre dagar omfattar Molde kommune. Dei folkelause strøka er dei kaldaste (med lengst vinter). Stordelen av dette området har også lite sol. Ein må rekne med ein del utflytting til havkanten både med bakgrunn i klima, og at der var meir næringsverksemd. Det var ikkje slik at fleire døydde i strøka som vart folkelause. Ein skulle heller tru at noko fleire overlevde på markagardar slik som lengst aust i området.

I områda som vart liggjande øyde i lange tider, gjekk det naturleg nok slik at namna på små lokalitetar, vart gløymde. Ein skulle tru det føre øydetida hadde vore om lag like mange stadnamn som det vart i nokon tidbolk seinare. På gardar som ikkje vart liggjande folkelause, kan det nok også på små lokalitetar finnast namn frå føre manndauden.

Namn på store lokalitetar som gardar, elvar, store høgder, dalar, fjordar, øyar, vikar og nes overlevde for det meste. Særleg langs fjordane der det alltid var noko ferdsel, kunne også mange namn på små stader overleve.

Etter som ein fekk ny busetjing frå siste halvdel av 1500-talet, fekk ein atter mange namn på både innmark og utmark. Dei var nok laga over om lag same lest som stadnamna føre øydetida. Høgt til fjells der folk ikkje ferdast så mykje, vart det ikkje så tett med namn. Slik har det vore til alle tider.

Det er òg slik at ein stundom kan undrast når ein fer i skog og mark og ser naturformasjonar som fell i augo. Det kan t. d. vere store steinar som ingen har namn på no for tida. Ein kan spørje seg: Hadde dei namn den gongen gjetarar ferdast her dagstøtt kvar ein sommar?

Forkortingar

m.	= maskulinum (hankjønn)
f.	= femininum (hokjønn)
n.	= nøytrum (inkjekjønn)
gno.	= gammalnorsk
utt.	= uttalt
gnr.	= gardsnummer
bnr.	= bruksnummer
NG	= Norske Gaardnavne b. 13
NE	= Norske Elvenavne
NO	= Norsk Ordbok
RSÅ	= Romsdal sogelag årsskrift
KLNM	= Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder
KMH	= Kåre Magne Holsbøvåg

Ei vandring blant stadnamna i Molde kommune

Gauset

Garden Gauset er gnr. 131 og ligg oppunder flogbratte fjellet på austsida av Julsundet. I nord grensar han mot den delen av Aukra kommune som ligg på fastlandet. Tidlegare hørde gardane Gauset, Julbøen, Mordal, Baret og Haukabøen til Nord-Aukra kommune.

Ein reknar med at namnet på denne *set*-garden er frå vikingtid eller noko før. Det er 11 set-gardar i denne kommunen. I heile landet er det om lag 900. Mest av dei er det på Nordvestlandet, i Trøndelag og i Nordland. Mjøsbygdene og Østerdalen har òg mange. Ordet har med sitje å gjere og tyder rett og slett bustad. Somme stader her i Romsdalen ser det ut til at somme set-gardar har vore så småe og tungdrivne at dei ikkje fekk busetjing att etter krisetida i seinmellomalderen. Det kan sjå ut som det iallfall her i distrikta har vore stor skilnad i gammal tid mellom dei største og dei minste set-gardane. Slike namn fekk ein ikkje på gardane til dei som slo seg ned på Island. Der fekk ein mange staðir-namn. Kan hende noko av årsaka var at dette var namn på jamtover større gardar her i landet, og landnåmsgarden såleis fekk ein dåm av stordom over seg.

Låg landskyld og få set-gardar som har vorte kyrkjestader, gjer at ein ikkje reknar med at dei kan vere eldre enn frå 600-talet.

På Gauset var det folk lenge før ein fekk dette namnet. Ivar Gauset (1910-2006) fortalde 13. september 1997 at då dei før i tida pløgde nedom husa, fann dei ofte flint og pilesissar. Dette vart sendt til Vitenskapsselskapet i Trondheim. Ein forstår at dei første folka kom hit tidleg.

Gardsnamnet kjem truleg frå namnet på elva ved garden. Elvenamna er noko av dei eldste stadnamna som finst. Mange av dei har vorte bytt ut, men minne om dei kan ha overlevd i andre namn i nærleiken. Gauset er eit døme på dette. Elva har truleg ein gong heitt *Gausa. Det har gjerne samband med gno. *gjósa*, 'strøyme hardt fram, sprute'. Dette høver godt. Når ho er flaumdiger,

lagar ho gøys. (Ein kan nemne at namnet Gausdal i Gudbrandsdalen kjem av elvenamnet Gausa. I Fyresdal i Telemark er det òg ei elv som heiter Gausa. I Eresfjorden var det ei oppkomme som dei kalla *Gauskjeldå*, opplyser Hans P. Øverås i boka «Folkeminne frå Indre Romsdal».) I dag kallar dei elva ved Gauset for *Gausetelva*.

På Gauset er det grøderik jord der det veks varmekjære tre. Her er urer som heiter *Almurin* /*Almurinj*/. Almen veks her framleis. Før i tida var han verdfull både for folk og fe. Folkeminnesamlaren Mads Hukkelberg fortalde ein gong til Ivar Gauset at folket hans «på Gossen» fekk kome til Gauset i naudsåra etter almebork. Det stod ein stor alm ovom *Gausetnaustet*. Borken mol dei og blanda atti vanleg mjøl, og det vart brukbart brød. På 1900-talet skadde hjorten almen mykje. Han flekte av strimler av basten på trea slik at dei tørka, fortel Gauset.

Hukkelberg fortalde òg om ei viktig kvinne på Gauset i gammal tid, for ho kunne kurere folk, og så kunne ho stemme blod. Truleg er dette den Ragnhild Gauset som Ørnulf Hodne omtalar i boka «Trolldom i Norge» (2008). Her kan ein lese på s. 99 at trollkjerringa Ragnhild Gauset sende gandskotet tvers gjennom fire kyr medan budeia sat og mjølka. Berre grisen vart skadd. Inni han fann dei noko som likna eit nøste fullt av nåler, grisbust o. l. Dei måtte slå Ragnhild til blods for å knekkje trolldomen. Det er lett å forstå at grisen sjølv hadde fått i seg dette. (Mads Hukkelberg opplyste dette kring 1925.) Bygdeboka for Aukra fortel at den velståande kona på garden som levde fram til midt i 1770-åra, heitte Ragnhild Andersdotter og var frå grannegarden *Eiskrem*. Det kan vere denne Ragnhild det er tale om. Ei som forstod seg på lækjekunst og kombinerte det med litt magi, kunne ha endelyktast på bålet viss ho hadde levd eit hundreår tidlegare.

Namn i utmarka

Gausetsetra kan ein sjå frå vegen. Ein ser ho i våre dagar som ein grøn flekk mot himmelen. Nokre



Løa på Gauset med steinen borti fjøsveggen. Oppå skaret til venstre låg Gausetsetra. (Foto KMH/Romsdalsmuseets fotoarkiv 07282)

vesale murar står der og vitnar om ei anna tid. Her har ein namn som *Seterhaugen* og *Seterdalen*. Krøtera tok dei truleg opp på Eiskrem, for det er styggeleg bratt opp frå Gauset.

Ei lita elv heiter *Sagelva*. Høyrer ein berre namnet, kan ein tru at her har vore sag. Men Ivar Gauset kunne fortelje at elva varsla verombyte. Når det vart «synnåver» (vind frå sør), hørde dei elva saga. Ho fekk ei spesiell låte som likna låta av ei sag som vart dregen att og fram.

Vatn har alltid vore viktig. Far til Ivar demde opp *Litletjønna* langt innpå fjellet til truskarvatn. Somme har kalla ho *Trøskardammen*.

Ufarleg er det ikkje under bratte fjell. Far til Ivar tala om *Ofsen* som var ei fonn som gjekk ein gong. Astor Furseth skriv på s. 74 i boka «Skredulykker i Norge» (2006): «Gauset har fått skade på jord og hus av flere jordskred, særlig av ett i 1812.» Kanskje Ofsen er eit minne om fonna i 1812. Dette var òg det verste uåret i nyare tid. Nedmed sjøen heiter det *Fonna*. Kan hende ho er eit minne frå 1812. Det var på etterjulsvinteren dette året mykje av marka vart øydelagd av grus og stein.

Ein gong passerte ein stein under *Stabburet*. Ivar fortalde om ein gong han og den tre år yngre søster hans var med mor si i fjøsen. Dei hadde parafinlykt.

Ungane stod i *vondelgarå*. Brått kom eit uhorveleg dunder. Åtteåringen Ivar trudde det var vinden, men mor hans ropa nokre ord til Gud om at no måtte han hjelpe. Ho forstod at det var fonn. Så treiv ho minsteungen under arma og fór ut. Dei sprang nedom løa. Der var dei meir i ly, for det var tømmerfjøs. Så kom det ein svart skugge farande mellom løa og eldhuset. Der er om lag 7 m breitt. Det var steinen som kom hoppande og vart liggjande nedom vegen. Ikkje ei flis hadde han slege laus på husa, og Gud hadde spart dei tre. Steinen vart sundmina, og det vart retteleg mange hestelass som far til Ivar og bror hans køyrde vekk. Det hadde ikkje vore noko særst til styggever før denne tilburden. Forklaring av *vondelgarå*: Ordet har dativform. Dette var ein garde /gare/, altså ei innhegning der dei la vondlane. Ein vondul (gno. vøndull) er ein samansveipt høvball som var nok til eit mål (måltid) til eit dyr.

Ein ser at det ligg ein stor stein som tek borti løveggen på nersida. Han låg der då dei bygde løa. Det er som han låser fast løa slik at ho ikkje kan flyttast nedover.

Fleire namn fortel om geitehaldet i gammal tid. Her var lende for dei klivande kroppane. *Bukkeholet* /Bokkehåle/ er ein heller som geitebukane gjekk inni. *Bukkaksla* er ei fjellaksel. Litt over grensa

mot Aukra kommune finn ein helleren som heiter *Geitastauå* oppunder ein tverrbratt hammar. Oppå hammaren heiter det *Staurabben*. Ein rabb er helst ein jord- eller bergrygg. Kanskje ein hadde geit nokså lenge her lendet høvde godt, men i området som omfattar denne kommunen, vart det slutt med geit i siste halvdel av 1800-talet. Dei meinte ho gjorde for stor skade på m. a. skog. Ei ny lov frå Stortinget i 1860 gav opning for å ta livet av geiter som kom inn i frukthagar. Dette førte til at A.O. Vinje forsvarte geita i avisa si «Dølen». Han avslutta stykket med diktet «Blaamann». Det vil leve som minne om geita i all framtid.

Omnan er bergformasjonar som har mint om omnar. *Innfjellet* er sør for bergkløfta der kommunegrensa går i dag. I bytet mellom Gauset og Eiskrem nedanfor vegen var det eit led som dei kalla *Hagardsledet*. Led er grindopning. (Ein uttalar ikkje d-en i ordet led.) Hagard er opphavleg hagegard, og er gjerde mellom utmarkene eller hamnehagane til to gardar.

Ved sjøen

Kobbevika og *Kobbevikflua* fortel om det velkjende sjødyret som ein i Romsdalen kallar kobb. Han har sett far etter seg i stadnamn langs heile kysten. Desse namna er like naturlege her som Jakob Sande sitt Kobbeskjer i Sunnfjord. Ja, det er også minne om han i stadnamn oppmed Eikesdalsvatnet, så den karen greier seg i anna enn saltvatn. Ordet kobb/kobb har visstnok samanheng med kubbe, jf. kubbsæl i svenske målføre som skal kome av den tjukke figuren. Engelske målføre har ordet cob om unge av ymse slag. Grunnordet flu, (gno. *flūd f.*) har samanheng med flod og flaum. Det er ei grunne som stikk opp på fjøre sjø, men som det altså flør over. Relasjonsnamn er *Inste* og *Yste Kobbevikhaugen*.

Rompå er eit nes som har vorte samanlikna med ei rumpe. (Rumpe er ordlisteforma.) I romsdalsmålet tyder dette ordet alltid noko som stikk langt ut frå kroppen på eit dyr. Ingen tala før i tida om rumpe på menneske. Det var det berre huldra som hadde. *Rompeberget* er eit berg sør for Rompå. Litt ut frå land ligg *Littleholmen*. Lenger sør ligg *Storholmen*. Statsadvokat og lokalhistorikar Nils Parelus fortel i årsskriftet for RSÅ 1977 at han saman med hjelparar i juni dette året registrerte fire gravhaugar på holmen. Han fortel at lokalfolket knapt visste at det var gravhaugar på holmen. Ein skulle tru at dei som er hauglagde her, har hatt sine levedagar på Gauset.

Gausetbukta er bukta mellom Storholmen og Rompeberget. Det lågtyske ordet *bucht* kom gjerne inn i hansatida. Ordet vik er eit ord som har vore i bruk her i landet i uminnelege tider. Bruksnamnet

Gausetvika er truleg eit eldre namn. Men bukt tevla ikkje ut vik då det kom i bruk. Ei bukt er rundare enn ei vik. Innhaldet i vik er der landet bøyer seg attende.

Hummelhagen /Hommelhajinj/ var ein stad der dei dyrka humle. Humledyrkinga er gammal. Denne fleirårige planta har skot som vind seg mot høgre og visnar om hausten. Planta inneheld bitterstoffet lupulin som gjer at øl held seg og smakar betre. Styresmaktene arbeidde for at ein skulle dyrke meir humle. På 1800-talet var humledyrkinga på retur. Også i våre dagar har dei humlehagar i Mellom-Europa og England, men her til lands er dette noko som høyrer fortida til. *Humlehaven* på Molde er det same namnet. Men der voks det også innførte planter, og så har namnet ei «finare» form!

I *Ramsskredet* /Ramsskre'e/ voks det rams. Kyr og geiter likte godt denne laukplanta med intens lukt og smak. Mjølka vart feit, men ho fekk ein beisk smak. Smøret fekk òg ein usmak. Rams veks langs kysten frå Bærum til Leksvik. Det vart helst sett på som negativt å ha 'ramsgroe' på ein gard. Men ein veit at avkok av blada vart gjeve til geiter mot innvolsorm. Ein finn dette plantenamnet i mangt eit stadnamn i utbreiingsområdet, også gardsnamn. Ramsøya er gardsnamn på Averøya og i Todalen inn mot Trollheimen. Ramslia er gardsnamn på Gyl i Tingvoll kommune. Det er lite truleg at ein i slike stadnamn har med det gamle mannsnamnet Ramn å gjere. I denne delen av kommunen ser skred ut til å vere inkjekjønnsord. Lenger aust i kommunen er det svakt hokjønnsord.

Namnet *Storåkeren* er nok det mest vanlege åkernamnet i kommunen. Ein finn namnet på Gauset òg. *Sjøvollen* er nedste delen av innmarka mot sjøen. *Kalvegjerdet* som var ei inngjerding der kalvane gjekk, er nemnt i eit gammalt gardsdokument, fortalde Ivar Gauset.

Ein har namn som *Gausetnaustet* og *Nausthaugen*. Lenger sør har ein *Nauststykket*. Ordet naust er særst gammalt. Ein hadde det i gno. Det er samanheng mellom dette ordet og det latinske ordet for båt, *navis*. *Naustberget* ligg òg ved *Naustet*.

Namnet *Kvennhuset* er minne om kvernhuset som stod ikkje så langt frå sjøen. Truleg har det vore kvernhus her heilt frå mellomalderen. Skriftlege kjelder fortel at det var eitt kvernhus på Gauset i 1666. Eit led heitte *Kvennhusledet*. Der det heiter *Sjåkilen* var det så fint å sitje før det vart ny veg. Ivar Gauset visste ikkje om at det hadde stått nokon skjå (lite hus, skur) her. Kanskje namnet kjem av at dei sat her og såg utover fjorden. Sisteledet er noko uklårt. Ein har i gno. ordet *kill* m., 'smal bukt eller



Gausetramnfloget er eit høgt flog eller hammar. (Foto Birkeland 0453-a)

vik'. Det må då vere meint terrenget på land ned mot sjøen.

Der det heiter *Kjellaren* er det så djupt utføre. Det er som ei hule. Allereie i gno. hadde ein ordet *kellari* eller *kjallari*. Det kjem frå latinsk *cellarium*.

Grusholå er minne om at dei tok grus til vegen her.

Til fjells

Åsholet er eit hol oppi bratte åsen. Nedover frå *Heståsen* heiter det *Heståsbakken*. *Kjerkjå* er ein bergformasjon som stikk opp og har mint om ei kyrkje. *Påskholå* er ei hule oppunder der det blir brattare. Dei veit ikkje no kva namnet kjem av. Somme stader gjekk dei om påskemorgonen opp på høgder. Dei ville sjå sola danse i glede. Men det er lite truleg at dei gjekk oppi denne hola. I Romsdalsmuseets årbok for 1976 kan ein på s. 9 lese om Jakobgarden på Sandøya. Her står: «På SV-kanten av Sandøy ligg det ein låg haug som er ulik alle andre haugar på øya, i det at sjøen har grave ut holer eller hellarar i berget rundt haugen. Gjennom desse hellarane, var trua i gamle dagar, at dei underjordiske kom seg inn i haugen, og den gong var haugen full av slik busetnad. Denne haug var kalla Påskhellå.» Påsk ser ut til å vere eit ord for dei underjordiske. Ordet må for lenge sia ha gått ut or talemålet. Sør for Kvennholmsundet lengst

nord på Haramsøya på Sunnmøre har ein namnet Påskestovå i eit gjel. Når Severin G. Ulla opplyste at det var gammal skikk og ei manndsomsprøve for gutane å leie tenesttausene ut til denne hola julaftan, peikar det mot tilhaldsstad for dei underjordiske. (Årbok for Haram kultur-historiske lag 1996, s. 56.)

Sisteledet i *Gausetgjerdet* tyder på at det her først var ei innhegning. Seinare vart det busetjing. Ein ser det står murar her. Det skulle byggjast nye hus her, men det vart stopp i det. Namnet *Nylendå* fortel at namnet på denne attlega ikkje er så gammalt. *Gausetramnfloget* er eit høgt flog eller hammar som heng utover (er meir enn loddrett). Flog er stup. Namnet fortel at ramnen har halde til her. Denne fuglen har fleire namn kringom i landet. Nordmøringane har kalla han mest *corp* i våre dagar. Sør på Vestlandet kan ein høyre namnet *kromp*. Han skal vere så klok, og bortimot 100 år kan han visst bli. Få fuglar har sett så mange far etter seg i stadnamn. Odin sine to bodberarar var ramnar. På grannegarden Eiskrem har ein òg Ramnfloget.

Oppå fjellet har ein *Gausettinden*. Somme talar om *Ytste* og *Inste Gausettinden*. Dette er einaste staden ein har tind som høgdenemning. Landskapet andre stader i kommunen har lite av kvasse tindar (gno. *tindr*).

Lenger aust på fjellet finn ein *Storheia* og *Tverheia*. Her er landskapet flatare. Så støyter ein

på *Mannsheia* og *Litlemannsheia*. Det ser ut som ei høgd her i området har heitt *Mannen*. Men så er det slik at den ikkje uvanlege terrengnemninga man (konturen av håra på oversida av hestehalsen), har ein tendens i stadnamn til å bli forvanska til mann.

I *Lomtjønna* har iallfall i seinare tid smålomen halde til. Han hentar mat uti fjorden. Dette er eit vanleg tjørnnamn i denne kommunen. *Skartjønna* er nokså stor. I *Staratjønna* veks det framleis starr. Dette er eit grasslag. *Storheitjønna* ligg vest for toppen av Storheia. Ho ligg så lunt til.

Sauholen er holer i terrenget. I nærleiken har ein *Sauholklampen* /*Sauhålkampen*/. Dette grunnordet som ein uttalar *klemp*, finn ein også i stadnamn ut mot Hustadvika og innmed Langfjorden. Også i Trøndelag finn ein t.d. namn som Klimpan i Selbu. Nord for Tynset er høgda Klimpen. Ein finn same høgdenemninga i namn i Sunnfjord, Sogn og Hordaland. Ordet blir brukt om ein snau bergskolt. Det har samanheng med klepp.

Vardfjellet /*Narfjelle*/ har namn etter ein varde. Namnet *Veten* /*Vetinj*/ fortel at det her har vore vete som dei tende for å melde ufred. O. Olafsen nemner ikkje denne veten i artikkelen om vetar i Romsdalen (RSÅ 1922). Folket her på austsida av Julsundet såg ikkje veten på Skalten. Det var heller ikkje så godt å sjå veten på Vestnes. Dei høge Otrøyfjella stengde for utsynet til Gamlemsveten og veten på Dryna. Truleg såg dei at det brann «på Vethaua på Tautren», og då måtte dei leggje til fjells for kveikje denne meir ukjende veten.

Nedanfor Veten ligg *Storura* med kjempesteinar. I nord har ein *Julbøåsen*. I søraust har ein *Seterskaret*, og lenger aust *Smålistien*.

I bytet mot *Julbøen* i sør heiter det *Hagarden* og *Hagardslia*. Tett nord for bytet ikkje langt ovanfor vegen er det ein stad som heiter *Moldholå* /*Målljhållå*/. Her tok dei mold og køyrde utpå berga og tørka der. Så blanda dei molda saman med møk og land til gjødsel. Dette var i den tida frau var mangelvare. (Land er urin frå husdyr. I gno. hadde ein ordet som hland.)

Går ein atter ned til sjøen, har ein *Vikaneset* sør for Gausetvika. På sørsida av neset er det ei klove i berget som heiter *Matholet*. Den gongen dei slo alle stader, hadde dei med seg mat. Dei gjekk inni klova og åt. Ein kan bykse over denne klova.

Kan hende det har budd ein skipper i *Skippervika*. Uttalen er *Sjeppervikja*. Det er den gamle uttalen. Ein sa nok òg sjepp. Uttalen av Skipneset i Osen lengst aust i kommunen er *Sjeppnæse*. Innhaldet i ordet skip er opphavleg truleg noko som er uthola.

Håskjæret er eit 1,5 m høgt skjer. Hå er det gamle ordet for høg. Skjeret må ha vorte sett på som høgt

samanlikna med skjer i nærleiken. *Håskjærvika* er relasjonsnamn. Grensa mellom Gauset og Julbøen endar i sjøen i Håskjæret. Det finst nokre stadnamn i kommunen der ein i staden for eigenskapsordet høg, har den gamle ordforma hå-. (Den nyare forma høg har kome inn ved påverknad frå austnordisk.) Ein må rekne med at eit namn som Håskjæret er eldre enn eit namn som Høgghaugen. Namna med hå- kan vere så gamle som frå mellomalderen. Ofte finn ein naturnamna med hå- nær sjøen, eller slik at stadene med desse namna var synlege frå fjorden. Langs landet fór mange, og dei fekk lære kva stadene ein såg frå båten heitte. Oppi marka (i skogane) fór ikkje så mange same farleia, og der var det òg vanskelegare å halde greie på stader og namn.

Førsteleddet i *Ystelihaugan* må vere Ystelia, altså lia som ligg ytst.

Ivar Gauset var ikkje sikker på kva som låg i førsteleddet i namnet *Grønkastet*. Det kan sjå ut som det er farga grøn. No er det slik at dei gamle i austlege delar av kommunen sa grønt for grunt. Sisteleddet fortel sjølvstakt at dette er ein stad dei sette (kasta) med landnot (kastnot).

Området ved Naustet heiter *Nauststykket* /*Nauststykkje*/.

Bårstauå er namnet på ei bukt. Ein har relasjonsnamna *Bårstauhaugen* og *Bårstaumyra*. Bårstau er målføreform for opphavleg borgstove. Frå først av var det daglegstove i ei borg. Så ser ein i ordbøker at det kan vere tenarstove på store gardar. Arnfred Slyngstad frå Vatne skriv i artikkelen «Stadnamn i Vatne» om namnet Borgstova. Det er rommet under ein stor stein i utmarka til Slyngstad. «Det er ikkje att mange borgstovor i heradet no, og dei vert for det meste kalla *hellhuset*. Oftast vert dei brukt til klævask, kornturking, og fyrr til å koka og eta i um sumaren. Desse husa var bygde av mest berre stein. Truleg er det dette som hev svive i tankane når ovannemnde stad fekk namn. Det må vel stå i samband med borg jfr. Aasen: borg, f. – 'en Nische, firkantet fordybning i en Muur,» skriv Slyngstad. Det går fram at staden ligg noko avsides til. Kan det ha vore ei bårstau i vika i Julsundet, eller er det ein formasjon som har vorte samanlikna med ei bårstau (borgstove)? Leiv Heggstad nemner at ein stor stein på Daugstad på austsida av Tresfjorden heiter Bårstauå. (Bygdebok for Tresfjord, s.134.)

Her i dette området har ein *Haugan* /*Hauanj*/ og *Utsikta* /*Utsekta*/.

Dei fiska mykje storsei «på Haustskalljå» i sjølve Julsundet. Der det heiter *Haustskallen*, er det noko grunnare enn området kringom, om lag 80 famner. Førsteleddet fortel nok om at fisket gjekk føre seg mykje om haustane. Så har ein *Gausetflua*.



Julbøen og Julholmen sett frå Veten. Otrøya i bakgrunnen. (Foto KMH/Romsdalsmuseets fotoarkiv 31892)

Bleså er ei langvoren flu med mindre kollar kringom. Dette er eit bra fiskeméd. Innflyttarane i bustadfelta kjenner også denne staden og namnet. I målføret har blesø vore brukt om ein flekk i panna på hestar. I Nynorskordboka finn ein at blesø også kan ha tydinga skalle eller panne. Dette er gjerne bakgrunnen her.

Julbøen

Gnr. 132 *Julbøen* er nemnd første gongen i 1632 er det opplyst i Norske Gaardnavne b.13. Han må såleis ha hatt ei lang øydetid. Då Karl Rygh i 1910 var på synfaring på Julbøen, registrerte han seks gravhaugar. Han fann òg ein liten heller der det hadde budd folk. Etter Oluf Rygh hevdar Norsk stadnamnleksikon at førsteleddet i Julbøen er minne om eit gammalt namn på sundet mellom Otrøya og fastlandet, altså det som no heiter *Julsundet*. *Jali* er nemnd i lista over fjordnamn i Snorre-Edda. Filologen Jakob Jakobsen (1863-1918) frå Færøyane meinte at dette var det som no heiter Yell

Sound på Shetland. Øya som no blir kalla Isle of Yell heitte i gammal tid Jala. Kanskje ein ikkje skal sjå heilt vekk frå at sundet har namn etter garden, og han har heitt Jul. Det som gjer at ein kan tvile på at sundet har gjeve namn til garden, er at det berre er i nærleiken av garden ein har dei andre namna *Julholmen*, *Julneset* og *Julaksla*. Julholmen heng i dag i hop med neset garden Julbøen ligg på. På kartblad 1220 II Vestnes i M 1: 50 000 (utg. 1992) er Julaksla plassert på feil stad. Det står som toppen av fjellet aust for Julsundet. Men Ivar Gauset var sikker på at der namnet står, heiter det *Rishaltheia*. Ein kunne tru at midtleddet var det same som i fjellnamnet Alden, og at høgda kan ha heitt Risalden. Meininga kunne då vere det ruvande fjellet som ris opp. Fjellpartiet her stuper bratt i vest mot fjorden, men heia på toppen er ikkje bratt. Slik plar heiar å vere i dette området. Men dette er berre ein laus tanke. Høgaste punktet her når 556 m. o. h. Når det gjeld Julaksla, er ei aksel aldri høgaste punktet på eit fjell. Gauset fortalde at det var byfolket på Molde som tok til å kalle toppen for Julaksla. Toppen var det dei såg frå Molde. Julaksla er fjellaksla ikkje langt frå garden Julbøen. Lokalt er det tale om *Øvre*

og *Nedre Julaksla*. Det er altså berre her i nærleiken ein finn jul-namna. På vestsida av Julsundet finn ein dei ikkje. Bygdebokskrivaren Kristian Opstad trur bakgrunnen er at Julholmen liknar eit hjul (gno. *hjól*). Eit anna alternativ er plantenamnet jol. Sisteledet -bøen er her truleg ikkje det gamle bø for gard. Truleg er det det nyare bø som tyder beite eller slåttemark. Garden var helst beite og slåttemark i øydetida frå seinmellomalderen og utover. Ein har relasjonsnamn som *Julholmsundet*, *Julholmbukta*, *Julholmmyra*. *Julbøhamran* er relasjonsnamn til gardsnamnet.

Skjæret er eit skjer som ein ikkje ser viss det er stor flod. Husmannsplassen på land attmed her frå 1866 fekk òg dette namnet. Mannen her, Lars på Skjæra, omkom på kyrkjeferd i Julsundet i 1870-åra. *Skjærskogen* har namn etter Skjæret.

Ein har namn som «*Sø i Røysen*» og «*Sø i Næsa*» (målføreformer med dativ). Ole Julbø og Rolf Strand opplyser at det ligg nokre steinblokker Sø i Røysen. Det har truleg vore røys her. Då tyskarane bygde ut Julholmen til eit sterkt befestet område, tok dei truleg stein herifrå. Her er òg ein god fiskeplass for dei som fiskar frå land. *Hatlevika* har namn etter treslaget hatl (hassel). *Skaret* heiter det mellom *Hatlevikrøra* og *Høghaugen*. *Blomdalen* er ein liten dal. Der voks blom som er romsdalsordet for bregne.

Snekkevika må ha vore ei vik der det låg snekker før i tida. Vika er særst lita. I ordbøkene står det at snekke/snekkje er eit spissgatta farty. Men ein har også ordet i gno., og då om langskip. Det er uvisst kor gammalt namnet er. Ein har *Engavika*, *Engavikberget* og *Engavikneset*. (Ein seier Enjavikja.) *Storsteinan* er store steinar. Der det heiter *Brenslå* har det vel anten brunne ein gong, eller så har dei brent bål her. *Svartholet* er ei lita vik med bratte fjellvegger omkring. Så kjem ein til *Vågen* som er eit bruk under Mordal. Her har ein òg *Kløvet*. Nedmed sjøen er det naust. Der heiter det *Grønvika*. Vestafør stikk *Knorneset* ut mot Julsundet. Ein uttalar førsteledet med lang o. Namnet er vanskeleg å forstå. Er det fisken som mange no kallar knurr, kan ikkje namnet vere gammalt. Det gamle namnet var *svinsrøt* lengst aust i kommunen. Dei gamle fiskarane der brukte det namnet. Denne litle fisken med kvasse beintaggar ryt. Når ein kvelver eit auskjer over han, ryt han, (altså snorkar med eit nyare ord). Han har difor somme stader vore kalla auskjerrøt. Dette fortel også Peder Clausson Friis på 1500-talet. På det nye turkartet over Moldeområdet står det Klorneset. Det er feil. Førsteledet i namnet kan kanskje vere det gno. knørr m. som var eit slag stort skip, helst handelsskip. Lenger nedpå Vestlandet har namnet også i nyare tid vore brukt

om eit litt større lastefarty. Men det høver dårleg når uttalen høyrer ut til å ha lang o. Ein kunne òg tenkje seg at ein hadde med ei forvansking av knort, altså at neset var knudrut.

Julneset

På sørsida ved innlaupet av *Mordalsvågen* ligg ferjekaia. Derifrå går det i våre dagar ferje over til Solholmen på Otrøya. Her i området var òg *Fjordmannsholet*. Dei som kom over fjorden frå andre sida, la til her. Ein fjordmann var ein innanfrå fjordane.

Så finn ein det merkelege namnet *Parrisholet*, og *Parrishaugen* ikkje langt unna. Ola Stemshaug fortel at leiken paradisi i Orkdalen blir kalla *parris*. Det kan såleis vere *Paradisholet*. Men ein kunne tenkje på det gno. ordet *par* om avfall, smule og voksteren ris som første delen av namna. I Sunnlyven sokn på Sunnmøre har ein det utolka gardsnamnet Par.

Hestvika er ei vik. *Nedre* og *Øvre Hestvika* var buplassar. Her har ein òg namna *Løhaugen* og *Stauhaugen*. (For ein del år sia skreiv Stadnamntenesta for Midt-Noreg i eit notat at dei hadde bestemt seg for å akseptere romsdalsforma stau for stove/stue.) Forma kjem truleg av *stoge.

Frihamna er inga god hamn, men ho kunne brukast av alle. Ein snage her heiter *Frihamnsnagen* /*Frihamnsnainj*/. Snage er odde, pigg, gno. snagi m. *Steinvika* ligg på sørsida her. *Festninga* er namnet på festninga som tyskarane hadde under 2. verdskrigen

Hanibald Kristensen budde på bruket *Nedre Julneset* i 1751. *Hamballbukta* på vestsida har gjerne fått namn etter han. Så har ein *Øvre Julneset*. Det vart i seinare tid også kalla *Sveinplassen* etter Svein som budde her. Det særmerkte namnet Hanniball finn ein nok mest brukt i på sørsida av fjorden her, men det har også funnest på Otrøya og på fastlandet på nordsida av Romsdalsfjorden innover til Kleive. Bakgrunnen må vere den puniske hærføraren som stridde mot romarane. Somme har sagt at folk tok til å gje ungene sine same namnet som den danske stormannen Hannibal Sehested som ei tid åtte Vestnesgodset. Det kan sjå ut som namnet har kome inn tidlegare enn dette. På eit hollandsk kart der delen som viser dette området ser ut til å ha vore utarbeidd i 1620-åra, finn ein namnet Hannibalshoeck som namn på bukta ved Gjellstein. (Hoeck er det lågtyske ordet for krok.) Hollendarane må ha plassert på kartet namnet til Hannibal Gjellsten som dei handla trelast med på den tida. Dette var før Hannibal Sehested kom inn i biletet, for han var fødd i 1609. På sørsida av fjorden har dette mannsnamnet festa seg i fleire stadnamn. I Skorgeelva er det ein høl som heiter Hambalhølen.



Mordal og Julneset midt i bildet sett frå Heggdalshornet. Garden Baret ligg t.h. (Foto Birkeland 0369)

I gamle Vatne herad var gnr. 107 Hannibalsøen. Øya ligg i Vatnefjorden. Dei sa nok Hamballsøyna. Det var *Hamballj* som var målføreforma i vårt distrikt.

Namnet Sveinplassen har altså vore brukt etter Svein som budde her til frampå 1900-talet. Oppå *Gløsarhaugen* gjekk dei for å gløse lenger enn langt. Framande skuter var å sjå rett som det var. Å gløse var eit vanleg ord i romsdalsmålet for å skode, speide til utpå 1900-talet.

Heile neset heiter *Julneset*. På toppen av neset låg det ei gravrøys som var 15 m i tverrmål. Tyskarane raserte røysa då dei bygde festningsverk her under 2. verdskrigen. Bergensbiskopen Erik Pontoppidan fortel i bokverket sitt at det i august 1746 vart skote på ein sjøorm ved Julneset. Truleg gjorde ikkje skotet frå flintlåsborse med haglladning stor skade.

På sørsida er det eit skjer som heiter *Kjerringøyra*. Skjeret kan ha likna øyra på ei kjerring. Etter storleiken kan dei ha meint eine øyrstolen til ei stor trollkvinne (gyger). Men så er det slik at professor Knud Leem i «Norske Maalsamlingar fraa 1740-aari» (utgåve ved professor Torleiv Hannaas i 1923) skriv s. 95: «Eit Kiering-øire (Et Kieling-øre) Saa kaldes i Augvolds næs Egn een rundagtig hviid, stoer Skiæl, i hvilken gaar ligsom lange dybe Skaar bag paa.» Kanskje det ikkje berre var i Rogaland ein kalla ei slik skjel for kjerringøyre, og at skjeret har vorte samanlikna med ei slik ei. I romsdalsmålet er *øyre* hokjønnsord.

Ved *Sildeberga* sette dei gjerne sildgarn. Lenger innpå neset er *Sildebergsletta*. *Gjølet* var ein buplass. Dette ordet blir lite brukt lengst aust i kommunen. Ein seier for det meste kløft. Elles er forma der gjel. Ein har òg *Gjølmyra* og *Gjølet* som har gjeve namn til buplassen. I gno. hadde ein *gil* n. Ved fjorden er *Gjølbukta*. *Oterura* fortel om oteren. Han likar seg godt på slike nes. Der kan han slentre fram og attende over neset og fange fisk på kvar side. (Sunnmøringane kallar han ofte *slenter* etter måten han går på.)

Så kjem ein til *Prestvika*, *Prestneset* og *Presthellaren* eller *Prestholå*. Det hadde seg slik at den første presten på Gosså etter reformasjonen kom i skade for å drepe son sin. Han heitte Olaf Thordson og var prest frå 1542-1572. Segna fortel at han hadde ein arg fiende. Kan hende det var ein katolikk (papist). Ein dag, truleg i 1572, kom sonen heim frå jakt og gjekk i skyminga inn i sengerommet til far sin med børsa i handa. Børser var noko heilt nytt den gongen. Presten vakna og trudde det var fienden som kom og ville gje han ei kule. (Somme har visst meint det var slik at presten var ovleg harm fordi sonen kom heim etter å ha vore i lag med eit kvinnfolk.) Iallfall så treiv han staven sin og slo han som viste seg å vere sonen i hovudet retteleg hardt. Sonen overlevde ikkje dette. Dette enda med at presten rømde inni Julsundet, til Julneset, og gøymde seg i det som vart heitande *Presthellaren* eller *Prestholå*. Segna fortel ikkje korleis endelykta vart. Ein forstår at det måtte

vere som ei øydemark her sia dette var ein høveleg gøymestad. Otrøy-sida av sundet var folkelaust. Gamle gardar på landsida som Haukabøen, Julbøen og Gauset hadde truleg enno ikkje fått ny busetnad. Berre Mordal hadde fått folk att.

Ein har elles namna *Stormyra*, *Stormyrryggen*, *Langmyra*, *Litlefjellet*, *Høgghaugen*, *Åsan* og *Hatleskogsletta*. *Naustholå* er sør for *Nausta*. Det er uklårt kva som er bakgrunnen for namnet *Kjøtholå*. Nede ved sjøen sør for *Høgghaugen* heiter det *Auskjerhellå*. Dette berget må vere samanlikna med eit auskjer. Før i tida sa ein alltid *aussjær*, og ikkje auskar som mange no seier. Eit kjer er ei eldre form av kar. I gno. hadde ein *ker* n.

Lenger aust stikk eit bratt berg ut i fjorden. Det heiter *Resbjøra*. Sisteledet er målføreforma av gno. *björg* f., eigentleg fleirtal av bjarg n., berg, som i stadnamn er brukt om framstikkande, høgvorne og bratte berg. Førsteledet er vel *res* n. som er brukt om høgaste punktet på ei høgd. Men ein kan kanskje ikkje sjå heilt vekk frå at det kan vere ei forvansking av ris 'krattskog'. Det mest merkelege med denne bergveggen er ein kvit flekk som likna ei due. Ein veit at otrøyingane kalla flekken for *Duå* når dei rodde forbi her. T. Drejer frå Tornes skriv i RSÅ 1947-48, s. 52 m. a. dette om byferdene: «Fra byen til Risbjøren er som regel første tørn, da skulle det skiftes rorstørn så fremt det var så mange med, men om ikke helt så halvt og det andre halve lengere ute. Ved Risbjøren er det i berghammeren en kvit flekk liknende en fugl, og den ble kalt Duen. Hvis noen kunne narres til å ta hatten eller luen av seg, hadde han hilst på Duen, og da måtte han ubønnhørlig spandere som regel en dram.» Dei sa sjølv sagt *Duå*. Ein snage som heiter *Gullstabben*, stikk ut i sjøen på vestsida av *Resbjøra*. Han må ha sett ut som han var av gull.

Mordal

Første delen av gardsnamnet *Mordal* (gnr. 133) er ikkje så greitt å forstå. Namnet er visseleg gammalt. Garden er nemnt i eit diplom (offentleg dokument) i 1539. I 1520 var det ingen skattebetalar her. Austover frå gardsbusetnaden er det ein skogvaksen dal der elva som i dag blir kalla *Mordalselva*, kjem rennande. Vokalen i førsteledet er ein kort å. Den ubundne forma fortel om høg alder. Førsteledet kan kome av det gamle namnet på elva som ein må seie er utolka. Reelt kan det ha med eit ord for skogområde. I engelsk har ein moor om lyngmo, og i tysk Moor om sump eller myr. Eit anna

alternativ er skogsdyret mår. Ein kunne òg tenkje på gjerningsordet murre som ein uttalar morre. Kan dei ha tenkt at elva morra som ein katt? Elvenamn fortel ikkje sjeldan om lyden dei lagar. No uttalar mange namnet med lang o-lyd i samsvar med skriftbiletet. Nedanfor *Utigardshusa* var *Storåkeren*.

I 1623 var det oppgangssag på garden. Ho vart lagd øyde i 1642. Frå 1723 blir det opplyst at det då var to bekkesager i Mordal. På 1900-talet hadde iallfall to av bruka kvar si sirkelsag.

Ein har relasjonsnamn som *Mordalsdalen* og *Mordalslia*. *Mordalsbekken* er ein bekk som renn ut i *Mordalsvågen*. *Mordalsvågen* var òg ein husmannsplass. Han vart også kalla *Mordalssjøen*. Så har ein bruka *Utigarden* og *Nordigarden* /Nårigar'n/. Den siste ligg lengst aust. Andre bruk er *Sandbakken*, *Bjerkalia* og *Mordalsmyra*. Lengst aust hadde ein husmannsplassane *Larsplassen*, *Nilsplassen* og *Sørenplassen*. Den siste vart bygsla i 1863 av Søren Olsen (om lag 1832-1921). *Joplassen* var òg ein plass. Dei er visst ikkje no heilt sikre på kvar han låg. Sør for vegen som no tek av til ferjekaia, var *Holå*. Her stod *Holstauå*. På nordsida er *Holhaugen*, og på vestsida er *Holmyra*. Ein bakke på *Gammelvegen* kalla dei *Holbakken*. Så har ein namn som *Litlebotnen* og *Storbotnen*. *Mordalsbrua* var brua over Mordalselva på *Gammelvegen*. Dei sa nok Mordalsbrua før i tida. *Trollskaret* fortel at trolla ikkje var langt frå husa i gammal tid. I *Skjorahaugen* her i nærleiken hadde nok skjora reiret sitt. Ho høyrer gardane til og trivst godt i tunet. *Brøtmyra* aust for nyvegen fortel gjerne om nybrot. Nedst i *Sjøvegen* er *Nedre Dalen*.

Her låg den gamle *Mordalsskulen* til uti 1930-åra. Han var bygd kring 1880. Då vart det bygd ny skule mellom *Nordigarden* og *Utigarden*. Her var det skule til han vart lagd ned og borna måtte reise til Molde.

Til fjells

Oppi fjellet har ein *Breiskaret* nord for *Stor-Julaksla*. Ein finn namn som *Klimpen*, *Kammen* og *Dalholå*.

På s. 224 i «Bygdebok for Aukra. Gard og slekt» b. IV (1987) skriv Johan Julnes: «Ovanfor Bjørndalen i 200 meters høgde mellom Nosa og Storheia låg setra som tilhørde Mordal og Julbø. Her stod om lag 4 seterbuar og 4 fjøs. I 1880 gjekk det eit stort snøras som tok med seg mesteparten av bygningane. Berre seterbuar til bnr. 1 vart ståande att. Etter dette vart seterdrifta nedlagd.» (Ein seier *Nøsa*.) På kartet står *Mordalssetra*. Men det var truleg Julbøen som hadde setra her frå langt atti tida. Ole Julbø opplyser at Julbøen sitt utmarksområde strekte seg heilt til Kryssvatnet. Mot slutten av 1700-talet byrja Mordal

å setre på same staden. Det kom reaksjon då Mordal i 1787 hevda at berre denne garden kunne setre her. Tron Julbø protesterte og viste til at her hadde Julbøen hatt seterhamn frå utgammal tid. Frå 1723 er det opplyst at Julbøen hadde «En aflagt sæter». Her i området har ein òg namna *Seterhaugen*, *Seterdalen*, *Hjellan*, *Høgheia*, *Hestheia* og den før nemnde *Bjønndalen*. (Det er noko usikkert akkurat kvar *Hjellan* er.) På *Orsletta* må det ha vakse ore.

To store steinar skal vere bakgrunnen for *Tostein-heia*. På *Matlaushjellen* pla gjetarane med krøtera å samlast når det leid mot kveld. Gjetarane hadde då ete opp maten sin tidlegare på dagen. No i kveldinga var dei matlause.

Mannsnamnet Jakop er første delen av namnet *Jakoplehaugen*. Midtleddet er uklårt. Det høyrer ut som det er led (grindopning). Men her har visst ikkje vore noko led. Gardbrukar Per Mordal meinte det må vere li, og at ei li har vore kalla Jakoplia.

Mehaugen tyder gjerne Midthaugen, av gno. *mið*. *Gaddhaugen* fortel om ein eller fleire gaddar som har stått her. Gadd er tørrtolle, gno. *gaddr*. Ordet tyder opphavleg spiss.

Fagerlia og *Fagerlirørin* er rosande namn. Lenger oppe har ein *Svartnakkan*. *Auspalia* fortel om treslaget osp som i storparten av Romsdalen blir kalla ausp. Parallellar til dette ordet i romsdalsmålet er uttalen auske for oske.

Røssbakken har kanskje gno. (h)ross 'hest' i førsteleddet. Her har det budd folk, opplyste Einar Kringstad. *Britskaret* ser ut til å ha kvinnenamnet Brit som førsteledd.

Ein stad på kvar side av *Tverelva* i om lag 450 meters høgd har vore kalla *Rauaballan*. Noko lenger nede der *Tverelva* renn djupt, heiter det *Skårå*. Det er tydeleg at lendet har mint dei om ei rau (bakende).

Namnet *Almbakkan* fortel at også oppi her har almen vakse.

Baret

Baret (gnr. 134) er eit uvanleg gardsnamn. Ein seier *Bare*. Dativforma er *Bara*. Garden er truleg yngre enn grannegardane Mordal og Haukabøen. Er det gno. *bard* n. om ein kant, må namnet vere sær gammalt. Ein finn *bard* i stadnamn i Romsdalen, men då som hankjønnsord, m. a. *Bardan* (*Baranj*) på Nørde Bjørnsund. Merkeleg er det også at gardsnamnet vart skrivi Berie 1655, Berge i 1669 og Berget i 1723 og 1762. Frå og med 1801 har berre Baret vore skriftform. Nedanfor garden heiter det *Bergevika* på land aust for vika som no heiter

Barbukta. I NG står det på s. 304 om namneforma *Berget*: «Som det sees, er det i nyere Tid blevet rent misforstaaet.» Det er lite truleg at eit så vanleg namn kunne bli misforstått. Mykje kan tyde på at Bergevika er eit namneminne om det gamle namnet på garden. Bakgrunnen for namnet *Berget* må helst vere det store berget ovanfor garden som no heiter *Barnøsa*. Det veks mykje tollskog oppå denne høgda. Det blir mykje bar på greinene på ein såpass verhard stad. Kan hende gardsnamnet no fortel om mykje tollbar. Både *Barbukta* og *Bargrynnå* er nedanfor garden. *Barkeilå* er ei lita vik der *Barelva* renn ut. Hokjønnsordet /kjeile/ (gno. *keila* f.) har samband med kil og er trong vik, smalt sund eller evje. Per Mordal kalla også myrholå som ligg på nordsida av *Barnøsa* for *Barkeilå*.

Baret har iallfall i nyare tid ikkje vore nokon stor gard. Han hadde inga seter eller kvern i 1723. Berre to kyr, eitt ungnaut, åtte småfe og ingen hest var det då. Men i fjorden gjekk fisken.

Haukabøen

Garden *Haukabøen* er gnr. 135. Han låg øyde kring 1430 då erkebiskop Aslak Bolts jordebok vart laga. Der finn ein «af Haukaam», og dette er utan tvil det som vart Haukabøen seinare. Det ser ut som det gamle namnet har vore noko slikt som Haukå, og at gardsnamnet kjem av elvenamnet. Dei høyrde nok at elva som fossar nedover, hauka. Meir vanleg er det visst å meine at bakgrunnen er elva som stuper ned som rovfuglen hauk. Ein annan bakgrunn kan vere at hauken har hatt reir ved elva.

Ola Stemshaug skriv i stadnamnlæreboka «Namn i Noreg» at somme øydegardar på Sørvestlandet har fått fest -bøen til det gamle gardsnamnet etter svartedauden. Han viser til J. Litleskare som i 1925 hevda at desse gardane vart nytta som slåtte- eller beiteland av ein grannegard. Per Hovda skriv i KLNMB. 2, s. 388: «Mange av bø-namna på Vestlandet som i nyare tid har fått tillagt bøen til det gamle gardsnamnet, synest vera tilkomne på den måten at garden har vore øyde etter Mannadauden ei tid og jorda så vore brukt som 'bø' eller eng under annan gard, Vikabø i Herdla (Hordl.) opphavleg Vik.»

Det ser ikkje ut som det berre er lengst sør på Vestlandet det har vore slik. Ved Eresfjorden har ein Hagbøen og Syltbøen. Her er formene «i Haga» og «a Sultum» frå 1300-talet minne om at gardane heitte Hagi og Sult før dei vart folkelause (NG s. 258). Går ein til Nordmøre, finn ein at Vågbøen i Tingvoll må ha heitt Våg eller Våge føre øydetida (NG s. 376).



Haukabøen med Heimigarden lengst vest. Haukabøbukta og Haukabøvorpå er relasjonsnamn. (Foto Birkeland 1878)

Når ein ser at Åsbøen i Halså har skriftforma «i Ase» i 1303, må ein rekne med at Ås har vore det gamle namnet. Åsbøen i Surnadal kommune kan òg ha heitt Ås. Det er nok fleire døme på dette, men det er ofte slik at gardsnamna ikkje er skriftfesta føre manndauden. Slik er det med Julbøen.

Den gamle tydinga av bø i ubunden form var rett og slett gard. I Innfjorden og Måndalen har ein dei to gamle gardane som heiter Bø. I Måndalen har ein Sæbø som tyder garden ved sjøen.

Det ser ut som den sekundære tydinga av bø iallfall går attende til tida etter manndauden då folkelausgardar vart slegne eller var beiteland for dei som levde att på grannegardar.

På mang ein gard i kommunen har det vore eit område som heitte Bøen. Dette var frå først av småhøymark eller beiteland i utkanten av dyrkajorda. Somme slike stader vart så frådelt bruk. Ein fekk bruk som Talsetbøen, Mausebøen, Kortgardbøen, Sollibøen, Lykkjebøen og Skallbøen. Her er førsteledda gardsnamna. Andre stader vart ikkje gardsbruk, men ein har namn som Kleivbøen og Grovabøen på gardane Kleive og Grovan.

Fram gjennom tidene har gardsnamnet Haukabøen vorte skriva Hagebøen, Hochebøen, Hukebøen og Houchebøen. Den einerådande ættenamnforma er Haukebø. Gardsnamnet er Haukabøen i samsvar med slik folk i bygdene her har uttalt namnet fram gjennom tidene.

Haukabøen har *Nordigarden* lengst aust. Garden har òg vore kalla *Rasmusgarden*. Namnet *Heimigarden* tyder på at dette er eldste bruket. Det er òg det største bruket. Bakgrunnen er at dei tala om «heimi garda». Bruket austanfor har vore kalla *Ura*. *Haukabøgjerdet* ligg lengst vest. *Ådalen* er ein liten dal som går nedover mot elva. Når det gamle *å* for *elv* er brukt, tyder det på at namnet er gammalt. Også her har ein *Storåkeren*. *Hindalen* må helst tyde hin dalen (den andre dalen). *Almevåtå* er våtlende. Namnet fortel om det verdfulle treslaget alm.

Eit namn som *Dyrhaugen* finn ein mange stader. Det fortel truleg om hjorten. *Kammen* ligg litt lenger vest. *Gjerdskalet* er ovanfor *Gjerdet* (Haukabøgjerdet). Om *Hjellbakken* skriv Trond Haukebø i eit notat: «Det har antakelig vært en tjærehjell på myra ovenfor denne bakken (kullrester).» Dei har «brent hjell» her som det heitte. Så har ein *Åsen* med *Åsmyra* på nordvestsida. *Einhaugen* fortel om treslaget som romsdalingane kallar eine. Einen var viktig. Dei vaska kjerald i einlog. Treslaget rottnar seint, og kunne difor brukast til mangt. Einbæra som kunne brukast til medisin, hadde ein mystisk kross. Det latinske namnet er *juniperus*. Namnet på treslaget skiftar frå landsdel til landsdel Ein har namn som brisk, brakje, sprakje og bruse.

På sørsida av *Mordalsdalen* har ein *Holhaugen*. Førsteleddet kjem av holer. *Storhaugen* er noko ruvande. På *Samsemyra* tok alle som hadde rett

til det, myr, har Trygve Haukebø opplyst, men det var føre utskiftinga. *Samsehaugan* ligg nord for denne myra. Gardbrukaren Per Mordal sa at når krøtera ikkje kom heim om kveldane, så gjekk dei til Samsehaugan for der såg dei vidt. Han trudde at dette namnet kom av at alle gjekk dit for å gløse etter dyra, altså ein sams haug for utkik.

I *Trohaugen* voks det høvelege tre til troer som dei brukte i hesjer før det kom streng. Attom namnet *Bjønnamyra* må ei hending med bjørnen liggje. *Løypet* fortel om at dei løypte ned tømmer her (sende det ned ei bratt renne i terrenget). Her er òg *Løypmyra*. I *Hesthagen* gjekk hestane når ein ikkje hadde bruk for dei i arbeid. Der det heiter *Reitan* må det ha vore småe åkrar. Gno. reitr m. var avgrensa jordstykke, åkerlapp. Det har samanheng med rite eller risse. Ikkje langt frå *Haugrøra* har ein *Sagskaret*. Ein reknar med at namnet er eit minne om at dei skar med handsag her.

Gamle Haukabøbrua, eller *Gammelbrua* var brua på *Gammelvegen* som gjekk over *Langskaret* til 1910. Ole Gjendem hadde opplysningar om at vegen passerte under løkloppa i Heimigarden fram til 1908. Bakken på vegen vest for Nordigarden er *Kleiva*. Kleiv, gno. *kleif* f. har med klive å gjere. Dette er vanlegvis bratt og oftast steinut bakke som det fører veg eller stig over. Haukabøbrua har fram til no gått over elvagelet der det er ein tverrsving. No går det veg gjennom *Nakken*. Tunnelen her har fått det offisielle namnet *Nakktunnelen*. Ved vegen sør for *Nakken* heiter det *Utsikta*. I våre dagar blir det visst ofte sagt *Utsikten*, sjølv om utsikt frå gammalt var hokjønnsord i talemålet.

Karosserien var verkstad der dei bygde karosseri (overbygg) på bilar. Ordet kjem gjennom fransk *carrosse* frå italiensk av latinsk *carrus* 'kjerre'.

Håkenstykket er minne etter ein som heitte Håken. Ei lita vik nedanfor heiter *Kroppungsvika*. Her kan ein gjerne også i dag få nokre «kråpponga» når ein slenger ut snøret. Ordet *kroppungr* hadde ein i gno. om litenvoren torsk. Det er eit vanleg ord i talemålet til romsdalingar og sunnmøringar også i dag. Lenger vest på *Nesaplassen* budde Pauline og Andreas Haukebø. *Banken* er høgda ovanfor. Det er eit ord for hard jordrygg.

Ved *Saga* har ein *Sagstøa*, og på *Sagneset* budde ein sagmeister. Plassen vart bygsla for første gong i 1797. Ein har òg namnet *Tømmerberget* /*Temmerbærje*/. I gno. hadde ein av dette inkjekjønnsordet skriftforma timbr. Som ein veit, skriv ein også i engelsk timber. *Svartholet* er oppmed elva. Her har ein òg namnet *Dalan*. *Sjøholå* er ei lita bukt. I fjøra her er *Sjøholberget*. *Rødberget* /*Røbærje*/ har nok namn av leten. Ein uttalar ordet

utan diftong i denne delen av Romsdalen, altså rø. *Hagen* /*Hajinj*/ lenger oppe har vel frå først av vore hamnehage. Så vart det husmannsplass. Gunnhild «i Hagå» budde her. Ein stor stein ved *Hagen* (*Haukabøhagen*) heiter *Hagesteinen*. Vest for plassen heiter det *Brattkleiva*. På husmannsplassen *Gråtarholå* budde «Matjas i Gråtarhålen» som var opplending. Dette skulle vere ein skral plass. Dei meiner at namnet kjem av det. Ein finn liknande namn andre stader i kommunen der det er brukt om vanskeleg slåttamark. Om Gråtarteigen på Hoem ved Tresfjorden skriv Leiv Heggstad at «han er så ill å slå at ein kan gråta». (Matjas er målføreforma for Mathias). Nedanfor har ein *Gråtarholhammaren* og utkiksstaden *Gløshaugen*. Ein annan liten haug litt lenger vest har visst òg vore kalla *Gløsarhaugen*. Her i området skal òg vere eit namn *Løhaugen*. *Hagarden* er minne om ein gjerdsgard.

Heile bukta heiter *Haukabøbukta*. Eit lite berg heiter *Geitaberget*. Her har ein òg *Supabenken*. Dei drakk visst her. Ein Øistein må ha vore ute for ei ulykke ved flua som vart heitande *Øisteinflua*. Så har ein *Haukabøholmen* og *Skjæret*. *Haukabøvorpå*, eller berre *Vorpå* /*Vårpå*/ som dei sa på garden, må ha vore ei god laksevorpe. I 1660-åra betalte leiglendingane Lauritz, Peder og Jakob Huchebøen 1 riksdalar i landskyld til Peder Vibes arvingar «Aff 1 laxeuorpe», som det heiter. Det er ikkje ofte ein støyter på at vorpa er spesifisert frå det andre på garden. Her kom laksen innover på si ferd mot si heimeelv. Lenger inne hadde ein ei tid *Kringstadvorpå* og *Mekvorpå*. (Om laksevorper kan ein lese i ein artikkel i RSA 2008.)

Borti fjorden rett sør for utlaupet av elva ligg grunna *Haukabøskallen*.

Tek ein atter turen oppå fjellet, ser ein vatnet med det utolka namnet *Kryssvatnet*. Ein kan tenkje på det lågtyske ordet *krüse* om rand eller spor. Det er brukt om rand oppe og nede på tynnstavar. Vatnet ligg nede i ei noko langstrakt hole. Så kan ein tenkje på ordet *kross* som ein finn i stadnamn med den nyare forma *kors* i dette distriktet. Oluf Rygh skriv om *kross* i innleiinga til NG. Han nemner gardsnamnet *Korsfure* i Rovde sokn på Sunnmøre. Han seier m. a. dette om namnet: «-Nu tildels udtalt *Krøss* og derefter til dels urigtigt skrevet *Kryds*-» Kanskje det har stått ein *kors* ein stad her, eller ein naturformasjon har likna ein *kors*. Her er relasjonsnamn som *Kryssvassbotnen*, *Nørde* (Nøre) og *Søre Kryssvasskaret* og *Kryssvasshaugan*. Dei siste blir òg kalla *Storskarhaugan*.

På vestsida har ein *Grøndalen* og *Rognedalen*. Førsteleddet i det siste er helst trenamnet. På sørvestsida er *Skjenstøin* /*Sjenstøinj*/. Som ein ser,



Frå Kringstad 1962. Haukebø gartneri midt i bildet. (Widerøe/Romsdalsmuseets fotoarkiv 080759)

har det fleirtalsform. Ei skjenstøe er ein stad krøtera skjena av stad til for å bli kvitt bitande insekt. Her fór dei uti vatnet. Å *skjene* er å fare (skeivt) av stad. Sør for vatnet er *Seterheian* og *Seterdalen*. Dette er ovanfor *Haukabøsetra*.

Kringstad

Gnr. 21 *Kringstad* har hatt folk langt attover i tida. For nokre år sia vart det gjort arkeologiske utgravingar på dyrkamarka. Dei gjorde funn frå tider lenge føre den gongen ein fekk gardsnamnet. Dette er eit såkalla *stadir*-namn. Det ser ut til å vere 5 slike namn i denne kommunen. Før trudde ein at storparten av dei var frå vikingtida, og ein prøvde å tolke eit personnamn inn i førsteleddet. Når ein seinare har funne ut at det ikkje er så mange personnamn, har ein òg funne ut at dei med andre førsteledd, kan vere eldre. Kanskje dei eldste er frå folkevandringstida (400-600 e. Kr.). Dei med personnamn er gjerne frå vikingtida. Etterleddet må ha med *stande* å gjere, stad for busetnad. Det er ikkje sikkert forklart kvifor sisteleddet ved desse namna har fleirtalsform.

Ola Stemshaug skreiv dette om namnet Kring-

stad i 2001: «I Kringstad vil Rygh sjå ei forvanska form av mannsnamnet *Grímkell* i førsteleddet. Igjen er det systemtvangen som gjer at han tyr til språklege krumspring. Kring- er ikkje uvanleg i norske stadnamn, også usamansett, og vi har nøyaktig same gardsnamnet i Tingvoll på Nordmøre. Det mest kjende usamansette namnet er vel Kringen i Gudbrandsdalen, der skottetoget frå Romsdalen fekk si endelykt i 1612. Som gardsnamn finst det i Hegra i Nord-Trøndelag, der det i Norske Gaardnavne blir kommentert med at det synest 'at bruges om Steder hvor en Vei slynger sig om en Fjeldfod', altså slik som forholda er ved Kringen i Gudbrandsdalen. For Kringstad må det sikkert vera den runde Kringstadbukta som har løyst ut ei førestelling om noko boge, og da er det lett å sjå samband med norr kringr m. 'ring, krins'.» (RSÅ 2001.)

Øygardsmyra må vere eit minne om eit bruk på Kringstad som vart øyde i seinmellomalderen. Det var truleg fleire bruk føre manndauden. Kanskje dette berre var ein liten buplass. Folkelaust vart det truleg ikkje på Kringstad. Ved tiendeskatten (sølvskatten) i 1520 betaler Alf på Kringstad 1 lodd sølv.

Fram til 1910 gjekk vegen over *Langskaret*. På denne vegen vest for Kringstad opp mot *Langskaret* er det to tverrbratte bakkar, *Langskarbakkan*, eller

Nedre og Øvre Langskarbakken. Ole Gjendem fortalde at det kunne vere vanskeleg for dei som kom vestfrå med tunge lass på veg til Molde når dei skulle ned bakkane. Oppi bakken var det noko som heitte *Stoppepålen /Ståppepålinj/*. Dei hadde saga av eit tre slik at det stod att som ein påle. Eit reip festa i sleden eller vogna slo dei så kring pålen og heldt att lasset slik at det ikkje gjekk gale.

Vassdalen er ein liten dal der det er våtvore.

Husmannsplassane

På husmannsplassen *Langskaret* budde Guri og Hans Hansen som kom frå Stubberud i Lom i året 1860. Seinare vart namnet på bustaden *Stubberud*. Det var sonen Jo som byrja der det heiter *Djupdalen*. Seinare heldt borna hans, Hans og Severine fram. Noko var frå den felles utmarka til Kringstad i aust. I vest var noko frå Haukabøen. Såleis var grunnlaget for det som seinare vart eit lite bruk, frå både heradet Akerø og heradet Bolsø. Oppe ved vegen står ein grensestein med eit loddrett strek. På vestsida av streket står Akerø. På austsida av streket står Bolsø. Der desse arbeidssame menneska sleit for levebrødet på 1800- og 1900-talet, er det no bustadfelt med mange hus som minner lite om den vesale plass-stova. På sjøkartet frå 1877 står namnet *Djuphole*. Dette namnet kan ha vore brukt ved sida av *Djupdalen*. Her er ingen retteleg dal, men meir som ein botn eller eit hol. Lenger nord er det haugar som blir kalla *Djupdalshaugan*.

På *Ludvikplassen* heldt Larsen til. Han var son til «Lars på Myren på Gossen». Så hadde ein *Hansenplassen*. Einar Kringstad opplyste i 1991 at tuftene etter desse plassane var godt synlege. Han sa at folk i slike heimar ofte vart kalla strandsitjarar /strannsetara/. Slike livnærte seg mykje av det som fanst i fjorden. Han fortalde òg at på slutten av 1800-talet gjekk det ei snøfonn der desse plassane låg. Ho losna i bratthenget ovanfor riksvegen og gjekk rett mot fjorden. Der knuste ho naustet til Åsa-Lars på *Åsaplassen*. Vrakrestar av naustet og båten vart funne att på Sanden på austsida av Kringstadbukta. Etter dette flytta Åsa-Lars naustet lenger vest i Kringstadvorpå der det står den dag i dag. Same natta gjekk det ei fonn gjennom Nordigarden (Tautragarden). Ein har òg namn som *Stykket* og *Holå*. Det er opplyst at det var Hans i Djupdala og Tønnes i Vorpen som braut opp *Nedre Stykket* på Kringstad. *Hjellhaugen* er truleg eit minne om ein tjørhjell i nærleiken. *Løypet* er sjølv sagt oppi bratta ovanfor vegen. *Tostestykket /Tåstestykkje/* er innmarkestykke. Truleg er førsteleddet ei målførereform av Torstein. Men ein veit òg at Toste var namn i norrøn tid. Det er helst ei kortform av

Torstein. *Olaussaga* er saga som Olaus Kringstad sette opp i 1934. Bruket hans har visst også vore kalla *Olausgarden*. Der dyrkamarka «i *Kringstadvorpen*» grensar mot nordvest, stod *Bakkeledet*. Det var led i ein gammal utmarksgard her.

Vest for Kringstad er *Hatlevika* som fortel om treslaget. Endå lenger vest ligg ei hytte som blir kalla *Siko*. Namnet blir skriva *Zi-ko*. Kaptein Harald Ziegler kjøpte i slutten av 1920-åra området av Ole Kringstad og bygde seg «landsted». Namnet er ei forkorting av Zieglers kommandoplass. Før det vart hytte, var det naustplass til syskena Hans og Severine i Djupdalen. Nede ved sjøen var det ei lita oppdyrka slett som Hans slo. Han bar heim graset til Djupdalen. Dette opplyser Einar Kringstad.

Ved sjøen

Valborghetta kallast ein svart stein som ligg i fjøra litt vest for Kringstad. Eit steinkast frå land bortanfor der ligg ein stein som berre stikk opp på fjøre sjø. Han heiter *Pålsteinen*. (Ein elev som gjekk amtskulen på Vestnes skreiv opp segna som er med i «Folkeminne frå Romsdal» av Olav Rekdal.) Her heiter det: «For lang tid sidan levde det på Kringstad ei taus som heitte Valborg. Ho skulde ha ein gut tå Haukabøen. No var det veglaust her den tida, og dei brukte jamnast båt, når dei for imellom. So var det ein haustkveld ho Valborg venta han Pål, og gjekk ned på bergknausen der, og sat og bida på at han skulde kome siglande innover. Det bles ein liten veståkuling, og sjøen var so mykje nedfallen at steinen bortfor der tok til å stikke utu. – Når han Pål kom siglande då, og såg ho Valborg stod oppå berget og vifta at 'nå, då heldt han oppunder. Steinen ansa dei ikkje på nokon tå dei – og so rente han seg oppå og kom vekk der, framfor augo på 'na. Ho Valborg vart so still tå seg sidan. Og ho sat mykje nede på steinen, der ho sat den kvelden han Pål kom vekk. Og sidan hev denne steinen vore kalla Valborghetta, og steinen ute i sjøen Pålsteinen.» Truleg ligg det ei verkeleg hending attom segna. Det er ikkje noko urealistisk i hendinga. Segna vart oppskriven på slutten av 1800-talet. Det er òg slik at presten Christian Dick (1815-1882) skreiv eit dikt om hendinga og steinane. Diktet «Pålstenen og Valborghetten» står i RSA for 1954. Seinare enn 1700-talet kan ikkje ulykka ha gått føre seg. Kan hende det er mykje lenger sia.

Einar Kringstad skreiv i 1991 i eit notat til innsamlinga: «Sagnet om Pål som druknet der, kan ha oppstått som en advarsel til folk som ferdes på sjøen til å holde seg godt frå land når de passerte stedet. Som barn ble vi tidlig skremt av dette sagnet og lærte oss å holde godt unna Pålsteinen når vi var

ute og fiska. Den underlige svarte steinen oppe i fjæra fikk også sin 'naturlige' forklaring i at Valborg satt der og sørget over kjæresten sin til steinen ble svart. Men at Pålsteinen kan være farlig, beviser to hendinger fra nyere tid.» Så nemner Kringstad at først i 1940-åra støyte ei skute fullasta med sild på Pålsteinen. Skipperen hadde visst sovna. Dei måtte kvitte seg med lasta. Ei vinternatt kring 1950 støyte eit farty frå sjøforsvaret som var på veg frå Åndalsnes til Julneset, i full fart på steinen. Båten kantra, og dei tre soldatane om bord måtte symje i land. Frå fjøra kravla dei seg i stummande mørker i djupsnø oppover hamrane og kom seg opp til Kringstadvorpå til foreldra til Einar. Der banka dei på og fortalde at dei heldt på å fryse i hel. Mor til Einar fann fram tørre klede. Dei fekk overnatte. Neste morgon la dei i veg til fots til Julneset. Det viste seg at samanstøyten hadde vore så hard at Pålsteinen hadde snudd på seg.

På Kringstad har ein bruksnamna *Oppigarden* og *Nordigarden* /Nårigar'n/. Alf Kringstad kalla Oppigarden berre for *Garden*. Einar Kringstad skriv *Tautragarden* i parentes ved Nordigarden *Naustberget* er berget nedanfor *Nauset*. *Notvøren* er minne frå tida med notlag, som det har vore fleire av på Kringstad. «Gamle Kringstad notlag» hadde partshavarar frå Haukabøen til Kringstad.

Brattbakken er ei bratte på dyrkamarka til Oppigarden. Ein har namn som *Klevet*, og ein langstrakt bergrygg som heiter *Klevhaugen*. *Bergenden* /Bærgænninj/ er der Klevhaugen sluttar. På *Ner-Kringstad* hadde dei ein gong på 1900-talet ei merr som dei kalla Stella. *Stellahaugen* er eit minne om henne. Ho gjekk gjerne på beite her. *Råkhaugen* fortel om at her var krøtterråk.

Kringstadvorpå er framleis eit velkjent namn. I matrikkelførearbeidet frå 1723 finn ein ved Kringstad desse opplysningane: «1 Laxe værpe nyelig optagen og ej endnu færdig. Kan(d) ej legges.» Her ser ein at dei er gang med å byggje vorpe. Truleg tok det fleire år. Ho kunne ikkje skattleggjast når ho ikkje var ferdig. Dette er altså ei ung vorpe. (Mange var i bruk i mellomalderen.) Vorpa vart bnr. 1. I 1797 er det tale om «en under Kringstad liggende jordstrekning langs sjøbredde Vorpevik og Vorpemyren». Også i dag har ein namnet *Vorpemyra*. Så har ein namnet *Dammen*. Han ligg på Vorpemyra. Kanskje dei sat på *Vorpehammaren* når dei vakta vorpa? Han er såpass høg at det kanskje ikkje var trong for stillas. På toppen av hammaren ligg ei gravrøys. *Plassen* heiter det dyrka området av Vorpemyra.

Rognerud er eit bruk med form som eit austlandsk rud-namn.

Måndalingen Erling Moen (1888-1977) kjøpte

eit jordstykke på Kringstad. Han var lærar, men òg forfattar som skreiv spelstykke, songar, tre barnebøker og m.a. ei reknebok. Han var òg mannen attom teikneserien «Ola Nordigard» som ei tid gjekk i Nynorsk Vekeblad. I mange år var Moen lærar i Aust-Agder om vintrane. Bruket på Kringstad som han døypte *Sole*, var tilhaldsstad for familien om sommaren. Dei første åra budde dei i eit lite hus som dei kalla *Hyttå*. I 1927 flytta dei inn i ny stove. Truleg har Moen med namnet *Sole* tenkt på høvdingsetet til Erling Skjalgsson. I diktet «Brede seil over Nordsjø gaar» nyttar Bjørnson denne namneforma. Men han har truleg også tenkt på at bruket var ein solrik stad her i brattlendet. Sonen Sigmund Moen starta *Rauma Planteskule*.

Sirihammaren har namn etter Siri Mohn. Ho levde til kring 1920. Siri var ikkje som andre. Ofte sat ho frampå denne hammaren og grunda på eit eller anna. Ved Sirihammaren var det ein sving på veggen før i tida. Han vart kalla *Sirisvingen*. Kommunen vedtok vegnamnet *Sirivegen*, og i dag er det mange som har adresse *Sirivegen*.

Saglihaugen er ein liten haug. Tidlegare har dei vel kalla lia her for *Saglia*. I svara frå amtmannen på dei 43 spørsmåla frå det danske kanselliet i 1743 les ein: «Kringstad saug ligger øde af fattelse på skouv.» Dette fortel om hard hogst fram gjennom åra.

Ein har òg *Kringstadhagen*. Den eine plassen vart bygsla av John Botolvsen frå Aukra kring 1840. Dei første bygningane her vart flytta til Lønset. *Knatten* er eit bustadhus. Det står vel på eller ved ein knatt, 'liten topp, knaus'. *Sakseliplassen* heitte visst frå først av *Bukta* eller *Kringstadbukta*. Husmannen heitte Ola. Etter han bygsla Erik Sakselid frå Tresfjorden, og han brukte plassen frå om lag 1875-1927. Plassen vart heitande etter han. Ein plass heitte *Jonsenplassen* etter Jonsen som bygsla. Ein har òg namnet *Reitasletta* som må vere eit minne om gammal åkerreit.

Kringstadbukta er i dag ein kjend badeplass for byfolket. På karts-kissa «Veikart fra Molde til Kringstad» (1845) står både *Kringstad Nøst* og *Meg Nøst*. *Joflua* er ei flu som har fått namn etter ein som heitte Jo. *Leirå* er sjølv sagt leire. Mange sa *Mekleirå* som korrekt er om den delen som ligg på gardsvaldet til Mek. *Sanden* er eit område. Her tok dei før i tida støypsand. *Grusholå* er eit namneminne om at vegvesenet i mange år tok grus her. *Meksaga* er sag. *Buktakken* er ein bakke.

Geitapinå blir ein holme når det er flod, og då vart det ei pine for geita å kome seg på land att. Geita er ein elendig symjar. Ho kan visst rett og slett gå til botnar. Somme seier årsaka er at ho



Hovudbygningen på Kvam, bruk nr 1 under Mek. Huset vart rive i 1976 for å gje plass til eit konsentrert bustadområde. (Romsdals Budstikke/ Romsdalsmuseets fotoarkiv 15950-08)

tek inn vatn om rauholet. *Pinskjæret* er skjeret vest for Geitapinå. Bytet mellom Kringstad og Mek går frå *Ørnehammaren* på grensa mot Fræna kommune der på ausstsida av *Langvatnet* og rett sørover, over vestlege delen av *Mekvatnet*. Grensa endar i *Pinskjæret*. Det ligg kanskje 20 m vest for Geitapinå. Dette forklarte jordskiftemannen Kjartan Moen. Ein må ikkje gløyme at borti fjorden ligg *Mekgrynnå*. Det er jarnstong på grunna. Somme seier visst *Mekflua*. Namnet *Bordberget* /*Borbærje*/ fortel vel om at det var bordstablar på berget. Dei skipa ut trelast herifrå. *Valan* er grunne sund mellom holmane og land, (gno. vaðill m. 'grunn stad, vadestad'). Ordet kjem av vade.

Mek

Når ein no er komen til garden *Mek* som er gnr. 22, må ein ta med at same gardsnamnet finn ein også på *Averøya* og i *Volda*. For garden her har ein ikkje skriftformer før først på 1600-talet, og då som *Mege*. Seinare finn ein *Meg*, *Meegh* og *Meeg*. Gardsnamnet i *Volda* er skriva *Midwika* kring 1430. Tydinga er den midtre vika. Men namnet her i *Romsdalen* fekk ein medtevlar. Det gjekk slik at *Ole Larsen* som var fødd på garden *Kvam* i *Hafslo* i 1782, kjøpte bnr. 1 på *Mek* i 1812. I *Bolsøyboka II*, s. 156 f. kan ein lese: «*Ole Larsen Kvam* kunde overhodet ikke få myndigheter og grenda til å bruke annet navn enn *Ole Larsen* fra *Meeg*. Han valgte da den utvei å kalle sin gård av *Meeg* etter sitt slektsgårdsnavn *Kvam*, da skrevet *Quam*. Litt etter litt fikk han innarbeidet dette navn som sitt person- og familienavn. Men dette fant folk og myndigheter så besynderlig at de trodde at nu måtte da vel hele

gården *Meeg* også hete *Quam*.» Ein kan nemne at *Ole Larsen* vart stortingsmann i 1833. *Kvam* har vunne seg eit godt rom. Det har vore gjort forsøk på å få inn att det gamle namnet, men det har ikkje vore lett. Det er nok fleire som kallar området der garden var, for *Kvam* enn det er som talar om *Mek*. Planleggjarane har lagt på vegnamn som *Mekvegen* og *Mekvorpvegen*. Men så har ein bustadområde *Kvam terrasse*.

Einar Kringstad opplyste at den opphavlege *Kvamgarden* i 1901 vart påbygd i sveitsarstil. Då området vart utlagt til bustadfelt, vart bygningen riven og restane vart brende.

Hannehaugen ved *Mekbukta* fortel om at her har vore hamn. *Smibrauta* var ein bakke på vegen. I gno. var *braut* f. eigentleg oppbroten veg. I nyare tid er det mest brukt om bratt vegbakke. Ei smie må ha stått ved vegen her.

Historikaren *Gerhard Schøning* nemner i si ferdaskildring frå 1773 namnet *Mekfjorden* ved garden.

Storfjorden - Forfjorden

Sjølv om det blir i grenseområdet for arealet til *Molde* kommune, må ein ta med at ein kallar fjordområdet mellom *Molde* og innlaupet av *Tresfjorden* for *Storfjorden*. Dette er eit stort og djupt fjordbasseng. Men kanskje namnet ikkje er så gammalt? Teolog og kartograf *Melchior Ramus* (1646-93) laga kring 1690 det første nokolunde korrekte kartet over *Noreg*. Han har namnet *Furrefjord* på dette området. Namnet kjem att med same skriftform på same stad på eit kart frå 1704. I 1743 skriv amtmannen at «dend største fiord som findes her i fogderiet kaldes *Furefiorden*, som udbreeder sig til *Tommelfiorden*, *Misfiorden*, *Tresfiorden*, *Indfiorden*, *Romsdalsfiorden*, *Jsfiorden*, *Rædvenfiorden*, *Osensfiord* og *Langfiorden* som alle ere indensunds». (Dette står å lese på s. 26 boka «*Riksarkivet i 1743 5 Innberetninger som svar på 43 spørsmål fra Danske Kanselli*. Utgitt *Gerd Mordt*, *Solum forlag Oslo 2008*».) Nokre tiår seinare teikna militærmannen *Richelieu* kart der han har namnet *Furue Fiorden* nord for halvøya mellom innlaupa av *Tresfjorden* og *Tomrefjorden*. Forstmannen *Schnitler* forklarar at stranda mellom *Førneset* og innlaupet av *Tommerfjorden* heiter *Furrue-Stranden* etter fjorden. Han skriv at denne fjorden skjer seg inn frå havet. Fram mot våre dagar har det gamle fjordnamnet vore brukt på *Nørd-Heggdal* på *Otrøya*. *Rasmus Heggdal* peika ein gong på fjordområdet og sa til *Bjørn Austigard* at der var *Forfjorden* og *Fordjupet*. Det er nesten 500 m djupt her. Det ser ut som det gamle fjordnamnet fram mot 1900-talet



Nye bustadfelt på Kringstad og Kvam/Mek. Kringstadbukta i framgrunnen og Mekdalen i bakgrunnen. (Romsdals Budstikke/ Romsdalsmuseets fotoarkiv 15950-03)

fekk eit mindre område. På det såkalla amtskartet frå 1870-åra står *For Fj* sør for Tautrå. Så seint som i 1895 skriv den allsidige geologen Amund Helland at «syd for Tautra gaar atter en bred arm *Forfjorden*, mod vestsydvest mellem nevnte og Vestnes herred». (På Otrøya kallar dei treslaget *furu* for *fore*. I den austlege delen av Molde kommune seier ein *fåre*. På sørsida av fjorden seier ein *føre*.) Som ein veit, heiter neset på vestsida av innlaupet til Tresfjorden Førneset. På austsida av innlaupet, aust for Gjermundnes, er det eit nes med same namnet. Som ein utlaupar vestover mot fjorden frå Bolsøya stikk *Fårøya* ut. Truleg har desse namna samanheng med det gamle fjordnamnet. Slik som Storelva mange stader har avløyst gamle elvenamn, har namnet Storfjorden avløyst det gamle fjordnamnet. Så kan ein undrast på om fjordnamnet har med treslaget å gjere. Det ser ut som dei gamle kartteiknarane såg det slik, og dei kan ha rett. Også i våre dagar har ein mest av dette treslaget kring denne fjorden. Sisteledet *fjorden* var kanskje ikkje med då fjorden fekk namnet sitt. Ein kan iallfall slå fast at ein har å gjere med eit fjordnamn som no er om lag gløymt. Namnet Romsdalsfjorden skulle på kart helst ikkje ha vore plassert lenger ut enn Vågstranda – Sekken.

I matrikkelførearbeidet frå 1723 står det m.a. ved Mek: «En aflagt Laxeværpe ej kan legges.» Dette er *Mekvorpå* som då altså ikkje lenger er i bruk. Seinare vart ho utskild som eige bruk med namnet *Cap Clara*. Kona til eigaren heitte Klara. Cap er eit lånord for nes, odde, jf. engelsk cape, og t.d. namn

som Kap Farvel (sørspissen av Grønland). I dag er Cap Clara eit velkjent namn.

Eit bruk har skrivemåten *Rotvold*. Namnet fortel nok at her var mang ei rot i jorda.

Kvam kapell, eller *Kapellet* som det vart sagt, vart bygd av familien Møller i tilknytning til ein privat gravstad. Det stod ferdig i 1904. Medan det var i privat eige, vart det halde årlege gudstenester, basarar og juletreffestar. «I april dagene 1940 flyttet Reitan, som hadde kolonialbutikk på Røysan, utsalget dit ut,» skriv Einar Kringstad. I 1960-åra vart kapellet gjeve til kommunen, men det enda med hærverk og forfall. Kapellet vart rive i 1977.

Bustadnamnet *Rognerud* er laga etter mønster frå eit austnorsk rud-namn. *Toreplassen* har namn etter ein Tore. *Ivaplussen* har namn etter Iver Nilsen frå Flå ved Sunndalsfjorden. Han døydde tett føre 1900, og plassen gjekk attende til garden. Plassen *Einen* /*Eininj*/ har hatt tre brukarar. Dei siste «i Einå» var søskenparet Anders og Brit. Dei kom truleg frå Sunnlyven. Det har òg vore sagt *Einaplussen*. Namnet kjem av treslaget. *Andreas Eriksen-plassen* var plassen til mannen med dette namnet. Han var son til Fjøs-Erik på Kringstad. Han døydde litt etter 1900. Svend var den andre som bygsla *Svendplassen*. Han var tømmermann og slo i Arsdalen. Plassen har vorte rydda slik at tuftene er godt synlege. Han vart også kalla *Liaplussen*. Hit opp var det ein bratt, men nokså bra veg opp frå Rotvold. Hans-Henrik Bjørset har fortalt at plassen seinare vart ein populær utfartsstad der det var leik

og moro. Folk hadde med seg niste. Vatn var det i bekken, og grue der ein kunne koke kaffi var det i kjellarmuren. *Pederplassen* var plassen til Peder Kvam som har æra for *Pedervegen*. *Høgshaugen* var ein tungdriven plass. Ei tid var han visst folkelaus, men så bygsla Ole Olsen, truleg frå Lom. Han var steinarbeidar, og mang ein steingard er minne etter han. Loms-Ola vart han kalla. Han døydde kring 1900. Elles har ein namn som *Gjerdskaret* og *Stormyra*. *Fjøsbakken* fortel om sommarfjøsar. *Øverbøen* som no er bustadområde, var tidlegare som namnet seier, bømark.

Ytter-Mek var både husmannsplass og namn på den delen av Mek som låg vest for *Mekelva*. Husmannen her som var frå Sogn, hadde plassen frå 1820 til om lag 1865. Kona var frå Hallingdal. Sonen dreiv plassen til han døydde som ein gammal mann litt etter 1910.

Om husmannsplassen *Kavli* eller *Kavle* skriv Einar Berg i *Bolsøyboka*, tredje del, 1. b. s. 454: «Ein veit ikkje anna enn at husmannen hadde etternamnet Kavli.» Det var to husmenn her, Hans i Lien og Olaf i Kavli. Somme sa Kavle. (Det var tjukk l i begge variantane.) Kjartan Moen hadde høyrte at det var lagt ned kavlar her. (Kavlar er tverrlagde stokkar på vegstykke der det er blautt.) Ein bekk fløynde utover her, så det var blautt. Ein kalla skomakaren Olaf i Kavle, sa Moen. Han tala òg om vegstykket *Kavlebrauta*. Som ein ser er det usikkert om ein har å gjere med namnet Kavli frå Isfjorden, eller staden heitte Kavle pga kavlveg.

På *Knutsenstykket* budde lærar Knutsen. Ekteparet heitte Ingeborg og Andreas. Kona levde lengst. Ho døydde nokre år etter 1890. Såleis vart heimen også kalla *Ingeborg Knutsen-stykket*. *Fredheim* var bustadhus. Emissær Nilsen budde her. Einar Kringstad fortalde at Nilsen hadde arbeidd likkiste til seg sjølv. Han hadde fått sett ho på skuleloftet til den dag ho skulle brukast. Ho vart mang ein gong ein god gøymestad når skuleungane leikte «gøyme kule».

Den første fastskulen her vart bygd like ved vegen og fekk namnet *Kvam skole*. På s. 32 i RSÅ 1997 fortel Hans-Henrik Bjørset at det hadde vore halde skule «i Stauen» i Storvika. Fastskulen vart teken i bruk i 1872. Det var eitt rom. Så var det bislag med sinkvassbøtte og ei blekauster som alle drakk av. Vatn tok dei i vegveita. (Dei sa nok skule og kalla bygningen for Skulinj i dei dagar.) I 1919 fekk ein ny skule med same namnet, men han kom til å liggje på Bjørset sin grunn.

Eit bruk som i matrikkelen fekk namnet *Stenrud* vart kring 1900 oppretta av seks-sju husmannsplassar. Namnet kom i bruk med denne skriftbaserte

uttalen. Det er såleis feil når det på kart står Steinrud. Namn som endar på –rud er i denne landsdelen lånte frå Austlandet. Der fekk ein mange rydningsbruk med dette sisteleddet, særleg i tida føre manndauden. Gno. ruð n. tyder rydning. *Ringdalsplassen* låg der Stenrud no er. Konsul Bastian Width bygsla plassen og brukte han som feriestad. Knut Ringdal frå Sunnlyven bygsla så plassen kring 1870. På Mek var det ei tid 12 husmannsplassar. Den einaste som er berga, er *Olaplassen* frå 1820. Plassen med dei to gamle husa er godt teken vare på. Familien Møller er eigarar.

Fanterøysa er ei røys i fjøra. Her la fantane til. Sjølv kalla dei seg «de reisende». Herifrå kunne dei vandre inni byen for å by fram varene dei hadde å selje. Ofte var det blekty. Ved Vorpehammaren på Kringstad var det ei stø som heitte *Fantestøa*.

Skrenten er eit bustadområde med mange bustadblokker. Truleg har skrent kome inn i talemålet her i nyare tid. No er Skrenten ei mykje kjend adresse i byen Molde.

Bjørset

Dette er gnr. 23. *Bjørset* finn ein som gardsnamn også i Melhus, Jølster og Østre Toten. Førsteleddet er uvisst. Ved Bjørset her i kommunen vart namnet skriva «af Biorksætre» om lag 1430. *Bjørsetbekken* kan vere bakgrunnen med eit namn som Bjørka i gammal tid. Men like sannsynleg var dette ein stad der det voks bjørk. Set-namna har ofte trenamn som førsteledd, jf. Furset, Bjerkeset og Silset som er grannegardar i Batnfjorden.

Hans-Henrik Bjørset gjev god informasjon om Bjørset i ein artikkel i RSÅ 1997. Her heiter det: «Gikk vi fra *Storvika* austover til *Lillevika*, kom vi til *Lillevikskogen* hvor Astrid og Hans Christian Parelus bygget 'Astridli', videre til *Lillevikberga* ('*Høstmarkberga*') på nedsida av vegen og til *Lillevikelva* i skillet mellom *Lillevikskogen* og *Lillevikplassen*. Å kalle *Lillevikelva* for *Bjørsetelva* eller –*bekken*, er forvirrende og uklart, fordi dette navnet ofte var brukt på elva eller bekken som renner gjennom *Bjørsettunet* og *Storvika*. I *Storvika* kalte vi den oftast bare for 'Elva' eller som farmor, Kari Bjørset, sa, 'Grova'. ('Lille-' ble alltid uttalt som 'Likje-') Lengere mot aust, rett ned for *Bergvegen*, lå *Tinthamran* ('*Oljebjerget*'). Det er neppe noe bibelsk over navnet *Oljebjerget*, som også er brukt i skjøtet. Det kommer nok av at oljeselskapet MIL hadde lagerhus for oljeprodukter på fat der i mange år. Huset ble visstnok revet under krigen.» Ein



Frå Bjørset. Det gamle tunet låg der Glomstua i dag ligg, t.v. for gartneriet midt i biletet, bak. Rauma ungdomsskule/folkehøgskule i framgrunnen t.v. (Widerøe/Romsdalsmuseets fotoarkiv 080732)

ser at uttalen med *lille* ikkje er så gammal. (H.-H. Bjørset er fødd i 1920.) Førsteleddet i Tinthamran er uvisst. I ordbøkene finn ein at tint kan vere ei bitte lita krukke, eit beger eller ei medisinflaske. Ein kunne tenkje seg at det som ikkje lenger var brukbart av slikt, vart kasta her. *Høstmarkberga*, eller *Høstmarkbergan*, som det no heiter i bymålet, er eit nyare namn på *Littlevikberga*. Dette har vore badeplass. Førsteleddet er familienamnet Høstmark. Denne kjøpmannsætta kom frå Bergen til Romsdalen. Både i Elnesvågen og på Nes i Kleive har ein hatt Høstmarkbryggjå. Den første her i landet som ein veit om er kanskje Rasmus J. Høstmark (om lag 1700-1740) som var innvandrar frå Danmark.

Valen er ein grunn stad ved utlaupet av *Storvikbekken*. Her leikte ungane seg, opplyste Hans-Henrik Bjørset. Her var *Storviknaustet* og *Bjørsetvøren* (*Møllerbryggjå*). Dei tala om «*oppå Bakkå*», seier Bjørset. Dette viser at ein hadde dativ i talemålet i mellomskrigstida her heilt innmed byen på vestsida. Han omtalar området den gongen som bygd. I dag er det her ikkje mykje som minner om bygd.

Det har vore aktive menneske her lenge. *Storviksteinen* er ein stein med helleristningar. Arkeologane trur dei er ekte og er frå bronsealderen. *Storvika* og *Littlevika* var opphavleg namn på vikar. Dette er gamle namn. Det vart òg namn på område

på land. *Storvika* var ein stor husmannsplass. Årsaka er nok at han går heilt attende til 1700-talet. Plassen vart delt i to. Den som låg lengst aust, vart heitande *Ingridplassen* etter kona som levde lengst. Husa vart rivne noko etter 1930. Området vart kulturbeite. Frå den vestlege delen har Hans-Henrik Bjørset gjeve opplysningar om innmarksnamna på plassen. Han skriv: «Foran våningshuset og løa var *Bakken* og ned mot vegen, *Ne'for-Bakken*, vest for våningshuset, *Kjøkkenattlegå*, nord for denne og husa, *Småmarka*, mellom alleen og *Kjøkenattlegå*, *Storattlegå*, syd for denne, *Ruskemarka* og aust for denne *Naustattlegå*.» Dette er verdfull registrering av Bjørset. Her går det fram at svake hokjønnord har endinga –å i bunden form eintal. Dette er den vanlege forma i romsdalsmålet. No har bymålet –a. Det vart bygd hus på Ruskemarka. Eigeidomen fekk namnet *Sletta*.

Like vest for *Bjørsetalleen* låg bustaden *Nyhaven*. Men det vart sagt «*Neri Krekja*» (dativform). Krik m. (gno. kríkr m.) er bøyg, krok, vinkel.

Littlevikplassen låg like aust for *Littlevikelva*. I 1905 vart bruket som fekk namnet *Solheim*, kjøpt frå Bjørsetgarden. Kjøpet omfatta også *Littlevikplassen*. *Korsbrekkeplassen* låg vest for Kvam folkeskole, på øversida av vegen. Det var Lars Martinus Korsbrekke (1845-1924) som bygsla her.

Ein kan nemne at rikspolitkar og seinare fylkes-

mann Olav Oksvik (1887-1958) tett føre 1920 bygde seg hus i Litlevika. Han og kona kalla heimen sin *Bergheim*.

Det var mange husmannsplassar i det som seinare har vorte urbane strøk. Ein kan lese utførleg om dei i Bolsøyboka III 1. band, i artiklar av konservator Signy Haraldsen, lektor Gunnar Talsethagen og i ein interessant artikkel av Jon Bjordal i årboka for Molde og Romsdals Turistforening 1979. Ein kan nemne *Eliasplassen* som har namn etter Elias som kom frå Møll i Geiranger. Han tok namnet Elias Bjørset og var målar. Dette området har dei i seinare tid kalla *Kakselia*. Her på vestkanten slo rikmenn seg ned i etterkrigstida. Andre plassar er *Ole Matjasplassen*, *Ingebrigtplassen*, *Jesteinplassen*, *Devoldstykket* og *Brattlia*. *Kristianplassen* har namn etter Kristian Bjørset. Sonen Anton bygde seinare hus nede ved Julsundvegen. Det fekk namnet *Fredbo*. Vest for Devoldstykket er det ein haug som heiter *Devoldhaugen*. Nedanfor der det heiter *Presthaugen*, budde det ein prest. Plassmennene fiska mykje. Der fylkesmann Oksvik seinare hadde naust, stod det i gamle dagar eit naust som heitte *Firrøingsnauset*. Her hadde dei ein firrøing. I *Skjorahaugen* heldt skjora til. Ho likar seg nær folk. Namnet *Råket* står på sjøkartet frå 1877. På Bjørset jaga dei nok krøtera her.

Bnr. 2 fekk namnet *Cecilienfryd* då eigedomen gjekk ut frå Bjørset i 1809 med skøyte til «velædle hr. Soren-skriver og By-foged Motzfelt».

Bnr. 4 *Glomstuen* vart selt til skogforvaltar Preuthun i 1896. Truleg var det han sjølv som la på namnet. Han var gjerne inspirert av visa om Ola Glomstulen. Ein treng vel ikkje seie meir enn at *Kongebjørka* er eit velkjent namn der ved *Glomstua*. Her søkte konge og kronprins ly ein vårdag då fienden gjorde framtida deira uviss. (Det blir opplyst at ein i bymålet til vanleg seier bjørk, men i namnet på dette treet blir det sagt bjørk i samsvar med «en sølvblek bjørkestamme» i Nordahl Griegs dikt.)

Bjønnabakkan var ikkje berre bakkar, men òg ein hoppbakke som oftast vart kalla *Bjønnan*. Kortforma vart gjerne til då ungar og ungdom bygde hopp her. Truleg var det den attlega her som vart kalla *Bjønnaaattlegå*, som er bakgrunnen for namnet. No er det bustadfelt. Ein kan med det same nemne at ein veit det vart halde premieskirenn på *Sivertplassen* så tidleg som i 1893. Dette var nord for der *Reknesbanen* kom seinare. Dei kalla det *Sivertan* her. Det var fleire bakkar her. (Opplysningar om hoppbakkar ved byen finn ein i ein artikkel av Kåre Hjelvik i årboka til Romsdalsmuseet 2005.)

Ein kjend skule i området var *Møre og Romsdal Arbeidsskule*. Ein kan seie det var yrkesskule. Han

vart flytta frå Ørsta til *Strandheim* på Bjørset i 1917 og var i drift til 1966. Rundt om i fylket vart han oftast kalla *Arbeidsskulen*.

Rauma ungdomsskule vart starta på Hjelset, men i 1919 fekk skulen kjøpe den staselege hovudbygningen på Bjørset med parken og omliggjande jordareal. Bakgrunnen for namnet Rauma var nok at dette skulle vere ein kristen folkehøgskule i det gamle Raumsdølafylket. Seinare vart namnet *Rauma folkehøgskole*. No har skulen fått «metropolen» Molde med i namnet. Namnet er *Molde folkehøgskole*.

Misjonsmarka er bustadsområde. Noko humor ligg attom namnet. Mange som arbeidde for misjonen har budd her. Ein kan nemne personar som overlegane Helland-Hansen og Rø, tannlege Hojem og frue og dei to biskopane Ole Nordhaug og Odd Bondevik. Sjølv sagt er ikkje dette nokor offisiell adresse. Men Rolf Strand fortel at tantene hans tala om Misjonsmarka før desse personane kom hit. Han seier at inntekta av marka kan ha vorte gjeven til misjonen. Det var ikkje uvanleg med misjonsåkrar eller misjonskalvar.

Reknes

Reknes er gnr. 24. NG har uttale av gardsnamnet Reknes med e-lyd i sisteleddet. I allfall då NG kom i stand, brukte dei nok lang æ-lyd. Den ubundne forma fortel at namnet er gammalt. I 1520 betalte «Swend paa Regness» 2 mark i tiendes katt. Førsteleddet er truleg det same som i Rekdal, kanskje eit gammalt namn på det som no er *Reknesbekken*. Bekken renn nokså rakt nedover. Kanskje det er ei omlaging av rak (bein). Ein seier Rækknæs.

Allereie i 1613 hadde det nok kome fleire gardbrukarar på Reknes. I ei sakefallliste (bøteliste) frå dette året er det opplyst at Sjur Størkersønn hadde vorte klaga for manndrap og hadde rømt sin veg. Buet etter han vart taksert slik: 1 hest 2 rdl., 1 ku 2 rdl., 1 kvige 1,5 rdl., 1 lam ½ mark., 1 gammal kjel ½ rdl., 2 gamle dyner med noko fjør 1,5 rdl. Han åtte òg 1/8 i to sager og ei sag saman med Søren Molde. Mor til drapsmannen og to søstrer åtte også i sagene. Sjur hadde også ei tynne korn som var verd 4 riksdalar.

Bnr. 4 er *Finnmyra*. Førsteleddet ser ut til å vere eit mannsnamn. Overrettssakfører og hovudredaktør for Bolsøyboka Jørgen Olafsen-Holm kjøpte eit stykke av Reknes i 1912. Heimen som han bygde, gav han namnet *Nordskog*.

Røysan er i dag eit område. I gamle dokument



Frå Reknes 1935 med Utstillingsplassen, Reknes sanatorium, Fylkessjukehuset og Alexandra Hotell på øversida av Julsundvegen. Reknesparken og Romsdalsmuseet midt i bildet. (Widerøe/Romsdalsmuseets fotoarkiv 004643)

har namnet eintalsform. Kanskje bakgrunnen er at dei har køyrt stein nedi fjøra då dei dyrka.

Eit gammalt namn på det som no heiter *Reknesmoloen*, var *Spetalvøren*. Det er ei forkorting av *Hospitalvøren*. Dei kalla hospitalet for *Spetalen*. Porten inn til området var *Spetalsporten*. Vøren låg nedanfor Reknes hospital for spedalske (spillsjuka). Fleire namn har vore brukt, som *Bryggjå*, *Vøren* og *Stiftelsesvøren*. Det siste vart brukt av eldre menneske så seint som i mellomkrigstida. *Sanatorievøren* vart det òg sagt. På slutten av 1800-talet vart hospitalet sanatorium for tuberkuløse. Det vart kalla *Sanatoriet*. *Sanatoriehagen* var hage med liggjehallar der dei sjuka låg ute i frisk luft. Mellom dei kondisjonerte sa truleg somme Sanatoriehaven, slik som dei sa Humlehaven. På *Olsen-stykket* på vestsida budde fargar Arnt Olsen. *Murhuset* var eit bygg som hørte til det gamle sjukehuset.

Det vart sagt både *Utstillingshallen* og *Revehallen* om utstillingshallen for pelsdyr. Frå 1890-åra og fram til hallen vart bygd i 1930 hadde det her på det som hadde vore kalla *Lundgrenstykket*, vore utstillingsplass for krøter. Han vart kalla *Utstillingsplassen*. Men hallen vart også brukt til m. a. konsertar. Rolf Strand opplyser i s. 20 i artikkelen om Utstillingshallen i RSÅ 2009 at det var den

kjende amerikanske pianisten Grant Johannessen (f. 1921) som kom med namnet The Silver Fox Hall.

Storkaia er den kjende kaia der større skip legg til. Kai har ein fått til norsk frå nederlandsk kaai, som så har fått det frå fransk *quai*. Opphavleg kjem visst ordet frå keltisk der det tyder sandbanke. Når ein i distriktet her seier ka'i, og ikkje kai med einstavings tonelag, er det kanskje minne om den nederlandske uttalen. I mellomalderen var det ordet bryggje som vart brukt her i landet.

Ein bakke vart kalla *Boybakken*. Kan hende førsteleddet er det danske mannsnamnet Boye. Byfolket kalla i skjemt ein stad det rann vatn for Odinefloden. Ei som heitte Odine budde her. Eit liknande namn er *Det Ingarske hav*. Her pla det vere russedåp. Byingeniør Ingar Findal vart heidra på denne måten.

Husmannsplassane og stykka

Reknes fekk mange husmannsplassar utover på 1800-talet. Høgt oppe hadde ein *Knut Nesje-plassen*. Det var i 1860-åra denne nesjestrendingen byrja her. Tett føre 1930 kjøpte Simon Stranda frå garden Stranda inni fjorden bruk her. Det var visst han som la på namnet *Kringsjå*. Ein ser vidt herifrå. I dag er Kringsjå eit kjent bustadområde i byen. Same

namnet finn ein andre stader m. a. i Oslo. Desse namna er ikkje så gamle. Det er omsetjingslån av det greske ordet panorama, tysk Rundschau 'vidt utsyn'. Språkleg er Kringsjø samansett av kring m. 'krins, omkrins' og sjå n. 'noko ein ser på'. Ein hadde plassar som *Rasmussenstykket*, *Iversenstykket* og *Sivertplassen*. Den siste på Sivertplassen var Sivert Reknes. (Det ser ut som det framveksande bymålet fekk uttalen *støkke* i staden for *stykkje* i bygdemålet.) Plassen *Hauan* hadde brukaren Mathias Olsson Reknes, f.1828. Som ein ser er namnet fleirtalsform av haug.

Eit stykke på Reknes vart skilt ut frå *Gørvellgarden* i 1918. Det vart opphavleg kalla *Jakob Jervell-stykket*. No fekk ein òg namnet *Sellanrå*. Året før hadde Knut Hamsun gjeve ut romanen «Markens Grøde». Garden til nybrotsmannen Isak heiter *Sellanrå*. I dag har ein *Sellanrå skole* som er ein barneskule.

Svenskebyen har hus som var produserte i Sverige. Dette var ei gåve til grannefolket under 2. verdskrigen.

Då Peter Fredrik Koren kjøpte Reknes i 1775, dyrka han opp område som låg nærast den litle byen. Han laga ein humlehage der han dyrka «2 voger humle aarlig» (Bolsøyboka II s. 183). Staden vart kalla *Humlehaven* med ei språkform frå høgare sosiale lag. Koren skapte òg *Gørvellalléen* der han planta bjørk. Bjørkene vart bytt ut med ask i 1880. Dei store trea stod til 1950-åra. Namnet har dette finske familienamnet i førsteleddet. *Dahlbrauta* var det gamle namnet på det som no blir kalla *Brattbakken* av somme. Familien Dahl åtte *Kalvehagen* og *Humlehaven*. Braut var vanleg om bratte vegstykke, *Dahlbrauta* er ein tverrbakke. *Matdammen* var ein dam der dei skar is til kjøling. På museumsområdet vart det grave ein dam som har vore kalla *Museumsdammen* Der det heiter *Pikhaugen* bygde musikaren Anders Gjendem seg hus.

Reknesparken og *Paviljongen* er kjende namn. Paviljong er kome frå fransk og tyder telt. Det kjem frå eit latinsk ord som tyder sommarfugl. Her i nærleiken er òg eit namn *Abelsethhaugen*. Førsteleddet er familienamnet Abelseth.

Eit eldre namn på *Gjendemshammaren* er *17.maihaugen*. Her salutterte dei på 17. mai. Namnet kan ikkje vere eldre enn frå slutten av 1800-talet. I 1885 enda salutteringa 17. mai med at kyrja brann ned.

Det folkelege namnet på parkeringshuset er *Olahola*. Det er mina ut or berget. Kulturvernaren Ola Gjendem (f. 1949), som då var lokalpolitikar, kom med ideen, og gjekk i brodden for tiltaket.

Fjellhallen vart opna i august 1988. Avisene omtalar stundom *Olahola*.

Namnet *Trastalia* må ha kome av at her var mykje trast. Det var truleg helst gråtrasten, (skjetåtrasten som mange romsdalingar seier). Dette trasteslaget har ofte reir i tre ikkje langt frå kvarandre og lagar stort leven. Ordet trast var òg brukt i gno.

Idrettens hus og *Stadion* er mykje brukte namn. *Reknesbanen* er fotballbanen til klubben Træff.

Irene Helseth har i særnemne i norsk ved vidaregåande skule (1994) med namn som *Klehaugen* (der dei tørka klede), *Fladsethagen*, *Blixmarka*, *Høstmarkhagen* og *Vonheim*. Om *Lethplana* skriv ho: «Letplana eller Lætplana. Navnet er mest sannsynlig et familienavn, og det var eieren som satte sitt navn på plassen. Plana kommer av plan, noe flatt.»

Langs elva

Helseth omtalar òg *Bleikedammen* /Bleikedammen/. «Det var en demning nedenfor dammen, og vannet gikk til *Moldegårdssaga* til å dra maskinene. Dammen ble også brukt til å vaske klær i. Og om våren når kvinnene var ute og vasket etter vinteren, var ofte klærne falmete, og da la de dem ofte ut til bleking i eller ved dammen,» skriv Helseth same stad.

Konrad Moe opplyste om desse namna på dammar i *Moldeelva: Posthusdammen* (ikkje langt frå det gamle posthuset), *Stordammen*, *Moedammen* (ikkje langt frå bustaden til familien Moe), *Kveldrodammen* og *Gryta*. Konrad Moe skriv i RSÅ 2008, s. 323 at *Kveldrodammen* vart bygd i samband med at *Romsdals Ullvarefabrikk* vart oppretta i 1909. Første delen av namnet er namnet på bustaden til Samuel Pettersson her på austsida av elva. (Pettersson var svensk og grunnla det kjende handelshuset.) Over dammen gjekk det ei smal trebru, seier Moe. Det gjekk vassrøyr frå dammen og ned til Ullvarefabrikken som trong mykje vatn. Mange lærte seg symjekunsten i dammen. «I dag kan vi se rester av dammen under brua som går over Langmyrvegen,» fortel han. Namnet *Gryta* er frå midt på 1950-talet. Eit eldre namn var *Kvithusdammen*. *Rødhusdammen* er no nedtappa. Ein kan sjå restar etter han. Så hadde ein namna *Holdammen* og *Gråhusdammen*. Ein må ta med at ein nede i sjølve byområdet hadde *Fossen* som i flaum kan sende frå seg mykje vassgov. Lengst nede i elva var det ein liten holme som vart kalla *Gjermundnesøya*. I skrift kan ein sjå sisteleddet skrive –øen. Gjermundnes er eit familienamn som har utgangspunkt i gardsnamnet på sørsida av fjorden. Eit anna namn på same



Moldegård var på det næraste «nedbygd» i 1967. Dei første næringsbygga (med flate tak) er komne opp i Lingedalen. (Widerøel Romsdalsmuseets fotoarkiv 180286)

holmen var Frazer-holmen. Det som no heiter *Elvemoloen*, vart tidlegare kalla *Steinvøren*. Det siste namnet er det som i språkvitskapen heiter pleonasme, for ein vør er av stein. I gno. var òg vør m. ein rygg av stein. Ordet har med verje å gjere. Det er gjerne vørar ved støer. Ein molo er voll i ei hamn til vern mot bårane. Ordet har kome over italiensk frå latin *moles*, 'masse'.

Ymse

Som ein kuriositet kan ein ta med at det var eit hus ikkje så langt unna som vart kalla *Sing-Sing*. Det er ei oppkalling av statsfengselet med same namn som var i staten New York. Det vart grunnlagt i 1825. Liknande husnamn andre stader i byen var *Mysosten* og *Luisitania*. Det siste er oppkalla etter eit skip med sær mange passasjerar som gjekk ned i 1. verdskrigen. *Mexico* var eit område søraust for *Gymnaset*, men vest for elva. Her kom det bustader i 1930-åra. Dette er òg eit oppkallingsnamn. *Mexico* var vel ikkje kjent som noko roleg område. Ein kjend stad vart *Mexico-kiosken*. No er han nedlagd. Kiosk er eit ord som kom inn gjennom engelsk og fransk frå tyrkisk der det tyder paviljong. Opphavleg kjem det frå persisk. Det er hus som har opning på eine sida.

Familien Fagerli hadde eit bruk der ein fekk områdenamnet *Fagerlia*. Ein kunne elles tru at Fagerlia var eit naturnamn.

Molde/Moldegård

Garden *Molde* låg aust for elva, noko lenger vest enn dagens *Moldegård*. Tunet låg der ein no har det kjende namnet *Ranvikhjørnet*. Førstekonservator Bjørn Austigard har kome fram til at det var kring 25 bygningar på tunet her i tida før garden vart flytta noko austover. Det var altså eit vanleg klyngjetun som i dei dagar var det vanlege. Den siste gardbrukaren som hadde det gamle gardsnamnet, var Ola Molde. Frå litt etter 1700 vart dette patrisiargard med namnet *Moldegård*. Det er no etter moderne metode slege fast at tømmeret til våningshuset som står på *Moldegård* er hogd i 1704 eller 1705. (Opplysningar i Romsdals Budstikke 20. januar 2009.)

Namnet *Molde* vart frå no brukt om den framveksande kjøpstaden. Gerhard Schøning fortel i 1773 at garden er flytta noko austover til ein bergknoll der det hadde vorte mina ut gode kjellarar. (Soga til garden kan ein lese om i ein artikkel av Bjørn Austigard i Romsdalsmuseets årbok 2002.)

Det som vart den seinare kjøpstaden, finn ein i skrift som *Molde Fiære*. Dette er nok eit minne om at dei tala om *Målljffjorå* eller berre *Fjorå* heilt lokalt. Det var her i fjøra det etter kvart vart stor aktivitet.

Den kjende vegen *Olsmedbakken* har namn etter

smeden Ole Olsen som budde øvst i bakken ved den gamle bygrinda på slutten av 1700-talet (s. 55 i «Gatelangs i Molde M-Å» av Gunnar Talsethagen.) Dette var òg ein del av sjøvegen til garden. Den kjende norskdomsmannen, journalisten og matematikaren Olaus Fjørtoft (1847-1878) fekk bu i huset til matros Magnus Næss på toppen av bakken då han i 1861 kom til Molde for å gå på skule.

Frå gammalt var det sjølvsagt berre ei gate, og ho vart kalla berre *Gatå* eller *Måll(e)gatå*. Her kan ein sitere det Tauter-Erek sa. Medan han sjølv hadde vore i krigen i mange år, hadde amtmannen gått «på Mollegat'n all sin dag og gjort fantestykke». Mollgat'n er dativ eintal. (Folkeminne frå Romsdal, s.184.) Tauter-Erek var frå den flate øya uti fjorden. På kartskissa i Molde Bys Historie I s. 327 som viser forholda kring 1800, står det «Utpå gata» og «Innpå Gata». Den gongen hadde dei nok dativforma «gat'n». Storfolket brukte den danske forma «gaten», kan ein rekne med.

Det heitte *Ballastplassen* borti fjorden sør for Grandfjóra. Skutene kvitta seg med ballaststein her. Den vanlege forma for dette ordet her i distriktet var barlast som i svensk. Men i hollandsk og engelsk er det ballast. Tydinga er kanskje bar (berr) 'utan last'. Det norske ordet siglestein har òg vore brukt.

Den før nemnde *Grandfjóra* har namn etter det staselege *Grand Hotel* som stod ikkje langt frå sjøen. Hotellet frå 1885 brann ned 15. mai 1919. Seks menneske omkom i brannen. *Banehaugen* er minne om *Reperbanen* som kom i gang oppå haugen her i 1867. Her vart tauverk produsert.

Moldegårdsbakken var ein bakke på vegen ved Moldegård. Det var mykje tale om denne bakken den gongen folk gjekk eller sykla til Molde. No blir namnet lite brukt. *Moldegårdssvingen*, eller berre *Svingen*, var ein sving på vegen. *Moldegårdsbekken* er det gamle namnet på det som vart heitande *Lingedalsbekken*. Ein fekk namnet *Lingedalen* då A. Linge frå Valldalen i 1860 slo seg ned på plassen som fekk namnet *Lingeplassen*.

Moldegårdsleira, *Moldegårdssaga*, *Moldegårds-løa*, *Guanofabrikken* og *Kornsiloen* var ei tid kjende namn. Mykje av den store løa brann i 1971.

Moldeneset ved Moldegård var to husmannsplassar. Per Gjendem opplyser i Romsdals Budstikke 17. okt. 1997 at den første husmannen ein veit om på garden Molde var Børrie Mølle i 1603. *Sandvollen* var ein del av innmarka på Moldegård. Slik som på Elsås og i Leirgrovvika lenger aust på stranda var det ein liten skoglund som heitte *Lunden*. Som ein kontrast kan ein ta med *Grishagen*. Der gjekk nok grisene og pløgde opp grunnen med sine sterke tryne.

I Romsdals Budstikke 2. sept. 1885 blir det opplyst at statsminister Gladstone hadde vore på Moldegård og målt omkrinsen av *Storasken*. Ask var vanleg som tuntre.

Namnet *Engelsholmen* har truleg mannsnamnet Engel som førsteledd.

Namna *Jentaleira* og *Guttaleira* fortel at jenter og gutar i mellomkrigstida hadde kvar si badestrand. *Rottedungen* var avfallsplass for byen fram til 1950-åra. Rottene som samla seg her, hadde inga næringsorg. No ligg den store fabrikk *Glamox* på same staden.

Midtskåra og *Hønsan* var to av dei mange, mindre bakkane den gongen skihopping var den store skiidretten. Kanskje det var oppdrett av høner i nærleiken av den siste. Ja, mange av hopparane flaksa vel òg som høner.

Husmannsplassane

Av dei mange husmannsplassane som kom til på Moldegård utover på 1800-talet, kan ein nemne *Farstadplassen*, *Kringstadplassen* og *Sørenplassen*. Den siste har namn etter Søren Roaldset. *Sveumplassen* har namn etter første bygslaren. Då familien Gjendem overtok, fekk han namnet *Gjendemplassen*. Brua ved plassen fekk namnet *Sveumbrua*, eller *Sveumbroa* som det heiter i mange sitt bymål. *Jakopplassen*, *Randaplassen* og *Frøsøyplassen* og *Per Hol-plassen* er andre plassar. *Johansenplassen* vart kjøpt av lensmann Rønning frå Lofoten. Han vart visst nemnd som Lensmannsgården ein del. Irene Helseth skriv i særnemnet sitt at det var Rønning som la på namnet *Heim*. I dag står løa og to hus igjen, opplyser Helseth. Bruksområdet var frå husa og opp til *Moldelivegen*. *Bjørnplassen* og *Sponheimplassen* er andre plassar. Så har ein *Mausetplassen* og *Ullalandsplassen* der plassmennene kom frå Mauset og Ullaland. Der det heitte *Geilen*, fekk ein frå Risahagen seg plassrom, Dette var ikkje langt unna, men på Fuglset sin grunn. Som ein ser, slo tre stykke frå same bygda seg ned som husmenn på same staden på om lag same tid i 1860-åra. Etter 1865 kom emigrasjonen til Amerika i gang også frå vårt område. Då kom ferda for mange til å gå lenger enn til Moldegård.

Ein bratt bakke på vegen til sommarfjøsane på Moldegård heitte *Fjøsbakken*. Etter at familien Naas kjøpte Lingeplassen, vart bakken heitande *Naasbakken*, som han gjer den dag i dag. Bruket fekk namnet *Lund*. Litt vestafor kjøpte Andreas Knutsen Solemdalsgjerdet det som vart bruket *Vangen*. Vangen vart òg familienamnet. (Fyldig omtale av plassane står i Romsdalsmuseets årbok 2002)

Mølleråsen var visst namnet på åsen også før

ein fekk hoppbakken med dette namnet. Han kom i bruk i 1947. Ikkje langt unna vart det hoppa i ein bakke som dei kalla *Berntsnan*. Truleg er førsteleddet Bernt.

Merkeleg nok har namnet *Haugbokkholå* /Haugbokkhola/ overlevd til våre dagar. Her meinte dei nok haugbokken heldt til. Dette er den romsdalske nemninga for vettet som frå gammalt verna garden. Førsteleddet er sjølv sagt haug. Sisteleddet er helst gno. *bokki* m. 'gild kar'. Seinare vart det meir brukt om all slags underjordsfolk. I seinare tider har det òg kome i bruk om toskute personar. Kanskje dei har tenkt det var romsdalsforma hau for hovud ein hadde i førsteleddet. Dei har òg trudd at bokk var dyret bukk. Det blir opplyst at folk søkte ly her under bombinga i 1940. Dette er i *Fabrikkvegen*.

Det velkjende namnet *Ranvikhjørnet* er eit minne om bygdeguten Edvard Ranvik (1881-1968) som flytta frå Ranvika i Nesset og starta det einaste bakeriet som framleis er i drift i denne byen. Ei tid dreiv han kolonialbutikk og mjølkeutsal her ein fekk dette namnet. Området heitte *Bakken*, som vel er ei kortform for Olsmedbakken. Det er på ei høgd. Ein kan nemne at eit hus oppå her heitte *Blåsenborg*. Ikkje langt unna kjøpte Ranvik og søster hans, Ildrid Ranvik (1887-1975), eit staseleg hus som blir kalla *Borgen*. Ein må nemne at Ildrid var ein god hjelpar for Edvard.

Ullvaren var i mange år eit kjent namn. Kvinner frå bygdene kom hit og leverte ulla si.

Stadnamn frå Kringstadsetra til Tussen

Det kan høve å starte ei vandring blant stadnamna i Moldemarka i området kring *Kringstadsetra*. Her vart det slutt på setringa mellom 1900 og 1910. Då det i 1938 vart arbeidd veg fram til setra, vart det setring att nokre år. Bolsøyboka opplyser at Kringstad har hatt ei seter før den ein no kjenner.

I *Seterhaugen* nord for Kringstadsetra budde det ei hulder som dei kalla for *Seterhaug-Ane*. Kaptein Kringstad spurde stundom gjetarane om dei hadde sett ho Seterhaug-Ane, fortalde Alf Kringstad.

Hamrane på nordsida av *Kringstadnacken* heiter *Svarthamran*. Her har ein òg *Svartholå* og *Smånakkan*. Så har ein *Frukostskaret*, og lenger vest er *Middagsskaret*. Det var nok dei på Kringstadsetra

som hadde sola over desse skara til desse tidene. På solsida ovanfor Kringstad har ein *Almelia*, *Almeskaret* og den litle myra *Almeskarmyra*. *Blomlia* på nordsida fortel om mykje blom. Blom er det lokale ordet for bregne. På *Kvilsteinrøra* må det finnast ein stein som dei sat på for å kvile. Ei rør er ein kant.

Porsmyra er ei lita myr. Porsen veks ved myrane. Han har vore mykje brukt til å strø på golv i seterbuer o. l. Han gjev så god lukt. Dei hadde han i sengklede mot lopper. I øl kunne han nyttast i staden for humle. Så seint som i 1930-åra selte dei pors på torget i Bergen. Ola Gjendem, f. 1949, minnest at han som gutunge plukka pors til Mali Furunes på Romsdalsmuseet. Ho la kvistar mellom kleda i kistene rundt om på museet. Dette skulle motverke mott i kleda. Pors kan i stadnamn få forma *post*. Denne planta har òg kome med i eit bynamn. I nærleiken av denne myra finn ein *Erstakkehaugen* og *Erstakkemyra*. Det kan ha vore høystakk her, og at høyet vart brukt til hosauer. I gno. har ein *ær* f. om hosau. Ersau har vore brukt i målføra i området. *Snauteigen* er truleg ikkje noko gammalt namn.

Dei slo på *Førhjellen*. Førsteleddet er fôr i tydinga mat til dyr. No har ein kommunal veg i nærleiken fått dette namnet. Men namnet har ikkje som adresse fått cirkumfleksteikn over o-en slik det skal vere etter rettskrivinga.

I Bolsøyboka III, 1. band, s. 453, blir det opplyst at *Bjerkholå* var underbruk under husmannsplassen Ytter-Mek. Dei slo her. I store delar av Romsdalen seier ein bjærk. I indre strøk seier ein bjørk.

Geitaberget er eit minne om den tida geita for høgt og lågt. Ein treng ikkje å gå lenger enn ned til sjøen for å finne skjeret Geitapinå. Ho er ein framifrå klivar, men symje meistar ho ikkje. Det vart slutt på geit i siste halvpart av 1800- talet. Dei meinte ho for for stygt med skogen. I våre dagar hadde ho atter hatt nok morass å bite i.

Fanteberget er nok eit minne om fant (tater), men i dag veit ikkje folk noko om den spesielle bakgrunnen for namnet.

Snepperøra ved vegen opp til Kringstadsetra må ha form som ein snipp. Ein seier snepp. På *Matahjellen* åt gjetarane første måltidet sitt, opplyser Einar Kringstad. *Dansesalen* er ein slett pall. Ein veit ikkje noko om folk har dansa her. Frå andre stader veit ein at slike danse-namn kan ha bakgrunn i at dei meinte huldra dansa der.

Haukabøelva kjem frå *Langvatnet*. I Aslak Bolts jordebok frå kring 1430 er det tale om «af Haukaam» om garden. (AB, utg. 1997 ved Jon Gunnar Jørgensen, s. 129) Det ser ut som det gamle elvenamnet har vore *Hauká*. Dei høyrde nok at elva som fossa nedover, hauka. Karl Rygh (Norske

Elvenavne, s. 95) tenkjer òg på tolkingar med fuglenamnet hauk.

Det heiter *Krokan* der det er elvakrokar. På vestsida her må det ha vore seter ein gong, for her heiter det *Kroksetra*. Noko lenger nord har ein *Myraberget* og *Berget /Bærjel/ i Myren*. (Myren er dativforma. Det er truleg ikkje så mange på Kringstad i dag som har dativ i talemålet sitt.) *Trongstien* går på austsida av elva opp til Langvatnet.

I sørenden av vatnet ligg *Langvasstølen*. Det kan ha vore ei seter her. Grunnordet støl, gno. *stōðull* m. ser ut til å ha vore meir brukt enn seter når ein kjem langt atti tida. Men så er det slik at støl også blir brukt om stader der krøtera pla støle (låg og kvilde). På vestsida av Langvatnet har ein *Mørkelia*. Det mest markerte neset her er *Langvassneset*. Sør for vatnet finn ein *Småskara*, *Småskarhaugen*, *Småskarmyra* og *Trongs karet*. Her i Småskara var ein av hoppbakkane som unggutar tok i bruk føre krigen. Bakken har namn etter Tormod Kringstad og vart kalla *Tormoden*. Kjartan Moen og Alf Kringstad fortalde at dei var med på utarbeiding og hopping her. No er ikkje bakken i bruk lenger.

Ørnehammaren på austsida av Langvatnet er høg. Eit nes lenger sør heiter *Ørnehammarneset*. Namnet *Hytteneset* har visst òg vore brukt om same neset. Noko lenger aust ligg *Hyttemyra*. Den gamle Vardehytta stod her frå 1859 til ho vart teken ned og frakta til Varden i 1868.

Nord for Langvatnet ligg *Svarttjønna*. Dette er eit sær vanleg tjørn-namn. Slik er det nok over heile landet. (Diktaren Rasmus Løland frå Ryfylke fortel at gutane, som han fortel om, såg sjøormen i Svarttjørna.) Tjørner med dette namnet ligg oftast i mørke deker (fordjupningar) i lendet. Men det kan òg vere mørkt myrvatn som er bakgrunnen.

Endå lenger mot nord ligg *Lomtjønna*. Ein finn retteleg mange tjørner med dette namnet i Molde kommune. Det er for det meste smålomen som har ført til namna. Mange av tjørnene er fisketome, men fuglen har flogge til fjorden etter mat her i distriktet. Han må ha hatt reir over lang tid ved tjørna før eit slikt namn festa seg. I dag er ikkje denne fuglen å sjå ved mange av tjørnene med dette namnet.

Ikkje så langt frå *Ørnehammaren* har ein *Hestehjells karet* og *Kvilars karet*.

Gjennom *Arsdalen* renn *Arsdalselva*. Arsdalen kan vere eit utgammalt namn. Det er vanskeleg å tolke. Det kan vere eit elvenamn som løyner seg i førsteleddet. Men det kan òg vere ein uttalevariant av Almsdalen. Fjellstrøket nord for dalen heiter *Arsdalsheia*.

Ei eldre seter som hørde til garden Mek, må ha lege i nærleiken av *Gammelseterhaugen*. Garden

hadde ei seter som var nedlagd alt i 1723. No ligg Meksetra aust for *Mekvatnet*. Nord for vatnet har ein *Mekvasslia*. Vest for vatnet tok dei nok torv til brensel. Både namet *Torvemyra* og *Torvet* har vore brukt.

Frå *Mekvatnet* renn *Mekelva*. Det har vore ein tendens ute ved kysten til å byte ut å med *elv* i stadnamn. I gno tid vart *elv* berre brukt om sær store vassdrag som Glåma og Gøtaelv.

Meknakken blir òg kalla *Bakrørin*. *Meklia* er bratt. Stigen *Nørde Brautin* går opp i *Mekskaret* og *Mekdalen*. Vest for elva var det vegstykke som ein kalla *Brautin* (fleirtalsform) eller *Mekbrauta*. I gno. var braut f. veg. Iallfall i nyare tid er braut mest brukt om bratt vegstykke. Ordet har samanheng med å bryte. *Mekstegan* vart òg brukt om gangvegen vest for elva. Stegan er den gamle fleirtalsforma av stig. Nyare talemål har forma stian.

Ole Gjendem (f. 1927) opplyser at Ivar Åndal hadde fortalt at det var vanleg at gardane Valle og Åndal selte ved til Molde. Då køyrde dei ofte over fjellet og kom ned på Mek (Kvam) med vedalassa.

Fjøsbakken fortel nok om sommarfjøsar. Hans-Henrik Bjørset opplyste at bruket Rotvold hadde sommarfjøs ovanfor det nordvestre hjørnet av Svendplassen. Mange kjenner *Pedervegen*. I boka «Molde og Romsdals Turistforening 1949 – 1959» s. 62, kan ein lese om Peder Kvam som sette i stand denne veggen. Han hadde hytte på Meksetra. Det var Hans Kvam som var kalla Hans i Hagå som byrja på veggen. Han var frå Sel, og hadde såleis før vore til fjells. (Han fortalde til Jon Bjordal at han i gjetardagane såg ein huldrebuskap på Høvringen.) Sonen Peder heldt fram med veggen. Bjordal seier at ungdom på Bjørset ofte brukte stigen når dei skulle til fjells. Det var dei som la på namnet *Pedervegen*. Det vart aldri sagt *Pederstien*. Dette var sledeveg om vinteren. Dei hadde torveløe i *Mekskaret*. Torva drog Peder heim på dragarkjelke. Det var motbakke opp frå løa. Når det var hålt, måtte Peder ofte bruke reip for å få torva opp på flatare lende.

Skitneskaret /Sjetneskaret/ fortel om blautt og gjørmut lende. Ein finn namn med dette leddet i myrområde også i grannekommunane Gjemnes og Fræna. Eit anna namn på same skaret er visst *Rambuskaret*. Rambu finn ein og i eit namn på ei bergklove i Bud. Truleg har ein med fuglen ramn å gjere.

Førsteleddet i *Preuthunsetra* er eigaren av Glomstua, den velkjende Jacob Gylding Preuthun (1858 – 1936).

Ein har *Djupskaret* og *Djupskarnakken*. Dei som kom over fjellet frå nord kalla skaret *Bjørsetskaret*. Lenger nede har ein *Høgshaugen*. Husmannsplassen nedanfor har namn etter haugen.

Ein liten rund haug på vestsida av Pedervegen heiter *Bjønnahammaren*. Her er retteleg «bjønna-mark». Skogen her minner mest om det ein ser på bileta til målaren Lars Hertervig. Ein kan nemne at ikkje noko dyr treffer ein så ofte i norske stadnamn som bjørnen.

Anton K. Bjørset (1864-1953) skriv i artikkelen «Om husmannsplasser og setre under Kvam og Bjørset» i RSA 1931/32 at Bjørset frå gammalt hadde to setrer. Den eldste låg om lag 100 m nedanfor Varden, beint opp for Morhaugen. Ho vart kalla *Gjertsetra*. I Bjørset sin barndom kunne ein sjå novsteinar og setervoll som var i ferd med å gro att. Han hadde høyrte at tjuvar og kjeltringar såg setra så godt frå fjorden at det vart mange innbrot. Dei såg ikkje anna råd enn å flytte setra att Baklia. Setra vart der kalla Bjørsetsetra. Ein kan sjå tuftene. Førsteleddet i det eldste seternamnet ser ut til å vere mannsnamnet. I 1723 er det på Reknes tale om «tvende Huusmands Pladtzer kaldes Hougen, ligger nest udi *Gjerdzgaarden*». Det er uklårt om det her er tale om heimen til den kjende borgaren Gjert Davidsen. Han var fødd tett føre 1600. Om han kan ha hatt noko med Gjertsetra å gjere, er vanskeleg å seie. (Han hadde hest og nokre kyr). Folk har alltid hatt ein tendens til å gje borna sine same namn som rikfolk. Såleis har namnet Gjert vore i bruk i dette området til våre dagar.

Så har ein tufter vest for der Storlivegen svingar vestover. Her heiter det òg *Bjørsetsetra*. Det er truleg den siste setra til Bjørset som har lege her.

Når ein har skriftforma og truleg uttalen *Morhaugen*, skulle det tyde på at ein ikkje har med skogsdyret mår å gjere. Ein har eit ord mor «liten skog», men for det meste finn ein det lengst aust i landet. Garden til dikteren Sven Moren var Mora. Like kjent er Mora i Dalarne i grannelandet. Ordet er det same som engelsk moor og tysk Moor. Det er skog nok oppi Bjørsetlia til eit slikt namn. Ein har òg relasjonsnamnet *Morhaugflata*. *Almeskaret* finn ein også oppi denne lia.

Kvennatroskaret er eit interessant namn. Same namnet finn ein på garden Brokstad lenger aust i kommunen, på sørsida av fjorden. I ordboka til Ivar Aasen finn ein «Kverntro, f. Vand-Rende til en Mølle». Kvennatro var sjølvstog eit kjent ord før i tida. Ein må rekne med at det i skaret voks høvelege tre til å lage kvennatroer av. Dei hogde slike her. Ei anna tolking er at skaret kan ha mint om ei kvennatro.

Merraholå må fortelje noko om ei hending med ei merr.

Kanskje ein eller fleire sauer har gått seg utføre *Sauhammaren* lenger oppe.

I *Auriklabakken* har ein eit plantenamn. Lærer og blomeskjenner Torbjørn Urke frå Hjørundfjorden fortel i Romsdals Budstikke 31. mars 2004 at då han var lærar «på Gossen» i 1960-åra, kalla elevane kusymra for aurikkel. Han fortel òg om stadnamnet *Aurikkelskogen* der på øya. Mange kallar i dag Ramsøya sør for Molde for *Aurikkel* - eller *Auriklaholmen*. På Litlebostad på Bolsøya har *Aurikkeldalen*. Det ser ut som aurikkel for kusymra iallfall er brukt lengst vest i Molde kommune og i Aukra kommune. Sjølv ikkje professor Ove Arbo Høeg i det store verket «Planter og tradisjon» (1976) har opplysningar om dette. Men han opplyser på s. 530 om at i Sunndalen kan kusymra bli kalla aurikla. I det store og heile er aurikkel ei plante som er i slekt med kusymre. Dei er begge av plantefamilien primula.

Reithaugen og *Reithaugflata* har reit m, gno *reitr* m. i førsteleddet. Det er ei avleiing til gjerningsordet rite (engelsk write). Alt frå gno. tid var tydinga åkerlapp. Det er uklårt om det har vore ein reit oppå haugen her.

Noko lenger vest har ein *Bergehaugen* og *Flathaugen*.

I namnet *Tågheia* ser førsteleddet ut til å vere tåg (rotgrein). Somme seier at det voks tågbær her. Det blir fortalt at gjetarane batt seg kransar av tæger. Dei kunne og lage korger. Dette ordet vart så mistydd. Avisene tok til å skrive om Tåkeheia. Men tåke er ikkje noko ord som frå gammalt var med i talemålet på desse kantar. På Kart over Molde og omegn M 1 : 10 000, står *Taakheia*. *Tågheibakken* var hovudarena for amtskirenna frå 1910 – 1923.

Byfolket talar i dag om *Frænavarden*. Sverre Gjendem (1910–84) bruker i eit notat den meir naturlege og eldre forma *Frenvarden*. I same notatet skriv han om dette grensefjellet: «På Hol og Sande brukes navnet *Middagsfjellet*. Dette er for denne bygda et gammelt og naturlig navn. At det er gammelt navn, ser jeg på et skiftebrev datert 24. juli 1836.» Sola stod sjølvstog over fjellet ved middagstider.

Moldeheia er eit stort fjellområde. Innhaldet i grunnordet *hei* i naturnamn skiftar frå landsdel til landsdel. I denne delen av Romsdalen er det brukt om vidstrakte fjellområde som ikkje er så kuperte. Ola Gjendem fortel at ei tjørn oppi Mekdalen har vore kalla *Pareliustjønnna*. Per Gjendem, son til Sverre Gjendem, fortel at ein Parelius pla renne på skeiser her. Andre har sagt Bjørsettjønnna. Den tjørna som for dei fleste er *Bjørsettjønnna*, ligg ikkje mange meter vest for Audunstjønnan. Ho renn ut i den vestlegaste av desse. Bjørsettjønnna høyrde til Bjørset.

I *Audunstjønnan* har ein namnet til den tiltaksame eigaren av Reknes på 1600-talet, Audun

Aagesen. Setra hans var *Audunsstølen*. Denne stølen nedanfor skihytta til MOI har òg vore kalla *Reknesstølen*. Sverre Gjendem seier at han ikkje kunne sjå restar etter setra. Mannen som kanskje hadde 20 ungar med to kjerringar, har òg fått namnet sitt med i *Audunselva*. Kvifor det står Anderselva på det nyaste bykartet, er uklårt.

På gamle kart stod det *Audunshø* på *Frænavarden/Middagsfjellet*. Amund Helland nemner òg dette fjellet som Audunshø, 587 m høgt (s. 315 i del II Romsdals amt i Norges land og folk). I del I, s. 304 har han Andurshø som truleg er ein trykkfeil. Ein legg merke til at Audunshø har ubunden form, og det er uvanleg i naturnamn i denne landsdelen. Grunnordet hø høyrer heller ikkje heime så langt ut mot kysten. Namnet må helst ha vore gjeve av folk som ikkje hadde bakgrunn i lokalmiljøet. Det vart ein dâm av høgfjell med å bruke hø. Truleg tala dei innfødde om Frenvarden. På nyare kart har Audunshø vorte flytta noko mot sørvest.

Løvenskaret er eit framandvore namn. Same namnet finn ein på vestsida av Jendemsfjellet, mellom Nøsa og Gjerdhaugen der nordvest for Jendem. Kanskje namnet er eit minne frå den tida hollendarane kjøpte trelast her på kysten. Den første tida kjøpte dei direkte frå gardbrukarane. Skogen stod tjukk heilt ut til havkanten. Det var ein stor hollandsk trelasthandlar Levin Levinsøn på 1600-talet her i distriktet. Det var frå Alkmar han kom, og han var jøde. Han vart òg kalla Levin Hollendar. Denne mannen sette til og med i gang tømmerfløyting på Rauma frå Lesja i 1630-åra. Lenge budde han fast i distriktet, men flytta visst attende til heimlandet (Molde Bys Historie I. s. 49 f.). Levin kunne nok i uttalen bli til Løven. Han kunne hatt skogsdrift i strøka der ein finn dei to namna. Ein kan òg nemne at det i Brabant er ein by som heiter Leuven. På tysk heiter han Löwen. Ei tjørn i Løvenskaret blir kalla *Løvenskarvatnet*.

Varden er ein kjend stad. Uttalen i bymålet har vorte bokstavrett slik at d-en kjem med i uttalen. Somme har vore inne på tanken at her har vore vete for krigsvarsling. Men ingen veit noko om det. Eitt er visst, her har vore varde, gno. varði m, frå langt attende. Frå Hyttemyra ved Langvatnet vart hytta som vart heitande *Vardehytta*, frakta i 1868. Her vart ho sett opp att 1872-73. Sia den gongen har ho vore eit fint turmål. Sommaren og hausten 2009 vart ho restaurert. Vindfløya framfor hytta som ofte blir kalla *Fløya*, må ein òg rekne som stadnamn. Ho har form som ei pil og viser vindretninga. Fløy kjem over dansk frå lågtysk, jf. gno. flaug. Ein talar òg om *Fløystanga*. Bymålet har no stang. I bygdene blir det framleis sagt stong.

I *Varddalen* var det ein hoppbakke frå kring 1910, opplyste Anders Gjendem. *Littlevarden* ligg sørvest for Varden. Litt lenger nord har ein *Litledalen*. (No heiter det nok lille i bymålet).

Ein finn Helvetet oftare enn Paradiset i norske stadnamn, og det er ikkje så rart i eit ulendt land. Nord for Varden har ein *Helvetet* som namn på ei bratte. På slutten av 1800-talet stod det ein notis i Romsdals Budstikke om at den som gløymde att spaden sin i Helvetet etter arbeid der sist søndag, kunne hente han hos ein namngjeven mann i byen. Truleg hadde dei vore der og jamna ein turstig. Det skulle vere eit karsstykke for gutungar å renne ned Helvetet på ski. Det la seg vanskelege skavlar både øvst oppe og nede på myra. (Opplysningar frå Ola Gjendem.)

Dei store hoppbakkane vart kalla *Gammelbakken* og *Storbakken*. I den siste vart det vidgjetne hovudlandsrennet i 1935 arrangert. Bakkane er no nedlagde, men den siste var i bruk så seint at Bjørn Wirkola har hoppa der. Han har visst òg bakkerekorden.

Seterfjellet ligg rett aust for Åndalssetra. Ein har namn som *Smårørin* (Sisteledet er bunden form fleirtal av rør f). *Tjønndalen* ligg nord for Smårørin.

Revsdalen har uttalen /ræfs/ av førsteledet. Det ser ut som ein har med *rev* n. 'steinbanke' å gjere. I fjordar heiter det Revet mange stader om langstrakte grunner. Ved Bordvika sør for Røvika lenger søraust i same kommunen har ein Revsneset. Utover frå neset går eit rev. Uttalen av førsteledet er likeins som på fjellet ved Molde. Her på fjellet var det tale om *Fremste*, *Midterste* og *Atterste Revsdalen*.

Sverre Gjendem opplyser om *Gongstien* som var namnet på ein av stigane som freningane brukte over fjellet. Frå Molde gjekk dei opp til der *Fjellbrua* er no. Her heiter det *Vadet* /Vael/. Her var altså eit vad, ein grunnare stad der ein kunne vade (vaspe) over. Namn på vad finn ein ikkje berre her til lands. Ein kan tenkje på Oxford (Oksevadet). Følgjer ein freningane vidare, så gjekk dei vestover til Audunselva og følgde elva til den minste Audunstjønna. Så gjekk dei austover og kryssa mellom tjørnene. Deretter la dei i veg mot Holstjønna og over *Gongskaret* til Storsetra på Hol. Andreas Mausest, f. 1869, hadde sagt at det mest var ungdom og folk som gjekk lausreipa som brukte denne vegen. Han var kortare, men brattare og tyngre enn vegen gjennom Moldedalen. Førsteledet gong kjem av gonge 'det å gå'. (Byfolk i dag seier nok for det meste *Gangskaret*.)

Namna *Holstjønna* og *Holsdalen* har gardsnamnet Hol som førsteled.

Gjendem fortel at dei som gjekk gjennom

Moldedalen, gjekk opp vest for Storelva til Sveumstykket og over brua der, vidare opp til Vadet og eit stykke langs elva forbi Moldegårdssetra. Så for dei opp *Moldbakk* slik at dei kryssa nedste delen av Fremste Revsdalen og kom opp til sørvestre hjørnet av Moldevatnet. Vidare gjekk dei til Holstjønna. Resten av vegen var den same som for dei som gjekk lenger vest. Andreas Maset hadde fortalt at han somme morgonar såg 10 – 15 freningar på veg til byen. Denne vegen vart kalla *Frenvegen*.

Ole Gjendem frå Orrem i Aurosen (f. 1927) har interessante ting å fortelje om fjellvegen til Molde. Han fortel at det mellom Berghaugen og Tausahaugen i Valltua er ei hule som heiter Tobakkholå. Ein ser ho frå vestsida av Vallelva. Når skavlen i denne hola deler seg i to, er fjellet gangbart til Molde fortel han. Dei gjekk om Hestad, Hestadskaret, forbi Åndalssetra og innover på austsida av Langvatnet. *Kvilarsteinen* var på Ørnehammaren. Så gjekk vegen vidare gjennom *Bjørsetskaret/Djupskaret* og kom ned ved Glomstua på Anton Nerem sin eigedom. Gjendem kan opplyse at i målebrevet for eigedomen er det påført hefte for freningane sin vegrett som i 4 meters breidd gjekk heilt ned til Presthaugen. Der dei kom ned Bjørsetlia, har ein namn som *Frenhaugen, Frenvegen, Frenmyra* og *Frenbakken*.

Sverre Gjendem hadde av Andreas Maset fått vite at ein gjetargut som heitte Amund ein gong i tjukk skodde gjekk seg utføre ein hammar og omkom. Dette var ved tjørna som vart heitande *Amundstjønna*. Truleg hende dette i 1847.

Ein støyter på dei merkelege namna *Ola ringar-tjønna, Ola ringar-myra* og *Ola ringar-haugen*. Bakgrunnen skal vere at Ole Olsen Reknes som til dagleg vart kalla Ola ringar, var ringar i kyrkja på Molde i første tiåra av 1800-talet. Men så vart han mistenkt for likrøving og sal av det han hadde teke med seg frå kyrkjekjellaren. 4. juni 1834 forsvann Ola, og det viste seg at han hadde drukna seg i ei lita tjørn. Natta mellom 19. og 20. juni vart han jorda. På myra der Storlivegen og bilvegen til Varden møttest, kunne ein enno i 1920-åra sjå ei lita tjørn som var i ferd med å gro att. Det var her dei fann Ola ringar drukna. (Ein kan lese om dette på s. 36 i boka «Under kirkespir» av Ola Gjendem, 2007).

Skjenarheia fortel nok om at krøtera skjena her. Dei la på tan for å kome seg unna bitande insekt. Oftast prøvde dei å kome seg borti vatn.

Kvilarstølen har ei merkeleg form. Som før nemnt talar ein om at krøtera stølar når dei ligg og «ørtar». Slike stader blir gjerne kalla Stølen. Namnet kan sjå ut som ein pleonasje (samansetning med to

ord som tyder det same). No kan det vere at ein har hatt namnet *Kvilar* ikkje langt unna, og at dette var stølen ved *Kvilar*. *Stølarmyra* ligg aust for *Kvilarstølen*. Meininga må vere at krøtera støla her. *Botnegrova* renn ned gjennom Botnan. Ei grov er ein bekk som renn i brattvore lende. Ordet har samanheng med å grave.

Damefallet skal kome av at kvinnene ofte datt her når dei kom rennande på ski. Namnet er truleg frå første halvdel av 1900-talet. Same namnet finst også andre stader i landet.

Vinteren 1962 var det NM i langrenn på Molde. Kong Olav møtte no som i 1935 med skiutstyr og tok seg turar ut i løypa. Det var visst under 5-mila han kom rennande nedover, og tett nord for der Hatleliblokka no er, rauk han i koll. Staden har vore kalla *Kongefallet*. (Opplysning frå Ola Gjendem.) Skiløypa forbi Sveumplassen til *Damefallet* blir kalla *Thiisløypa*. Denne løypa var mykje brukt før. Førsteleddet skal kome av at Hans Thiis Møller hadde kårstykket i området.

Sverre Gjendem fortalde om namnet *Nøsen*. Han meinte at i hans tid har berre denne forma vore i bruk. Dette er nok dativforma. Grunnforma er *Nøsa*, av gno. *nōs* f. 'framstikkande fjellformasjon'. Fjellformasjonen stikk fram på austsida av Audunselva og er sørvesthjørnet av Moldeheia. Når dativbruken i talemålet i eit område blir ustø, er det ikkje uvanleg at berre dativforma har ein tendens til å overleve i stadnamn. Dette gjeld litt uforståelege namn. Ein parallell finn ein ved Gosså med dativforma *Gossen*, Orta med dativforma *Orten* og Hollinga med dativforma *Hollingen*.

Sneret er namn på terrenget like nord for Fjellbrudammen, opplyser Sverre Gjendem. Ivar Aasen har ordet *snaar* (inkjekjønn) om småskog (ris eller krattskog). Dette høver godt her. Ola Stemshaug har same namnet i hovudoppgåva si om stadnamn frå Aure på Nordmøre. Ein finn òg same namnet i Silsetfjellet på Eide. Nini Roll Anker har i romanen «Det svake kjønn» (1915) ei setning der noko blir kasta «bortgjennom snæret». Kanskje ordet var i bruk på Molde då ho voks opp? Austlendingane talar vel om eit snar for det same.

Grova som renn ned i Storelva (Moldeelva) frå aust ved *Kraftstasjonen*, heiter *Heggegrova*. Førsteleddet er trenamnet hegg. (Opplysning frå Sverre Gjendem).

Lauvnakken er ein nakke lengst vest på *Nakkan*. Kanskje dei tok lauv her? *Nakkan* går frå *Lauvnakken* til *Fuglsetreset*.

Ein har namn som *Storlia, Storlihaugen* og *Storlidalen*. *Storliløypa* som var slalåmbakke med flomlys, er ikkje i bruk lenger. Så har ein *Brattlia*

og *Brattlihaugen*. Tett ovanfor denne haugen har ein *Klevet*. Namnet har samanheng med å klive. Det er gjerne eit led (ei grind) på slike stader.

Sjølskothaugen har fått namn av di det var utlagt sjølvskot for bjørn her. I gammal tid vart det utlyst på kyrkjebakken kvar det var sett opp sjølvskot. Ein veit om stygge ulukker med folk som gjekk seg på sjølvskot. Liknande namn finn ein andre stader i Romsdalen, m.a. *Sjølskotdalen* vest for *Tjellskaret* i *Nesset* kommune. Her i *Moldelia* ser ein at bjørnen på grunn av staden for sjølvskotet må ha hatt vegen sin nokså nære småbruka.

Hatlelia og *Hatlelihaugen* fortel om eit viktig treslag. Før i tida vart hatleskogen stelt godt. Der hogde dei bandstakar som dei smia tynnband av. Når kjerrane vart stelte på denne måten, vart det meir neter. Konrad Moe fortalde at dei kalla ei framstikkande høgd søraust for *Hatleliblokka* for *Tuppen*. Helst var det vel ungar som la på det namnet. Ein tupp er ytste enden av noko langvore.

I dag talar somme om *Nonsmyra*. Andre seier *Lonsmyra*. Her kan det ikkje vere noko med stillinga til sola namnet fortel om. Det kunne einast vere at dei pla ete til nons her under eit arbeid i området, eller at det var svigerfar til Audun Aagesen, borgaren Joris Non, ein har i namnet. Sverre Gjendem trudde *Lonsmyra* var det gamle namnet. Det må då vere genitivsforma av lon 'stillestående vatn' ein har i namnet. Det kan då ha vorte forvanska til *Nonsmyra* i seinare tid. Ola Gjendem opplyser at det er torvholer i området. Han fortel òg at far hans sa at ei elv «lonsa» når ho gjekk i svingar.

Ikkje langt unna har ein *Storhaugen*. Litt lenger nede har ein *Storsteinen*. *Litlemyra* låg tett nord for der *Hatleliblokka* no er.

Irene Helseth omtalar namnet *Grua* i sær oppgåva si i norsk i vidaregåande skule 1993/94. Her var ei oppmura grue som turfolk kunne bruke. Helseth har fått opplysningar om at det frå først av var dei som skar torv til brensel som hadde ei grue der dei koka seg kaffi. No blir *Grua* brukt om skiløypa som kjem ned her. Namnet blir altså brukt om eit langt strekk. Namnet *Gløsa* fortel at det er ein utsiktsstad. Å gløse har fram til våre dagar vore eit vanleg ord for å skode, stire. I mange romsdalsbygder finn ein namn som *Gløshammaren*. Kona på *Lingeplassen*, Marie Linge, pla gå hit for å sjå etter buskapan. Ho hadde då utsyn over mesteparten av *Moldedalen* og *Botman*.

Til *Amtmannsreset* er det ein av amtmennene som har fått festa namnet sitt.

Myrsletta er ei slette der det er myrlandskap. Truleg er det tjørnhjell som løyner seg attom førsteleddet i *Hjellmyra*. Dei tala før i tida om å «brenne hjell» for å utvinne tjøre. Sør for myra

er *Hjellmyrnakken*. Lenger mot sørvest har ein *Høgnakken*. Her har ein fått busetnad.

Andreas Mausest trudde det hadde brunne på *Brenslehaugen* ein gong, fortalde Sverre Gjendem. *Fuglsetbekken* kjem frå *Fuglsettjønna*. Bekken har visst òg vore kalla *Uraelva*. Ein har namn som *Fuglsetlia*, *Fuglsetnakkan* og *Fuglsetreset*. Eit res er høgaste delen av ei høgd. Ordet har samanheng med å rise, reise seg, stå opp.

Ei gammal, grov tolle som no er tørr, heiter *Jens-Guri-tollå*. Ingen veit lenger kven denne Jens-Guri var. Helst var ho dotter til ein Jens. Segna seier at då ho forstod at ho skulle ha barn, hengde ho seg i dette treet. Så har heile området kringom fått namnet *Jens-Guri-lia*. Jens-Guri-tollå er også byttolle. Bytet mellom *Fuglset* og *Øverland* går frå tolla til toppen av *Såtå*. (Sjå Sverre Bolsønes sin artikkel «Fuglset» i RSÅ 1995).

Det er vanskeleg å forstå namnet *Jotarliskaret*. Ei li ser ut til å ha heitt *Jotarla*. Ovanfor *Fuglset* har ein *Holå*, *Holelia* og *Holbakken*. Under 2. verdskrigen vart det arrangert eit skirenn som dei kalla *Holarennet*. Dette heldt fram ei tid etter krigen. Lenger austover har ein namn som *Litlereset*, *Grasskaret*, *Steinskaret* og *Steinskarhaugen*.

Tøndergardsbekken kjem ned gjennom *Elvaskaret*. Namnet *Elvaskaret* fortel at han òg må ha vore kalla *Elva*. Her kjem tendensen fram med at bekker og grøver kan bli kalla elv. Det er eit kystfenomen på desse kantar.

Stakknakken fortel nok at her har vore høystakkar. Staden der ein stakk stod, kalla dei for stakkstøe. Der stod stakkstonga heile året.

Hauglægda er ei lægd i ein haug. Ei lægd, gno, lægd f, er eit søkk oppi ei bratte. No har namnet vorte vegnamn, og ein ser at vegnamnet har vorte *Hauglægda*. Best hadde det vore å halde seg til ordlisteforma lægd. *Moldegårdssetra*, eller *Moldegårdsstølen* som det òg har stått på kart, vart nedlagd føre 1800 (*Bolsøyboka* IV, s. 49). *Setra* låg på haugen vest for skyttarhuset i *Moldedalen*. Husa var vekke i barndommen til Ellen Anna Mausest. Ho var mor til Andreas Mausest og fødd i 1841. Ho setra på *Fuglsetsetra* på haugen i søraust, på andre sida av elva. *Bolsøyboka* opplyser at denne setra vart nedlagd 1870-80. Grunnen skulle vere at dei ville levere mjølk til byfolket. Mausest hadde fortalt at her var seterbu og fjøs samanbygd. Dei bar ned mjølka kvar morgon. Det var inga ysting den tida mor hans var setertaus.

Øverlandssetra skal ha vore nedlagd før 1850. *Tøndergardssetra* er nemnd i 1723. Ho vart truleg nedlagd før 1850.

Nøisomhedsetra låg på nordsida av *Bergsvatnet*.

På amtskartet frå om lag 1880 er *Øverlandsvatnet* kalla *Tøndergardsvatnet*. Det viser at dette namnet på den tid var noko i bruk. Teppinga (demninga) i vestenden har vore kalla *Øverlandsteppinga*. Det gamle ordet tepping har i våre dagar tapt i tevlinga med demning. Ved vatnet er hytta som byfolket kallar *Damvokterhytta*. Ho vart bygd i samband med at Molde fekk sitt første elektrisitetsverk i 1910. I 2009 vart hytta restaurert av Moldemarkas Venner. *Bergsvatnet* er relasjonsnamn til gardsnamnet Berg. Ein skulle tru at første delen av namna *Bårdsdalen* og *Bårdsdalsvatnet* kjem av mannsnamnet Bård. I 1661 er Baard Leergraauig leiglending i Leirgrovvika (s. 10 i Rumbdals Jordebog, utgåve frå 1969). Det kan vere denne gardbrukaren som var fødd kring 1615, ein har i namna.

Grastjønna ligg nordvest for Bårdsdalsvatnet.

Elva frå Bergsvatnet til Øverlandsvatnet er *Bergsvasselva*. *Seterelva* renn ut frå Øverlandsvatnet. *Moldeelva* som kjem frå *Moldevatnet*, renn ned gjennom Moldedalen. Sverre Gjendem skriv: «*Moldedalen/Molldalen*. Alm. brukt til denne dag. Strekker seg fra sjøen til Moldevatnet.» Her ser ein utstrekninga av dette namnet, og at den gamle uttalen utan komposisjonsvokalen e, og med tungeslag mot ganen av l (palatalisering) har vore brukt fram mot vår tid. Dette er framleis uttalen i bygdemåla i alle namn som har Molde som førsteledd. Allereie i 1520 hadde ein fått denne uttalen, for i tiendeskattemanntalet frå dette året finn ein Gulbrand paa *Molle*. Denne forma finn ein mange gonger i dei neste hundreåra. Når det gjeld elva, kan ein undrast på om ho langt attitida har hatt eit namn med stommen *mold. Elvenamnet har så ført til namnet på garden ved utlaupet og det som seinare vart by. Tydinga kan vere elva som renn gjennom moldrikt landskap eller fører mykje mold med seg. Det ser ut som Moldedalen er utgammalt relasjonsnamn til elva og ikkje eit nyvore relasjonsnamn til byen. Vest for elva, nedanfor vatnet, heiter det *Moldbakkane*. Ei mindre sannsynleg tolking av Molde er å setje det i samband med eit fjellnamn. Molden er eit 1118 m høgt fjell i Luster i Sogn og Fjordane. Dette fjellnamnet kan vere i slekt med eit angelsaksisk hankjønnsord *molda* og engelsk *mould* med tydinga isse, skalle. Med ei slik tolking kunne ein fjellformasjon nord for byen vere bakgrunnen for namnet.

At ein berre talar om *Elva* eller *Storelva*, fører til at gamle elvenamn kjem vekk. Til dagleg var *Moldeelva* kalla *Storelva*. I ein bygselkontrakt frå 1882 finn ein «*Storelven kaldet*» om elva. Ved Skyttarbanen krokur elva seg fram. Her heiter det *Krokan*. Elvastykket heiter *Kroknelva*.



Den gamle demninga på Moldevatnet. (Gjenstad/Romsdalsmuseets fotoarkiv 14186)

Vasslihaugen sør for Moldevatnet fortel at lia her må ha vore kalla *Vasslia*. *Trongstien* går på austsida av Moldevatnet. Dette er ikkje noko uvanleg namn her i kommunen. Jambfør same namnet sør for Langvatnet. Ivar Aasen skriv om ordet *trongstig* i ordboka si: «Klemme, Knibe; Sted med en trang Passage.» Han har ordet frå Bergens Stift. Aust for *Moldeelva* har ein *Høgolia* med *Høglihammaren*, *Høglirøra* og *Høglihaugen*.

Truleg har ein pronomenet hin (uttale med lang palatal n) i *Hindalen*. Ein parallell er gjerne når eitt av bruka på Gjermundnes blir kalla *Hingarden*. Kan det vere hin dalen i høve til Bårdsdalen? Er namnet på dalen sær gammalt, kan det vere same utolka førsteleddet som i Hinnøya på grensa mellom Nordland og Troms fylke. Ein kunne òg tenkje på eit gammalt namn på bekken som renn gjennom dalen. Sør for *Hindalen* er *Hindalsrøra*. Baklia frå røra og ned mot *Hindalen* heiter *Hindalslia*.

Nord aust for Øverlandsvatnet har ein *Kråkegullberget*. Med kråkegull er meint glimmer. Eit meir vanleg ord i distriktet er gjerne kråkesølv. Elles kan ein nemne teigen *Moldedalsteigen*. På austsida lenger nede har ein *Seterteigen* ved *Skyttarbanen*.

Kvitura og *Kviturlia* finn ein på vestsida av Moldedalen. Andreas Maset sa til Sverre Gjendem at det var *Kvitura* som var sagt kring 1880. Gjendem skriv også: «Min tante oppvokst i *Moldelia*, utvandret til USA i 1909 var hjemme i 1949 mente at navnet var *Kvithammaren*. Dette kan være riktig da det ikke er ur å se, men hamrer med silikater.» Som ein ser har det vore sagt både *Kvitura* og *Kvithammaren*.

Såtå meinte dei nok minte om ei høysåte. *Skolmelia* er eit uvanleg namn på desse kantar. I ordbøker ser ein at *skolme* kan vere å skilje frøa frå belgen. Kanskje namnet fortel om dårleg beite der graset fell tidleg. Men i dei same ordbøkene ser ein òg at «å *skolme*» kan bli brukt om krøter som skil seg frå flokken. Kanskje somme dyr i buskopen oppi her ofte stakk av frå flokken til stor plage for

gjetarane. Men innvendinga mot ei slik tolking er at dette er eit uttrykk som iallfall i nyare tid knapt kan ha vore brukt i talemålet på desse kantar. Den mest sannsynlege tolkinga finn ein nok i det som Øystein Frøysadal skriv i «Namn i fjellet» (1968) i artikkelen «Fjellnamn i Hordaland og Sogn og Fjordane», s. 79. Han skriv: «Eit fjell i Haus heiter Skolmena, og Skolma kallar dei ein topp i Davik. Hokjønnsordet skolm tyder kløft, opning, og vert nytta nedsetjande om munnen: «få skolma i gang». Elles vert det brukt om fruktbelg og frøhus, på gamalnorsk om grein, og kvist av noko som er kløfta. Verbet skalme er det same som å skreve, skalma på islandsk tyder å gå med lange steg. Opphavleg er det altså noko som er kløyvd i to delar, spalta. Når det gjeld Skolmena, er det nok kløftene på begge sider av fjellet som er opphav til namnet. På Hareid finst òg Skolma med den fæle Skolmeklova. Folk som budde under dette gjelet, hadde alltid vore redd det skulle styrte i sjøen, for da ville bølgiene sope vekk gardane. Til sælebotsgåve sende derfor fiskarane noko av avdråtten til St. Jørgens hospital i Bergen. Skolmi i Bruvik er ei skiferhelle som flikjer, slik at det er opning mellom ho og berget.» Truleg er det kløfter i fjellet her nordaust for Molde som har ført til namnet på lia.

Hellefjellet er ei høgd med mykje heller. Con Mowinckel fortalde i 1970-åra til Ole Gjendem at ein i gamle dagar kunne høyre at bjørnen i mørke kveldar fór og labba oppi her. Det var hellene som bikka når han kom luskande, og desse smellane kunne ein høyre.

Tussen er eit gammalt vetefjell. Kanskje det var siste gongen veten brann då engelskmennene gjekk til åtak på Kristiansund i 1808. Segna seier at ein då kunne høyre kanondunderet heilt utpå Fannstranda. Iver Olsen Bergsgjerdet hadde fortalt om då bodstikka kom og han sleppte det han hadde i hendene og la i veg for å gjere si plikt som vetevakt. Det var nok vaktstove på toppen. (O. Olafsen i RSA 1922.)

På amtskartet frå om lag 1880 vart namnet skrive Tusten. Mange trudde dette var rett, og at ein hadde med tust (stav) å gjere i dette namnet. Denne forma har vore mykje brukt både i skrift og tale. Avisene skriv framleis Tusten, sjølv om ein no har fått Tussen på karta. Bakgrunnen er at det dei siste tiåra har kome sterke krav både frå Fannstranda og Malmedalen om å få tilbake den gamle skriftforma i samsvar med uttalen i desse bygdelaga. Dei har òg dativforma (oppå Tussa). Karl Hovland på Strande (1895-1993) stridde hardt for å få att det ekte namnet Tussen.

I ei fråsegn frå Fræna sogelag i Romsdals Budstikke viste dei til at Tussen er skrivemåten

i grensegang mellom Bolsø og Frenen sokn 1807-1808, og at gamle utskiftingsdokument frå Malmedalen bruker Tussen. Det er heller ikkje mykje ved fjellet som minner om nokon tust (stav) der det så ruvande ligg.

Ein må også nemne at Tussan (fleirtalsform) er namn på fjell både mellom Batnfjorden og Eide og grensefjell mellom Halså og Surnadal kommunar. Skjeret Tusshælen som stikk opp innmed land i Tussvika mellom Årnes og Sjøflot på nordsida av Surnadalsfjorden, er nok heller ikkje hælen til ein litenvoren kar. Kanskje det har gått gale då han skulle skreve over fjorden.

Det må vere det gno. ordet þurs/þuss m. ein har med å gjere. Ordet vart langt attitida brukt om stortroll. Kan hende dei tenkte seg desse trolla som uhorvelege steingjengne skapningar. Ein veit frå segnene at slike kroppar ikkje tolde solljos på seg. Kom dei seg ikkje inn i berget før sola rann, vart dei til stein. Asbjørn Lillevik opplyser at frå Bolsøya ser konturen av Tussen ut som ein stor mann som ligg «att á bak» (på ryggen). Denne tussen har endå til ei vorte på nasen.

I gudelæra høyrer ein også om rimtussar. Tussane heldt til i fjella og var fiendar av gudar og menneske. Dei skal ha vore store og farlege. Ein rekna dei som ein fæl art jotnar. I eddadiktinga blir ei jotunmøy truga med at ho skal leve livet saman med ein tuss med tre hovud (Det er i seinare hundreår ein somme stader har teke til å bruke tuss og tusskall om små underjordiske).

Då tunnelen gjennom fjellet for ein del år sia var ferdig, vart den då 95 år gamle Tilla (Otilie) Håseth i Malmedalen intervjuet av Romsdals Budstikke. Ho fortalde at i rått ver med ein viss vindstyrke frå ein spesiell kant, kan det kome eit forferdeleg ul frå ei grov i eit gjel litt vest for toppen. Tilla minstest godt første gongen ho høyrde det. Ho var på veg borti fjøsen tidleg ein morgon. Brått kom ulet frå Tusslia. Vatn og sand vart skote ut i lause lufta. Oftast er det om sommaren Tussen finn på dette. Dei gamle sa når dei høyrde dette, at no blir det styggever i tre veker. Dette slo aldri feil. Då Tilla vart intervjuet, hadde ho ikkje høyrte ulet sia 2. verdskrigen. Det er såleis ikkje daglegdags at Tussen lèt høyre frå seg. Ein skal ikkje sjå vekk frå at ulet var ei medverkande årsak den gongen fjellet vart heitande Tussen ein gong langt attitida.

Ein har relasjonsnamn som *Tusshammaren* og *Tusslia*. Frå den litle *Tussdammen* kjem beken som blir kalla *Tusselva*. Når ein no har fått namnet Tussentunnelen, er dette ein unaturleg samansetningsmåte med bunden form av førsteleddet. Det er ein parallell til Skålahalvøya. Her

skulle det heitt Skålhalvøya, for det heiter Skålvatna og Skålsetra. Desse namneformene med bunden form i førsteleddet er like merkelege som om ein hadde teke til å bruke Bolsøyasundet i staden for det korrekte Bolsøysundet.

I *Blåberget* i Tussen var det ein hoppbakke frå om lag 1930. I gno. kunne blå både ha tydinga blå og mørk/svart. I rett gamle namn kan såleis blå tyde mørk, nærast svart.

Leirgrovviksetra var i bruk i 1930-åra som mjølkeseter. Garden hadde hatt ei seter tidlegare. Sverre Gjendem skriv at husa var borte på Mauset si tid. Her må det vere den gamle setra det er tale om. *Leirgrovvikbranthaugen* er truleg minne om ein brann. I somme namn kan ein få forma brant i staden for den opphavlege brann. Lenger aust i Tussen har ein *Brenthaugen*. Lenger nede er *Småriset* og *Slettbakkan*. Ris er gno. hrís 'kvistar og greiner' (kjerrar).

Bjønنالoshaugen må vere eit minne om ei bjønna jakt.

Haukarheia er eit fjellområde. Det var nok så vanleg at slåttafolket i fjellet hauka til kvarandre. Somme kunne å *klingerhauke*. Når ein flytta til seters, pla dei hauke før dei kom fram til setra. Såleis kunne huldra få tid til å kome seg ut av seterhusa. Som ein veit hadde ho halde til der i vinterhalvåret. Ein har òg *Haukarheilja*.

Fannbostadmyra har nok høyrte til den gamle garden Fannbostad.

Bakliholå er eit namn som ein også finn i gamle dokument på ein stad i baklia ned mot Hindalen. Etter 2. verdskrigen hadde idrettslaget Rival hoppbakke her ein del år. Då tok folk til å tale om *Husliholå*. Grunnen var at mange visste at Huslia var næraste busetnaden. Ei bakli er ei li som vender mot nord, frå sola.

Nord for Bakliholå har ein namnet *Løtuftvadet /Løøftvae/*. Dette er då eit vad ved tufta etter ei høyløe. I nærleiken har ein *Storsteinglennå*. Dette var ei glenne, gno. glenna 'open plass i skogen'. Ein stein her vart truleg kalla Storsteinen. Ovanfor Berg finn ein *Bergsnakken*. Lenger nord støyter ein på namnet *Skjøljarmyra*. Førsteleddet har med skilje å gjere. Her skilde nok gjetarane dei forskjellige buskapane frå kvarandre om kveldane før dei skulle mjølkast.

Gjerdhaugen har helst fått namn etter Bergsgjerdet, eitt av bruka på Berg.

Soga til garden Fannbostad er slutt. Men garden er gammal. I førsteleddet har ein nok fjordnamnet. (Sjå Ola Stemshaugs artikkel i RSÅ 2001.) Bolsøyboka opererer med namnet *Fannbostadåsen* på åsen ovanfor garden.

Råkhaugen er i dag eit kjent namn i *Nordbyen*. Namnet fortel om eit råk, ein stad der krøtera vart jaga. I gno. har ein ordet *klaufrák*. Reka var i gno. ordet for å jage. I det som no er *Nordbyen*, var det ein stor stein som heitte *Storsteinen*. Edvard Mortensen fortalde at han mang ein gong kleiv opp på denne steinen for å lyde etter kvar krøtera var. Ein høyrde kubjølla betre når ein kom litt opp frå bakken.

Ovanfor Eikrem har ein *Eikremslia* og *Eikremsnakkan*. *Nyseterskaret* minner truleg om den siste setra til Eikrem. Bolsøyboka fortel at Eikrem har hatt to setrer.

I teksten er det brukt namneformer som Trongskaret, Trongstien, Litlereset, Gongskaret og Brautin. Det er slik at mange gamle språkdrag overlever betre i stadnamn enn elles i talemålet.

Endinga –a i bunden form av svake hokjønnsord er brukt i stadnamn nærast byen, t.d. Grua. Lenger unna er brukt bygdemålsformer som Såtå, sjølv om byfolket seier Såtå.

Sverre Gjendem skriv i sitt notat at han intervjuar Andreas Mausset, f. 1869, om stadnamn. Mausset som då var 80 år gammal, hadde som gutunge vore gjetar på Moldegård. Seinare hadde han vore kjentmann under grenseoppgangar for Moldegård. Gjendem hadde sjølv fått vite mykje av bestemor si, Ane Gjendem, f. 1846. Ho var husmannskone i Moldelia. Likeins hadde far hans, Johan Gjendem, f. 1883, fortalt han mangt. «Begge disse var interesserte og omtalte ofte lokalt navn» seier Gjendem.

På austsida av byen har Edvard Mortensen og Ole Henden gjeve informasjon om mange namn som få kjenner i dag. Ole Gjendem som kring 1970 sette stadnamn på kartblada i M 1 : 5000 (Økonomisk kartverk), gjorde eit godt arbeid.

I byen har ein foreininga «Moldemarkas Venner». Men kjennarar av bykulturen seier at nemninga marka i tidlegare tider ikkje vart brukt om området nord for byen. Dette var for meg uventa å høyre. Andre stader i Romsdalen talar ein om marka når det gjeld utmark (det som ikkje er kultivert). Det kan både vere skogs- og myrområde. Ein talar om at krøtera går «i markjin» når dei ikkje beiter på innmark. I ordbøker finn ein at mark er utmark, oftast med skog. Sjølv sagt kan det òg vere jordoverflate (vokster) grunn, bakke. I gno. hadde ein mørk om skog, eigentleg grense(land). Eit gammalt, men ikkje uvanleg gardsnamn, er Mork.

Ein skulle tru at den tida ein hadde husdyr der byen no ligg, tala ein om marka når det gjaldt områda ovanfor busetnaden. Her kan ein ta med at Bymarka er eit område vest for Trondheim. Dette var truleg der byfolket hadde beite for husdyra sine.



Fuglset 1969 med Bolsønes Verft på Fuglsetneset i framgrunnen og Øverlandsvegen som ein svart strek på den snødekte marka. Tøndergarden t.h. med Knausen i skogholtet bak. (Widerøe/Romsdalsmuseets fotoarkiv 142359)

Fuglset

Denne garden er gnr. 26. Det er noko uvisst kva for fugl som løyner seg attom gardsnamnet *Fuglset*. Kanskje er det storfugl. Bakgrunnen kan vere at det var mykje fugl på staden. Men bakgrunnen kan òg vere eit gammalt namn på *Fuglsetbekken* med fugl i seg. Ein stein med runeinnskrift vart funnen ovanfor Frænavegen. (Han kan ha vore brukt som garnstein.) I Aslak Bolts jordebok finn ein at Jorunn Bjørnsdotter betalte ½ markebol i Fuglset for hor kring 1430. Ein finn ingen skattebetalar på garden i 1520.

Også når det gjeld Fuglset er strandlina no mykje forandra. Det er heller ikkje mykje som minner om det gode området for jordbruk. Der *Fuglsetholmen* var, er det no utfyllt. På eit handteikna kart frå 1865 har han namnet *Nilsholmen*. Namnet kan vere etter Nils E. Fuglset (1836-1920). *Nilsvøren* har truleg same bakgrunnen. Jon Helge Indbjør skriv i eit notat om korleis dei lærte å symje i 1950-åra m. a. dette: «Badeplassen vår, Nils-voren, lå like ved Fannestrandsveien nedenfor østenden av området *Felleskjøpet* ligger på i dag. På Nils-voren lå det en bunkers fra krigens dager som vi brukte som omkleddingsrom, og solplass på taket. Like vest lå Rottedungen (byens avfallsplass), derfra kom

det mye rart flytende. Heldigvis lå det et belte av tang mellom dungen og badeplassen. Den beskyttet oss.» I våre dagar er det eit pulserande byområde der vøren og bunkersen låg. Namnet *Bunkersen* fungerte nok også som stadnamn i næraste området. Bunkers er eit ord med fleirtalsform. Opphavleg tyder dette engelske ordet 'stor kolkasse'. Men så er det brukt om rom for brensel (kol og olje) på skip. Det er gjerne her fleirtals s-en har kome inn i ordet i somme målføre. Så var det slik at bunker frå 1. verdskrigen har vore brukt om militært rom som er særst godt verna mot prosjektil og bomber som t. d. blokkhus eller underjordisk betongrom.

Fuglsetneset var eit nes med eit småbruk. I dag er det ofte tale om *Bolsønes-området*. Bakgrunnen er at Nils Bolsønes flytta skipsverftet sitt frå Bolsøyneset på austenden av Bolsøya til Fuglsetneset. Namnet vart *Bolsønes verft*. Så vart det ofte sagt Bolsøneset også om sjølve området (neset).

Det vart tala om *Moldegårdsbytet* om bytet mot Moldegård, og *Øverlandsbytet* om bytet mot Øverland.

Namna *Hermetikken*, *Garveriet* og *Dahlkaia* fortel om tidlegare tiders næringsverksemd i Fuglset-området. Andre namn på hus var *Ryehuset*. Det kjøpte familien Rye og dreiv butikk der. *Vistdalshuset* var eit hus som var kjøpt i Vistdalen og sett opp att her.

Urabakken kalla dei ein liten bakke på vegen. Bakgrunnen er at Knut Pedersen Uren frå garden Ura vest for Hjelset budde nedanfor vegen her i siste halvdel av 1800-talet. Det var visst òg slik at dei kalla bustaden hans *Ura*. Dette var ei uvanleg namngjeving den tida. Det vanlege var at folk fekk namn etter staden dei flytta til. (Dette er der Røshol seinare hadde kolonialbutikk.)

På Fuglset har ein bruk med namn som *Solbakken* (bnr. 3), *Bakkely* (bnr. 15) og *Vårtun* (bnr. 16). *Lunheim* var eit småbruk som vart skilt ut frå Einen i 1911 til Olaf Aslaksen Eikrem.

Forstassistent Sam. Sandved frå Rogaland (1850-1895) bygde sveitsarvillaen *Villa Breidablik* på Fuglset i 1888. Huset som låg 150 m ovanfor Fannstrandsvegen, brann ned i 1928. Nytt hus med annan utsjånad, men med same namnet, vart sett opp på murane. Breidablik er eit nokså vanleg namn. Det er same namnet som på bustaden til guden Balder 'det breie bliket' Gno. blik n. var glans eller det som blenkjer. Mange stader kan *Bliket* /*Blekje*/ vere namn på eit berg som det blenkjer i når sola skin, eller det er vått. Namnet *Breidablik* på Fuglset er gått ut or bruk. (Les om villaen og eigarane i ein artikkel av Bjørn Austigard i Romsdalsmuseet Årbok 2007.)

I *Kvenna* mol Nils Fuglset på bnr. 1 det han trong på garden. Det var ikkje vatn anna enn i flaum. Kverna vart lagd ned kring 1916. Andre bruk hadde kvernhus lenger nede.

Bolsøyboka II nemner *Sjøledet* som var eit led på *Sjøvegen*. I same boka les ein òg om eit skifte frå 1784 der Ole Andersson Fuglsetbøen er nemnd. Dette viser at ein har hatt stadnamnet *Fuglsetbøen*. Det var ein stig som gjekk ned til *Fuglsetnausta*. Her var det dei gjekk når dei skulle nå kyrkjebåtane som frakta dei over til Bolsøya i tida før ein fekk kyrkje på Røbekk. Stigen skal ha vore kalla *Brurastien*. Namnet fortel at mangt eit brurafølgje fór her. (Ei kvinne som hadde flytta til Kristiansund opplyste dette kring 1960.)

Gjerdbakkan /*Jerbakkanj*/ var bakkar. *Torsteinbakken* /*Tåsteinbakkjinj*/ og *Torsteindammen* har visst namn etter Torstein Fuglset. Det siste var ein oppdemd dam for vatn til drivkraft. Likeins var *Roald-dammen* ein liknande dam for Einen. (Roald er familienamnet til eigarane.)

Fuglset hadde ikkje så mange plassar. *Henrikaplassen* var ein plass der ei som heitte Henrika må ha budd. Det var òg to plassar som heitte *Haugen* og *Hjertøyplassen*.

Den gamle *Fuglsetskulen* som vart bygd i 1897, stod ved Fannstrandsvegen nord for Nilsholmen. Bygningen vart selt då ein fekk ny skule ved

Frænavegen midt på 1930-talet. *Fuglset skole* var folkeskule, men ei tid i 1950-åra var det òg framhaldskule her. Skulen vart nedlagd i 1980-åra. I 1990 vart han riven.

Granlia er i dag eit bustadområde. Namnet er ikkje så gammalt. Det er nok teke frå Bjørnson si bondeforteljing. Namnet blir no mykje brukt. Her var òg ein stad dei hoppa på ski i 1950-åra, fortel Dag Skarstein. Bakken vart kalla *Magnaren*. Det var truleg etter grunneigaren Magnar Fuglset. Bustadadressa *Solbakken*, ikkje langt unna, har nok òg bakgrunn i Bjørnsons bondeforteljing Synnøve Solbakken.

Når det gjeld skibakkar, kan ein ikkje gløyme *Torleifen*. Bakgrunnen for namnet er at det kring 1. verdskrigen i dette området budde ein familie frå Telemark. Ein son som heitte Torleif, var ein betre skihoppar enn andre, og skibakken fekk namn etter han. Her vart det arrangert skuleskirenn for heile Bolsøy kommune i 1950-åra. Her var bakkar både for hopp, slalåm og utforrenn. Sjølv om det no er få som veit ættenamnet til Torleif, har ein i våre dagar fått det kommunale vegnamnet *Torleifvegen* her i nærleiken.

Det heiter *Holå* her. Bruket i området har namnet *Rosenlund*. Ein forstår det ikkje er noko gammalt namn. Det har fram til no vore drive på vanleg måte. Det har vore eit særstyt sjå hesjer i det som for lengst har vorte byområde.

Utover på 1900-talet tala dei om *Fuglsetbygda*, opplyste Sverre Bolsønes i ein avisartikkel. Ingen gjer vel det lenger.

Øverland

Det er berre nokre *land-gardar* i denne kommunen. Gnr. 27 *Øverland* ligg noko høgt. Det er i det heile få land-gardar på Nordvestlandet. Om lag 80 % av alle land-gardane finn ein i Agder, Telemark og Rogaland. Her i kommunen har ein visst som i Rødven hatt både *Øverland* og *Nerland*, for i Kristian 4. sitt skattemanntal for 1596 finn ein både *Offuerlandt* og *Neerlandt*. Innhaldet i land har nok vore jordstykke. Når ein har ubunden form, fortel det om gamle namn. Stort sett reknar ein med at dei fleste land-namna har vorte til i tidbolken 600-1000 e. Kr. Truleg er ikkje namn som *Nerland* og *Øverland* av dei eldste. Diktaren Arnulf *Øverland* har namnet sitt frå denne garden. Bestefar hans var smed.

Bnr. 3 er *Einen* med uttalen /*Eininj*/ den gongen for om lag 100 år sia då NG vart laga. Slik er uttalen



Frå Tøndergarden 1962. Småbåthamna er påemna, men utfyllingane er ikkje komne i gang. Fannstrandsvegen nesten nedi fjørresteinane. Tøndergarden og Knausen bak t.h. (Widerøe/Romsdalsmuseets fotoarkiv 80591)

også i dag på landsbygda i kommunen. Men slik er det ikkje i bymålet. Sjølv i 1962 skreiv byhistorikaren Niels de Seve i «Molde Bys Historie I» s. 348: «Plassen ble hetende Einin, etter de einene som før hadde vokst der, men navnet ble skrevet Enen og etter hvert uttalt slik av alle.» Historikaren tek vel hardt i, men ein høyrer oftast den skriftbaserte uttalen Enen, som avisene også bruker. (Bymålet har tydeleg diftong i trenamnet eine.) Einen var som ein har sett plassnamn på Mek. Bnr. 2 på gnr. 66 Nes i Kleive heiter Einen /Eininj/. Det er bruksnamn aust for Åfarneset (Allfarnes) i Rauma kommune, på Vestnes og på Tingvoll. I Fjaler i Sogn og Fjordane er det gardsnamn. Sjølv om namnet har eintalsform, må bakgrunnen vere fleire store tre som har vore på staden. Ein parallell er Hatlen. *Einabakken* var ein liten bakke på vegen nedanfor bruket, fortalde Edvard Mortensen. Men det var òg husmannsplass. Husmennene *Ola Einabakken* og Knut Uren er nemnde i ei jordskiftesak frå 1867-68. *Einaplussen* og *Ørjaplussen* var husmannsplassar på det som seinare vart innmark på bruket. (Ørja er mannsnamn.) Myra *Stormyra* vart òg seinare innmark.

Ein av dei som fekk tak i innført korn i 1773 etter naudsåra, var Ole Øverlandsgjerdet. Eit bruk på den tida var altså *Øverlandsgjerdet*. Frå først av må det ha vore eit krøtergjerde.

Det er ein skule på området til bruket. Først hadde ein det naturlege namnet *Einaplussen skole*. Men så slo kommunestyret fast at ein måtte få eit «finare» namn. No heiter han *Enen skole*. Så har ein Enenvegen. Å forstå kva det siste namnet kjem av, er ikkje lett for framande.

Tøndergarden

Som tidlegare nemnt ser det ut som gnr. 28 *Tøndergarden* først heitte *Nerland* (skriftbelegg frå 1596). I skattemanntalet for 1611 er ein Peder thønder med. (Bolsøyboka II, s. 265f.) Han er truleg føregjengaren til Hans Tønder som er nemnd som ein av «Ødegaardsmændene i Fanne Otting» i 1633. Det ser ut som det er på 1600-talet overgangen frå *Nerland* til *Tøndergarden* gjekk føre seg. Så seint som i 1620 er ein som heiter Anders *Nerland* nemnd. Våningshuset som framleis står, er bygd i 1790. Det vart freda i 1923. Eit stabbur står òg att. No er desse husa innringa av nyvorne bustadhus.

Den oppgjevne uttalen i NG er merkeleg nok /Tynnjergaren/. Ein kan undrast på om dei sa det slik for 100 år sia. Så langt som skrivaren veit, har familienamnet vore uttalt Tønder både i byen og i bygdene. No ser ein på s. 400 i NG at bruket

Tøndergarden i Stangvika på Nordmøre også har den uttalen som er oppført som uttalen av gardsnamnet aust for Molde. Denne uttalen stadfestar Hans Hyldbakk i bygdeboka for Stangvik. Forfattaren av NG har gjerne trudd at uttalen var den same her i Bolsøy òg. Men uttalen har vore /Tøndergar'n/. No har det vorte vanleg i bymålet å seie *Tøndergård* /Tøndergår/. Avisene skriv alltid Tøndergård. Men frå gammalt sa dei Tøndergarden, men alltid Moldegård.

Det var ein plass nord for husa «på Tøndergara». Han vart kalla *Grovan*. Her budde «Per i Grovå». *Tøndergardsbekken* kjem ned mellom Tøndergarden og Retiro.

I *Tøndergardsfjorå* har ein no i mange år hatt *Småbåthamna*. Mange bruker vel no forma havn i talemålet sitt.

Konsul Christian Johnsen frå Kristiansund døypte landstaden sin for *Buen Retiro*. Han kjøpte 60 mål udyrka mark frå Tøndergarden i 1873. Året etter vart hovudhuset sett opp. Truleg har han lånt namnet frå Madrid, for der var El Retiro eller Parque de Madrid. På 1500-talet var namnet der Parque del Buen Retiro. Det blir no berre sagt *Retiro* om staden på Fannstranda. Namnet har med å trekkje seg attende å gjere. Dette er ein del av Tøndergarden lengst aust. Det vart sagt at det spøkte i den staselege *Retiroparken*. Somme hadde sett ein kvinneskapnad. Parken vart rasert av orkanen 1. nyårsdag 1992. Det var ein fin dam i parken som på folkemunne heitte *Atlantehavet*. No for tida ser ein i avisene at det som her før var park, no blir kalla *Retiroslogen*.

Villa Knausen som namnet vart skrive, er bnr. 3 under Tøndergarden. Dette var òg frå først av feriestad. Seinare vart det pensjonat og hotell i mange år. Ein seier berre *Knausen*.

I seinare år er det laga bukter der folk kan bade ved Retiro. Ein kan høyre somme nemner *Urinbukta*. Namnet fortel noko om vasskvaliteten.

Lubbeneset var nok før i tida eit meir markert nes enn no. Den gamle uttalen var /Lubbenæse/. No er det mange som seier Lubbenes i ubunden form. I 1796 er «Lubbeness» nemnd som husmannsplass. Truleg er namnet på sjøelve neset mykje eldre. Lubbe kunne i gammal tid vere namnet på ein tjukk, rund fisk. Når ein har namn som Aurneset etter fisken aure, kunne bakgrunnen her vere at det var fin, rund fisk utanfor neset. Ei anna tolking kunne vere det lubne neset, altså det runde neset.

Frå først av var både Lubbeneset og dei to plassane som vart kalla *Myra*, husmannsplassar. Tollkasserar Bull vart eigar i 1790-åra. Venen, hospitallege Mathias Goldt, overtok og oppførte i

1797 eit svært staseleg våningshus som fekk namnet *Nøisomhed*. Området her som er ein del av garden Berg, var 40 mål og hadde vore «2 de uskyldsatte Huusmandsplatser Myren kaldet». (Bolsøyboka II, s. 280.) Namnet Nøisomhed skulle truleg fortelje at her levde herren eit nøkternt liv på landet. Men i røynda var det sjølvsgagt eit liv i overflod samanlikna med livet til dei som sleit for føda kringom på plassar og småbruk.

Bekken som vart heitande *Nøisomhedbekken*, kjem ned her. Tett etter 1770 vart det bygd arresthus her. Dei meiner det stod like vest for Nøisomhedbekken. Arrestforvararen tok vatn i bekken. Mang ein fange har altså drukke seg utørste av vatn frå bekken. I dag renn han delvis under jorda.

Berg

Mykje tyder på at den første busetnaden på den eldgamle garden *Berg* (gnr. 29) låg der det heiter *Gammel-Berg*. Her er òg namnet *Slipsteinsletta*, men det namnet er sjølvsgagt frå langt nyare tid. Det er tre gardar i kommunen som heiter Berg. Gardsnamn som er einstavingsord i ubunden form har jamt over høg alder. Gno. berg n. kjem av eit gammalt germansk *berga med tyding 'høgde'. I norske namn er berg primært knytt til berggrunn eller høgde med nake berg.

Når ein kjem fram til kring 1430, ser ein i jordeboka til Aslak Bolt at Peter Arnbjørnsson gav 1 øresbol «af Berge» til herr Eskil. Kan hende det var for at presten Eskil skulle lese sjelemesser over han kvart år på dødsdagen? Ein finn ingen skattebetalar i 1520. Det kan ha vorte øyde. I 1596 er brukarane Jon og Thore. Ved kvegskatten i 1657 er det 4 brukarar på garden. Den eine hadde berre ei ku, ein sau og ei geit. Det var skysstasjon på Berg.

Øvre Berg er i dag eit område av Berg. Ein kan vel kalle *Bergmo* for ein bydel no. Dette er eit nylaga, konstruert namn som alltid blir brukt i ubunden form. Hadde namnet kome til på vanleg måte, hadde det vorte Bergsmoen. Men namnet har slege god rot i daglegtalen.

Langskjæret er eit namn som står på hamnekartet over Molde. Dette er langt frå sjøen. Nils Brekke meinte det var namn på ei lang attlege. Kanskje det fortel at det her var grunt nedpå berget.

Framover til 1960-talet var det jordbruksland her. Men attlegene kunne brukast til anna enn gras. Edvard Mortensen mintest at han som ung-gut var med og målte då spenstfenomenet Otto Berg



Kviltorp med Annekset sommaren 1885. Oppe i bakkane t.h og t.v. for flaggstonga, skimtar me husa på den gamle Fannbostadgarden. (Lindahl/Romsdalsmuseets fotoarkiv 08068)

(f. 1906) hoppa 7,90 m i lengde utpå ei attlege her i eit treningshopp. (Som ein veit, tangerte Berg verdsrekorden i lengde utan tillaup.)

Lundseng var husmannsplass frå først av. Den første husmannen dreiv fjordfiske og anna arbeid. Det var Hans Andersen som kjøpte plassen, og truleg la på namnet som ein ser av den ubundne forma, ikkje kan vere gammalt. Av Bolsøyboka ser det ut som det første namnet var *Holå*.

Bergsnakken er nakken ovanfor garden. *Bergsbakken* /Bærsbakkjinj/ var bruk og område. *Brattåsen* er kan hende eit nylaga namn. Mange har dette namnet som adresse no. *Bergsgjerdet* var frå først av husmannsplass. Namnet står på amtskartet. Den første som ein veit om på denne plassen var Anders Olsen som var fødd om lag 1786.

Skomakarlassen var plass under Berg. I 1723 er det i NG s. 280 nemnt «Berg med Skomakergierde». Ein kan ta med at ein frå lågtysk hadde fått ordet skomakar. Det hadde avløyst ordet *sútari* m. som var brukt i gno. I Bolsøyboka finn ein at Skomakarlassen ligg opp mot lia. *Skomakargjerdet* som er nemnt i 1723, er truleg buplassen til ein eldre skomakar.

Der det vart heitande *Talsetplassen*, var det Ole Talset frå Talset inni fjorden som slo seg ned. Han dreiv fjordfiske.

Bergsrøra er ei rør, altså ein kant. På *Toreplassen*

budde hjulmakaren Tore. Seinare vart det privat eigedom.

Granly var namnet på eit småbruk. Det var barndomsheimen til presten Nils Brekke. Han fortalde om ein gammal veg som heitte *Gurusbakken*. Aust for vegen var det ei tuft der det låg att noko tømmer. Her voks også ein syrin, minstest Brekke. Tyskarane jamna ut desse tuftene i 2. verdskrigen. Førsteleddet ser ut til å vere eit personnamn med ei alderdomeleg form. *Bergfast* var namnet på bustaden til Brekke. Namnet kan ha ei dobbeltyding. Heimen ligg på Berg, og her hadde han den faste bustaden. Men så kan det vere meint at han som prest og misjonær var bergfast i si tru. Eit liknande namn har ein på ein bustad i Leirgrovvik-området. Det er *Landfast*.

Bergsskjæret var eit skjer nedanfor Berg. No er det utfyllt ut frå land her, og færre og færre veit at her har vore eit skjer. Skjeret er nemnt i Bolsøyboka b. II.

Kviltorp

Forretningsmannen og politikaren Hans Rasmus Astrup (1831-1898) var fødd på Eikrem. I 1882 kjøpte han ein del av Leirgrovvika. Han gav eigedomen namnet *Kviltorp*. Sisteleddet torp hadde

han teke med seg frå si tid i Sverige. Det finst ikkje i nedervde stadnamn her i distriktet. I Sverige har torp i nyare tid vore liten, fråskild gard. Det er opphavleg same ordet som det tyske Dorf 'landsby', og gno. þorp 'gard'. Ein finn det i ein del gardsnamn på Austlandet. Her er det ofte store gardar Dette skulle altså vere ein kvilestad på ein liten gard, i den heimbygda som han aldri gløynde. Ein kan vel seie at det liksom Nøisomhed er eit smålåte namn. Men sanneleg vart det ein staseleg bustad for den aldrande stormannen. Aust for hovudbygningen stod det som heitte *Annekset*. Skrivaren av dette har òg høyrte folk kalle huset *Bårstauå*. (Inngåande informasjon om Kviltorp får ein i Bjørn Austigards artikkel i RSÅ 1982.) Lengst aust i kommunen kunne ein høyre folk før i tida seie Kviletorp. Det er ein meir norsk måte å seie det på.

I dag blir Kviltorp brukt om eit område Ein kan seie det er ein forstad eller bydel. I 1949 vart hovudbygningen ombygd til skule. Ein tidbolk på 1960-talet hadde Molde høgre skule realskuleklassar her. No er det staselege huset rive. På området var Møre og Romsdal husflidskule. I daglegtale vart det sagt *Husflidskulen/Husflidskolen*. Seinare vart namnet *Kviltorp vidaregåande skole*. No er det barneskule her.

Gravkammeret var nede ved sjøen og vart ferdig i 1899. Denne private gravplassen fungerte i om lag 50 år. Namnet *Grotten* har vore brukt. Minnesteinen som stod oppå kammeret, står i dag på Kviltorp skole. Heilt frå han var gutunge, hadde Astrup likt seg så godt nedmed fjøra her. Den tida hadde somme andre ungar kalla han «Lørve-Hans». Han hadde så dårlege klede. (Dette kjem fram i ein artikkel i RSÅ 2001.)

Østersjøen var isdam der dei skar is som vart selt til bryggjeria til kjøling av øl. Ishuset var av stein. Det var altså ikkje uvanleg med skjemtenamn der dei kalla opp att tjørner og dammar etter hav og havstrekningar, jf. Atlanterhavet på Retiro. Eit anna namn på Østersjøen var *Kviltorpdammen*. (Lauritz Lyngstad brukte det siste namnet.)

Campingplassen heiter offisielt Kviltorp Camping ANS.

Kattholå er ein kjend stad. I dag er det mange som seier Katthola. (I bymålet endar bunden form eintal av både sterke og svake hokjønnsord på –a.) Frå først av var det ei myrhole her. Dei tok myr for å blande atti møkja. Bruket Solvang hadde rett til å ta 25 vinterlass myr her, fortalde Edvard Mortensen. Så vart det isdam. Isen gjekk som i Østersjøen til kjøling av øl som vart produsert på Molde. Hola vart seinare brukt til skeiserenning. No eig kommunen området. Det er treningsstiggar kringom her.

Men her var òg ein gong ein husmannsplass. Det var slik at ein som etter kvart vart kalla «John Katthålen», slo seg ned ved tjørna. John kom frå ein stad som heitte Kattholet i Vågå. Så vart området oppkalla og fekk namnet Kattholå. John var ein livleg kar og ein dugande slåstar som med god teknikk kunne bruke både hender og føter i eit dragsmål. Sønene Ole og Søren var dei vidgjetne «Katthol-gåranj». I 1990 opplyste Mortensen at apalen (epletreet) står attmed der stova stod. Han mintest at kona på plassen hadde epla frå treet i ei kiste. Som liten gutunge fekk han smake av epla i kista. I daglegtale vart det berre sagt Plassen.

Leirgrovvika

Denne garden som er gnr. 31, er nok utgått frå *Fannbostad*. Første gongen ein ser han nemnd er i 1661. I 1669 er namnet skrive Leergrowigh. Den delen av bekken som renn forbi garden, heiter no *Leirgrovvikbekken /Legrovikbekkjinj/*. Mange vil ha skrivemåten Lergrovik fordi namnet har vore skrivi slik i lang tid no. Namnet kjem altså av at det litle vassdraget før i tida heitte Leirgrova. Diftongen i leir er ikkje så klår i romsdalsmålet, og r-en fell ut når ein seier Legrovikja.

Ein har relasjonsnamn som *Leirgrovvikleirå*, *Leirgrovvikbukta* og *Leirgrovvikneset*. Det siste er både eit nes og eit bruk. Her er òg bustaden med namnet *Leira*. *Hofsethbryggja* har namn etter etter Karl Ludvig Hofseth som var eigar av garden frå 1922.

Margitlunden var ein hage på garden. I RSÅ 1961 skreiv Nils Parelius artikkelen «Trek fra Fannestrandskulturens historie». På s. 29 les ein: «Nord for husene anla Parelius en stor grønnsakshage med innlagt vann. Den var inngjerdet og hadde port som pleide å være låst. Han var den første på Fannestranden som dyrket jordbær. Her lå også Margitlunden oppkalt etter eldste datteren.»

Muraren Lars Mortensen kom frå Lillehammer. I 1878 bygsla han *Myraplassen*. Det hadde vore plass før, men husa stod ikkje lenger. Han hadde truleg vorte nedlagd kring 1800. Då sonen til Lars kjøpte Myraplassen i 1898, gav han bruket namnet *Solvang*.

Leirgrovvikovollan er vollar, av gno. vøllr m. 'fast og jamn grasmark'. *Myran* er myrstrekningar innover mot Eikrem. Her tok dei myr for å blande i naturgjødsla. *Kalvehagen* var beitemark for kalvar. *Flathjellen* er flat avsats (hjell).

Haugaplassen /Hauaplassen/ var plassen som Søren Haua hadde. Han dreiv med fiske. Dei kalla



Leirgrovikgarden rundt 1904. Då var det privat sanatoriuim her nokre år. T.v. Eikremssjøen med Eikremsholmen utanfor. (Kirkhorn/Romsdalsmuseets fotoarkiv 10296)

nok området for *Haugen /Haun/*. No er namnet *Aspelund* (bnr. 8). Også *Fredsvoll* (bnr. 6), *Myrvang* (bnr. 7), *Hammervoll* (bnr. 9) er gått ut frå Leirgrovvika. Det er òg *Kviltorp østre* (bnr. 10) som seinare vart vart innlemma i *Kviltorp* (bnr. 2).

Det ser ut som haugen nedanfor vegen vart kalla *Leirgrovvikhaugen*.

Jakob Grimshaugen budde der det heitte *Grimshaugen*. Mot slutten av livet var han blind. På kartet frå først på 1870-talet står Grimshagen. Det ser ut som førsteledet er mannsnamnet Grim. Ein annan plass var *Kavli*plassen. *Den første* her var Ola Kavli. Sonesonen kjøpte bnr. 13 på Årøy. Han fekk ein son som vart den kjende ostefabrikanten i Bergen. I dag kallar dei dette området *Furukollen*. Det er eit nyvore namn med austlandsk form.

Lerkehaugen vart skild ut frå Leirgrovvika i 1907. (Det er artikkel om eigedomen i RSÅ 2007 med bilete av huset på s. 103.) Lerketrea var planta tidlegare. I ordbøkene står lerk. I talemålet her seier ein til vanleg lerce, likeins som fuglenamnet. Dette treslaget veks ikkje vilt her til lands. I ordbøkene finn ein at namnet på dette bartreet som feller nålene om hausten, har ein fått gjennom tysk frå latin *larix*. *Leirholå* var husmannsplass nokre hundre meter aust for husa i Leirgrovvika. Namnet fortel at det

var mykje leirjord på garden. (Ved folketeljinga i 1900 blir namnet på bustaden skriva Lerhullet, men det er feil. Sisteledet er hole, og ikkje hol.) På denne plassen budde «Jo Leirhålen» (Jon Johnsen). Han var bygningsmann og hadde 3-4 kyr. Edvard Mortensen fortalde at plassen var stor, kanskje 30-40 mål. Kona på plassen vart kalla «Jørgine Leirhålen». *Leirholtollå* var ei særmerkt tolle som folk la merke til sjølv om ho stod eit godt stykke frå vegen. Ho hadde så tett ei krone. Dessverre bles ho ned 1. nyårsdag 1992. Ho stod sjølvsgatt den gongen det var plass her.

Fannbostad

Gnr. 30 *Fannbostad* er ein gard som gjekk inn under Leirgrovvika. Som ein veit var Leirgrovvika utgått frå Fannbostad.. Førsteledet er det gamle fjordnamnet som må ha vore eit svakt hankjønnsord. Sisteledet er gno. *bólstaðr* 'bustad'. Ein skulle tru at det var meint garden (bustaden) ved Fannen, eller kanskje der Fannen starta. Det er noko uklårt kor langt vestover ein skal rekne at fjorden går. Garden låg jamhøgt med grannegarden Eikrem i aust med godt utsyn over

fjord og fjell. Den kjende filologen Magnus Olsen (1878-1963) trur bolstad kjenneteiknar ein gard som har berre eitt innmarkstykkje med sitt eige gardstun. Namnegranskaren Per Hovda har sagt at desse namna er frå same tidbolk som staðir-namna. Ein finn desse namna for det meste på Vestlandet. Så finn ein dei på vesterhavsoyane. I Aslak Bolts jordebok finn ein at Arnbjørn Sveinsson hadde betalt 3 øresbol til erkebiskop Olav for brotsverka sine. Kva han hadde gjort, veit ein ikkje. I 1520 betaler Barbara paa Phanebostad ½ lodd sølv i skatt. På 1600-talet finn ein brukarar som får skrive namnet sitt Fannbostadt og Fandbostad. Ein ser av dette at ein ikkje uttalte komposisjonsvokalen e, den gongen heller. I 1907 er Fannbostad teke ut frå matrikkelen.

Det ser ut som dei siste som dreiv gard her, var fødde kring 1800. Kona var tingar av «Almuevennen». Mange kom innom for å høyre nyhende frå den vide verda. Mannen, Ola, var den første på stranda her som kjøpte veggklokke og parafinlampe (flatbrennar). Dei hadde ikkje born og vart dei siste på garden.

Fannbostadgjerdet vart tidleg eige bruk, men det fekk ikkje så lang gardssoge. Til vanleg vart bruket kalla *Gjerdet*. Elling Gierde betaler leiglendingsskatt i 1650. I 1657 har han ein hest, fem kyr, tre geiter og fire sauer. Den siste som dreiv garden sjølvstendig var Ingebrigt Fannbostadgjerdet. Ein ser at han i 1773 skaffar han seg litt av det innførte kornet etter naudsåra. Folketeljinga frå 1801 viser at garden har vorte folkelaus.

Edvard Mortensen fortalde om det som i seinare tid har vore kalla *Fannbostadtuftin*. Fram til eitt av dei første åra etter 1900 stod husa, som då var sær gamle. Då vart dei rivne av far til Edvard. Tuntrea vart kalla *Askan*. Nokre av dei stod enno kring 1990. Ovanfor tuftene er *Fannbostadberget*. Gjennom tunet gjekk ein gammal veg. Han heiter *Gammelvegen*. Her kørde dei på sommarføre med slede som hadde tremeiar. Denne vegen kom ned der *Vegsentralen* er i dag. Forbi garden renn *Fannbostadbekken*. Lenger oppe heiter bekken *Dyrgrova*, fortalde Mortensen. Nedmed sjøen vart dette vassdraget før i tida kalla *Leirgrova*. Ho rann ut i *Leirgrovvika*, som har ført til gardsnamnet.

Eikrem

Gnr. 32 *Eikrem* har sisteleddet –heim. Her i landet har ein om lag 1000 namn på –heim. Dei er sær gamle og ujamt fordelte på dei forskjellige landsdelane. Her i kommunen er det sær få. Etymologien til heim er uklår. Somme har sett

ordet i samband med eit gresk ord for å liggje. Kanskje kan det tyde liggjestad. Førsteleddet fortel ofte om landskapsforhold eller botaniske forhold. På Gosså og i Straumsneset har ein òg Eikrem som gardsnamn. På Sekken har ein det utgamle gardsnamnet Eik. Likeins finn ein det på austsida av Vestrefjorden i Haram kommune. Det voks nok eik på desse stadene den gongen gardane fekk desse namna. Verlaget var kanskje litt heitare. Men også i dag er dette grensa for kor langt nord eik kan vekse. Uttalen i NG (s. 281) er ikkje heilt korrekt. Der står /ei`kremm/. Meir vanleg er /ei`kræmm/.

I tiendeskattelista frå 1520 er Jens i Bake oppført med ein skatt på ½ lodd sølv i gardrekkja mellom Fannbostad og Aarø. Eikrem er ikkje nemnt. Det er noko merkeleg at her er folkelaust. Det andre alternativet er at det kan vere meint Berg. Der veit ein at ein har hatt Bergsbakken i seinare tid.

På 1600-talet er Kjøstel Eckrimb, som namnet blir skrive, ein velstående mann her. Han er gardbrukar, bondelensmann og det ein med eit moderne ord kan kalle eigeidomspekulant. I 1661 åtte han i seks gardar inne i Fannen (Fannefjorden). Sonen Knut som vart lensmann etter han, var fødd i 1641, men var barnlaus. Namnet Tjøstolv har ein dåm av mellomalder over seg. Dette var eit vanleg namn på Austlandet, men lite brukt på Vestlandet, nordafjells og på Island. Ein kan undrast på om han var av ei innflytta ætt austanfrå. Namnet er samansett av þjóstr m. 'ofse, ilske' og ulv. I gammal tid meinte dei at det gjekk «troll i ord» slik at personen fekk eigenskapane til det namnet fortalde om.

Som før nemnt var statsråd Astrup fødd på Eikrem. Han fekk den velkjende kunstmålaren Hans Fredrik Gude (1825-1903) til å måle frå Molde og Romsdalen. Gude var på Molde og i Romsdalen to gonger. Siste gongen var i 1890. Han noterer: «Førend vi forlod Molde, fik jeg gjort Studier til et Billede, som Herr Astrup ønskede fra sit fødested Eikrem.» Dette er «Fannestranden ved Molde» 1891. Han måla òg to andre bilete med utsiktspunkt frå om lag same staden. Det eine i 1895. Der ser ein landskapet meir mot søraust. Årøyholmen som flyplassen no har teke, ser ein godt. Utlaupet av det som nedst nede må ha hatt namnet Leirgrova, ser ein renn ut på leira der. Men Eikremsholmen er ikkje å sjå. Gude har ikkje teke han med. (Meir om dette kan ein lese i boka «Romsdalslandskapet i norsk biletkunst på 1800-talet». Forfattaren Odd Sørås gjer nøyaktig greie for det ein ser på bileta.

Der målaren stod då han gjorde studien, heiter det *Fjøsbakken*, fortalde Ole Henden. Dette er som ein ser på innmarka. Det var sommarfjøs her. Garden til Ole Henden har vorte kalla *Henden-garden*



Eikremsgardane øvst i bildet. Her vart etter kvart fleire gartneri. I framgrunnen Årøhagen skole med Årøhagen planteskole mot vegen. Her ligg Oskar Sylte Mineralvannfabrikk A/S i dag. (Widerøe/Romsdalsmuseets fotoarkiv 091476)

etter familien som kom frå Nordfjord. Før den tid vart han kalla Astrupgarden. Vest for husa ser ein på bileta *Storasken* /Storasjinj/. I ei jordskiftesak frå 1864 blir det slege fast at Storasken skulle skånast. Men treet står ikkje der i dag. Åkeren ved Storasken heitte *Askåkeren*. Namnet er også nemnt i gamle gardsdokument. Ein åker sør for husa heitte *Busåkeren*. Truleg er det *Bursåkeren*. Førsteleddet er då bur/stabbur. Arnfred Slyngstad nemner same namnet i «Stadnamn i Vatne» (Vatne sogelag Årsskrift 1995.)

Den vestlegaste garden på Eikrem er *Lie-garden* etter eigarfamilien Lie. *Huslia* var frå først av husmannsplass. Petter Husli fødte eit par kyr. Han vart blind. Det vart eige bruk frå 1894. *Høgshaugen* var haug, men òg husmannsplass. Ein veit om ei som heitte Maria her. *Gjerdet* eller *Eikremsgjerdet* var òg ein plass under Eikrem. Mannen vart kalla Johannes oppi Gjerda/Jera/. Han var skinnfellmakar og arbeidde for det meste heime. Dette er no bnr. 17. Der det heiter *Øverbøhaugen*, må ein ha hatt namnet *Øverbøen*. *Søberg* var plassen til han dei kalla Jens Sjømann. Kanskje dette er same mannen

som Jensoppkommå har namn etter. Mannen på *Hagaplassen* vart kalla Søren Hagå.

Oppkommer og grøver

Ein må ta med ei soge som viser at Astrup hugså både stakk og stein og meir til frå heimgarden sin heile livet. På Eikrem var det ei oppkomme som heitte *Ol Olså-oppkommå* Her var plassen som heitte *Ol Olså-plassen*. Han har namn etter ein som dei kalla Ol-Olså, altså Ola Olson. Oppkomma er visst overbygd no. I ein artikkel i «Jul i Romsdal» 1955 skriv verkstadmannen og oppfinnaren Anton Husby ein artikkel med viktige kulturhistoriske opplysningar. Han skriv m. a.: «Astrup hadde frå gutedagane sine på Henden-garden kjennskap til ei oppkome ved Ol-Olsåplassen på Eikrem. Då han seinare budde på Kviltorp, lova han betaling til eit par smågutar for at dei av og til skulle hente vatn åt han frå Ol-Olsåkjelda. Betalinga var 10 øre for kvar gong dei kom med vatn, sa ein av dei to vassberarane. Men så oppdaga dei ei like god kjelde i Lergrovika og dit var det mykje kortare veg så det vart til at dei henta vatn der. Når vi kom til Kviltorp

med vass-spanna, kunne Astrup stå ute på trappa og ta imot oss. Då ropa han inn: 'Kom med et glass, nå skal det smake riktig godt med ein drikk frå kilden på Ol-Olsåplassen.' Men at vi gutungane smilte og hadde moro med at vi lurte statsråden, det trengs mest ikkje forteljast.» Truleg hadde Astrup den tida han var i framande byar, lengta etter oppkomvatnet han hadde drukke heime.

Det er fleire oppkommer i området. *Jensoppkommå* har namn etter Jens. Han budde nede ved sjøen, men åtte visst oppi her. Han er oppført som Jens sjømann i Bolsøyboka. Lauritz Lyngstad kalla han Snåp-Jens. Han skulle vere ein dugande arbeidsmann. Han var nok snåpen /*snåpinj*/, snar i rørslene, rask. Lenger ned mot sjøen var det ein brunn som vart kalla *Elling-brynnen*. Dette var på *Ellingplassen* der ein Elling budde. Denne brunnen skal ha vore brukt fram mot vår tid

Reitgrova har reit som førsteledd. Ho har namn etter bruket *Reitan*. Eit anna namn på same grova er *Eikremsgrova*. Ein plass her heitte *Reitaplassen*. Mannen her heitte Østen Johnsen var fødd i Sel og var 60 år ved folketeiljinga i 1865. Han var skreppehandlar. Kona var fødd på Lesja. *Eikremshagen* var eit bruk. Der det heiter *Inngjerdet* gjekk hestane. *Storbakken* er ein bakke på vegen aust for Eikrem.

Eikremsbotnen er ein botn oppi fjellet.

Der *Eikremsholmen* var, er det no utfylt til rullebane for *Flyplassen*. Det er ingen holme lenger. På kartet frå først i 1870-åra står Lergrovikholmen. Somme har brukt dette namnet. Det gjorde også Wollert Krohn. Men han opplyste at det ikkje var korrekt. Henden og Tollås er eigarar, poengterte han. Rett namn er Eikremsholmen.

Ein har òg flua *Tollåsflua* og stykket *Tollåsstykket*. Kyrkjesongar og lærar Tollås budde i *Årøyhagen*. Her vart det bygd skule med to klasserom og lærarbustad i 1888. Som folkeskule har han ikkje vore brukt sia 1950, men Molde høgskule brukte han til sløydundervisning for nokre realskuleklassar på 1960-talet. Kviltorp skole hadde òg sløydundervisning her.

Eikremsnausta var nausta til Eikrem. Her når garden Eikrem ned til fjorden. I Bolsøyboka b. II s. 308 er namnet «*Nøsthaugen*» nemnt her i nærleiken. Det må vere namnet på høgda ved nausta. Fjøra her kalla dei *Eikremssjøen* /Eikræmsjy'n/. *Klokkaren* var ein stein som stakk utor på fjøre sjø. Då kunne ein gå bortpå han. Ein kunne også ro seg på Klokkaren. *Presten* var ein stein ein kunne ro seg oppå. Ein annan stein her var *Prestefruå*. Denne steinen var mindre enn Presten. Wollert Krohn kalla Prestefruå for *Bispen*. (Eg veit ikkje om det berre var han som gjorde det.)

Årøy/Årø

Dette er gnr. 33 *Ytre Årøy* og gnr. 34 *Indre Årøy*. I talemålet har den danskfarga skriftforma *Årø* no nesten heilt teke over. Namnet er lett å tolke. Førsteleddet er genitivsforma *ár* av *á* 'elv'. Sisteleddet er *øy* 'låglande ved vatn'. Før i tida kalla ein det *Øyan* kring utlaupet av elva. No er her flyplassterminal. Siste bokstaven i skriftforma *Årø* er det danske *ø* for *øy*. Då NG. kom i stand for om lag 100 år sia, var det nok berre dei kondisjonerte som sa *Årø*. Mange stader heiter det *Øya* eller *Øyan* både langs elvar og ved utlaupet av elvar der dei renn i flatlande og lagar svingar. Dette gardsnamnet er sjølvstamt gammalt og har ubunden form. Somme har meint at sisteleddet er *eid*, men det stemmer ikkje. Den delabialiserte uttalen av *øy* til *ei* er bakgrunnen for den tanken. Same gardsnamnet finst om lag 10 stader i landet.

Øyan hadde tollskog før i tida. Orrfuglen heldt til her, fortalde Edvard Berglund. *Årøyelva* eller *Årøelva* som dei fleste no seier, er i dokument frå 1700-talet kalla «*Storelven*». Oppover ved elva har ein namnet *Stormelen* på vestsida. Mel, gno, melr m. er sandbkke langs elv eller vatn. *Dalan* er småe dalar. *Leirbakkan* er bratte bakkar med leir vest for elva. Bakkekanten lenger sør heiter *Røra*. *Rødmeibakken* /*Rømeibakken*/ er ein bakke på den gamle *Årøydalsvegen*. Førsteleddet må vere fargenemninga raud. Truleg har ein her i området sagt *rø* i lang tid. *Årøyråket* er ein kjend stad, og i dag brukt om eit noko større område. Sjølve *Råket* er ikkje så stort område. Dette er altså eit råk der dei jaga krøtera. I gno. hadde ein gjerningsordet reka for å jaga. (Ordet jage har kome frå lågtysk.) *Bjønnabakken* heiter bakken på vegen oppover frå riksvegen. No er det slik at *Krohnbakken* er i ferd med å utkonkurrere dette namnet. Nord for *Rødmeibakken* er *Kvilaren* med *Kvilarsteinen*.

Det er opplyst at ein så tidleg som i 1761 kunne fare landevegen frå Molde til Kleive aneks, truleg med vogn. Den danske professoren Fredrik Sneedorf seier i 1790 at vegen mellom Angvika og Molde «gik lige uden Kroge», men var så steinut at det var ei pine å sitje i ei vogn. Vegbyggjarane brydde seg ikkje om det vart bratte kneikar. Postvegen skulle vere 6 alner (3,75m) brei. Når det gjeld *Fannstrandsvegen*, likte storfolket å skrive *Fannestrandschausséen*. Dette franske ordet for veg med høg standard vart teke i bruk her til lands på 1800-talet om stor og brei landeveg med godt dekke. Ordet har utgangspunkt i fransk *chaux* 'kalk', opphavleg latin, eigentleg (veg) dekt med kalkstein. Men Fannstrandsvegen



Flyplassen på Årøy/Årø 1971. (Widerøe/Romsdalsmuseets fotoarkiv 205778)

var ikkje av dei beste. Dei som sykla her til og frå Molde først på 1900-talet, kunne fortelje om kilometer etter kilometer med vaskebrett.

5-kilometersteinen var ein stein ved vegen som stod på Ytre Årøy og fortalde at det var 5 km frå Molde. Steinen vart dumpa ein eller annan stad då riksvegen vart utbetra. Wollert Krohn hadde sagt at dei måtte ta vare på steinen, men det vart ikkje gjort. Wollert Krohn fortalde at keisar Wilhelm, som dei sa, (Wilhelm II) likte godt å gå turar innover stranda. Han gjekk til vegskiftet på *Indre Årøy*. Der kvilte han, før han spaserte attende til byen. Vegvaktaren fann sia ein gullring der keisaren pla kvile.

Rivalbanen er banen til idrettslaget Rival. Dette laget for Strande, Røbekk, Årøy og Kviltorp er frå 1939. Nedmed sjøen der dei kalla det *Krohnleirå*, låg den første fotballbanen til laget. Han vart opna i 1949, men måtte etter nokre tiår vike plassen for flyplassen.

Årøyhaugen er bnr. 1 på *Ytre Årøy*. *Reitan* er bnr. 10. Der bnr. 7 på Ytre Årøy låg, er det no store butikklokale. Her stod i 1960-åra den aldrande gardbrukaren i potetåkeren med grev i septembersola. Mange stadnamn kom vekk då det store hamskiftet frå jordbruksland til handelssentrum vart gjennomført. Sør for vegen låg *Kavli-garden* der ostepioneren kom frå. I dette området held no *Brunvoll Motorfabrikk* til. Fleire bruk har vorte fjerna dei siste tiåra.

Ned mot sjøen ligg *Bedehuset*. Det er framleis i bruk.

Årøyholmen var ein velkjend holme før Flyplassen kom. Grågåsa pla overnatte her. I seinare tid tala somme om *Krohnholmen* etter familien Krohn som har vore eigarar i lang tid av Indre Årø. Etter naudsåra måtte styresmaktene i 1773 innføre korn til den naudlidande allmugen. I listene finn ein at Ingbrikt Aarøholm får utlevert 1 skjepe rug og 1 skjepe havre. (1 skjepe var på den tida 17,5 liter.) Det ser ut som han greidde å betale. Det var det ikkje alle som makta. Etter namnet å døme ser det ut som Ingbrikt (Innjobrekt som dei sikkert sa) budde på holmen. Ein veit vel ikkje om han budde her åleine. Opplysningane om han finn ein i boka «Romsdals fattige og nødlidende Almue» redigert av Bjørn Austigard. Romsdal sogelag 1990.

Hita er ein stein her. Ho har vorte samanlikna med ei hit. Dette var ein skinnsekk, og var ein vanleg ting i tidlegare tider. Hita er òg namn på ein stein i fjøra på Gjermundnes. Det er jarnkrok i Hita. Her hadde årøynesingane laksenotsett, fortalde Edvard Berglund. Arkeologane har truleg funne minne frå førhistorisk tid på holmen. Ein av dei trudde han hadde funne fortøyingsringar for langskip. Men så kunne Wollert Krohn fortelje at det var feste for laksenot. No er altså holmen underlag for flyplassen. Borti fjorden har ein *Årøygrynnå*. Det er visst ikkje meir enn 12 m der.

Den freda hovudbygningen på Indre Årø er frå 1700-talet. Våren 1993 var det somme politikarar og byråkratar som gjerne hadde sett at flyplassen overtok både gardstunet og all dyrkajorda. På sjøve garden kan ein nemne at her stod *Kornmagasinet /Kånnjmagasine/*. Slike kornlager vart skipa rundt om i norske bygder frå slutten av 1700-talet til trygd mot naud. Det skulle vere utsed for eitt år i magasinet. Utpå 1800-talet vart magasinane nedlagde og salssummane gjekk til ymse bygdefond og m. a. grunnfond for sparebankar. *Skulstauå* stod òg her. Det var landbruksskule på garden frå 1862 og 10 år framover. *Skulstauå* vart riven i 1980-åra.

Naustet på garden brann ned i 1926. *Kjerkjebåten* stod i Naustet. Han brann opp. Det var ein trerøring. Husmannen på *Peplassen* som skreiv seg for Peder Aarø, men vart kalla Pe Hanså, var høvedsmann på *Kjerkjebåten* når dei drog til kyrkje på Bolsøya. Der var han sjefen. Alle andre var likestilte, same om det var husmann eller proprietær. Også elles var han som ein høvedsmann blant husmennene. Ætta hadde vore på plassen i fleire generasjonar. Han var tømmermann, men dreiv òg mykje med å bøte gamle kruskoppar.

Gravhaugen ser ein godt frå vegen. *Sagdammen* var dam for vatn til å drive oppgangssaga. Dei tala om *Saga*. I 1743 blir det opplyst om skurden: «Aarø saug naar dertil faaes tømmer kand skiæres 2 à 300 bord.» Wollert Krohn har teke vare på sagbladet. Første mannen på *Sagaplassen* var «Ola på Sajinj». Sonesonen var underoffiser, journalist og diktar og skreiv seg for *Lars Aarø*sagen. Han var kjend for sine skjemtande og satiriske «Blokknøtiser» der han brukte pseudonymet «Fenrikken». Elles skreiv han viser og revyar. Han flytta seinare til hovudstaden. Plassen gjekk attende til garden. *Stortollå* er ei stor byttolle i området der det var mange husmannsplassar. I *Ruskegerdet* gjekk hestane.

Hudflakmyra /Hufalakmyra/ er ei myr der dei la utover huder for røyting. Skinna låg som flak. *Hudflakvegen* var vegen eller stigen opp til *Hudflakmyra*. Då kommunen mot slutten av 1900-talet skulle setje namn på ein vegstubb ved den gamle vegen opp til myra, fekk Wollert Krohn dei til å bruke dette namnet. No er det slik at folk berre kjenner namnet på den kommunale vegen. Det fanst dei som reagerte med stor harme då dei fekk *Hudflakvegen* som adresse, fortalde Krohn.

Tuesenløå var ei høyløe. Det var slik at to fruer *Tuesen* hadde eit servitutt (hefte på garden) ein gong i tida. Det einaste som stod att, var denne løa. Då kommunen skulle namngje ein ny veg her, kom Wollert Krohn med framlegg om *Tuesenvegen*. Framlegget vart godteke.

Årøybrua var namnet på brua som vart brukt fram til kring 1970. (Mange sa iallfall den gongen bruna i talemålet sitt.) Det var altså ein stor krok på vegen før i tida.

Krohnstad er bustadhus. Førsteleddet er familienamnet Krohn. Gartneriet heiter i dag offisielt *Krohn Gartneri AS*. På skilt ved riksvegen har det stått *Krohnblom*. Her har ein eigarfamilien i førsteleddet. Sisteleddet kan fortelje om blome. Det er òg slik at romsdalsmålet bruker blome om bregne. Ein har òg ei dobbeltyding. I vekebladet *Arbeidermagasinet/ Magasinet* for alle hadde ein teikneserien *Kronblom* der hovudpersonen hadde dette namnet. (Svensk originalserie av Elov Persson.)

Aukrahaugen er ein haug der førsteleddet ser ut til å vere gards- og kommunenamnet Aukra. Dei veit visst ikkje i dag kva som er bakgrunnen. Det kan vere ei forvanskning, for i eit grensedokument frå 1795 er det truleg dette namnet som er skrive *Aukenhoug*.

Årøymyran er myrar. *Årøylia* er liområde oppover aust for *Årøyelva*. I ein grensegang mot slutten av 1700-talet finn ein: «Bømarken eller Aarøeliden kaldet paa solsiden blev avmaalt.» No har ein fått bustadbygging her. Namnet på feltet er *Årølia*. Eit anna namn kunne altså ha vore *Bømarka*. *Bømark* er beite- eller slåttemark ikkje langt frå dyrkamarka. Den første bygselmannen i *Årøylia* var Amund Aarøli. Sonen Anton kjøpte plassen i 1918. På *Myraplassen* budde jordarbeidaren Edvard som braut mykje jord. I dag heiter bruket *Berglund*, og det har òg vorte ættenamnet. *Ingebriktplassen* vart òg kalla *Hotell Knapp Næring*. Både Nils Hansen Aarø på *Nilsplassen* og Hans H. Aarø på *Hansplassen* flytta seinare til Molde. Begge var murarar. Mannen på *Olaplassen* vart kalla Ola i Myren. Han var snikkar og arbeidde for det meste vognhjul. Andre plassar her var *Andriasplassen* og *Knutplassen*. Anders Brenslén på plassen som vart kalla *Brenslå*, var smed. Namnet fortel truleg om ein brann her ein gong. Smeden hadde ei lita smie nedmed Fannstrandsvegen. Det var visst endå ein plass som heitte *Knutplassen*. Så må ein nemne plassane *Jensplassen*, *Knuthaugen* og *Grimshaugen*. I *Bolsøyboka* blir det sagt at attmed *Peplassen* var det ein plass som til dagleg vart kalla *Grimshaugen*. Men det heitte ikkje det her. Årsaka skulle vere at ein som før budde på *Grimshaugen* under *Leirgrovvika* flytta hit kring 1865. Men no er det slik at Wollert Krohn ikkje var einig i dette. Han trudde namnet høyrde heime her. Han visste godt kvar plassen låg. Dei som hugsa det, sa at det var nesten som ein landsby med husmannsplassar i *Årøyråk*-området først på 1900-talet.

Det kan høve her å seie noko om husmannsplassar. Ordet plass var innlånt allereie i gno. som plaz n. frå lågtysk. Det fanst husmenn allereie på 1600-talet. Her i området vart det mest av dei utover på 1800-talet. Storvorne gardar trong mange arbeidande hender. Kring Molde vart det mange plassar. Byfolket trong dei varierte handverkstenestene desse menneska kunne tilby. Sjølv om også yngre søner på gardar ikkje såg annan utveg enn ei husmannsstove i tida føre utvandringa, legg ein lett merke til at sær mange av husmannsfolket kom frå innlandet. Dei vart kalla opplendingar /opplønninga/. Ein uttalte ordet med tjukk l. Det var vel dei sjølve som det gjorde, og så tok lokalfolket her i distriktet etter. Romsdalingar i dag har ofte ætteliner mot t. d. Lesja og andre bygder austom fjella. Ofte dreiv uår folk vestover. Sjølv om veret var elendig, fanst det alltid noko fisk i sjøen. Somme makta også å kjøpe gardar. Då borgarkrigen i USA slutta i 1865, kom utvandringa i gang også herifrå. Det gjaldt å skrape saman såpass med pengar at ein kom seg over havet. Ved ei slik innsamling av stadnamn ser ein at på mange gardar låg plassane tett. På kvar plass vart det dyrka ein jordlapp. Når plassane så gjekk attende til garden, sat folket der att med mykje innmark. Når ein veit at husmennene sleit med jorddyrking også på sjølve garden, vart det mykje til saman. Husmannsfolket og folk som hadde jordbryting som arbeid, må få æra for mykje av det nydyrka arealet her i landet på 1800-talet.

I desse bustadnamna finn ein terrengnemningar som myra, bakken, lia, haugen, røra, berget, bukta og neset. Det vanlegaste grunnordet er plassen. Men så har ein ord som trøa, hagen, gjerdet, geilen, lykkja og bøen. Desse orda fortel at her tidlegare har vore inngjerdt for husdyr. Så dyrka husmannsfolka opp noko på desse stykka. Det hende at dei fekk kjøpe plassen. Tankane kan gå til føregjengarane deira i mellomalderen, trælane.

Årøyneset/Årøneset

Dette er gnr. 35. Lokalt har dei sagt *Neset* /Næse/. Dette er altså neset aust for Årøy. I dag ser ein ikkje så godt noko nes. Strandlina er forandra. Ein kan nemne at amtmann Even Hammer (f. 1732) kjøpte *Årøyneset*. Før budde han på Molde, men no heldt han seg mykje på garden her innpå stranda, særleg om sommaren. Han var oppteken av jordbruket, og drenerte jorda etter moderne metodar ved hjelp av seige jordtrælar. Sivert Aarflot skreiv eit hyllingsdikt til Hammer der han m. a. seier : «Nevn Aarøynes,

det mønster her hvor Norden kan foredlet blive....» Her ser ein at namnet er skriva med diftong. I dokument vart namnet skriva Aarønæs (1669) og Aarøe Næs (1723). Alle sa nok på denne tida *Åreinæse*. Hammer får i diktet elles skryt for at han «For jordens sumpighet å tørre på skrå dens dype veiter går». Dei meir enn 200 år gamle veitene finst nok framleis på dyrkamarka.

Eit merkeleg minne frå Hammer si tid er bygningen som har vore kalla *Drengstauå*. Ho er åttekanta. Eit anna namn er *Oktogonen*. Oktogon er gresk 'regelmessig åttekant, åttekanta bygning'.

Årøyneshagen var som namnet seier først hamnehage. Så vart det plass. Mannen vart kalla Peder i Hagå. Han var tenar i Årøyneset nesten all sin dag. I 1908 kjøpte han plassen, men selte seinare då han flytta til ei dotter på Fuglset. *Årøynesbukta* er nedanfor garden.

Mannen på *Nesaplassen* heitte Lars Aarønes og var fødd i 1797 eller 1798. Sonen Johan vart lensmann. Han var informant til folkeminnesamlaren Edvard Langset (1867-1924). Det var sommaren 1921 lensmann Aarønes, som då budde på Tornes, fortalde Langset om *Haugbokkhaugen* nede ved sjøen. Det var visst ein gammal kjempehaug (gravhaug). Lars, far hans, hadde tidleg ein morgon klokka fire sett ein haugbukk som kom frå *Haugbokkhaugen*. Han bar på ei fiskehønk. Han gjekk frammed fjøra eit stykke før han svinga opp ved steinutgarden. Han var blåkledd. Brått kom han vekk på flate marka. Det stod òg ei klurtolle på garden som ikkje skulle hoggast ned. Johan hadde ein gong hogd ei lita klurtolle attmed der, men då fekk han ei stygg svullhand. Denne tolla vart kalla *Haugbokktollå* /Haugbokktålljå/. No er *Haugbokkhaugen* for lenge sia komen under rullebanen.

Det har vore sagt *Røbekk-kjerkjå*, men det offisielle namnet er *Bolsøy kirke*. Ho vart bygd dei siste åra føre 1900. Ho avløyste kyrkja på Bolsøya og vart vigsla i 1898. Ved kongeleg resolusjon av 13. juni 1860 vart bnr. 1 på Røbekk kjøpt som prestegard. Det hadde vore fleire meiningar om kvar kyrkja skulle stå. Eitt alternativ hadde vore *Sandelplassen*. Sandel Nilsen blir det opplyst var fødd i Hallingdalen kring 1816. Wollert Krohn sa at familien kom frå Lesja. Plassen gjekk attende til garden. No er namnet *Sandelattlegå*, opplyste Krohn.

Kjerkjegarden er gravstaden ved kyrkja. *Kjerkjestauå* ligg sør for kyrkja, nedanfor vegen. Ho har fungert som bedehus.

På Røbekk vart ein aldersheim teken i bruk i 1920. Ein tala gjerne om *Gammelhjemmet*, men i seinare tid har det vorte vurdert slik at ein heller



Frå Røbekk med Røbekk kirke 1953. (Widerøe/Romsdalsmuseets fotoarkiv 064427)

skulle seie *Aldersheimen*. No heiter det Røbekk omsorgssenter. Dette er det som i språkvitskapen heiter eufemisme 'forfinande omskriving av noko som kan verke støytande'.

Røbekk

Gnr. 36 *Røbekk* finn ein visst første gongen i skrift med Margrette Rubeck i skattemanntalet frå 1596. I bøterekneskapet frå 1607 finn ein Enngebrett paa Røbeck. (Preposisjonen på er også brukt i dag.) I 1611 er det to bruk med Enngebrett og Clemedt Røbeck. (Ein ser at dei den gongen brukte mannsnamn som ikkje er så vanlege på våre kantar i dag.) I 1633 er gardsnamnet skrivne Rørbeck. Bekken som kjem ned her er i Bolsøyboka kalla *Røbekken*. Han er nok bakgrunnen for namnet. Førsteleddet er gjerne det same som ein finn i elvenamnet Røa fleire stader i distriktet. Bakgrunnen er helst myrmalm. (Også namn som Rødalen fortel om eit slikt elvenamn i førsteleddet.) Ein kan òg opplyse at Røbekken er ein sidebekk til Tveråna i Mittetdalen på sørsida av Langfjorden.

Der det heiter *Røbekkhagen* har det vore tre husmannsplassar. *Røbekknygjerdet* var vel òg først ei inngjerding. Så vart det ein plass. Mannen Svend Olsen Farkvam var fødd i Hallingdalen. Han var murar og dreiv elles med fiske.

I avisene ser ein no for tida eit namn *Prestsletta*. Det er ei slett i nærleiken av *Prestegarden*.

Der det heiter *Haukholå* var det haukereir i store toller. Ein sa berre hauk, men det var det som på offisielt mål heiter hønehauk, ein meinte. Han er ein låk kropp ved buplassar der det finst høner å slå ned på. Gno. haukr m., eigentleg 'ein som fangar, grip'.

Ausphaugen fortel om treslaget osp. Der det heiter *Brenthaugen* må det ha vore skogbrann. *Langmyra* er som namnet seier lang. På røra som heiter *Sagrøra*, skar dei nok med handsag, for her er ikkje vatn.

Elsås

Gnr. 37 *Elsås* er vanskeleg å tolke. Uttalen i NG s. 281 har æ som første bokstav. Eg har høyrte denne uttalen, men inst i fjorden hadde dei gamle e-lyd. Sportsforretninga på Molde vart òg kalla /Esjås/. Offisielt heitte ho Elvsaa & Co sportsforretning. Det var på 1700-talet dei tok til å skrive gardsnamnet Elfsaa (1723). Dei må ha trudd at førsteleddet var elv. Den første skriftforma finn ein i Aslak Bolts jordebok (om lag 1430) der ein finn: «Af Elgisaa, 3 aura bol, bygt fire ½ øre. (Av Elsås, 3 øresbol, bygsla for ½ øre.) Ein kan vere einig med NG som seier at skriftforma i A.B. ikkje kan vere heilt rett. Det blir vist til at førsteleddet kan vere ei avleiing på -i av eit gotisk ord alhs f. 'tempel'. Staden skulle då vere fredheilag. Men dette verkar ikkje heilt realistisk på han som skriv dette.

I 1520 finn ein ingen skattebetalar her. Det ser ut

som det er folkelaust både her og på Røbekk. Ved eit skattemanntal i 1597 finn ein Gullich i Øllis Aas som brukar. Ved kvegskatten i 1657 har det vorte tre brukarar på Elsås.

Fram til 1917 hadde ein hatt *Øvre* og *Nedre Elsås*. Då kjøpte eigaren av Nedre Elsås, Amund S. Opdal, Øvre Elsås. Tidlegare hadde denne vistdalingen som hadde vore gullgravar i Alaska, kjøpt Nedre Elsås.

Ein kan seie namnet på denne gamle garden er utolka. Ubunden form vitnar om høg alder. Førsteleddet kunne vere det gno. ordet esje f. 'ein slags kleberstein eller skifer'. Ein finn ordet i stadnamn både på Island og her i landet. Kanskje det er slik stein oppi åsen ovanfor garden. Den første busetnaden låg nok lenger opp mot åsen enn tunet i dag.

Bnr. 3 er *Frydenlund*. Det ser ut som det var eigaren frå om lag 1900 som la på det rosande namnet med tysk form. Han forandra visst også sitt eige namn frå Anders Gjermundnes til Anders Frydenlund. Namnet Frydenlund er i bruk. Ikkje alle namn som er laga på papiret går inn i daglegtalet. Bnr. 4 er det som i matrikkelen er skrive *Elvsåshagen*. Ættenamnet er Elvsåshagen.

Elsåselva er berre ei sær s lita elv som kjem ned ved garden. Her i distriktet lever no å (á) berre i stadnamn, og då helst i indre strøk. Ordtaket «Mange bekkje små gjer ei stor á,» vitnar om at ein gong var á eit vanleg ord i talemålet til folk.

Lunden er ein liten skog oppå berget ovanfor riksvegen nord for tunet. Truleg er dette eit namn som eigarane la på for at det skulle minne om storgard. (Same namnet finn ein på Moldegård og i Leirgrovvika.) *Hesthagen* er no bustadfelt. Før i tida gjekk hestane her. Lia er eit område på dyrkamarka på Elsås. Ein har også namnet *Langmyra* og det merkelege *Pensikola*. Det siste må vere eit oppkallingsnamn. I Florida er det ein by som heiter Pencicola.

Steinaplassen var ein plass under Elsås aust mot bytet til Strande. Det var vanleg også i mannsnamn som Ivar, Einar, Steinar at den utlydande r-en fall vekk i uttalen, på desse kantar av landet, slik som i fleirtalsform i mange andre substantiv. Plassen har ikkje namn etter første mannen her. Då den første mannen døydde, gifta enkja Barbro seg opp att med Stener Nilsen. Han var skipstømmermann. Plassen gjekk attende til garden.

Tek ein seg ein tur langt borti fjorden, er namnet på ein skalle (fiskegrunne) mellom austenden av Bolsøya og Strande *Gullaugskallen*. Namnet står på det gamle sjøkartet frå 1877. Framleis er namnet kjent. Førsteleddet verkar alderdomeleg. Det ser ut til å vere det gamle mannsnamnet Gudlaug. I

jordeboka til Aslak Bolt (om lag 1430) er det tale om ein «Gudlauger bonde j Widøy». Dette viser at dette mannsnamnet vart brukt i dette området i seinmellomalderen. Det er heller ikkje noko i vegeen for at namnet på fiskemédet kan vere så gammalt. I nytida (etter 1500) ser ikkje Gudlaug som mannsnamn ut til å ha vore stort i bruk.

Nord for Elsås er det ei 390 m høg høgde som heiter *Hausen* /Haus'n/. Grunnlaget for namnet er haus, og ikkje den svake forma hause av dette hankjønnsordet. Det er ei samanlikning. Det er gno. haus m. som ein finn i nyare mål som haus(e), 'hovudskalle' brukt som jamføringsnamn på rundvorne fjellknattar ein har med å gjere. Haus er gardsnamn på Osterøya i Hordaland og i Bremanger i Nordfjord. Her på Fannstranda er *Litlehausen* ein mindre topp sørvest for Hausen.

Det er ikkje vanleg å treffe på namn som *Øvre* og *Nedre Danlia* og *Danlihammaren*. Ei myr ved Danlihammaren heiter *Danmyra*. Ein kunne tru at første delen av desse namna var mannsnamnet Dan, (gno. danr m.). Det var opphavleg tilnamn om ein dane (danske). Dan har også vore brukt som kortnamn for Daniel, men det er mest i svensk. Det er ikkje usannsynleg at ein danske har vore eigar av skogen her. Elles kan ein òg nemne at i gno. var dan m. 'herre', (tittel for kyrkjeherrar, bispar, abbedar og liknande). Ein veit at erkebiskopen i mellomalderen var eigar av garden. Fleire av dansk ætt har vore eigarar av Elsås. Frå 1700 var han offisergard (sjefsgard). Ved skøyte dagsett 15. april 1800 sel futen Kahrs Nedre Elsås til kaptein Andreas Schieldrup for 1199 rdlr. Skogen og utmarka vart delt «etter en linje fra gjerdesgaarden efter elven ved øvre Elvsåa sommerfjøs efter merkede fyrretrær til et stort merket fyrretræ der staar oppe paa kanten av lien søndenfor Hvilepladsen derfra til et merket træ midt i Danlie---til et nedenfor Bjergdalen - til et sønderst i Dyremyrbakken – til et nedenfor Husmyren, dernest til en stor kvistfuru paa Skarpemyren derfra til en merket fyrre søndenfor Touterskar, derifra ---». Øvre Elsås skulle eige det som låg sør for denne linja, og Nedre Elsås resten av den tidlegare fellesutmarka. (I denne grensegangen er det nok namn som ikkje er i bruk i dag.)

Til fjells

Ein støyter rett ofte på namn som *Gammelsetra* på stader der det ikkje lenger er seter. Sør for Eikremssetra har ein *Gammelsetra*. Setra til Eikrem må ha vore flytta. I nærleiken har ein *Gammelseterlia*. Sørvest for Hausen finn ein *Gammelseterhaugen* og *Gammelsetermyra*. Det må òg vere lenge sia dei setra der det heiter *Eikremssetra*. Det ser ut som dei aller

fleste gardar har hatt seter frå gammalt. For somme gardar er det berre minne i stadnamn som vitnar om seterdrift. Namn som Gammelsetra og Nysetra fortel om seterflytting. Ofte var grunnen til flytting at det minka med ved som dei trong for å foredle mjølka. Når dei såg seg syn for å flytte, var fjøsar og buer nokså enkle. Det blir òg fortalt at udyra kunne vere så plagsame at ein måtte flytte. Ja, stundom blir det fortalt at dei underjordiske melde frå om at det draup møk nedpå bordet i deira underjordiske verd. Ein skulle helst stå på god fot med det folket, elles kunne det kome ulykke over setra.

Som ein stor kontrast til forholda i dag, henta ein sær s mykje av føret utanfor heimebøen. Til lenger ein går attover i tida, til meir typisk blir dette.

I det området som her blir handsama, ligg setrene for det aller meste noko høgare enn garden dei høyrer til. Det ser ut som det er dei mest lågtliggjande setrene som først vart nedlagde. Somme einbølte gardar med vid skog kring seg ser knapt ut til å ha hatt seter. Namn som Seterøya fortel at det også fanst setrer ved sjøen. Ikkje noko gras likar krøtera så godt som det salthaldige fjørgraset.

Kordalen er ein nokså stor dal. Truleg er det elva som har heitt Kora, og som så har gjeve namn til dalen. Ein kan nemne at nedste delen av ei stilleflytande elv som renn ut i Femunden, kallar bygdefolket Kora. Namnet skal kome av gno. kúrr 'stille, roleg'. Der har folk i seinare tid forklart namnet med at fiskarane har halde kor (andakt) på eit nes ved elva som heiter Korneset. Dette er sjølv sagt ein folkeetymologi. (Folkeetymologi er folkeleg forklaring eller omtolking av vanskelege og uskjønelege ord og vendingar.) Også elva i Kordalen flyt stille. Ein del av elva heiter rett og slett *Stillå*, altså med same innhald som Kora. Ei myr på austsida av elva heiter *Stillmyra*. Her heiter det òg *Stillgjerdet*. *Stillbruna* er bru over elva. (Fram til no har iallfall dei eldre brukt den gamle forma bruna.) Der det heiter *Djupstillå* er elva djup. I dag kallar ein elva her for *Kordalselva*. Mykje tyder på at det gamle namnet på Årøyelva var Kora.

Der elva heiter *Stillå* er det ein høl (dam) som somme kallar *Kudammen*. Det må ha gått gale med ei eller fleire kyr her. Eit anna namn på Kudammen er *Dødsdammen*. Segna fortel at ein gjetargut drukna her ein gong, sa Wollert Krohn.

Ved *Halsan* /Hasjanj/ smalnar lendet. I ein grenseoppgang frå slutten av 1700-talet er *Trollbotnhalsen* nemnd, og det ser ut til å vere på nordsida av *Dyrhaugen*. Ein botn her må ha heitt *Trollbotnen*. *Halsmyra* ligg vest for Halsan.

Leikplassen må ha vore ein stad med orrfuglleik. Det er vest for *Dyrhaugen*. *Dyrmyra* ligg sør for

haugen. I ein grensegang frå slutten av 1700-talet er «Dyremyren» med. Det ser ut til å vere denne myra. Namnet *Dyrbakken* er lenger ned mot busetnaden. Som ein såg hadde ein ovanfor Elsås også *Dyrmyra* og *Dyrmyrbakken*. Om det er tale om krøter eller ville dyr, går ikkje fram. Helst er det meint ville dyr. Når ein finn ordet dyr i stadnamn t. d. på Hardangervidda, er det helst meint rein. Det er vanleg meining at leddet dyr her i distriktet fortel om hjorten. På Nordmøre er dyr vanleg om 'hjort'. Men kvifor er ikkje ordet hjort brukt når ein hadde det allereie i gno? Ein veit at det kom rådyr inn i landet frå søraust kring 1900. Hit til distriktet kom dei ikkje før tett etter 1950. Men så er det slik at ein har funne gamle bein av rådyr frå mellomalderen her i landet. Ordet *rádyri* er skriftfest allereie i gno. Peder Clausson Friis fortel at det fanst rådyr m. a. i Namdalen i hans dagar (1545-1614). Men talet på dyr minka. Ein må hugse at ein fekk børser på 1500-talet. Seinare heldt dei på å bli utrydda også i Sverige. Det blir opplyst at berre nokre få rådyr som vart fôra på eit slott i Skåne, overlevde. Kan det vere at somme namn som *Dyrmyra* og *Dyrhaugen* fortel om rådyr?

Baklia vender som alle baklier mot nord. På vestsida av *Årøydalen* har ein *Sagelva*. Om elva ikkje er stor, har ho vore drivkraft for sag. Litt lenger nord renn *Styggedalsgrova* nedover ein liten dal som må ha vore kalla *Styggedalen*. Namnet fortel om seg sjølv. Tidlegare hadde Eikrem kvern og sag i grova.

Det er noko uvisst om ein har hjell eller gjel i nokre namn. Helst er det hjell. Ein har *Hjellhaugen*, og *Hjellhaugfossen* er ein foss i *Sagelva*. Så har ein *Hjellrøra* og eit namn skrive «Gjelrørstenen» i gamle dokument. Fleire byte har utgangspunkt i steinen.

Krokan er elvakrokar i *Årøyelva*. *Steinbruddet* heiter det der dei i våre dagar bryt ut mykje stein til ymse føremål.

Oppi fjellet mot nord har ein namn som *Botnelia*, *Botnegrova* (*Botneelva*) og *Søre Botnehaugen*. *Ljøslia* har sett ljøs ut for dei som tok til å bruke namnet. I stadnamn har uttalen jøs av gno. ljøs overlevd. Fleire og fleire utover på 1900-talet tok i talemålet sitt til å seie lys.

Hausåna heiter ei elv som kjem ned i *Årøyelva* frå vest. Det kan knapt vere relasjonsnamn til høgda Hausen på austsida av dalen. Når ein har grunnordet å i staden for det nyare elv, tyder det på at namnet er gammalt. Kanskje anten *Hjellhaugen* eller *Søre Botnehaugen* heitte Hausen tidlegare. Dette er òg runde høgder. Det er ikkje uvanleg at ein finn same stadnamna ikkje så langt frå kvarandre, men så langt at det ikkje er dei same som bruker namna.

Ørnefåra er nok eit namn som ikkje er noko brukt i dag, men ein finn det i gamle grensedokument, for det er ei byttolle. Kan hende havørnen ein gong hadde eit stort reir oppå toppen av treet. Målføret har ørne som svakt hankjønnsord frå gammalt. I bunden form eintal seier ein /ørninj/.

Taterskaret ser ut til å ha ordet tater i førsteleddet. Dette ordet har ein fått frå lågtysk. Opphavleg kjem det frå tyrkisk tartar Det er brukt om omstreifande folk av ymse slag. No er det slik at ein i vårt område mest brukte fant om slike folk. Kanskje dei på si ferd pla vandre over skaret her. I grensegangen på Elsås frå 1800 var *Touterskar* nemnt. Det kan kanskje vere same namnet. Ein kan ikkje sjå vekk frå at førsteleddet kan ha med øynamnet Tautrå å gjere. Kanskje folk frå øya har drive med noko arbeid her. På *Årøysetra* setra Årøy-bruka. *Årøynessetra* låg på ein haug som heiter *Merrahaugen* /Mærahaun/. Det vart bygd veg fram til setra i 1934. *Røbekksetra* var i bruk i 1723, og det blir opplyst at beita var gode. *Elsåsetra* var òg i bruk den gongen. Setra låg nede ei tid, men vart teken i bruk att kring 1910-1912. Ein fekk veg til setra i 1934.

Alpinanlegget er på sørsida av fjellet Tussen. Det offisielle namnet er *Tusten Skisenter A/S*.

I 1990 vart vegtunnelen gjennom Tussen ferdig og teken i bruk. Det offisielle namnet vart Tussentunnelen. Molde kommune gjekk inn for Tustentunnelen. Fræna kommune og Fræna sogelag gjekk inn for Tussentunnelen. Det naturlege namnet hadde vore *Tusstunnelen*. Det er ein parallell til namn som Tusslia, Tusselva og Tusshammaren.

Går ein oppover i fjellet i retning overgangen til Malmedalen, støyter ein på namnet *Brekka*. Ein har namna *Brekkenakken*, *Søre* og *Nørde* /Nøre/ *Brekkelia*), *Brekkelihaugen*, *Brekkeliheia*, *Brekkebotnen* og *Brekkeelva*. Brekke f. er bakke, hall, særleg stor bakke mellom ei lågare og ei høgare flate, av gno. brekka. Det er no mest brukt i Sør-Noreg. Ein finn det i stadnamn på Island, Færøyane, Shetland, Orknøyane, lengst nord i Danelagen og i Sverige. I Danmark og lengst aust i Sverige har det forma brink utan overgangen frå nk>kk. I naturnamn er det ofte knytt til vegar. Ein finn det også i bustadnamn.

Ein har namn som *Småskara* og *Godholå* /Gohåla/. Det siste fortel nok om mykje gras. *Årøyheia* har sjølv sagt gardsnamnet i førsteleddet.

Skrubben er ein fjellende aust for Tussen. Kanskje namnet kjem av at lendet er skrubbyt, ujamt. Høgda kan òg vere samanlikna med ein skrubb. Men skrubb vart ikkje så mykje brukt i talemålet her. (Det er i den sørvestlege delen av landet skrubb er så mykje brukt som namn på dette udyret.) I stadnamn finn

ein mest varg her i området, sjølv om det vanlege målføreordet var gråbein i gammal tid.

Også oppi her er det ei tjørn som heiter *Lomtjønna*. Fuglen må ha halde til her. Her rente dei mykje på skeiser før snøen kom om haustane før i tida.

I *Gammelseterlia* nord for våre dagars industriområde i Årøydalen er det ein 173 mål stor teig som klokkar Thorvik åtte. Han heiter *Klokkarteigen*.

I *Almedalen* må det iallfall ein gong ha vakse alm.

10 km-støtta er stein som fortel at det er 10 km frå Molde på den gamle vegen. *Stokkeveltå* er eit kjent namn. Her har det gjerne vore lunningsplass for tømmer. Aasen har ordet Timbervelta om « et Sted hvor Tømmer sammenlægges til Flytning». *Stokkeveltbakkan* er bakkar på vegen.

Brennvinstollå står der den dag i dag. Namnet er frå den tida det var bolag på Molde. Det fanst vel dei som på heimveg smaka på brennevinet dei hadde handla. Under denne tolla var det fint å stoppe hesten.

Namnet *Neverhaugen* er minne om at dei løypte never her.

Tråvbanen /Tråvbaninj/ er eit relativt nytt namn på tråvbanen som no er her. Mange seier vel no *Travbanen* med ei nyare form. Orda tråv/trav og tråve/trave kjem frå lågtysk. Bane er hankjønnsord i stordelen denne kommunen. Går ein over fjorden til Vestnes kommune, finn ein det som hokjønnsord. Slik er det òg på Sekken, Nesjestranda og innover på nordsida av Langfjorden. Dette ordet har òg kome frå lågtysk.

Skarbakken er hoppbakke. Dette er sentralanlegget for hopp i Møre og Romsdal.

Bruaskaret kan kanskje ha brun f. 'kant, egg, gno. brún 'i førsteleddet. Det er bratt her, særleg på nordsida.

Lenger austover finn ein namn som *Løkan* og *Løkelva*. Det er mang ein løk i denne kommunen. Løk er ein djup bekk som renn sakte. Ordet blir brukt i dei vestlege dalane på Austlandet (frå Gudbrandsdalen til Telemark), Vestlandet og Nordland, opplyser Ola Stemshaug i boka «Namn i Noreg».

Ved Skaret

Skarbøen var namnet på den jorda som var rydda og delvis dyrka på dei to gamle bruka *Nøtskaret*. Slik står namnet på gnr. 67 i «Indre Frænen sogn» i NG s. 298. Då boka vart skriven, vart det slik som i dag berre sagt Ska're. Dativforma var Ska'ra. Korleis målføreuttalen av førsteleddet var, veit ein ikkje så



Skaret med Malmedalen ned t.h.. 1967. (Widerøe/Romsdalsmuseets fotoarkiv 180041)

sikkert. Karl Hovland (1895-1993) frå Strande sa Nøtskare. Ein fjellknaus ved Våge på Vågstranda heiter Nøta. Kanskje ein har hatt same namnet også her. I 1669 er namnet skrivne Nødschar, og i 1723 Nøreschar og Nødschar. Skrivarane av NG trur at førsteleddet kan vere naut n, eller det avleidde nøyti. Det er naturleg å tru at dei frå først hadde krøter her om somrane. Men dei som førte namnet i pennen på 16- og 1700-talet må ha trudd at det var nød (naud). Når ein ser skriftforma Nøreschar frå 1723, kan ein undrast om det kan ha vore Nørdskaret. Uttalen kan då ha vore Nørskare. Nord vart brukt om det som låg lengst aust. Bruka vart nedlagde kring 1800., truleg i naudsåra fram mot 1814. Somme seier at folket svalt i hel. Det var eit godt stykke utpå 1600-talet det kom folk hit. Om det har vore folk her føre avfolkinga av utkantsgardar i seinmellomalderen, veit ein ikkje.

I dag er det ingen som tenkjer på garden og gardsnamnet når det er tale om *Skaret*. Ein tenkjer på utfartsstaden. Men det var altså gard frå 1600-talet. På den tida hadde også *Melsetra* vorte gard. I dag er det berre tuftene etter garden ein kan sjå like attom tidlegare *Fjellstua/Idrettskretsens hus*. Sverre

Malmedal skreiv i «Gammalt frå Fræna»: «Dei som budde på Nødskaret og Melsetra var naboar til Malmedal, og det gjekk sledeveg frå brua i Malmedal forbi tunet på Nødskaret. Vidare gjekk ein veg til Melsetra og ein til Malmesetra og vidare inn over *Langdalen* til austre enden av *Langdalsvatnet*. Der stod høyløene som var lengst inne i dalen.» Vidare fortel Malmedal at denne vegen var felles for Malmedalen, Malme og Øygarden slik at dei kom fram til *Malmesetra* og høyslætta. Vintervegen tok av på Skarbøen og gjekk innover *Skarvatnet*, over *Toreslætta* og innover dei andre vatna i Langdalen. (Ein kan her nemne at forstmannen Schnitler som budde i Nettet, teikna kart på 1700-talet. Han kalla Skarvatnet for *Malmedalsvatnet*.) Sisteleddet *Toreslætta* er bunden form fleirtal av eit slætta 'stad der ein slo'.

I 1850-åra vart vegen mellom Malmedalen og Årøy opparbeidd etter den gamle sledevegen opp gjennom *Skarbakken* mellom *Austre* og *Vestre Skarhaugen* der *Speidarhyttå* no står. Men denne vegen var for bratt og tung. I 1865 vart han omlagd slik at han gjekk rundt *Skaret*. Vegen tek av ved *BUL-hyttå* (hytta til Bondeungdomslaget i Molde)

over Skarbøen. Så svingar han nedover forbi *Austre Skarhaugen*. Her vart det ein del sprenging og muring for å kome fram. Denne vegen var i bruk til midt på 1930-talet då det vart laga ein ny og flatare veg. Dette fortalde Sverre Malmedal. Han mintest òg stor slåttedrift inni Langdalen. Det var òg slik at gardbrukarane på Røbekk og i Malmedalen hadde hestane sine på Skar-området når det ikkje var bruk for dei (i håbolla). (Håbolla /håbållå/ er tida mellom våronn og slåttonn. Ingen veit sikkert tydinga av dette ordet.) Hestane heldt nedåt småskogen. På Malmesetra (som moldingane kallar *Skitnesetra*) var det setring.

Bruket Lundseng hadde seter ved Gammelvegen inne i *Bytbakken* like ved kommunegrensa. Setra som vart kalla *Lundsengsetra*, var i bruk frå kring 1920 til om lag 1960.

Ein ser altså at det opphavlege Skaret er skaret der den gamle sledevegen kom opp. I dag tenkjer vel folk at sjølve Skaret er lenger aust og eit stort område. Få tenkjer på at ein gong var det ein fjellgard her.

Gnr. 67 *Nøtskaret/Nødskaret* høyrer i dag til bnr. 2 på gnr. 36 på Røbekk. Det var visst oldemor til eigaren i dag som hadde med seg eignedomen som medgift. Ho var frå Malmedalen.

Ulshaugen er sør for Skarvatnet. Det står i grensedokument at grensa mellom Frenen og Bolsø går over «høyeste Ulshaug» (no Fræna og Molde kommunar). Førsteleddet kan vere ulv. Uttalen er /Usjhaun/. Ein har òg relasjonsnamna *Ulshaugrørin* og *Ulshaugbotnen*.

Lenger aust går kommunegrensa i ein kors i *Svartaksla*. *Kamman* er lenger mot sørvest. Kam er ofte sisteledd i stadnamn, (gno. kambr m.). Det er ofte øvste kanten av ei høgd, ujamn og taggut fjellrygg. Grunntydinga av kam skal visst vere noko som har tenner.

Elles har ein namn som *Litle Baklirøra*, *Sandhaugen*, *Storhaugen*, *Langbakkan*, *Nøsdalen* og *Nøsrørin*. Dei to siste namna viser at ein må ha hatt eit namn Nøsa (av gno. *nøs* f. 'framstikkande høgd, nase'). Så har ein *Grøndalen* og *Grøndalsrøra*. Kommunegrensa går også gjennom *Leikarrusta* (*Leikarrøsta*). Truleg fortel namnet om orreleik.

Nordmørsvegen heitte gongstigen som gjekk mot Batnfjorden. (Vegnamn har gjerne endemålet for vegen som hovudledd.) *Lensmannssteinen* er ein stor, flat stein. Tverrvegen frå ytre strøk gjekk over *Langbakkan*. Framleis skal det vere ein stig her. Vegen kom ned på Elsås. Lensmannen budde på Tornes. Han gjekk over her. Her var det vel kvil. Herifrå såg ein til *Bispestainen* som også låg ved vegfare. Kanskje ein bisp ein gong har vandra stigen her.

Går ein austover *Langdalen*, passerer ein *Berrmyran*. Namnet var lenge feilskrive på karta. Det stod Bærmyrane. Det har ikkje noko med bær å gjere. Det som veks på marka, kallar ein ber med lang e. I gno. vart òg ordet skrive *ber* n. Men her er uttalen med æ og lang r. Namnet kjem av berr, at det er bert, ikkje nemnande med snø. Han blæs lett vekk her. (Namnet ligg i Fræna kommune.)

Første vatnet ein kjem til, er det som på karta no heiter *Kringla*. På kartet frå først på 1870-talet står *Klingeter V*. Det kan vere at dei sa Klingretevatnet. Vatnet er rundt som ei kringle, gno. kringla f. 'noko rundt, ring'. I gno. hadde ein ordet *kringlóttr* som tyder rund. Iallfall tidlegare sa ein klingre i staden for kringle. I ordboka si skriv Ivar Aasen: «En avvigende Form Klingra (Klingre, Kling'er) bruges nordenfjelds.»

Ikkje langt lenger aust ligg vatnet som mange på Molde og innover stranda kallar *Gunnillå*. Malmedalingane seier *Gunnildsetervatnet*. Det er Gunilla som står på kartet i M 1:50 000. Ein ser at ei seter her må ha heitt *Gunnildsetra*. Sverre Malmedal som kjende dette strøket betre enn dei fleste, skreiv før han døydde noko om denne setra. Han skriv m. a.: «Kor lang tid det er sidan det var seterdrift der, finst det ikkje nokor skriftleg kjelde for. Det kan godt hende ein må attende i tida til 1500-talet eller 1600-talet. Det er ei gammal segn som seier at det var gardane Hatlen og Skjerslia inne på Fannstranda som setra der, og at dei frå gammal tid åtte *Skorpelia* heilt ned til *Gunnildsetervatnet*. Dette kan ha vore slik, for lenger aust i *Skorpelia* går grensa imot Mjelve ned til Langdalsvatnet, og i vestre ende grensar lia imot Strande. Imellom desse to grensene går grensa mot Hatlen og Skjerslia etter fjellrøra og over Hyttedalen, og dette er òg kommunegrensa mot Molde og Fræna. Ifrå desse gardane hev det vore sagt opp gjennom tida at malmedalingane hadde stole *Skorpelia* frå dei ein gong langt attende i tida. Men i Malmedalen hev det vore fortalt frå slektsledd til slektsledd at dei hadde fått *Skorpelia* til faddergåve langt atti tida. Når ein ser i gamle skifteprotokollar, finn ein at det er mange kvinner ifrå Røbekk til Mjelve som har gifta seg til Malmedalen ned gjennom tidene, heilt ned til 1600-talet, og ein må rekne med også før den tid. Då må ein mest ha lov til å tru at dette med faddergåve var rett, og at grensa mellom Hatlen og Skjerslia og Malmedal er flytta dit ho no er i høve ei faddergåve.» I Bolsøyboka IV, s.54 kan ein lese dette i samband setringa til gnr. 41 Ekrå aust for Lønset på Fannstranda: «Det er halde fram at Ekren hadde ei sæter ved *Gunhildsetervatnet* i Langdalen, og at sætra heitte *Gunhildsætra*.»

Den som har lese dette, har lagt merke til lia på sørsida av dalen som den lokalkjende Malmedal kallar Skorpelia /Skårpelia/. Så er det slik at ein i NG på s. 289 under «Forsvundne Navne» les: «*Af Skorpo* AB. 76. Skorpen OE. 6. Har vel ligget paa Fannestranden.» Skorpå er altså eit vekkome gardsnamn i dette området. I Aslak Bolts jordebok som det er vist til, les ein at erkebiskopen eig ½ vetteleige i Skorpo. Garden låg øyde då kring 1430. Mykje truleg er Skorpelia relasjonsnamn til dette gardsnamnet. Ein må ta med at garden også er omtala i erkebiskop Olav Engelbrektssoens jordebok 100 år seinare. Har garden lege på Fannstranda, må ein av dei nemnde gardane ha skifta namn då det på nytt vart busetjing. Noko merkeleg er det at ein ikkje finn relasjonsnamn nærare garden. Eit anna alternativ er at *Gunnhildsetra* i høgmellomalderen var gard. Staden ligg ikkje høgare enn 250 m o. h. Garden kan ha ått det stykket av lia som gjer at grensa i dag går som ho gjer. Ein veit at folk flytta frå fjellgardar når det vart ledige gardar som med omsyn til avling var meir årvisse. Så vart garden seter. Her stod hus frå før. Det kan forklare at dei på Fannstranda kom til å setre så langt unna.

Tydinga av namnet er ikkje så sikker. Andre stader finn ein same namnet som både øynamn, fjellnamn og gardsnamn. Det treng ikkje tyde skorpe rett fram. Det kan gjerne ha med skarp jord å gjere, at det er grunt nedpå berget.

Ei segn fortel korleis setra vart heitande Gunnhildsetra. Sverre Malmedal fortel at ein kveld med torslått skulle ei som heitte Gunnil oppi Skorpelia for å hente heim sauene til støls. Ein kan tenkje seg at bekkene voks opp pga regnet, og steinar kan lett losne i slikt ver. Då var det at ein hammar rausa ut, og Gunnil vart att under fonna. Ura eller steinfonna ser ein oppe i lia oppføre *Tipphaugen*, og ho liknar ein kvinnefigur som ligg med utstrekke armar. Malmedal skriv vidare: «Denne figuren hev ikkje endra seg, jamvel om den hev vore der i fleire hundre år. Det hev ikkje vakse lyng eller mose på steinane i ura, men no dei siste åra ser det slik ut at det veks litt småkratt på hovudet til kvinnefiguren. Ura heiter *Gunnill*. Me som bur i Malmedalen ser Gunnill kvar dag når det er snøbert og elles bra ver. Det hev vore sagt opp gjennom tida at Langdalen er Gunnill sitt rike.» Han opplyser òg at det var på kartet i M :50 000 frå 1973 ein fekk skriftforma Gunnilla. På kartet frå 1870-åra står *Gunhildsæter* V. I seinare tid har det vore hevda at Gunnhild drukna i vatnet. Formasjonen i ura har somme teke til å kalle *Engelen*, altså Englen i vanleg skriftform. Namnet *Gunnhildura* har òg vore brukt.

Seterstølen ligg aust for Gunnhildsetervatnet i bakkehallet opp mot *Gunnhildseterreset* som er eit res som går tvers over dalen. Det er ein tørr og fin støl, og det såg slik ut at det kunne vere restar etter gamle hustufter her. Men no etter at det vart lite beiting, har stølen vakse mykje att med bjørkeskog, opplyser Malmedal.

Det er mykje truleg at det ligg ei ulykke attom segna om Gunnhild. Har det vore ein gard med namnet Skorpå, er det ikkje så rart at namnet kunne bli gløymt når det vart så myke tale om den triste endelykta til setertausa Gunnhild.

Det kan vere realistisk å tru at folket på Fannstranda setra her så lenge det var brukande hus frå den tida det var gard.

Kristian Opstad har i boka «Gamle Møre» med om lag same segna om Gunnhild. Til slutt heiter det der at det visstnok var ein veidemann som såg kva som hende med Gunnhild.

Strande

Dette er gnr. 38. Ein seier /Stranne/ utan palatalisering. *Strande* er ein stor gard med mange bruk. NG meiner namnet opphavleg hadde fleirtalsforma *Strandir. Her er berre ei strand som er jamn utan store innskjeringar. Men tidleg vart det nok mange bruk på denne garden som har stor vidd. Ved kvegskatten i 1657 er det 11 brukarar som har dyr. Til saman er det om lag 50 kyr. Første gongen garden er nemnd er i Aslak Bolts jordebok. Der er han nemnd to gonger. Den eine gongen er namnet skrive Strande, og den andre gongen skrive Strand (s. 126A og s. 128A i nyutgåva av boka frå 1997). I NG er berre forma Strande nemnt frå A.B. Ingen på Strande betaler skatt i 1520. Sjølv om ein finn Strande flest gonger fram gjennom tidene, er også eintalsforma Strand brukt fleire gonger, m. a. 1608-1609 og 1633. Ved koppeskatten (skatt på kvart hovud) er «Knud paa Strand» med. I «Landkommisjonen 1661 Jordebok for Romsdalen futedøme» (Trondheim 1969) finn ein Tosten Strand. I samansetningar heiter det alltid Strandsetra, Strandelva, Strandhagen. Ved kvegskatten i 1657 finn ein to småbrukarar som heiter Erich og Oelle Strandhafn. Truleg er dette ei skriftform for *Strandhagen* /Strannhajinj/.

Ner-Strande er bnr. 1. Der er *Urbakken* med einstavings tonelag eit område på dyrkamarka. Det er relasjonsnamn til *Ura* som er ei røys. *Ytre Strandhagen* er bnr. 2. *Bekken* /Bekkjinj/ er ein liten bekk som renn ut i fjorden. *Båshaugen* er ein haug, men ein veit ikkje kvifor ein har bås i namnet. Kan



Strande med bruk nr. 1 midt på bildet. (Widerøe/Romsdalsmuseets fotoarkiv 091421)

hende ein terrengformasjon i eller ved haugen har mint om ein bås. *Smievegen* er minne om ei smie som stod der.

Iverplassen var husmannsplass slik som *Beritplassen* /Beretplassen/. Beret, som ein sa, var gjerne den siste som levde att her. Husa er rivne for lenge sia. I to generasjonar budde smedar på plassen. Plassen vart òg kalla *Rusket* /Rusje/. Bolsøyboka opplyser at Andreas Andersen på *Østråtplassen* var fødd på Ørlandet. Han kom nok frå Austrått som er på Ørlandet.

Småenga er bnr. 4 under Strande. *Plassen* låg ovanfor *Beritplassen* (*Rusket*). Det vart sjølveigande bruk i 1885.

Bolsøyboka fortel om plassen *Lykkjå*: «Fante-Wilhelm var den første som byrja her. Han var ein bra fant. Heldt andakt kveld og morgon der han fekk bu.» Biri-Per frå Biri på vestsida av Mjøsa hadde plass jamsides Lykkjå. Desse to plassane vart ein eigedom i 1898 med namnet *Kveldro*, bnr. 20 og 21. *Olaplassen* er truleg den plassen som i Bolsøyboka blir kalla *Brittøftin*. «Ola Strande som var ølkøyrar på Molde, var fødd her.»

Ei som heitte Kari har fått namnet sitt knytt til *Karihaugen*.

Øver-Strande er bruk. *Røysa* er bnr. 7. *Rabben* er bruk. *Strandfaret* /Strannfare/ er i dag namnet på eit bustadfelt. Her kjem *Strandelva* ned. Det er eit elvafar.

Brønnilldalen er ved *Strandelva*. Namnet finn ein i Bolsøyboka. Det er ei hole i lendet, og her var kvern. Helst er det kvinnenamnet Brynhild ein har med å gjere. Ein veit at ein sa Brønnill. Mindre sannsynleg er det at førsteleddet kan vere eit gammalt namn på *Strandelva*. *Vadet* er lenger oppe. Kanskje bjørnen pla labbe gjennom *Bjønnskaret*.

Ytste Brattnakken ser ein tydeleg. Ei myr heiter *Liamyra*. *Almeskaret* fortel om den verdfulle almen.

Ytter-Strandråket er råket (krøtervegen) til Ytter-Strande. *Sommarfjøsane* er sommarfjøsane til Ytter-Strande. *Fjøvåten* var våter nedanfor *Sommarfjøsane*. (Namnet har fleirtalsform.) Våte er oftast ein stad der det har sige land (gno. hland 'urin, mig' frå husdyr) nedover frå ein fjøs. Det voks mykje gras på slike stader.

Hatlebakken og *Hatlerøra* har treslaget i seg. Ein finn namn som *Bjønnskaret* og *Hundehaugløken*. Hund i stadnamn kan i somme høve vise til noko negativt. Det er myrlendt i fjellområdet her. *Løkan* greinar seg ut til fleire kantar. Så har ein *Løkhaugen* og *Løkmyra*.

Tverelva er ei veite. Karl Hovland skriv om dette namnet: «Et elveløp som engang ble gravet for å lede vann fra Hommeleva og over til Strandelva og har vært årsak til strid i gamle dager, for også den gang var det energimangel.»

Aurvegan /Aurvæganj/ er stiggar som går der

det er aur. I talemålet i dag er aur ein mellomting mellom sand og mold. Leten er brunraud. I gno. var aurr ordet for grus.

Rundbotnen /Ronnbått'n/ er som namnet fortel rund.

Ein kan framleis sjå noko av murane på *Strandsetra*. Ho låg i sameige. Det tok tre kvarter å gå dit. Ho skal ha vorte nedlagd 1830-1840. Vest for setra er *Høgreset*. Her kring setra er ein på om lag 330 m o. h. Ved *Litle Skarshaugen* har ein namna *Tjønnsetermyra*, *Tjønnseterløken* og *Tjønnseterskaret*. Namna fortel om ei seter ein gong.

Bjerkalihaugan /Bjærkalihauanj/ ligg lenger aust. Her må ein ha hatt Bjerkalia. I boka «Planter og tradisjon» skriv professor Ove Arbo Høeg på s. 248: «Omkring Romsdalsfjorden og den nærmeste tilgrensende delen av Nordmøre er bjerk oppgitt av innbyrdes uavhengige hjemmelsmenn fra 11 herreder.» Somme andre stader i landet har forma bjerk kome inn fordi ho er sett på som finare (meir lik bokmålet) enn bjørk. Men slik er det ikkje her. Bymålet på Molde har bjærk, men det blir sagt Kongebjørka. Bjærk er nok ei gammal form i dette området.

Om *Smigjerdet /Smijere/* skriv Karl Hovland i eit notat: «Et gammelt sagn går ut på at navnet kommer av at det har bodd en smed der engang, men det er ingen tegn til boplass der. Det eneste kan være en liten slette i nærheten av oppkommet.» Ein kunne elles tru at namnet hadde med uttak av myrmalm ein gong i tida. Hovland opplyste at det var teikn på jarn i myra her. *Smigjerdsmyra* og *Smigjerdsrøra* er relasjonsnamn.

Namnet *Holkjebakken /Hålkjebakkjinj/* er eit noko uvanleg namn. Ein veit at dei bar heim mjølk og skjør frå setra i «hålkjebøtte». Dette var ei bøtte som dei bar på ryggen i reimar. Kanskje kvilde dei seg her.

Så har ein *Nakkan*, *Nakkrøra* og *Nakkmyra*. Lenger oppe har ein *Tudalen* som har tue i førsteleddet. Nordvest for denne dalen er *Øvrehaugen*.

Der det heiter *Strandhagtorvet* tok *Strandhagen* torv til brensel. Høgda på sørsida kallar somme *Torvhaugen*. Andre seier *Torvrøra*. Der det heiter *Teigatorvet*, tok *Lønsetteigen* torv. Stadnamn som fortel om torv til brensel kan aldri vere sær gamle. Torv vart pga røyken ikkje brukt den tida ein berre hadde open eldstad.

Lomtjønna er lita. Ho ligg ved *Strandhagtorvet*. *Kroktollå* er ei gammal byttolle. Namnet fortel at ho er krokut.

Gjerdan /Jeranj/ er eit område som har vore inngjerdt. Namnet er bunden form fleirtal, men det har hokjønnsbøying. Dette har vore ein tendens

i delar av Romsdalen. Det er lite av det i denne kommunen.

Kanskje bjørnen har hatt hi i *Bjønnaberget*? Ein har òg namnet «Åvafær Bjeinnjabærja». Det er altså *Ovafor Bjønnaberga* med dativform.

Også på Strande er det ein hammar som heiter *Svarthammaren*. Oppå fjellet har ein *Svarthammaren*, *Svarthammarmyra* og *Svarthammargrova*. Vest for elva er *Storhammaren* med *Hammarskaret*, *Småhammaren* og *Hammarrøra* på vestsida.

Ytste Råket er råk. Der det heiter *Sommarfjøsán* stod det 10 sommarfjøsar først på 1900-talet.

Oppkommå er ei oppkomme med uvanleg kaldt og godt vatn. «Det har en egen god smak og må være særdeles rik på vitaminer. Det er tegn til jern i myra i nærheten,» skriv Karl Hovland i notatet.

Spolledet /Spø̀l`le`e/ var eit led før i tida. (Ein har tjukk l i uttalen spø̀l.) Aasen skriv om spol i ordboka si: «Spile. Stang, en af Ribberne i en Grind eller Rist.» Truleg var grinda i ledet samansett av slike stenger. *Djupvegen* er stig opp til Sommarfjøsán. Namnet fortel truleg om djupt vegfar. Eit anna namn på same veggen er *Fjøsvegen*.

Strandhaggrova er grova som kjem ned ved Strandhagen, bnr. 15. *Strandbøen* er bnr. 13. *Haugen* er bnr. 17. *Strandteigen* er bnr. 12. *Holå* er bnr. 11. (Peter Lønseth kalla bruket *Orholå*. Her voks nok ore.)

Solbakken var rett opp for Strandbøen. Her var Johan Solbakken husmann. Han var snikkar. Om vintrane arbeidde han på ei bryggje på Bjørnsund. I 1893 kjøpte han plassen som vart bnr. 19.

Fredvang er bnr. 10. Det er eit nylaga namn. Der det heiter *Plassen* må det helst ha vore ein husmannsplass.

Myra er bnr. 18. *Myraneset* er eit lite nes nedanfor bruket.

Strande skule kalla dei Skulen /Skulinj/ i daglegtale. Han vart sett opp i 1900. Han har ikkje vore i bruk sia hausten 1950. For ikkje mange år sia reiv dei han.

Bedehuset er snart 100 år Det er i god stand og i full bruk.

Badstuå var badstove for folk på stranda her. Utover på 1900-talet var det små badstover i mang ei bygd i distriktet.

Truleg har *Hommelelva* tidlegare heitt *Homlå*. Bakgrunnen kan vere lyden som likna på summinga til insektet humle, som ein uttalar homle med o-lyd og tjukk l her i distriktet. Men det kan også vere gno. hømull 'tett steinlag', for det kan det vere i elvafaret. I *Hommelbukta* budde det folk før i tida. Ein av dei som fekk utdelt korn i 1773 etter naudsåra, var Knud Humerbugten. Dette står å lese

i boka «Romsdals fattige og nødlidende Almue» redigert av Bjørn Austigard (1990). Neset ved utlaupet av elva er *Hommelneset*. Så har ein namn som *Hommellia* ved elva og *Hommellirøra*. Desse namna vitnar om at elva frå gammalt heitte Homlå. *Brøtlirøra* er ei rør (ein kant) som må vere relasjonsnamn til Brøtli. Det same er *Brøtlimyra*. Kan hende snøen pla bryte ned skog i lia.

Terahaugen og *Teramyra* er vanskelege namn å forstå. Førsteleddet *ter* kan det sjå ut som ein finn i øynamnet Terøyna i Haram kommune og eit øynamn ved Florø. Førsteleddet i slike namn kan kanskje vere gno. þiðurr m. 'tiur' (I vestnorske målføre kan det heite ter og tere.) Lengst vest i Nesset kommune har det vore sagt ter, har skrivaren høyrte. I det som no er Molde kommune, har /teårre/ vore den vanlege uttalen i manns minne. Men ter kan ha vore brukt i eldre tider.

Lønset

Dette er gnr. 39. Uttalen er *Lønnsætt* I NG står det at oppskrivaren også har høyrte Lønnsætt. Dette verkar noko merkeleg. Han som skriv dette har aldri høyrte slik uttale. Eldre skriftformer peikar heller ikkje mot ein slik uttale. Saman med Hjellset og Hjelset er Lønset ein av dei store set-gardane. Det ser ut til å ha vore stor skilnad på storleiken av set-gardane i Romsdalen. Det ser ut som somme var så marginale at dei ikkje fekk busetjing att etter nedgangstida i seinmellomalderen. Førsteleddet ser ut til å vere mannsnamnet Loðinn likeins som ved same gardsnamnet i Oppdal kommune i Sør-Trøndelag. Namnet var brukt i vikingtida.

Første gongen garden er nemnd er i eit diplom skrive på Grip i 1513. Det er Aslac paa Lodensæthre som er nemnd. I skattelista frå 1520 ser det ut som Aslak er avliden. Det er no Pæder paa Lonsetter som betaler 2,5 lodd sølv.

Ved kvegs-katten i 1657 er det 4 brukarar. Til saman ser det ut til å vere 8 hestar, 41 kyr, 29 geiter og 38 sauer.

Det var skysstasjon på Lønset. Herifrå gjekk også postruta over til Dvergsneset. Der den gamle vøren stod, vart det bygd ny vør i 1828. Han vart utbetra i 1842 og gjort 39 alner lang.

Der det heiter *Setra*, hadde Lønset seter, men det er lenge sia. Garden har òg hatt seter andre stader. *Seterlia* og *Seterlirøra* er relasjonsnamn.

Om *Lønsetelva* har hatt eit sjølvstendig namn tidlegare, veit ein ikkje. *Elvateigen* er ein teig ved elva. Her er òg ein teig som på jordskifte-

kart er skriva *Storkaneteigen*. Tydinga er uviss.

I *Ausphaugen* veks det framleis osp. Så har ein *Ura* og *Urastykket*. Namnet *Oragrova* står på eit jordskiftekart. Førsteleddet ser ut til å vere trenamnet ore, som romsdalingane seier. Nordmøringane seier for det meste older. *Nylendå* /Nylønnål/ er eit stykke som er dyrka i nyare tid. Ein har òg namnet *Brennhammaren*. Ein veg som går oppi marka, er i ei jordskiftesak kring 1870 nemnd som *Jukollvegen*. Ei høgd må ha hatt namnet Jukollen. Kanskje førsteleddet er juv (djupt søkk, gjel).

Vargemyra er ikkje så langt frå gardsbusetnaden på Lønset. Ein veit at dette udyret følte seg tryggast på opne flater. I skogen var vargen (gråbeinen) meir varsam. Som ein veit, likte han ikkje å ha noko over hovudet sitt.

Bnr. 3 har vore kalla *Krohggarden* etter eigaren Georg Krohg.

Lønsethagen er bruk. *Lønsetteigen* er bnr. 2. I NG er uttalen litt feil. Det står at uttalen er noko slikt som Lønnsættteinnj. Det er ikkje palatalisering til slutt i namnet. Ein seier /Lønnsættein/. *Teigaråket* var krøtterråket til bruket. *Bjerkhaugen* er eit lite bruk.

Plassen *Litlegjerdet* var visst nordvest for husa på bnr. 1. *Hans Hagå-plassen* låg nedanfor vegen vest for grova som vart kalla *Hans Hagå-grova*. Det var òg ein plass som heitte *Bakken*, men ein veit visst ikkje akkurat kvar han var.

Rusket /Russje/ er ruskemark utan verdfull trevokster. Det er ofte noko ulendt på slike stader. No har ein fått bustadadressa *Rusketeigen*.

Oppå fjellet har ein *Kviteberga* som ser kvitvorne ut.

Ferjekaia heitte offisielt Lønset ferjekai. Fram til sommaren 1991 gjekk det ferje mellom Lønset og Grønneset. Ei tid gjekk ei ferje som heitte *Fannebru*.

Ellingsgarden

Dette er gnr. 40. Det er gjerne rett at det gamle namnet på *Ellingsgarden* var *Ytter-Sigerset*. I skatterekneskap for 1619/1620 er Elling Ytter-siresett nemnd. Dette er truleg bureisaren. Ellingsgarden kan ha vorte brukt i daglegtale frå hans dagar. Ein har *Ellingsseterhaugen* oppå fjellet. Her har nok setra vore. Elling kan ha starta med setring her. Bolsøyboka opplyser at setra truleg vart nedlagd føre 1800. I 1669 er gardsnamnet skrive ytter Sierset, og så seint som i 1723 Ytter Schierset. Men dei sa nok Ellingsgarden. Det ser ut



Området rundt Lønset ferjekai 1962. Ellingsgarden t.h. for biletkanten. (Widerøe/Romsdalsmuseets fotoarkiv 088691)

som både Ellingsgarden og gnr. 41 *Ekrå* er utskilde frå Sigerset. Kan hende alt mellom Øygardselva og Lønset var ein gard frå først av.

Ellingsgardsgrova kjem ned ved Ellingsgarden.

Ekrå

Ekrå er gnr. 41. Eldste skriftforma ein kjenner til er *Eckrim* frå 1603, som må vere ei misforståing. Seinare på 1600-talet finn ein *Echren*. Slik er det også skrive i 1723. Dette har frå først av vore ei ekre (gno. ekra f. 'atlagd åker'), det som ein i nyare tid oftast kallar attlege i Romsdalen. På Nordmøre talar dei framleis mykje om ekre. I Bolsøyboka b. II s. 413 kan ein i ein fotnote lese: «Gamle Trond Sigerset, fødd ca 1830 sa at Ekren vart kalla ytre Sigerset i motsetnad til indre Sigerset som Sigerset vart kalla då.»

Ved kvegskatten i 1657 er det berre ein brukar. Men han har imponerande nok 1 hest, 20 kyr, 16 geiter og 20 sauer.

Bnr. 3 er *Hagen*. Det har vore skrive og sagt *Ekker-hagen* /*Ækkerhajinj*/. Bruket er nokså gammalt. Det er nemnt i 1770-åra i samband med ei drapssak. Førsteleddet er ekre f. 'atlagd åker'. På garden hadde ein *Myraplassen*. Han låg ovanfor vegen rett ned for garden. *Berget* låg litt lenger aust.

Det var Anders Larsen som kring 1840 bygsla eit stykke av heimgarden. Det var òg ein plass som heitte *Teigen*.

På eit jordskiftekart frå 1950-åra står namnet *Revhiet* /*Rævhie*/. Her må ha vore revhi i lang tid. (På sørsida av Romsdalsfjorden kallar dei dyret for røv.)

Oppover i lia finn ein namna *Hjellrøra*, *Gjerdberget* /*Jerbærjel*/ og *Gjerdhaugen* /*Jerhaun*/. Namnet *Hopmyran* fortel kanskje at dei brukte myrane i lag. Førsteleddet i *Leikarhaugen* kan kanskje vere minne om fugleleik. I Ranvik-området i Nesset kommune har ein same namnet. Der var det sagt at gjetarane trøydde tida med å leike seg på Leikarhaugen. *Slettdalsrørin* er fleire rører. *Hokjønnsordet* rør ser ein går att i mange namn i kommunen om ein kant. Ein talar òg om bakkerør. *Seterskaret* er aust for *Ellingseterhaugen*. I 1723 blir det opplyst at *Ekrå* hadde hatt seter, men ho var nedlagd. Det har nok ikkje vore setra etter 1700 i *Seterskaret*. Namnet er iallfall eit minne om setring. (Kva tid dei skal ha setra på *Gunnhildsetra* i *Langdalen*, veit ein vel ikkje.)

Det er ei tydeleg hole der det heiter *Holebotnen* /*Hålebått'n*/ vest for *Sigersetelva*. *Holerøra* er nedanfor på austsida av elva. Vest for elva er det ein stad som heiter *Ruskelia*. Det er i det heile mange stadnamn på denne delen av *Fannstranda* som har ordet *rusk* i seg.

Sigerset

Denne set-garden er gnr. 42. Jamt over reknar ein no set-gardane som noko yngre enn dei som endar på –stad. Førsteleddet er truleg kvinnenamnet Sigrid (gno. Sigridr). Bolsøyboka fortel at garden er nemnd med brukaren (truleg enkje) Ranndi Sjerrset i 1597. I 1603 er Hans Sigerseszet leiglending. I eit brev frå 1575 går det fram at Torstein Askjellson frå Bjørke på Voss m.a. åtte part i Mjelve og *Sigrida sethre*. (Bolsøyboka I s. 291). Er dette rett avskrift, ser det ut til å vere kvinnenamnet og ikkje mannsnamnet Sigarr. Set- namna kan ha kvinnenamn. Uttaleopplysinga i NG med dobbel g /Seggersæt/ er gjerne litt merkeleg.

På *Sigersethaugen* sat ofte folk og prata om søndagane. Når dei var ute og gjekk, samlast dei her. *Sigersetbøen* er bruk. Det er òg bruket som har vore kalla *Orholå*.

Kår-Lasseplassen låg vest for elva nedanfor vegen. Mannen her, Lasse Andersen, var fødd kring 1815. *Pillarvikplassen* låg lengst aust på garden. Mannen vart kalla Pillarvik-Ola. Han var frå Pillarvika i Isfjorden.

Ei gammal stove som stod tett inntil vegen på øversida, vart i lange tider kalla *Feiarstauå*. Dette namnet var kjent av dei vegfarande frå inst i fjorden også først på 1900-talet. Ein feiar har budd her. Dei siste åra hadde visst ikkje stova fast busetnad. I gno. hadde ein gjerningsordet fægja 'gjere reint'. Ordet har samanheng med fager. I desember 2009 reiv vegvesenet den særmerkte stova som hadde stått der og vitna om gammal bustadstandard.

Oppi lia heiter det *Brattlia*. Der det heiter *Setra*, hadde Hatlen og Sigerset seter. *Hatlasetra* låg lengst aust. Det skal ikkje ha vore setring her etter 1780-1800. Ein har òg namnet *Hatlaseterhaugen*.

Truleg har det vore noko trollskap oppi *Trollhaugen*. Det må ha brunne ein gong der det heiter *Brenthaugen*. *Storhaugen* og *Storhaugmyra* ligg mellom *Sigersetelva* og *Skjersåna*.

Oppi lia 200 m o. h. er *Almelia*. Dette treslaget har ein sett finst i mangt eit naturnamn, men òg i ein del gardsnamn kringom i landet, både usamansette og samansette. I Gloppen i Nordfjord er garden Alme som er grannegard til Aske. Same namnet førekjem også i Hafslo og Luster. Når alm er førsteledd, hender det at m-en fell ut, som i t.d. eit namn som Allia. I Agder har namn på Alm- ofte fått forma Åm, t.d. Åmland. Gardsnamn på –land daterer ein ofte til folkevandrings-tida (400-600 e. Kr). Namn med alm kan altså vere gamle.

Hatlen

Dette er gnr. 43. Same gardsnamnet finn ein på gnr. 81 lengst aust i kommunen. Det er også gardsnamn i Isfjorden og Eidsvågen. Det må vere meint ein stad der det veks hatleskog (hatlekjerrar). Ofte seier ein at det veks mykje hatl på ein stad. Dette er ein parallell til namnet Einen. Det er tre bruk her, *Øver-Hatlen*, *Ner-Hatlen* og *Midt-Hatlen*. Ein finn skriftformer som Hattle og Hattelen frå om lag 1600. To brukarar betaler kvegskatt i 1657. Til saman har dei 2 hestar, 17 kyr, 13 geiter og 13 sauer.

Fjørå var ein husmannsplass med berre 2 mål (dekar) jord. Husdyr hadde dei ikkje, og høyet vart selt. Mannen på plassen var fiskar og sjømann. Han reiste mykje med seglskuter frå Molde til Nordland. Han og kona Ingeborg Anna Kleive frå Davegarden hadde 10 born. Ein av sønene vart meieristyrar på Molde. Plassen låg som namnet seier i fjøra. Stova stod visst til etter 2. verdskrigen.

Jens heiter ein stor stein litt ut frå land. Han har altså dette mannsnamnet. Kåre Skjerså fortalde at far hans meinte at mannen som kørde steinen dit, heitte Jens.

Hatlagrynnå er 20 famner, eller om lag 40 m. *Soar* var namnet på bedehuset som stod her. Sjølve området kalla òg folk Soar. Dette var ein kjend stad også for folk frå andre stader i kommunen. Huset vart først i mai 1991 flytta til Romsdalsmuseet. Namnet hadde bedehuset fått etter byen Soar i Kanaan. Han vart spart då det gjekk gale med Sodoma og Gomorra.

Skjerslia

Garden som er gnr. 44, ligg fint til i sollia. Førsteleddet er det same som i *Skjersåna* som kjem ned austanfor garden. Garden vart visst busett att slik som mange andre då skogen vart verdfull pga vassaga. Han er nemnd i 1611. Kring 1660 er det ei enkje som er brukar. Ho er kalla Enchen i Schierslien og har fire kyr, to geiter og to sauer. Så er det ein Anders som er husmann og har ei ku, ei geit og ein sau. Dette er ein kontrast til det store krøtartalet på grannegardane. Kring 1680 slo ei ikkje namngjeven kvinne saman med mannen sin seg ned som leiglending og byrja å setje garden i stand. Mannen døydde, men ho fekk tak i ein ny husbonde. Det vart bygd 11 nye hus og teke 100 famner (190 m) veite i vassjuk jord. Veitene var steinsette. Dette måtte vere særst tidleg med slike

veiter. Dei mange husa fortel at i dei dagar hadde dei eitt hus for kvart dyreslag.

Men så i 1702 kom det ein ny eigar, og han ville kaste leiglingane ut. Ein veit ikkje korleis det gjekk med det trottuge brukarfolket (s. 100 i «Fylkeshistorie for Møre og Romsdal 1671 -1835» Det Norske Samlaget 1990).

Kvennaveitå er ei veite som førte vatn vestover frå Skjersåna. *Skjerslia* brukte vatnet til trusking. Dei kalla det *Kvennaveitdemninga* der dei demde opp elva for å føre vatnet mot Skjerslia.

Lialia kallar ein lia ovanfor Skjerslia. Førsteleddet er altså ei kortform av Skjerslia. *Stegan* /*Steganj*/ på vestsida av elva fortel at her var stigar til fjells. *Fjøsvegen* var vegen opp til *Fjøsan*. Det var sommarfjøsar. *Fjøsvåtå* var våta nedanfor Fjøsane. *Kvilaren* var ein stad der dei kvilde på vegen. *Hestehagen* har vore beite. *Slipsteinmyra* fortel at her hadde dei slipstein. Det vart ein del sliping når dei slo. Då var det praktisk å ha med seg slipstein. Namnet kan ikkje vere så overlag gammalt, for til frampå 1800-talet brukte dei tynsleljåar som dei banka til egg på.

Bjørkheim er ein eigedom med hus på. Namnet er ikkje så gammalt.

Skjersvoll er bruksnamn. *Skjersåplassen* er eit bruk som i dag har mange slags husdyr og fuglar som ungar kan kome og oppleve. Namnet tyder på at det har vore plass. I 1646 finn ein husmennene Oluff smid ved Schiersaae og Erik smid ved Schiersaae. I 1650 er det to husmenn, og i 1665 er ein nemnd. Dette er føre den vanlege husmannstida. Også i seinare tid vart det mange husmannsplassar i nærleiken av stader der dei trong arbeidskraft. På *Ytter-Mjelve* trong dei nok smedar.

Moloen er ein liten molo. Namnet er truleg ikkje så gammalt. *Røysa* er ei steinrøys borti sjøen som ikkje stikk opp. *Øygardsvdøren* er ein vør nedanfor Naustet.

Skjersåna blir ofte kalla *Øygardselva*.

Skjerså/Øygarden

Det er slik at to namn har levd side om side på gnr. 45. I dokument finn ein former som Schiersaa og Schersaaen. I talemålet seier ein *Øygarden*. Det kjem av øyðigardr m 'gard utan fastbuande folk'. (Det vanlege ordet for det same er frå nørdeste delen av Nordmøre til Tjøtta i Nordland *aun* (gno. *auðn* n. og f.). Slik er det òg i Jemtland.) Namnet her må vere frå etter krisetida i seinmellomalderen då garden vart folkelaus. Det er eit nokså vanleg namn.



Gammelbruna over Skjersåna er eit kulturminne, bygd 1836, fotografert 2009. (Foto KMH/Romsdalsmuseets fotoarkiv 09313)

Ved utlaupet av elva nedanfor garden ligg flua som blir kalla *Øygardsflua*. Det har visst òg vore sagt *Skjæret*. Somme meiner at *Skjersåna* har fått namn av skjæret. Men det kan nok òg vere slik at elva har fått namn av di ho skjer seg ned i lendet, eller av skjerv n. 'naken berggrunn'. Det siste gjeld då elvefaret.

Det blir fortalt at ein gong kollsegla ein båt i mørker og storm. Dei som var i båten, redda seg oppå *Øygardsflua*. Iallfall ein av dei la i veg og sumde sørover, for han trudde dei var på Brokstadskjæret, og då var ein nærast sørsida av fjorden. Han kom visst vekk. Hadde han sumt andre vegen, hadde det ikkje vore mange alner oppi landet. Slik fortel iallfall segna.

I 1657 finn ein tre krøtereigarar. Det er dei som blir skrivne for Lasse og Nils Schirsoen. Her ser ein at det er dativforma av etternamnet. Dei tala om t.d. «Lasse Sjærså'n». Den tredje er Willem Kipper. Det var ein som arbeidde tynner. (Ordet kiper kjem av lågtysk kupe 'tynne' og er brukt om ein bøkkar, laggar. I målføret her har ein i seinare tid sagt *bøkkert* som er ein variant av bøkkar. Det kjem av lågtysk bodik 'kar'.) Dei to første hadde kvar sin hest. Til saman hadde desse tre hestar, 13 kyr, 13 geiter og 14 sauer.

Gammelbruna frå 1836 er den eldste steinkvelvbrua her i området. Det var Bjørn Hansen Korsan og Iver Christensen Wollan frå Rødvenfjorden som bygde brua. Ny bru der vegen går i dag litt lenger mot nord kom i 1909. Det er no mykje attvakse ved den gamle freda steinkvelvbrua. På støtta ved riksvegen står: «*Skiersaa Bro*». Brua på riksvegen blir kalla *Nybrua* / *Nybruna*.

Kåre Skjerså sa *bruna*. Sonen Roy seier *brua*. Frå gammalt er ein her i grenseområdet for bruken av *bruna*/brua, *åna*/åa, *kuna*/kua, *øyna*/øya. Den første forma kjem vekk i talemålet når ein nærmar

seg Nordmøre. Her såg ein av talemålet til Skjersåkarane at forma med n, som er ei vestlandsform, taper terreng i våre dagar. Men det er òg slik at gamle former overlever betre i stadnamn enn i talemålet elles. Heilt aust til grensa mot Nordmøre blir det sagt øyna i stadnamn om låglende ved elvar. Men ein seier Bøsjøya, og ikkje Bøsjøyna slik som dei som bur på øya har sagt fram til vår tid.

Mjelve

Gnr. 46 *Mjelve* er ein gammal gard. Mjælve med tjukk l er den vanlege uttalen. I NG blir det sagt at ein også kan høyre uttalen Mjølve. Det er noko merkeleg. Kanskje ein frå sørsida av Romsdalsfjorden kunne ha ein slik uttale. Den første gongen ein møter namnet i skrift er visst i eit diplom frå 1342, og då skrive «i Miolfua». Gardsnamnet kan vere eit vin-namn. Med dei om lag 1000 namna av dette slaget er det den eldste gardsnamngruppa. Dei er ujamt fordelte. I Romsdalen finn ein flest vin-namn i Rauma kommune, og det kan vise ei tilknytning austover. Sjølv ordet vin usamansett finst ikkje i gno. skriftspråk. Namnet Vinland kan tyde på at det eksisterte i islandsk rundt år 1000, om det då er same ordet. Innhaldet skal vere eng eller beite. Som sisteledd kan det ha fått ulike former. Namn som Grytten, Hen, Ulven, Hegra, Gjølme, Grini har alle vin som sisteledd. Somme av vin-namna kan vere så gamle at dei går attende til tida føre folkevandringstida (500-600 e. Kr.).

ING er namnet tolka slik at førsteleddet kan vere mjøl n. 'mjøl. Det kan høve godt med realforholda, for ein har mykje fin sand i jorda her på vollane. Det viser grustaka. Likeins er det ved garden Mjølva i Rauma kommune. Ein kan seie at tydinga då blir Sandenga eller Sandbeitet. Er det eit vin-namn, er dette det einaste i Molde kommune.

Men det kan òg vere sannsynleg at første delen av gardsnamnet inneheld eit gammalt namn på elva som ein i dag kallar *Mjelveelva*, og at tydinga er ei elv som fører sand med seg.

Garden fekk nok inga øydetid i seinmellomalderen. I 1520 betaler «Anders paa Melwen» heile 10,5 lodd sølv og 1,5 mark. Den andre betalaren, Hannigh, må ut med 0,5 lodd sølv. I 1657 har kvinna Engeborre Melffue 40 kyr «hjemme och paa foer», 4 hestar, 20 geiter og 22 sauer.

I seinare tider har ein hatt bruka *Ytter-Mjelve* og *Inner-Mjelve*.

På 1600-talet var det ikkje berre husdyr å sjå på Mjelve. Eit område ved sjøen på Ytter-Mjelve der

det var stor aktivitet, fekk namnet *Litlebyen*. Stor sagbruksdrift var det ei tid på 1600-talet. Frå 1743 blir det opplyst: «Mielve saug derpaa i afvigte aar skaaret 400 bord.» Men då var nok stordomstida forbi. På 1600-talet er fleire med utanlandske namn nemnde. Mest kjende er Hermand og Johan Mumme. Det var så mykje aktivitet at det var som ein liten by. Men staden har nok lang soge. Då dei braut jord her i seinare tid, fann dei menneskebein. Det skal ha vore mange gravhaugar her. I seinare tid har det vore ein husmannsplass på denne staden.

Seinare har bnr. 2 fått namnet *Litlebyen*. Men i daglegtale har bruket vore kalla *Mjelveberget*.

Der Litlebyen var, er det også i våre dagar industri. *Molde Verft* var her i mange år. No er det stor verksemd med produksjon av kraner.

Husmannsfolket på plassen som heitte *Smågjerda*, var fødte i 1820-åra. Plassen fødte ei ku og fire sauer. Plassen gjekk attende til garden i 1870-åra. Ein annan plass var *Mjelveplassen*.

Det eldste namnet på plassen *Mjelveberget* skal ha vore *Reiten*. I 1801 er Jakob Jakobsen nemnd. Han skal ha vore her frå 1770-åra. Her har det vore fleire familiar. Ein hattemakar som vart kalla Hattemakar-Endre budde her. Plassen gjekk attende til garden i 1920-åra.

Ei grov som kjem frå nordaust heiter *Kjerringgrova*.

Går ein atter oppver lia, har ein namna *Brenthaugen*, *Gjerdhaugen* og *Gjerdhaugmyra*. Utmed elva er *Beinhaugen* og *Beinhaugmyra*. Namnet må gjerne fortelje at haugen er bein på ein eller annan måte. *Rødlia* /*Rølia*/ har vel leten på lia som første del. *Midtlia* forklarar seg sjølv. På *Torvemyra* tok dei torv, og på *Lørøra* stod det torveløer. *Vedalirøra* /*Vealirøra*/ har vel ved som første del. Også *Vedalia* har vore brukt. *Storsteinlia* fortel om storstein i lia. Vest for elva fortel namnet *Løtuftin* /*Løtøftinj*/ at her har stått høyløer.

Det er to steinar som heiter *Gråsteinen* og *Klumpesteinen* /*Klompesteinen*/. Den siste har form som ein klump. (Ein seier altså klomp med tjukk l.) Ordet kjem kanskje frå lågtysk. Den litle haugen *Hatten* har mint om ein hatt. Allereie i gno. hadde ein ordet hatt. Rørene *Sandrørin* fortel at her er sand. *Slettdalen* er ein slett, liten dal. *Varderøra* fortel om ein varde.

Ambjønnslia og *Ambjønnslihaugen* har nok mannsnamnet Ambjørn som førsteledd. Dei sa /*Ambjeinnj*/. Det har visst ikkje vore så mykje i bruk. Eivind Vågslid nemner Am(d)biørn i «Norderlenske fyrenamn» s. 35. Namnet var i bruk i seinmellomalderen, men ikkje mykje i nytida. Det må vere ei sideform til Arnbjørn, samansett av arn 'ørn'

og bjørn. Bjørn> Bjønn også i personnamn har vore vanleg i Romsdalen fram mot våre dagar. Ein veit ikkje kva tid mannen lia har fått namn etter, levde.

Det er vanskeleg å seie kva som er første delen av namna *Bårahaugen* og *Båraholå*. Ein kan høyre både å- og o-lyd i førsteleddet. Det siste er namn på eit myrsøkk. Korkje Johan Sigerset eller Kåre Skjerså visste tydinga av førsteleddet. Kanskje det er eit kvinnenamn. Eivind Vågslid skriv i den før nemnde boka s. 75 at Bára kan vere eit tenkt gno. kvinnenamn «Bára bylgja, um dottir át guden Ægir.»

Heile fjellet her blir på stranda nedanfor kalla *Skårsfjellet*. Det når 756,70 m o. h. og er synleg på langan lei. Somme kallar det *Lønsetfjellet* etter gardsnamnet Lønset. Men det meiner dei som bur nærast fjellet er gale. Det må einast vere den vestlegaste delen av fjellet. Sverre Malmedal frå nordsida av fjellet skriv *Skårfjellet*. På kartet frå først i 1870-åra står òg *Skaarfjeld*. Førsteleddet ser ut til å vere skòr 'berghylle eller kløft'. Det kan vere meint Mjelvedalen austom fjellet. I ei grensesak frå 1833 er det tale om *Skarfjellraua*. Det kan vere at det opphavleg heitte Skaret nord for Mjelve.

I *Høgurin* /Høgurinj/ har ein fleirtalsform av ur (gno. urð f.) 'skrått lende dekt med steinar'. Ofte blir det visst berre sagt *Urin* /Urinj/. *Tjønnin* er tjørner vest for toppen av fjellet. Namnet *Svarthammaren* aust mot *Mjelvedalen* talar for seg sjølv.

Fjellenden heiter *Bringen* /Brinjinj/ og er eit stort område. Mellom Haltdalen og Selbu har ein *Bringen*. Same ordet har ein i Brattbringen i Meråker, nær grensa mot Selbu. Om desse namna skriv Jørn Sandnes: «Vi har her å gjera med eit ord bring, som finst i somme målføre og svarar til islandsk bringr m., høgd, bakke. Dette er ei avvikande form til det linne hokjønnsordet bringa. Opphavet er vel her òg at breie rundvorne fjell har vorti samanlikna med ei bringe. (Dette står i boka «Namn i fjellet», s. 51.) I same boka frå 1968 skriv Øystein Frøysadal på s. 86: «Høgt og mektig kvesser seg regelrett til frå begge sider fjellet Bringe i Borgund. Gardsnamna Bringe i Luster og Bring i Stryn har opphavleg vore knytte til dei bratte fjella der; grunntydinga er noko bratt, skyte fram o. l.» Lia i *Bringen* er *Bringslia*. Så må ein ta med at ikkje langt unna i grannekommunen Fræna har ein gardsnamnet *Bringslia*, gnr. 39 (NG s. 294). Der blir namnet sett i samband med bringebærkjerrar. Men reelt skulle det høve best med terrengnemninga. Det er merkeleg at ei heil li skal ha fått namn etter bringebærgras. Slikt kjem oftast ikkje før etter at det har vore menneskeleg aktivitet ei ri.

Der fjellenden svingar inn, heiter det *Fjellraua*. Dette er det som i 1833 heitte *Skarfjellraua*. Siste-

leddet er rau 'bakdel' (podex). Området har vorte samanlikna med ei rau (gno. rauf 'hol'). Fjellraua ligg innanfor det området som ein reknar som *Bringen*. *Fjellrauvatnet* er eit lite vatn i Fjellraua. Det er ikkje heilt uvanleg at fordjupningar i fjell blir kalla rau. På Sekken kallar dei ein slik formasjon i fjellmassivet Oksen vest for Rødvenfjorden for Okseraua.

Mjelvedalen er ein storvoren dal nord for garden Mjelve. Her kjem *Mjelveelva*. Ein kan seie at ho kjem frå *Vasslivatnet*, men har tilsig frå *Hesteresdalen* ved *Hestereset* og austfrå med *Måsvassbekken* som renn frå *Måsvatnet* og ned i Vasslivatnet. Namnet på vatnet er relasjonsnamn til *Vasslia*. Ein seier Varslia. Også andre stader finn ein denne uttalen der vass er førsteleddet i stadnamn. Som ein forstår må ein tidlegare ha tala om *Vatnet*, for Vasslia er igjen relasjonsnamn til *Vatnet*. Så har så Vasslivatnet vorte relasjonsnamn til Vasslia. *Vasslihammaren* er nord for vatnet. *Grønli* er vest for vatnet. Litt lenger sør er *Gullberghammaren*. Når ein kjem attover Mjelvedalen, ser ein det blenkjer i denne hammaren. Dei har nok meint at det likna på eit berg av gull. *Hestereset* er eit res. Res er høgaste punktet på ein bakke eller ei høgd. Ordet har med å rise, stige opp å gjere. Ein har òg *Langdalsreset* og *Langdalslia* attover mot Langdalen. Her er det òg ein hammar som heiter *Svarthammaren*.

Langdalsvatnet er nokså stort. Batnfjordingane seier *Langvatnet*. På Fannstranda talar dei oftast om *Storvatnet*

Hyttå er namnet på eit fjellområde der det var slætte. Forfattaren av Bolsøyboka trur at det har vore ei hytte her som dei låg i når dei slo. Det var ikkje løe her. Men ein veit òg at hytte har vore brukt om naken bergpynt, fjelltopp. I Bolsøyboka II kan ein lese på s. 432: «På selve toppen av *Hytterøra* ligger det således en temmelig stor flytt-blokk som er blitt stående igjen på høikant idet breen smeltet og forsvant fra denne topp.» Kan denne formasjonen vere bakgrunnen for namnet? Men der det heiter *Hyttå*, er det eit framspring i fjellet. Det kan vere denne høgda som er bakgrunnen? I Trollheimen har ein fleire fjelltoppar med dette grunnordet. Når ein gjer ei hytte, lagar ein framspring over augo. Det er nok same ordet. *Hyttetrova* renn nedover *Hyttedalen* til Gunnhildsetervatnet.

I matrikelutkastet frå 1723 ser ein at det var tre oppsitjarar på Mjelve, og at ei halv mil frå garden var seter med god fegang. Bruka var saman om setra. Heilt fram til våre dagar har dei tala om Mjelvestølen. Nemninga støl ser ut til å vere festa til dei eldste seternamna her i kommunen. Det er store steingardar kring *Mjelvestølen*. I Bolsøyboka



Vasslivatnet i Mjelvedalen. Gullberghammaren bak demninga. 2010. (Foto KMH/Romsdalsmuseets fotoarkiv 314583)

blir det opplyst at setringa tok slutt kring 1870, men husa stod lenger. På karta står Mjelvesetra. *Stølan* er brukt om seterområdet som er stort.

Der det heiter *Ytter-Mjelvesetra* skal visst Ytter-Mjelve ha setra. (Det er noko uklårt i Bolsøyboka.) Ikkje berre Mjelve hadde seter oppi dalen her. I matrikkelen frå 1723 står det at setra til Hjellset låg «under fæfod», så ho var kanskje nedlagd føre 1700. Men setringa vart oppatteken på same plassen som før. Framleis kan ein sjå merke etter garden kring setervollen. Det blir opplyst at setra vart nedlagd i 1869. Bu og løe vart flytta til *Øvre Myran* der det var slætte. Seterhusa som hørde nørde garden til, vart rivne, og av materialen vart det bygd sag i Mjelveelva. På kartet står *Hjellsetsetra*. *Hjellsethamran* er relasjonsnamn til Hjellset.

Der det heiter *Stakkslætta* hadde dei høystakkar. Noko ovanfor brua på riksvegen som er i dag, var *Gammelbrua*. Ho står ikkje i dag. Her var *Mjelvesvingen*. I nærleiken har ein namna *Sagplassen*, *Sagdalen*, *Saglia* og *Sagliteigen* som er minne om sagbruksdrift.

I Bolsøyboka III 1. b. kan ein lese på s. 482 f. : «To gutar frå *Pikhaugen*, Steffå og Jon, skulle av stad og få heim geitene ein kveld det såg ut til å bli styggever. Det var vest for Mjelveelva, og dei for og leita. Så fekk dei høyre ulvehyl, og gutane vart redde for at gråbeinen skulle kome etter dei. Dei torde ikkje å fare over elva der det var lettast å kome over. Så ville dei bykse over ein stad elva

hadde grave seg djupt ned i berget. Jon kom over, men Steffå gjekk baklengs i hølen og drukna. Namnet *Steffåhølen* vitnar om denne tilburden den dag i dag.» Som ein forstår av denne triste saga, må dette ha gått føre seg før gråbeinen kom vekk kring 1870. Det vart òg slutt på geitehald føre 1900. Far til gutane, som var husmann, heitte Ola. I Bolsøyboka III 1. b. kan ein på s. 482 lese at veggen opp til denne *Pikhaugplassen* var vinterveg for Hjellset, og «han vert framleis kalla *Olavegen*, og det skal vera etter han». *Pikhaugen* er sjølv sagt namn både på denne spisse haugen og på husmannsplassen.

Eit vad i elva heiter *Trollvadet*. Det er nemnt i Bolsøyboka IV, s. 345. Det er vanskeleg å slå fast om namnet fortel om eit vanskeleg vad, eller om folk har meint at troll har laga det slik til at ein kan kome seg over her. Kanskje det har vore segner om at troll brukte vadet når dei ferdast her.

Det var fleire husmannsplassar på Mjelve. Ein har *Purkeskaret* /*Porkeskare*/. I «*Porkeskara*» budde ein som vart kalla «*Ola Porkeskara*». Frå først av var truleg dette ein stad der dei hadde ei eller fleire purker gangande. Purke er hogris (gno. *purka* f.) (Sjå elles artikkel i RSÅ 2009.)

Ein har namn som *Storholmen* ved utlaupet av elva. Så har ein *Mjelvevollan*. Over Mjelveelva vart det bygd kvelvbru i 1909. No er veggen lagd på ein beinare trasé for lenge sia.

Mjelvehagen er eit bruk. Her var det òg skule for Mjelvehagen krins. Først heitte han Urens krets.



Husa på Hjellsetgarden ligg samla på ein hjell rett opp for Mjelve og Mjelvehagen. 2007. (Foto Johnny Bratseth 0015943)

Skulen vart bygd i 1877 med eitt klasserom og lærarbustad. Litt etter 1950 vart han nedlagd. No er det ein del bustadhus her. Ein kommunal veg har fått namnet *Mjelvehagen*.

Ein talar om *Fiskeoppdrettet*. Det offisielle namnet var ei tid *Møre Edelfisk*.

Hjellset

Gnr. 47 *Hjellset* har i skrift ofte vorte blanda saman med *Hjelset*. Uttalen har palatal uttale av l i førsteleddet *hjell*. Det er utan tvil *hjell* 'avsats' (gno. *hjalr* m.). Garden ligg på ein retteleg stor *hjell*.

Garden *Elgeneset* ligg i *Nesset* kommune på sørsida av *Langfjorden* vest for *Vistdalen*. I «Gards- og ættesoge for *Nesset* b. XI» kan ein lese på s. 537: «På *Hjellset* i *lia* ovafor garden er det påvist kulturlag med mykje kol som er datert til overgangen mellom seinmellomalderen og nyare tid (ca 1500-1700). Tradisjonen seier at det var husmannsplass på *Hjellset*.» Det ser ut som dette er eit *set*-namn. Ein har ikkje dativform ved namnet. På denne *hjellen* i *lia* som blir kalla *Hjellsetlia*, har det vore busetnad. Dette er same namnet som gardsnamnet på *Fannstranda*. Ein kan tru at dette må ha vore ein liten utkantsgard som ikkje fekk busetnad att etter krisetida i seinmellomalderen. Det kan sjå ut som det er stor skilnad på storleiken av *set*-gardane i *Romsdalen*.

Asbjørn Øverås argumenterer i skriftet «Ei gammal bygd, men eit nytt namneverk» (1954) for at namna *Linsetgjerdet* og *Sko(g)setbøen* i *Eikesdalen* fortel om *set*-gardar som ikkje fekk busetnad att etter krisetida i seinmellomalderen. *Bjørn Austigard* fortel også om namna *Tuset* og *Londset* i same bygda. Her var det slåttamark for om lag 100 år sia, opplyser *Austigard*. Som ein vil kome inn på seinare i denne boka, ser det ut som det har vore ein liten gard som heitte *Ringset* mellom *Grønneset* og *Brokstad* på sørsida av *Fannefjorden*. Ved garden *Gaupset* i *Batnfjorden* er det ein laugarhøl i *Storelva* (*Batnfjordselva*) som heiter *Hanasethølen*. I eit dokument frå 1726 blir det opplyst at slåtteteigen *Hanaset* på *Gaupset* blir bortbygsla. *Nils Tore Leivdal* opplyser at før i tida var det slåttebuer på denne staden. (Gards- og ættesoge for *Gjemnes*, b. I, s. 608.) Også her kan det ha vore eit småbruk i høgmellomalderen. I ei av grannebygdene i same kommunen finn ein gardsnamnet *Hanaset* (NG s. 358).

I nyutgåva av *Aslak Bolts* jordebok står det: «Af *Hiëllasætre*, øres bol -aut.» Omsetjinga er: «Av *Hjelset*, 1 øresbol-øde.» Dette må vere feil. Det skulle ha stått *Hjellset*. I NG er skriftforma frå jordeboka oppført på rett stad under *Hjellset*. Som ein ser var garden som erkebiskopen åtte i, øyde kring 1430. I 1520 er det heller ingen skattebetalar her. I boka «Skattematrikkelen av 1647 XIII *Møre* og *Romsdal*» står halvgarden *Jeldsett* oppført på s. 164. I registeret er namnet omsett til *Hjellset*. Dette



Hjellsethagen, bruk nr 2. ligg heilt nede ved sjøen. I bakgrunnen går vegen opp til hovudbruka på Hjellset. (Widerøe/Romsdalsmuseets fotoarkiv 142359)

må vere feil. Det skal vere Hjellset. (I denne boka er Hjellset og Hjelset bytt om.) I «Jordebok for Romsdalen futedøme» frå 1661 (Trondheim 1969 ved Hallvard Bjørkvik) er det rett. Gardsnamnet er skrive Jeldset og har brukarane Torchild og Knud. På garden er no også Peder Nyryder og Tron husmand. Ved kvegskatten i 1657 er også brukaren Gunnar komen med. Til saman har dei iallfall 19 kyr, 18 geiter og 17 sauer. Gunnar har òg eit svin.

På kartet frå først i 1870-åra står Hjelset for Hjellset. For Hjelset står Gjerset. Som ein ser, har det vore mykje samanblanding når det gjeld desse to gardane som ikkje ligg langt frå kvarandre, og som har nokså like namn.

Det går fram av folketeljinga frå 1665 at bustaden til Peder Nyryder (Nyryddar) var Jeldset- Houg, altså *Hjellsethagen*. I 1701 er denne buplassen øyde. Dette bruket låg nokre hundre meter nord for tunet oppi skogen. Segna fortel at det skal ha budd folk her så lenge det var rikeleg med vilt i skogen. Då viltet minka, drog dei sin veg, men ingen veit kvar dei la vegen. Plassen til Tron vart skriven Jeldsethaffue. Det er altså *Hjellsethagen*. Frå først av har det vore krøterhage.

På 1800-talet var det ein plass der plassfolket heitte Ola og Marta. Plassen har vore kalla *Martaplassen*. Truleg er årsaka at ho levde lengst.

Hjellsetvåtå var òg ein plass. Der budde Knut og kona Gunni. I 1865 er Knut Rasmussen sjølveigar. Mest vanleg er det at ein finn våter der det sig møk frå fjøsar.

På *Monsteigen* slo ein huslyd seg ned og braut opp eit par mål jord. Mannen heitte nok Mons.

Ovanfor garden er *Gjerdhagen* /Jerhaun/. Dette er som ein har sett eit namn som går att fleire stader i dette området.

På austsida av Mjelveelva, nordvest for Pikhagen heiter det *Rødmelen* /Rømelen/. Denne

melen (sandbakken) er vel raud. Frå aust kjem *Tverelva* ned i Mjelveelva. Sør for denne litle elva (bekken) ligg den 265 m høge *Rusthaugen* /Røsthaun/. Førsteleddet er hokjønnsordet rust (gno. rust f.) 'skogkrull'. I fjellet er det ofte små skogsamlingar med myrdrag mellom. Ovanfor *Tverelva* har ein *Nedre Myran*. Lenger oppe støyter ein igjen på *Midtlia* /Mettlia/ slik som vest for Mjelveelva. Går ein endå lenger oppover, kjem ein til *Nyseterlia*. Namnet fortel at her har vore seter. Ho skal ha lege vest for *Hagajarthaugen* og var i bruk etter at dei slutta å setre på *Gammelsetra*. Det var altså Mork som har setra her.

Førsteleddet i *Hagajarthaugen* er dei to gardane Øverhagen og Nerhagen. Leddet jart er vanskeleg å tolke. Det kan vere hjarte. Tidlegare sa ein kan hende hjarte, og ikkje hjærte som ein no gjer. I indre strøk av romsdalsområdet seier ein framleis hjarte. (I Hjertvika på sørsida av Gosså er Hjertet ein høg, rund liten holme.) Aust for Hagaelva er den like høge *Hjelsetjarthaugen*.

Stakkslætta er ovanfor *Hjellsethamran* der på austsida Mjelvedalen. Namnet fortel at dei sette høyet som dei slo i slætta her i stakk.

Ura

Det var to gardar «i *Uren*». Dette er gnr. 48 og 49. Den siste er i 1723 skrive for *Inderuhren*. I matrikkelen står *Uren øde*. Garden vart tidleg lagd øyde. Han gjekk inn under Hamna, gnr. 51. Heller ikkje gnr. 48 hadde nokon stor buskap på 1600-talet. Frå 1669 har ein den merkelege skriftforma *W-ren*. Namnet *Ura* er lett å forstå. Det er bratt her, og det har nok gått steinskred ein gong. Ei snøfonn reiste ein gong med både stova og løa i *Innerura*. Dei var samanbygde. Dei makta ikkje å byggje opp att. Gnr. 48 som ligg lengst vest, er framleis eigen gard. *Urahaugen* ligg nordvest for gnr. 48.

Mork

Den ubundne forma i namnet på gnr. 50 *Mork* /Mårk/fortel at namnet er gammalt. Innhaldet i gno. mørk er 'skog, utmark, ubygd land'. Namnet fortel vel at her var meir skog enn andre stader i nærleiken. Namnet finst som gardsnamn 20 stader her i landet. På vestsida av garden kjem *Morkagrova* ned. Ein har bruka *Øvre* og *Nedre Mork*. *Åsen* (*Morkåsen*) vart utskild frå *Øvre Mork*. Bruket har namn etter

åsen ovanfor. I 1657 er det tre stykke som betaler skatt for husdyr. I 1661 er det fire brukarar. Det er tale om Morch og Nedremorch.

Ein har på Mork namn som *Gammelråket* som då må vere eit råk som dei brukte i tidlegare tider. I gno. brukte ein altså reka om å jage. *Høgreinnå* må vere ei renne i terrenget, viss det ikkje er forvansking av *Høgreinå*.

Ei stove heitte *Olina-stauå*. Olina var søster til Kristi på Kristiplassen. Ho budde i eit hus (naust) heilt nede ved sjøen Inne i dette huset dreiv ho som ein kafé. Men så braut ho av foten og kom på sjukehuset. Sia kom ho ikkje attende til Olina-stauå. Ein åker som heitte *Storåkeren* på Mork er nemnd i «Romsdals Fogderikommisjons Fordeling av Matrikelskylden mellem Herrederne i Fogderiet» i 1860-åra.

Hamna

Gnr. 51 *Hamna* er frådelt Mork. Namnet fortel at det har vore ei hamn i fjorden her. Noko retteleg god hamn kunne det ikkje vere, men det er ingen betre stad i nærleiken heller. Det er lite ein ser til garden i skriftlege kjelder føre folketeljinga i 1701. Det ser ut som garden føre den tid har vore kalla *Ner-Mork*. Nord for husa ligg *Melahaugen* (jf. *Rødmelen*). Ein dam lenger aust heiter *Sarasdammen*. Som ein ser, er første delen av namnet kvinnenamnet Sara. Når ein har genitivsforma med s, kan det tyde på nokså høg alder.

Ovanfor *Morkåsen* ligg *Sommarfjøsén*. Så kjem ein oppover til *Rosaberget*. Berget har nok fleire farger. Når noko har fleire farger, seier ein at det er rosa (med tostavings tonelag). Målføret har ei *ros* og fleire *røser*.

Tett ovanfor finn ein *Hesjvedhaugen*. Aasen seier at hesjved er «Træfang til Hesjer». Truleg fann dei vyrke til hesjer her. Det gjaldt å finne stader med tynne tre den tida ein brukte troer. Dei lange troene måtte vere nokolunde like tjukke i begge endar. Dette var før det kom streng i bruk.

Gammelseterhaugen er 268 m høg. Nedanfor har ein *Gammelseterrøra*. Her hadde Mork seter først. I 1723 er det opplyst at Mork hadde ei seter som var i bruk 1 fjerding frå garden, men hamna var ring. Dei to brukarane har nok vore saman om setra.

Retten i nord, vel 300 m høg er *Fuglhaugen* /*Fuggelhaun*/. Førsteleddet fortel helst om orrfugl. Oppover går *Morkadalen*. Dette er ingen djup dal.

Småengan var slåttamark. Sisteleddet er fleirtal av eng. Somme seier truleg framleis engin /*ennjinj*/.

Elvatungå /*Ælvatongå*/ er ei landtunge ovanfor der elvane renn saman.

Måsvatnet ligg 589 m o. h. Førsteleddet er nok fuglen og ikkje voksteren, sjølv om uttalen er måse for begge. Fram gjennom tidene har fuglen måse i tidbolkar halde seg oppi fjellvatna. Årsaka må ha med talet på fuglar og mattilgang å gjere. I det vidgjetne bukkerittet over «Gjendineggen», altså Bessegge, lèt Ibsen Peer Gynt på bukkeryggen fare gjennom ein måseflokk. Henrik Ibsen var særst fugleinteressert, og hadde nok sett fuglen på høgfjellet kring 1860. I 1762 nemner presten Hans Strøm at fiskemåsen hadde reir i fjellvatna på Sunnmøre. I andre tidbolkar har det vore nok mat og plass ved fjorden.

Eit stykke nedi elva nedanfor *Måsvatnet* heiter det *Helvetesdjupet*. I mang ei bygd er slike helvetesnamn knytte til vanskelege stader. Språkleg er førsteleddet både det gamle dødsriket og gudinna der, Hel. Sisteleddet er halde for å vere gno. víti 'straff'. Som ei tilleggsopplysning kan ein her ta med at ved garden Hakstad på nordsida av Harnesfjorden i Surnadal kommune er det ein botn som heiter Helvetet. Tett attmed er det ein tverrbratt fjellnase som heiter *Puken* /*Pukjinj*/. I gno. hadde ein ordet puki m. om djevel, eigentleg 'liten person med pukkel'. Nede ved fjorden har ein Paradishelet. Ein ser at det der på Nordmøre ikkje er så langt mellom Paradiset og Helvetet.

Aust for *Måsvatnet* treffer ein på det uvanlege namnet *Poppelskjetå*. Her poplar nok vatnet fram. Å pople er å kome fram med lyd. Sisteleddet skite /*sjete*/ er hokjønnsord. Det fortel at her er det ein i talemålet kallar dye. I ordlistene står dy av gno. dý 'gjørme, søle, sump'. Ein liten dal nedover herifrå blir kalla *Snødalen* /*Sjnøvdalen*/. Det legg seg mykje snø nedi her. Lenger aust er liene *Høgliin* /*Høgliinj*/, og *Høglivarden* /*Høglivarinj*/ er eit namn her.

Hagen

Gnr. 52 *Øverhagen* dukkar opp i skriftlege kjelder kring 1610 som Hagen. Ein kan ikkje sjå vekk frå at her var busetnad føre manndauden. Slik er det med mange bruk på stranda her, men øydetida vart lang. Namnet fortel at det må ha vore inngjerding for krøter ein gong. Jordebok for Romsdalen futedøme frå 1661 nemner Hange som må vere ei feilskrivning for Hagen. Der held Erich og Enchen til på denne tida. Når garden blir delt, tek ein til å bruke *Øverhagen* til skilnad frå *Nerhagen*. *Nerhagen* blir gnr. 53. Dette ser ut til å vere kring 1800.



Hagafjørå med skipsverftet 1962. Nerhagen like bak. (Widerøe/Romsdalsmuseets fotoarkiv 088646)

Hagafjørå var staden der Knut I. Hagen og Andreas Ekren starta båtbyggjeri i 1907. Her vart mange båtar bygde i tiåra framover til 1960-åra. På grunn av liten plass vart *Vervet*, som ein sa, flytta til Litlebyen på Ytre Mjelve. Verftet fekk så nye eigarar. Verv/verft kjem gjennom tysk frå lågtysk werf som har samanheng med werfen 'kaste', eigentleg stad der ein snur og vender seg (skipsbyggjeri). Kristian K. Hjelset opplyser at ein kalla verftet for *Hagafjørå*.

Hagagrova kjem ned aust for husa «i Nerhagå». *Hagaelva* renn i sjøen vel 50 m lenger aust. Her må ein ta med at *Harphaugen* er ein liten haug på austsida av elva litt ovanfor riksvegen. Det er uvisst kva som ligg i førsteleddet. I Stordalen på Sunnmøre er det eit berg ved garden Størem som heiter Harpeberget. Der høyrdest harpemusikk frå dei underjordiske. Men også andre stader har ein hatt slik musikk. På Rød i Nesset var det ein stad som heitte Harpahaugen. I boka «Folkeliv og tradisjon frå Nesset b. I» av Ola Hola (Romsdal sogelag 2000) kan ein i avsnittet om gravhaugar lese på s. 372: «Oppå terrassen på vestsida av bekken låg det ein jordhaug som folk kalla Harpahaugen. Han var avlang og såg ut til å vere laga av folk. Dei gamle fortalte vidare at dei høyrte ein fin musikk frå denne haugen på ymse tider om haustkveldane. Dette var spesielt når det var godvêr og landdrag i lufta.» Ein skulle av namnet tru at det var munnharpemusikk dei høyrde. Når det er om lag same namnet på

Hjelset som i Stordalen og på Rød, kan ein også på Hjelset ha høyrte harpemusikk frå haugen.

Når haugen ligg så nær Hagaelva, kan ein ikkje sjå heilt vekk frå at namnet kan vere eit minne om at elva kan ha heitt *Harpa. Ein finn truleg minne om eit slikt elvenamn andre stader i landet, jf. Harpefoss i Gudbrandsdalen.

Ein har namn som *Hagamyran*, *Hagalia*, *Sommarfjøsena* og *Gjerdvegen* (stig). *Litlegrova* er eit meir lokalt namn på Hagagrova. *Hundeholå* /*Honnehållå*/ er ei hule ved denne grova. Namnet treng ikkje ha noko med dyret å gjere. Det kan liggje noko negativt i det. Ordet kan bli brukt om fælsleg eller ufyseleg, jf. uttrykk som hundever og hundekaldt. (På sørsida av fjorden i nærleiken av Murlia har ein namnet Hundevåtå.) Det var kvern i Hundeholå frå 1910-1930.

På austsida av grova er det ein rygg i lendet som heiter *Okseryggen*. Samanlikninga er lett å forstå. *Midtbøen* er eit område på innmarka. Nedanfor finn ein relasjonsnamnet *Midtbøbakken*. *Smibakken* er eit stykke nedanfor tunet i Øverhagen. Det har stått smie her. Smiene stod noko unna andre hus pga eldsfaren. Ovanfor Okseryggen kjem ein til *Kringlå*. Dette er nok ein rund formasjon (hole).

I *Hjellredalen* /*Hjelltrødalen* var det tjørhjell. Det finst enno kol i jorda her kan ein lese i Bolsøyboka IV, s. 346. Det er uvisst om andreleddet er tre eller trø. Når ein seier tre, kan det vere ei forvasking av trø.



Hjelset 1953 med den gamle skystasjonen midt i bildet. Dei fleste Hjelsetgardane ligg ovanfor og til høgre for biletkanten. (Widerøe/Romsdalsmuseets fotoarkiv 064420)

Hjelset

Aust for Hageaelva er ein komen til gnr. 54 *Hjelset* sin grunn. Første gongen ein finn namnet i skrift er i eit diplom frå 1513, skrive *Hiællmsæther*. Men namnet er nok meir enn eit halvt tusenår eldre. NG s. 283 trur førsteleddet er mannsnamnet Hjalmr. Men det er slik at dette ordet vart brukt om ein høystakk. Det er òg slik at førsteledda i set-namna ofte er ord frå jordbruket, og då er det ikkje så unaturleg om dette var ein bustad der det frå først av stod høystakkar. Når ein veit at hjalmr også hadde tydinga hjelm, kan førsteleddet i Hjelset ha vore namnet på eit fjell i nærleiken. Ein kunne då tenkje på fjellet som no heiter Maifjellet. (Hjelmen er grensefjell mellom Surnadal og Halså kommunar.)

Truleg har ikkje garden hatt nokor øydetid etter manndauden. I tiendeskatten i 1520 er det ein rikmann her. Oluff paa Hjelsetter betaler 37 lodd sølv. Han er den i «Bolisø ottingh» som betaler mest. Asbjørn Øverås seier på s. 49 i «Romsdals saga II» at han bur på Hjelset. Øverås er mykje uklår. Kanskje meiner han Hjelset. På s. 66 i same boka er det eit foto av Hjelset. I teksten under bildet står: «Frå Hjelset, Bolsøy». Det finst òg m.a. eit postkort av Hjelset av fotografen O. Skarbø, Oslo. På kortet står: «Hjelset pr Molde.»

Går ein attende til gammal tid, finn ein skriftformer som Jellszett, Jelset, Jellset o.l. Ved

kvegskatten i 1657 er det iallfall 9 brukarar. Ein av dei er Oelle Jelset-Vollen. Dette viser at ein hadde fått bruksnamnet *Hjelsetvollen*. Ein av skattebetalarane er Iffuer Husmand som har ein sau og to geiter. I Håvamål får ein vite at ein treng to geiter og tak over hovudet for å overleve. Ein ser at Iver var på dette nivået den gongen for 350 år sia. I 1661 finn ein leiglendingane Otte Jelset og Ioen Olssen Jelsetwold. Men det uvanlege var, at det også var to sjølveigarar, Ioen Jelset og Enchen Jelsetwold.

På slutten av 1800-talet og eit stykke utover på 1900-talet vart namnet skrive *Hjelset*. Slik står det i matrikkelen. Slik finn ein det også i idrettslaget sin lagsprotokoll frå 1922. På skystasjonen stod *Hjelset Station*. Ein må seie at denne skrivemåten låg nærast uttalen. Kanskje det er påverka frå slektsnamnforma som har ført til skrivemåten med e. *Hjelset* er òg bygdenamnet. I dag er det slik at mange uttalar namnet nesten likeins som Hjelset, berre utan palatalisering av l. Den ekte uttalen er altså /Jæsjet/.

Ei høg og bratt reine ovanfor *Hjelset* bedehus heiter *Høgreinå*. Det blir òg sagt *Erik-reinå* /Erekreinå/. Truleg er det denne reina som har gjeve bruket *Reinå* namn. «Då me var gutungar og greidde å stå ned Høgreinå på ski, meinte me at me var komne langt i skiferdigheiter,» seier Kristian K. Hjelset (f. 1927).

Reinå er bnr. 1. Dei tala òg om *Neri Garda*

/Gara/. *Oppigarden* er bnr. 2 og 4. Her kan ein ta med noko som er i grenselandet til stadnamn. I Romsdals Budstikke 1. september 1995 nemner advokat Randolph Hagen namnet *Rikssalen* i Oppigarden. Han skriv: «Vi mintes også 'Rikssalen' et stort rom i bolighusets annen etasje. Der var skomakerverksted, frisørsalong og snekkeri med mer. Det var åpent hus i hine dager. Navnet skrev seg vel fra at der ble diskutert politikk. Venstre var populært. Johan Sverdrups merkesaker levde enda blant folk skjønt han selv døde i 1892.» Ein kan rekne dette for eit slags stadnamn sjølv om det berre er rom i eit hus. *Bakken* (Hjelsetbakken) er bnr. 5, og *Geilen* er bnr. 8. Som matrikelnamn har ein no Bakken, men det blir framleis sagt Geilen /Jeilinj/. Frå først av må det her ha vore ein krøtbergeile. (Nabobruket heiter *Bakken*.) *Bukta* er bnr. 6. Bruket har fått namn etter bukta nedanfor garden. *Hjallvin* er også eit bruksnamn. Det er ikkje så gammalt, men det er laga etter gammalt mønster (vin-namn). Asbjørn Heggem fekk tinglyst namnet i 1925. Eit eldre namn var *Teigen*.

Ner-Hjelset er bnr. 11. Her var det butikk, men no er han nedlagd. Skysstasjon var det her, og 3-4 gardar hadde kvar sin tur med å køyre ferdafolk over fjellet til Batnfjordsøra.

Husmannsplassar og næringsverksemd i gammal og nyare tid

Mange plassar har det vore på Hjelset. Torstein skulle vere frå ein liten plass «på Oppdølen». Han var ein dugande jordbrytar og fiskar. Kua hadde han i kjellaren. Nokre av dei seks borna han og kona Sigrid hadde, reiste til Amerika. Plassen vart kalla *Torsteinplassen* /Tåssteinplassen/.

Kristiplassen var ein plass på bnr. 1. Ei som heitte Kristi fekk bygd hus her etter at ho vart enkje. Det var ei løe ho fekk til hus. Huset stod til kring 1950. Plassen gjekk attende til garden etter hennar dagar. (Kristi var søster til Olina «i Olinastauen».)

Vestad-Pe-plassen var bustaden for Vestad-Pe frå Sekken. Før han bygsla på Hjelset hadde han vore ei tid på Haugen på Roaldset. Han hadde vore med og forsvart Kristiansund mot engelskmennene i 1808. (Segna på s. 596 i 1.bandet av Bolsøyboka handlar vel om denne mannen.) Han måtte vere ein spissbur. Som det går fram i segna greidde han å «pesse neri skre'n åt poletia slek at mollrampen storhauka».

Mikalplassen var husmannsplass på Hjelsetbakken. Mikal /Mekkal/ som bygsla plassen, var bror til Torstein på Torsteinplassen. Plassen var skrinn og dårleg, men med trottug arbeid greidde han og kona, som var dotter til Folldals-Marja, å livberge seg.

Ivaplussen var ikkje plass, men kårstykke for Iver Mortensen på bnr. 3.

Solomdalsplassen var heller ikkje plass, men bruk. No høyrer det til Bukta. Her budde Solomdals-Ola og kona Anne. Her var steinut, men dei greidde å få det til betre år for år. Ola måtte vere frå Solomdalen.

Tronplassen er no bnr. 28 Åsvang. Husmannen Trond Halvorson Sjursgard var visstnok frå Eidsbygda. Han arbeidde som handsagskjerar. Ein av sønene, Anton, bygsla plassen. Han hadde ikkje familie, og plassen gjekk attende til garden

Ola-måndag-stauå er eit merkeleg namn. Ola Myrå (Bakken) kom «frå Markå» i Nesset kommune. Det var slik at han i helgene gjekk den 2,5 mil lange vegen heim frå gardsarbeidet han hadde på Hjelset. Når han kom att om måndagsmorgonane, kunne dei høyre han på langan lei. Det var slik at han drog skorne (dro skre'n). Han hadde så store tresko. Dei kunne han ikkje løfte så mykje, skulle han få dei med seg. Så fekk han vel dette namnet. Under gardsarbeidet på Hjelset budde han i ei stove som vart heitande Ola-måndag-stauå. Når laurdagen var unnagjort, og han skulle ta på heimveg, vart han sur viss ein spurde om han kom att måndagen. Men spurde ein om han kom att over helga, då var han blid. (Ein kan elles nemne at mange no for tida tek i bruk bokmålsforma mandag i talemålet sitt.)

Trøa må frå først av ha vore ei inngjerding for krøter, gno. *trøð* f. , altså stad der krøter gjekk og trødde. Som ein veit har Trøa vorte bustadnamn fleire stader i Romsdalen. Særleg er det mange slike bustadnamn i Trøndelag. Den første ein veit om «på Trø'n» var Ola Andersen, skomakar og klokkemakar, smed, spelemann og mangt anna. Både han og kona var frå Lesja. Sonen Anders Olsen kjøpte plassen i 1880. Det er slik at ein har Ol-Andersså-tjønna nord for Litlevatnet oppå fjellet. Ingolf Hjelset (f.1944) har opplyst at Ol-Andersså var den første på Trøa og var tippoldefar hans. Han skreiv seg for Ola Andersen og levde på 1800-talet. (Denne forkortinga av son > så var vanleg i tidlegare tider.) Det er visst noko uklårt kvifor han fekk namnet sitt knytt til den denne tjørna høgt til fjells. Kan hende han har fiska i tjørna. Her er to tjørner. Somme bruker namnet i fleirtal.

Bror til Ola heitte Anders og bygsla plassen som vart heitande *Tromarka*. Han var skomakar, og kona som kom frå Folldalen, vart heitande Folldals-Marja. Ho var lækjekone, og hadde god råd mot m. a. engelsksykje (rakitt). Førsteleddet i namnet kan kanskje sikte til at dei i nærleiken hogde troer til hesjer, eller at slike vart lagra her. Eit anna talingsalternativ er at det har vore ei vasstro her,

kanskje på øversida av vegen, slik at vegfarande fekk drikke.

Skraslet var plass under bnr. 5 Bakken. Kristen Sæmundsen hadde plassen i 1865. No er dette bnr. 9. Skraslet har same l-lyden som ord som litle, kvisl og hatl har i romsdalsmålet. (I fonetisk språkbruk er det ustemd palatal l.) Namnet kan fortelje at jorda var skraslete, skral, elendig. Då dette vart bruk, fekk det namnet *Nygård*. Det har visst teke mykje over i talemålet i dag. Ein ser at dette ikkje er eit namn som har vakse fram på naturleg måte. Gård er ikkje talemålsform. Ubunden form høyrer heller ikkje heime i stadnamn frå nyare tid. Den tidlegare gardbrukaren her vart i bygda kalla Ingvald Skrasla. Ein må seie at dette er eit interessant namn. I Surnadalen har ein gardsnamnet Skralthaugen. Kommentaren til namnet i NG s. 416 er: «1ste Led maa være Elvenavnet Skratla, som endnu er i Brug i Meldalen, og som vel hænger sammen med Folkespr. skratla, rasle (jfr. NE. S. 226). Ligger ved en Bæks Udløb i Fjorden.» (Å skrasle var også her i bygdene eit vanleg ord for å le høgt. Substantivet var skrasl.) Det renn ein bekk som heiter *Vårbekken* vest for bruket. Namnet han har i dag, fortel vel at han veks opp om våren. Bekken skrasla nok godt i vårkveldane etter ein dag med snøløysing i fjellet. Han kan ha hatt eit eldre namn, og ein kan ikkje sjå heilt vekk frå at det har hatt ordet skrasl i seg.

Vollan var tidlegare gard, og er det som i 1661 er nemnt som Jelsetwold. No er Vollan samanslegen med bnr. 2 *Teigen*. Før var det gravhaugar frå vikingtida nedpå her. No er det bustadområde. Bruket *Bukta* har namn etter *Hjelsetbukta* nedanfor. *Storteigen* er ovanfor *Hjelsetskulen*. *Hjellbakken* er ein bakke ikkje så langt frå *Gujordsbrua*. Ein vegsving her har vore kalla *Tuesvingen* etter dei som budde nærast. Dei har ættenamnet Thue.

I dag er det mange som har adresse *Vigvollvegen*. Namnet på bustadområdet er nok nylaga. Det blir sagt at det var Asbjørn Heggem, fylkesagronom og lokalhistorikar, som kom med framlegget om namnet. Det heiter altså Vollan her, og då dette hadde vore område med gravhaugar, må han ha sett det som sannsynleg at her har vore slag ein gong atti tida. Han kjende nok til det gno. inkjekjønnsordet *víg* for drap.

Ved utlaupet av elva heiter det *Øyran*. Ei øyr er ei grusslette. Ordet har samband med gno. aurr m. 'grus'. Sjølv fisken i elvane, auren, har ordet i namnet sitt. I gno. heitte han *aurrei* m. Det tyder rett fram den som rir (fer av stad) over auren.

Skysstasjonen på Hjelset kom i drift då vegen mellom Eidssetra og Gujorda var ferdig i 1897-98. Han var i drift til bilane tok over. I den tida var



Hjelset med Vorpenes bilverkstad, Bjørlokaia og Åramskaia på nersida av vegen, 1953. I bakgrunnen ligg Øverhagen. (Widerøe/Romsdalsmuseets fotoarkiv 064420)

Hjelset eit viktig trafikkknutepunkt. Signingsferda til Håkon 7. var innom stasjonen før ho gjekk vidare til Batnfjorden, og så vidare til Trondhem som byen den gongen heitte.

Telefonstasjonen kom i gang så tidleg som i 1908. Mesteparten av tida var stasjonen i Bukta.

Mattias Hjelset starta *Hjelset Motorfabrikk* kring 1905. Bror hans, Olaf, flytta til Skarbøvika og produserte der dei kjende Hjelset-motorane. Fabrikk på Hjelset vart driven til 1916, sjølv om grunnleggjaren døyde før. I lokala vart det ei tid utover frå 1916 drive ein mindre tynnfabrikk. Dei arbeide tynner der til 1920.

Der Torstein Vorpenes frå Vorpeneset (Gjerdet) aust for Nettet prestegard grunnla bilverkstad i 1935, vart det heitande *Vorpenes*. Ein kunne høyre folk seie: «Hanj va mæ nå Vårpenæs mæ bila sine». Ukjende kunne tru at det var eit nes her som heitte Vorpeneset. 6. desember 1999 hadde Håkon Mork ein reportasje i Romsdals Budstikke om ny gangveg på Hjelset. Her heiter det m. a. : «Den farlege *Vorpenessvingen* er no i bruk for fotgjengarane.» Dette er altså svingen ved bilfirmaet.

Bedehuset vart bygd i 1909. Det hende ofte før i tida at folk frå Talset, Solomdalen og Tollåsen rodde over fjorden til tilstellingar på Bedehuset, opplyser Kristian K. Hjelset.

Fjøra nedanfor Bedehuset heiter *Kråkøyran*. Kanskje kråker pla sitje her.

Ein tala om *Kaiin* /*Kaiinj*/ i fleirtal, og ein hadde dativformene «nemæ Kaiå og utfære Kaiå». Det var

to kaier. *Åramskaia* låg lengst aust. Førsteleddet er familienamnet Åram frå garden med dette namnet i Nesset kommune. *Bjørkelokaia* låg vestanfor. Her er det familienamnet Bjørkelo frå Byrkjelo i Gloppen i Nordfjord. *Sunnmørsbryggjå* var bryggjenamn på Hjelset. Namnet skal kome av at rutebåten frå Ålesund la til ved denne bryggja. Før 20. juni 1897 kom posten frå Ålesund i land på Eide lenger inne i fjorden. Båten tok berre post og ferdafolk. Det var «Nordfjord» som tok med varer.

Borti fjorden har ein *Hagagrynnå*, men det er ikkje spesielt grunt der. Ho ligg litt søraust for Nerhagen. Ein rodde ut frå land så langt at *Otrøyhornet kom fram i vest frå landsida på nordsida av fjorden. (*Det er slik at ein inni fjorden her kallar ein Heggdalshornet for Otrøyhornet. Det ser ut som det berre er eitt fjell. Ein ser ikkje Oppstadhornet som ligg vestanfor.)

Vikagrynnå har namn etter gardsnamnet Vikan på sørsida av fjorden. Grunna ligg litt søraust for Hjelset sentrum, om lag midtfjords. Ein skulle ha Skjæret (Brokstadskjæret) på Bolsøykjerkjå. (Ein ser dette er médliner frå den tida kyrkja stod.) Grunna er ein langstrakt fjellrygg som går bratt ned på nordsida. Etter at kyrkja på Bolsøya vart riven (1908), har ein brukt høgaste punktet på øya for å finne fiskestaden. (Opplysningar frå Kristian K. Hjelset.)

Ein må ikkje gløyme fjordnamnet som ein i våre dagar finn i skriftforma *Fannefjorden* på karta. Namnet er oppslagsord i Norsk stadnamleksikon. Der står det at denne fjorden er ei grein av Romsdalsfjorden austover frå Molde. Det er litt uklårt kvar fjorden startar. På «Veikart fra Molde til Kringstad med Sørouten fra disse Steder til Hvalvigen», oppmålt og teikna av P. Paasche, 1845, finn ein namnet Fanne-fjord vest for byen Molde. Men helst startar han ikkje lenger vest enn ved Fannbostad, og då er det om lag 3 mil herifrå og aust i fjordbotnen. I Norsk stadnamleksikon kan ein lese: «Eldre *Fanni, gno. Farni. Fjordnamnet *Farni er etter alt å dømme laga av eit elvenamn, i gno. truleg *Førn, gen. *Farnar, brukt om elva frå Osvatnet (eldre Fannevatnet) ut i fjordbotnen. Elva har også gjeve namn til Fannestranda, austover frå Molde og garden Fannbostad. Elvenamnet *Førn ser ut til å ha samanheng med verbet fara, etter S. Bugge helst gjennom det avleidde verbet ferja.» Ein kan òg nemne at namnet Fana skoghe som er nemnt i Aslak Bolts jordebok frå om lag 1430 (s. 132 A i nytgåva frå 1997). Dette ser ut til å vere området aust for fjordbotnen. Det ser av denne tolkinga ut til å vere den litt over 1 km lange Oselva med eit fall på om lag 10 m som er opphavet til fjordnamnet.

Kanskje elvenamnet har å gjere med at mange måtte fare over denne elva. Før ikkje folk på kvar side over fjorden, måtte dei ferjast over denne elva for å kome på andre sida.

Målføreforma av fjordnamnet har vore *Fannen* /Fannjinj/. Dei tala om både inni og uti Fannjå, og at Fannjinj kunne vere stygg. (Det er ein verhard fjord.) Somme lokalhistorikarar har meint at det var busetnaden kring fjorden som har heitt Fannen. Men dette kan ikkje vere rett. Det er fjorden. Dei som skreiv, sette til det forklarande tillegget -fjorden, og no seier dei fleste Fannefjorden. Namnet Fannstranda (utan komposisjonsvokalen e i talemålet) blir brukt om nordsida. Men namnet blir ikkje brukt om området aust for Oppdølå. Gerhard Schøning seier på 1700-talet at Fannstranda er stranda 2 mil austover frå Molde. Det blir heller ikkje brukt om sørsida. I tidlegare tider heitte administrasjonsområdet kring fjorden *Fanne åtting*. Amtmann Tønder kallar fjorden i 1743, i svaret på dei 43 spørsmåla frå det danske kanselliet, for *Osensfiord*. Fjorden går innover mot Osen. Dette var eit kjent distrikt pga skogen og sagbruka. Somme vil seie at det er rart at ein 1 km lang elvastubb har gjeve namn til ein lang fjord. På Færøyane er det ein fjord som heiter Funningsfjórður. Per Hovda skriv i artikkelen «Ymist om stadnamn på Færøyane» i boka «Færøyene – frendeland i vest» (1981), s. 126: «Ytst i fjorden ligg Funningsmúli og i botn Funningsbotnur. Namnet Funningr kan me stilla saman med verbet finna i tydinga 'gå el. søkja fram mot'. Fjorden er noko over 5 fjordungar lang.» Reelt kunne eit slikt innhald i namnet også her i Romsdalen høve. Fjorden er bein. Han søker beint fram. Ein kan iallfall sjå parallellar mellom /Fannjinj/ og /Freninj/. Også Frenen /Freninj/ var nok frå først av fjordnamn.) Mest sannsynleg tyder det namnet 'den blenkjande'.

Ser ein på fleire namn oppover frå stranda, finn ein slike som *Fåtjønndalen* som fortel om lindyking. Her la dei linet til røyting. Det skulle ligge i stilt vatn. Det har visst ikkje vore noko lindyking her til lands etter 1850. (Namnet er nemnt i Bolsøyboka IV, s. 346.)

Råket var krøtterråk ved sommarfjøsane. Her var steingardar. Det var 13 sommarfjøsar på Hjelset omkring 1950. Ein hadde òg namnet *Fjøsbakken*. Ein kan nemne *Sommarfjøs*en åt *Oppigarda*. Han var tidlegare delt inn i to rom, saufjøs (smalfjøs) og kufjøs. No er det berre den eine delen som står att. Ein gong omkring 1905-06 var det ein bjørn som braut seg inn her. Sauene vart så redde at dei sprang seg på døra slik at ho vart smikka att. Bjørnen byrja å bryte sund dørkarmen, men døra gjekk feil veg,

så han kom seg ikkje ut der. På nordsida krafsa han med klørne ved gluggane slik at ein framleis ser merke etter klørne. Til slutt grov han seg ned gjennom golvet og kom seg ut or Sommarfjosen. Han greidde å ta livet av 5-6 sauer. (Opplysningar frå særømne i norsk i vidaregåande skule 1994-95 av Anita Eline Bøe.)

Kleiva er eit bratt område der dei gjekk. *Kvilaren* er ein liten fjellknaus på stigen opp mot *Vardhaugskaret*. Der pla dei kvile.

Trødalen (liten dal) og *Trøsletta* er relasjonsnamn til husmannsplassen *Trøa*. Der det heiter *Reitan* må det ha vore små åkerlappar. *Dalen* er ein liten dal.

Ein stad heiter det *Bjønnhusgjerdet*. Det er visst uvisst kva som ligg i bjønnhus. Kanskje er det «bjønnahi». Ein kunne òg tenkje at det har vore eit hus her som dei sat i når dei jakta på bjørnen.

Langmyra vart oppdyrka etter at *Langmyrtjønna* vart uttappa. *Langmyrtjønna* var ei naturleg tjørn. Her leikte ungane seg med båtar om sommaren. Om vinteren rente dei på skeiser. Ho vart uttappa 1921-22 då brørne Johan og Kristoffer Hjelset byrja med nydyrking på gnr. 54, bnr. 8. Der det heiter *Langmyrbakken* var det mykje småslått i gamle dagar. Området vart etter kvart oppdyrka. *Langmyrvegen* var ein gammal køyreveg for hest. Veggen var delvis grenseline mellom gardseigedomane.

Kråkehaugen var velteplass for stor stein under nydyrking. Det har vore sagt at namnet kjem av at det er kråkesølv (glimmer) i berget.

Ein har namn som *Åsen*, *Åshaugen*, *Åsmyra* og *Smååsan*.

Lenger oppe har ein *Brentalia* og *Brentalihaugen*. Gamle folk fortalde at det vart brent kol og tjøre for lenge sia. Ein ser restane etter ein tjørhjell. Steinmuren er der framleis. (Kryss på kartet viser staden.)

Blåberget er eit bratt/skrånande svaberg. (Svaberg er glatt berg. Gno. svað 'glatt, håll stad'.) I gammal tid brukte dei blå om det som var mørkt. *Blåberggrova* var ei grov ved berget.

Skogrand /*Skogranna*/ er skoggrensa. Så har ein *Steinhaugen*. *Klurtollå* er ei tolle som også er byttolle.

Der det heiter *Gjerda* /*Jera*/, har det vore gjerde. Namnet har fleirtalsform. Det var mest tale om «Oppi Gjerda». Her var vedaskog med bjørk og hatl før i tida. No er det granplantefelt. *Gjerdhaugen* er lenger oppe. Ein har òg *Gjerdmyra*. *Tollhaugen* er to haugar «oppi Gjerda». Tolle veks det nok her. Det er ikkje så mykje tolle i dette området.

Slåttet er eit slåtte ut mot Hageelva. Same namnet finn ein lenger nord. Der det heiter *Utlia* skal den første setra til Hjelset ha lege. Det er

meint lia som ligg lengst ut, altså lengst vest. Namnet *Utililøftyin* har vore mest brukt i seinare tid. Sisteledet har fleirtalsform. Det ser ut som det er ordet *løypt* 'løype eller rås'. Truleg har namnet med at dei fór her etter veggen over *Hjelsetmyran* som heiter *Myrvegen*. Ordet *løypt* er meir vanleg både i Gudbrandsdalen, på Nordmøre og i Trøndelag. *Oppkommå* ligg ikkje langt frå *Myrvegen* i *Vardhaugskaret*. Denne oppkomma har kaldt og godt vatn på heite sommardagar. *Vardhaugen* har varde i førsteledet.

På rørene som heiter *Lørørin*, har det vore høyløer. Ein har både *Ytste* og *Nørde Hjelsetmyran*. Der det heiter *Hjelsetsetra* hadde Hjelset seter. Fram mot våre dagar har ein sett merke etter stein- og risgarden kring vollen. Setra var nedlagd alt i 1723. Men garden kan ha hatt ei eldre seter. Ein har namna *Seterbakken* og *Setergarden*. Det siste fortel om at her har vore gjerdesgard. *Setergrova* er grova ovanfor Hjelsetsetra. Slåttet *Seterslåttet* er nemnt i ei skyldsetning frå 1863. Det same er *Fjellslåttet*. Omkring 1930 stod det 8-10 løer oppi her. Kvar gard hadde gjerne både høyløe og torvløe. *Myrslåttet* er eit slåtte. *Steinhaugen* er òg eit namn.

Namnet *Tyskehogget* /*Tyskehåggje*/ er eit namneminne frå 2. verdskrigen. Tyske soldatar hogde troer her. Gutungar på Hjelset ville ha tyskarane til å skyte ikorn for seg. Soldatane skulle få egg for jobben. Men tyskarane trefte ikkje eit einaste ikorn. Etter krigen vart *Tyskehogget* tilplanta med gran.

Prekestolen er ein stor stein som ser ut som ein preikestol frå sida. Ein kan òg sjå trinna oppover. Her kan ein klive opp på han. Ungane gjer det.

Lappetjønna har sjølvsagt fått namnet sitt av di det var mykje lappe her. Men her var òg skeiserenning. Ingolf Hjelset fortel at han rente på skeiser her i åra 1950-55. Lappe har til no vore den vanlege romsdalsforma for det som i ordlistene heiter 'frosk'.

Førsteledet i namnet *Gaddrørin* er gadd 'tørt tre'. Namnet fortel om ei tid då då fureskogen (tollskogen) nådde høgare til fjells enn no. No er det heller ikkje gaddar her.

Bjerkalihaugen og *Bjerkalibotnen* fortel om at så høgt voks bjørka.

Kloppvatnet er eit storvove vatn som ligg litt over 450 m o. h. Det er drikkevasskjelde. Førsteledet er klopp f. 'bru over elv eller blautlende', gno. kløpp. Her har det truleg vore ei steinklopp over elva der ho renn ut or vatnet. Her ved utlaupe har ein *Kloppavassteppinga* /*Klappavasstæppinja*/. Demning har no for det meste avløyst tepping i talemålet, men tepping overlever i ein del stadnamn. Vest for *Kloppavassteppinga* har ein



Sørenden av Kloppavatnet med demninga.
(Foto KMH/Romsdalsmuseets fotoarkiv 31474)

Kloppahammaren. Lia aust for vatnet er *Kloppalia*. Oppå lia har ein det 575 m høge *Kloppafjellet*.

Lenger nordover her finn ein *Kloppadektin* /*Klåppadektinj*/. Ei dekt er eit mindre område som ligg noko lågare enn lendet kringom. Ordet blir vel mindre og mindre brukt. Før i tida var dette ei vanleg terrengnemning i talemålet. Sørøver frå *Maijfjellet* på vestsida av vatnet er *Maijfjelldektin*. I desse namna har ordet fleirtalsform.

Ein må ta med at heile dalføret som vatnet ligg i heiter *Kloppadalen*. Osen der *Gujordselva* renn ut or vatnet heiter *Kloppavassosen*. Bytet mellom Gujorda og Hjelset skal gå over osen her til osen på *Ol-Andersså-tjønna*.

På nordsida av *Kloppahammaren* var *Torstein-slættet*. Dei sa Tåsstein for dette mannsnamnet. Kan det ha vore Torstein på Torsteinplassen som slo her? Det har visst vore tale om /*Hoppbakkjnj* i *Kloppadala*/. Idrettslaget Fram 1907 både planerte ut bakken og mina vekk ein fjellknaus for ovaerenet. I 1922 fekk laget til ein 50-60-metersbakke i *Kloppadalen*. Men bakken som etter den tid var ein storbakke, vart nedlagd etter nokre år. Han låg for langt frå bygda. Ein veit at det 25. og 26. februar 1922 var fogderirenn med 7 langrennarar i ustansleg regnver og 70 hopparar dagen etter. Der det har vore kalla *Gammelskibakken*, har det òg vore hoppbakke.

4-5 m frå vatnet på austsida er det ei kjend oppkomme med svært kaldt vatn. Ein kallar ho berre for *Oppkommå*. Attarste enden av Kloppavatnet kallar ein *Attpå Bukten*. (Bokt'n er dativform.) Her er det fin utsikt. Turar og utflukter gjekk ofte hit i gamle dagar. Her er novsteinane etter ei gammal høyløe. Går ein vel ein halv kilometer attover frå Kloppavatnet, kjem ein til *Litlevatnet*. *Litlevassgrova* renn attover frå *Litlevatnet* og endar i *Botnvatnet*.

Eit anna namn på same grova er *Kloppabekken*.

Hjelsetkleiva er der stigen og køyrevegen med hest til Langdalen gjekk. Hjelsetingane hadde slætte i Langdalen. Dei køyrde med hest på austsida av Kloppavatnet med tremeislede /*tremægasse'e*/ om sommaren. På etterjulsvinteren køyrde dei høyet heim, men då køyrde dei Lunddalen. (Oppl. frå Kristian K. Hjelset 1994.)

Hjelsetslætta var slætte som tilhørde Hjelset. *Hallvard-Ola-slættet* var slættet til Ola Halvorson Gujord. Han var den første som byrja på Nørde Haugen på Roaldset (no bnr. 5) . I lengre tid dreiv denne uthaldande arbeidsmannen fjellslått her. Han leigde av Hjelset. (Oppl. frå Bolsøyboka.) Som ein ser kalla dei han Hallvor-Ola. Dette er vest for *Middagsbekken*. Namnet må kome av at sola stod over bekken ved middagstider for dei som var på *Åndalssetra*. *Stakkslættet* var eit slætte der dei hadde stakk. Attover herifrå heiter det *Stegan*.

Nord for den før nemnde *Ol-Andersså-tjønna* ligg *Lomtjønna*. Ho er ikkje så lita, kanskje 200 m lang.

Noko må ein seie om *Botnvatnet* sjølv om ein då er komen til Nordmøre. Det er slik at Ivar Sæther frå Pesetra i Batnfjorden hadde høyrte av far sin at hollendarane kjøpte trelast i Batnfjorden. Den gongen skulle det vere meir barskog i bygda enn i dag. Det vart fortalt at for å fløte tømmeret, bygde dei tepping (demning) ved utlaupet av Botnvatnet. Ho skulle vere laga av tømmer, stein og torv. For ikkje å få for mykje tømmer ved saga, tok dei i land tømmer på flatene ovanfor Åndalsbrua. Der heiter det *Tømmervollen*. Sag skal det ha vore på Bjerkeset. Der heiter det enno *Sagdammen*. Ein søndag i 1930 med sol som skein nedi vatnet, fekk Sæther augo på noko. «Da fekk eg sjå konturen av ein veldig stakk nede i den vide hølen der. Lengda på stakken såg ut til å vere om lag 7 meter, og midt på det digre treet var det hogge inn eit meterlangt hakk. Eg kom da på den tanken at her er den stakken som i si tid har lege over ei av damlukene,» skriv Sæther.

Ein annan ting ved Botnvatnet /*Bått'nvatne*/ er at ein knapt kan seie at det ligg i nokon botn. Ein kan undrast på om førsteleddet har samanheng med førsteleddet i namnet Batnfjorden som truleg er det gamle namnet på elva gjennom bygda. Ein kan elles nemne at dei kallar øvste delen av elva her *Seterelva* etter Åndalssetra. Austover frå Botnvatnet krokar ho seg fram. Her heiter det *Elvakrokan*.

Maijfjellet er eit uvanleg namn på eit godt synleg fjell som når 803,5 m o. h. Slik uttalar dei namnet på fjellet på Hjelset og i Øverbygda. Lengst vest på Fannstranda seier dei *Måifjellet*. Vokalen i førsteleddet er lang. Det er vanskeleg



Opdøl sjukehus med Gujordsgardane oppi lia i bakgrunnen. 1962. (Widerøe/Romsdalsmuseets fotoarkiv 088604)

å finne nokon grunn til at ein skal ha namnet på månaden i fjellnamnet, men ein kan vel ikkje sjå heilt vekk frå det. Er det slik, har ikkje namnet høg alder. Samansette fjellnamn treng ikkje å ha så høg alder. *Måsvatnet* ligg altså rett sør for fjellet. Det gamle ordet for fuglen måse var *må*. (Ein har det i Måøyna ved Bjørnsund. Namnet vart på kart på 1700-talet forvanska slik at ein framleis kan finne *Moøya* på somme kart.) Kanskje ein kunne tenkje seg at fjellet også hadde fuglen i namnet, og at det hadde vorte ei forvansking. På nordsida av fjellet er *Mai fjellhamran*. Lengst vest heiter det *Little Mai fjellet*.

Gujorda

Gujorda /*Gujora*/ med lang u er gnr. 55. Det blir i NG s. 283 hevda at pga samansetninga med jord kan ikkje namnet vere så gammalt. Men det er slik at garden ligg på solsida, jamhøgt med grannegarden Berg i aust, høgt over elva i dalbotnen. Ein skulle tru at desse gardane var dei eldste i bygda. Frå desse gardane har ein vidt utsyn over fjord og fjell. Frå gammalt var *Gujorda* rekna for ein årviss korngard. Viss førsteleddet har med heiden gud å gjere, kan det frå først av ha vore gudsdyrkingsplass. Gunder *Gujord* skriv i omtalen av garden i Bolsøyboka: «Det går sagn om at her stod gudehovet i heidningetida, og namn som Offerbakken som endå er nytta, peikar

i same leid.» På amtskartet frå tett etter 1870 er namnet skriva *Gudjord*.

Filologen Eivind Vågslid frå Vest-Telemark var skeptisk til at det var mange gamle gudenamn i stadnamn her i landet. Han skriv i boka «Stadnamntydingar II (1974) s. 306 at han har informasjon frå den lokalkjende lektoren Løve Stokke (1907-1984) om gardsnamnet. Vågslid skriv: «Sameleis hev han sagt at garden *Gudjord* ligg på ein flate med turr moldjord upp på ei bratt hall, og det hev vori ein god korngard.» Vågslid trur at garden er heller ung, i alle høve frå kristen tid. Han meiner førsteleddet er god. Så rekonstruerer han ei form *Godjord*. Men det er vanskeleg å forstå at ordet god skal ha vorte forandra til uttale med u. Då er det meir sannsynleg at førsteleddet fortel om det gamle namnet på elva vest for garden. No heiter ho *Gujordselva* etter gardsnamnet. Ho kjem altså frå Kloppavatnet i Kloppadalen. I Meråker i Nord-Trøndelag er det ei elv som blir kalla *Guåa*. Ho har gjeve namn til garden *Gudå*. Professor Sophus Bugge har i «Norske Elvenavne», s. 85 (1904) tolka namnet som «den hellige, den til Guderne indviede Aa». No kan ein ikkje sjå vekk frå at førsteleddet kan ha eit anna eldgammalt ord som det i dag er vanskeleg å tolke sikkert.

Når somme har meint at sisteleddet jord viser at namnet er heller ungt, kan ein innvende at dette sisteleddet finn ein berre denne eine gongen i gardsnamn her i fylket. Det er ikkje det same som det austnorske jorde 'dyrkamark'. Det ordet blir

ikkje brukt i romsdalsmålet. Den bundne forma kan namnet ha fått i seinare tid. Skriftformene føre 1700-talet har ubunden form.

Den før nemnde *Offerbakken* /*Åfferbakkjinj*/ ligg nedi bakkane. Førsteleddet ser ut til å vere ordet offer, gno. offr n. Den kjende stadnamngranskaren Per Hovda skriv i artikkelen «Stadnamn -folkeliiv og folketru» m. a. dette: «På mange gardar er det steinar, haugar, tre o. likn. nær husi som det går segner um at dei har ofra avdrått, øl o. likn. til ved høgtider som t. d. jol. Desse stadene ber jamt namn som Offersteinen, Tussehaugen og stundom namn som Lorkjen, Lundarhaugen o. likn. Mange av desse offerstadene er gamle gravhaugar. Sume stader har denne skikken halde seg radt opp mot våre dagar. Frå Valle er det fortalt at dei so seint som i det 18. h. å. ofra hanar til vetti i Rishaug. Gardsnamni Hanehaug i Leikanger og Haneberg i Sogndal (Rog.) lyt ein fulla sjå i samband med gamal primitiv ofring på lag som den som har gått føre seg på Rishaug i Valle. Det er å merka at både Hanehaug og Haneberg er grannegardar til Leikvang og Leikvoll. Ogso desse stadnamni fører oss langt attende i den grå oldtidi til heidne offerskikkar og heiden kult og gudedyrking.»

Korkje Gujorda eller grannegarden i aust, Berg, er nemnde i skrift før tett etter 1600. Desse gamle gardane fekk ei lang øydetid. Ved kvegskatten i 1657 er det tre brukarar «på Gujor'n». Til saman har dei 3 hestar, 23 kyr, 10 geiter og 13 sauer. Ein veit at bruka vart nemnde som *Nerigarden*, *Midtigarden* og *Nordigarden*. Midtigarden skal òg ha vore delt ein gong. No er det berre Nordigardstunet som er att av det gamle (bnr. 3). (Bolsøyboka annen del, s. 527.) *Tollteigen* er bruk. Ein har treslaget i førsteleddet. Der det heiter *Gammelbruvadet* var den første brua over Gujordselva. Brukara vistest så seint som i 1934-35 då Knut Mork bygde dam for kraftverk her. Nils Nilsen Hjelset som døydde i 1939, 90 år gammal, kunne fortelje at han minstest at han som gutunge såg eit brurefølge kom køyrande over her. Det kom truleg frå Gujorda eller Berg og skulle til kyrkje anten på Bolsøya eller på Kleive. Ein teig aust for elva heiter *Bruteigen*. I dag går vegen over brua som heiter *Gujordsbrua*.

Der det heiter *Kvennhusholå* har det vore kvernhus.

Namnet *Åkersundbakken* fortel at det må ha vore åkersund her. Eit åkersund er eit mellomrom (ein passasje) mellom åkrar. Eit vad over elva her heiter *Åkersundvadet* /*Åkersønnvae*/. (Sjå art. om sund i RSÅ 1990 og 1991.) På *Stallbakken* må det ha stått ein stall (gno. stallr m.). *Råkhaugen* fortel om krøtterråk. Så har ein *Våtå*. *Hjellhaugen* er truleg minne om ein tjørhjell.

I Bolsøyboka IV tredje del b. II kan ein lese på s. 108 f. : «Kjetill Halvorson Gujord bygde ei stampe ovanfor Hjellhaugen, eit stykke nord for garden. Stampa hadde overvasshjul og to bryer. Der hadde ein mykje stamping ei tid, serleg før det kom stampe på Roaldset som var lettare tilkomeleg. Det kom folk med vevar frå alle bygder ikring, og ein hadde fullt arbeid, til dels både natt og dag heile håbolla.» Ein gong var det einkvan som prøvde å brenne stamparen inne. Han kom seg ut ved å klive opp gjennom ljoren. Stampa vart driven til kring 1870 eller noko seinare. Tømmeret vart brukt til ei torvhytte på *Teppingsgrovmyra*, som ligg litt lenger oppe på austsida av elva. Her i *Teppingsgrova* har det som namnet seier vore tepping. Som før nemnt er tepping i ferd med å gå ut or talemålet. Både i gno. og nyare mål har ein gjerningsordet teppe. Ein finn minne om ordet i nasteppe og planta tepperot, som visstnok vart brukt mot diare (rennskjete). Planta har eigenskapar i seg til å teppe (demme) for slik avføring. *Teppingsgrova* kjem «frå *Lomtjønnå*», og her var tepping. *Gujordslomtjønnå* ligg lengst vest og har vore nokså stor, men er mykje attvaksen slik at det no er mange småholmar i henne. Ein kan sjå nokre steinar etter teppinga i vestkanten. Ho har tillaup frå *Bergslomtjønnå* som ligg lenger aust og litt høgare. Ho er mindre, og også ho er nokså attvaksen. Ved utlaupet på vestsida ser ein at det har vore ei tepping av torv. Grensa mellom gardane går frå *Fonnavarden* i nord og rett sørover gjennom austkanten av *Gujordslomtjønnå*. Området kring tjørnene heiter *Reirdalen*. No er det slik at ein uttalar reir (fuglereir) og røyr (i røyrgras) likt. Ein skulle tru at bakgrunnen var at både lom og andre vadefuglar har hatt reir i dette myrlandskapet.

Tett ovanfor der *Steinsdalselva* og *Gujordselva* møtest stod det restar etter gamle tømmerløer på *Gujordssida*. Kan det ha vore seterhus? Det heiter *Elvatungå* /*Ælvatongå*/ her.

Ein markert haug som er 363 m høg og ligg tett aust for *Steinsdalselva* heiter *Seterhaugen*. Gunder Gujord skriv i Bolsøyboka annen del (1948) s. 527: «Gujordgardane dreiv òg seterbruk i gamal tid. Oppunder Seterhaugen er det endå merke etter dei gamle setervollane, men det ligg so langt att i tida at ingen minnest det no. Her er endå god beitemark, men år for år tøgjer skogen seg lenger oppetter. Held det fram slik ei tid, er berre høgfjellet snautt.» (Ein ser at attveksinga ikkje er eit nytt fenomen. Dette er altså skrive for 60 år sia.)

Vest for elva har ein namnet *Godtgongarmyra*. Namnet fortel vel om godt beite.

Ser ein på kartet frå tett etter 1870, finn ein at *Steinsdalen* er kalla *Botnadalen*. Det høver godt

med at vatnet ligg i ein tydeleg botn. Det heiter *Gujordsgjerdet* vest for garden, men på vestsida av elva.

Ein har namn som *Gujordsteigan*, *Tømmerhaugen* /*Temmerhaun*/, *Myrholå* og *Fjøshaugen*. Lenger mot nord er *Brenthaugrøra* og *Pikhaugen*. Førsteleddet er gno. pík 'pigg, kvass topp'. På *Nørde Kvilarrøra* kvilte dei som kom med tunge bører. Ikkje langt unna, nordaust for Lomtjønnin, er *Pikhaugen* namn på ein annan haug med ein bergpik på toppen. Her er fint å kvile.

Om namnet *Rølliskaran* skriv Einar Berg: «Eit namn vert uttala /*Rølliskaranj*/, men utan at nokon veit kva det er eller kvar det er. Det kan ikkje ha samanheng med skard. Men kanskje det kjem av skarv, skarvar, nakne bergskoltar. Kanskje då namn på desse to haugane?» No kan ein likevel tru at ein har med skar å gjere, men at ein har hokjønnsbøying av inkjekjønnordet. (Somme stader i Romsdalen finn ein namn som *Skjæran* i staden for *Skjæra*.) Førsteleddet kan helst vere farga (leten) på lia som må ha heitt *Rødlia* /*Rølia*/. På vestsida av *Rødliskaran* har ein *Rødlihaugen*.

Steinslia fortel vel om at store steinar stikk opp i dagen her. På vestsida av lia ligg *Steinsdalsvatnet* 390 m o. h. i *Steinsdalen*. *Steinsdalselva* renn frå vatnet.

Klingretevatnet ligg lenger oppe, knapt 450 m o. h. Det sa dei før. No seier dei visst mest *Klingrå* /*Klengrå*/. Einar Berg har i RSÅ 1972 ei forteljing «Årmen attmæ Klengretevatna». Han skriv på s. 82 f. :«Ein mainnj frå Gujor'n å så'n hass så då va fjorten år, va ein sommar attmæ Klengretevatna å sætte opp ei høyløe. Dei mura tå stæn, fær de va so lite tre te å byggje tå der. Dei ha mæ se hæst so dei kunnje kjøyre attåt de så trængtest. Hæsten ha dei botte attmæ ein hammar attmæ vatna. Ein gong sa far'n åt så'n sine at'n skullje ga sta å fløtte hæst'n. Men då 'n kom bortåt hæsta, fekk 'n sjå ein stor årm, å so sprang 'n tebakars åt far sine å sa de åt nå. Då to far'n å hågde te ei kløft så så'n skullje sætte ne på årmen, å so villje hannj sjøl slå 'n i hel mæ åksehammara. Då dei kom dit, sætte gut'n kløfta på 'n tett attafær haua. Men 'n va so stærk at 'n bokta se å løfta kløfta opp frå markjinnj. Men då va faren snar å slo te nå mæ åksehammara. Hannj va so stor så ei sperre å ha faks. Kring 1900 var det vanleg tru mellom folk og gjerne mellom gjetarane at det var ormar med faks på i *Klingretevatnet*. Soga ovanfor skulle gå føre seg kring 1850. Fortald av ein mann frå *Gujord*.»

Klingrete er eigenskapsord og tyder at noko er rundt, og det er vatnet. I gno. har ein kringlóttr. *Klingreteheia* ligg aust for vatnet og er 497 m høg.

Nord for vatnet kjem ein til *Botndalsheia*. *Storbotnen* er ein storvoren botn med myrlende. *Botndalshamran* er på vestsida av *Botndalen*. Aust for elva er *Brenthaugen*. Heilt mot Gjemnesgrensa er *Resmyran* og *Raudmelen*. Batnfjordingane seier raud, altså rau, og ikkje rø som hjelsetingane. Det heiter *Baklihaugan* ned mot den bratte *Baklia*. Lenger vest heiter det *Stegan*. Dei gjekk nok her.

Berg

Gnr. 56 *Berg* er ein av dei tre gardane i kommunen med dette namnet. Både det usamansette namnet i ubunden form, og staden der garden ligg, peikar mot høg alder. Her er bratte solvende bakkar som i gammal tid høvde for korndyrking. Solgonga var lang. Det var lett å halde augo med fiendar som kom inn fjorden. Frå garden har ein altså vidt utsyn over fjord og fjell.

Frå *Berg* var det altså kort veg både til fjells, fjords og nedi elva. Både fjord og elv hadde i gammal tid nøgda med fisk.

Ein har bruksnamn som *Ytter-Berg*, *Nørd-Berg*, *Bergshaugen* og *Bergsnakken*. I bygda seier dei helst *Nakken* om det siste. Slik står dette bnr. 7 oppført i NG på s. 283. Men tonelaget er feil. Det skal vere einstavings tonelag. Dativforma er 'Nakkja'. På kartet frå tett etter 1870 har ein *Bergsnakken* som namn på den store fjellformasjonen nord for bruket, og dette er sjølvsagt bakgrunnen for bruksnamnet. I våre dagar er storparten av busetjinga flytta lågare ned. Eit bustadfelt lenger nede har fått det tyskfarga namnet *Frydenberg*.

Ved kvegskatten i 1657 er det 3 brukarar. Det er til saman 5 hestar, 42 kyr, 27 geiter og 29 sauer.

Nedover mot elva har ein namn som *Løkan*. Det var løkar her før det vart dyrka. Ei tid var det skyttarbane her. No kallar ein det *Engan* her. Lenger oppe heiter det *Bergsbrauta*. Dette er ein bakke på veggen som går oppover her.

Bergtun var namnet på ungdomshuset som vart bygd i 1920. Kring 1970 brann det ned. På *Berg* seier dei berre *Grova* om grova som kjem ned. I gammal tid vart ho sjølvsagt brukt til drivkraft. No driv gardeigaren Ingolf Berg eit lite kraftverk med vatn frå *Grova*.

I *Bolsøyboka* III 1. band finn ein på s. 490 f. kopi av ein husmannssetel frå *Berg*. I omtalen av setelen får ein vite at Knut Eriksen Årset frå ytste garden på *Årset* ved *Langfjorden* først bygsla ein plass på *Skarpå* vest på grova oppunder lia på *Ytter-Berg*. *Kona* var *Barbro Bergsvik* frå *Bergsvika*. I naudsåra



Skjevika og Hungnes i framgrunnen. På Skjevikåsen er det skule- og industriområde. Gardane bak er f.v. Gujorda, Berg og Roaldset. Oppi fjella ser vi Kloppavatnet og Luddalsvatnet, (heilt t.h.). (Foto Johnny Bratseth 0003907)

fram mot 1814 vart det vanskeleg å livberge seg her. Dei bygsla så ein teig «nåri Nakkja» (Bergsnakken). Det er nemnt at plassen låg nedunder «Høgnach». Kan det vere haugen som no heiter *Fjøshaugen*? Det er òg tale om ein stad «*Ruske giærdet Kaldet*». Namnet Skarpå kjem nok av at jorda er skarp, tørr og mager. Slike stader er det lett at det «brinn tå» viss det kan bli ein tørr sommar. Andre stader har namnet ei litt anna form. På Jendem er bruka Skjerpå (gnr. 34/8) og Skjerpehagen (gnr. 34/10). NG s. 294.)

Myraplassen var ein plass som hørde til bnr. 3. Det var Andres Iversen og Magnhild Finnsdotter som heldt til her. Dei var fødte kring 1800. Dei hadde ei ku. Stove og løe var under same tak.

Der det heiter *Lars Mathias-plassen* skal Vestad-Ola ha vore den første. Sia bygsla John Larsen, f. kring 1819. Sonesonen Lars Mathias var den siste plassmannen. I dag er det offisielle namnet på bruket *Bjerkely*, bnr. 11.

Det heiter *Nørd-Bergsliin* oppi her. Der det heiter *Fjøsberget* har det nok vore sommarfjøs. *Geilen /Jeilinj/* og *Trøbakken* fortel om inngjerdingar for krøter. Namnet *Steghaugen* må tyde på at det har gått stig forbi haugen. *Bjønndalen* er ein liten dal. Ein veit at dei var plaga av bjørn. Stundom vart det sett ei glodgryte bortmed løa for å halde han vekk (Einar Berg i *Bolsøyboka*). Ei lita grov heiter *Bjønndalsgrova*.

Elles finn ein namn som *Langehaugen*, *Midtliin*, *Småliin* og *Risbruhaugen*. Førsteleddet i det siste er risbru 'bru av ris over blautlende på køyreveg'.

Førsteleddet i *Gjølhaugen* ser ut til å vere gjel /gjøl/.

Korenholå er eit namn dei ikkje veit bakgrunnen for. Det kan sjå ut som første delen av namnet er ættenamnet *Koren*. Truleg ligg det ei hending attom namnet. Ein veit at ein *Koren* var forvaltar ved Osen jarnverk på 1700-talet. Han døydde heller ung. Ein kunne tenkje på ei hending, eller ein tvist om trekolbrenning til jarnverket som bakgrunn for namnet.

Dyrstادنakken /Dyrstanakkjinj/ finn ein både her og på autsida av Horga på sørsida av fjorden. Ein har òg relasjonsnamna *Dyrstادنakkliia* og *Dyrstادنakkmyra*.

I namna *Kallsgrova* og *Kallsnakken* ser kall ut til å vere første delen.

I *Finnskjeggbakken* må det ha vakse finnskjegg. Det latinske namnet er *nardus stricta*. Graset er stivt og vanskeleg å få ljåen til å bite på. Noko særleg godt fôr var det heller ikkje rekna som. Hestar kunne visst få kolikk av det. Det var også ei folketru at den som trødde på finnskjegg, kunne gå seg vill (kome på villstrå) på si vidare ferd. Trua er iallfall oppteikna i *Gudbrandsdalen* på 1700-talet. Ove Arbo Høeg skriv på s. 460 i «Planter og tradisjon»: «At folk kjente finnskjegg går også frem av det

store antall stedsnavn som er sammensatt med ett eller annet navn på denne planten.» Litt lenger nede heiter det *Fagerbakken*. Det er som ein kontrast mellom desse to namna. Det siste er rosande.

Her i Øverbygda har ein namnet *Tollskogen*. Det er lite tollskog her. Slik har det vore i lang tid. Det er stundom slik at ein i stadnamn finn treslag det berre er på denne staden, og ikkje andre stader kringom. Det blir fortalt at i våra kring 1810 vart ein liggjande att «nåri Tålljskoja». Han skulle samle tollbork til til å blande atti mjølet. Men så var han vel så redusert av svolt (Bolsøyboka II, s. 527).

Sessan /Sæssanj/ er terrengformasjonar som har mint om sessar. Gno. sess m. 'stad å sitje'.

Nørde /Nørel/ *Dalan* er småe dalar nedanfor vegen. Nedmed elva er *Storøyna*. Her har ein òg *Kvisla*. (Uttalen har same l-lyd som ordet litle.) Her har visst elva også hatt eit anna mindre elvafar. *Kvisl* f. er i gno. ordet for grein.

Svarthølen er nedanfor brua over *Roaldsetelva*. Går ein ovom brua, er *Stamphølen* der stampa var. Ho vart truleg bygd i 1840-åra. Før det vart stampa her, hadde dei kalla hølen *Bruhølen*. *Gammelvegen* er tydeleg vest for *Gammelbrua*, som var trebru. Ein ser brukara av stein på kvar side av det djupe elvelaupet.

Gossingen Mads Hukkelberg skreiv opp ei segn der det er nemnt at underjordiske stundom heldt att hestelass i ein bakke på *Gammelvegen* som er kalla *Roaldsetbakken*.

På fjellområdet til Berg er det slik at *Storglennå* no er attvaksen. Gno. glenna f. er open plass i skogen. Namnet *Steinhusrøra* må helst fortelje om at her har vore eit hus av stein. Der det heiter *Orneberga* må det ha vore mykje orm.

I *Fremste* og *Heimste Kammen* har ein høgdenemninga kam m., gno. kambr m. 'noko som er taggut'. I *Kambotnen* hadde bnr. 5 på Nørd-Berg slætte til ein stakk. Ikkje langt unna renn *Kamgrova* ned i *Roaldsetelva*. I *Svartbotnen* var det slætte til ein stakk. Jakob Berg slo her til noko etter 1900. Vika (Skjevika) eig området ved *Vikanakken*. *Nakkmyran* er på vestsida av elva. Ved *Hjellhaugen* har det truleg vore tjørhjell. *Seterbrauta* er ein bratt stad på vegen til setra.

Så er det visst slik at ein seier /Sjinnstalihaun/. Det har vore hevda at eldste setra til Berg hadde heitt *Skinstølen* og låg i dette området. Uttalen av namnet her synest ikkje å passe så godt til dette. Kanskje ein stad ved elva har heitt *Skjenstøå* (ein stad dit krøtera la i veg for å bli kvitt flugene). Så fekk ein av dette *Skjenstølia*. Så er dette haugen oppi *Skjenstølia*, altså *Skjenstølihaugen*.

Bergsseterhaugen og *Bergsseterskaret* fortel om

ei seter som Berg hadde. Kanskje det er denne setra som ikkje lenger var i bruk i 1723. Setra låg vest for dette skaret.

Fonna er vest for sørenden av *Lunndalsvatnet* /Lunnjdalsvatne/. Relasjonsnamn er *Fonnavarden* /Fånnjavarinj/. Der det heiter *Fonnaholå* var det eit stakkslætte til bnr. 6 på Nørd-Berg. *Fonnasteinen* er ein stor stein som er bytstein.

Revskaret fortel om reven. (Ein uttalar rev med æ-lyd.) Her var òg slætte.

Utlaupet av *Lunndalsvatnet* kallar ein *Løken* /Løkjinj/. Her renn vatnet stille og det er kvisler (greiner). Lenger nede kallar ein elva *Roaldsetelva*. Der det er stygt lende attover på vestsida av vatnet heiter det *Hamran*. Det var slætte «oppi Hamrå». Det var bratt å kome til. Berre ein stad kunne ein kome opp nedanfrå, og det var nesten farleg å kome ned med høyr om vinteren. Om sommaren kunne ein gå over *Fonna* og ned. Det var to stakkstøer her, *Øvre Stakkstøå* og *Nedre Stakkstøå*. (Ei stakkstøe var staden der ein høystakk stod. Stakkstonga stod år etter år.) På dei nedste hamrane var det så mykje høyr at det var nesten langhøyr på dei likaste pletene.

På *Fiskarneset* /Feskarnæse/ stod dei og fiska med trøe.

Nørd-Bergsholå var ei glenne nedmed vatnet. Her slo bruka på Nørd-Berg i lag.

Dalagrova kjem ned gjennom *Dalaskaret* frå vest. Førsteleddet siktar til *Lunndalen*. Somme har hevda at dette er den lune dalen. Uttalen peikar i ei anna lei. Førsteleddet ser ut til å vere lund (gno. lundr m.) 'mindre samling av (lauv)tre' som har uttalen lunnj. Ordet lun 'stille og attunder for ver og vind' støyter ein sær seldan på i stadnamn, iallfall i denne kommunen. I nylaga namn på hytter og hus er det sær vanleg. (Mang ein bustad heiter Lunheim.) I Bolsøyboka er namnet skrive *Lundalen*. På det handteikna kartet frå tett etter 1870 står *Lundedalen* og *Lundedals* V. Dette viser at landmålarane må ha fått opplysningar frå lokalfolket om at dei meinte lund var bakgrunnen. Ein seier /Lunnjdalen/. Ein ville ha sagt *Lundalen* med lang u og utan palatalisering av n viss det var lun.

Brenthaugen er nord for *Dalagrova*. Også i nordenden av *Lunndalsvatnet* heiter det *Løken*. Elva som renn nedi vatnet frå nord er *Lunndalselva*. Ho kjem frå *Botndalen* og blir også kalla *Botndalselva*. På vestsida av elva var *Ørjaslættet*. Ein veit om ein som heitte *Ørja* *Gujord*.

I våre dagar høyrer ein at folk seier at dei har vore på skitur til ein stad dei kallar *Rypa* her nord for *Lunndalsvatnet*. (Uttalen er med tostavings tonelag.) Dette var frå først av namnet på ei hytte. Så tok dei til å bruke namnet om området ved hytta.

Ein kunne iallfall for bortimot 50 år sia høyre folk frå byområdet bruke namnet. Hyttenamnet var fuglenamnet i skriftspråkforma. Bygdemåla i Romsdalen hadde uttalen rupe av gno. rjúpa f. (J-en har nok falle ut for nokre hundreår sia.) Byfolket har lenge hatt uttalen rype. I våre dagar blir det også i romsdalsbygdene fleire og fleire som seier rype.

Roaldset

Førsteleddet i gnr. 57 *Roaldset* er vanskeleg å tolke. I NG. s. 283 blir det slege fast at førsteleddet er mannsnamnet Roald (gno. Róaldr). Ei segn fortel at første mannen på garden var ein som heitte Roald. Det blir fortalt at han kom roande. Så er det ein haug vest for elva nedanfor garden som heiter *Roaldhaugen*. Somme har meint at Roald var gravlagd her. Andre har fortalt at han gøymde «skattane sine» her. Somme har hevda at haugen er oppkasta av menneske. Einar Berg meinte at haugen hadde vorte til frå naturen si side. Det er òg slik at somme har meint at Roald budde ei tid på denne haugen før han flytta til det som no er Roaldset. Gamle folk fortalde for lenge sia at langt atti tida kunne ein sjå merke etter hustufter oppå haugen. Men dette er berre segner. Ein har lov til å tvile på om det er mannsnamnet.

Professor Magnus Olsen trudde at *róald* kunne tyde krok eller hjørne. Det er slik at garden ligg ved munniga av sidedalen Lunddalen.

Ein må òg ta med at Roalden er eit kjent fjell i Stranda kommune på Sunnmøre. Roalen ser òg ut til å vere eit fjell på Senja i Troms. Dette går fram av det Peter Wessel Zappfe skriv på s. 175 i «Årbok for Den norske turistforening 1928». Øystein Frøysadal skriv på s. 72 i boka «Namn i fjellet»: «Eit fjell som merkjer seg klart ut og er eit godt vegmerke, er Roalden i Aurland, samansett med gno. hróðr m., frægd, vidgjetnad. 'Frægingen' er såleis eit rosande namn.» Sisteleddet er det same som ein finn i fjellnamnet Alden. Her har ein med rota i gjerningsordet ale med same avleiing som i substantivet alder og eigenskapsorda alt (tysk) og old (engelsk). I austenden av Snåsavatnet har ein Roaldsteinen. Herifrå ser ein vidt. Her har vore bygdeborg. Kirsten Joveig Gartland skriv i heftet «Pilgrimsleia Gløshaugen-Åsa i Imsdalen» at Roaldsteinen ligg oppå det 200 m høge, stupbratte berget ved indre enden av Snåsavatnet her i Nord-Trøndelag. Gardsnamnet Horjem har bakgrunn i bergframspringet der Roaldsteinen ligg.

Så kan ein grunde på om kanskje det 670 m

høge fjellet nord for Roaldset ein gong kan ha heitt Roald(en). Det er slik at då grensa mellom Nordmøre og Romsdalen vart fastsett i april 1658 står det at ho går «fra j væster i Stangvadtzaaess, der j fra nordvæst i høieste Røehie, en field saa kaldet, der i fra ad Nøst Tinde». Det som blir sagt her er at grensa går vestover til Stangarvassosen, og så i nordvest i høgaste Raudheia, og så i Nosatinden. På kartet frå 1870-åra står Rauheja. I grannebygda Batnfjorden på Nordmøre seier dei *rau* om farga. På romsdalsida seier dei *rø*. Det er ikkje uvanleg at au-diftongen går over til ø i namnet på denne farga i talemålet i Romsdalen. Årsaka når det gjeld dette ordet, kan vere at uttalen rau blir likeins som i ordet for bakende, gno. rauf, eigentleg 'hol'.

Roaldset er ikkje nemnd i skriftlege kjelder før tett etter 1600. Som alle andre gardar i *Øverbygda* har han hatt ei lang øydetid.

Ved kvegskatten i 1657 er det to bruk. Her er 2 hestar, 19 kyr, 12 geiter og 14 sauer. Året etter blir Anders Olufson Røalsætt utskriven til svensk krigsteneste. Bruket lengst aust blir kalla *Nerigarden*. *Oppigarden* ligg utmed elva.

Det har vore fleire plassbruk på garden. Der det heitte *Guribakken*, levde kona Guri Sørensdotter lengst. Ho skulle vere fødd kring 1785. Mannen vart visst kalla Guri-Knut. Guribakken gjekk attende til garden.

Plassen er i dag bruk. Som namnet viser, var det plass frå først av. Den gongen vart han kalla *Sørenplassen* etter mannen Søren Sørensen. Det offisielle namnet på bruket er *Lunde*. Truleg er det Lunddalen nord for bruket som er bakgrunnen. Vegen opp til bruket har vore kalla *Plassavegen*.

Gjerdet er eit område.

Den første som byrja på plassen *Haugen* /Haun/ var Ola Halvorsen Gujord. Slættet som heiter *Hallvard-Ola-slættet* i Langdalen har namn etter han. Den siste som bygsla her var Kristen Haugen frå Åfløya i Nesset.

Ola Sørensen på *Ola-Sørensåplassen* var son til Søren på Sørenplassen. Han var fødd kring 1840 og levde til han var 92 år.

Ein plass var *Aspelundplassen*. Det blir opplyst at den første som byrja her var Ola Viken. Førsteleddet i plass-namnet må vere ættenamnet Aspelund frå garden Aspelunden i Osen.

Øybakkan /Eibakkanj/ var husmannsplass som låg nokså langt nede. Lage Hatlen var gift med Oline Andersdotter frå Aspelundplassen. Plassen var dårleg. Dei flytta så til Vågbøen på Tingvoll. Namnet kjem av at dette er i bakkane ovanfor *Roaldsetøyan* som er (låglande) ved elva.

Bedehuset på Roaldset er framleis i bruk. Det

blir sagt *Bedehuset*. *Roaldset skule* vart bygd i 1897 og hadde eitt klasserom. Ein sa sjølv sagt Skulen /Skulinj/. Han er nedlagd for lenge sia.

Nebbå er ei lita høgde aust for elva. Nebbe er ei vanleg høgdenemning, men då helst brukt om fjelltoppar. Ein haug nordaust for Tjørhjelldalen vart i gammal tid kalla Kjerkjehaugen. Bakgrunnen for namnet er usikker.

Nedanfor *Nebbå* var det ei oppkomme som dei kalla *Helseoppkommå*. Dei trudde det var helsebot i vatnet og henta vatn til sjuke folk herifrå. I august 1998 prøvde han som skriv dette å finne oppkomma, men lykkast ikkje. Sterk gjødsling på dyrkamarka ovanfor hadde gjort at mykje morass hadde vakse opp på staden. Stein frå dyrkamarka var òg velta nedover her.

Storgrova er ei grov som kjem ned lenger aust. Austanfor *Storgrova* er *Ljøsmyra*. Ho er vel ljøs på let. *Hungneslia* har gardsnamnet *Hungnes* som førsteledd. Låglendet sør for elva er *Hungnesøyen*. På *Gammelseterhaugen* skal den første setra til *Roaldset* ha lege. I 1723 er det nemnt at garden hadde ei seter som ikkje lenger var i bruk «et lidet Støcke» frå garden. Setra låg der *Haugen* no er. Ein tvilar på at det var nokor seterbu her når det var så nær garden.

Der det heiter *Roaldsetsetra* låg siste setra til *Roaldset*. Ho var i bruk så seint som i 1814, men nedlagd før 1840. Her låg òg *Oppdølssetra* og *Vikasetra* (setrene til gnr. 60 og 61). Desse setrene var ikkje i bruk i 1723, men vart oppattekte seinare og var i bruk til midt på 1800-talet. I 1930 vart det opplyst at husa stod til kring 1880. Ein kalla dei tre setrene for *Setrin* /*Setrinj*/. *Setergrova* renn forbi. *Seternakken* er ein brattvoren nakke ovanfor *Setrin*. På austsida av han er *Seterskaret*.

Roaldsetlia

Gnr. 58 *Roaldsetlia* ser ein er relasjonsnamn til *Roaldset*, og har nok vorte frådelt *Roaldset*. Ein høyrer ikkje om garden før i 1649, men det er ikkje noko i vegen for at her kan ha vore busetjing føre manndauden. Garden ligg ikkje stort meir enn 200 m o. h. Før 1669 er garden nemnd som *Dyrryg* og *Dyrlien*. (NG nemner ikkje noko om dette.) Nordvest for garden er det høgder som heiter *Dyrryggan*. Kan hende namnet fortel om hjortedyr. I daglegtale har ein i nærområdet sagt *Lia*.

I 1657 er *Knud Dyrlien* brukar med 2 hestar, 14 kyr, 7 geiter og 10 sauer.

Rabben var husmannsplass frå først av. Han



Frå *Roaldset* 1962 med *Roaldset skule* i framgrunnen. (Wide-røe/Romsdalsmuseets fotoarkiv 180077)

høyrde til bnr. 3. Den første ein veit om var *Hans Rabbå*. Han flytta til *Nesbøen*. *Erik O. Roaldsetli* bygsla kring 1870. Sonen *Andreas* kjøpte plassen kring 1905. No har bruket namnet *Utheim* på papiret. *Nesaplassen* låg aust for *Rabben*. Stove og løe var i eitt. *Lars*, mannen på plassen, var smed. *Smidå* stod ovanfor husa. Ein rabb er steinut låg jord- eller bergrygg. Ein kjenner ordet frå skrift så langt attende som frå seinmellomalderen.

Vegen opp til *Roaldsetlia* blir kalla *Liavegen*. Vegen oppover til *Lunddalsvatnet* på austsida av *Roaldsetelva* heiter *Lunddalsvegen*.

Lenger nede heiter det *Hungneslia*.

Hungnessetra låg frå først av ovanfor *Roaldsetlia* i 250 meters høgde. Ho var i bruk i 1723. Seinare vart setra flytta ned på flata der garden også hadde slått. Ovanfor der setra var har ein namna *Seterhaugen*, *Seterhaugmyran* og *Hungnesberget*.

Går ein lenger oppover, finn ein *Bjønnahaugen*. Namnet er med i eit skogskifte som tok til i 1863. Her er òg eit slætte som heiter *Bjønnahaugslættet*. *Grønliberget* er i nærleiken. *Lia* her må ha vore kalla *Grønlia*. Lenger vest låg *Stakkslættet* som *Roaldsetlia* hadde. I *Bolsøyboka* blir det fortalt at dei kørde heim høyet når det var tørt. Namnet fortel også at det var stakk her. Vestover har ein *Nakklia* og *Lianakken*. Så har ein *Vargehammaren*. Ein veit at gjetarane midt på 1800-talet hadde med seg kjerald med stein i som dei skrangla med for å skræme vargen (gråbeinen) her i *Raudheia*. (Her i nærområdet seier dei for det meste berre *Heia*.) Dette udyret kom vekk kring 1870. Då hadde det vore ein tidbolk med mykje ulv. Dei meinte ei finske mana han vekk. (Sjå art. om ulvestover i *RSÅ* 2007.)

Geithammaren er ein meir markert hammar noko lenger mot nordvest. Geita er ein god klivar. Dei slutta med geit om lag på same tid som



Roaldsetlia med Luddalen i bakgrunnen. 1962. (Widerøe/Romsdalsmuseets fotoarkiv 088567)

gråbeinen kom vekk. Dei meinte ho gjorde for stor skade med si eting av alt som voks. Stadnamn med varg og geit i seg kan altså ikkje vere yngre enn frå siste halvdel av 1800-talet her i dette området.

Svarthammaren er lett å sjå oppi lia aust for sørenden av det 1,5 km lange Luddalsvatnet.

Både aust for *Lianakken* oppi Raudheia og nordvest for Roaldset på vestsida av elva heiter det *Ormeberga*. Namna fortel nok om mykje orm på stadene. (Før i tida tala ein berre om orm, og ikkje om hoggorm, som mange gjer no.) Einar Berg har med segna «Årmebrenning» i RSA 1972. Her heiter det på s. 72: «De va einnj mainnj so va atti Lunnjdala å slo. So ein dag ette middagstia skullje 'n opp i lia å ha samens høy, å då fekk 'n sjå sju årma i ein høyflækk. Då vart 'n so sent at 'n skar te ein kjæpp å klauv'n i eine ænnå, å so sætt'n kløfta ne på dennj stæste årmen hannj såg, so jekk 'n ne på gruå å brænte 'n på varmå ette kaffikokinja, å sia ha'n ikkje sett årn.»

Nedover frå *Tverlia* renn *Tverligrova*. Her er òg *Tverlimyran*. På høgdedraget nedanfor Luddalsvatnet er *Reshaugen* og *Resmyran*.

Namnet *Gammelmyran* fortel kanskje at dei slo her for lang tid sia. *Monsløå* var ei løe som stod her. Det var då løa til ein Mons. Her aust for vatnet

heiter det *Vasslia*. Det er småe nes på austsida som heiter *Heimste* og *Fremste Neset*. Det som er fremst i ein dal, ligg lengst unna busetnaden. Ved Fremste Neset kjem *Næsagrova* ned. Men grova har nok ikkje namn av neset. Oppi lia heiter det *Næsa*. Dette er ein framstikkande bergformasjon, og ein har nok med ordet nos å gjere (gno. *nōs* 'nos, nase'). Somme seier *Oppdølsnæsa*. (Førsteleddet er gardsnamnet.) Ein har relasjonsnamnet *Næsalia*.

På sørsida av toppen av Raudheia finn ein på kartet frå tett etter 1870 namnet *Steinlihej*. Ein terrengformasjon heiter *Hesten*. Eit slætte var *Hestelættet*. *Budalen* er eit dalsøkk. Folket i Roaldsetlia slo her. Kanskje førsteleddet fortel om ei bu som ein gong har vore her.

Skarven er ei høg. Skarv er eit vanleg grunnord i fjellnamn. Aasen skriv at ordet tyder «en nøgen Klippe, et Bjerg hvorpaa intet voxer». I nord og aust i landet slik som her har ordet hankjønn. I sør og vest er det inkjekjønn, t.d. Hallingskarvet. Søraust for Skarven er *Skarvhamran*.

Kjerringa er ein stor stein som har vorte samanlikna med ei kjerring. Det treng ikkje vere ei vanleg kjerring, men ei trollkjerring (eit jutulkvinnfolk).

I *Hyttelia* ikkje så langt frå nordenden av vatnet

hadde Ola Sørensen slætte. Dette er rett ned for Stordalen. Han hadde ei rishytte som han låg i. Namnet kan kome av dette.

Stordalsgrova kjem ned *Stordalen*. Også eit slætte heitte *Stordalen*. Bnr. 1 på Roaldset slo her. Slættet låg i skoggrensa opp for brattaste lia i bytet med Skjevika og Oppdølå. I Stordalen hadde ein ei mindre, gammal løe ned mot lia, og ei nyare og større lenger oppe. Materialen var skoren på handsag. Slættet var godt, men det var tungt å kome dit. Om vinteren drog ein høyet ned på slo, men det var så bratt at at ein måtte ha reip atti og fire der det var verst, opplyser Einar Berg.

Sør for *Stordalsgrova* har ein *Kjêlen*. Det er nok ei hole.

Nord for grova har ein slættet *Vargeholå*. Her òg var det bnr. 1 på Roaldset som slo. Ein hadde høystakkar. Her var romsleg og vidt. Ein kørde til *Langteigen* og opp skaret ved *Gujordsbytet*, og så heimover oppå lia. Ein slo årvisst om lag 10 vinterlass til saman. (Bolsøyboka III 1. band s. 594.) Ein må tru førsteleddet er dyrenemninga, sjølv om ein veit at varg i gammal tid vart brukt om ein brotsmann. Dette er eit døme på at ein finn varg i stadnamn, men i daglegtale, iallfall på 1800-talet, vart gråbein mest brukt.

I *Langteigen* var det òg slætte. Kommunegrensa går gjennom *Langhaugsteinen*.

Held ein seg litt innpå Nordmøre sin grunn, har ein namn som *Raudheimarka*. *Raudheitjønna* er ei tjørn nord for toppen av Raudheia. Lenger aust er *Fursetbotnen*. Romsdalingane sa før i tida Fårsæt om gardsnamnet i Batnfjorden.

På nordsida av Raudheia er det sær bratte gjel. Her har ein det noko merkelege namnet *Holåhunden* eller *Holåhundand*. På kartet i M 1:50 000 stod lenge skriftforma *Ålahunna*. (Det ser ut som det er dativforma, og så har ikkje oppskrivaren høyrte h-en. Bonden Arnt H. Furset frå Furset skreiv i brev til Gjemnes kommune 24.2. 1994 at han trur namnet har med veiding å gjere. Han skriv m.a : «Det er ingen naturformasjon eller noko anna i dette området som skulle tilseie at dyrenamnet hund ligg til grunn. Derimot er området vestover frå Ullalandshølen eit svært godt område for jakt og fiske. Særleg må dette ha vore tilfelle i forhistorisk tid med dei fangstmetodane som ein da hadde.» Dette er viktige opplysningar frå den lokalkjende Furset. Siste delen av namnet kan vere eit gammalt ord for å veide/jakte. Ein finn det i gotisk *hinþan* 'fange'. I dagens engelsk har ein orda hunt og hunting. Ein finn t.d. i vårt land det gamle gardsnamnet Hunn som kan kome av eit no vekkome elvenamn *Hunn*. Gardsnamnet Hunn har ein i Borge i Østfold, ved Gjøvik og i Overhalla.

Ein kan også nemne det tyske elvenamnet Hunte, og det nederlandske Honte. Slike elvenamn siktar truleg til mykje fisk.

Det var gode forhold for jakt og fiske uti dalen her. Den gamle garden Ullaland låg ikkje langt unna. Guden for skirenning og jakt har ein truleg i førsteleddet i dette gardsnamnet. Dette fortel at veiding og skirenning (i samband med veiding) stod sentralt i dette området der snøen ligg lenge. Førsteleddet Holå- har helst bakgrunn hola (gjela) i dette ville lendet.

Ivar Sæther skriv i «Gjemnesminne 1998 s. 29 m. a.: «På den tiden hadde bjørnen vinterhi i urene oppe i Hålåhundene; det var lite sol der. Når bjørnen gikk ut av hiet om våren, gikk den sørover baklia til knausene der det var gode solingsplasser.»

Oppdølå

Gnr. 60 er *Oppdølå*. Ei tradisjonell skriftform har vore Opdøl. Men bygdemålsforma har vore Oppdølå. Garden ligg ved utlaupet av elva som ein i dag kallar *Oppdølselva*. Oppdølå er nok det gamle namnet på elva. Då Gerhard Schøning var på granskingsferd i 1770-åra, kalla dei elva for Oppdølå. Det viser seg at det gamle namnet har levd i talemålet fram mot vår tid. Slik som mange andre stader har dei også her kalla hovudelva i bygda for *Storelva*. Lenger aust på fjellet nord for Kleiv-bygda kallar ein elva for *Skallelva* etter garden Skalle.

Denne garden er nemnd første gongen i skrift i Aslak Bolts jordebok om lag 1430. Her står: «Af Vpdølo, 7 øyresbol.» Han er bygsla for 1 kyrlag. Han er ikkje nemnd ved sølvskatten i 1520. Seinare blir dette sorenskrivargard. Ein får sagbruk med sagneister. Ein kan nemne at sorenskrivaren i 1661 hadde ein dreng Ole Endresen som var gammal soldat, 40 år gammal. Det blir opplyst at han er «døff». Smellane frå kanonskota hadde øydelagt høyrsla hans.

I 1913 fekk ein asyl for sinnssjuka på garden. Men fram mot våre dagar har det vore drive sjølvstendig gardsbruk. Den første tida med sjukehus var det også dokter her som folk i dei næraste bygdene kunne søkje til.

Garden har 200-300 dekar som er eller kan dyrkast. Attåt dette er det store vidder med naturleg beiteland, lauv- og barskog. Før og kring krigsåra var det seterdrift og fjellslått i Luddalen. No er høyløa innreidd til hytte.

Fleire og fleire seier no Oppdøl i ubunden form. Dei bruker ikkje dativforma «på Oppdølen»



Frå bussulykka ved Oppdølsbrua i 1952. (Amatørfoto)

lenger. Det offisielle namnet er i dag *Psykiatrisk Storavdeling – Hjelset*.

Fleire bustadblokker som står på garden sin grunn på nordsida av elva blir kalla *Sybo*. Alle i bygda veit kvar dette er. Dette er ei forkorting for *Sykepleiernes borettslag*. No bur andre yrkesgrupper og ein del pensjonistar her. Gardsvegen frå Berg kom ned *Brauta* eit stykke aust for desse bygningane.

Nede ved sjøen har ein namna *Oppdølsøyryn* eller *Oppdølsøyran*. Her er *Fotballplassen*.

Oppdølsbrua var ei kjend bru. Den eldste brua låg noko lenger vest enn brustaden i dag. Den seinare brua var retteleg smal. Onsdag 5. november 1952 var det ikkje is på vegen andre stader, men her ved elva var det kaldare og eit tynt islag. Ein av bussane til Kleive Auto skleid utføre og fall på taket ned i elva frå den høge brua denne morgonen. Mange av dei som var med bussen var elevar som gjekk på framhaldskule på Fuglsetskulen. To personar omkom og mange heldt på å drukne eller fekk andre skadar. Mange av dei vart frakta til sjukehuset på Molde i vanlege personbilar. No har ein fått ei ny bru som er mykje breiare.

Ved elva ligg *Kraftstasjonen*. Trygve Hungnes (1917-2010) som budde i Trondheim skriv i eit notat: «Opdølselva var oppdemt i ei lengde av ca 200 meter og ført i rør til eit lite elvekraftverk bygd ca 1910 spesielt for Sjukehuset. Vatnet i dammen var i godver godt og varmt, og reint.» Hungnes fortel at han lærte seg å symje her. Han kallar dammen

«*Opdøldammen*». (Det er lang skrifttradisjon å skrive namnet Opdøl med ein p Dette er frå den tid ein skreiv op for den nyare forma opp.

Einar Berg opplyser i *Bolsøyboka IV*, s. 293 at han ein gong såg 15 laksar i *Trollarhølen* /*Treillarhølen*/ blir det opplyst at det til Oppdølå ligg «fiske hyll». Truleg er det Trollarhølen det er tale om. Kan hende namnet fortel at dei brukte trolldom (trolla) for å få tak i fisken, eller at ein trollmann har fått namnet sitt knytt til hølen. Hølen blir no også brukt til laugarhøl. Det er gjerne denne hølen ungane no for tida kallar *Kulpen*. Kulp er eit nytt ord i talemålet på desse kantar. Aasen registrerte ordet på Austlandet i hans dagar. Her har alle sagt høl fram til våre dagar.

Der det heiter *Krokan*, er det elvakrokar. Her er *Krokhølen*. Namnet *Gaukahølen* er uvanleg. Førsteleddet er vanskeleg å forstå. Høl er eit ord som ein også hadde i gno. som hylr m.

Storøyna er låglende på nordsida av elva. Hoppbakken *Oppdølsbakken* vart ferdig i 1960. Etter det Einar Berg opplyser, har han også vore kalla *Frambakken* /*Frambakkjinj*/ etter idrettslaget som først heitte Fram 1907, men som no heiter Hjelset-Fram. Bakkerekorden er om lag 40 m.

Ein har *Oppdølsåsen* med *Oppdølshaugen*. *Kolmilbotnen* er eit minne om trekolbrenning.

Der det heiter *Geilen* var det to husmannsplassar. Ein har myrar som *Ytste* og *Nørde Vikamyra*. Dette er relasjonsnamn til gardsnamnet Vika (Skjevika).

Skjevika

Gnr. 61 er i matrikkelen skrive Skjedsvik. Ein har gamle skriftformer med dette namnet. I NG ser ein at folk kalla garden for Vika /*Vikja*/. Slik var det fram til dette vart eit utbyggingsområde. Då gjekk den forkorta forma meir or bruk. Ein tok i bruk namnet *Skjevikåsen* om åsområdet der ein fekk butikkar og industri. No er namnet Skjevikåsen godt kjent både her i kommunen og i grannekommunane. Riksvegen vart omlagd og går no over åsen. Ein har gamle skriftformer som Skievige (1610), Schiedzuig (1633), Schitzwig (1669), Siertzwiig, Schiedtzwiiig (1723).

Ein har same gardsnamnet ved Røvika i same kommunen. Det kan sjå ut som den mest opphavlege uttalen er /*Sjivikja*/ på begge stadene. Slik er uttalen framleis i Røvika, og den eldste skriftforma her på gnr. 61 er Skievige. Ein kan undrast på om førsteleddet er sjø. Ein talar framleis om sjyn og ein har dativforma 'på sjynå'. Før i tida var det meir

itakisme enn no. Dei brukte i for y. På begge desse stadene hadde folk som budde lenger frå sjøen naust. Ein har mange stader namnet Sjøen der farleiene endar ved sjøen. Til og frå desse stadene vart det brukt båt.

Eit anna tolkingsalternativ er at førsteleddet er skeid 'bane for kappspringing, kappriding o. l. Ein ser at ein har skriftformer med forma skjeds-. Ein kan jamføre med namn som Skeidsdalen.

Det er eit berg i fjøra som heiter *Skjeberget* /*Sjebærje*/. Ein skal ikkje sjå vekk frå at førsteleddet i gardsnamnet og namnet på dette berget kan ha utgangspunkt i eit gammalt namn på grova som renn forbi garden. Ho blir no kalla *Vikagrova*.

I 1657 er det to brukarar med til saman 2 hestar, 9 kyr, 17 geiter og 13 sauer.

Vikahaugen var namn på både ein haug og ein husmannsplass. I 1865 er Søren Sæmundsen og kona Martha Andersdotter på plassen. Han var skinnfellmakar. Dottera Severine budde på plassen til ho døyde i 1949.

Der det heitte *Innlegå* bygsla Erik Trøen og bygde hus. Dette var etter 1865. Han døyde berre etter eitt år, og enkja flytta. Husa vart flytta til Roaldset. Ei innlege er eit område som er dyrka seinare og lagt attåt marka som er frå før. Andre uttaleformer i Romsdalen er *Innlågå* og *Innløgå*.

Det var to skular her som hadde dei offisielle namna *Vikamyra skole* og *Skjevik ungdomsskole*. No er dei slegne saman og namnet er *Skjevik barne- og undgdomsskole*.

Gjennom *Råket* jaga dei krøter. *Botnen* /*Bått'n*/ er ein liten botn. Uttalen er som det var ubunden form, men ein har dativforma 'i Botna' som viser at det er bunden form. Ein kan nemne at ein kald trekk som heiter *Vikagamlen* /*Vikagamlinj*/, blæs kaldt nedover her frå nordaust. Han har vel ikkje tapt seg stort fram gjennom tidene sjølv om det i dag er få som kjenner namnet hans.

Vegen som gjekk mellom Roaldset og Vika (Skjevika) heitte *Sandvegan*. Eit bratt vegstykke sør for elva var *Vikabrauta*. *Vikavadet* var vadet over elva. I Bolsøyboka IV s. 348 kan ein lese: «Ved Vikavadet rann elva still og brei, og ein køyrde henne både med vogn og slede, og om vinteren var det godt islagt her. For folk og småfe var det lagt ei rad med store steinar med høveleg fråstand, så her kunne ein koma over om elva var på det største. Flaum og isgang tok kvar vinter nokre steinar, så Vikamannen måtte leggja opp nye steinar kvar vår. Det var eit tungt og våtsamt arbeid.» Roaldset hadde sjøvegen sin over vadet her og ned til Vika. Vegen gjekk ned *Tjørhjellidalen* og vest til eit vad over Roaldsetelva og vidare over *Vikagerdet* til

Vikavadet, så opp *Vikabrauta* og *Sandvegan*. Vegen gjekk gjennom tunet i Vika og ned til sjøen. Det blir opplyst at Roaldset og Lia (Roaldsetlia) fór denne vegen med slakt og andre varer som dei skulle til Molde med. Andre vegen fór dei med korn og mjøl og andre ting dei hadde kjøpt. Det kan og tenkjast at batnfjordingane stundom brukte denne vegen. Elles var det skogs- og setervegen for Vika, truleg også ei tid for Oppdølå og Hungnes.

Hungnes

Gnr. 62 *Hungnes* er eit gammalt namn og ein gammal gard. Ubunden form fortel om høg alder. Erkebispesetet åtte både i Oppdølå og Hungnes /*Hongnæs*/. I jordeboka til Aslak Bolt finn ein :»Af Hunanese, øres bol bygt fire kørlag.» I modrene mål er dette: Av Hungnes, 1 øresbol bygsla for 1 kyrlag. NG trur førsteleddet er mannsnamnet Húni. Ein gard i Enebakk i Østfold er i skrift kring 1400 nemnd som Hunanes. Det slik at neset nedanfor garden har vore kalla /*Hongnæse*/. Då kan det sjå ut som det er namnet på neset som har gjeve garden namn. Ein kunne tenkje på at ein hadde med det gamle ordet for fangst, og at det her gjaldt fiske ved neset. Noko som kan tyde på det, er at i erkebiskop Olav Engelbrettsens jordebok er namnet skrive Hunes.

Det kan sjå ut som garden ikkje har hatt nokor øydetid, sjølv om ein ikkje finn nokon skattebetalar i 1520. Ved kvegskatten i 1657 er det tre brukarar her. Det er 3 hestar, 30 kyr, 40 sauer og 41 geiter. Ein har bruka *Utigarden* og *Nordigarden* /*Nårigar'n*/. Det siste gardsbruket har også vore kalla *Klokkargarden*.

Den mest kjende personen frå Hungnes på 1700-talet var gjerne smeden og brotsmannen Christoffer Hungnes. Han var fødd på 1690-talet på ein husmannsplass på Hungnes som son av ein bjøllesmed frå Gudbrandsdalen. Ein veit ikkje no akkurat kvar denne plassen var. I 14 år hadde han vore soldat i Den store nordiske krigen. Ei tid var han smed i Sverige. Ettermålet vart at han terroriserte det som no er Møre og Romsdal, og kanskje endå vidare, i fleire tiår. Ordet gjekk at «*Hongnæsinj*», som dei kalla han, hadde sju menneskehjerte innsydde i skjorta si. Dei trudde ingen kunne få has på han med skjorta på. Til slutt lykkast det å overmanne han då han overnatta i eit naust på Romsdalskysten. I røynda var nok ikkje denne mannen eit så ilt menneske som folkeminnet fekk det til. Men han fekk ein låkare lagnad enn dei aller fleste kjem borti. (Vil ein vete meir om han,



Hungnes 1962. Skårsfjellet i bakgrunnen og Gujordsgardane oppe t.h.. (Widerøe/Romsdalsmuseets fotoarkiv 088555)

kan ein lese Odd Sørås sin artikkel i RSÅ 2001.)

Det var mange plassar på Hungnes. Den første på *Hungnestrøa* var Erik Sørensen frå Roaldset. Han var fødd kring 1800. Sonen Ola var her etter han. Ein annan son, Søren, bygsla plassen som vart heitande *Sørenplassen*. Han dreiv småfiske, og kona Torine var med og rodde. Sonen Edvard vart bygningsarbeidar i Chicago.

Skreddaren Lars Bergsnakken hadde plassen *Ura* i 1860- og 70-åra.

Ivaplussen har namn etter Ivar Siem frå Eidsbygda. Han vart gift med enkja på plassen. På grunn av ein arbeidsskade vart han kalla Halt-Iva. Plassen gjekk attende til garden kring 1910.

På *Hørpetrøa* budde han dei kalla Hørpe-Knut av di han spela munnharpe. Ingen seier hørpe om musikkinstrumentet lenger. Nemner ein hørpe, er det ei vrang og tverr kvinne ein meiner, altså hurpe i skriftspråket.

Hans Iversen Hungnes budde «på Reitå» i 1865. Han bygsla *Reitan* for 99 år. Dei siste tiåra har det ikkje vore fastbuande her.

Hungnesura er ei lita ur. *Langteigen* er ein teig.

Hjellhaugen vitnar om tjørebrenning, for på nordsida av haugen er *Tjørhjellskaret*.

Truleg har hegren hatt reir i *Hegerhaugen* /*Hægerhaun*/. Dette er ein fugl som dei fleste kjenner. Han som skriv dette uttalar namnet med æ-lyd. No høyrer ein mange seier hegre med e-lyd.

Reira har denne fuglen i toller. Slik er det iallfall her i området. Han skit så blautt at dei vakre, blåe eggja lett blir blåkvite, og treleggene under reira blir også gråkvite på let. Han har eit skræmande skrik. I gno. finn ein forma *hegri m*. Det er visst laga til ei indoeuropeisk rot *krik. Det har bakgrunn i skriket. Fuglenamnet er som ein forstår sær gammalt. Kanskje er det dette fuglenamnet ein har i gards- og bygdenamnet Hegra i Nord-Trøndelag. (Sisteleddet –a er i det namnet det gamle ordet vin ’naturleg eng’.) I Jølster har ein garden Hegrans der kanslaren Audun Huggleikson budde i siste halvdel av 1200-talet. På Island har ein Hegranesting som var ting for den nordre fjerdingen på øya. Her frå haugen ovanfor Hungnes var det kort flygetur både atti elva og nedi fjøra. Der kunne han vaspe omkring på sine lange føter på leiting etter fiskemåltid. Ein kan òg sjå hegren sitje i ly i styggever. Fjørdrakta er gjerne ikkje så heit.

Haugane som heiter *Fuglhaugen* /*Fuggelhauanj*/ lenger aust, har truleg namnet sitt frå orrfugl.

Orm har det vel vore i *Ormehaugen*. Gno. ormr m. har samanheng med latin vermis ’eigenleg noko som vender seg’. I dansk tyder orm no makk. Tysk Wurm og engelsk worm er òg makk. På Shetland er orm vrimmel av makk eller småe insekt.

Ein kan rekne med at det har vore revhi i *Revhaugen* /*Rævhaun*/.

Bjønnabåsan er tronge søkk i ei bakkerør. Som

ein veit finn ein minne om bjørnen i stadnamn i kvar ei grend i kommunen. Truleg er alle namna frå føre 1900. Namna har kome til over mange hundreår. Sjølv sagt kan namn av dette slaget også ha gått ut or bruk. I Gulatingslova var det sett lover for m. a. bjønnajakt ved hiet (leya út birni) og i Magnus Lagabøtes landslov førekjem uttrykket «skialfrskot at birni». Ein veit at bjønnabåsar har vore i bruk. Fangstreiskapen er nemnd i Jomsvikingasaga. I Magnus Lagabøtes lov heiter det at viss bjønnabåsar ligg unytta i meir enn 10 år, kan kven som vil byggje dei opp att og bruke dei. Det er forbod mot å byggje bjønnabåsar så nært husa at øksehogg kunne høyrast frå staden og heim til tunet. I norrøne ordbøker finn ein ordet *bjarnar-báss* 'stenge (innhegning) til å fange bjørn i'. Bjønnabås er nemnd i den svenske Helsingalagen. Der blir det sagt at båsan var som småe hus der taket sat laust mellom begge langveggene og kvilte på bakveggen. Taket vart gildra opp slik at når dyret nappa i åta, fall den fremre enden av taket ned og stengde dyret inne. Knud Leem fortel på 1700-talet at dei svenske samane brukte båsar til bjønnafangst. Dei vart kalla ritta og var slik som revebåsan. Svein Molaug nemner i KLN M ein stad i Rogaland som heiter Bjønnsbåsen, «og der kan det sjå ut som om veggene vart danna av sjølve berget som der har ei kløft, men folk visste berre om at det var til bjørnefangst og kjente ikkje bruken», skriv Molaug. Ein kan undrast på om det har vore bjønnabås her mellom Skjevikaasen og Eidshalsen. Ein har òg relasjonsnamnet *Bjønnabåshaugen* på austsida.

Ein stig over åsen heiter *Steinstien*. Eit bratt stykke på stigen heiter *Geitasteinsbrauta*. Kanskje ein stein her har vore kalla Geitasteinen, og at geitene likte å klive på han.

Eide

Gnr. 63 *Eide* vart ikkje liggjande øyde etter manndauden. Uttalen av namnet er Eie med tostavings tonelag. I 1520 betaler Oluff paa Ede 5,5 lodd sølv i skatt. Garden hadde nok hatt ei lang soge føre manndauden, kanskje 1000 år. Namnet er ei storkna dativform av eid n. 'landhals'. Ordet har m. a. samanheng med lat. ire 'gå'. Her er bakgrunnen for namnet overgangen frå Batnfjorden. I Landkommisjonen frå 1661 kan ein lese at Erich og Iffuer Eide har «Deris egit odell 3 wogr. Byxler selff». Dei er altså sjølveigarar, og det var mykje uvanleg på denne tida. Det var helst på utkantgardar/markagardar dei på desse kantar av landet greidde å



Den gamle skysstasjonen på Eide. Her var det første postkontoret i Bolsøy, og frå her kunne dei skysse folk både inn-og ut fjorden og til Batnfjorden. (Foto Romsdalsmuseets fotoarkiv 01299)

halde seg som sjølveigarar. Slike gardar hadde ikkje stormennene så stor interesse av. Men Eide var ingen utkantgard. Erich Eide var ein av dei som på Vestnes 27. april 1658 som eidsvoren lagrettemann skreiv under grenseforretninga mellom Romsdal, Sunnmøre og Nordmøre.

Ein veit at Lasse Andersson Eide var medhjelpar i kyrkja kring 1800. Men han hadde òg kontakt med Hans Nielsen Hauge. Han skreiv til Hauge fleire gonger m. a. om ein prestestridd her i distriktet. Kan hende det siste brevet Hauge skreiv, var til Lasse Andersson Eide. Det er dagsett 23. mars 1824, seks dagar før Hauge døyde. (Opplysningane om dette er frå heftet «Hans Nielsen Hauge's verksemd i Møre og Romsdal fylke» ved Nils M. H. Magerøy og Arne H. Magerøy.)

Den gamle veggen kom ned på Eide. Her på Eide kom Bolsø prestegjelds første postopneri i gang i 1855. All post til og frå Kristiansund, Trondheim, Molde og Ålesund passerte her. Vernepliktige soldatar kunne utføre verneplikta med å køyre posten det 19 km lange vegstykket mellom Eide og Batnfjordsøra. Her var òg skysstasjon og dampskipskai. Skysstasjonen skulle halde 3 faste hestar. Men også andre hestar kunne tilseiast. I alt var det 20 hestar. Frå skysstasjonen på Strande til Eide var det 13 km. Oskar 2. kom her i 1873. Kaia var kledd med raude klede, og vognmennene stod parate til å føre kongetoget til Batnfjorden. Kong Oskar vart køyrd i kalesjevogn av vognmann Peder (Pe) Kleive. Ei tid etter vart det bygd eit hotell i Batnfjorden som fekk namnet «Kong Oskar». (Ein del av opplysningane her er frå boka «Turisttrafikken i Møre og Romsdal gjennom 100 år 1847-1947 av Johan J. Setnes. Romsdal sogelag 1995.)

Bnr. 1 på Eide er *Ner-Eide*. Så har ein *Øver-*

Eide. Ein har namn som *Eidsgjerdet* og *Råkhaugen*. *Eidsneset* er neset lengst vest på Eide. Det var to plassar her. På den som låg nedanfor vegen budde tømmermann, handsagskjerar og kobbeskyttar Hans Nesa. Plassen ovanfor vegen er i dag bnr. 4 under Eide. *Eidsbøen* var bustadnamn på 1700-talet. Dette ser ein av at både Synnev, Marit og Erich Eidsbøen mottek innført korn i 1773.

Bruket *Råkmyra* ligg nordaust for Råkhaugen. Det var først plass. Den første som byrja her var Amund frå Gauldalen, truleg ein gong i 1850-åra.

Hundeholå /Honnehållå/ er ei lita myr. Anten må eitkvart ha hendt med ein hund her, eller så er hund forsterkande slik at det er meint eit styggehol.

Purkemyra /Porkemyra/ er ei noko større myr. Kanskje ei purke (hogris) har gått seg ned i her ein gong .

Vest for vegen oppover frå Eide heiter det *Skjøljingan* eller *Skjøljaren*. (Det siste kan ein normere til *Skiljaren* for å få det meir forståeleg.) Her skilde dei buskapane frå kvarandre etter at gjetinga var slutt for dagen.

Eide skule vart kalla *Eidsskulen* /Eissskulinj/ eller òg /Eieskulinj/. Han vart bygd i 1917 og nedlagd midt på 1950-talet. Først hadde det vore skule på Eide. Men så vart det bygd skule på garden til lærar Hungnes på Hungnes i 1871. Då dette var så langt vest i krinsen, vart han så flytta til Eide att.

Vegen frå Eide til riksvegen ved Eidssetra er i dag lite brukt. Det er kommuneveg. Ein kallar han *Eidsvegen*. Høgaste punktet oppå her heiter *Eidshalsen*. I bakken på sørsida av høgda budde det i 1870- åra ei kvinne som selte øl og mat til ferdafolk. Ein haug vest for vegen heiter *Halshaugen*.

Når dei frå Øverbygda gjekk til kyrkje, gjekk dei ofte *Alpilan* som dei sa. Dette var ein beinveg over Eidshalsen til Røsberg. Agnes Øverli, f. Eidseter, hadde opplyst at ho gjekk denne vegen då ho gjekk for presten i 1943. (Opplysningar frå boka «Kleive kirke 150 år 1858-2008», s. 94.) Namnet er truleg opphavleg *Almpilan* . Det må ha vakse alm som dei pila (hogde av greiner med lauv eller bork til krøterfôr). I nord har ein høgdedraget *Nakken*.

Eidsgrova er ei grov som renn i sjøen nedst i *Eidsbakken*. Hokjønnsordet grov har samanheng med å grave. Dette er småe vassdrag i brattvore lende. Ein veit at grov blir brukt i Gudbrandsdalen, på Voss, i Sogn og på Nord-Vestlandet. Det er altså ein strid bekk, flaumbekk. Det er mang ei grov i det som no er Molde kommune.

Eidsbakken er den lange bakken på riksvegen på Eide. Dette er også i dag eit velkjent namn. Nedanfor vegen her er det ein utleigebustad som heiter *Bergheim*. Dette namnet er òg noko kjent. Området

nedanfor vegen her har vore kalla *Engerustin* /Enjerøstinj/. Rust, eller røst som ein seier, er småe skogkrullar.

Brua over *Oppdølselva* (*Storelva*) heiter *Eidsbrua*. Vest for Eidsvegen ovanfor brua var det ein bustad som heitte *Kloppin* /Klåppinj/. Namnet er bunden form fleirtal av hokjønnsordet klopp (gno. kløpp f.) 'lita gangbru av stein eller stokkar'. Det har gjerne vore fleire klopper over elva her. Ein sersjant som heitte Sivert Arnesen budde her. Han laga fyrstikker, men så vart han spillsjuk (spedalsk) og enda sine dagar på Reknes hospital.

Eit stykke lenger vest renn *Eidssetergrova* ned i elva.

Aust for brua har ein *Smalhølen*. Han er smal og det bruker ikkje hølar å vere. Ikkje langt unna er *Saghølen*. Ein veit at Eide hadde oppgangssag i 1634. Truleg hadde garden sag heilt frå slutten av 1500-talet. Amtmannen skreiv i svaret til det danske kanselliet i 1743: «Ejde saug forbuden derpaa er at skiæres.» I Bolsøyboka les ein at ein før kunne sjå stokkar her. Her ved denne hølen heiter det *Sagøyna*. Her var kvern i nyare tid. Ein holme i elva litt lenger nord heiter rett og slett *Holmen*.

Lia sør for elva heiter *Baklia*. Ho vender mot nord, og ligg altså i baksøлта. I denne lia er *Baklihammaren*. Myrane nordafor er *Baklimyran*.

Eidssetra

Eidssetra er gnr. 59. Namnet har på kart ofte vore feilskriva med ein s. Garden har som namnet fortel ein gong atti tida vore seter til Eide. Ein veit at Eide hadde samanhengjande busetjing i tida etter manndauden. Det kan vere frå denne tida ein har namnet. Om det var fast busetjing eller seter føre nedgangstida, veit ein ikkje. Det er ikkje usannsynleg at det budde folk fast her den gongen òg.

Kring 1600 var det kome folk her på nytt, og det kom til å bli mykje aktivitet framover i hundreåret. Når ein ser at dei var sjølveigarar, kan ein rekne med at det var folk frå Eide som slo seg ned her. I 1657 har gardbrukaren her heile 3 hestar, 25 kyr, 15 geiter og 20 sauer. Dette er ein overlag stor buskap, men garden hadde godt fjellbeite, og det var ikkje mangel på område for fjellslått. Ein ser også andre stader i kommunen at gardar opp mot fjellet har særst høgt krøtertall. Desse gardane hadde kortast veg til høyløene og høyststakkane. Det næringsrike fjellhøyet skulle køyrast heim på etterjulsvinteren. For gardane ved fjorden var det eit stort arbeid. Styggeversvintrar utan tele under laus snø gjorde at

myrar og bekker ikkje var tilfrosne. Fram til gardane ved fjorden kunne det vere snølaust. Ein forstår at dette arbeidet var mykje lettare for gardane som hadde kort veg opp på fjellet.

Det heiter at garden var uviss for korn, og det forklarar også litt om det store dyretalet. Her er vinteren lang. Snøen kan liggje djup langt uti mai. I 1665 er mannen på garden Oluff Eidsetter 65 år. Var Knut Olufson Eidsætter sonen, kan det sjå ut som han aldri kom heim att frå svensk krigsteneste. I 1658 er han registrert utskreven frå Fanne åtting i «rullorna øver de trondhjemske regimenter» om bord på krigsskipet Engellen i Østersjøen. Romsdalen var svensk i desse åra.

Garden ser ut til å ha gått ut or sjølveige mellom 1701 og 1723. I 1731 døyrr brukaren Iver 101 år gammal. I siste halvpart av 1700-talet er Møller på Moldegård eigar. I 1797 kjøper brukaren, den 38 år gamle Ole Eriksen, garden.

Ein som vart kalla Ranvik-Knut, hadde kårstykke som han kalla *Håpet*. Dette er eit ikkje uvanleg namn. (På Miøya har ein bustadnamnet Håbet, altså med ei meir dansk form.) Knut som levde i siste halvdel av 1800-talet budde her. No har eigedomen namnet *Nerbø*.

Sundet er bnr. 2. Namnet ser ut til å kome av at det var eit sund her, passasje mellom åkrar. Dette er det einaste bustadnamnet i Molde kommune som har dette ordet i namnet.

Haugen var husmannsplass. Den første som byrja her var Kristi og Arne. Ein av sønene tok over plassen. No er namnet *Norheim*. Eit anna namn på Haugen var *Hjellen*.

Littlelia var husmannsplass. Dei første ein veit om her var Anne /Annje/ og Pe Littlelien. Sonen som òg heitte Pe, kjøpte plassen i 1861, men så drukna han på fiske. Enkja flytta attende til Haugen. *Littlelia* er no under bnr. 2 Sundet.

Reithaugen er ein haug. Høgaste haugen her heiter òg *Eidsseterhaugen*.

Namnet på bruket *Brauta* kjem av at det ligg ved eit bratt vegstykke. I gno. var braut eit ord for veg eller stig. *Brautavegen* er vegen opp til Brauta. *Eidssetervegen* er vegen opp til Eidssetra. På myra som dei kalla *Musmyra*, hadde Brauta torvemyr.

Bakken var husmannsplass. Erik Bakkå støypte kubjøller, dombjøller, laga ferdige dombjøllekranse, stallvekkjer, søljer og beslag til hesteselar. Tinnknappar støypte han òg. Så drog han med tung skreppe ut på handelsferd. Ein gong han fór gjennom Gudbrandsdalen, spurde han Vis-Knut kvar han skulle finne vatn. Han fekk til svar at han skulle grave i kjellaren i ei viss lei og lengd frå døra. Han så gjorde, og sia har det ikkje vore vasslaust i Bakken.

Bakkøyna er låglende nede ved elva nedanfor Bakken. *Stakkøyna* er òg nede ved elva. Der har det då vore stakk.

Der det heiter *Setervadet* gjekk nok setervegen frå Eide over elva.

Bruket som blir kalla *Eidesetra* /*Eiesetra*/, skal frå først av vore setra til Ner-Eide. Det var gjerne her Eide setra i 1723.

Ola-Hauga-skogen /*Ola-Haua-skojinj*/ er eit skogområde sør for elva. Det har fått namn etter ein dei kalla Ola Haua.

Eidsseterelva er ei lita elv som renn ned i Storelva.

Der det heiter *Seterhaugen*, ovanfor garden Eidssetra i dag, var det nok Eide hadde seter. Det er nemnt i 1723. På nordsida av haugen er *Seterhaugmyra*. Nord for denne myra har ein så *Ljøsmyra*. Ho har fått namn av leten (farga). Lia på nordsida er *Ljøsmyrria*.

Heimholen var slætte til bnr. 1 på Eidssetra. Sisteledet er bunden form fleirtal av hokjønnsordet hole, altså holene med vanleg skriftform. Her kunne dei slå om lag 16 sommarlass. Slætte der dei køyrde heim høyet om sommaren kalla, dei heimfarslætte.

Nedanfor her heiter det *Larkebakkan* /*Larkebakkanj*/ . Her er det noko blautvore. Ein har uttrykket at nokon går «berre so det larka tå nå». Då det skitklaggar av han. Lark blir brukt om klagg av møk som har sett seg fast på krøter.

Nedanfor vegen, men ovanfor elva har ein *Langmyra*. Nedi elva nedanfor myra er det ein høl i eit gjel som heiter *Andvehølen*. Laksen gjekk opp til denne hølen. Der vart han stoppa av fossen ovanfor hølen. I flaum kokar det i hølen, for vatnet i hølen blir stoppa i ei bakevje. Både ovanfor og nedanfor er det hølar. Ein finn ordet *andved* i skrift heilt frå 1600-talet frå ymse stader i landet. Det er det same som det nyare ordet motved 'tre som har vridingar i veden som t.d. gjer det vanskeleg å høvle'. Det kan vere eigenskapsord som då tyder meinsleg, på tvert. Her er det meint hindring for laksen.

Bruka Brauta og Sundet hadde kvart sitt slætte som heitte *Heimslættet*. Slættet til Sundet låg lengst aust.

Klopphaugen er ein liten haug. Truleg har det vore klopp over blautlende på myra nordanfor. Ein haug oppi her heiter *Eidsseterpikhaugen*.

Småbotnin er botnar. I 'Småbotnå' var *Småbotneslættet* der bnr. 1 hadde slætte. Dei køyrde heim høyet om sommaren.

I *Brattlia* var *Brattlislættet* der ein kunne slå 20 sommarlass. Høyet hadde ein i *Storløå*. Ein slo *Hesteslættet*, *Brattlislættet* og *Rølihaugslættet* tredjekvart år.



Eidssetra var opphavleg seter under Eide. Den gamle vegen over Fanneidet (Fursetfjellet) gjekk forbi her. 1962. (Widerøel/ Romsdalsmuseets fotoarkiv 180077)

Lenger nede var det eit slætte som heitte *Gammelsetermyrslættet* og som bnr. 1 hadde. I namnet er det eit minne om namnet Gammelsetra. Ei myr her må ha vore kalla Gammelsetermyra.

Hesten /Hæst'n/ er ei høgd lengst søraust på Raudheia. Namnet er velkjent også i dag. På søraustsida er *Hestelia*. Ein har relasjonsnamn som *Hestenden* /Hæstænnin/ om enden av Hesten. *Hestevollan* er flatvorne område på austsida. *Hestebotnen* er ein botn på nordaustsida. Hesten er altså eit jamføringsnamn. Til slike namn blir dyra ofte brukte, og ikkje minst hesten. Mange kjenner fjellet Rekdalshesten sør for Rekdal i Vestnes kommune. Professor Jørn Sandnes (1926-2007) frå Snåsa skriv på s. 44 i boka «Namn i fjellet»(1967): «Enda oftare enn menneska finn vi dyra i fjellnamn. Vi nemner Bøgsethesten og Hundsethesten på Namdalseid, Hesten og Hophesten i Osen, Gråmerra i Haltdalen, Korsmerra på Snåsa.»

Hesteslættet var slætte nedanfor Hesten. Der kunne ein slå 22 sommarlass. Høyløa her heitte *Storløa*.

Littleløa var høyløa i *Littleløslættet*. Det var òg tale om *Søre* og *Nørde Littleløslættet*. I kvart av desse kunne ein slå 20 sommarlass.

Rølihaugen må vere relasjonsnamn til Rølia. Ein såg at grenseskildringa frå 1658 hadde namnet Røsie om fjellet her. Truleg er det ein samanheng. *Rølihaugslættet* var nedanfor.

Skavlen kjem av at det plar leggje seg ein skavl her. Ein seier skavel med tjukk l. Uttalen av stadnamnet er *Skavel'n*. Ordet blir brukt om snødrive med skarp kant, utoverhengjande snøfonn. I gno. hadde ein skaff. Det har samanheng med skave 'skjere av i strimler'.

Turtlia /Tortlia/ har namn etter planta som ein

kalla turt. Ho vart brukt til mat før i tida. Gjetarane åt gjerne stylken. Planta vart både brukt som smaktilsetjing og drygjel. Det var vanleg meining at kyrne mjølka godt når dei åt turt. Bjørnen likte godt turt om våren. Somme stader heiter planta bjønnnaturt. På Sunnmøre er namnet *tryft* eller *truft* mykje brukt. *Turtlislættet* var slætte til Sundet. Ein køyrde høyet til *Littleløa* som stod ikkje langt frå *Vasskummen*. /Vasskommen/ som er uttalen må helst ha vore ein vass-stokk, ei brye som det gjekk ei tro med vatn nedi der vegfarande kunne drikke. Slike var ikkje uvanlege langs vegane før i tida.

Garden Røsberg hadde også eit slætte som dei kalla *Turtlislættet*. Det låg aust for slættet til Sundet. *Turtlitørin* er lenger oppe.

Besshaugen som står på kart er eit merkeleg namn. Kan hende det er Bergshaugen.

Røsberghaugen er ein liten haug. Førsteleddet har nok bakgrunn i at Røsberg slo i området. Så har ein *Seterlislættet*. Her hadde Røsberg slætte. Namnet tyder på at det har vore seter her ein gong atti tida.

Fanneidet eller *Fanneeidet* var eidet mellom Batnfjorden og *Øverbygda*. Dette namnet tapte på 1900-talet tevlinga med namnet *Fursetfjellet*. Det er visst eit namn som turistane tok til å bruke. Det er busetnaden frå Gujordselva og austover til busetnaden tek slutt på Eidssetra som blir kalla *Øverbygda*. På Eidssetra talar dei om Eie (ein-stavings tonelag) og dativforma på Eia (tostavings tonelag). Avisene bruker i dag konsekvent *Fursetfjellet*. Ein kan ta med det som A. O. Vinje skriv i «Ferdaminni fraa Sumaren 1860». På heimferda frå kroninga i Nidaros reiste han frå Kristiansund til Molde. Han skriv om det han såg då han kom opp frå Furset denne dagen tidleg i september: «Det er ein Bergrygg yver, fyrr du kjem sud til Raumsdalsfjorden, og fraa denne Ryggen ser du Fjölltindar *austetter af eit Slag, som du ikki er van med.» Han skriv vidare: «Som eg sagde, pigga dei seg upp som storknade Havsbylgjur og kvelvde Baatar. Det er nytt endaa for den, som er fødd upp millom vaare andre Storfjöll.» (*Kan hende det snudde seg litt rangt for telemarkinga når han seier austetter. Det er mot sør/sørvest han ser fjella når han når høgda. Nærast rett framfor seg hadde fjellmannen Vinje den vel 1100 meter høge Skåla.)

Over *Pikhaugen* går grensa mellom Romsdalen og Nordmøre her vest for *Stangarvatnet*. Namnet *Pikhaugen* går att fleire stader både austover og vestover fjellet her. Dette er markerte haugar som stikk opp. *Pik* (gno. *pik* m.) er kvass topp. I eit område der lendet har lite av kvasse formasjonar, skal det ikkje så mykje til før ein kan kalle det ein *pik*.

Batnfjordingane talar om ein håg og håjen i bunden form for haug. Romsdalingane seier hau og hau'n. Lenge godkjende ikkje namnekonsulenttenesta desse nordmørsformene som skriftformer på kart.

Stangarvatnet må ha vore større i tidlegare tider. Vatnet må ha vakse ein god del att fram gjennom åra. No kan ein seie at det mest er som ei tjørn. Fjellgarden *Flåberget* ligg ikkje langt frå vatnet. Kring 1900 drukna ein ung gut frå Flåberget i vatnet. Han datt gjennom isen då han rente på skeiser.

Stangarvatnet er ikkje eit namn som ein finn mange stader. Når ein aust for vatnet finn *Vasslia* og *Vasslihaugen/Vasslihájen* som haug der grensa går, fortel det at dei lokalkjende berre sa Vatnet. Elva frå vatnet kallar dei no *Stangarelva*. Langs elva har ein namn som *Stangarkrokan*. Så har ein *Stangarmyra*, *Stangarslættet* (slætte til Røsberg) og den vide *Stangarhaugen* på vestsida av elva. Mykje tyder på at elva ein gong har heitt Stong. Ein veit at eldste skriftforma for Stangvika (no i Surnadal kommune) var «Stangaruik, i Stangauiku skypreido» (1422). I Gravvik i Namdalen har ein òg Stongvika, som truleg har eit elvenamn som førsteledd.

Også *Elvakrokan* er eit namn der elva der renn i krokar på myra.

Osen der Stangarelva renn ut heiter *Stangarvassosen*. Det gjorde han også i 1658. I skildringa av grensa den gongen står det altså at grensa går «i Stangvadtzaaess».

Sjølv om ein er komen innpå Nordmøre, kan ein ta med at elva som renn nedi Stangarvatnet, er kalla *Oførelva*. I normert form må det bli *Uførelva*. Truleg vart elva i tidlegare tider kalla Oførå. Det ser ein av namna Oførli og Oførmyran nord for elva. I «Jul på Nordmøre 1995» har Øyvind Silseth ein artikkel om vegane over Fursetfjellet/Furseteidet. Han skriv m.a. på s. 9: «Straks før Halvor Furset døde i 1989 viste han meg den eldste kjente veien og spesielt 'vaet' over Oførelva. Halvor mente, som sikkert de fleste på Furset mener, at navnet *Oførelva' kom seg av at den var så vanskelig å forsere uten at bru ble bygget.» Det er ikkje berre vatnet som er problem, men òg dei bratte elvabraddane som ein må ned og opp for å kome over. *Vadet* er rett nord for *Pikhaugen*. Her er ikkje høge elvabraddar, og ein kan kome seg over sjølv i flaum.

Sør for Stangarvatnet heiter det *Sortøyna*. Truleg fortel førsteleddet om grunnen her. Aasen har svorta i ordboka om: «sort Farve til Klæder; sværtevand hvori Tøiet nedlægges». I gno. hadde ein ordforma sorta f. Truleg var det her det som kunne heite svartemyr, 'Sump som indeholder Sværtejord', som Aasen seier. I Bolsøyboka blir det opplyst at dei slo her.



Røsberg 1962. (Widerøe/Romsdalsmuseets fotoarkiv 180004)

Austover sør for Stangarvatnet går *Storglennå*. *Gråsikhaugen* er like sør for grensa mot Nordmøre, aust for *Vasslihaugen*. I Aasen si ordbok har ein sik om «en liden Sump, en myr med sivende vand». Det kan kanskje vere haugen ved ei slik myr.

Røsberg

Dette er gnr. 64. Garden er gammal der han ligg oppå berget med utsyn vestover fjorden, men også mot sør og aust. Ubunden form tyder på høg alder. Men også denne garden fekk ei lang øydetid i seinmellomalderen og fram i nytida. Ein må seie at namnet ikkje er sikkert tolka. NG er m. a. inne på at førsteleddet kan vere mannsnamnet Rev. Dyrenamnet rev, gno. refr m. 'rev', er òg nemnt, eller kanskje ross 'hest, merr'. Også det gno. mannsnamnet Rauðr er nemnt.

Per Hovda skriv i «Stadnamn- folkeliv og folketru»: «Og frå Voss og fleire andre stader vert det fortalt at dei slakta ikkje gamle og uttente hestar onnorleis enn at dei sturta deim utfor eit rysseberg so dei slo seg ihel. Stader som heiter Rysseberg, Ryssehamaren, Marahedlo o. likn. fortel heilt visst i dei aller fleste høvi um denne skikken. Denne avlivingskikken botnar visseleg i eit slag rituell nedsturting, ei ofring – offergåva – til dei yvernaturlege maktene som budde i berget.»

Ein kunne òg tenkje på ordet rust 'liten skog, lund', som har uttalen røst i talemålet i området. Det er litt uklårt om ein høyrer ein t til slutt i førsteleddet når ein seier namnet. Somme skriv slektsnamnet sitt Røstberg. Det er i det heile vanskeleg å avgjere kva som er den beste normeringa av eit slikt utolka namn. Skal ein skrive *Røsberg*, *Røssberg* eller *Røstberg*?

Så er det slik at Ola Stemshaug skriv dette i «Trøndersk språkhistorie» (2008), s. 337: «I ei grå urtid må vel dei gamle, usamansette elvenamna ha vore spreidde over heile Trøndelag og Nordmøre. No er dei likevel i stor monn trengde tilbake frå dei kystnære områda, men vi kan sjå far etter dei i somme gardsnamn. Slik er det t. d. med det gamle elvenamnet *Rust 'skogelva' i Hemne. Det har vore opphav til gardsnamn Røstlia og Røstvollen og områdenamnet Røstkverven.» Det kan vere at også førsteleddet i Røstberg er det gamle namnet på elva som kjem ned tett vest for berget garden ligg på. I nyare tid har ho vore kalla *Røs(t)bergelva*. Det forstår ein ikkje er noko gammalt namn når sisteleddet er elv. Det er relasjonsnamn til gardsnamnet. Dette er ikkje noko stor elv, og ho kjem ikkje frå noko vatn.

Noko merkeleg er det at Ingeborg Stokke fortel i eit minneskrift at dei kalla elva for *Vadbakkelva* /*Vabakkælva*/. Ho fortel at dei måtte til *Vadbakken* for å hente krøtera om kveldane. Her leikte òg ungane seg. Som ein forstår av namnet var det vad over elva her. Truleg var staden så sentral for dei som budde her, at elva i dagleg tale fekk namn i relasjon til staden.

Nedanfor garden går den bratte *Røsbergura* heilt ned i sjøen. Det er då nedpå her ein kanskje kunne tenkje seg at dei i gamle dagar støytt gampar utføre. Det er slik at veggen går heilt nedmed fjøra her. Olav Rekdal har med ei segn herifrå i «Folkeminne frå Romsdal», s. 84 f. Det var gossingen Mads Hukkelberg som hadde høyrte om far og son frå Fannstranda som skulle til kverna på Istad. Då dei kom inni Røsbergura, stod hesten brått blegg fast. Gammelkaren gjekk framåt hovudet på hesten og såg gjennom ringane på bekselet, og det var som han venta. Han såg eit stort brudedefølgje med blåklede folk på blåe hestar kom forbi. Staseleg var dei med søljer og spenne. På dei fremstre hestane reid to spelmenn. Dette var inga uvanleg hending her i Røsbergura. Karane stod i ro til følgjet hadde passert. Då var det ikkje vanskeleg å få hesten til å gå. Ein kan sjå det slik at ein stad der mang ein hest hadde vorte støytt i dauden fram gjennom tidene, kunne tankane til folk gjere at dei også såg somt som var overnaturlig.

Eit berg lengst aust i Røsbergura, eller *Ura* som dei næraste seier, vart kalla *Klungerberget*. Der voks mykje klunger.

Vest for Røsbergura var det trevarefabrikk i første halvdel av 1900-talet. Han vart vel kalla *Fabrikken*, men på papiret var visst namnet *Virketun*.

Ved kvegskatten i 1657 har brukaren Niels Røsberrig 4 hestar, 20 kyr, 20 geiter og 20 sauer. Småbrukaren Knut Røsberghoff har 3 kyr, 8 geiter

og 7 sauer. Knut budde nok på bruket som i 1669 er kalla Røsberghoug. I 1723 er det skrive *Røsberg Hougen*. Etter det vart det truleg ei øydetid. I seinare tid fekk ein bnr. 5 *Haugsløttet*. Førsteleddet er ei forkorting av *Røsberghaugen*. Namnet fortel at det var sløtte her ei tid. Før ein fekk bruket, var det frå midt på 1800-talet to husmannsplassar. Den siste som budde fast på bnr. 5 vart i dagleg tale kalla Bara Hauslætta.

Dei to bruka *Utigarden* og *Nordigarden* /*Nårigar'n*/ hadde før i tida felles tun. Stort sett var det slik at husa til *Utigarden* låg lengst vest. Husa til *Nordigarden* låg mot aust i tunet. Det ser av Løve Stokke si hovudoppgåve i norsk ut til at bruka til saman hadde mellom 10 og 15 bygningar. Dei hadde kvar si smie eit stykke frå dei andre husa. Årsaka var eldsfaren. Kårfolket hadde òg kvar si løe. Ut frå tunet førte *Råket* der krøtera vart jaga. Ei noko stor atlege ned mot Røsbergura heitte *Kårmarka*. Namnet fortel at atlege tilhørde kårfolket. (Løve Stokke: Hus og husbygging i Romsdalen. Molde 1997.)

Vegen opp til Røsberg aust for Røsbergura heiter *Ekkerbakken*. Førsteleddet er ekre 'attlagd åker'. Veggen vest for ura heiter *Naustbakken*. Dette var som ein forstår òg naustveg.

Reithaugen er bruk på Røsberg. Det er bnr. 8. I matrikkelen står *Granly*, men det namnet har vore lite brukt i tale. Her var før ein bygselplass som vart kalla *Reithaugen*.

Ved skulebarninnsamlinga av stadnamn til Bergens Museum i 1930-åra var det faren Fredrik E. Røsberg som førte stadnamna i pennen. Dette er den einaste lista frå Bolsøy kommune som kom fram til Bergen saman med lister frå Bolsøya. Om arbeidet vart gjort andre stader i kommunen, er usikkert. Lista til Røsberg er god, men i dag er det vanskeleg å kartfeste mange av namna, særleg innmarknamna. På innmarka fører han opp m.a. *Sjøåkeren*, *Våtå*, *Storåkerbakken*, *Smååkran*, *Myråkeren*, *Lømarka*, *Langåkeren*, *Ekrå*, *Ekkerbakken* og *Melingan*. Det siste er truleg mæling, gno. mælingr m. 'jordstykke på eitt mål (dekar)'. Her har ein fleirtalsform. I nyare tid har det vore sagt mål her i dette området. (Nordmørsmålet har halde lenger på ordet mæling.) Ein kan vel ikkje sjå heilt vekk frå at namnet her kan ha tydinga jordstykket som ligg i midta. På lista finn ein namn som *Smihaugen*, *Geilhaugen*, *Skansen*, *Storura*, *Hatlemarka*, *Kjerringura*, *Langhaugen*, *Bøen*, *Litlemyra*, *Stormyra*, *Høgshaugen* og *Rønningan*. Det siste er gno. ruðningr m. 'rydning' som ein har som bruksnamn i Kleivbygda og Istadbygda. Ein har namn som *Hagarørin* og *Hagaråket* om rører og krøterråk. Førsteleddet er forkorting



Fanneidet (Fursetfjellet) sett frå Skåla 2003. Gardane langs stranda er f.v. Røsberg, Stokke og Ytternes. I lia t.v. ligg Eidssetra. (Foto Johnny Bratseth 0003909)

av Røsberghagen. Der det heiter *Båsen*, liknar nok lendet på ein bås. *Fagerlia* og *Fagerlidalan* fortel om fint lende, og *Bjønnaåsen* fortel om bamsen. *Handsagvegen* /Hannsagvein/ fortel at dei skar med handsag ikkje langt frå der trea vart hogde. *Kløvsteinan* fortel nok om steinar som ein gong hadde klovna. Vad i Storelva var *Setervadet*, *Littlevadet*, *Storvadet* og *Fantevadet*. Kan hende fantane kom seg over elva her på si ferd mellom bygdene. Røsberg skriv at *Gamle hjellen* er ein gammal hjell, og meiner sjølvsagt at her har vore tjørhjell. Noko uklårt på lista ser det ut til å stå *Toskemyra* og *Toskemyrbakken*.

Urmakar Ole Thorvik og kona Maria hadde ei tid ei stove nedanfor vegen ved Røsbergura. Ho vart kalla *Urmakarstauå*. Sonen Ansgar Thorvik vart professor og ein internasjonalt kjend hjerneforskar.

Der det heiter *Røsberghagen* var det mange plassar. Som namnet fortel hadde det frå først av vore beite og slåtteland. Det er opplyst at Røsbergområdet først på 1900-talet vart kalla *Kolonien* av somme. Det budde så mykje folk her. Det var fire sjølveigarar og åtte husmannsplassar. Kring 80 menneske var det visst her.

I dag ligg einaste bruket med husdyr i området som før vart kalla *Røsberghagen*. I daglegtale sa ein *Tuftin* /Tøftinj/. Namnet fortel at det i ein tidbolck berre var tufter her. Namnet kan vere eit minne frå

øydetida etter manndauden. I seinare tid har dei teke til å kalle bruket Stokke. Årsaka er at eigarane har heitt Stokke i fleire generasjonar no. Ingeborg Stokke (f.1910) fortel i det før nemnde minneskriftet at bestefar hennar tok med seg ein hegg frå *Turtlia* /Tortlia/ på fjellet og planta han om aust for stova «på Tøftå». Ho seier dei kalla han «*Tortliheggen*». Ho nemner òg ein leikeplass dei kalla *Røysa*. Dette var murar etter eit lite hus.

Ruinar av stova på *Nils-Marja-plassen* har stått til våre dagar. Nils var son til Kittel som var skreddar. Ei ættegrein går attende til Hallingdal. Kona til Nils var Maria Pedersdotter Groven (1854-1950). På grunn av at ho levde lengst, fekk ho namnet sitt festa til plassen. Nils som pla arbeide på kjøpefarty til Lofoten og Finnmark, døydde i 1920. Dei hadde 10 born.

Olinastauå stod tett inntil riksvegen til for ikkje så mange tiår sia. Olina var den siste som budde her. *Urabakken* var ein bakke på vegen i Røsbergura. Det var tidlegare mykje brattare enn no.

Setervegen gjekk opp *Røsbergdalen*. Oppi elva er *Teppingsberget*. Her demde dei opp elva for å bruke vatnet til å drive kvern og sag.

På vestsida av elva er *Nakken*. No er det ikkje ofte folk går *Brattstien*. Der i myrlendet «på *Brattstimyrå*» ligg den runde *Røsbergtjønna*. Ho er vel ikkje meir enn 20-30 m i tverrmål. På austsida er

Smådalan og lenger opp er *Knebban*. Det er truleg om lag det same som det meir vanlege Knubban 'rundvorne høgder'.

Førsteleddet i *Teinskaret* skulle ein tru er tein 'renning, rotskot'. Relasjonsnamn er *Teinskarmyran*, *Teinskarlia* og *Teinskarløken*.

Midtseterhaugen /*Mettseterhaun*/ er ein stor haug. Namnet fortel at det også her må ha vore ei seter. Den siste setra til Røsberg låg mellom Storelva og Stangarelva. I 1723 hadde garden seter 1,5 fjerding frå garden, og fegangen var «tæmmelig god». Ho vart nedlagd føre 1800. Namnet *Setervollen* lever òg. Her slo dei. Eit slætte litt lenger vest var *Seterholå*.

Bollhaugen /*Bålljhaun*/ er eit namn som ein også finn lenger aust på fjellet. Han har fått namn av si runde form.

Stokke

Namnet *Stokke* på gnr. 65 viser at garden er gammal. Dette gamle gardsnamnet finn ein mange stader. NG reknar med at det opphavleg har fleirtalsforma *Stokkar*, men det kan like gjerne vere ei storkna dativform. Ein reknar med at bakgrunnen kan vere digre stokkar i jorda, stor skog, stad der drivtømmer ofte la seg, eller at det kjem av eit elvenamn. Her kan elva som i dag heiter *Stokkeelva*, vere ein sannsynleg bakgrunn. Ho renn beint som ein stokk eit langt stykke. *Stokkåa* finn ein som elvenamn mange stader.

Garden dukkar opp i skriftlege kjelder i 1610. Han må ha hatt ei lang øydetid. Men i 1657 har brukaren 2 hestar, 13 kyr, 16 geiter og 14 sauer. Ein veit at garden hadde seter i 1723. *Stokkesetra* som ein kjenner til, låg i skrånande lende på nordsida av Storelva (Oppdøselva). Det ser ut som ho vart nedlagd tidleg på 1800-talet. Ein kan sjå staden. Seinare var det slætte her.

Stokkebakken er bnr. 1. No er husa rivne, og bruket er gått inn under grannegarden i vest. Bnr. 3 er største bruket. Det ligg ovanfor vegen. Her er det ei attlege som heiter *Høstmarkattlegå*. B. Høstmark var eigar frå 1872 til 1882. Ho vart gjerne oppdyrka i desse åra.

Så er det ein stad som heiter *Tor-Ola-plassen*. Når plassmannen vart kalla *Tor-Ola*, var vel *Ola* son til *Tor* (*Ola Torson*).

Ned mot sjøen er *Stokkehaugen* med *Stokkehaug-ura* nedanfor. Ned mot sjøen her var det også ein plass som heitte *Stokkehaugen*, blir det opplyst i *Bolsøyboka*. Siste mannen som døydde kring 1860,

heitte Rasmus Stokkehaugen. Han hadde to born. Kanskje bestefar til Rasmus var den Rasmus Olsen som er nemnd i 1801 som «husmand uden jord».

Oppover lia har ein namn som *Bjønnaura* og *Bjønnaustibakken*. Det siste fortel om kvar bjørnen pla fare. Kanskje han hadde vinterlega si i denne ura?

Hildaberget har kvinnenamnet *Hilda* som førsteledd. Elles talar ein om *Lia*, *Brenslå* og *Brenselia*. På den siste staden har det brunne. Stigen *Guristien* har fått namn etter ei Guri. Ein har òg *Guristimyra*

Ei myr heiter *Åbitgaddsmyra*. Her må ha vore ein gadd dei kalla *Åbitgadden*. Det kan vere at slåttfolk eller andre åt åbitnista si ved denne gadden. No talar ein ikkje lenger om måltidet åbit. Det heiter frukost. Der det heiter *Løypdalen*, har det nok vore løypt ned tømmer eller ved.

Alle forstår at lappen treivst godt i *Lappetjønnna*. Ingen sa noko anna enn lappe om denne symjaren før i tida.

Lenger oppover heiter liene *Småliin* /*Småliinj*/. *Små* er fleirtalsform av *liten*.

Nørde Stokke er det bruket på *Stokke* som ligg lengst aust. Før utskiftinga på 1800-talet låg tunet til to bruk her. Det eine vart flytta til *Ytre Stokke*. Her var òg husmannsplassar. Namnet *Morten-Sørenattlegå* er minne om ein av dei. Plassmannen vart altså kalla *Morten-Søren*. På bruket ligg *Sjøattlegå* langt nede. Truleg kjem namnet av at ho ligg ved sjøvegen (der ein gjekk ned til sjøen). *Nedste Attlegå* er attlege som ligg lengst ned. *Vollen* og *Nylendå* er attleger. Ved *Sagattlegå* har det vore sag i elva. *Saghølen* er høl der saga var. Ein kan sjå restar etter tepping (demning) på myra der elva startar. Det har vore fleire kverner og sager i *Stokkeelva*. *Våtå* er våte.

Ovanfor *Sletthaugen* er *Klurtollhaugen*. *Klurtolle* er eit vanleg ord for ei tolle (fure) som gjerne har krokut legg og tjukke, krokute greiner.

Fuglbosdalen er elvadalen oppover frå *Nørd-Stokke*. I NO er fuglbose registrert frå *Tynset* for det same som fuglreir. *Halvor Floden* frå *Trysil* har brukt det i si dikting. *Bos* om dyrelege eller bol er registrert m. a. frå *Tresfjorden*. Folk frå *Skjeggstad* på austsida av *Tresfjorden* kom til denne garden for noko over 100 år sia. Ein kan undrast på om dei brukte eit slikt ord for fuglreir og la på namnet. Her i bygdene har berre fuglreir / reir vore brukt i manns minne.

Littlelia er ei lita li. *Øvste* og *Nedste Hjellan* er avsatsar.

Førsteleddet i namnet *Røyrs karet* er truleg eit gammalt ord for stein (gno. *reyrr* 'steinrøys').

Der det heiter *Lessarplassen* /*Læssarplass'n*/

leste dei om tømmeret. Der det heiter *Trødalen* har ein nok òg hatt namnet Trøa, altså ein stad der krøtera gjekk.

Leif Skjeggstad fortalde at ein hadde dammane *Nygjerdsdammen* og *Einadammen* der ungane rente på skeiser. Dammane har namn etter bruka *Nygjerdet* og *Einen*.

Nes

Gnr. 66 *Nes* ligg ikkje ved noko stort nes, men det må vere neset ved bnr. 2 *Einen* som er bakgrunnen. Ein seier Næs med lang æ. Nes er gards- eller bygdenamn 100 stader i landet. Som ein veit, har slike usamansette namn i ubunden form høg alder. Dette er eit utgammalt ord, gno. nes n., angelsaksisk næss (engelsk ness).

Når ein veit at snøen reiser på innmarka på garden så snart det blir mildver (leke), må ein rekke med at ein har hatt busetnad her langt attover i tida. Ein veit ikkje kor mange bruk og menneske det var her t. d. kring år 1000. Men det er ting som tyder på at dei som budde her var velstående og vidfarande. På bruket *Øvre Nesbøen* vart det i 1891 funne 389 sølvmyntar. Dei yngste var frå 1014-1029. Truleg var det ein vidfarande person som hadde gøymt dei. Storparten av myntane var engelske og tyske. Nokre var arabiske, 1 russisk, 1 svensk, og ein bit av ein norsk mynt. (Den sundskorne mynten er nok eit minne om veksling.) Ein kan nemne at Æthelred den 2. og Knut den mektige var representerte med mange penningar.

Det var den fattige Andreas Rabben som kom over øskja under jordbryting. Om lag 40 m ovanfor bygdevegen (no riksvegen) kom han borti noko som minte om ei steinur i øvste jordlaget. Det rausa fram myntar og delar av myntar. Dei hadde vorte plasserte i ei øskje av ask. Øskja var dårleg. Saman med myntane var det ein sølvbarre og ei sølvplate på 108 gram. Ein gullsmed på Molde fekk behalde plata, men han smelta ho visst om seinare. Myntane er no for det meste i Bergen, men ein del er også ved Myntkabinettet i Oslo. Andreas Rabben fekk kanskje ikkje eingong takk for storfunnet.

Myntane må vere gøymde kring 1030. Somme har tenkt seg at eigaren fall på Stiklestad. Hadde han kanskje teke imot pengar for å slåst mot Olav Haraldsson, eller var det i viking han hadde fått tak i pengane? Mest truleg er gjerne det siste. Ein kan slå fast at det må ha vore ein høvding som har gøymt pengane sine her. (Ein kommunal veg i området har fått namnet *Myntfunnvegen*.)



Nokre av myntane frå *Nesbøen*. *Sundskorne myntar* fortel om veksling.

Litt aust for funnstaden heiter det *Øygarden*. I seinare hundreår har det ikkje vore noko tun akkurat her, men no er det fleire bustadhus på staden. Namnet er eit minne om eit bruk som vart liggjande øyde etter manndauden. Nokså sikkert er det at det var fleire bruk på Nes før desse farlege sottene slo til. Men truleg vart ikkje alle bruka øyde i tidbolken etter. I 1520 finn ein på Nes ein Oluf som betaler 0,5 lodd sølv for garden. Men han betaler 5 lodd for jordegods. Garden var nok merkt av nedgangstida, men Oluf åtte altså partar i andre gardar.

Garden er fastsett som fullgard på 1600-talet. Dette talar òg for at han har hatt samanhengjande busetjing i seinmellomalderen. I 1657 er det to brukarar. Den eine er enkje. Til saman har dei 2 hestar, 17 kyr, 24 geiter og 15 sauer. Mange gardar som låg mot øydemark og fjell hadde høgare krøtertall enn dette. I 1661 betaler den eine av brukarane landskylda i fisk. Det var naturleg for eit bruk ved fjorden.

Hovudbruka i seinare tid vart *Ytternes* og *Innernes*. *Ytternes* er bnr. 1. Lengst vest låg bnr. 2 *Einen*. Her ligg lite snø. Snøen braut ikkje ned einen. Han kunne bli rakvaksen, og ikkje berre *einkavar*. To andre stader i kommunen har ein same bustadnamnet. Ein kornstaur av eine varte lenger enn av noko anna treslag. Som ein veit vart einbar brukt til røykjing av kjøt og flesk. Det var gammal skikk å strø opphakka eine på kvitskura golv, og kjerald vaska ein i einlog. Somme stader i landet vart til og med yttersida av husvegger tekt med einbar. Krossen på bæra har nok sett folk i tankar fram gjennom tidene.

No er husa «i Einå» rivne. Gamle dokument fortalde at stova var bygd i 1813. Ho stod til 2004.



Frå Nes med Mylnå på nersida av vegen. Området midt på biletet heitte frå gammalt Øygarden, og t.h. står enno husa på Innernes. Nesgeilen oppe t.h. 1967. (Widerøe/Romsdalsmuseets fotoarkiv 179966)

Bruket er no slege saman med eit av bruka under gnr. 64 Røsberg.

Etter kvart vart det frådelt mange bruk på Nes. Det vart ein tettstad med mange handelsbuer, fleire fabrikkar som produserte tynner og kasser, konfeksjonsfabrikk, bakar og ei tid to slaktarar. Her var dampskipsstoppestad. Dei som budde på tettstaden heiter nesingar /næsinga/. No er det berre ein butikk att. Mange har teke til å kalle staden for Kleive. Dette er eit stort mistak. Når ein før tala om Kleive, meinte ein bruka på gnr. 70 Kleive. Men bygda heiter *Kleivbygda*. Årsaka er nok at den første kyrkja, ei stavkyrkje, stod på garden Kleive.

Det er slik at tettstaden med handel låg lengst aust på Nes. Noko låg på gnr. 67 Grovan.

Ein hadde tidlegare bruka *Øvre* og *Nedre Nesbøen*. (På *Øvre Nesbøen* vart altså myntane funne.) Sisteledet i desse namna fortel om at her frå først av har vore bømark (beitemark). Husa på bruka er rivne.

Nesgeilen er eit bruk som ikkje lenger blir drive som gardsbruk. På plassen *Neshagen* /Næshajinj/ mottek husmannen Amund korn i 1773. Her budde i 1865 husmannen Thrond Johnsen. Han var not- og garnbindar, og hadde ikkje jord. Begge namna fortel om at det frå først var stader der det gjekk krøter.

Ei li ovanfor Nes har eit namn med to variantar.

Somme seier /Klåfarlia/. Dei meiner tydinga er Klauvarlia, lia der det er far etter dyreklauber. Eg har opplysningar om at folket på Ytternes i tidlegare tider sa *Kråfallia* /Kråfalljlia/. Førsteledet måtte då vere kråfall. I denne lia vart det bygd hoppbakke som stod ferdig midt på 1950-talet. Slik bakken var den første tida, var bakkerekorden noko over 50 m. Det vart utlyst tevling om namnet på bakken. Folk skulle sende inn framlegg om namn. Ein landa på namnet *Nesbakken*. Bakken ligg på garden Nes sin grunn.

Smedbakken /Smebakkjinj/ var ein liten bakke på vegen mellom Ytternes og Nesbøen. Anten har det budd ein smed her, eller så har det stått ei smie her. Smiene låg eit stykke frå andre hus pga eldsfaren. Riksvegen i dag er utan denne litle bakken.

Marioppkommå er ei oppkomme ved vegen. Alle vegfarande drakk her viss dei var tørste. Somme blanda spriten sin med vatn herifrå, fortalde Knut Skjegstad. Sisteledet er kvinnenamnet Mari.

Mylnå /Mølnå/ var mylne. Etter 2. verdskrigen flytta Alf Sagli mylneverksemda frå Saglia til Nes. No vart det elektrisk drift. Her dreiv han til brann øydela utstyret i slutten av 60-åra. Seinare reparerte han bilar i bygningen i mange år.

Aksdalsaga /Aksdalsaja/ var sagbruk. I dag er det trelasthandel. Førsteledet er ættenamnet til eigarane. Det kjem frå Sunnhordland.

Der det heiter *Jenstuftin* /*Jænstøftinj*/ skal det ha vore ein plass for lenge sia. Ein som budde her må ha heitt Jens.

Ein som heitte Lars har hatt åker der det heitte *Larsåkeren*. No er det eldrebustader her.

På *Amundplassen* budde Amund Olsen (f. kring 1820) og kona Ingeborg Madsdotter (f. kring 1816). Dei hadde i 1865 1 hest, 5 kyr og 1 gris. Dei sår 1,5 tynne havre og set 2 tynner potet. Som ein ser må plassen ha vore uvanleg stor.

Der det heiter *Tuftin* /*Tøftinj*/ har ein sett leivningar etter husmurar fram mot vår tid.

Lassinaplassen var på Nesbøen. Mannen som vart kalla Dekta-Ola var kanskje frå bruket Dekta på Ullaland. Når plassen har fått namn etter Lassina, levde ho nok lengst.

Meterholå er grushole vest for løa på Ytternes. Namnet kjem av at det står ein meterstein tett vest grushola. «6 km », står det på steinen. (Meterstein må vere ei forkorting av kilometerstein.) No seier ein helst *Grusholå* på Ytternes. Først på 1900-talet sa dei ofte *Andersholå* etter gardbrukaren Anders Ytternes. Før i tida sa ein ofte fyllhole i staden for grushole. Det var ein stad der dei tok fyll på vegane.

Strandstaden Nes

Tett ved vegen, litt vest for der einaste butikken er på Nes i våre dagar, var det ei lita stove. Der budde kvinna som vart kalla Beret på Steina. Namnet kom av ein særmerkt stein her. Dei må ha kalla det for *Steinen* her.

Aspelundvøren var vøren til sersjant, landhandlar ei tid, og postopnar i lang tid, Mathias Aspelund frå garden Aspelunden på nordsida av Osvatnet. Han budde på bnr. 16 på Nes. Bruket heiter Heim på papiret, men det namnet er ikkje brukt i talemålet.

Vatnebryggjå hadde namn etter kjøpmann Karl Vatne som hadde landhandel og fiskematforretning på Nes frå 1920-åra til tett etter 1950.

Høstmarkbryggjå var bryggja til Høstmark-familien. Den første som tok til med handelsverksemd på denne eldste handelsstaden i Bolsøy, var Bernhard Høstmark (1840-1909). Handelen hadde vorte frigjeven utanfor 1 mil frå Molde i 1857. Handelen gjekk føre seg på bryggja den første tida, for vegen gjekk nedmed sjøen. Seinare vart han flytta opp til der han no går, og Høstmark sette opp handelsbu der. Ho vart kalla *Høstmarkbua*, og var hus frå ein gammal husmannsplass i Øverbygda, visstnok frå kring 1740. Handelsbua var i bruk til 1960-åra. Den siste tida vart ho kalla *Nakkenbua* etter eigarane Jenny og Ingvald Nakken. I mellomtida etter Høstmarkfamilien hadde det vore fleire brukarar.



Nes sentrum kring 1925. F. v. Nerhagen, Holm sitt bakeri under oppføring og «Banken». (Romsdalsmuseets fotoarkiv 14675)

Bjerkevold vart namnet på bnr. 8 som B. Høstmark kjøpte i 1861. Namnet har ikkje vore noko brukt i tale. Ingvald Nakken kjøpte bruket. Høstmarkbryggjå vart etter han kalla *Nakken-bryggjå*. Der dreiv han tynnfabrikk. Han dreiv fraktesfart på kysten til sin døyande dag etter pensjonsalderen.

Elles hadde ein handelsbua *Wiikbua* /*Vikbua*/. Lars P. Wiik kom frå Fjellberg ved Bergen og opna landhandel i eige hus på Nes kring 1865. Han dreiv også med fraktesfart og hadde bakeri. Dette er i dag den einaste butikken på Nes.

Årsetbryggjå var bryggja til familien Årset. Der var det tynnverkstad. Dei dreiv også ei tid landhandel. Familien kjem frå Ellingsøya (no i Ålesund kommune).

Andreas Holm som var fødd i Bodin, starta bakeri med utsal på Nes i 1920-åra. Det var i drift fram mot slutten av hundreåret. Det vart tala om å handle «mæ 'nå Holm».

Nes var endepunktet for rutebåten. Rutebåten frå Bergen, «Nordfjord», kom til Nes kvar veke frå 1897. Seinare vart det annakvar veke. Rutetida var det ikkje alltid han heldt, men han kom når han vann det. Båten var på 223 br. t. Han tok etter måten mykje last, 1650 sekker. Og frakta var for det meste mjøl frå Bergen. Attende til Bergen og Ålesund førte han slakt, levande dyr og elles alle slags jordbruksvarer. Gamle folk nemnde Nordfjord med stor age. Det skulle vere ein overlag god sjøbåt. To gonger for veka kryssa han Stadhavet. Mang ein gong kom han seg over dette harde havstykket når hurtigruta måtte liggje ved Haugsholmen og vente på betre ver.

Sjøvegen var vegen ned til sjøen, og *Nesbukta* var bukta ved Nes.

Opp mot fjellet

Når ein kjem oppå fjellet, ser ein vatna *Stokkevatnet* og det noko større *Nesvatnet*. På kartet frå 1870-åra er begge vatna kalla *Næsvandene*. Truleg var det tidlegare samanhengjande vatn her. Det er så lågt

mellom dei. Ein har òg *Stokketjønna*. Namna kjem av gardane som eig området. *Vassbakken* er sør for Stokkevatnet.

Løken mellom Stokketjønna og Nesvatnet heiter *Slåløken*. På braddane var det bra med gras, og her vart det ofte slege. Dei kalla også sløttet for Slåløken. Høyet vart stakka. Somme meiner at namnet kjem av at dei slo her. Men like rimeleg er det at førsteleddet er slå f. 'flatvoren berghylle'. Kanskje det er ei slik bergeslå ikkje så langt frå løken.

Namnet *Trettaneset* /Trættanæse/ skal kome av at gjetarane tretta når dei skulle skilje krøtera frå dei forskjellige bruka om kveldane. *Trettanesoppkommå* var ei oppkomme med godt vatn. Folket på Nes henta vatn herifrå i tørkeperiodar.

Trollnesåsen er ein lågvoren ås. Det ser ut som ein har hatt namnet Trollneset. Det kan før ha vore vatn både sør og nord for åsen. Dette vart då som eit nes. I dag veit ein visst ikkje kva slags troll eller trollskap som har vore her.

Som før nemnt kallar ein elva nord for Kleiv-bygda for *Skallelva*. På kartet frå 1870-åra står Skaldlielven. Denne range namneforma har overlevd til nyare kart. Det er Skallelva som har vore sagt. Lia nord for elva er *Skall-lia* etter gardsnamnet Skalle. I 1621 er det opplyst at garden Nes i Kleiv-bygda hadde «en liten quarn i Skalde elf».

Ein veit at Nes hadde seter i 1723, men ho vart visst lagd ned føre 1800. Kanskje det var denne setra som låg der det heiter *Gammelseterhaugen*. Så fekk ein visst endå ei seter som gjekk ut or bruk. Ein har namnet *Nessetra* nord for elva. Då det i 1934 vart arbeidd veg fram til det som heiter *Nysetra*, vart det atter setring ei tid.

Einadalen er ein liten dal nord for elva. Dette er i teigen til bnr. 2 Einen. Her stod *Einaløå*. Ein liten bekk som kjem her, heiter lenger oppe *Gjerdløken*. Han renn nord for *Gjerda* /Jera/. Som ein ser er namnet fleirtalsform for gjerde. På Nes slo ved løken. *Bådalslia* er på nordsida av løken. Førsteleddet kan vere mannsnamnet Bård. Ved Kvanne på Nordmøre var det for fleire hundre år sia ein gard som ein kallar Bålia. På 1700-talet vart namnet skrive Baardlien og Baarliken. *Bådalslisløttet* var eit sløtte som på Nes hadde.

Nes slo sløttet i *Vasslia* som heitte *Vasslisløttet*. Her er fleire glenner. Til dette sløttet høyrer dalføret sør for lia. Enden av Vasslia kalla dei for *Vasslienden*. I greneskildringa frå 1658 står det at grensa mot Nordmøre går frå høgaste Skall-lia og vest i «Steenlidtzschar». Namnet *Steinliskaret* blir visst i dag ikkje brukt av romsdalingane. Ein ser at ei li må ha heitt *Steinlia*.

Grovan

Gnr. 67 *Grovan* /Grovanj/ har namnet sitt frå *Grovaelva* og *Nerhagagrova*. Den første er òg berre ei grov. Til nærare kysten ein kjem, til meir vanleg er det å kalle små vassdrag for elv. Også andre stader i kommunen finn ein fleirtalsforma Grovan som bustadnamn. Men i talemålet bøyer ein ordet ei grov – grova – fleire grøver – grøvern.

Garden er første gong nemnd i 1603 som Grøffuen. Dette kan tyde på at dei den gongen sa Grøvern, og at Grovan er ei nyare form. Frå 1700-talet vart namnet skrive Groven. Kanskje dei som førte namnet i pennen ikkje forstod at namnet hadde fleirtalsform. Ættenamnet som høyrer til garden er Groven. I 1617 er det også ein husmann her. I 1657 finn ein brukarane Sæmund og Knut med kvar sin hest. Til saman har dei 18 kyr, 24 geiter og 24 sauer. Truleg hadde dei på denne tid teke til å tale om *Uti-Grovå* og *Nordi Grovå*. Merkeleg nok er det berre ein brukar nokre år etter 1661. Han har ein knekt (soldat) og ein husmann i si teneste.

Bnr. 2 er i matrikkelen oppført som *Hagen*. I NG s. 285 står det at bruket blir kalla /Grova-hajinj/. I vanleg talemål har det iallfall på 1900-talet vore sagt *Nerhagen* /Nerhajinj/. Årsaka er at ein også har bruket *Øverhagen*. Folket i Nerhagen har ættenamnet Grovehagen. Leddet hagen fortel at dette frå først av var hamnehage for Grovan.

I eit innmarksjordskifte på garden i 1835 er namnet Strandgaarden med. Truleg var dette ein gjerdesgard som gjekk langs fjøra på garden som dei kalla *Strandgarden*. Eit anna namn i dokumentet er *Råkstøteigen*. Det kan sjå ut som dette var ein teig ovanfor ei stø som heitte Råkstøa.

Bakkane på vegen forbi Grovan har vore kalla *Grovabakkan*. I dag er det berre ein jamn bakke på riksvegen. *Grovabøen* var bømarka til Grovan. Vegstykket over her på vegen til Osen vart òg kalla *Grovabøen*. *Grovaberga* er berg nedmed sjøen nedanfor «Grovå».

Grovaskulen /Grovasculinj/ vart bygd i 1894 og hadde to klasserom. Skulen låg på Ytter-Romold sin grunn, men han fekk likevel dette namnet. Grunnen var gjerne at skulekrinsen hadde fått namnet Groven krins. Skulen brann ned onsdag 31. januar 1951. Ikkje noko av inventaret vart berga. Ny skule vart så bygd på Grovan sin grunn noko lenger sørvest. Han vart teken i bruk 1953 og fekk det offisielle namnet *Groven skule*. Plassen ved skulen vart heitande *Skulplassen*.

Ungdomshuset til ungdomslaget «Forsøk» vart

teke i bruk i 1917. Det er no rive, og bustader er bygde på staden. Det offisielle namnet på huset var *Lunheim*, men det namnet vart ikkje brukt i tale. Ein sa berre *Ungdomshuset /Ongdomshuse/*. Eit hus ikkje langt frå Ungdomshuset hadde på folkemunne det merkelege namnet *Turelutten*. Elles kan ein nemne at før i tida kunne tettstaden Nes i skjemt bli kalla *Efesus*. Som ein parallell nemnde dei Hjelset som *London*.

Tørrisenbakken var ein liten bakke på vegen aust for Ungdomshuset. Mange som var på dans kjende namnet. Sigurd Tørrisen hadde bustad vest for bakken først på 1900-talet. Huset står framleis. *Markusvøren* er ein vør som har fått namn etter Markus Grovehagen (Nerhagå). Det var han som tok opp bruket Nerhagen. Ei tid dreiv dei med konkurranseskyting her.

Vegskiftet /Vægsjefte/ er der vegen frå Osen møter riksvegen.

Banken /Bankjinj/ er no nedlagd. Den første banken, *Gammelbanken*, låg lenger vest. Bygningane er i god stand.

Ein veit at det var husmannsplass på garden også på 1700-talet. Det hadde seg slik at i 1755 sende to bønder i Kleive sokn brev til amtmannen og opplyste at ein husmann på ein plass nede ved sjøen på garden Grovan hadde lege sjuk utan sans og samling i 18 veker. Kona var 92 år og gjekk i barndomen slik at ho var til lita hjelp. Dei hadde kome på at eit «ledigt qvindemenneske» Ane Johannesdotter Kortgaard kunne gjere det arbeidet mot at bøndene i Kleive la ut kost og løn for henne. Grannane skulle sjå etter at stellet vart bra nok. Ane nekta dette. Amtmannen sa at ho skulle tvingast til å ta dette arbeidet. Nekta ho under påskot av at ho var halt og ufør til tenesta, skulle lensmannen føre henne til husmannsfolka med makt. Ein ser det var ikkje så greitt når ein var fattig, sjuk og gammal. Det var heller ikkje greitt å vere eit einsleg menneske.

Kristianplassen /Krestjanplassen/ var ein husmannsplass. Ein annan plass var *Kolbeinplassen*. Den siste her var Peder. Han vart kalla Kolbein-Pe. Han var då son til Kolbein. Somme har kalla plassen *Kolbeins-Pe-plassen*. Her var også *Bøplassen*.

Nerhagabekken var ein brunn «i Nerhagå». Mange tok vatn der. Bekk var det vanlege ordet for brunn her som mange andre stader i landet.

Nerhagaremma er ei rem ovanfor Nerhagen. «Rimm (el. Remm) synes ogsaa at betegne en Jordryg, men bliver da det samme som Rime m.,» seier Aasen i ordboka si.

Fjærenbua /Fjer'nbu/ var handelsbua til sogningen Fjæren. (Først dreiv han visst i Davegarden.) Han døydde i 1930. Seinare dreiv

Marta Gaustad handel her i mange år. Den siste var Karl Gammelseter.

Grovaskaret var ein kjend stad. Der var bane og skyttarhus. Grovaråket var krøtterråk. Elles opplyser Peder Groven om namna Nørde Skaret, Grovahjellen (tjørhjell), Øykjehaugen og Nygjerdet. Skulbrunnen gav vatn til skulen før vassverket si tid.

I området der det heiter *Grovaseterbakken* har Grovan hatt seter. Ho er ikkje nemnd i 1723. Det blir hevda at ho vart nedlagd føre 1800. Frå 1935 til 1959 hadde Grovan seter på Nessetra.

Også oppi høgdene ovanfor bygda her har ein namnet *Almelia*. Ein kommunal veg her på Nes har fått namnet *Almlivegen*. Almen har sjølv sagt vore brukt til både mjøl, krøterfôr og som trevyrke. Det er nok ikkje systematisk undersøkt kor mange av stadene med slike alme-namn der almen framleis veks. Det ser ut som det i denne kommunen ikkje er mange av desse stadene med slike namn treet har overlevd fram til no. Ein kan undrast på om årsakene kan vere ein kombinasjon av dårlegare verlag og rovdrift på treet.

Raudmold/Romold

Gnr. 68 *Ytter-Raudmold* og gnr. 69 *Inner-Raudmold* var allereie to gardar først på 1600-talet. Garden er første gongen nemnd kring 1430 i Aslak Bolts jordebok. Der kan ein lese: «Af Raudhamold, xv peninga leigha er Øistein broke lauk, aut.» I moderne mål: «Av Raudmold, 15 penningsleiger som Øistein Broke betalte, øyde.» Truleg var det for eit eller anna brotsverk Øistein måtte gje frå seg noko av garden. Om tydinga av gardsnamnet les ein i NG s. 285: «Rødmuld, sigtende til Jordbundens Art. Jfr. Rausand, Nesset GN. 40. Raumold findes ogsaa i Inderøen.» I dag seier ein */Råmmållj/*. Ein kan høyre uttalen *Yttråmmållj* om garden lengst vest. Diftongen i raud har ikkje som elles i talemålet på staden gått over til rø, men til rå. Den ubundne forma viser at gardsnamnet er gammalt.

Same førsteleddet har ein i stadnamn på Kjersem i Tresfjorden. Arnhild Beate Kjersem skriv på s. 13 i særømne i norsk på vidaregåande skule 1994 «Stadnamn på Kjersem» om namna Råmoldreinen og Råmolddalen. Ho skriv om det første namnet: «Ei lita graskledd skråning nedanfor Pestova. Også sagt Råmoldrøra. Prefikset rå-, er ei monoftongering av raud. Namnet fortel om den raudfarga jorda me finn nett her.»

Ættenamnet har hatt ymse former fram gjennom tidene. Svenskane skreiv namnet på to soldatar som vart skrivne ut til svensk teneste i 1658 som

Oluf Sifwerson Rommel og Oluf Joenson Rommel. (Kanskje såg dei aldri heimstaden att.) I nyare tid har ættenamnet vore skrive Romuld. På kartet frå 1870-åra vart gardsnamnet skrive Romold. Seinare har kartverket nytta forma Raudmold. (Nedanfor er forma Romold brukt.)

Romoldgjerdet er bruk under Ytter-Romold. Namnet fortel at her frå først av var inngjerding for krøter. Ein hadde fått bruket på 1700-talet. Det viser opplysninga om at Ole Røemoldgierdet fekk utdelt korn i 1773. Peder L. Romuld skapte på 1900-talet eit museum i eit eige hus på garden. Han fekk mang ein reiskap frå gardane i dei næraste bygdene. Mangt fekk han også tak i frå andre stader. Det har vore sagt at han i Gudbrandsdalen fekk tak i ein eller fleire pistolar som låg att etter skottane ved Kringen. Etter eigaren sine dagar vart samlinga dessverre selt på auksjon. Dei innsamla antikvitetane frå bygdelaga her fekk oppkjøparar tak i. Dei vart så på nytt selte, og er no spreidde for alle vindar til forarging for mange av dei som hadde gjeve verdfulle gåver til museet.

Høgste Brattlia er toppen vest for Grovaelva. I *Brattlia* er det bratt. Dette var òg namnet på ein husmannsplass. I Bolsøyboka ser det ut som også namnet *Romoldlia* vart brukt. Iver Arneson for vide omkring og arbeidde skinnfellar. I 1865 hadde plassen ei ku og 4 sauer. Dei sådde $\frac{3}{4}$ tynne havre og sette ei halv tynne potet. Sivert Brattli arbeidde på fiskeberga i Kristiansund og som anleggsarbeidar då Istad kraft vart starta. No er det nye hus i Brattlia.

Ekteparet Lasse Andersen og Gjertrud Endresdotter hadde plassen som vart heitande *Lasseplassen*. Lasse hadde vore i Sverige. Truleg levde han lengst. Det blir fortalt at ein gong kom han til Inner-Romold og spurde om han kunne få hjelp til å løfte kjerringa fram or senga. Dei spurde då om ho hadde enda sine dagar. «Håppast det!» var svaret dei fekk. I Bolsøyboka er det opplyst at Lasse arbeidde mykje på sjøbua til Bernhard Høstmark. Plassen gjekk attende til garden.

Ein høl eit stykke ovanfor Romoldgjerdet heiter *Bekkerhølen*. Kanskje ein bekre (gno. bekri m.) har drukna her.

På Inner-Romold har ein bruka *Romoldbakken* og *Midt-Romold*. Ein seier /Råmmålljbakkinj/ og /Mettråmmållj/. Ein kan nemne at Hans Nielsen Hauge var på Midt-Romold.

Rønningan var frå først av husmannsplass. Namnet har fleirtalsform. (Same namnet finn ein i Istad-bygda.) På landsbasis er det eit vanleg gards- og plassnamn. Her i fylket er det ikkje så vanleg. I Øksendalen har ein gardsnamnet *Rønningen*. I gno. har ein ruðningr m. På Austlandet finn ein ofte

forma *Rydningen*. I boka «Norske Målføretekster» av professor Olav T. Beito er det med ei prøve på målføret i denne bygda. På s. 338ff. i andre utgåva frå 1967 er det m. a. fortalt at ved den litle sommarfjøsena som Rønningen hadde, hende det at bjørnen sette seg på møkjadungen utføre. «Bjørnlæ va åpe, so hanj kunnje sætte labbanj neri, å so fekk 'n krøkt kløn neri ulla å inni kjæte på sauå, å so dro 'n ut saun. Å so va det eit småstykkje so dei kallja Bakkjinj. Dit reiste 'n å åt. De va åto att ette nå. De vistest på dongå ette nå kar 'n ha sote.» (Inkjekjønnsordet bjørnlæ har oppslagsforma bjørnlæ i ordbøker.) Dette er den øvste trekanta delen av tverrveggen på eit tømmerhus.

Arne må ha budd på *Arneplassen*. Her er det ein brunn som heiter *Arneplassbrynnen*.

Når ein har plassnamnet *Gjertrud-Anna-plassen*, tyder det på at kona levde lengst.

Hjellbakken /Jelljbakkjinj/ fortel truleg om at dei brente tjøre.

Ein har attlegnamn som *Fjøsattlegå* og *Stabbursattlegå*. Attlegene var attmed Fjøsena og Stabburet. *Holdå* er eit område.

Rishaugen er eit litt større område. Førsteleddet er ris (gno. (h)ris n.) krattskog. Her er i dag fleire bustadhus. Ein kan òg høyre somme seie *Rikhaugen*. Meiniga er at det ikkje er fattigfolk som bur her.

Ingebriktattlegå har namn etter smeden Ingebrikt /Innjbrekt/ Løkken på Øverbøen. *Øverbøen* var småbruk. Gardshusa er rivne. Her er no bustadhus.

Øverbødalen er elvadalen der fjellvegen går. Ein kald trekk frå fjellet kjem ned her. Han heiter *Øverbøgamlen* /Øverbøgamlinj/. Han bit godt i nasen tidlege vintermorgonar. Gamlen er eitt av mange ord for den vonde (djevelen). Den djupaste delen av dalen heiter *Styggedalen*.

Vestover her har ein namn som *Pallan* (avsatsar), *Hanshaugen* og *Inngjerdet*. Det siste namnet tyder på at det har vore inngjerding her. Så har ein også det løyndomsfulle namnet *Seterlibakken*. Namnet kan tyde på at det har vore ei seter ein gong i dette området.

Skallsletta er ei slett. /Rågstø'n/ kalla dei ei attlege nedanfor Romoldgjerdet, fortalde Peder L. Romuld. Førsteleddet er nok målføreforma for kornslaget rug (gno. rugr). Sisteleddet er fleirtalsform av støe 'der noko står', jf. stakkstøe 'stad der ein høystakk står'. Normert form må bli *Rugstøen*. Her må ha vore ein rugåker. Det har aldri vore dyrka mykje rug på våre kantar, men det er dette kornnamnet ein somme stader kan treffe på i stadnamn. På den gamle garden Teigset i Nesset har ein namnet *Rughaugen* /Råghaun/ på innmarka. Ein veit at folket frå Finland som kom til Austlandet,



Kleivbygda sett frå Skåla 2003. Nesbøen t.v. og Skalle t.h.. Nakken i framgrunnen. (Foto Johnny Bratseth 0003912)

sådde rug i oska der dei brente ned skogen. Ein trong ikkje så mykje gjødsel for å få rugen til å vekse.

Joramostykket var husmannsplass. Her budde Hans Joramo frå Lesja, ikkje så langt frå Dombås. Først var han murar. Som gammal fletta han korgjer av seljekvistar. Han var kjend for å fortelje mang ei søge med sterk overdriving.

Dalareinå er ei reine nedanfor den dyrka jorda på Midt-Romold. *Ekkerattlegå* er attlega nedover mot bruket Ekrå /Ækrål. *Romoldbøen* var bømark (beite- og slåtteland).

Ekrå er bnr. 7. I våre dagar bruker ein mest attlege i staden for ekre. Ekre står sterkare på Nordmøre. Anders Eriksen er nemnd som husmann i 1865. Kona var Brynhild Gudbrandsdotter frå Bøverdalen i Lom. Dei fekk utløyst plassen frå garden i 1878. Det var òg ein plass *Øvre Ekrå*. Han er no under garden.

Går ein oppover mot fjellet, støyter ein på *Lomtjønna*. Bakgrunnen her som for mange andre tjørner med dette namnet, er vel smålomen. Ein må nemne at eit av dei siste åra føre 1900, gjekk det ei stygg fonn ein vinterdag som tok med seg løa både på Inner-Romold og i Romoldbakken. Det hadde vore mykje snø, men så slo det om til leke og storregn. *Lomtjønna* demde seg opp. Til

slutt braut vatnet seg gjennom. Folk vart ved eit hell ikkje skadde, men husdyr vart førte med fonna nedi elva. Det blir fortalt at hesten på eitt av bruka vart attfunnen heilt nedmed Kleivsjøen. Ved første augekast såg han uskadd ut, men så viste det seg at beinpipene stod ut på eine foten. Då kyrkjegarden vart utvida, fann dei kubein i jorda etter ulykka.

Ein har ovanfor Romold namn som *Liaskaret* og stigane *Midtistien* og *Nørde Stien*. Den siste ligg lengst aust. *Rognehaugen* vest for *Grovaelva* har helst trenamnet i seg. Her i området har ein også det noko uvanlege namnet *Ripen*. Namnet kjem nok av at det er noko som liknar riper i terrenget. Ei ripe er ei lang, grunn fordjupning. Namnet er bunden form fleirtal. På vestsida er *Ripmyra*.

Dålmårskaret kan i førsteleddet ha ei forvanskning av daurmål (dugurdsmål). Då må det vere frå Nassetra ein hadde sola over skaret ved dugurdsleite. Folkeetymologisk forklaring er at einkvan vart teken av dage, og at mordet vart dylgt. Likeins er det med forklaringa at førsteleddet er ei forvanskning av dyrmål (dyreskrik). Her i skaret er *Kjêlholdå*. Hola har vorte samanlikna med ein kjêl (gno. ketill m.). Lenger aust er *Slettbakken*.

Over *Brekka* var det gongstig. *Brekkehjellen* var nok tjørhjell.

Om *Rømmeberget* opplyste Helge Bratset at det vart sagt at ei tenestejente i Romoldbakken snåva og kanta slik at ho slo ned rømme her. Ho kom nok frå setra. Peder E. Romuld fortalde i 1977 at berget har ein fin runding som er så kvit.

Purkholå /Porkhållå/ var ei hole der dei tok torv. Ei purke skal ha dotte nedi her. Det måtte vere den tida grisene var med på setra.

Her er òg *Geitaklauvmyra*. Kanskje namnet kjem av at det ofte var far etter geitaklauver å sjå på myra? Men i «Trønderordboka» (1997) kan ein lese på s. 90: «geit(a)klauv f. planten bukkeblad (Ndm, STrl, Namd), Snåsa og Sparbu –kløyv.» Bukkeblad er det same som ein no i moderne tid kallar liljekonvall. Når ein har kalla denne planta geitaklauv på Nordmøre, kan det også ha vore slik i vårt område som ikkje ligg langt unna. Ho kan altså ha vakse på myra.

Myrbærholtet /Myrberhåljte/ er minne om at her voks myrbær. Myrbær er det gamle namnet for det som dei no kallar molte. I seinare tid har dei kalla den umodne bæra, som er raud, for myrbær. Eg har ikkje funne ordet molte som ledd i stadnamn i denne kommunen. I Osen har eg registrert namnet Myrbærholten. Inkkjekjønnsordet holt er stad der det veks skog. Det høyrer saman med gammalhøgtysk holz 'skog'. Som hankjønnsord er det ei høgde med steingrunn.

Litlelia er i dag tilplanta med gran. Skaret i lia heiter *Litleliskaret*. *Litle-Romoldlia* er inga stor li.

Der det blir kalla *Kjervebrauta*, må det pga sisteleddet braut 'bratt vegstykke' ha vore ei farlei. Kanskje førsteleddet er tjørved, altså ved til å brenne tjøre av. Normeringa måtte då bli Tjørvedbrauta. Men det kan like gjerne vere kjerv gno. kerf, og at namnet fortel om lauvkjerv.

Røstihaugen er også eit namn som ikkje er så greitt å forstå. Det kan fortelje om ein raud stig her, eller at stigen gjekk der det var ruster (småe skogparti).

Brenthaugen må vere minne om brann. På austsida av haugen er eit lågare område som heiter *Brenthaugdekta*. Ei dekt er ei mindre fordjupning i lendet. Ikkje langt unna var *Ivaslættet*. Det var Iver Andersen Haugteigen som slo her. (Opplysninga er frå statsarkivet frå 1860.)

Romoldhjellen er minne om tjørhjell som garden hadde. *Skiljaren /Sjøljar'n/* er staden der gjetarane skilde frå kvarandre krøtera til dei ymse bruka om kveldane. *Løkmyra* er ei lang myr. *Pikhaugen* er ein spiss haug her ved Løkmyra sør for *Kleivvatnet*. På nordvestsida av Romoldåsen har ein òg *Storhaugen*. Bytet mellom Grovan og Romold går over haugen. Det står ei stor byttolle på denne berghaugen. Det

var nok godt utsyn herifrå før det vart planta gran i området. Sørvest for Storhaugen er *Reset*.

Ein ser *Romoldåsen* frå mange stader når ein er oppå fjellet mellom Kleive og Batnfjorden, der han reiser seg opp på vestsida av Kleivvatnet. Frå det året Kleive idrettslag vart skipa (1929) hadde dei hoppbakke på nordsida av åsen. Bakken vart utbetra i 30-åra. Ein kunne hoppe om lag 40 m. Her i baksøлта var det aldri snømangel. Bakken var i bruk til nokre år etter 1950.

I Romoldåsen har ein *Hammaren* mot nordvest, og der det heiter *Soleivåtå* voks nok denne gule blomsteren krøtera set att når dei beiter. «Soleiå» som ein seier, er nok giftig. Ove Arbo Høeg har notert namnet eitersoleie frå Bremsnes på Averøya. (Eiter er gift.) Sjølv om ein somme stader i landet seier solauge, er det ikkje sikkert sisteleddet er auge.

Knut Skjegstad fortalde ei segn om ein stad her som dei kalla *Koren*. På denne staden brukte hulderfolket å samlast til bryllaup og dans. «Ein mann frå Skalle he færtalt at han ein gong såg eit stort hulderfølje i Litlestyggeli'n sør fær Kleiv-vatna. Det va både rianes og kjøranes mæ i følja, og det va eit stasele syn,» sa Skjegstad. Namnet *Koren* er merkeleg. Kanskje det har med gno. kúrr 'stille, roleg' å gjere. Staden ligg i ly for vestavinden. *Litlestyggelia* ligg sør for den før nemnde Lomtjønnna. Lia er vel ulendt.

Ein har både *Kleivvatnet* og *Litlekleivvatnet* etter gardsnamnet Kleive. Heilt lokalt seier ein *Litlevatnet* om det siste. På nordsida av Kleivvatnet har ein namnet *Kleivvass-støa*. Namnet fortel at her har vore ei stø. Men så er det òg slik at ein i bukta på sørsida av vatnet har namnet *Skallvass-støa*. Helge Bratset opplyser at han og ein av brørne ein gong fann stokkar av ein bygning her. Det må ha vore eit naust. Sjølve namnet ser ut til å vere eit språkminne om at ein også har sagt Skallvatnet etter den gamle garden Skalle. På kartet frå 1870-åra står *Klevvandene*. I 2009 vart det laga turveg rundt vatnet der ein kan kome fram med både barnevogn og rullestol.

Romoldsetra ligg ved vatnet på nordvestsida. Inner-Romold hadde visst seter her i 1723. Ho vart nedlagd tidleg og låg nede til 1914. Då vart ho oppattbygd som mjølkeseter. Eitt bruk setra så seint som i 1960. I dag er det mange hytter her. Myra sør for setra er *Løkmyra*.

Vasslia er lia sør for Kleivvatnet. *Vasshaugen* er ein haug vest for Litlekleivvatnet.

Kvinfòrlia og *Kvinfòrliskaret* sør for vatnet er også kjende namn. Men i våre dagar er namnet på lia vanskeleg å forstå. I boka «Gammal grunn - Folkeminne frå Land» av Ragnvald Mo kan ein lese



Kleive. Gardane er f.v. Grovan, Romold, Kleive og kyrkja med Skalle bak. (Widerøe/Romsdalsmuseets fotoarkiv 088525)

på s. 44: «I den tida var det noko vi kalla for kvinnfôr au. Somme kalla det sauhøy og bukkehøy.» I Norsk ordbok b. 6 finn ein «kvin-fôr n. dårleg, skrint fôr». (Det er vist til R. Mo si bok.) Førsteleddet er visst gno. kvigendi n. 'ungfe (kalvar og kviger')'. Det var nok fôr til slike ein slo her. Ein har også i NO ordet kvin-fjøs. Det er oppskrive i dalane på Austlandet. Kvinfôr er døme på eit ord som i tidlegare tider vart brukt over eit vidare område.

Vassbekken renn frå aust ut i Kleivvatnet. Her aust for vatnet er *Depelmyra*. No for tida er det ikkje mykje tale om depel (med tjukk l) for eit blauthol. Dei gamle kunne òg seie at myra var depla. Namnet *Svartediket* har visst òg vore brukt om det blautaste her. Lenger aust har ein myra som dei gamle kalla *Sjåsmyra*. Her var steinar (heller) som ein måtte trø på så ein ikkje sokk nedi. Anne Marie Nakken (f. Kleive) som var fødd i 1889, brukte dette namnet. Kanskje førsteleddet fortel om at ein måtte sjå seg føre for å fote seg på steinane over myra. I seinare tid har dei kalla myra for *Trepp-trapp-myra*. Uttrykket tripp-trapp skildrar nok lyden av klappinga når ein hoppar frå stein til stein. Første ordet er vel det engelske trip 'kort reise'.

Frå 2004 har det vore ei kvilehytte for turfolk ved utlaupet av Vassbekken. Skilt viser at det no heiter *Stueneset* her. Fortel førsteleddet om tømmerhytta? Men her er knapt noko nes. Somme seier at namnet er etter skogsjef Stuenes i Molde kommune. Hans ættenamn kjem vel frå gardsnamnet *Stugguneset* i

Lierne i Namdalen. Kan hende ein ser ein ny tendens for laging av stadnamn. (I lia sør for Kleivsetra har det no kome to flotte hytter. Her er oppsett skilt med namnet *Svenslia*. Men det er den eine hytteeigaren som heiter Svensli. Han har namnet sitt frå gnr. 45 Svenslia på Meisalstranda i Nesset kommune.)

Sør for Sjåsmyra er *Fagerlia*. Eit slætte på nordsida var *Nyløslættan*. Den mest markerte haugen aust for Kleivvatnet er *Høgla*. På austsida er *Høglikaret*.

Nord for Litlekleivvatnet kallar ein det *Næsa*. Dette kan vere ein målførevariant av Nosa. Det er som ein nase som stikk fram vestover mot lågare lende. Skaret austanfor er *Hestesketet*.

Sør for Skallelva er *Resa*. Dette er fleirtalsform av res n. 'høgaste punktet på ein bakke'.

Eit vad i Skallelva er *Grovavadet*. Førsteleddet er gardsnamnet Grovan.

Kleive

Gnr. 70 *Kleive* har gjeve bygda namn. Ho heiter *Kleivbygda*. Garden har fått namn etter den gamle farleia som kom opp frå *Kleivnausta* og gjekk oppover berglendet til tunet. I NG s. 285 les ein at namnet har bakgrunn i Kleifar som er fleirtal av kleif f., «brat Bergside, ad hvilken der gaar en Vei». No er det slik at fleire stader på Nordmøre har dei sagt

Kleiv, og ikkje Kleive. Oddbjørn Aspås (f. 1947) frå Aspåsen ikkje så langt frå Angvika fortel at han hugsar at det vart sagt Kleiv. Folkeminnesamlaren Edvard Langset frå Straumsneset skriv om kyrkja på Kleiv. Ein kan knapt seie at det er meir enn ei kleiv. I samansetningar skulle ein ved fleirtal vente Kleiva-, men ein har t.d. Kleivsjøen, Kleivvatnet o. l. Det er slik at ein ikkje møter namnet i skrift før i 1520, og då i ei dansk form. I Hyllestad i Ytre Sogn har ein same gardsnamnet.

I 1520 må Endrit paa Kleive ut med 5,5 lodd sølv, 1 kv. sølv, 2,5 mark og 4 sk. Garden ser ut til å vere utposten mot det som hadde vorte øydemark lenger austover. Ein finn ingen skattebetalar lenger aust i bygda her. Også Osen og sørsida av fjorden (Søstranda) heilt ut til Dvergsneset ser ut til å vere folkelaus no 170 år etter manndauden. Ein veit det kom mange stygge sotter etter storsotta som hindra folkevokster. Folk flytta òg ut mot havet der fiske hadde ei stortid i denne tidbolken. Ein må rekne med at det ikkje hadde vore nokor øydetid på Kleive. Truleg hadde det føre nedgangstida vore meir enn eitt bruk.

På garden vart det ein gong føre manndauden bygd ei stavkyrkje. Ho var ikkje stor og imponerande og stod sørvest for tunet der det til utpå 1900-talet heitte *Kjerkjeåkeren*. Om ho hadde tårn, veit ein vel ikkje. Ein veit at ho hadde skorder som stødde ho, slik skikken var. Ho er nemnd i skrift på slutten av 1500-talet. Utover på 1600-talet auka det snøgt på med folk i bygdelaga her. Kyrkja hadde truleg ikkje fått stort stell første tida etter reformasjonen. Folk flest hadde ikkje mykje til overs for denne Luther med denne nye læra si. I 1697 vart det bygd ei ny kyrkje lenger mot nordaust, i grensestrøket mot Skalle sin grunn. Her var ikkje så verhardt. Det var ei korskyrkje. Ho stod til 1857. Koret av den gamle enda som stabbur på bruket Dalset aust for Elnesvågen. Kyrkja som vart innvigd i 1858, står den dag i dag. Ho står på berg. Ein seier *Kleivkyrkjå*, men det offisielle namnet er *Kleive kirke*. Ein kan nemne at dei gamle tala om at dei hadde vore «attmed kjerken», og ikkje at dei hadde vore «i kjerken». Dette fortel vel om kor viktig alt som gjekk føre seg på kyrkjebakken var i dei dagar.

Så seint som i 1731 vart Kjersti Andersdotter i denne bygda dømd til å halshoggast, og hovudet skulle setjast på stake. Ho forklarte ho hadde fødd for tidleg og så grave ned fosteret på kyrkjegarden. Det var inga hjelp i at ho meinte ikkje ha gjort noko gale.

Folkeminnesamlaren Edvard Langset (1867-1924) frå Straumsneset skreiv i 1919 opp ei merkeleg segn. Den første ein veit som fortalde segna var

enkja Marit Steinløyen. (Segna er ikkje prenta.) Den kjende samlaren av folkedikting fekk høyre segna i byen han kalla Fosna, altså Kristiansund. (Langset skreiv opp alt folkeminnestoffet på sitt straumsnesmål. Her blir segna attgjeven på talemålet i bygda der hendinga gjekk føre seg.)

Likrøveren i Kleivkyrkjen

«Fær i ti'n brukte dei å sette likja onne kjerkjegålve på Kleive. So va de ein dag dei sette dit ei kjæring, å ho låg i kjest'n mæ eit stort fint søllbelte kreng se. Ta va de ein tå likfølja so såg. Å so fekk 'n løst te å ta belte. So lurte 'n se i væg ei natt å skulle ta de. Å so braut'n opp lækje på kjest'n. So sette 'n kne'e nepå brøste på kjæringjnj å klæmte ho i hop, so 'n skulle få te å hækte opp søljå i belta. Mæ di same so vakna kjæringja opp å slo begge hæ'n omkreng 'n, å hill 'n so innjåt se at 'n vart ikkje fri na fær 'n kåm åt fålk. Ho fekk som ein krampe då ho vakna. Sjikkjnj den tia va den at ein skulle ha straff når'n for på likrøving. Men de slapp'n na gånja. Dei syntest 'n ha jort ei go jærning då 'n fór på likrøving å bærga kjæringja.»

Ingen veit kor mykje sanning det er i saga, men ikkje noko er heilt urealistisk.

Tett sør for kyrkja som står i dag, heiter det *Kjerkjeberget*. Kyrkjegarden ved kyrkja heiter *Ytste Kjerkjegarden*. I 1906 vart det ei utviding. Ein fekk *Inste Kjerkjegarden* nedunder *Skallbakken*. (Det har òg vore sagt *Nørde Kjerkjegarden*.) Han er no ikkje lenger i bruk.

Anne Marie Kleive, f. Holsbø (1868-1960) hadde fortalt at ein av prestane berre ville ha vatn frå *Prestbekken* når han skulle døype born. No er bekken attmura. Han låg 300 m søraust for kyrkja. Det finst soger om prestar også andre stader i landet som berre ville ha vatn frå ei viss kjelde.

Ser ein på nytt attover i tida, finn ein at i 1596 hadde garden fått tre brukarar. I 1657 hadde ein fått fem. Den eine, Giert, var lagrettemann. Til saman hadde dei 7 hestar, 46 kyr, 37 geiter og 42 sauer.

Bruka i seinare tid har vore *Andersgarden*, *Tamburgarden*, *Davegarden*, *Nilsgarden* og *Kleivsjøen* /Kleivsjy'n/. Ein som hadde vore tambur i krigen først på 1800-talet, har gjeve namn til Tamburgarden. Tambur er eit ord for trommeslagar som har kome frå fransk, men det er kanskje opphavleg persisk. Dave er den gamle målføreforma for David. Det var der Andersgarden no er alle husa låg fram til om lag 1870.

Kleivsetra ligg på åsen nordaust for Kleivvatnet. Det er nemnt at garden hadde seter i 1723. I lang tid var ikkje setra i bruk. Andersgarden og Davegarden hadde seter på sørsida av fjorden aust

for Bordalen. (Enno i dag kallar ein også denne staden for *Kleivsetra*.) Den gamle setra vart teken opp att etter 1915, først av Tamburgarden, og så Davegarden. Det var vanskeleg med nok vatn der oppe på høgda. Meir vatn vart funne då ein mann var der og «gjekk med kløften». Også *Legerneset* og *Ytste Neset* setra sjølv sagt her. Andersgarden slutta sist med setringa. Det var kring 1950. På nordsida av setra ned mot elva heiter det *Seterbaklia*.

Kleivberget er berget sør for Andersgarden. No seier visst somme *Kleivhaugen*. Aust for berget var teigen *Bergeteigen*.

Her i området var òg *Karvibakken*. Karvi er målføreforma i denne landsdelen for det som i ordbøkene heiter karve. Av denne krydderplanta batt dei småe kjerv (buntar) som dei tørka når dei i slåttonntider tok ho inn. Frøa var einaste krydderet for folk flest. Presten Hans Strøm på Sunnmøre skriv midt på 1700-talet at karve var salsvare. Enno finst det dei som ikkje er frå garden som kjenner dette namnet.

Fokkå var eit lite jordstykke ikkje langt unna. Det var lett å trive til ei slik samanlikning, for segl var kjende ting.

Stauåkerattlegå er ei attlege nedanfor stova i Andersgarden. Som ein ser heitte åkeren før i tida *Stauåkeren*. Før i tida tala ein om *Kleivåkrån*, og ein hadde uttrykket at det var «trongt millå Kleivåkrå». Bakgrunnen var kanskje at kornet hadde lett for å leggje seg innover den smale vegen som kom opp frå *Kleivnausta*.

Ein plass nedanfor Andersgarden var *Ivaplassen*. Han kan ha namn etter Spelmanns-Iva som budde her.

Kleivbøen låg nedanfor åkrane. Det var beite- og småhøymark. Seinare vart det dyrka. Ein hadde ein åker som heitte *Langåkeren* her i noko nyare tid.

Kleivbrua er bru på riksvegen over *Kleivvelva*. Dette er inga stor elv. Ho har ikkje tilsig frå noko vatn. Dei vegfarande på vegen i dag legg knapt merke til at her er ei bru.

Ein har tverrvegane *Ytste* og *Nørde Kleivvegen* oppover frå Osvegen. Der den ytste (vestlegaste) går har det heitt *Vårsundet /Vårsønne/*. Ein veit at sund vart brukt om mellomrom mellom åkrar. Her kan det vere meint at det om vårane vart snøberre parti nedover når snøen bråna og det rann vatn nedover her.

Kleivhyttå er opphavleg hytte som familien Kleve som ættar frå garden, eig. Hytta har òg vore heilårsbustad. *Kleivhagen* er eit mindre bruk som no er feriebusstad.

Det blir sagt at det har stått ei smie der det heiter *Smeåkerattlegå*. Før i tida var det altså ein åker som heitte Smedåkeren.

Maskindammen er ein dam dei demde opp til drivkraft for trusking. Ovanfor Kleivhagen hadde ein *Steinteigattlegå*. Lenger oppe var *Øvre Steinteigen*. Lengst vest mot Grova-elva nede ved sjøen var det ein plass *Ivastykket*. Det skal ha vore Iver Andersen Haugteigen som budde her.

Haugteigen er bnr. 9 og er nordaust for Tamburgarden. Det tilhøyrdet bruket Skallhaugen. Stova står framleis. Det har budd folk her fram mot våre dagar.

Kvennhuset står ved Kleivvelva litt ovanfor vegen som går til Osen. Det er det einaste kvernhuset som står att i dette området. Det tilhøyrrer Andersgarden, og stod før lenger oppe. Det er sjølv sagt lenge sia dei mol her.

«Nedmed Kleivsjynå» ser det ut til å ha budd iallfall fire huslydar på 1700-talet. I 1773 mottek *Enken Gunild ved Klev-Sjøen*, *Huusmand Iver Klev Sjøen*, *Ole Andersen Klev Sjøen* og *Enken Giertrud ved Klev-Sjøen*, som var enkje etter *Erich Klev Sjøen* rug og havre. Ein må tru at desse strandsitjarane tok mykje av mat og innkome frå fjorden. Truleg rodde dei ein og annan som skulle over fjorden òg. I 1865 bur Sæmund Toresen og kona her. Han var frå Nesset. *Sjøplassen* var bnr. 4. Det er noko uvisst om dette var same plassen.

Det er slik at sjøen i bunden form eintal som sisteledd i namn langs kysten frå Åna-Sira til Nord-Noreg ofte tyder 'landingsplass'. Kleivsjøen er eit døme på dette. Her enda vegen, og ein måtte over i båt. Dei som kom sjøvegen, måtte ta føtene fatt. Her var *Kleivnausta*. Også istadgardingane hadde naust her i gammal tid. Her stod *Kleivnothuset* til for ikkje så lenge sia. Det var nothuset til til notlaget «*Kleivingan*». Det offisielle namnet var «*Kleive notlag*». Her var òg *Notvollen* der dei volla nøtene. *Kleivnotastauå* var ei notastove. Ei notastove var eit hus der notakarane kunne overnatte.

På *Mekkel-Ane-plassen* budde Mekkel-Ane.

Kleivvågen heiter vågen her. Vika innanfor var *Naustvika*. Namnet fortel om mange naust før i tida. I dag seier mange *Naustvikbukta*. (Dei to siste ledda tyder om lag det same. I språkvitskapen blir dette kalla pleonasje.)

Aust for vika vart det bygd fotballplass etter 2. verdskrigen. Ofte vart det sagt *Idrettsplassen*. No har ein også fått *Idrettshallen* og *Grendahuset*. Her sør for *Fotballplassen* har ein no fått ny skule. Han har fått namnet *Kleive skole*.

Vegen ned til *Neset /Næse/*, eller *Kleivneset* heiter *Nesavegen*. Der han tek av frå *Osvegen*, heiter det *Nesaskiftet /Næsasjefte/*.

Neset på sørsida av Naustvika er *Aurneset*. Her er nok førsteleddet fisken aure (gno. aurriði m.), og

ikkje gno. aurr m. 'grus'. Men fiskenamnet tyder han som rir over grusen.

Nesenden /Næsænninj/ er enden av neset. Her ligg det ein stor stein som er flat oppå. Dei fleste kjenner namnet *Kobbesteinen*. Kobben pla liggje på steinar. I dag ligg han så høgt at ingen kobb kan kome seg oppå han, om det er aldri så stor flod. Men i mellomalderen gjekk gjerne sjøen så høgt at dyret kunne greie det. Dette viser at namnet på denne steinen, som er så lett å få augo på, er retteleg gammalt. Først på 1900-talet mina dei *Kobbesteinen* i to. Det var meininga å bruke han til ei bryggje (kai) på Nes. Dei skulle køyre han utover på sjøisen, men det vart aldri gjort. *Litlekobbesteinen* ligg litt lenger uti sjøen. Han stikk opp på fjøre sjø. Somme har rent seg på han med båt. *Kobbesteinsgrynnå* er ei grunne sørvest for steinen. Her er det fisk å få.

Somme kallar visst heile neset for *Kobbesteinneset*. Innpå neset er det ei gravrøys. Ein kan vel stundom nemne ho som *Gravrøysa*. Ho har nok som mange andre slike røyser vorte opna. Midt på har ho ei svokk som vitnar om det.

På sørsida av neset har ein namnet *Haustkastet*. Her vart det som namnet fortel ein haust gjort eit stort kast med landnot. Det må vere nokså lenge sia, for ein veit visst ikkje noko meir om storhendinga. Fjøra her heiter *Haustkastfjørå*. Ei «notastau» (stove som notfiskarar losjerte i) stod ein gong på stranda her. Ho gjekk under namnet *Domkjerkjå*.

Klungerbukta er ei lita bukt. Klungeren veks ofte bra i fjøra. Gno. klungr har samanheng med klengje, og fortel vel at voksteren lett festar seg i den som kjem nær.

Bnr. 2 som ein kallar *Ytste Neset*, ligg her på sørsida. I matrikkelen står *Neset*. I NG blir det opplyst at bruket blir kalla Kleivneset. Det er ikkje rangt, men det er slik at heile halvøya her blir kalla *Kleivneset*. (Ættenamnet for folket frå bruka her er Kleivnes.) Roe Olsen fekk skøyte på bnr. 2 i 1862. Tidlegare tala dei mest om *Roeneset*. Mannsnamnet Roe var i tidlegare tider ein del brukt i Romsdalen.

Legerneset er lenger aust. Frå først av var det plass. I 1865 var mannen her, Ole Ottesen, 60 år. I 1879 kjøpte Ole Tomesen Ulleland bruket som er bnr. 5. Han var òg notbas.

Det heiter *Legra* nedi fjøra her. Det er førsteleddet i bruksnamnet. Leger er hokjønnord. Det ser ut til å vere ei sideform til inkjekjønnordet læger 'kvilestad'. Her har notfiskarane halde til fram gjennom hundreåra. Oluf Rygh gissar at utgangspunktet kan ha vore *Leikaranes. Bakgrunnen var då at det hadde budd spelemann her, som i gno. heitte leikari. Rygh jamfører nok

med bruket Leikarnes på austsida av Tresfjorden. Det første tolkingsalternativet er mest realistisk.

«På Leger'n» stod *Nothuset* til notlaget «*Legringan*». I siste halvdel av 1800-talet heitte laget *Oltervåg notlag* etter namnet på vågen her. Drifta stansa noko etter 1960. Bryggjå var ved Nothuset. Orkanen natta til 1. nyårsdag 1992 raserte både *Bryggjå* og *Nothuset* totalt.

Litt lenger aust har ein namnet *Gammelbryggjå*. Her var ei eldre bryggje. Ein ser steinar etter henne. *Notvollen* der dei volla nøtene, er no attvaksen. Elles kan ein nemne namn som *Legernesnauset* og *Visneshyttå*. Denne hytta bygde norskamerikanaren John Visnes i 1950-åra.

Sanden /Sa'n/ er ein sandbanke som elva har lagt opp. Så har ein namn som *Myra*, *Løken* og *Evjå* /Ævjå/. Det siste er namnet på ei evje 'vik i elv' (gno. efja f.). Her var ein plass, *Evjeplassen*, eller *Jonplassen* etter siste mannen her. Noko av stova vart bygd opp att som sommarfjøs på Øvre Skallbøen. Tamburgarden hadde ein veg her.

Slåneset er eit lite nes her ved Evjå. Førsteleddet kjem truleg av ei slå (bergeslå) 'flatvoren berghylle'. *Oltermyra* er myra vest for utlaupet av elva *Olteråa*. Lenger mot nord er *Oltermyrskogen*.

Kanalen vart graven den første tida med gravemaskiner i slutten av 50-åra. Kanal kjem frå latin 'renne', av gresk kannā 'sev, røyr'. Vatnet renn austover og ut i *Øyrtjønnå*. Før i tida var det skeiseis her, men no er ho mykje attvaksen med røyrgras. Tjørna ligg der det heiter *Øyrin*. Namnet er fleirtal bunden form av øyr (gno. eyrr f.) 'sand- eller grusslette'.

Avholdshyttå vart bygd ikkje lenge etter krigen av eit fråhaldslag. Seinare har det vore fleire private eigarar.

Nedanfor hytta er det ein høl i elva som heiter *Falitterhølen*. Namnet er vanskeleg å tolke. To gitar drukna her sist på 1800-talet. Dei sette seg visst fast i kvikleira på botnen. Året etter «rønte» hølen att slik at han ikkje vart så djup som før. I gno. har ein orda *fōl-leitr* 'bleikleitt' og *fōl-litaðr* 'bleikleita'. Dette kan vere bakgrunnen for namnet. Botnen er bleikgrå. Floda går oppi hølen.

Mindor Bolsø som dreiv trykkeri på Molde, bygde seg hytte etter krigen. Bolsø var òg oppfinnar og hadde vore fange i Tyskland. Sjølv om han døydde kort tid etter at hytta stod ferdig, har ho i ettertid vorte heitande *Bolsøhyttå*.

Aust for Bolsøhyttå kjem *Styggedalsgrova* ned gjennom *Styggedalen*. Namnet kjem nok av at dette er ein djup bekkadal. Mindor Bolsø bygde ei lita gangbru over *Styggedalsgrova* der han gjekk ned til hytta. På eit skilt festa til brua skreiv han

Rubicon. Han må ha tenkt at eit høveleg namn på grova var namnet på denne elva som Cæsar kryssa etter å ha sagt orda som sia har levd i verdshistoria: «Terningen er kasta.»

Ikkje mykje lenger aust er *Oltervågbrua*. Ho vart bygd då *Nyvegen* kom i 2.verdskrigen. Til dagleg kallar dei som bur nærast brua for *Nybrua*. Då brua kom her, danna det seg ein stor og djup høl nedanfor. Her hadde ikkje vore nokon høl tidlegare. Han heiter *Nybruhølen*.

Solheim er bnr. 10 under Kleive. Etter at vegen forbi her var ferdig, fekk O. Næss skøyte på bruket i 1891. Han dreiv landhandel her nokre år. Ein av sønene var matematikaren Almar Næss. Namnet Solheim er eit laga namn frå denne tida (papirnamn). Det er ikkje så vanleg at slike namn blir mykje brukte, men dette vart teke i bruk. Ein veit at dei gamle heim-namna er over 1000 år gamle. Dette er altså eit nylaga namn over gammal lest. Heile bygda veit kvar Solheim er. Sjølv elva både ovanfor og nedanfor bruket blir kalla *Solheimselva*. Bakken på vegen vest for bruket heiter *Solheimsbakken*. Også ein bakke øvst på dyrkamarka har bore det namnet. Dyrkamarka har ein kalla *Solheimsattlegå*. Mange fargerike personar har vore eigarar av Solheim det siste hundreåret. Brua på vegen over elva sør for bruket er *Solheimsbrua*. Den første brua her vart sett opp i 1880-åra. Det var veg (buråk) frå Solheimsbrua, opp gjennom Hagen, med passasje mellom Nedre Skallbøen og Lykkjebøen og opp gjennom Tjørsskaret. Dette har no vorte avskore av nydyrking og kanalar.

Kleivsjøfjosen var sommarfjosen til Kleivsjøen. Han låg tett aust for Solheim.

Skalle

Tunet på gnr. 71 *Skalle* låg på ei høgde som kan likne på ein hovudskalle. Men skalle blir i stadnamn òg brukt om ei tørr, steinut høgde. I gno. hadde ein ordet skalli m. Ein må rekne med at ein gard som ligg på ein slik stad og med så stor utmark går attende til førhistorisk tid. Ein kan rekne med at det var fleire bruk her i høgmedalderen, men det ser ut som det vart folkelaust etter manndauden. I 1520 finn ein ingen skattebetalar. I 1596 har ein fått to brukarar att, Iffr og Helgie Skalle. Den siste har ei flaumsag med årsskurd på 50 tylfter bord. I 1611 er også ein «Find hos bøen» nemnd. Han bur gjerne på det som seinare har heitt *Skallbøen*. Her kan også føre manndauden ha vore busetnad. Høge åkerreiner er å sjå.

Ein får innsyn i at usemje kunne det vere på



Det gamle tunet på Skalle opp til venstre 1962. (Widerøe/Romsdalsmuseets fotoarkiv 088483)

Skalle som andre stader. I 1611 hadde det kome to husmenn på garden. Den eine, Anund, og ein dreng på garden rauk saman. Anund måtte betale 10 dalar for knivstikking. Drengen måtte betale 4 dalar for at han slo husmannen så blodet skvatt. Dette fortel sakefallsrekneskapen. Hardt å betale så store bøter vart det iallfall.

I 1657 er det to brukarar. Den eine er enkje. Til saman har dei heile 5 hestar, 23 kyr, 17 geiter og 21 sauer. Det ser ikkje ut til at Sifwar Halfwarson Skalle kom att etter å ha vorte utskriven til svensk krigsteneste i 1658. Ein finn han ikkje i seinare manntal.

I dag er det ikkje gardshus i det gamle tunet, men fleire bustadhus. Otto Midthaug sette namnet *Ararat* på huset sitt som ligg her på toppen. Den gamle vegen som fram til litt føre 1910 gjekk på nordsida av kyrkja, gjekk over toppen her. Han heldt fram austover gjennom det gamle tunet «i Lykkjen».

Stabburet som stod i det gamle tunet oppå *Skallbakken*, står no på Romsdalsmuseet.

Den brattvorne bakken nedanfor heiter altså *Skallbakken*. Nedanfor på flata er *Skallvollan*. No er det oppdyrka her. I 1865 var her plass. Mannen og kona var Ole Olsen og Ingeleiv Olsdotter. Dei hadde 5 born. Truleg flytta somme av dei til Kristiansund. Der finn ein ættenamnet Schalde. Det har utgangspunkt i Skalle. Her i bygda er ættenamnet skrive Skalde. Det kan nemnast at det vart sparka fotball «på Skallvollå» før ein fekk fotballplass. Det blir fortalt at folk på kyrkjeveg ein søndagsmorgon møtte ein namngjeven gut frå Istadbygda. Han gjekk «på labbå», og i hendene bar han to skolorver. På spørsmål om kva han hadde vore ute for, var svaret: «I he spent fotball på Skallvollå i heile natt.» Nedanfor Skallvollan er *Vollaberget*.

Flatin /Flatinj/ var bnr. 1 under Skalle. I 1773 mottek enkja Ingeborg Flotten (Flaten) korn. No er

bruket gått inn under Inner-Romold. Husa er rivne. I matrikkelen står Flaten. Det er feil i NG der det står at uttalen er Flata. Namnet er bunden form fleirtal av hokjønnsordet flat. Den tida det var gardsbruk, vart dativforma mest brukt. Det er slik at daglegtalen hadde mest bruk for seiemåtar med «på Flatå».

Tidlegare var det mykje tale om *Småskogan*. Som ein forstår var her småskog. Det er skog med småe dimensjonar. Så fekk ein bustadhus her, og etter kvart ein stor fabrikk. Fabrikken har det offisielle namnet «Brødrene Midthaug A/S». Det første fabrikklokalet vart bygd kort tid etter 1950 vest for Inste Kjerkjegarden. Det kunne bli sagt at Midthaug-brørne heldt til på «Gravens rand».

Bruket *Skallhaugen* har fram til våre dagar vore kalla *Høgghaugen* etter haugen ovanfor bruket. I tidlegare tider fanst det dei som brukte Høgghaug som ættenamn. Det er Skalde og Skaldehaug som har vore brukt som ættenamn i seinare tid.

Bruket som blir kalla *Haugen* /Haun/, ligg austanfor med fint utsyn over bygda, fjorden og fjella. Det er lenge sia her budde folk heile året. Før i tida kalla dei bustaden for *Dætt-dætt-haun*. Det var visst mannen her dei kalla Dætt-dætt på folkemunne. (Austover i bygda herifrå har det fram mot våre dagar vore slik at mang ein person fekk eit tilleggsnamn.)

Anfinnstykket er ikkje nemnd som husmannsplass i 1865, men mannen her skulle vere ein overlag god rosemålar, av dei beste som fanst heromkring.

Erekbøen var eit område som må ha vore bøen (marka) til ein som heitte Erik. Uttalen var Erek.

Josteingarden var ein steingard. Det kan ha vore ein Jo som mura steingarden.

Ura var eit lite bruk. Ein veit ikkje om det først var husmannsplass. Namnet kjem frå bratta ovanfor bruket. No er det berre murar etter bustaden å sjå. Eit skar i lia ovanfor er *Uraskaret*.

Knutledet /Knutle'e/ er eit led som har mannsnamnet Knut som førsteledd.

Hagen er eit stort område nedanfor dyrkamarka som tilhøyrrer Skalle og Lykkjå.

Skallbøen er bruk under Skalle. I dag er det tre bruk. Ein veit at Skallbøen var eige bruk langt attende i tid, iallfall frå 1700-talet. Bruka i dag blir kalla *Oppå-Bønå* og *Nedpå-Bønå*. Dei ligg lengst aust. Vestanfor er *Ytste Skallbøen*.

Grova fossar i bratt lende forbi Skallbøen. *Ytste* og *Inste Bakken* er bratte attleger. Høge reiner i nedste kanten fortel om høg alder på åkrane som var her. Ei anna attlege var *Gammel-Bøattlegå*. Det har vore sagt at ein som vart kalla Gammel-Bø hadde kårteig her.

Innlegget er ei så bratt attlege at det er uråd å

køyre her med noko som har fire hjul. Eit anna namn på same attlege er *Langremså*. Ho er lang og smal. Hokjønnsordet remse om strimle har truleg samanheng med reim. Ordet kjem frå tysk.

Ein brunn heitte *Smibekken*. Det har nok vore smie her.

Olufinebakken /Olefinebakkjinj/ var ein hoppbakke der ein kunne hoppe 10-15 m. Her var det hopprenn for dei yngste elevane ved skuleskirenna for Groven skule i 1950-åra. Bakken var lengst vest på dyrkamarka på Ytste Skallbøen. Det var nok ungane som la på namnet etter kona på Ytste Skallbøen. Olufine budde her fram til om lag 1950. No bryr ikkje ungar seg om å byggje hopp i Olufinebakken. Dei eldste elevane hoppa i *Lykkjeura*. Dette var òg ein naturleg hoppbakke. Ein kunne hoppe så vidt over 20 m. Han låg lengst vest på garden Lykkjå sin grunn. No er han for lenge sia attvaksen.

Namn i Skall-lia og der omkring

Oppå fjellet har ein som før nemnt namnet *Skallelva*. Dette er det namnet som kleivingane bruker. Det blir mest brukt om elvelaupet austover frå der tverrelva *Trollåna* kjem ned frå nord. Men elva har òg vore kalla *Storelva*. Gerhard Schøning skriv i 1770-åra om Silsetvatnet der elva kjem frå at «af et høiere Vand paa Fiældet Lille Vatne kommer Lækes-Aa; denne løber i Silsæt-vatn, som er meget fiskerigt, og derfra løber *Vats-Elva* over til Romsdal. I denne Elv er Perle-Skiel. (Elven kaldes almindelig Opdøla)». Ein ser at dei må ha sagt berre *Vatnet*. (Silsetvatnet som i dag er det vanlege namnet, er det nok folk lenger unna som tok til å bruke. Dette var vatnet som låg nærast Silset.) Ein forstår at relasjonsnamnet *Vasselva* ikkje er noko gammalt namn når ein ikkje har åa som sisteledd som i Leikjesåna. (Batnfjordingane seier Leikjesåa.) Vatnet som batnfjordingane kallar *Litvatnet*, kallar romsdalingane oftast *Nåstadvatnet*. Ikkje langt frå vatnet har Nåstad seter. Vatnet (Silsetvatnet) kan ha hatt eit eldre namn, men så tok dei i daglegtale berre til å seie Vatnet, og så gjekk det gamle namnet etter kvart or bruk. Kanskje det kan vere ein samanheng mellom førsteleddet i *Leikjesåna* og eit slikt gammalt namn på vatnet. Ein får av Schøning vete at dei på hans tid kalla nedste delen av elva for *Oppdøla*, og slik har det visst vore fram mot våre dagar. (Men no er det mest *Oppdøselva* som blir brukt.) Dette namnet må ha vorte lagt på av folk ved nedste delen av elvelaupet. Tydinga er elva som kjem ovanfrå dalen. Men namnet er sjølv sagt gammalt. Det forstår ein når ein veit at den gamle garden *Oppdøla* ved utlaupet har fått namn etter elva.

Det er ikkje merkeleg at Schønning nemner perleskjel. I våre dagar veit naturgranskarane at desse skjelene er mykje merkelege. Dei lever i samspel med krede /kre'e/, og vatnet må vere reint. Såleis er desse skjelene vekomne i mange elvar. Ein veit at dei kan leve i bortimot 300 år. Frå gammalt var perlene som vart danna av sandkorn som kom inni skjela, like verdfulle som diamantar. Den svenske biskopen Olaus Magnus har på kartet Carta Marina frå 1539 tilvising til elvar i Finland med perleskjel. Her i landet kjenner ein til leiting etter perler frå Kristian 4. si tid. Denne kongen var mykje oppteken av å få tak i desse verdfulle glimesteinane. Dette var så viktig at perlefangarar kunne sleppe å bli utskrivne til soldatar. Frå slutten av 1600-talet fekk dei danske dronningane monopol på elveperlene. I dei danske kronjuvelane er det elveperler frå Noreg, men dei er visst ikkje frå Skallelva. I ein artikkel i «Gjemnesminne 1979» omtala Sigurd Bjerkeset elva som *Gullperleåa*. Men av gull var vel ikkje perlene. Folketrua ville ha det til at den beste tida for perleleiting var jonsoknatta. Ei segn fortel at ein som leitte etter perler i elva, forsvann. Ingen såg han meir. Einkvan som visste at han hadde perler, kan ha kverka han. Framleis finst det skjeler i elva, men talet på dei må ha minka mykje. Også elvar som Olteråa og Oselva har hatt slik skjel fram mot våre dagar.

Heile den store lia nord for elva heiter *Skall-lia*. Desse namna viser at garden i gammal tid rådde grunnen i dette området. I grenseskildringa frå 1658 står det at grensa mot Nordmøre går over «norderste ende i høyeste Skallij». På kartet frå 1870-åra står *Skaldlia*. *Nørdeste Skall-lienden* og *Ytste Skall-lienden* er austenden og vestenden av Skall-lia.

Skallsetra låg på ein fin, tørr stad. Sjølv om her måtte vere bra beite, vart ho visst tidleg nedlagd. I flaum kunne nok Skallelva vere lei å kome over. (Det var meir vatn i elva føre kraftutbygginga.) Sør for setra er *Skallvadet*.

Skalløyna og *Liaøyna* er halvøyar ved elva der ho svingar.

Egeltjønna er ei tjørn der det må ha vore igler som kunne brukast til å syge ut vondt blod på kroppen. No er det ikkje igler å sjå i denne tjørna. Denne runde tjørna kan vere farleg for folk og krøter. Det er hengjedike her. Ho ligg søraust for der Skallsetra var, ikkje langt frå Skallelva. (Sjå elles artikkelen «Namnet Egeltjønna og mangt anna om igler» i RSÅ 1997.)

Vinbekken var ei oppkomme. Ho var så sterk at ho rann over *Nordmørsvegen*, opplyser Helge Bratset. No er ho øydelagd av skogsvegen. (Bekk blir altså brukt om brunn og kjelde i talemålet.) Førsteleddet

vin fortel om godt vatn. I gammal tid vart vin sett på som den finaste drykken. Det var mest storfolk som leska seg med vin. (Sjå elles artikkelen «Særmerkte oppkommer» i RSÅ 2004.)

Den før nemnde *Nordmørsvegen* var ein gammal veg som gjekk over fjellet til Batnfjorden. (No for tida er det ikkje så mange som har den gamle uttalen /Nårmær/ om Nordmøre lenger.) Somme stader kan ein sjå vegfaret slik som i *Bakliskaret* sør for Skallelva. Lia her på sørsida av elva heiter *Baklia*. Også her i *Baklia* var det ei oppkomme attmed Nordmørsvegen. Ho heiter *Syrblandholå* /Syrblannhåål/. Det blir fortalt at ein som skulle blande syre til drykk for slåttefolket, var ein slik tosk at han slo syra i oppkomma i staden for å ta vatn or oppkomma. Ein annan variant av segna er at ein tenar på Skalle var så lei av å hente vatn til å blande ut syrblende (tørstedrykk) at han slo mjølkesyra i oppkomma. Ein kan iallfall slå fast at gode oppkommer langs vegane var gode å finne når sola stakk i skallen på ferdafolk.

Botnlausmyra var ei myr som dei meinte var botnlaus. No veit ein visst ikkje akkurat kvar denne myra er.

Kleivbytet er eit større område enn sjølve bytet (bytelina). Dette er ein teig. Slik nemningsbruk finn ein nokre stader i kommunen. Det skulle vere 3-4 eigarar om same myra.

Øverbøen hadde eit slætte som vart kalla *Øverbøslættet* lengst aust i Skall-lia.

Hjellia omfattar eit stort område. Kanskje namnet fortel om at det har vore tjørhjellar her. *Hjellmyra* er nord for Hjellia. Toppen her er *Hjellhaugen*.

Styggelia fortel at lendet ikkje er så fint. Her er ein teig som heiter *Storløteigen*. Namnet fortel at her må ha vore ei høyløe som dei kalla *Storløå*. Så er det ei lita myr som heiter *Mosemyra* /Måsemyra/. I dette området uttalar dei namnet på fuglen og voksteren likeins. Her har ein med voksteren å gjere. Her er eit tjukt lag med kvit mose, opplyser Helge Bratset.

Kråkvåtå er ei våte. Det kan altså vere våter også andre stader enn nedanfor fjøsar. Helge Bratset opplyser at her var alltid vatn, og at kråka drakk her. Litt merkeleg er det at ein ikkje har forma Kråkevåtå med komposisjonsvokalen e som i kråkereir. Denne fuglen treng vel ikkje vatnet på ei heil våte for å bli utørst. Kan det vere kråke f. 'sinder (slagg)', og at det då er tale om det raudblåe belegget på vassdammar som fortel at myra inneheld myrmalm? Nordafjells kjenner ein til at kråke har vore brukt om slagget, avfallet i smia, men ein veit ikkje om at nemninga har vore brukt i dette området.

Varglennå er altså ei glenne (ope område i

skogen). Ein veit at vargen likte seg best i ope lende. Han likte ikkje trekrone over seg. Varsam var han òg med å gå under snorer. Slik laga dei stengsler for han. Som ledd i stadnamn finn ein her i Romsdalen mest ordet varg. Men i vanleg tale vart dyret mest kalla gråbein i tidlegare tider. (Sjå elles artikkelen «Ulvestover» i RSÅ 2007.)

I *Gjerdteigen* var det kanskje Romoldgjerdet som slo. Lenger nede heiter det *Gjerdbotnen*.

Ei glenne heiter *Slipsteinglennå*. Her stod nok slipsteinen når dei slo. Namnet kan ikkje vere eldre enn frå den tida dei tok til å bruke ljåar som dei slipa. Det byrja dei med på 1800-talet. Før den tid glødde dei ljåen, og egga vart så hamra ut med pennen på ein hammar. Så kveta dei ljåen, altså brukte bryne. Desse ljåane vart kalla dengsleljåar eller tynsleljåar.

Småliin /Småliinj/ er lier som korkje er høge eller store. *Smålimyran* er nedanfor. Namnet Smålimyran er nemnt i målføreprøva frå Kleive i den før nemnde boka til professor Beito. Det blir fortalt at kyrne på Ytter-Romold hadde ein tendens til å reise til fjells om haustane når dei hadde ete opp hågraset. Kyrne som var saman med ein stor okse, kom ikkje heim om kveldane. « So ha dei lakt se i markjiny oppå Smålimyrå, å oksinj, hanj sto vakt fær kunå. Å oksinj vart so galinj når karanj kåmm, at dei kunnje kje kåmme attåt kunå.» Dei måtte reise heim etter dottera på garden, Mali, som hadde stelt dyra. Så heiter det: «Ho sat på hæsteryggja å låkka på kjyn, å då reiste dei se å følte na. Det va bekenes mørt. Kjyn følte ette okså, å hanj jekk nerast hæna.» Dette er ei lang ferd når ein veit at Smålimyran er langt oppi Skall-lia. Dei måtte over Skallelva, som det blir opplyst, gjekk strid.

Gjennom *Buskaret* fór gjerne buskapan. Helge Bratset hadde sett ei hole som var steinsett. Det kan ha vore ei dyregrav. *Buskarhaugen* er ein haug aust for Buskaret.

Der det heiter *Gamle Romoldsetra* må Romold ha hatt seter ein gong atti tida. Her er ei god oppkomme, seier Peder Groven.

Trollåna kallast *Nordmørsløken* når ein kjem opp til nordmørsbytet oppi Skall-lia. Her er flatare og meir myrlendt. *Trollåna* /Treilljåna/ er ikkje nokor skråmande elv. Truleg har det knytt seg segner om trollskap til elva, men dei er visst for lenge sia gløymde. Der ho krockar seg fram, heiter det *Elvakrokan*. *Svarthølen* er ein høl i Nordmørsløken.

Trollåteigen er ein teig vest for Trollåna. I eit dokument frå 1860 er namnet nemnt. *Midtholå* er ein stad i nærleiken. Ein holme i Skallelva vest for utlauptet av Trollåna har vore kalla *Kuholmen*.

Høljemyra er ikkje så langt frå elva. Kanskje dei har kalla det Høljan i elva nedanfor myra. Iallfall var

det høljær her. Det er ei eldre talemålsform for hølar. Vestanfor denne myra var *Vasslislætta*. Namnet på desse slætta er relasjonsnamn til *Vasslia*.

Lykkjå

Gnr. 72 *Lykkjå* ligg mellom Skallbøen og Brattset. Det er vanskeleg å seie om garden er utskild frå Skalle eller Brattset. Som namnet fortel har det vore ei lykkje 'inngjerding for krøter' frå først av. Det er vanskeleg å vite om garden er frå føre øydetida. Det kan godt ha vore busetjing her føre manndauden. Det gamle tunet ligg høgt og fritt med framifrå utsikt mot sørvest - sør og aust. Det er naturleg at det var beiteland her i øydetida. Garden er ikkje nemnd før i 1621.

Ordet lykkje f. (gno. lykkja f. 'inngjerdt jordstykke' er laga til verbet lúka 'late att'. Ein finn ordet i mangt eit gardsnamn på Austlandet og i Trøndelag. Her i distriktet er det ikkje så vanleg, men uvanleg er det ikkje.

I 1657 har brukaren 1 hest, 6 kyr, 6 sauer og 6 geiter. I 1723 er det opplyst at folket her kunne ta noko sild i vågen (Oltervågen) nedanfor garden.

Den gamle dyrkajorda låg for det meste nedanfor husa. Her er det retteleg bratt. Ein kallar det *Lykkjebakken* her. Den gamle bygdevegen gjekk gjennom tunet «i Lykkjen». Så vart vegen flytta ned dit riksvegen går i dag. Bakar Emil Naas som var eigar på 1930-talet, bygde nye hus med stove ovanfor vegen og løe nedanfor. Stor trafikk gjorde dette upraktisk. No er alle husa nedanfor vegen. Der dei gamle husa på garden stod «oppå Lykkjebakkå», heiter det *Lykkjetuftin* /Lykkjetøftinj/.

Lykkjebøen var husmannsplass i 1865. Der budde Iver Christensen. Han hadde ikkje etterkomarar, og plassen gjekk attende til garden. I dag er Lykkjebøen eit bruk. Haugane ovanfor Lykkjå blir av bygdefolket kalla *Lykkjehaugan*. Går ein lenger attover, kjem ein til *Løkan*. Herifrå kjem vatnet i Kleivelva. Her er òg *Løkmyra*.

Det må helst ha vore ein tjørhjell ikkje langt frå den litle tjørna som heiter *Hjelltjønnna*. Her er òg *Hjelltjønnmyra*. På *Skjåhaugen* har det truleg vore ein torvskjå. (I gno. hadde ein ordet skjå f.) Det er om lag det same som skur.

Tjørsskaret /Tjørsskare/ er skaret mellom Skallbøen og Lykkjå. Namnet er sikkert gammalt. Her var råk. Nokor sikker tolking av namnet er vanskeleg å finne. Ein kunne setje førsteleddet til tjør 'graokse'. (Alv Muri er inne på at Tjørsundholmen aust for Ålesund kan ha heitt Tjøren/Tjøren, altså oksen.)



Skallbøen (t.v.), Lykkjå, Brattset, Nerlia og Øverlia. Oltervågen i framgrunnen. 1962. (Widerøe/Romsdalsmuseets fotoarkiv 088428)

Kanskje dei hadde graoksar i skaret her. Nord for dette skaret er *Løkmyra*.

Lykkjehjellen var truleg ein tjørhjell som Lykkjå hadde. Der det heiter *Revhiet* har det vore revhi. *Skall-løken* er løk, og *Skitneskaret /Sjetneskare/* er eit skar der det er blautvore, gjørmut.

Bolletehaugen er rundvoren og liknar ein bolle (gno. bolli m.). Her er òg *Bolletehaugmyra* og *Bolletehaugskaret*.

Namnet *Lykkjeseterhaugen* må vere minne om den gamle *Lykkjesetra*. Bolsøyboka opplyser at setra vart nedlagd på slutten av 1700-talet. Seinare har garden hatt seter på Langlia.

Brattset

Gnr. 73 *Brattset* er ein av dei mange set-gardane som finst her på Nordvestlandet og i Trøndelag. Ein ut-talar namnet Brassæt. Ein finn same gardsnamnet m. a. i Rennebu og i Surnadal og Halså kommunar. Ein reknar med at set-gardane jamt over er noko yngre enn staðir-gardane. Det ser ut til å vere stor skilnad på storleiken når det gjeld set-gardane. Truleg fekk ein desse namna i vikingtida og framover til litt ut i kristen tid. Ein finn ikkje set-namn på Island, men mange staðir-namn. Årsaka kan vere at det også var ein del småbruk med set-namn.

Landnåmsfolket ville nok som folk i dag ha «fine» namn.

Det er bratt på Brattset. Også tunet er bratt. Ein ser også i dag at dette er ein gammal gard. Dyrkajorda ligg der ho har gjort langt attover i tida. Husa er i gammal stil med utgammalt stabbur og eldhus. Eldhuset var visst frå først av stove.

Som mange andre set-gardar fekk garden ei lang øydetid. Ein finn han første gong nemnd i skrift i 1608. Den gongen var Iffuer Bragsett leiglending med 1 tynne korn i kongetiende. I 1657 har brukarane Mogens og Anders kvar sin hest. Til saman har dei 19 kyr, 14 geiter og 21 sauer. Garden har ikkje kvern. Dei kan fiske litt sild i Oltervågen. Det er «de Velb. Roesenkrandzer» som er eigarar. Peter Nikolai Møller er den siste eigaren før garden går over i sjølveige i 1797.

Kår-Brattset er ein eigedom der det ikkje er hus i dag. Dette var kårstykke. Så vart ein av sønene gift på Inner-Romold. Denne garden eig i dag eigedomen. Det budde folk her ut på 1900-talet.

Som ein ser av namnet var *Brattsetgjerdet* først krøterbeite (inngjerding). Så bygsla Lasse Olsen her for to mannsaldrar. Seinare bygsla ein halve plassen, men reiste så til Amerika. Plassen gjekk attende til garden. I 1912 vart garden Brattset delt mellom to brør. Brattsetgjerdet vart bnr. 2. Husa vart bygde der husa på plassen hadde vore.

Holå var ein husmannsplass som var heller stor,



Brattset, bruk nr. 1. 2007. (Foto Johnny Bratseth 0016586)

for dei fødte 1 hest, 2 kyr og 15 sauer. Dei sådde 3 tynner havre og sette 2 tynner poteter. Ole Eriksen, f. 1818, hadde plassen i 1865. To av borna reiste til Amerika, og plassen gjekk attende til garden. No er det to bustadhus her.

Der det heiter *Brattsetbøen*, var det òg husmannsplass. Det var Ole Iversen, f. 1808, som bygsla her. Den yngste sonen overtok. Han var rivmakar, men arbeidde òg ljåsorv. (Ljåsorv er skaftet på ein ljå.) Son hans flytta til Eikrem. Rivmakaren enda sine dagar på Gammelhjemmet i høg alder.

Lia

I NG står det at garden blir kalla Nerlia. I dag blir det mest sagt berre *Lia*. Garden er nemnd så tidleg som i 1610 som Lien. Utover på 1600-talet finn ein skriftformer som Bøgdeli og Bøgdelien. Dette er gjerne for å skilje garden frå Langlia oppå fjellet. Av dette ser ein at dei truleg den gongen sa bøgd, og ikkje bygd som ein gjer i dag. I 1657 hadde brukaren Anders 1 hest, 9 kyr, 9 geiter og 9 sauer.

Som namnet viser var bruket som i daglegtale blir kalla *Kårlia*, frå først av kårstykke, altså jordstykke for føderådsfolket (kårfolket). Her var konfeksjonsverkstad i fleire tiår fram til 1950-åra.

Liahaugen var husmannsplass. Ole Ellingsen, f. kring 1818, og kona Ingeborg Olsdotter, f. 1832, hadde berre 6 sauer. Den eine av dei tre borna, Knut, vart buande åleine på plassen. Om vintrane var han på

skogsarbeid. Om somrane braut han jord. Han fekk diplom og ein pengesum frå landbruksselskapet. I Bolsøyboka kan ein lese at han gjerne gjekk heim frå Molde sjølv etter at det hadde vorte bussrute. Til slutt greidde han seg ikkje heime og vart send på Gammelhjemmet der han døydde kring 1945.

Reinå som frå først av var husmannsplass, har fått namn av at det er ei reine her. Anders Andersen som i 1865 er 56 år, kan ha byrja her i 1830-åra. Kona var søster til gardbrukaren. Plassen var stor, for dei hadde 1 hest, 3 kyr, 12 sauer og 1 gris. Anders kjøpte plassen i 1867. No er dette bnr. 2. Matrikelnamnet er visstnok Liabø, men dette namnet blir ikkje brukt i talemålet.

Liabakken er ein bratt bakke ovanfor husa som står i dag. Her er tufter etter gammelhusa.

Der det heiter *Liadammen* var myra oppdemd med jordvoll. Dei brukte vatnet i bekken til trusking o. l.

Øverlia

Gnr. 75 *Øverlia* er ein brattlendt gard som ligg oppå eit platå med vidt utsyn over fjord og fjell. Dyrkamarka er ikkje vid, men sola steikjer godt i dei bratte bakkane. Den første tida etter at det atter vart folk att etter manndauden, ser det ut til å ha vore ein gard som dei kalla Lia mellom Brattset og Istad. I 1554 er nemnt ein Amundt i Liidt. I 1657 har brukaren på Øverlia 2 hestar, 9 kyr, 7 geiter og 11 sauer.

Nedanfor garden var det ein plass som heitte *Lykkjå*. Ein veit visst ikkje stort om folket. Dei hadde ikkje born. Åkeren som var der plassen hadde vore, vart kalla *Lykkjeåkeren*.

Stien var ein husmannsplass aust for garden. Namnet kjem nok av at det gjekk stig forbi her. Erik Pedersen, f. 1819, var gift med Karen Knutsdotter, f. 1835. Dei hadde berre ei ku og sette lite grann potet. Borna reiste ut. Knut, ein av sønene, kjøpte Melby på Mjelve. Dette var ein flink snikkar som arbeidde skyssvogner. Seinare flytta han til Eide på Nordmøre.

Åkeren sørvest for husa på Øverlia var *Storåkeren*. Vegen opp på Øverlia kallar ein *Øverlivegen* /Øverlivein/.

Haugen ovanfor garden blir av bygdefolk kalla *Øverlihaugen*. Lenger nede er *Gjerdhaugen* /Jerhaun/. Det har vore inngjerdt for krøter oppi her. Lenger mot nord kjem ein til *Høgghaugen*. Dette er vest for sørenden av det som no heiter *Dammen*. Istad kraftselskap demde opp elva her. Det gamle namnet var *Høljan* (fleirtalsforma av høl i stadnamn). Her var fleire hølar. Namnet *Dammen* har teke over, men enno er namnet *Høljan* kjent i bygda. Her på vestsida er òg *Småliin* /Småliinj/. Små er fleirtalsform av liten.

Ein har *Ytste* og *Nørde Stygghaugen*. Sør for haugane er *Stygghaugdalen*. Dalen endar i *Stygghaugdalsbukta* i *Dammen*. På nordsida renn *Stygghaugløken* austover og endar i *Dammen*. I Istadbygda har ein fram til våre dagar hatt mykje itakisme (i kjem i staden for y). Ein seier stigg.

Smørberget er på vestsida Ytste Stygghaugen. Truleg fortel namnet om leten på berget. Den gamle uttalen av smør var smær. Dei sa /Smærbærje/. I gno. vart ordet skrivi smjør. No seier dei fleste smør. Smær blir rekna som stygt. Nordmøringane har halde betre på den gamle forma smær. Ein kan ikkje sjå heilt vekk frå at namnet har bakgrunn i ei ofring av smør. Dei kan ha smurt smør på berget for å auke seteravdråten.

Namnet *Liahjellen* fortel truleg om ein tjørhjell. Segna fortel at ei som heitte Eli drukna i løken som etter ulykka vart heitande *Eliløken*. Det er lenge sia dette hende. Det kan ha vore flaum då gamle Eli bleiv. Før i tida uttalte dei kvinnenamnet Eli med tjukk l.

Storledbakken /Storlebakkjinj/ er ein bakke på veggen som har namn etter ledet som vart kalla *Storledet*.

Eit nes på vestsida av *Dammen* heiter *Fiskarneset* /Feskarnæse/. Eit anna er *Langneset*.

Der det på *Setervegen* heiter *Kvilaren*, er det nokre steinar som budeiene kvilte seg på. Det var

om morgonane når dei bar heim mjølka på børtre, dei hadde trong for å setje seg ei ri. Dei kalla visst òg steinane for *Kvilaran*.

Der det heiter *Seterskiftet* tek veggen til *Liasetra* av. Hovudveggen oppover har vore kalla *Anleggsvegen*. Han vart bygd i 1934. *Seterbakken* er ein bakke på veggen nedanfor *Liasetra*.

Øverlisetra er nemnd i 1723. Ho var lenge i bruk som mjølkeseter. Tidlegare var ho sommarseter. Dei slo setervollen og vidare omkring. Det kunne visst til saman bli 15-16 lass. Høyet hadde dei i løe.

Høljeslættet var eit slætte som Øverlia hadde, men som no er neddemt. Her slo ein tidleg, med det same ein var ferdig med langhøyet. Oftast hadde ein to-tre stakkar kvart år.

Garden hadde òg eit slætte i den nordaustlege enden av Skall-lia som heitte *Skall-lislættet*. Der hadde ein løe, og slo halve slættet i årbyte. Det var nokså langt til dette slættet. Dei slo på fjellet i om lag ein månad kvar sommar. Mat og klede køyrde ein på tremislede, eller ein kløvja det på hesteryggen. Mesteparten av den dyrka jorda heime var åker, så fjellhøyet var ein stor part av vinterfåret.

*Øverlitjønn*a er ei tjørn i Nørde Skall-lienden. Ho låg på Øverliegedomen. Men etter utskiftinga gjer ho ikkje det.

Amundsgarden

Den gamle uttalen av namnet på gnr. 76 er *Ummunsgar'n*. Førsteleddet er mannsnamnet *Ummund* som i gno. vart skrivi *Øgmundr*. Då ein for vel hundre år sia samla inn opplysningar til NG, var den gamle uttalen av gardsnamnet einerådande. No kan ein ofte høyre Amundsgarden, og til og med Amundsgården. Slektsnamnforma er Amundsgård. Ein ser at gardsnamnet vart skrivi «Wid Elffen» i 1669, og «Wedelfven» i 1723. Dei må ha kalla garden «*Attmed Elven*». Han ligg heilt attmed Istadelva (Olteråa) på vestsida. Lengst aust i Skall-lia er det ein liten hammar som heiter *Ummundhammaren*. Dette er ikkje så langt frå der *Gamle Ummundsgardssetra* var. Skattelister o. a. viser at det har vore fleire med namnet *Ummund* framover på 1600-talet. I 1665 er Siffuer Amundsen 28 år. Kanskje var far hans som levde i første halvdel av 1600-talet, den første *Ummund*. I skrift brukte dei skrivande sjølv sagt den danske forma *Amund*.

Amtmannen melde til det danske kanselli i 1743: «Wedelvns saug øde.»

I 1657 var det 2 hestar, 13 kyr, 10 geiter og 12 sauer på garden.



Amundsgarden midt i bildet og Sagbakken lengst t.h.. Øverlia oppe t.v.. Me skimtar også husa i Høystakkli høgt oppe i skogkanten. (Widerøe/Romsdalsmuseets fotoarkiv 088487)

I seinare tid setra dei på Liasetra. Sør for Dammen (Høljan), vest for elva er *Ummundsgardshaugen*. I eit jordskifte på garden frå 1850 er det mykje vanlege åkernnamnet *Kåråkeren* med. Det var naturleg at dei fleste gardar hadde kårstykke eller kårteig.

Det var Jon Kråen som bygsla *Amundsgardsbøen*. Han var frå *Kråa* og fødd i 1846. I 1902 kjøpte han ein plass *Gjerdet* under Øverlia som han slo saman med plassen. I 1906 kjøpte han *Amundsgardsbøen*. *Saglia* var òg husmannsplass under *Amundsgardsbøen*. Frå først av var dette namnet på lia her ved elva. Namnet kom til då ein fekk oppgangssager her i siste halvdel av 1500-talet. Ein trur at første mannen her, Amund Pedersen (1770-1865), kom frå Høystakkli. Kona kom truleg frå Øverlia. Dette vart eige bruk i 1868.

Der det heitte *Haugen* eller *Joplassen*, veit ein ikkje kven som først slo seg ned. Den siste var Jo, som til vanleg vart kalla Skreddar-Jo. Han fór kringom og sydde. Kona var frå Lesja. Plassen fødde berre ei ku og nokre sauer. Skreddaren og kona hadde ikkje born. Plassen gjekk attende til garden.

Mylná /Mølnå/ var ein kjend stad og bygning. Ordet var i gno. mylna f. frå seinlat. molina av lat. mola 'møllestein'. I 1905 bygde Anton Sagli ny kvern på eigen grunn. Etter kvart som gardskvernene vart nedlagde, tok *Saglimylná* over. Her vart også korn frå andre bygder male, m. a. Batnfjorden. Litt

etter 1950 vart mylna flytta til Nes. *Saglia* låg ikkje slik til at ein kunne kome dit med bil.

Svartholet er eit djupt gjel i elva ovanfor Mylnå. «Me sa det var 'botnlaust'», fortel Rolf Bjerkeset. *Aurdammen* er ein dam i ei kløft i elva. Fisken kjem seg ikkje opp den høge fossen ovanfor. Førre kraftutbygginga var det jamt med vatn i elva, og fisken kunne kome seg opp i *Aurdammen* til alle tider. Slik er det ikkje i dag.

Stasjonselva er eit kunstig elvelaup som går frå sjølve elva og oppunder *Kraftstasjonen* (Stasjonen). *Kroken* på elva nedanfor *Saglia* heiter *Elvakroken* /Ælvakrokjinj/. Frå aust kjem *Løken* uti elva.

Langlia

I gammel tid var *Langlia* gard. Ein skal ikkje sjå heilt vekk frå at meininga med namnet er lia som ligg langt vekk frå bygda når garden nedi bygda vart kalla *Bygdalia*. Noko som kan peike i same lei, er at det heiter *Reset* der fjellgarden ligg. Det er visst i 1621 garden første gong dukkar opp i skriftlege kjelder. Det kom folk hit like tidleg etter øydetida som til mang ein gard nede i bygda. Ein kan ikkje sjå vekk frå at det også føre manndauden har budd folk her. I 1657 er det 2 hestar, 11 kyr, 12 geiter og 15 sauer på garden. Kyrkjeboka fortel at Niels Langlie var 104 år då han døydde i 1740-

åra. Heilt rett treng vel ikkje dette å vere, men ein retteleg gammal fjellbonde var det nok som truleg slokna mett av dagar.

Segna fortel at siste mannen på Langlia vart kalla Langbein Resa. Han stod seg godt. Langlia var ein god korngard. Det blir fortalt at når dei var kornlause og opprødde for såkorn på Istad, så reiste dei attpå Langlia, og der fekk dei kjøpe.

Langlia vart råka av brann i slutten av 1790-åra. Stova som står i dag, må vere bygd tett etter brannen. Men sia den tid har Langlia berre vore seter og avlsgard.

Ein har relasjonsnamn som *Langlimyran* og *Langlistasjonen* (kraftstasjon).

Høystakklia

Garden *Høystakklia* er nemnd første gongen i skriftlege kjelder i 1623. Ut frå namnet er det vanskeleg å seie kva tid ein fekk busetjing. Det kan vere at det ikkje budde folk her føre manndauden, og at ein ikkje fekk busetnad før skogen vart verdfull då nyoppfinninga, vassaga, vart teken i bruk.

Namnet *Høystakklia* kan vere mykje eldre enn garden. Det fortel at her har vore slåtteland. Høyet vart sett i stakkar. Så kørde dei det heim på slede på seinvinteren. Dette var lettast i ei tid då det korkje fanst vegar eller vogner. Ein kan nemne at *Høystakklia* også er namnet på ei seter (og li) aust for fjellet Duå i Gjemnes kommune. No seier dei Duålia.

I 1657 har brukaren Knut 1 hest, 11 kyr, 11 geiter og 9 sauer.

Det gamle kulturlandskapet har ikkje vorte skipla av moderne drift. Framleis lever dei gamle namna på åkrar og attleger. Ein har namn som *Storåkeren*. *Storåkerbakken* er om lag same området som *Storåkeren*. *Skogåkeren* var åker ut mot skogen. *Bakkåkeren* var ein annan åker. *Kårstykket* er sørvest for løa. *Gjerdet* og *Trongjerdet* var andre innmarksområde. Førsteleddet i det siste er mannsnamnet. *Ytste* og *Inste Flata* er dyrkamark. Namnet *Fåtjønnyra* fortel at det har vore linåker på garden. Tjørna er attvaksen. Fåtjønner var tjørner der dei la linet for at det tynne bastlaget skulle bli skilt frå dei ubrukelege delane av planta. Binstoffet som held bast og den trevorne margen saman, vart oppløyst ved denne røytinga. Dette kalla dei 'å få linet' (av gno. feyja 'la rotne').

Det var nok ikkje uvanleg at bjørnen godgjorde seg i kornåkrane om haustane. I Romsdals Budstikke for 26. september 1849 stod det å lese:» Bonde Ole



Langlia 2006. (Foto Johnny Bratseth/Romsdalsmuseets fotoarkiv 05109)

Høistakli kom til Molde med en bjørn han hadde skutt i ageren. Kjødet blev solgt for 3 og 4 skilling marken.»

I elva vest for garden var det kvern. Framleis ligg kvennasteinane der. I dette området er *Kvennarustin* /*Kvennarøsting*/. Her er ikkje særleg tett skog.

I elva hadde garden også sag. Her i dette området har det vore vassager heilt sia den gongen på 1500-talet då hollendarane kom inn fjorden og kjøpte trelast direkte frå gardbrukarane.

Ein kan òg somme stader sjå merke etter den gamle vegleia som gjekk gjennom tunet. Dei ruvande tuntrea som er askar, vart planta då ny løe vart bygd i 1870-åra. Løa er seinare påbygd mot aust. Vest for løa er *Smihaugen*.

Maskindammen gav drivkraft til trusking og ein vedhoggar. Han var i bruk til 1949. Det er tepping av stein.

Oluf Høistakli la om vegen opp til husa kring 1910. Ein arbeidskar frå Måndalen var med på arbeidet.

Etter 1984 har det ikkje budd folk på garden. Fram til det året brøytt dei gardsvegen med hest. Ingen andre stader i bygda brukte dei hest til å dra snøplogen så lenge.

Ovanfor husa har ein namnet *Futbakken*. Det blir fortalt at futen kom til bygda og skulle til fjells for å vurdere området oppi Randa der batnfjordingane og istadgardingane tretta og slost om bytet mellom bygdene. Her i bakken datt futen av hesteryggen. Om årsaka var at han var gammal og «størvinj», eller om han kanskje hadde styrkt seg på for mange drammar føre fjellferda, veit ein vel ikkje i dag.

Lenger oppe, aust for Høljan (Dammen) er det ein stad som heiter *Brudgomsholå* /*Brugomshålå*/. Segna fortel om eit bryllaup i Høystakklia. Om morgonen bryllaupsdagen rømde brura til skogs. Brudgommen la etter på leiting. Han fann brura der det sia har heitt *Brudgomsholå*.

Knut Høistakli meinte at namnet *Sjåmyra* kom av at ein kunne sjå myra frå husa. Meir rimeleg er det at førsteleddet er skjå 'lite hus'. *Elvahaugen* er haug ved elva.

Han som vart heitande Ola Krå'n bygsla husmannsplassen *Kråa* kring 1840. Plassen låg i ei krå (gno. krá). Stova vart brukt til meieribygning i 1890-åra.

Folk kallar åsen ovanfor Høystakkli for *Høystakkliåsen*.

Bergeneset er eit nes på austsida av Høljan. Det var ein bra fiskeplass. *Holmen* /Hålm'n/ er ein holme i Olteråa.

Gjennom *Gongskaret* /Gångskare/ har det vore gongstig. Førsteleddet er gonge 'det å gå'.

Knut Høistakli opplyste at *Storsteinen* var ein styggeleg stor stein. Han vart sundskoten og brukt til lås for kraftlinjestolpar. Kraftlinja går her. *Storsteinskaret* er her.

Ausparøra er ei rør (kant). Førsteleddet er trenamnet osp som i store delar av Romsdalen blir kalla ausp.

I *Turtebakken* /Tortebakkjinj/ har planta turt vakse. Det var matplante både for folk og dyr. *Pikhaugen* er ein av mange haugar i dette fjellområdet med dette namnet.

Istadhjellen er ein hjell (tjørhjell). Det var Istadgarden som brende tjøre her.

Lauraneset er nes på austsida av Dammen (Høljan). Laura fiska visst her. Namnet er frå 1900-talet.

Helvetet var eit slætte som garden hadde. Her var det nok låkt å slå.

Istad

Gnr. 78 *Istad* er vanskeleg å tolke. Det er slik at ein finn gardsnamn både i Øystre Slidre og på Voss som i dag blir skriva Istad. Dei trur at namnet i Valdres kan innehalde eit elvenamn *Ísa*. På Voss er namnet om lag 1360 skriva Irstodum. Det kan då vere mannsnamnet *Íri* (ire, frå Irland). Når det gjeld Istad langt aust i Molde kommune, ligg garden ved ei elv, men når elva heiter Olteråa, og det er eit namn som er eldre enn gardsnamnet, kan ikkje garden ha fått namn av elva. Det måtte einast vere den litle bekken som i seinare tid har vore kalla *Langbekken*. Han renn tett forbi garden. Men ein kan ikkje sjå vekk frå at namnet har med is å gjere. Det vart sagt at det var kaldt over *Istadåkran* for dei vegfarande. Vinden frå mange kantar tek godt, og når han er kald, bit han godt.

Eit anna alternativ er at førsteleddet er ytst. Istad ligg ytst i det som ein kallar Istadbygda. Det har akkurat i dette bygdelaget vore mykje itakisme i talemålet heilt fram til våre dagar.

Knapt nokon gard i kommunen har så vidt utsyn over fjord og fjell som Istad.

Framover frå første gongen garden er nemnd i skrift, er namnet skriva på mange måtar. Første gongen ein treffer på garden i skrift er i skattemanntal i 1596. Garden som ingen skattebetalar hadde i 1520, hadde fått to brukarar tett føre 1600, Guldbland og Anders Jstadt. Ein dreng får i 1611 skriva namnet sitt på den merkelege måten Knud I stad (gardsnamnet i to ord). Her kan det høve å ta med den folkeetymologiske forklaringa av namnet. Det blir fortalt at det langt attitida kom folk som leitte etter ein stad å slå seg ned. Dei fór lenger innover, men så var det ein i følgjet som sa: «Nei, me snur og fer dit me var i stad.» Så snudde dei og fór attende dit dei hadde vore ei stund tidlegare, og der slo i seg ned.

Ola Stemshaug skriv i artikkelen «Staðir-namn i Romsdalen» i RSÅ 2001, s. 216 f.: «Også *Istad* i gamle Bolsøy herad på nordsida av Fannefjorden, kan kanskje vera eit falskt staðir-namn. Førstebelegget *Isdall* frå 1610 kunne peike på ei opphavleg samansetning med *-dal* m., noko som vi elles har mange døme på blant gardsnamn som i dag endar på *-stad*. Førsteleddet kunne da vera elvenamnet *Ísa* som vi kjenner frå andre stader i landet vårt. Men den elva som renn framom garden i dag, heiter *Olteråa*, og ho kjem frå Oltervatnet og munnar ut i Oltervågen. Det kan heller tyde på at det gamle elvenamnet har vore **Ølptr(a)*, laga til ei ordrot som er kjent både som *øy-* og elvenamn, også nordafjells, og det har truleg samanheng med norrønt *ølpt* og *elptr* f., eit gammalt ord for 'svane', og som vi nokså sikkert har i førstestavinga i *Ertvågsøya* lengst nord på Nordmørskysten. I Norske Gaardnavne blir det òg kasta fram ein tanke om at førsteleddet i gardsnamnet Istad kan ha vore mannsnamnet *Íri*, altså ein person frå Irland, jf. det nokså vanlege *Gaute*, opphavleg ein mann frå Gøtaland i Sverige. Personnamnet *Íri* er kjent frå mellomalderens Island, men ikkje frå Noreg.»

For nokre år sia vart det på innmarka på Ytter-Istad funne ein pilspiss. Dette viser at her budde veidemenn langt attitida.

Når ein er komen til 1657, har det vorte 5 brukarar når ein tek med fjellgarden *Gammelsetra* som seinare vart nedlagd. Til saman har no bruka på Istad 7 hestar, 64 kyr, 57 geiter og 72 sauer. Mang ei bjølle var nok å høyre sommars dag.

Året etter døyr Anders Ifwarson Istad om bord

i det svenske krigsskipet «Engellen» i Østersjøen.

I elva hadde garden sag. Sjølv så seint som i 1743 får det danske kanselli denne meldinga: «Istad saug derpaa skaaret 1742 1200 bord.» Ein av dei som fekk utdelt havre i naudsåret 1773, fekk namnet sitt skrive *Hans Istad Saven*. Han hadde nok bustad nær *Istadsaga*.

Dei største bruka i seinare tid har vore *Ytter-Istad*, *Midt-Istad* og *Nørd-Istad*. (Det siste ligg lengst aust.) Ein veit frå eit jordskifte i 1833 at ein av dei gamle åkrane på Ytter-Istad heitte *Fjøsåkeren*. Dette var altså ein åker som ikkje låg langt frå fjøsen.

Det var skysstasjon på Midt-Istad. Stasjonen skulle halde to hestar, og kunne tilseie nabohestar. Herifrå var det 9 km til Eide i vest og 11 km til Heggem i aust. Skysssen gjekk til Eide, Heggem, Tjelle og Nes. Det gamle våningshuset på Midt-Istad brann ned i 1939. Skyssboka med mange interessante merknader brann opp.

Den velkjende språkmannen og lektoren Knud Knudsen (1812-1895) er kaldsommaren 1863 på sommarferd gjennom distriktet. Det er midt i juli han reiser austover frå Molde. Han skriv i sine reiseminne: «Dagen efter var det ænnu så vinterligt, at det på Lønsæt og Ejde på Fannestranden var ild i kakkelovnen. På Istad ved Kleve kirke lå jeg på grun av kulden i sængen – det var en søndag – og fordrev tiden med å lese i I. Aasens norsk Grammatik.» (Knud Knudsen Reiseminne 1847-1892 Redigert av Bjørn Eithun Oslo 2001.)

Det er slik i våre dagar at folk frå andre stader undrast på namnet *Tivet* som dei ser står på eit hus ved vegkanten her på Istad. Somme som har køyrt forbi, har spurt lokalkjende om dette namnet. Bakgrunnen er at det i 1950-åra vart sett opp bygning for filial til Kleive Samvirkeleg her. Folk tala om */Koprative/*. Det er altså Kooperativet. Styraren vart kalla koprator, altså kooperator. Ordet kjem frå det latinske ordet cooperari 'samarbeide, medverke'. Så var det helst ungar og ungdom som forkorta namnet til berre *Tivet* /*Tive/*. (Lydbortfall i byrjinga av ord blir i språkvitskapen kalla aferese.) Samvirkefilialen vart så nedlagd, og det enda med at ein fekk ein kafé i huset. Kaféen fekk det offisielle namnet *Tivet*. No er ikkje kaféen i drift lenger, men namnet *Tivet* må ein tru får fleire levedagar.

Bnr. 11 og 14 er *Ytste Istadkroken* /Iste Istakrokjinj/ og *Nørde Istadkroken* /Nøre Istakrokjinj/. Ein seier berre *Kroken* i daglegtale om området. Meininga med slike namn er at dei ligg i ein utkant (krå) av gardsvaldet.

I Istadkroken har ein åkernamnet *Storåkeren*. *Sivertbrøtet* /*Sivertbrøte/* er ei attlege som ein Sivert må ha brote opp. Namnet *Ormemyra* fortel helst

om mykje orm i området. *Istadliteigan* er teigar nedanfor Istadlia.

Hagen er ein bustad. Namnet er nokså gammalt.

Den før nemnde *Gammelsetra* var nok seter ei tid. Det var truleg i øydetida etter manndauden då heile bygdelaget her ser ut til å ha vore utan folk. Så tidleg som i 1611 er ein Olluff Istadsetter nemnd. Det kan vere på Gammelsetra han heldt til. I 1623 er Marretta Gammelsetter nemnd. Når det gjeld denne kvinna, er det ikkje tvil om at det var på Gammelsetra ho heldt til. Kanskje ho var enkje. (Desse opplysningane finn ein i «Bolsøyboka annen del» s. 664.) I 1633 er Jacob Gammelzsett nemnd. Det ser ut som det kom folk hit etter krisetida like tidleg som på mang ein gard i bygdelaga her som låg lågare. I 1657 har bruket 1 hest, 10 kyr, 13 sauer og 13 geiter. Her kan også ha vore busetjing føre manndauden.

I NG er Gammelsetter med på s. 289 mellom «Forsvundne Navne». Til slutt i kommentaren står «nu bare Sæter».

Allereie på 1700-talet blir det folkelaust her. I 1773 kjøper Knut Ravaldsen på Nørd-Istad Gammelsetra og bruker området til slåttemark. Men ein veit at dette året får husmann Hans Gammelseter utdelt ei skjeppe havre som ein av dei naudlidande. Åra 1771, 1772 og 1773 var så stygge uår at styresmaktene greip inn. Det kom fire skipslaster med korn til Molde. På Gammelsetra som ligg litt over 200 m o. h., kom snøen tidleg og reiste seint i slike år. I 1930 vart Gammelsetra oppteken som seter att. Ho var lenge i bruk, men bu og sommarfjøs vart no bygd noko lenger aust enn det gamle tunet. Iei segn blir det fortalt at huldra kom til Gammelsetra ein gong Gammelseter-Mette var åleine. Dei stelte i stand til bryllaup. Ho Mette låg i senga og berre glytta fram frå skinnfellen. Men så fekk dei kjenne lukta av kristenmanns blod og tok palinga. Mette hadde dessverre ikkje stål å kaste over det verdfulle utstyret til huldrefolket.

I ei anna segn blir det fortalt at den same Gammelseter-Mette ein gong fekk sjå «tre blårosa ky bortpå *Tausamir'n* når å attai Gammelseter'n». (Retninga nord og attai er nordaust.) Segna er attgjeven i Bolsøyboka b. I, s. 598. Paul Istad kjende myrnamnet, men det er visst i våre dagar i ferd med å bli gløymt. Ein finn same namnet sør for Sollia i same bygdelaget. Om denne hengjedikmyra blir det fortalt at ei taus gjekk seg nedi og bleiv (drukna). Det same kan vere bakgrunnen for namnet ved Gammelsetra. (Før i tida sa dei taus. No seier dei nesten berre jente.) Ein kan undrast på om den Marrette som er nemnd i 1623 i daglegtale heitte Mette /*Mætte/*, og at det er ho det blir fortalt om i huldresegna.



Istad med Istadlia nærast kameraet. 1962. (Widerøe/Romsdalsmuseets fotoarkiv 088406)

På kartet frå 1870-åra står namnet Gammelsetra. Vest for bruket står namnet *Gammelseterhaugen*.

Svarthammarlia var både li og buplass. Bakgrunnen for namnet er at ein hammar må ha heitt *Svarthammaren*.

Førsteleddet i *Ottalia* /*Åttalia*/ er mannsnamnet Otta, målføreform for Ottar. *Ottasteinen* er ein bytstein. Truleg har han fått namn etter same mannen. Otter Knudsen overtok bnr. 2 *Øygardsbakken* i 1857.

Sagbakken er bnr. 2 under Istad. Namnet er sjølvsagt frå den tida det vart oppgangssager i elva vest for der ein fekk bruket. Det er noko uklårt kor lenge det har vore busetnad her. Tett etter 1900 starta Ole L. Sagbakken landhandel. Han var òg ei tid handelsreisande. I 1938 overtok dottera Astrid Sagbakk Solemdal forretninga. Ho dreiv handelen fram til kring 1970. Ho dreiv òg nedbørsmålingar i Sagbakken så lenge at ho fekk kongens fortjenestemedalje.

Sagtrøa, eller berre *Trøa*, som det til vanleg blir sagt, er sør for Sagbakken, sør for vegen. Dette var først husmannsplass. I 1865 er Peder Andersen, f. 1809, her. Sonen Anders kjøper plassen i 1870. I 1892 sel han til Anton Kvernberg. Han skriv seg seinare for Anton Istad. I bygda vart han kalla Anton Trø'n. Namnet Trøa kjem sjølvsagt av at det først var krøttertrø her. *Trøffjøsosen* var sommarfjøsosen til Trøa.

I matrikkelen er *Rabben* bnr. 6. I NG s.286 står det at namnet har eintalsform i talemålet. Men ein

seier *Rabban* /*Rabbanj*/, altså med fleirtalsform. Det ser ein òg når siste mannen på småbruket vart kalla Ola Rabbå (dativ fleirtal). Ein rabb er ein langstrakt banke, gno. rabbr m. Først var Rabban husmannsplass. Ole Arnesen frå Romold, f. 1798, bygsla her. Han hadde plassen i 1865. Husa på bruket er i dag rivne.

Istadbakken er bruk. *Bakken* var bygselplass, truleg frå første halvdel av 1800-talet.

Vollen er namnet på ein slett og fin voll. Ein dam som ikkje lenger er der, var *Lappedammen*. Her var altså lappe.

Den før nemnde *Langbekken* som renn ut gjennom Istad-dalen, er vel ikkje så spesielt lang. Han kan ha namn av di dei tok vatn der, og at han låg lenger unna enn bekken (brunnen) ein hadde i tunet. Namnet *Råket* fortel om eit krøtterråk. Gjerningsordet reka i gno. var det same som det meir moderne ordet jage. Det siste kjem frå det lågtyske jagen. (*Istad-dalen* er ein liten dal som går frå nordaust og ut i elva på nordsida av hovudbruka.)

For ikkje så lenge sia vart vegen som går forbi desse bruka opprusta og gjort til kommunal veg. Han fekk det offisielle namnet Øvre Istad veg. Det er ingen stad som heiter Øvre Istad. Her heiter det Istad. Lenger nede heiter det *Istadlia*. Der går *Istadlivegen*. Det er òg ein kommunal veg. Eit høveleg namn hadde vore *Istadvegen* i staden for Øvre Istad veg.

Området *Dalan* har namnet av at her er smådalar.

Den første husmannen her var Trond Andersen, f. 1800. Han hadde plassen i 1865. Dottera og mannen som hadde plassen etter han, kjøpte seg gard på Duåsen. Plassen gjekk attende til garden.

Området nedanfor dei gamle gardane heiter *Istadlia*. Ei av dei som mottok korn i 1773, var Ane Istad Lien. Dette viser at det også den gongen budde folk her. Den første i *Ytre Istadlia* var visst Erik Eriksen. I 1865 har Jakob Haldorsen plassen. Han er son til gardbrukaren Halldog på Ytter-Istad (Halldogarden). Jakob var fødd på garden Nestande ved Lesjakyrkja i 1830. I 1890 flyttar han til Harstad i Batnfjorden.

Mannen på *Simenplassen* vart kalla Simen-Hans. Han var frå Silset og reiste som emissær. Seinare flytta han til Rødven. Plassen vart lagd attåt Ytre Istadlia.

Jo på *Joplassen* arbeidde med å lappe sko, og kona fór omkring og baka flatbrød. Plassen var liten. Det var ikkje løe.

Han som skreiv seg for Johannes Johnsen var fødd i 1829 på Lesja. Han hadde plassen som vart kalla *Jehansplassen* i 1865. Kona, Randi Olsdotter, var også frå Lesja. Ho var fødd i 1823. Jehans er gudbrandsdalsforma for namnet. Dei stod seg bra. Jehans var korgmakar.

Plassen *Mildrilia* har fått namn etter kona Mildri. Truleg levde ho lengst. Mannen Erik Eriksen var frå Dyrilia. Plassen gjekk attende til garden noko føre 1900.

Ein veit visst ikkje stort om folket på *Kristenplassen*. Mannen heitte nok Kristen /*Krest'n*/. Ein kunne sjå tuftene så seint som kring 1960.

Ein veit heller ikkje stort om plassen *Haugen* /*Haun*/. Mannen her vart kalla Ola Haua.

Også *Synnøvplassen* /*Synnauplass'n*/ må etter namnet ha vore plass. Ei med dette namnet må ha vore her. Somme trur det har vore kårstykke.

Ole Olsen var fødd i Sunndalen i 1820. Sonen som var slaktar og bøkkar, kjøpte plassen i 1885. Han hadde plassen som vart heitande *Sunndalslia* /*Sønndalslia*/. No er dette bnr. 10 under Nørd-Istad.

Det var den ugifte Johan Johnsen frå *Rønningdala* under Øygarden som busette seg på plassen som vart heitande *Istadlia*. Han kjøpte plassen i 1902 og selte han seinare til Kristian Foss. Dette er no bnr. 20 under Nørde Kroken.

Rasmusplassen var plassen til Rasmus, f. 1808. Kona var frå Nesset. Dei hadde visst ikkje born.

Ole Pedersen har plassen *Gjerdet* i 1865. Plassen vart selt til Arne Foss i 1906. I dag er det bnr. 13.

Han som heitte Just, rydda plassen som vart heitande *Justplassen*. Då han døydde, gjekk plassen

attende til Kroken. *Justdumpa* /*Justdompa*/ var ei dump på vegen ved Justplassen. På den moderne vegen er ho nesten utjamna.

Vollabakken var frå først av husmannsplass. Den første her var Gamle Pe Volla som var fødd kring 1790. Han hadde vore med i krigane i åra etter 1800, og dei fortalde at han hadde merke etter kulene. Bruket her har vore i sjølveige frå midt på 1800-talet.

I Olteråa som forbi Istad gjerne blir kalla *Istadelva*, er det ein dam som heiter *Pindammen*. Det er noko uklårt kva for pine det er tale om. Dette er ein høl under brua på riksvegen. Bjørg Sandøy, f. Bjerkeset, som voks opp vest for elva, fortel at dei bada både i Pindammen og i *Jobekkhølen* som var hølen nedanfor. Sommars tid var det lite vassføring i elva. Sandøy opplyser at Jobekkhølen passa godt for småungar. Ho skriv: «På det djupaste, ved berget i nordenden av hølen, nådde vatnet opp til skuldrane på dei største av oss. Dit vassa vi og tok svømmetak mot land.» Bustaden vest for hølen heitte *Haugen* eller *Joplassen*. Skreddar-Jo frå Lesja budde her i første halvdel av 1800-talet. *Holmen* /*Hålm'n*/ er ein holme i elva.

No er det to bruer her. *Gammelbrua* viser at brubygging i tidlegare tider var kunsthandverk. Ho er godt synleg der ovanfor vegen som blir brukt i dag.

Råket /*Råkje*/ var krøtterråk. *Hammaren* var ein hammar på innmarka. Sommarfjøsane vart oftast berre kalla *Fjøsane*. *Hansgjerdet* var namnet på ei attlege.

Gjerdan /*Jeran*/ er eit skogområde. Her er *Gjerdhaugen*. *Vollen* var ei fin flate der folk ofte sette seg ned. Det var godt utsyn herifrå. I dag er det nokså attvakse her. *Hatlebakkørin* er rører. Førsteleddet er trenamnet. *Istaddammen* er ein liten dam.

Også ovanfor Istad har ein eit namn som *Almelia*. I dag er det truleg ikkje alm her. Som ein veit var mjøl av almebork det beste til å blande atti vanleg mjøl. *Almelirøra* var røra ovanfor Almelia. Ein hadde også namnet *Liarøra*.

Åbakken er ei høgd sør for elva. Førsteleddet er gno. á for det som no blir kalla elv. Å har overlevd i stadnamn og i faste uttrykk som «mange bekker små gjer ei stor å». *Åbakkøyna* er låglende ved elva. Så har ein *Åbakkholå*. Vegen forbi Åbakken er *Åbakkvegen*.

Ikkje så langt aust for brua over Olteråa som dei no kallar *Fjellbrua*, var det i gamle dagar ei slags hytte der gjetarane i styggever kunne søkje ly. Ho vart vel kalla *Gjetarhyttå*. No har det kome eit lågt, lafta bygg på same staden med same namnet. I våre

dagar er det ingen som slit ilt som gjetar her oppå fjellet, men både gammal og ung kan no ta seg turar til denne trivelege staden ved bradden av Olteråa.

Skihyttå er hytta til Istad il. Ho stod ferdig i 1944. Området kring hytta fekk namnet *Oladalen* etter krigen då hytta kom i bruk. Dette er eit skjemtenamn. Somme trur det er ei oppattkalling etter *Oladalen* i Sigurd Lybeck sin teikneserie om Jens von Bustenskiold og grannane hans. Dei held til i *Oladalen*.

Brenthaugen er ein haug som bytet mellom Øygarden og Steinløyså går over. Her har det truleg brunne.

Sagbakkstølen var stølen til Sagbakken.

Til *Kvilaren* gjekk kjerringane og kalla på krøtera.

I *Stygghaugen* er det bratt. *Stygghaugbakken* var ein hoppbakke. Ein bekk her er *Stygghaugbekken*.

Ved *Elvakrokan* krokar elva seg fram. Det er ein markert krok, og somme seier *Elvakroken*.

Ein har namn som *Hesthaugen*, *Bjerkalia*, *Tjønnyra* og *Åssløttet*. Bekken som lenger aust heiter Åsløbekken, heiter der han renn uti Olteråa for *Åssløttbekken* etter dette sløttet.

Hestaøyyna er ved elva. Det ser ut som førsteleddet er genitiv fleirtal. *Øygardsøyyna* er ved elva på Øygardeigedomen. *Øygarshaugen* er også sjølv sagt på denne eigedomen.

Seterlia er opp mot setrene. Mange kjenner namnet på dette store området.

Moldhaughjellen var ein tjørhjell. Førsteleddet er ordet moldhaug.

Heia er eit større fjellområde. Her var *Heialøå*.

Der det heiter *Øyasetra* hadde Midt-Istad seter. Ho skal ha vore flytta. *Øyamyra* /*Eiamiral* er myr ved elva.

Det må ha vore gjerde i det store området som *Gjerdåsen* omfattar. Her var *Gjerdsløttet*. Ein har òg namnet *Gjerdan*.

På kartet frå 1870-åra står *Skansen* (med einstavings tonelag) på austenden av åsen. Ordet kjem frå tysk Schanze 'oppbygging'. I grensebygdene har ein namnet fleire stader der det vart bygd skansar under krigan mot Sverige. Dette er opphavleg oppkasta jordvollar. I Norsk stadnamnleksikon les ein: «Somme naturnamn Skansen kjem av bratte naturformasjonar som har vore jamførte med ein skanse.» Slik er det her på fjellet. Den rundvorne åsenden har ikkje framstikkande berg. Namnet er altså frå nytida, etter 1500. Dei som hadde vore i krigen, kunne sjå ein slik likskap. Skansen var seter for Istad-gardane i gammal tid. Dyra vart drivne opp i samarbeite ved Trollvatnet og gjett der. Ein har fram til våre dagar sett tuftene etter seterhusa. Ein

kan nemne at ungane som gjette oppå fjellet her for omkring 100 år sia, hadde eit rim som lydde slik: «Bøkkert Johansen styrte balansen sju mil attai Skansen.» Også på Røsberg har ein namnet Skansen.

Karentrøa var eit lite område ved *Slåsetra*. Førsteleddet er Karen. Sisteleddet trøa fortel at her gjekk krøter og trødde.

Bolsøyboka opplyser at *Slåsetra* vart nedlagd føre 1850. Ei slå er ei graskledd hylle i fjellside. Ein stad ved setra heiter *Slåa*.

Småliin er lier. Små (gno. smár) er brukt som fleirtal av liten.

Stølssløttet var sløtte. Nemninga støl kan tyde på at det har vore ein støl (seter) i dette området ein gong i tida.

Hansgjerdet er eit område som må ha vore inngjerdt. Gjennom *Bjønnaskaret* har gjerne bjørnen hatt vegen sin.

Orøyan er øyar ved elva med ore.

Svartholen er ein hol (rundvoren høgd).

Dyrmyran /*Dirmiranj*/ er myrar. (Itakismen med i for y har halde seg fram mot våre dagar i Istad-bygda. Nemninga kjem av at dette i si tid var eit særdrag i språket på øya Itakos i Hellas.) Hjort løyner seg truleg attom ordet dyr. Ein må rekne med at det har vore både hjort og rådyr i somme tidbolkar fram gjennom tidene. I tidbolkar med mykje gråbein (varg) var det nok lite av desse dyra.

Ein har *Midtåsen* /*Mettås'n*/ og *Midtåsbekken*. Eit anna namn på bekken er *Myrsløttløken*. Her var *Myrsløttet*.

Magnillbotnen er ein botn, stort område. Peder Bakken har opplyst at Magnhild tente på garden hans, Nørd-Istad, i lange tider. Dei slo oppi dette området, og ho var nok med og raka.

Stokkåsen

Stokkåsen var frå gammalt nordmørsgard. Det er gnr. 32 i Gjemnes kommune. Det ser ut som det har vore busetjing her frå om lag 1610-20 og fram til tett etter 1750. Utruleg er det ikkje at det også var folk her føre manndauden. I NG står det at tydinga av namnet er ein ås der det er tømmerkog. Det er slik at fjellgarden ligg nokså lunt til så høgt at barskogen når om lag hit. I våre dagar seier visst folk i Batnfjorden ofte *Hamballåsen* etter mannen som var brukar her fram til garden vart fråflytta. Årsaka er at ein ikkje så langt unna, vest for Silsetvatnet også har namnet *Stokkåsen*. På kartet frå 1870-åra er gardsnamnet skriva *Stokaasen*. I NG s. 361 står

det at uttalen er *Ståkkåsen*. Dette er opplysningar frå 100 år attende i tid.

Mannen som skreiv seg for Hannibal Stochaas levde frå litt etter 1700 til i 1780-åra. Til dagleg vart han kalla Hamball. På romsdalssida vart han kalla Hamball Åsa. Dette namnet veit ein vart ein god del brukt i Vestnes-området og tilgrensande strøk frå om lag 1600 og fram mot våre dagar. Når ein ikkje veit kvar denne Hamball kom frå, har mange trudd at han kanskje kom frå dette området. (I 1763 finn ein Ole Hanibalsen på Eide vest for Kleive, berre kring ei mil i luftline unna Stokkåsen.) Ved folketeljinga i 1701 er det ein både på Sørås og Rekdal som heiter Hannibal. Dei er 15-20 år gamle. Men Hamball som kom til Stokkåsen, var yngre. Han var ikkje fødd før tett føre 1710. Det blir sagt at Hamball hadde vore i krigen, og då han kom heim att, var kjerringa oppattgift, og då reiste han sin veg og kom til Stokkåsen tett etter 1730. Noko slikt blir fortalt om så mang ein hærmann i gammal tid som i mange år hadde vore i krigen. Men Hamball var for ung til ha vore i Den store nordiske krigen. Det har òg vore sagt at han kom frå Røros der han hadde vore bergverksarbeidar. Kanskje vart han gift med ei frå Stokkåsen? Han var altså berre vel 20 år då han kom dit. Han og kona hadde fleire born, og det finst ætlingar etter dei. Hamball levde sine siste år på Silset. Det var tett etter 1750 dei flytta frå garden.

Ei spesiell hending har ført til at Hamball Åsa har festa seg så godt i folkeminnet. Han som skriv dette minnest at han beit seg merke i det som vart sagt då han var liten gutunge. Dei fortalde «at det ein gong kom det eit fanteherkje oppi Stokkåsen. Han Hamball va atti Batnfjorda og arbeidde skinnfella. Han va skinnfellmakar. Han ha avtalt med kjerjinginj at viss noko sto på, skulle ho sende ein tå ongå attpå Kleiva og blese i lur. Fantan tok se te rettes og fór støgt fram. Dei måtte attpå Kleiva. Då n'Hammball haure luren, to 'n palinga heimover. Attmed stauveggja treiv 'n ei handspik. Fantan sat attmed borda og åt. Fær dei ha kome se frå borda, slo 'n i hel tre stykkje. Dei andre kom se te omrømmings. Han melte frå åt øvriheiten. Det vart ordna slek at 'n berre skulle grave ei håle og hive dei neri, og det gjor 'n. Han grov dei ne når og neai huså». (Nord og neai blir søraust. Ein bruker nord om aust.) Staden kallar ein *Fantegrava*. Ho har vore synleg til våre dagar.

Når dette har festa seg så godt i folkeminnet, må det helst liggje ei reell hending attom. Ho gjekk truleg føre seg noko føre 1750. Detaljen om at dei bles i lur, viser dei hadde neverlur på denne tida.)

Ei anna segn om Hamball fortel at ein juldag kom nokre romsdalingar over fjellet. Dei skulle til Ør-kyrkja. Då hørde dei Hamball stod på låven og

truska med sloge. Han hadde «kome tå dagå», og trudde det var nokre dagar att til jul.

Etter at Hamball og familien flytta ned i Batnfjorden, vart fjellgarden folkelaus. I 1803 kjøper garden Holsbøen i Osen Stokkåsen for 315 riksdalar av løytnant Jens Flor. I tillegg vart det skrive kontrakt om at Nordigarden Silset hadde rett til kvart år «saa lange Hr Lieutnant Jens Flor eller nogen af hans Familie opholder sig i Battenfjorden, fri og uformaet Raadighed eller Disposition at hugge eller lade hugge 20 Las med Birkeved – Strang – eller Skieved og at indrette den etter eget Behag til Kjørsel derfra».

Stokkåsen vart brukt som seter utover på 1800-talet og noko ut på 1900-talet. Det har visst vore noko uklårt kor gammal stova som står i Stokkåsen er. Vitne på sommartinget på Flatset på Freiøya i 1792 sa at det ikkje lenger var hus av noko verdi i Stokkåsen. Men så er det slik at det i kjøpekontrakten frå 1803 står at Ole Erichsen Holstbøe kjøper «øde Stochaas med paastaaende Huuse, Eng Skov, Markslætter og Fæbode som Gaarden stedse fulgt haver...». Det er ingen tradisjon om at det vart bygd nokor ny stove (seterbu) utpå 1800-talet.

Haugen på nordsida av husa kalla iallfall dei som setra her etter 1800 for *Råkhaugen*. Her var råk. Det var mange slætte her. Det var *Stakkslættet* og *Holåslættet* med *Holåløå* (høyløe). Det var *Nedsteslættet* med *Nedsteløå*, *Midtslættet* med *Midtløå*. Så var det *Litleskåren*, *Storglennå* og *Liaslættet*.

Andre namn i fjellstrøket

Sjølv om Silsetvatnet ligg på Gjemnes kommune sin grunn, kan ein nemne at det er oppdemd til bruk for kraftproduksjon. Då vatnet hausten 1951 var meir nedtappa enn nokon gong, vart det funne ei ski som stakk opp or dya. Ho gjekk av då finnaren, Kåre Jemne, skulle dra ho opp. Ho var 14 cm brei, og ho har vorte rekonstruert til å ha vore 275 cm lang. Veita under er heile 5-6 cm brei med tverre kantar. Det skulle vise seg at skia var eldre enn folk trudde. Ho er ei av dei 22 skifunna her i landet frå føre 1550. Førstekonservator Steinar Sørensen ved Glomdalsmuseet skreiv i brev til han som skriv dette 11. august 1996: «Sammen med et skifunn fra Drevja i Nordland fikk jeg datert en prøve av Ørefunnet (som jeg har valgt å kalle det) ved C14-laboratoriet i Uppsala i 1991, som ble kalibrert (korrigert) to år senere. Tidfestingen faller innen vikingtid eller tidligste middelalder, og skia blir da en av våre to tidligste daterte med styrerand.» Skitypen er vanleg i det svenske, og særleg det

finske funnmaterialet, og det er ei ski som dei brukte over lange avstandar. Eigaren av skia kan ha mist ho oppi fjellet på vestsida av vatnet mellom Kleiva og Hoppbakken, men han kan òg ha kome over vatnet. Skia vart sendt til Vitenskapsmuseet i Trondheim. Som ein ser, brukte folk skier i fjellet her lenge før Johan Grøtumsbraaten vann kongepokalen i same området i 1920-åra. (Ei meir utførleg utgreiing har eg skrive i «Gjemnes-minne 1997».)

Grøndalan nedover frå Silsetvatnet er eit kjent namn. Dei har vel sett det slik at det var fleire smådalar her. Kraftstasjonen er *Grøndalstasjonen*. *Røyrgatå* fungerer som stadnamn fleire stader både her og lenger ned mot bygda.

Sommaren 1928 grov eit arbeidslag på fem mann *Veitå /Grøfta/* oppover mot *Grøndalan*. Dei heldt på 3 månader og 1 dag. Dei overnatta på Langlia. (Setra var ikkje i bruk denne godverssommaren.) Ole Skaldebø var bas. Det var problem å få vatnet til å renne ein stad det nesten var motbakke. Her måtte dei lage sving. Svingen har naturleg nok fått namn etter basen som i daglegtale heitte Ole Bønå. Namnet på svingen vart *Ole Bønå-svingen /Ole Bønåsvennjnj/*. Veita var 6 m brei, men berre 2 m i botnen. Ein kan ta med at ein stad her ved veita har dei kalla det *Ormebølet*. Arbeidarane kom borti ormebøle med så mykje orm. Dette namnet er frå noko seinare tid.

Slåstbakken er ein kjend stad. Først på 1700-talet slost nordmøringane og romsdalingane om bytet. Ein veit frå rettsdokument at iallfall istad-karane vart mykje fordervaslegne. I ei segn om opphavet til namnet *Slåstbakken /Slåstbakkjnj/* fortald på romsdalssida heiter det: «Nordmøringan og romsdalingan he oftå vore osams om bytet oppi Ra'n. Ein gong velde batnfjordingan komme like heim på Skansen. Men då samla dei se både istadkaran og kleivingan og møtte batnfjordingan oppi Ra'n. Der rauk dei i hop og slost oppå ein bakke. Ein tå istadkarå brukte eit beksel å slå med. Han slo sund kjakjin på ein batnfjording so han va skeiv i kjefta all sin dag sia. Ettepå vart de rettssak, men bytet vart oppi Ra'n. Bakkjin der dei møttest kallast det *Slåstbakkjnj* den dag i dag.» Paul Istad merkte av på kartet akkurat staden der dei slost. Han sa at det var hesteleitarar som rauk i hop den gongen. Men dette var ikkje einaste gongen det var usemje oppi her.

Erlandsenhyttå er ei hytte frå midt på 1900-talet ikkje langt frå *Slåstbakken*. Eigaren heiter Erlandsen.

I dag er det slik at bytet går nokså langt mot sør her. Dei tala om *Nordmørsslætta /Nårmærsslætta/*. Men det var slik at ein del romsdalsgardar leigde slætte her. Ein hadde einskilde slætte som *Nåstadslættet* (slætte til garden *Nåstad*). *Lauvvollslættet /Lau-*

vållslætte/ tilhørde *Lauvvollan*. Begge er gardar ved *Batnfjorden*. Så hadde ein *Wiik-slættet* og *Midthaugslættet*. Dette var slætte som familien *Wiik* på *Nes* i *Kleivbygda* og garden *Midthaugan* i *Osen* hadde. På det siste er det òg ei hytte som dei budde i når dei slo.

Der det heiter *Finnskjeggvollen* har det vakse finnskjegg. Det latinske namnet er *nardus stricta*. Det er vanskeleg å få ljàen til å bite på dette graset. Det veks liksom i småe tuer. Dårleg fôr er det òg. Ein finn dette grasslaget i stadnamn der dei slo i mange bygder kringom i landet. Det ligg noko negativt i desse namna. *Finnskjegg* veks ofte der snøen ligg lenge. Sjølve ordet *finnskjegg* må ha kome av at dette graset minte om skjegget på finnkallane.

Smørholå /Smærhållå/ er eit rosande namn. Mange slike namn med smør i seg fortel om god grasvokster. Det kan vere meint at staden gav mykje smør. (Både romsdalingar og nordmøringar i dette området sa smær.) Ein kan nemne at eit namn på innmarka på bruket *Tronteigen* på fjellgarden *Barsteinen* i *Neset* kommune er *Smørvåtå /Smær-våtå/*. Her er som namnet seier våtvore. Dette er visst vanleg på stader som har ordet smør i seg.

Femløen var fem høyløer. Dette var eit kjent namn. No er løene og den omtalte hytta nedrotta. Ein låg haug i området heiter *Lauvhaugen /Lauhaun/*. Her var det meir lauvskog enn rundt omkring. Den tida dei slo, var det nokså snautt. I våre dagar aukar lauvskogen år for år. Ingen held nedåt grasvoksteren.

Veitå er den handgravne kanalen frå *Oltervatnet*. Det har òg vore sagt *Grøfta*. Den gamle uttalen av grøft var græft. Dette arbeidet vart gjort etter 2. verdenskrigen. Dei hadde då fått stubbebrytaren til hjelp.

Skeids(s)tuå er eit uklårt namn. Ein seier */Sjeistuå/*. Anten er sisteleddet stue (stove), eller så er det tue. Somme har vore inne på at garden *Skeid* i *Skeidsdalen* ein gong hadde seter her. Då er sisteleddet helst stue. *Nordmøringane* seier stue, og ikkje stau som romsdalingane. Denne grunngevinga for namnet har vore nemnd i grensestriden i området. Ein kan seie at det var tungt for skeidsdalingar å ha seter her. Men det er ikkje usannsynleg at det har vore skeid, kappspringing eller kappriding i gamle dagar. Ofte møttest dei i fjellstrøk mellom bygder til fjellstemne der dei kappast på ymse måtar. Som ein veit var det heller ikkje fritt for slåsting. Om det gamle inkjekjønnsordet *skeid* finn ein på s.75 i innleiinga til NG: «I Stedsnavne vel i Regelen at forstaa i Betydningen: Bane til Kapløb eller Kapriding eller et Stykke Jord, som egnede sig til saadant Brug.» Ein kan ikkje seie at her er nokor

høgda, tue, i lendet. Slætte har det vore her langt attover i tida, og fleire gardar slo her til godt utpå 1900-talet. Ein må rekne med at her var snautt og fint og høveleg for fjellstemne i gammal tid. Slætta vart kalla *Skeids(s)tuslætta*. Enno er leivningar etter iallfall fire høyløer å sjå. Hatlen hadde slætte her. Mor til skrivaren fortalde at der på garden flytta dei ikkje til fjells for å slå viss det låg ein skoddelopp «i Vera». Dette var ein stad i Åfløyia sør for Osvatnet som dei her i bygdene kalla *Veret*. Skodde der varsla styggever. Før fjellslåtten starta, var dei til fjells og slo *sengafôr*. Det var høy som dei skulle ha å liggje på i høyløa medan slåtten stod på. Slættet til gnr. 82/3 Fårhaugen vart kalla *Peslættet*. Dette er ikkje langt frå Pehaugen.

Bekken heiter *Skeidstubekken* /Sjeisstubekkinj/. Eit anna namn på same bekken er *Rundtubekken*. *Buråket* var vest for denne bekken. Der kom krøtera seg oppi Sambeitet.

Rundtuå /Ronntuå/ er den rundvorne høgda lenger mot nord. Mange kjenner dette namnet. På sørvestsida av høgda står i dag ei sølvblank tørrtolle i ei glenne. Treet er byttolle. Ho har kors i leggen på nordsida. Øksehogg ved rota viser at einkvan har prøvd å hogge ho ned. Somme har kalla treet *Rundtuklurå*.

Ein har namn som *Botneskaret* og *Botnin*, *Gammelseterslætta* og *Trøslættet*. Det siste var slættet til Trøa (Sagtrøa).

Det var slik at dei jaga kyrne frå setra på Skansen og oppi det som heitte *Sambeitet*. Her vart dei gjett.

Randa /Ranna/ er eit stort fjellområde. Når ein ser fjellet frå sør, er konturen mot himmelen heller jamn. Det ser ut til å vere det gno. *rønð* f. 'stripe, kant' ein har i namnet. Etter at folk først på 1900-talet tok til å fare til fjells ved påsketider, har dette området vore mykje brukt til skiturar.

Lengst aust på høgaste delen av fjellet er det to vardar som blir kalla *Tovardan* /Tovaranj/. Turid Thomasgård har opplyst at ho som jentunge saman med far sin, Sigurd Salvesen, og nokre andre var med og bygde ein varde i tillegg til den som stod før. Dette var 12. august 1927. Etterpå strødde dei småstein på ein snøfleck slik at dei fekk fram dato og år. Dette tok dei bilete av.

Lenger vest i fjellet er det to skar som heiter *Ytste* og *Nørde Varskaret*. Det er noko uklårt om førsteleddet er varde eller varg. Som ein veit har ein «i Frenå» gardsnamnet Varholen. Der er dei eldste skriftformene utan g. I NG s. 296 står det: «Den i senere Tid undertiden brugte Skrivemaade Varghol maa bero paa en Gjetning, som ikke har nogen Støtte.» I artikkelen om stadnamn i Hemnkjøltraktene i boka «Namn i fjellet» (1968) skriv Ola

Stemshaug på s. 65: «Gjennom Varskardet kom vargen.» Her er det greitt å avgjere, for i talemålet i denne landsdelen uttalar dei rd i varde som tjukk l. Mest sannsynleg fortel også namnet her i grensestrøket mellom Molde og Gjemnes om dyret.

Øygarden

Gnr. 79 *Øygarden* er i skrive Ødegaardt i 1633. Men i 1669 og 1723 er namnet skrive Ytter Steenløs. Dette viser at dette var ein del av Steinløyså. Gno. *øydigardr* var gard utan folk. Ein finn slike namn over heile landet, men berre nokre få gonger i Trøndelag og Nord-Noreg. Frå Surnadalen og nordover til Tjøtta på Helgeland og i Jemtland, finn ein aun (gno. *auðn* n. eller f. med same innhaldet). Namnetypen må ha kome opp som nemning for gardar eller gardsbruk som låg øyde etter avfolkinga i seinmellomalderen. Det er vanskeleg å seie kvifor berre somme av gardane som vart liggjande øyde pga daude eller seinare fråflytting, fekk dette namnet. Her i dette området vart heile bygdelaget øyde, men berre ein gard fekk namnet *Øygarden*. Årsaka her kan vere at dette var første gardsbruket i Steinløys-området som vart folkelaust. Kanskje dei døydde i sjølve sotta.

Namnekonsulentane har i lang tid gått inn for å bruke forma *Øygarden* der dette samsvarar med uttalen, i staden for *Øydegarden*. Telefonstasjonen som var her, hadde namnet *Øydegarden*. Ættenamnforma av dette gardsnamnet er her og mange andre stader den danske forma *Ødegård*. *Øygard* må ha vore ei produktiv nemning så seint som på 1600-talet. Det heiter *Øygardssletta* der garden Holte i Innfjorden låg. Det var truleg i 1616 Gråfonna tok garden.

I 1657 var det 1 hest, 9 kyr, 10 sauer og 9 geiter «på *Øygara*» her i Istadbygda.

Bruket *Øygardsbakken* var eit stykke som vart selt frå garden i 1857.

Opphavet til namnet på bnr. 3 *Råket* /Råkje/ er at det her var krøtterråk, «kreaturvei» som det står i NG. Der det heiter *Øygardsråket*, gjekk sjølve råket som bruket har fått namn etter.

Bruksnamnet *Rønningan* har altså bakgrunn i at det var nyrudningar nedover frå *Øygarden*. *Rønningan* vart utskilt som kårstykke.

Rønningdalan eller *Skrådalan* var ein plass som Jon Pedersen frå Øksendalen bygsla. Ein av sønene flytta til Kråa. Plassen gjekk attende til *Rønningan*.

Hjellen var ein plass. Det var Ola Justesen, fødd 1799, frå Gammelsetra som var den første som

byrja her. Han braut så mykje jord at han fødde to kyr. Dottera og dotterdottera hadde så plassen. Dei vov og selte tyet til Molde. Dei var dei siste her. Stova vart sett opp som stall på Fossbakken. Namet tyder på at det kan ha vore ein tjørhjell her.

Teigen /Tei'n/ var ein plass der Anders og kona Alet frå Vistdalen var dei første. Då Alet vart enkje, gifta ho seg med Ole Andersen Barstein frå Barsteinen i Nesset. Sonen deira Ole Andreas vart gift med Erika Johnsdotter frå Hatlakroken. Dei flytta dit, men i 1912 kjøpte dei Sundet på Eidssetra. *Nerland* er bnr. 7 under Øygarden. Det er eit nyvore bruk frå 1900-talet.

Øygaardssaga var saga til Øygarden. *Øygarddsammen* var demd opp, og vatnet vart brukt til Øygaardssaga. *Øygarðsfjøsan* var sommarfjøsar.

Ein har namn som *Liaberget* og *Skaret*.

Skulen i Istadbygda var *Øygaardsskulen*. Den første skulen vart bygd tett etter 1870. Ny skule vart bygd i 1914. Gamle folk kalla han for *Nyskulen* /Niskulinj/. No er han ombygd til bustadhus. For nokre tiår sia vart ny skule bygd. Han ligg der husmannsplassen Løvollen låg på Steinløyså sin grunn. No er også denne skulen nedlagd.

Bedehuset er framleis i god stand og i bruk.

Granbakken var ein liten bakke på vegen. Det voks graner her. *Øygaardsskiftet* er skiftet der vegane til Angvika og Eidsvågen tek av. No er det kome nytt vegskifte lenger aust der den nye vegen til Angvika tek av.

Steinvegen var ein gammal veg over myrane nedover til Aspholen. På 1960-talet vart det bygd kommuneveg over myrane her. Det offisielle namnet er *Langholvegen*. *Langholen* er den langstrekte holen aust for vegen. Det store nyjordsbruket som dei byrja å byggje ut i dei tider vegen vart bygd, fekk namnet Langholen etter holen. Men så er det slik at denne vegen på folkemunne har vore kalla *Sot-Jovegen* etter vegentreprenøren. Det var ein 'fargerik' øksendaling' som vart kalla Sot-Jo. Ein sjeldan gong kan ein også høyre namnet *Drammensvegen*. Det namnet har vel bakgrunn i vêskeinntak blant vegarbeidarane. For ein del år sia fekk han som skriv dette, høyre at ein kar frå Istadbygda kalla ein bakke med sving lengst sør på vegen for *Aslaksvingen*. Bakgrunnen for namnet var at ein mann, Aslak, ein gong kom her på sykkel. Han kom frå ein kjenning. Dei fortel at ein dram hos venen hadde gjort han meir djerv som syklist enn vanleg. Det gjekk slik i svingen med laussand at han rauk i koll og skrapa seg slik opp at han måtte til dokter. Dette er eit døme på at også i våre dagar kan nye stadnamn kome til. Det er gjerne slike «hendingsnamn». Ofte blir ikkje levealderen deira så lang.

Løken /Løkjinj/ renn utover myrane og ut i Olteråa nedanfor Saglia. Nedanfor Istadlia var det ein høl som heitte *Laugarhølen* /Lauarhølen/. Her lauga ungane seg. I dag er hølen for urein til slikt. Det er òg nesten heilt slutt med å bruke uttrykket «å laue se». No heiter det «å bade». Ordet bade har kome inn gjennom media og turisme. *Slettløken* er ein del av Løken i området ved Laugarhølen.

Vermholå /Værmhållå/ er ei særskild oppkomme. Ho har isande kaldt vatn om sommaren. Dei har prøvd å veite ut Vermholå. Førsteleddet fortel nok at kjelda ikkje frys. Somme oppkommer er slik at dei held om lag same temperatur både sommar og vinter.

Liateigan er teigar.

Steinløyså

Gnr. 80 *Steinløyså* var frå gammalt ein stor gard. Som ein har sett omfatta Steinløyså også gnr. 79 og kanskje 84. Namnet fortel ikkje så mykje om kor gammal garden er. Men her har sjølv sagt vore gard i lang tid føre krisetida som la bygdelaga her øyde. Namnet er ikkje nemnt i skrift før i 1596. I 1669 og 1723 er namnet skrivi Inder Steenløs. I NG s. 286 kan ein lese om namnet: «*Steinløysa, hvis sidste Led er løysa f., som betegner Mangel paa noget. Betydningen er saaledes: Stenfrihed, stenfri Jord.» Men ser ein på forholda på garden, er ikkje jorda her meir steinfri enn andre stader. Det stikk opp storstein mange stader på den brattlendte dyrkajorda. Her er steingardar bygd av dugelege steinar som vart gravne opp då dei dyrka. Store røyser med åkerstein er òg å sjå. Ein skulle tru at namnet heller fortel om at her har stein losna og rausa nedover lia. Men ein kan òg undrast på om det kan vere ironi i namnet, og at meininga er det motsette av lite stein.

Her vart velstand utover på 1600-talet. Ein veit at pengeskrinet til «Ziur Stienløsen» vart stole i 1630-åra. Det skulle iallfall vere godt over 300 dalarar og noko sølv i skrinet. Sjur Steinløysen måtte vere ein kar som i stordomstida for sagbruksdrift hadde tent pengar. Tjuven vart hengd ved ein korsveg seier segna. Det var visst òg slik at to menn her frå garden vart sagmeistrar i Nord-Trøndelag.

I 1657 er det to brukarar. Peder Steenløs med 2 hestar, 15 kyr, 16 geiter og 20 sauer. Den andre brukaren er lagrettemannen Elluff Steenløs som var ein av dei som møtte på Vestnes sommaren 1658 for å fastsetje grensene for Romsdalen mot Sunnmøre og mot Nordmøre. Elluff hadde to hestar, 19 kyr, 14 geiter og 16 sauer. Hovudbruka i seinare tid var *Ytter-Steinløyså* og *Nørd-Steinløyså*. (Siste bruket



Løbakken midt i bildet, var plass under Steinløyså. Høglia lengst oppe. (Widerøe/Romsdalsmuseets fotoarkiv 088441)

ligg altså lengst aust.) Ein ser tufter som viser at husa «på Ytter-Steinløysen» i tidlegare tider stod litt høgare oppe mot nordaust. I mai 2010 vart den siste stova og løa på bruket fjerna ved at dei vart nedbrende. Stova på 'Nørd-Steinløysen' stod litt lenger vest i tidlegare tider.

I dag har det som i tidlegare tider var gode gardsbruk her «på Steinløysen» vorte folkelause. Dyrkajorda er beitemark. Den ikkje så gamle skogsvegen austover lia har det offisielle namnet *Steinløysvegen*.

Den første som byrja i *Høglia* var Lars Torsteinson, f. 1830. Han var «frå Steinløysen». Om vintrane rodde han fiske. Elles var han snikkar og tømmermann. Sonen Lars som var bødker, kjøpte plassen. Det er bnr. 4. Ein bakke på vegen vart kalla *Høglibakken*. Lia ovanfor bruket har vore kalla *Høglia* og har gjeve namnet.

Storsteinen var ein stor stein som vart skoten sund og brukt i muren då dei bygde skulen som no er ombygd til bustadhus. *Storsteinbakken* var bakke på vegen ved staden der *Storsteinen* låg. Bjørnen pla krysse vegen her, fortalde mor til han som skriv dette. Bakkane på vegen her vart kalla *Steinløysbakkan*. *Karenhammaren* er ein hammar. Førsteleddet er kvinnenamnet.

Løbakken var husmannsplass. Dei første her var Pe og Sigrid. Så kom den ugifte sonen Amund. Etter han kom læraren «Pe Sagbakkå», men han bytta plass med Erik Olsen som kom til Løvollen. Seinare gjekk plassen attende til garden. Det har ikkje budd folk her etter 1912. Namnet fortel at det føre husmannstida har stått ei løe her. Myra nedanfor Løbakken er *Løbakkmyra*.

Løvollen var husmannsplass under *Ytter-Steinløyså*. Dei første her var Torstein og Ane. Han var frå Råket og ho var frå Langholen. Dei hadde ei ku og nokre sauer. Torstein dreiv med skogsarbeid,

handsagskjering og arbeidde tynner. Yngste dottera Olufine hadde plassen til kring 1960. *Løvollmyra* var myra nedanfor Løvollen.

Blokkehaugen /Blåkkehaun/ er ein låg haug. Førsteleddet er nok bæra blokke. Det er på vestkysten frå Rogaland og nordover ein har dette namnet eller blokkebær. På Austlandet blir ho kalla skinstryte, mikkelsbær o. a. Bæra er blå, men namnet kjem ikkje av farga. Det har samband med *blekkje* som kan bli brukt om småe blad på vokstrar. Somme åt blada om våren, men sjølv bæra var ikkje så omtykt. Somme meinte at ein kunne bli full (rusa) av å ete blokke. Safta kan brukast til å ta vekk flekker av anna bær på klede. Er ein blå på fingrane av blåbær, får ein det vekk med å bruke blokkesaft. (Bær er hokjønnsord i talemålet. Ein seier ber. I gno. finn ein det som inkjekjønnsord skrive ber.)

Lengst aust i den låge Langholen var det ein bygselplass som vart kalla *Langholplassen*. Her budde folk til kring 1900. Ein ser tufter etter ei lita stove og ei lita løe. Flatt og fint er det her i skogen. Ein ser godt dyrkamarka som kan ha vore iallfall fem mål.

Rognelia har truleg trenamnet som førsteledd. Men det merkelege er at det er flatvore der ein har namnet.

Steinløysmyran er myrane nedanfor Steinløyså. *Steinløyslia* er lia ovanfor.

Bjønneholå var eit namn «nedanfor Steinløysen». I ei segn om ormen blir det på s. 592 i 1. bandet av *Bolsøboka* fortalt om at han gamle John Steinløysen var på veg nedi *Torvholå* for å leggje opp torv. «Nedi Bjønnehålen gjekk han forbi ei stor rot som det brukte å vere orm innonne,» kan ein lese.

Steinløysgjerdet er bruk. Dei første her var Torstein Larsen, f. 1818 og Ane Pedersdotter, f.1807.

Øysteinplassen var ein bygselplass. Øystein som var frå Sel i Gudbrandsdalen, var fødd i 1810 og var skreddar. Lenger vest er det ein haug som har vore kalla *Øysteinhaugen*. Dei trur at bakgrunnen for namnet var at Øystein « på Øysteinplassa» skulle få hogge seg ved her.

Der det vart heitande *Selslia* slo bror til Øystein seg ned. Til dagleg vart han kalla Sels-Anders. Han skreiv seg for Anders Olsen. Plassen vart òg berre kalla *Lia*. Ein kan nemne at ei bukt på vestsida av Silsetvatnet heiter Sels-Olabukta. (Bukta har nok òg namn etter ein Ola som kom frå Sel.)

Liaberget var eit berg med formasjon som likna sessar. Somme kalla berget for *Tyteberget*. Det voks vel bra med tyte her. (Ein seier tyte, og ikkje tytebær i vanleg talemål.)

Svarttjønna er ei tjørn som er om lag attvaksen. På



Stortollå/Byttollå mellom Steinløyså og Hatlen står på det gamle Hatlaskiftet. 2007. (Foto Johnny Bratseth/Romsdalsmuseets fotoarkiv 04700)

1700-talet var det ein «på Steinløysen» som gøymde ei skinnhit med pengar i tjørna. Pengane vart aldri tekne opp att eller attfunne. Somme seier han var gammal og åreforkalka. Andre seier han ikkje ville betale så mykje skatt. Botnen der Svarttjønna ligg er *Svarttjønnotnen*. *Åsatjønna* er ei lita tjønn tett vest for bytet mot Hatlen «på Åså». Der det heiter *Kuskjenholå* var det sommarfjøs. Namnet fortel at krøtera skjena her. Dei la av stad frå den bitande kubremsen.

Langåsdalen er ein dal. Åsen må ha vore kalla *Langåsen*.

Folk talar om *Steinløysaugan* når det gjeld heile området her.

Der det heiter *Høgstølen*, eit stykke sørvest for Oltervatnet, hadde *Øygarden* og *Steinløyså* støl (seter) i gammal tid. Grunnordet støl tyder på høg alder. *Setra* vart nedlagd føre 1800. Ein har òg namnet *Øygarðsetra*. Ho har visst òg vore kalla *Nysetra*. Går ein oppi hit i våre dagar, får ein augo på lange torvutgardar som gjerder inn det som ein gong ser ut til å ha vore dyrkamark. Så får ein augo på imponerende byggverk av stein. Taka på byggverka manglar. I veggene er det mura fine gluggar. Det var slik at krøtera var i steinbygningen. Seterbua av tre var oppå. Krøtera gav såleis varme til folket over seg. Ein får inntrykk av at dette har vore noko meir



Øygarðsetra eller *Nysetra*. Dei fine steinmurane er nesten nedgrodde av gran. (Foto KMH/Romsdalsmuseets fotoarkiv 32055)

enn seter. Det blir fortalt at det var ein gard her ein gong i tida. Segna fortel at dei som slo seg ned her, kom frå Ålandsøyane mellom Sverige og Finland. (Opplysning frå Paul Istad 4.5. 1993.) Staden ligg godt i ly for den kalde norda- og austavinden. Ei anna segn fortel at ein som budde her, vart kalla Hallstein Månskina /Månsjena/. (Det er noko usikkert om skrivaren hugsar rett personnamn.) Ein høyrer òg frå andre stader om folk som får tilnamnet månskin. Då heiter det at det stod såpass skralt til at dei ikkje hadde smørauge i grauten. Det var einast månen som skein gjennom ljøren og blenkte i grauten. Det har òg vore sagt at han hadde kvern i Olteråa ikkje så langt unna. Det sa iallfall mor til han som skriv dette.

Hatlen

Gnr. 81 *Hatlen* har altså same namnet som gnr. 43 på Fannstranda. Det er slik at namnet på denne garden har vore skrive *Seter*, *Setter* o. l. Garden er første gongen nemnd 1611. Det ser ut som *Seter* (*Setra*) og *Hatlen* har levd side om side framover til 1800-talet. Så seint som i matrikkelen frå 1838 og i 1859 då garden gjekk over til sjølveige, står namnet *Hatlen* med *Sæter* i parentes. *Seter*-namnet fortel nok om at garden ei tid var seter under ein gard som hadde folk i nedgangstida i seinmellomalderen. Ein veit heller ikkje om *Hatlen* var eit endå eldre namn, eller om det er eit namn som kom opp då ein atter fekk busetnad her. Namnet fortel nok om hatleskog, og ikkje om eit einskildtre. Uttalen har ein l som er ustemd og palatal likeins som i ord som i litle.

Det ser ut som det er 1 hest, 9 kyr, 8 geiter og 12 sauer på garden i 1657. I gammal tid stod iallfall stova på garden ovafor der der bilvegen går i våre dagar.



Det gamle tunet i Hatlen 1967. (Widerøe/Romsdalsmuseets fotoarkiv 179879)

Hatlalia er bnr. 2. I NG står det at ein i uttalen har bindevokalen e. Det er feil. Bindevokalen er a. Likeins er det i vegskiftnamnet *Hatlaskiftet* og den bratte vegbakken *Hatlabakken* nedover frå dette vegskiftet. Før i tida var det mykje laussand nedunder bakken. Mang ein syklist fekk her ei riven brok når dei miste jamvekta og rauk i koll. Hatlaskiftet var eit viktig vegskifte. Her pla ungdom møtast om helgakveldane.

Ved dette vegskiftet står den særmerkte og gamle byttolla *Stortollå*. Somme kallar ho *Byttollå*, for ho er byttolle mellom Steinløyså i vest Hatlen i aust. Alle som reiste forbi den tida riksvegen gjekk her, la nok merke til stortreet. Ingen som levde på slutten av 1900-talet hadde sett nokor forandring på treet. Framleis står ho der som før. Det blir fortalt at ein gong for fleire hundre år sia fann dei ein morgon etter ei natt med torslått to daude hjortar under treet. Lynet hadde slege ned og drepe hjortane som hadde søkt ly. Det er ikkje einaste gongen lynet, (ljunelden som dei sa), har vore borti treet.

Hatlakroken var lengst aust på det som i dag er dyrkamark. På garden sa dei berre *Kroken* /Krokjinj/. Det var John Eriksen frå Hatlen som bygsla her på 1800-talet. Etterkomarane kjøpte i 1912 Sundet på Eidssetra. (Sjå elles om Teigen under Øygarden.) Husmannsplassen *Teigen* var der Einar Hatlen har bygd bustadhus. Plassmannen var frå garden.

Lia ovanfor vegen kallar folket på garden berre *Lia*. Dei kallar òg tjørna oppå lia berre for *Tjønnna*. Elles i bygda seier ein *Hatlatjønnna*. Før i tida pla gardsfolket brenne jonsokbål ved tjørna. I ein mildversbolck med regn på etterjulsvinteren eit av dei siste åra føre 1930, brautst *Teppinga* sund. Vatnet fløynde nedover *Bekken* (*Hatlabekken*). I februar 1928 veit ein at det gjekk mange fonner på Vestlandet som gjorde stor skade. Kanskje det var dette året. «Fonna» som dei på garden seinare kalla skadeflaumen, gjorde stor skade på innmarka. Det var stor fare for at stova skulle bli teken. Folket på garden, så nær som kårmannen gjekk uti løa. Ho låg lengst unna *Bekken* og fonnafaret.

Vatnet i *Bekken* har vore brukt til både kvern og sag. *Saga* ligg tett nedom vegen.

Lenger nede heiter *Hatlabekken* for *Nilsbekken*. Denne Nils som ein veit var gardbrukaren så tidleg som i 1611, skal ha hatt kvern i bekken nordaust for bruket på Ny Jord som heiter *Bekkelund*. I 1613 og 1624-25 er Niels Sætter nemnd i leidangsskatten. I samband med kvernskatt er han i 1621 nemnd med «en liden quern». Enno kan ein finne den nedgrodde muren etter kverna som kan vere bygd så tidleg som på slutten av 1500-talet. Litt lenger oppe i bekken ligg nedste stokken i «Kvennadammen». Ein ser han er skoren på oppgangssag, og ligg tvers over bekken under vatn. Truleg mol Nils også for folk i



Damstokken i Nilsbekken har vore der frå 1600-talet. (Foto KMH/Romsdalsmuseets fotoarkiv 30774)

Osen. Kan hende ein ikkje hadde fått kvern i Oselva så tidleg. Der rådde vel oppgangssagene på denne tida. Hadde dette vore gardskvern, hadde ho nok stått der bekken renn forbi tunet. Det kan vere at dette var den første vasskverna i området her. Etter manndauden hadde gardane i området lege øyde i lange tider. Det er ikkje sikkert at vasskverna hadde kome i bruk her i distriktet føre 1350. Dei hadde greidd seg med handkvern heime i stovene.

Kverna og mylnaren Nils må ha vore godt kjend sia ho har gjeve namn til bekken. Kan hende dei kalla ho Nilskvenna. Det er ikkje sikkert ho var så lita som det står i skattelista. I våre dagar kjenner mange i grendene her namnet Nilsbekken, men få andre enn dei som høyrer garden til veit noko om bakgrunnen for namnet. Seinare hadde Hatlen kvern i Hatlabekken heime på garden. Den siste var i bruk til 1890-åra.

Tett vest for riksvegen, (*Nyvegen*) som dei lenge sa, er *Vadet*.

Ein bekk som endar i Storelva heiter *Rundsteinbekken* /*Ronnsteinbekkjinj*/. Bekken kjem ned mellom Hatlalia og Fårhaugen. Han er mest tydeleg lengst nede og endar i Storelva. Bakgrunnen for namnet er at det er runde steinar i bekken (kuppulsteinar).

Nedover *Mas(s)inggrovdalen* renn visst ei lita bekkjasikle under jorda. Ho har truleg heitt *Mas(s)inggrova*. Kan hende steinar i bekkjafaret ein gong har hatt massingfarge. Massing er legering av koppar og sink. Ordet har kanskje kome gjennom slavisk frå eit språk i Litleasia. I gno. vart ordet skrive mersing eller messing. Harald Hatlen hallar til at det er grova som masar (strevar, kavar) seg fram der ho renn under jorda. Han bruker namnet *Masingdalen*. Som stønad for ei slik tolking kan ein nemne at førsteleddet i gardsnamnet *Masdal* i Ørsta kanskje er eit elvenamn avleidd av mase. *Ytste Urvegen* og *Nørde Urvegen* var stigar. Namna fortel

at det er ur her. Som ein veit er ur (gno. urð f.) 'skrått lende som er dekt med stein'.

Nedanfor den gamle dyrkamarka «på *Hatlamyrå*» låg *Egeltjønna*. No er det dyrka her, og tjørna er utveitt. Her var det nok av igler før i tida. Ein veit iallfall at mormor til han som skriv dette brukte igler herifrå på tannbyll. (Sjå elles artikkelen «Namnet *Egeltjønna* og mangt anna om igler» i RSÅ 1997.) Namnet *Hatlaflata* blir brukt om det flate området på kvar side av riksvegen. Både på austsida og vestsida av riksvegen heiter det *Løken*.

Når ein talar om utmarka til gardane i området nede i bygda, er det slik at ein talar om t.d. *Hatlamarka*, *Steinløysmarka* og *Sollimarka*.

Hjellåkeren har namn etter tjørhjell som var i nærleiken.

Geitåkeren låg høgt oppe på dyrkamarka. Bakgrunnen for namnet er at geitene som gjekk oppi lia, hadde lett for å kome nedpå denne åkeren. Det vart slutt på geitehaldet føre 1900. Landbrukskunnige meinte ho fór stygt med skogen.

Karvibakken er ovafor husa, men nedanfor vegen. Her voks krydderplanta karve som i målføret vart kalla *karvi*. Den store heggen som utover på 1900-talet stod vest for den gamle løa, fungerte som stadnamn blant folket på garden. Dei tala om *Heggen*. (Ein ser han på bilete på s. 688 i «Bolsøyboka Annen del». Det same gjorde *Hagen* som var frukthagen.

På *Kårstykket* hadde kårfolket åker og eng. *Bøen* på vestsida av dyrkamarka var beitemark. *Bøattlegå* er attlega nærast Bøen.

Køyrvegen er ein eldre veg oppi lia. I seinare tid er det bygd fleire skogsvegar på garden. Slike vegar må i vare dagar ha offisielle namn. Namna er *Hatlatjønnvegen*, *Kammenvegen*, *Sommarfjøsvegen* og *Nilsbekkvegen*. *Sommarfjøs* er sommarfjøs på garden.

Sandbakken var ein liten bakke på vegen aust for Hatlen. Som ein forstår er lendet sandhaldig her. (*Nyvegen* i dag har berre ein retteleg lang bakke austover til Sollia. Så er det slik at ein meir kjend bakke på riksvegen aust for Ny Jord også heiter *Sandbakken* /*Sannbakkjinj*/. No er han mykje utjamna, for her er berre sand. Før i tida vart det teke skursand på toppen av bakken. Det næraste nyjordsbruket på vestsida av vegen heiter òg *Sandbakken*.

Liavegen var vegen oppå lia. *Kvilaren* var ein flat stein der dei pla kvile når dei gjekk oppå lia.

Svartedika var dike. Ofte vart det berre sagt *Dika* /*Dikja*/. I gno hadde ein díki om blauthol.

Stakcholet var ei glenne der Jo Krokja /*Hatlakrokja*/ slo. Han hadde stakk her.



Ner-Sollia. 1962. (Widerøe/Romsdalsmuseets fotoarkiv 088567)

Haugvegen er ein stig som går beint oppover frå husa.

Kammen er ein liten haug. *Stien* var stigen opp *Lia*. *Sandbrauta* er eit bratt stykke av *Stien*. Braut blir ofte brukt om bratte vegstykke. *Svingen* var sving på *Stien*

Råket var krøtterråk. I gno. hadde ein ordet *klaufrák* om fejing. Gjerningsordet var i gno. reka, i t.d. uttrykk som: «reka heim smala sinn» om å jage heim smalen (sauene) sine.

Revberga /*Rævbærja*/ er ei ur. Her var ofte revhi. *Bjønnaletta* er ei slett. Dei såg bjørn så seint som kring 1925 oppi lia her.

Oppå *Lia* må ein ta med namn som *Øvste* og *Nedste Litleløhaugen*, *Litleløglennå* og *Litleløslættet* med *Litleløå*. Det blir sagt at ein kunne slå 30 sommarlass som ein hadde inn i løa. *Litleløtjønna* måtte ein gjerde inn, for kyrne kunne gå seg ned. Somme seier *Svarttjønna*. Namnet *Stølarhaugen* på austsida av *Litleløhaugen* fortel nok at her støla krøtera (kvilde seg og ørta).

Høgåsen og *Lågåsen* er namn på åsar. Ein har alltid eigenskapsordet låg i stadnamn. Dette viser at lav som ein no mykje har i talemålet, har kome inn i seinare tid.

Liamyrbekken renn utover *Liamyra* og uti *Hatlatjønna*. Her var *Liaslættet*. Der kunne ein slå 30 sommarlass. Røra austover frå *Hatlatjønna* oppå lia heiter *Liarøra*.

Teigan er eit stort område der dei slo. Der det heiter *Stølen* eller *Hatlastølen* var det nok garden hadde seter. Det blir i 1723 opplyst at garden hadde hatt seter ein fjerding frå garden, men ho var ikkje lenger i bruk. Når ein har grunnordet støl, tyder det at namnet er gammalt. Ein veit ikkje for visst kva tid setringa tok slutt.

Åsan er småe åsar. *Sollitjønningin* kallar ein to tjørner ved bytet mellom Hatlen og Sollia. Dei er på kvar side av bytet.

Ein har slættet *Åsløslættet* og bekken *Åsløbekken*. I *Bolsøyboka* III 1. band kan ein lese på s. 603 f. : «Lenger oppe i åsen låg *Åsløslættet* med *Åsløa*. Løa var stor, og ein kunne slå 50 sommarlass når ein gjorde årbyte. Det vil segja at heile slættevidda kunne gje heile 100 lass om ein slo alt på eitt år.»

På Økonomisk kartverk står namnet *Gnarmyra* nedanfor Hatlen. Men han som skriv dette har ikkje treft nokon som kjenner dette namnet.

Sollia

Gnr. 82 *Sollia* har eit mykje vanleg namn. Fjella i sør er så langt unna at sola skin lenge heile året. Garden er nemnd i skrift i 1605. I 1657 har ein brukarane Anders og Rasmus. Anders har 2 hestar, 16 kyr, 16 geiter og 20 sauer. Rasmus har 2 hestar,

9 kyr, 8 geiter og 8 sauer. Året etter har Romsdalen vorte svensk område, og Søren Anderson Solij og Oluf Rahmusson Solij blir utskrivne til svenske soldatar. Av namna ser det ut som dei er søner av dei to brukarane. Truleg kom dei aldri attende til Sollia.

I 1723 ser det ut til å vere berre ein brukar. Dyretalet har heller gått nedover på denne garden slik som på mange andre gardar heromkring i denne tidbolken. Det hadde vore framgang i første halvpart av 1600-talet. Men andre halvpart av hundreåret vart ei vanskeleg tid. Folketalet går heller litt attende her i distriktet. Harde farangar gjorde at mange strauk med, særleg småungar. Verlaget vart berre kaldare. Stygge uår kom gong på gong. Soldatutskrivninga vart meir omfattande. Første tiåra av 1700-talet vart samanhengjande krigstid fram til Karl 12. fekk ei kule gjennom skallen.

Øver-Sollia og *Ner-Sollia* er dei to store bruka under Sollia. Det gamle tunet var ved haugen der husa i *Øver-Sollia* framleis står. Her kallar ein det *Sollihaugen*. Tunet til det som vart *Ner-Sollia*, vart eit stykke lenger nede. Det var ein styggebratt bakke på riksvegen som gjekk over haugen. No er vegen flytta nedunder haugen.

Sollia hadde seter på *Solliseterhaugen* oppå fjellet. I 1723 er det opplyst at garden hadde ei nedlagd seter. Truleg har ho ikkje vore i bruk sia.

Fårhaugen vart tidleg husmannsplass. Det er kanskje denne plassen som er nemnd i 1801. *Fårhaugen* har vore sjølveigande bruk sia 1864. Førsteleddet er trenamnet. Som ættenamn har skriftforma vore *Forhaug*. No er det ingen frå dette bruket som ber dette namnet. Attlegene på bruket har vore nemnde som *Fårhaugattlegen*.

Holmplassen var ein husmannsplass under *Fårhaugen*. Johan Holm som var fødd i Sverige i 1808, bygsla og bygde her. Kona var romsdaling frå Eid. Holm var ein flink smed og hovslagar. Plassen gjekk attende til *Fårhaugen*.

Hallvard og Gunni rydda plassen som vart heitande *Hallvardplassen*. Dei var fødde i 1818 og 1823. Både dei sjølve og nokre av borna reiste til Amerika. Plassen gjekk attende til *Fårhaugen*. I *Bolsøyboka* står det at plassen også vart kalla *Hallvardleet*. Det var eit led på vegen her som også hadde dette namnet.

Zuluberget er eit forunderleg namn, men det har si forklaring. Ei misjonsforeining arbeidde for zuluane langt sør i Afrika. Marit og Knut Forhaug var av dei aller siste haugianarane, og var nok også drivkrefter i arbeidet for zuluane. Ein sommardag skulle foreininga ha møte «i *Fårhaua*». Det var nesten like steikjande heitt som i landet til zuluane. Dei kom på at dei skulle halde møtet ute på dette

berget. På folkemunne i grannelaget vart berget heitande *Zuluberget* i lang tid framover.

Gjerdbakkan er bakkar lenger nede.

Bøbekken er bekken som renn ned ved *Sollibøen*. *Sollielva* er den litle elva som kjem ned ved Sollia.

Det var Ola Jonsen (Ol-Jonså), f. 1825 i Lesja, som bygsla og rydda plassen *Øverbøen* under Sollia. Seinare vart det sjølveigande bruk.

Bruket *Nerbøen* har ikkje vore bygsel, men ein har hatt mange eigarskifte. Ein kallar området her for *Sollibøen*. Det var bømærk frå først av.

Geilen er eit bruk. Frå først var det inngjerding for husdyr.

Hjellen har truleg vore tjørhjell.

Storgjøta er eit eit lågare parti i lendet. I ordbøkene finn ein gjote, men uttalen er jøte her i distriktet.. Ordet er i dag ikkje mykje brukt i talemålet. Her var òg ei klurtolle som vart kalla *Gjøtklurå*.

Det var Ivar Jakobsen frå *Hatlalia* som bygde i *Solligjerdet* noko føre 1865. *Torelia* er lia ovanfor *Solligjerdet*. Førsteleddet er *Tore*.

Ein gong gjekk ei taus (jente) som var på veg frå *Gusjåsen* og skulle oppi Sollia seg nedi hengjedikmyra som vart heitande *Tausamyra*. Ho bleiv (omkom) i myra. Dei fann ho att. Dette hende langt atti tida. Ein gong jaga bjørnen ei merr bortpå myra. Han hogde seg så fast i merra at begge enda sine dagar der. Krøter har òg stroke med i myra. Ei tid var det visst *gjerdesgard* kring henne. Dette fortalde mor til han som skriv dette.

No er ein ikkje så langt frå *Storelva* som er vassdraget mellom *Fosterlågen* og *Osvatnet*. Målføreuttalen er /Foslåjinj/. Likeins seier ein /Fosvåll'n/ om garden på neset på nordaustsida av vatnet. (I *Osen* har *Fosterlågen* vore kalla *Sandnesvatnet* /*Sannjæsvatne*/ etter garden på sørsida.) Sisteleddet låg finn ein i gno. *logr m.* om rennande eller stillestående vatn. Det kan òg vere ein ekstrakt slik som einlog. Før i tida hadde ein eine oppi vatn og koka. Denne væska reinsa ein kjerald med. Ein finn namn som *Lågen* kringom i landet. Mest kjende er vel elvenamna *Gudbrandsdalslågen* og *Numedalslågen*. Same ordet finn ein att i namnet på den norditalienske innsjøen *Lago di Garda* og i ordet *lagune*. I *Skottland* har ein den mykje kjende innsjøen *Loch Ness*. Mange kjenner det engelske ordet *lake* for innsjø. Mange veit enno kva *lake*, t. d. kva *sildlake*, er.

I 1596 er *Storelva* kalla *Fouster aae*. Truleg fortel namnet at mykje fisk vart oppfostra i elva. I skrift ser ein ofte *Gusjåselva*. Namnet *Storelva* kjem vel av at dette er den elva i vid omkrins med størst vassføring. Når ein har sisteleddet elva, forstår ein at namnet *Storelva* ikkje har vore brukt så lenge.

Storhølen er den største hølen i elva. Her har det vore fiska mykje fram gjennom tidene. Før det vart bygd laksetropp i 1960-åra, kom ikkje laksen seg lenger enn til hølen. Det var berre ålen som greidde å åle seg oppover berget attmed fossen. Dunderet av fossen kan ein høyre på «langand lei». Det blir fortalt at det var kvernhus her i gammal tid, men at ein storflaum førte det med seg i hølen. Han er styggeleg djup.

Grashaugen er ein rundvoren haug ovanfor Sollia som er 437 m høg. Namnet står på kartet frå 1870-åra. God grasvokster er vel bakgrunnen for namnet.

Grashaugsløtten var sløtten til Ner-Sollia. Det gjekk frå vegen og opp til Grashaugen. Ein slo 20-25 sommarlass når ein slo kvart sløtten annakvart år. Det vart meir gras på denne måten. Graset som ikkje vart slege, vart til gjødsel. Dette kalla dei å gjere årbyte. Det var ikkje løe i dette sløtten.

Grønstølan var sløtten til Øver-Sollia. Det vart slege kring 20 lass når ein gjorde årbyte. Her var heller ikkje løe. Lenger aust der det er noko lågare heiter det *Botnin /Båtninj/*.

Trohaugen er kanskje eit minne frå den tida dei hogde troer til hesjer her. Ein brukte troer før strengen kom i bruk. Troe f. (gno. *trøða*) er ein lang, tynn trestamme.

I søraustleg lei nedanfor Ner-Sollia var *Hallvardsløtten* med *Hallvardløå* som hadde namn etter ein Hallvard.

Pikhaugen er ein liten haug, bergpynt, som er bytepunkt mellom Hatlen og Sollia. Når dei hadde oversyn over buskapen, pla gjetarane stundom sitje på Pikhaugen, fortalde mor til han som skriv dette. Ein kan undrast på om Pikhaugen er det grensemerket som er nemnt i skildringa av grensa mellom Romsdal og Nordmøre dagsett 27. april 1658. Her står det m. a. at grensa går frå «norden j Grønfield og saa udj wæster till Kiellingfield, der i fra og i wæster till Wettefield, till dend bæck, som rinder ned ad Wættefield, der i fra wæster i Pickhov, der i fra wæster i Ottervadzaas, nock der i fra j wæster i nordeste ende i høyeste Skallij, der i fra j wæster Steenlidtschar, nock der i fra j wæster i Stangvadzaaess».

Teiknar ein dette inn på kart, ser ein at det blir ei grenseline utan store krokar. Då grensegangsaka mellom nordmøringar og romsdalingar vart avslutta kring 1950, var det ingen som opplyste at dei kjende til nokon stad som heitte Pikhaugen i området. Det er mykje merkeleg at ingen kjende til Pikhaugen. Truleg ville dei ikkje nemne det. For skrivaren av dette ser det ut som grenselina som vart dregen opp i 1658 ikkje tek med alle småkrokar. Å ta med alle

småbøygjar hadde vore uråd når ein skulle dra opp ei så lang grense. Dei var utan kart der dei sat på Vestnes.

Det har i ettertid vore usemje om kvar Ottervadtz-ass var. Helst er det tale om Oltervassosen (der Oltersåa renn ut frå Oltervatnet). Ein ser grensa også går i Stangarvassosen. Elveosar var gode grensepunkt. Eit anna alternativ var Oltervassåsen, men det er mindre sannsynleg.

I grensesaka midt på 1900-talet vitna ei kvinne at *Trollvatnet* nord for *Oltervatnet* var eit namn som ikkje hadde vore brukt. Det hadde vore sagt Øvre Oltervatnet. Det kan ikkje vere sanning i dette. Ein finn *Trollvatnet* som namn mange stader. Desse vatna er jamnast noko store, og har høg alder. Dei er så gamle at segner om troll i området oftast er gløymde. Her ved *Trollvatnet* fortalde dei i gammal tid at jutulen *Trollvass-Trond* heldt til. Frå vatnet og ned til Oltervatnet renn *Trollåa*. Når ein har grunnordet å (gno. *á*), og ikkje det meir moderne elv, fortel dette at namnet er gammalt.

Fleire namn i fjellstrøket

Det har vore vanleg å meine at elvar med troll i namnet er stride og skadegjerande elvar. Men *Trollåa* renn i slakt lende og lagar ingen naturskade. Ho er heller ikkje så farleg for folk og fe. Det som kan ha vore med på å gje henne namn, er jutulgryter i elvefaret. Der dei er, heiter det *Grytberga /Grytbærja/*. Eitt av dei sylindforma hola er om lag 60 cm djupt, og tverrmålet er om lag 20 cm. Ei segn fortel at ein gong vart det fisketomt i Oltervatnet. Ein jutul viste seg attmed elva. Kan hende det var *Trollvass-Trond*. Men ikkje langt unna, ved Leikjesåa budde ein annan jutul. Det var Leikje. I Raudheia heldt Raudheigaffen /Rauheigaffinj/ til. Desse karane var visst nokså nære slektningar.

Relasjonsnamn til *Trollvatnet* er *Trollvassholmen*, *Trollvassbukta*, *Trollvasskaret*, *Trollvassbotnan*, *Trollvassbekken* og *Trollvasstjønna*. (Skeids-dalingane kallar vatnet for *Stortrollvatnet*. *Litltrollvatnet* ligg i dalen ned mot Skeidsdalen.). På vest-sida av *Trollvasskaret* ligg ei diger steinblokk som heiter *Trollkistå*. Heilt fram til etter 1900 var det ikkje uvanleg at folk frå Istad-bygda somme søndagar i sommarhalvåret gjekk over fjellet til kyrkja på Ør. Då gjekk dei det bratte *Trollvasskaret*. Ein må ikkje gløyme at ein sør for *Trollvatnet* har *Trollvassbarakkå*. Ho vart sett opp då ein fekk kraftutbygging så tidleg som føre 1920. Vatnet vart demt opp. Årstalet 1920 er hogd inn i ei minnesteinhelle på demninga. Arbeidet var i gang då «spanskå» slo til i 1918. *Trollvassbarakkå* hyste då svenske og norske rallarar. Fleire av dei fekk



Skåla og Osvatnet (t.v.) sett frå Vetaffjellet. T.h. for Osvatnet ligg Aspelunden nærast, så Aspholen og Nordhaugan. Langs vegen t.h. ser vi Sollia i

sjukdomen så hardt at dei døydde på sjukehuset på Molde. Ordet barakke kjem frå fransk, men er av uvisst opphav. Huset står framleis og er i bra stand. Før i tida vart det tala om *Trollvassteppinga*. No seier dei vel mest demning. Tepping har med å teppe å gjere (gno. teppa). Det har samanheng med tapp, setje tapp i, stengje, jf. ord som nasteppe.

Buråket var buråk vest for Trollåa for Øygarden, Steinløyså, Hatlen og Sollia. Råket der dei her jaga krøtera for å kome oppi Sambeitet er utlagt frå Ner-Sollia.

På nordsida av vatnet er *Bythammaren*. Her går bytet mellom Gjemnes og Molde kommunar i dag. Bukta nordover frå Bythammaren har vore kalla *Rompå*.

I grensegangen på 1900-talet meinte dei på sørsida av fjellet at skeidsdalingane ville stengje garden Dyrليا (gnr. 16, også i Gjemnes kommune) ute frå *Skjenstøå*. Denne staden hadde så langt attende som ein veit, også vore kalla *Dyrlistøå*. (Namnet Skjenstøå fortel at krøtera skjena hit for å kome seg uti vatnet og bli kvitt kubrems, klegg og blinding.) Men det andre namnet fortel at Dyrليا hadde hatt båtstø her. Auren i vatnet har vore retteleg fin, stor og raud i fisken.

På austsida av vatnet kjem *Dubekken* frå eit lite vatn oppi nordvestsida av det kjende fjellet

Duå. Olav Botterli sa at det var fin fisk i vatnet.

Solliskarven er ei langvoren høgd. Skarv er eit vanleg grunnord i fjellnamn. Ivar Aasen skriv om grunnordet skarv: «en nøgen Klippe, et Bjerg hvorpaa intet voxer». I nord og aust i landet har ordet hankjønn. Førsteleddet i denne skarven sør for Trollvatnet, er gardsnamnet Sollia. Eit anna mykje brukt namn på han er *Langskarven*. Høgdenene lenger vestover mot Rundtuå heiter *Skarvan*.

Ein har namnet *Botterlisetra*. I 1723 er det opplyst at Botterlia ikkje hadde seter. Denne setra skal vere nedlagd føre 1850.

Øvre Seterbekken kjem ned ved Botterlisetra. Han er her byte mellom Romsdalen og Nordmøre, og blir difor også kalla *Bytbekken*.

Om elvenamnet *Oltëråa* kan ein lese under omtalen av garden Istad. Ved utlaupet av Oltervatnet har ein *Oltervassteppinga*.

Eit lite høgdedrag vest for vatnet heiter *Vassreset*. Res n. er høgaste punktet på ein bakke. Ein har også *Reset* på sørsida av vatnet.

Nøsa er ein åsende (gno. nõs f.). Dette er aust for sørenden av Oltervatnet.

Oppi *Rundrishaugen* endar bytet mellom Sollia og Botterlia. Haugen er rund, og har fått namn av at her voks ris (gno. hrís). Ris er kvistar og greiner som er tynne.



biletkanten. (Foto KMH/Romsdalsmuseets fotoarkiv 31902)

Botnin /Båtninj/ er botner. *Toklehyttå* var hytta til tannlege Tokle på Molde. Ho står ikkje lenger.

Dyrlisetra låg tett aust for bytet mellom Romsdal og Nordmøre. Dette var setra til gnr. 16 i Gjemnes kommune. No er det hytte der setra var. Vest for setra og vestover mot Oltervatnet er det ruster som heiter *Dyrliseterrustin* /Dirliseter-røstinj/. I uttaleopplysninga her er itakismen (overgang frå y til i) som var vanleg i Istad-bygda, teken med.

Tiriltunghaugen har fått namn etter blomsteren tiriltunge. Olav Botterli som fortalde om namnet, sa *Teletonhaun*. Målføreforma for blomsteren er *teletonge*. Ein legg lett merke til denne fagre blomsteren som veks på tørre stader. Han har vore brukt til farging.

Grønli er ei stor solvend li opp mot skoggrensa. *Grønli*slætta var slætta til Øver-Sollia. *Grønli*løå var ei høyløe her. Grøn i naturskildrande stadnamn blir brukt om stader der det blir tidleg grønt. Det er rosande namn. Ikkje så mykje lenger nord har ein *Svartåsen* og *Svartli* som ein kontrast.

På *Solliseterhaugen* låg setra til Sollia. *Åsslættet* er eit slætte lenger nord, men på sørsida av Olteråa. *Gammelseteråsen* fortel at ein har hatt seternamnet *Gammelsetra*.

Småliin er småe lier med grasmark og kjerrar.

Pehaugen har mannsnamnet Pe i førsteleddet. Pe er den gamle målføreforma for Peder. Ein veit visst ikkje lenger kven denne Pe var.

Smålund /Smålunj/ er ein liten skoglund. *Heia* er eit fjellområde som går austover innpå området til Nordmøre. Eit særmerke for område som heiter Heia her på traktene, er at det ikkje er så kupert.

Blomrustbakken /Blomrøstbakkjinj/ er ein bakke der det var slætte. Førsteleddet blomrust fortel vel at her var spreidd skog der det voks blom (bregneplanter).

Botterlia

Gnr. 83 *Botterlia* er grannegarden mot Gjemnes. Han ligg aust for Sollia. I NG s. 287 finn ein at namnet kan tyde burtare lia. Lia som ligg lenger bort er då meininga. Men garden ligg ikkje høgare enn grannegardane slik som det står i NG. Sollia ligg om lag like høgt. Garden er ikkje nemnd i skrift før i 1646. Dyretalet i 1657 med ein brukar er 2 hestar, 8 kyr, 7 geiter og 7 sauer. Ved grenseskildringa i 1658 står det at «Guessaaess med sin iord og eyendeller, illigemaader Sollij og Bortelij gaarder med deriss eyendomb» er i Romsdalen.

Det er slik at Bortelia er gard og hytteby i Åseral i Vest-Agder. Didrik Arup Seip kom i 1915 med tolkingsframlegget *Bordtrélidin der førsteleddet bordtre skal vere tre som var høveleg til å lage bord (fjøler) av. Namnet er truleg frå føre vassaga si tid. Før den tid kløyvde dei stokkane og laga det ein med eit lågtysk ord kalla *huggenbord*. Kanskje denne tolkinga er mindre sannsynleg her. Ein seier Botterlia eller også Bottelia. I talemålet har ein ordstillingar som «fare bortom åsen», bu bortai åsa» og «bortast» (lengst bort).

Haugen er ein haug. *Storåkeren* var namnet på ein åker i Botterlia. Den gongen hadde dei åker på same staden år etter år (gno. åkr/akr). I latin heiter det ager. I seinare tid har dei kalla innmarka her *Storattlegå*.

Det er nemnt husmenn i Botterlia så tidleg som midt på 1600-talet. Nedi skogen vest for *Dyrlielva*, som er grenseelva mot Gjemnes, hadde ein plassane *Øvre* og *Nedre Botterligjerdet*. (Folket som var her på 1800-talet, er utførleg omtala i under husmannsplassar i Bolsøyboka.) Buplassen *Smådalan* ligg ikkje langt frå *Øvre Botterligjerdet*, men på austsida av elva. Ein høl i *Dyrlielva* heiter *Kattunghølen*. Det blir sagt at han har fått namn av di ein frå *Dyrlia* drukna kattungar her. Før *Sollielva* og *Dyrlielva* kjem nedi *Storelva*, renn dei saman. Noko lenger nedi *Storelva* heiter det *Øyan* /Eianj/.

Bruabakken var ein husmannsplass. Namnet fortel at plassen ikkje låg så langt frå *Brua*. Det var Ola Johnsen som slo seg ned her etter 1850. Han hadde to kyr og nokre sauer i kjellaren. Høyet hadde han i eit tilbygg til stova. Han dreiv mykje med steinarbeid. Kring 1895 flytta familien til Kristiansund der han heldt fram som steinarbeidar. Plassen gjekk attende til garden.

Ein haug straks ovanfor Botterlia heiter *Sigridthaugen*. Ei kvinne som heitte Sigrid, kom ein gong over fjellet i eit overhendig uver. Ho omkom oppi haugen her. Truleg var veret så dårleg at ho ikkje såg at det berre var eit lite stykke att til folk. Dette var kanskje på 1700-talet. Olav Botterli som fortalde om namnet, mintest han skreiv stil på folkeskulen om denne triste hendinga.

Han fortalde òg om at han og ein av brørne hans demde opp hølen i *Botterlielva* som vart heitande *Laugarhølen*. Såleis kunne dei «laue se» nær heime. Ordet laug og laugarhyr veit ein vart brukt i gno. Ein hadde også ordet *bað* i gno., men det er nok som før nemnt 1900-talet med feriefolk som drog ut på landet som førte bymålsordet bade med seg. No har dette gjerningsordet teke fullstendig over.

Sæmundslættet var slættet til ein frå Botterligjerdet som heitte Sæmund. Dei sa Semunnj. *Bytbekken* er byte mot Nordmøre.

Frå Botterlia er det kort veg til grannegarden *Dyrlia* i nordmørskommunen Gjemnes. Olav Botterli fortalde at då han var liten var mykje saman med ungar og vaksne frå *Dyrlia*. Då han byrja på skulen, tala han eit noko nordmørsfarga mål. På skulen på *Øygarden* vart han erta for dette, og la det snart av seg. Det er ein kvass målføreskilnad mellom nordmørs- og romsdalssida av kommunegrensa her også i dag.

Aspelunden

Gnr. 84 *Aspelunden* låg i gammal tid på vestsida der *Storelva* renn ut i *Osvatnet*. Her heiter låglendet vest for elva *Øyan*. I 1621 blir *Øye* med *Erich Øye* nemnd. Det kan òg sjå ut som garden har vore kalla *Litle-Steinløyså*, for i 1723 er han nemnd som *Lille Steenløs*. Den vanlege uttalen av namnet har vore *Æspelunn'* (bunden form). Førsteleddet er nok gno. *espi* 'stad der det veks osp'. Ein har mange liknande gardsnamn kringom i landet som *Esp*, *Espe*, *Espeset*, *Espetveit*, *Espelund*, *Espevik*, *Espejord* o. l. Gardsnamnet burde ha vore normert til *Espelunden*. I nyare stadnamn i området, har ein fått uttalen *ausp*, t. d. *Auspalia* som er sørsida av *lia* sør for *Osvatnet* ikkje så langt unna. Når ein i NG s. 287 finn om uttalen: («ogsaa hørt au'spe-»), er det ikkje sikkert dette er rett. I våre dagar høyrer ein aldri ein slik uttale. Men no er det somme som bruker den skriftpåverka uttalen *Aspelunden*.

Sisteledet *-lunden* fortel at her har vore ein lund med ospaskog. Det er slik at dette treet forgreinar seg frå røtene til kvarandre, og då får ein samanhengjande område med treslaget.

Det ser ut som det ei tid kan ha vore busetnad både «*i Øyå*» og der garden er i dag. Det var på 1800-talet busetnaden ved elva tok slutt. Det vart sagt at kornet hadde lett for å fryse her i elvatrekken.

Går ein attende til 1657, hadde *Knud Øye* 1 hest, 15 kyr, 14 geiter og 16 sauer. Så er det slik at ein *Erich «Lillesteen ved Vaten»* hadde 1 hest, 4 kyr, 2 geiter og 4 sauer.

I dag er det to bruk som begge har nokså stor dyrka jordvidde. I daglegtale blir det sagt *Nordistauå* /*Nåristauå*/ og *Utistauå*. *Nordistauå* ligg lengst aust. Dei gamle stovebygningane er bygde nesten heilt saman. No er det også eit nytt våningshus på bruket lengst mot aust.

Aspelundgjerdet var det handsagskjerar og bøkker *Erik Knudsen Aspelund*, f. kring 1820, som bygsla noko føre 1850. *Kona* var *Mildri Holsbø*. Sønene reiste til Amerika, og plassen gjekk attende til

garden. I Aspelunden har dei naturleg nok berre sagt *Gjerdet*. *Gjerdastøa* var støa til Aspelundgjerdet.

Fossbakken var først husmannsplass. Dei første ein veit om her frå 1820-30-åra var ekteparet Hans og Maria «Fossbakkå». I dag er det bruk. Namnet må kome av at bruket ligg nord for *Kvennhusberga* i Storelva. Der er det mindre fossar. På «Kvennhusbergå» stod kvernhus til utpå 1900-talet.

Storbrua er brua på riksvegen over *Storelva*. Den første brua vart bygd i 1828. I 1856 vart ho reparert. Det offisielle namnet er *Gusjås bru*. Brua har gjerne fått namn av at det var største brua i området. Ein kunne òg tru at det var ei forkorting av Storelvbrua. Så seint som under 2. verdskrigen var det dans på brua somme helgakveldar. Dans på bruer var i gamle dagar eit fenomen også lenger sør i Europa. Bruene hadde hardt underlag. I krigstida var det oftast Ole Mathias Ytterhaug frå Osen som spela trekkspel på denne brua.

Ein kan ta med at lenger oppi elva har ein hølane *Båthølen* og *Svahølen*. Kanskje dei hadde liggjande båt ved Båthølen. Ved den siste er det gjerne svaberg, gno. *svað* 'glatt stad'. Dette er hølar der ein har fiska.

Der det heiter *Aspelundstølen* støla (kvilde) krøtera frå Aspelunden seg. Kanskje det også har vore mjølka her. Så har ein namn som *Hjellrøra*, *Stormyra*, *Litlemyra*, *Krokløken*, *Utistaunaustet* og *Nordistaunaustet*.

Aspelundrøysa var ein vør nedmed Vatnet. Dette var ein god fiskeplass. Dei stod på vøren og fiska med trøe etter laks og aure. Andre brukte namnet *Aspelundtroppin* /*Æspelunnjtråppinj*/. Sisteledet er fleirtalsform av tropp. Dette er visstnok eit eldre namn. (Ein seier tråpp, og ikkje trapp i talemålet.)

Osvatnet er sagt å vere ei halv mil langt. I eit diplom frå 1596 er vatnet kalla *Fanne watne*. Det har vore vanleg meining at vatnet frys tre veker føre jul. Då er vatnet nok nedkjølt. Eit vanleg år går det opp midt i mai. Før i tida tok dei merke av kvar isflaka dreiv i land. Dette spådde korleis sommaren og hausten skulle bli. Enda isflaka borti buktene, vart det eit godt år. Vart flaka førte til austenden av vatnet, var ingen god sommar og haust i vente. I NG s. 269 f. er det nemnt at Osvatnet frå først av kan ha heitt Gudsjøen, og garden Gusjåsen aust for vatnet skulle tyde Gudsjøåsen. Forma *Guðsjóáss eller *Guðsjóvaráss blir rekonstruert. Men så er det slik at fjellet som stig opp frå åsen garden ligg på, og som i våre dagar blir kalla Vetafjellet, i eldre tid også ser ut til å ha vore kalla Gussinj eller Gusjinj. Ein skulle tru at dette namnet og namnet Vetafjellet har levd jamsides frå den tid ein fekk leidangsordninga. Ein kunne tru

at Gusjinj var eldst. Folkeminnesamlaren Ola Hola skreiv om «Vetin på Gusså (Vetafjell)» på s. 103 i «Gammalt frå Nesset I (utg. 1980). I «Folkeminne frå Romsdal» av Olav Rekdal (1933) er det tale om ein hammar oppunder toppen av fjellet som dei kalla *Gussehammaren*. Då skulle tydinga av gardsnamnet bli «åsen under Gusså».

Holman i Osvatnet ligg på arealet til Nesset kommune, men i våre dagar er garden Øyra i Osen eigar. Det er to jamstore holmar på eit rev som går vestover frå Sandvikneset.

Namnet *Heimbekken* blir brukt i Aspelunden. Det fortel at denne bekken renn nær tunet. Namnet har sjølvsagt vorte til i Aspelunden. Det var sagveite (veite for meir vatn til drivkraft) frå Nilsbekken før i tida.

På *Skiljarmyra* /*Sjøljarmyra*/ skilde gjetarane krøterflokkane frå kvarandre når det var kveld.

Ny Jord er nydyrkingsfelt frå 1930-åra. I skrifter finn ein også *Aspelundsfeltet*, men berre *Ny Jord* blir sagt i dag. Feltet er utgått frå Aspelunden. Vegskiftet sørvest for bruka heiter *Nyjordsskiftet* /*Nyjorssjefte*/. *Nyjordsvegen* er vegen forbi bruka. Bruket lengst mot vest heiter *Steinholen*. Her er noko høgare enn lenger aust og sør, altså ein hol. Det var før i tida ein del store kvite steinar her. På kartet frå tidleg på 1870-talet står namnet *Stenholen*. Bureisaren her i slutten av 1930-åra døypte visst om bruket sitt til *Nygård*. Det namnet blir ikkje brukt i bygda. Ein løk sør for bruket heiter *Steinholløken*.

Bruket i aust heiter på papiret *Stokstad*. Heller ikkje dette namnet blir brukt i tale.

Rørstad er namnet på neste bruket. Kanskje det er meint at det ligg på ei lita rør. Få kjenner nok namnet.

Bekkelund ligg austafør på vestsida av Nilsbekken. Det er greitt å forstå årsaka til førsteledet, men namnet blir ikkje brukt.

Bruket lengst aust har fått namn etter bakken *Sandbakken* som er bakken på vegen aust for bruket. *Furulund* er eit nyjordsbruk lenger sør. Det er frå først på 1970-talet. Dette er også selt frå Aspelunden. Namnet blir nok lite brukt. Jamt over er det slik at folk nemner desse bruka med at dei nemner etternamnet til eigaren.

Aspelundmyran /*Æspelunnjmyranj*/ er myrområde. Dei dekkjer også områda der desse nyjordsbruka ligg.

Øyvegen var vegen som gjekk nordi Øyan. Det vil seie austover til Øyan. *Nilsbekkosen* er utlaupet av *Nilsbekken*.



Aspholen 1967, med Istadlia i bakgrunnen. (Widerøe/Romsdalsmuseets fotoarkiv 179858)

Aspholen

Gnr. 85 *Aspholen* ligg også på nordsida av Osvatnet lenger vest. Sola skin så vidt heile året gjennom Ranvikskaret. Dette er den einaste av dei gamle gardane i Osen som ikkje har ein sollaus tidbolck. Sisteledet i namnet er hol (gno. hóll m. 'rund høgð'). Det siktar nok til holen nord for garden. Førsteledet er det same som i namnet på grannegarden, og den vanlege uttalen av det har vore æsp. Men også her høyrer ein no ofte den skriftpåverka uttalen asp.

Garden ser ut til å vere nemnd første gong i skrift i 1617. Det er mykje sannsynleg at her var busetjing føre manndauden. Allereie i 1621 hadde det vorte to brukarar att etter den lange øydetida, og det er også ein dreng. I 1657 har Søren 1 hest, 5 kyr, 5 geiter og 4 sauer. Hallvor har berre ei ku og 4 geiter. Men ein finn også Rasmus Saugmester med 1 hest, 2 kyr, 6 sauer, og sanneleg har han ikkje 2 svin. Dei gjekk nok ute og rota i jorda om sommaren. Her var nok då som no hatleskog, og då fann dei seg nok neter når hausten kom. Om den tids griser ikkje hadde så mykje flesk, skal vel flesket bli godt av neter i kosten.

Aspholhagen var bygselplass. Både mann og kone var frå Sørstranda. Mannen, Knut Anderesen, var frå Nakken, f. 1814. Han døydde kring 1890. Plassen gjekk attende til garden. *Hagahaugen* er ein liten haug søraust for *Aspholhagen*. *Haganaustet* var naustet til *Aspholhagen*. Her ved naustet var *Hagastøa*.

Vest for garden var bygselplassen *Aspholbøen*. Her var bømærk (beite-og slåtteland) frå først av. Knut Ravaldsen og Marit Larsdotter bygde her. Dei var fødde kring 1814. Etter at Knut var død, flytta enkja til Nordland der sønene hadde slege seg ned. Plassen gjekk attende til garden.

Bøhjellen er eit område på eit lite nes. Førsteledet

viser truleg at det var *Aspholbøen* som brende tjøre her.

Bjønnahaugen er ein låg haug. Ei eller anna hending med bjørnen må liggje attom namnet. Eit slikt namn så nær husa, viser at han var nærsøkjen. *Haugen* er ein haug. Dei tala om «oppi Haua».

Aspholåsen er hoppbakke til Istad il. som kom i bruk i slutten av 1960-åra. Aust for bakken ligg *Klubbhuset*.

Nedmed vatnet har ein *Ytste* og *Inste Naustneset*.

Så har ein *Ytste* og *Inste Vinterbuktneset* /*Venterboktnæse*/. Dei veit visst ikkje no meininga med vinterbukta. Ein kunne tru at ein mellom nesa hadde Vinterbukta, og at det var her dei køyrde nedpå isen om vinteren.

Ei lita myr nedmed vatnet blir kalla *Koffertmyra*. Det er uklårt for folk i dag kva bakgrunnen er. Så er det slik at i «Stadnamn i Vatne» s. 65 skriv Arnfred Slyngstad: «Kufertneset er eit namn dei undra seg mykje over. Det er eit nes som snører mest av Stølevatnet. Når vatnet er lite, kan dei få kyrne herifrå. Det er altså kuført. Namnet må koma av det.» Kanskje namnet i *Aspholen* har ein liknande bakgrunn? Dei kan ha ført krøtera over vatnet herifrå med ferje (båt). På sørsida hadde ein *Aspholfjøsen*. Det var sommarfjøsen til *Aspholen*. Ein vinter braut snøen han ned. Han vart ikkje oppattbygd. Dette er på *Fjøsnaset*.

Der det heiter *Målaren* stod målaren som målte vasstanden. Seinare vart målaren flytta ned i Oselva. *Stormyra* er ikkje så stor.

Namnet *Skrubbemyra* kan fortelje at den raude bæra skrubbe voks her. Men det kan òg vere eit minne om den tida skrubben ylte i klare vintener. Dei fortel at han var djerv når han la etter dei som køyrde Osvatnet. Dei drog eit reip med hegd i etter sleden. Dyra apa seg på hegda. Sjølv sat dei med øks i neven på sleden. Når dei kom til lands og opp i skogen, drog gråbeinen, som han mest vart kalla, seg unna. Han føler seg utrygg når han får noko over hovudet sitt. Minne om han i stadnamn her i området finn ein mest med nemninga varg. I sørvestdelen av landet har skrubbe vore hovudordet for dyret, men dei brukte det stundom også på våre kantar.

Aspholberget er eit storvore svaberg tett ovanfor fylkesvegen. Mange kjenner namnet, men det blir ikkje brukt av folket i *Aspholen*.

Småbeita er beitemark som framleis blir brukt. *Naustvegen* er veggen ned til *Vatnet*.

Villmarkleiren er ein leir der skuleelevar og andre får opplæring om å vere ute i naturen. Drivarane er eigarane av garden.

Røyrgrynnå er ei grunne der det alltid har vore fiska røyr, som ein kallar denne laksefisken med



Nordhaugan sett mot vest 1962. (Widerøe/Romsdalsmuseets fotoarkiv 088407)

raud buk. Det er særleg dei siste tiåra det også har kome folk langvegs frå og fiska på isen. Somme lenger unna seier *Aspholgrynnå*. Eit meir vanleg namn på denne fisken i andre landsdelar er røye. I gno. vart namnet skrivne *reyðr*. Ordet har samanheng med raud, og ein kan seie det tyder raudfisk.

Vasshaugen er sør for vestenden av Osvatnet. Aust for haugen er *Vasshaugneset*. På sørsida renn *Vasshaugløken* austover frå *Vasshaugmyra* og ut i *Vasshaugbukta*.

Blåberga er mørke berg på nordsida av *Vasshaugen* som det stundom skin i. (No løyner skog mykje av berga.)

Vestenden av Osvatnet blir kalla *Vassenden* /*Vassænninj*/.

På sørsida har ein både *Midtbukta* /*Mettbokta*/ og *Storbukta*. *Midtbuktrøra* er høgdedrag sør for *Midtbukta*. *Midtbuktløken* og *Storbuktløken* er løkane som renn ut i *Midtbukta* og *Storbukta*.

Sandmyrbukta /*Sannmyrbokta*/ er ei lita bukt. Området som har heitt *Sandmyra* er attvakse. Neset ved bukta heiter *Sandmyrbuktneset*.

Aspholsaga låg ved utlaupet av *Storbuktløken*. Ein ser murar. Veite som har ført vatn frå løken til vasshjulet, som truleg var undervasshjul, er synleg. Dammen som dei demde opp for å få sagvatn, vart kalla *Aspholdammen* /*Æspholdammen*/. Damstokken med merke etter damluka ligg nedanfor

der dammen var. Det var lett å lage tepping her løken renn gjennom ei kløft. Når vatnet var oppbrukt, var det lett å samle opp meir vatn når løken heile tida kom med meir vatn. Ein kan kome i hug den før nemnde sagmeisteren frå 1657. Alt i 1636/37 er det nemnt at denne Rasmus Saugmester betaler ein halv dalar i skatt. For ein sagdreng betaler han ei ort (s. 129 i «Hollendertida i Romsdal»). I 1723 er det nemnt at garden har «skoug til husbehov og noget saugtømmer». Då eigaren av garden Øyra demde opp Osvatnet meir først på 1900-talet, steig vatnet stundom så mykje at vasshjulet tok nedi vatnet. Det vart usemje av dette. Etter at elektrisiteten kom på 1900-talet, var det ei tid ei sirkelsag heime på garden.

Skogsområdet sør for vatnet som høyrer til *Aspholen*, blir ofte kalla *Aspholmarka*. Lia er *Asphollia*. Lenger vest kjem ein over i *Nordhauglia* /*Nørhulia*/.

Nordhaugan

Gnr. 86 *Nordhaugan* /*Nørhauanj*/ har vid utmark. Fornfunn viser at her må ha budd folk langt attende. Den fiskerike elva renn ikkje langt unna. Førsteleddet er sjølvsagt ei retning. Men ein meiner

aust. Ein talar om ut og nord /*når*/ om vest og aust. Dei som før i tida hadde nær tilknytning til garden sa Haugan /*Hauanj*/. Det er fleire haugar her. Garden er nemd i 1596. Det hadde kome folk att etter lang øydetid. Ein hadde fått fleire sagbruk i Oselva. I lensrekneskapen for 1606 finn ein at «Halldour saugmester» måtte betale 1 dalar fordi han hadde slege «Niels saugmester». Det ser ut som det kom folk att seinare i Ytterhaugan. I 1650 blir det skilt mellom *Haugen indre* og *Haugen ytre*. Ved desse tider var den kjende Tomas Longva saman med andre velståande jordeigarar frå Nordøyane (i det som no er i Haram kommune) eigarar av garden. (Tomas Longva var visst han som først fann fram til Storegga.)

I 1657 er det 1 hest, 9 kyr, 8 sauer og 8 geiter på garden.

Bruka heitte frå gammalt *Nordistauå*, *Utistauå* og *Nistauå*. Det siste namnet er ei samandraging av *Neristauå* (altså den som ligg lengst ned). Stove (stau) blir her brukt om bruk. (Som ein veit blir stauve også brukt om både sjølve våningshuset og rom i våningshus.)

Bedehuset vart bygd i slutten av 1950-åra. I matrikkelen står *Soltun*, men det namnet blir ikkje brukt.

Haugly er namnet på bustaden til Knut O. Ytterhaug (1912-2003). Han fortalde at då det vart spørsmål om namn på bustaden, kom han ikkje på å kalle han *Littleåsen* etter den litle åsen ved bustaden. Det vart *Haugly*. Namnet har vore noko i bruk. Somme har misforstått og trudd det var *Haugli*.

Storåkeren var ein åker på bnr. 1. *Storåkerreinå* er reina nedst på åkeren. Seinare vart attlega her kalla *Storåkerattlegå*. Så hadde ein *Skogåkeren* og *Fjøsåkeren*. *Fjøsåkerreinå* var reina ved Fjøsåkeren. Bjørnen fór ofte stygt med kornåkrane. Han hadde det for vane å setje seg på raua i åkeren og raspe til seg korn. Når han var ferdig på ein stad, flytta han seg og gjorde likeins. Slik fortalde dei det, seier Olav Nordhaug. Ein gong dei stod i åkeren og skar, såg dei bamsen sat nedmed Nyledet. Han venta på at dei skulle ta kveld og gå inn slik han kunne overta i åkeren. Før i tida stod det ein kombinert fjøs og truskarlåve aust for husa. Ein tid braut bjørnen seg inn og tok sauer 20 år på rad. Ein gong han hadde teke bjøllesauen, hørde dei kor bjølla skramla medan han fór nedover bakkane med sauen i labbane. Det blir fortalt at ein mørk haustkveld var ei kvinne på veg heim nedi *Nistauå*. Då hørde ho det tusla nedi kjerrane. Det var greitt kva det var. Ho melde frå om dette. Det vart skote nesten på måfå i mørkret. Ein bjørn stupte. Dagen etter følgde dei blodspor, og endå ein bjørn vart funnen død

nedmed elva. Ein må seie det var både slumpetreff og lukketreff.

Der det heiter *Smibakken* stod *Smiå*. Brukarane brukte vel smia i lag. Men etter at det eine bruket vart flytta lenger austover, vart ho selt til Amundsgarden.

Lykkjeåkeren var også ein åker. Lykkje er område som var inngjerdt. Frå først av gjekk det gjerne krøter her.

Gråtarura var eit område der dei slo. Men det var stygt å slå med mykje stein. Det blir fortalt at staden fekk namnet ein gong ein husmann slo her. Han ukveste ljaen rett som det var. Til slutt vart han så oppgjeven at han sette seg ned på ein stein og gret.

Ei lang myr heiter *Stormyra*. Ovanfor myra er *Stormyrrøra*. *Gardmatmyra* er ei myr. *Gardmat* er det som ligg nærast ein gjerdesgard. Det er det ein ikkje pløyer.

Haughagen /*Hauhajinj*/ var eit område som frå først av må ha vore inngjerdt for krøter. Her var husmannsplass ei tid på 1800-talet. Olav Nordhaug (f.1937) hugsar kvar murane etter etter husa var. No seier ein for det meste berre *Hagen* /*Hajinj*/. *Hagamyra* er myra nord for Haughagen. *Løken* er ein liten løk.

Sør for der det heiter *Brumyra* gjekk det bru over elva før i tida. Dei førte krøter over brua som vart kalla *Krøterbrua*. Garden hadde sommarfjøsar sør for elva. Då ho vart dårleg og farleg for folk og fe, vart ho selt som ved.

Teppinga er demninga i utlaupet av Osvatnet.

Laffikbukta og *Laffikneset* er namn der førsteleddet er vanskeleg å forstå. I 1633 er det nemnt ein husmann under Nordhaugan. Han får namnet sitt skrive Laurits vid Watnit. Når det blir opplyst at han budde ved vatnet og på Nordhaugegedomen, må det ha vore her. Men namnet liknar ikkje så mykje på *Laffik*. Den tida var det stor sagbruksdrift i Oselva. Så er det slik at det i ei segn blir fortalt at *Laffik* var ein som arbeidde ved jarnverket. Han kan ha budd her på same staden. Han skal ha vore svenske. Bytet mellom Nordhaugan og Aspholen endar i ei byttolle på *Laffikneset*.

Ikkje så langt unna er *Revhaugen* /*Rævhaun*/. Nedanfor er *Revhaugneset*.

Vassbakken er ein bakke på stigen opp frå *Laffikbukta*. *Røra* ovanfor *Laffikbukta* er *Laffikrøra*. *Lakseberget* er eit lite berg. Ein frå Aspholhagen pla fiske mykje i Oselva. På heimvegen brukte han å kvile på dette berget. Han la frå seg laksefangsten på berget, fortalde Knut O. Nordhaug.

Landhandelen som Sara Nordhaug (f.1907) dreiv på 1960- og 70-talet vart til dagleg kalla *Bua*.

Maskindammen var dam med vatn for trusking.

Råket var krøtterråk, og *Myrholå* var myrhole. *Nordhaugskaret* blir brukt om skaret nord for garden.

Leirholløken og *Leirholsteinen* er namn attpå myrane. Denne steinen var stor. Her fann dei før i tida fint blåleir som dei brukte til skorsteinar.

På *Kvilarsteinen* pla gjetarane kvile. Her sat ein tørt og fint, og så var det fritt for orm.

Ein stad mot bytet til Øygarden der løken svingar vart kalla *Løkkroken* /*Løkkrokjinj*/.

Ein stig som gjekk oppi Bygda, vart kalla *Bygdavegen* i Osen. (Ein talar om «*oppi Bygden*» når ein meiner Istad-bygda.) Han vart mykje brukt før det vart bygdeveg i Osen. Før den tid hadde iallfall bnr. 1 karjol ståande i Istadkroken. Dei køyrde lausreipa oppi *Bygda*, og tok vogna derifrå. Som det er vanleg med vegnamn, har vegen namn etter endemålet. Vegen frå Kleivhagen og til Storbrua (Gusjåsbrua) vart ikkje bygd før i 1880-åra. Det var to arbeidslag. Dei starta frå kvar sin ende. Arbeidarane som starta i aust kom visst frå Bolsøya.

Åsen nord for Nordhaugan kan ein høyre bli kalla *Nordhaugåsen*. *Geitaskaret* fortel om tida fram til andre halvdel av 1800-talet då det var geitehald. På austsida er *Skarhaugen*.

Rågrashaugen var ein stad nokså langt nede på bnr. 2. Her slo dei, men dei køyrde visst ofte graset lenger opp for å tørke det. Ei atlege har vore kalla *Brøtet*. Det var det siste som vart brote opp.

Stabbesteinan er eit vegstykke der den gamle vegen er oppmura. Før var det stabbesteinar ned mot muren. Litt etter kvart valt dei utføre muren, men namnet lever. Området nedføre heiter *Trøa*. Her har det vore trø (gno. *trøð* f.) i lange tider. *Geilen* er ein krøtergeile nedanfor husa «i Nistauen».

Matrikelnamnet på 86/5 *Nistauå* har etter at bruket vart delt, vore *Birkelund*. Namnet blir ikkje noko brukt i tale. Dette er berre halvparten av det gamle bruket.

Løtufta /*Løtøfta*/ og *Stautufta* er tufter der dei gamle husa stod. Ein har tala om *Eldhuset* /*Ælhuse*/ også etter at det på tufta er oppattbygd eit staurhus. I muren er her ein brunn. Han heiter *Eldhusbekken* /*Ælhusbekkjinj*/ . Merkeleg nok har ein ikkje den same uttalen av eld i talemålet i orda eldhus og eldsjøs. Ein seier ælhus, men eillsjøs. Ein seier òg eillj for eld.

Oppkommå er oppkomme som ligg nedunder *Steingarden*. Vatnet minskar aldri i henne. *Brauta* er bratt stykke på gardsvegen der han går på skrå.

Nistaubakken er den lange bakken på fylkesvegen forbi bruket. I mange år etter at den omlagde vegen her vart bygd i 1954, pla det liggje ein dunge med

veggrus på ei omkøyrse i bakken her. Staden vart kalla *Grusdungen* /*Grusdonnjinj*/ . Det var tale om «nemæ Grusdongå».

Haugbøen /*Haubø'n*/ var bruket lengst vest «i Nørhauå». Anders Lassesen frå bruket Råket på Ullaland byrja her. Han levde til om lag 1920. (Misjonær Knut Nordhaug har fortalt til Bolsøyboka korleis han mintest «Anders Bønå» som jordbrytar.) Bruket vart på 1900-talet selt til Midthaugan, bnr. 2. *Bøteigen* var eit utmarkstykke til Nordhaugbøen. *Bøbakken* er bakken på vegen aust for *Midthaugskaret* på den no nedlagde fylkesvegen. «*Oppå Bøbakkå*» talar ein om når ein meiner flata oppå bakken.

Ein kan vel seie at *Osen* er eit bygdenamn sjølv om skule og handelsbu har vorte historie for lenge sia. Dei som vandrar omkring her heiter *osingar* /*osingal*/.

Men området ser ut til å vere nemnt så tidleg som i seinmellomalderen i samband med eit sjølv-mord som er omtala i erkebiskop Aslak Bolts jordebok kring 1430. Det er opplyst at erkebiskop Aslak fekk i sakefall halve garden Vik i Sykkylven av Ivar Steinarsson etter bror hans som «sigh sielf thynde a Fana skoge». For den andre halvdel gav den vyrdelege herre han attende Ringstad som bror hans hadde gjeve i testamentet sitt lenge før han døydde. Her ser det ut som ein rik bonde (lågadelsmann) frå Sunnmøre drap seg sjølv i *Fanneskogen*, som ser ut til å vere området aust for Fannen (Fannefjorden). (Ein veit at det var folk av same ætt på Ringstad i Stranda og i Vik i Sykkylven.) Det er på denne tida heilt øyde mellom Kleive og Angvika. Det var ei stor synd å drepe seg sjølv. Slike skulle ikkje jordast i vigd jord. I dei gamle lovene står det at slike skulle gravast ned i fjøra, der sjø og grøn torv møtest. Husa i dette øyde strøket var nok i forfall, og jorda var i ferd med å gro att. Men her hadde vore gamle gardar. Det fortel gardsnamn som endar på –stad og –set i området her. Det er ein løyndom kva som løynde seg i hugen på denne aldrande stormannen, og kva som var årsak til at han ferdast her. Han hadde skrive sitt testamente og gjeve ein heil gard. Ein forstår at han var oppteken av det neste livet. Det kan vere at han var nedbroten av å sjå forfalne buplassar som han kanskje åtte somme av. Her susa nok vinden i storskogen den gongen. Som i hundreåra etter meinte ein nok også den gongen at strøket var tilhaldsstad for jutular og anna trollpakk. Dette er iallfall første gongen det som no heiter Osen og Osmarkan (Markan) er nemnde i skriftlege kjelder. Men om stormannen hengde seg i ei klurtolle eller støyte seg mot sverdet som Saul i Bibelen, får me ikkje vite. Området på austsida av Osvatnet blir no

kalla Markan med den forkorta forma av namnet. Dei som bur her er markingar. Skulen her heitte før i tida Osmarka skule. På kartet i Romsdals saga II av Asbjørn Øverås står Osmarkan på området.

I våre dagar blir Osmarka brukt om bygdelaget nord for vatnet Fosterlågen, eller Sandnesvatnet, som det har vore sagt i Osen. (Det siste namnet kjem av garden Sandneset på sørsida av vatnet.) I denne delen av området har altså namnet Osmarka overlevd.

Bygda Osen

Det er slik at *Osen* også er namnet på innte armen av fjorden frå Holmesunda og austover. Så er det slik at ein kallar eidet mellom fjorden og Osvatnet for Osen. Dei talar om «*nepå Osa*».

Osen har ikkje nokon gong hatt mykje folk, når ein ser vekk frå jarnverkstida. Den kjende konsul og forretningsmann Jonas Lied (1881-1969) på Sølsnes skreiv i 1. kapittel av boka «Den långa vägen hem» (omsett frå engelsk til svensk) om «de dystra skogarna vid Osen, trollens och häksornas och jordandarnas hemvist, om man får tro gammalt skrock.» Ein får vone at dei heller ikkje i dag er heilt utdøydd i dette landskapet som redaktør Einar Sæter i avisa Driva omtala som *Villmarks-Molde* for nokre tiår sia.

Oselva er den korte elva frå Osvatnet til fjorden. Lokalt blir det berre sagt *Elva*. Dette er det som mange stader har gjort at gamle elvenamn går or bruk. Det finst ikkje i dag noko relasjonsnamn der ein har minne om eit eldre elvenamn. I NG s. 281 finn ein at det gamle namnet på elva kan ha vore *Førn*.

Osbrua er namnet på brua over Oselva. Den gamle brua på den noverande brustaden var særsmal. Det har vore ei bru 50-60 m lenger nede. Det var før ein fekk biltrafikk.

På sør- og nordsida av elva nedanfor brua kalla ein før i tida kantane av elva *Midthauggranden* og *Øyragranden*. Førsteledda er gardsnamna på kvar side. Desse namna blir ikkje brukte lenger. Sivert Midthaug (1902-2004). tala om ein «*grannje*» som er ein grus- eller sandbanke.

Området ved utlaupet av elva har i gamle dokument vore nemnt som *Osensjøe*. Dei sa nok *Ossjøen* /*Ossjy'n*/. Slike namn finn ein der farleier går over frå sjø til land.

Tuftahølen er hølen sør for bustadnamnet *Tufta* /*Tøfta*/. Floda går oppi denne hølen.

Nordhaughølen /*Nørhauhølen*/ er den store hølen ikkje så langt frå Osvatnet. Nordhaugan eig

på nordsida av hølen. Desse bruka eig også halve sørsida av hølen. Folk i grenda talar berre om *Hølen*. Går ein attende på 1800-talet, var det lakseteiner i elva. Det var tale om både *Nordhaugteinå* og *Midthaugteinå*.

Holmen er holmen i elva aust for hølen. På sørsida her heiter elvelaupet *Litleelva*.

Hardvegen er ein gammal veg som går innover på nordsida av Oselva. Ein uttalar førsteleddet her med lang a, og meininga er nok at vegen er hard og utan blauthol. Vegen går forbi der Osen Jernverk var og austover langsetter bergryggar. No er den vestlege delen best synleg. Men ein ser òg godt der han kjem opp att i Aspholbøen. *Osen Jernverk* vart drive frå 1763-1781 av futen Ole Alsing frå Averøya. (Ein levde lenge i den trua at han var danske frå øya Als.) Han døydde året før jarnverket vart nedlagt som ein i den tid særsmal mann, vel 80 år. Folk kalla han *Hasjinjinj*, altså Alsingen. Her ser ein minne om at ein før i tida hadde meir halvemål. (I eit notlagsrekneskap frå 1870-åra er namnet på notlaget ikkje langt unna skrive Holtervaag notlag. Vågen heiter Oltervågen. Dei må ha sagt Håltervåjinj.) Ein seier òg harbust for armbrøst, og den store øya på Nordmøre kalla dei før i tida for Haverøya.

Ingen har vore så hata «i Osa» som denne harddrivaren. Han var ingen ungdom då han sette i gang i Osen. Det går også gjetord om illsinnet hans. Gerhard Schøning besøkte verket i 1770-åra. Han kallar området for *Hytteplassen*. Ein må rekne med at det var dette namnet dei brukte på området kring *Masommen*. Sjølv om det i området var nok skog til trekol, var malmen, som for det meste kom frå Sunnmøre, for dårleg. Ei stor plage for folk ser verket ut til å ha vore. Lite om sjølve drifta lever i folkeminnet. Sjølv om det var liv og røre, var nok folk glade den dagen det var slutt. Ein kan tenkje på kallen på Rød i Nesset som i årevis hadde lege til sengs, men som kvikna noko til då han fekk høyre at Alsing var død. Truleg var han ein som hadde vorte tvinga til trekolbrenning. Circumferensen var 3 mil.

For arbeidarane var det eit hardt liv i dette området med vintrar så kalde at 30 kuldegradar ikkje er uvanleg. Ein var på denne tida inne i den tidbolken som historikarane kallar den litle istida. 1770-73 var av dei styggaste uåra på 1700-talet.

Ein stad i grenseområdet mellom Midthaugan og Nordhaugan kalla dei i gamle dagar det for *Lysthagen* /*Løsthajinj*/. Det skulle vere arbeidarane ved jarnverket som brukte dette namnet. Det var så fint oppi her. Nedpå Hytteplassen kom sola tidleg vekk om haustane. Oppi her kunne dei plukke netter i den solvarme bakken. Det var reine lysthagen.

Tett ovanfor verket heiter det *Reitan*. Her skal



Midthaugan t.v. og Nordhaugan i bakgrunnen, 1962. (Widerøe/Romsdalsmuseets fotoarkiv 088420)

arbeidarane ha hatt åkerreitar der dei dyrka potet. Dette var særst tidleg i poteten si historie her til lands. Impulsane utanfrå kom tidleg til ein slik stad. Dette var ei næringskjelde utanom det vanlege.

Ein kan nemne at dei kalla eit gammalt vegfar for *Kolvegen*. Der køyrde dei trekol til verket. Det var Ola Nordhaug (1873-1962) som kunne hugse namnet. I dag er det ingen som veit for visst kvar farleia er, men mest truleg er at dei fór den vanlege tømmervegen sør for elva.

Nils Parelius skriv i artikkelen om jernverket i RSÅ 1959 at tett sør for vegen (*Hardvegen*) ligg ei fordjupning med oppmura sider, knappe 4 m i kvadrat. Steinveggene er delvis utrasa, men midt på er tufta om lag 2 m djup. Knut O. Nordhaug (1902-1995) fortalde at dei kallar staden *Vinkjellaren*. Her må ha vore vinkjellar. Storfolk hadde fått vinkjellarar på denne tida. Her ved verket var det nok ikkje mange som stod såpass høgt at dei fekk leske seg av vinen i kjellaren. Nokre meter lenger sør mot elva er det ei tuft på 5 x 17 m aust-vest. Grunnmuren er som ein låg og dårleg steingard. Her stod administrasjonsbygningen som dei kalla *Koren-låna*. Huset vart etter verket sine dagar flytta til Molde og stod der som den største bygningen i småbyen til det brann opp ved brannen i 1916. Førsteleddet er familienamnet Koren. Johan Christopher Koren vart tilsett som inspektør eller forvaltar ved verket med årsløn på 200 rdl. Johan Christopher Koren døydde i 1773, berre 47 år gammal. Alsing

betalte ikkje all løna til Koren. Koren vart gravlagd ved Kleive kirke 4. april. (Den før nemnde Korenholå ovanfor Berg i Øverbygda aust for Hjelset kan vere minne etter han).

I Oselva var det ei kvern som vart kalla *Øyra-pinå*. Som ein forstår tilhøyrdte kverna Øyra. Namnet kjem av at ho mol så seint. Det gjekk om lag eit døger til å male ein sekk havre.

På *Midthaugkvenna* tok dei imot melder frå andre bygdelag.

Ossaga var frå gammalt oppgangssaga. Ho vart brukt fram mot 1880. Beste tida for sagbruksdrifta var nok på 1600-talet. Amtmannen skriv til det danske kanselli i 1743: «Ohsens saug 1742 derpaa skaaret 700 bord.» Gardane i «Osa og Markå» åtte i saga. Markingane hadde rett til å flote tømmer i Oselva. Kring 1880 vart saga ombygd til sirkelsag. I mellomkrigstida var det kurheim i eit rom på saga. Stundom var det dans i dette romet. Det blir sagt at Henry Oliver Rinnan i krigstida møtte opp på ein slik dans. Han var på desse kantar for å få tak i habile personar som kunne hjelpe han med arbeidet han ønskte å utføre.

Sagtomba er området der saga stod. Det var bygsla av Midthaugan på 99 år. Bygselavgifta skulle betalast kvart sommarmål (14. april). *Sagstauå* er ei stove som framleis står og tilhøyrrer Øyra.

Nordhaugsaga vart bygd kring kring 1880. Ein storflaum i 1888 tok med seg saga.

Nordhaugkvenna stod ved saga. Elva tok kvernhuset ei tid etter at saga reiste.

Nyledet var eit led på Hardvegen.

Øya er eit område ved Oselva der ho svingar. Dei slo her. I dag er området attvakse med ospaskog.

Osvollen var òg slåttamark. Ei løe var *Osløå*.

Eit myrområde med ei lita tjørn har vore kalla *Statthavet*. Namnet er framleis kjent. Det er altså ei oppkalling etter det verharde havstykket ved Stad. Uttalen *Statt* på havstykket vest for Nordfjord har truleg bakgrunn i at namnet vart skrive *Stadt* på gamle hollandske kart frå 1600-talet. Det er òg slik at ein har hatt namnet *Middelhavet* i same området. Begge namna er gamle. (Dei er med blant namna som Ola Nordhaug hadde skrive opp på eit ark.) Stadene ligg ikkje så langt frå kvarandre. Namna kan vere så gamle som frå jarnverkstida. Dei er funne på i skjemt.

Dei tala om *Vintervegen* om tømmervegen til Nordhaugan om vinteren. Då køyrde dei vatnet og litt sør for elva. Det som heitte *Sommarvegen*, gjekk litt lenger sør vest for vatnet. Det er i våre dagar tale om *Skogsvegen*. Han går bortunder Nordhauglia. Eit bratt stykk på han heiter *Brauta*.

Lengst vest heiter *Storbuktløken* for *Seterløken*. Han har namn etter *Nordhaugsetra*. Skriftleg kjelde viser at Nordhaugan hadde seter i 1723. Ein ser ikkje tufter i dag, men her på Seteråsen er det ein fin stad med rennande vatn ikkje langt unna.

*Nordhaugsommarfjøs*an låg i seinare tid mykje nærare garden på sørsida av elva.

Namnet *Rundmyra* /*Ronnmyra*/ fortel at denne myra er rund. *Tømmerhalsen* /*Temmerhasj'n*/ er ein hals, landtunge, mellom to myrdrag. *Fonnstien* var ein stig her i Nordhauglia. Det har gått fonn her i gammal tid. Oppå lia her heiter det *Fonnrøra*. I våre dagar fungerer også *Ørnereiret* som stadnamn. Havørnen har eit ovstort reir i toppen av ei stor tolle.

Stortollå var ei ovstortolle som stod på bnr. 1. Ho var rak med ei kvistkrune i toppen slik som stortrea plar vere, fortalde Ole Nordhaug. No er ho hogd.

Masterholå er ei fordjupning i lendet. På grunn av at det her var lite verhardt, vart trea lange og beine. Her hogde dei mastertoller. Det gjaldt å få med heile treet, slik at dei visstnok hogde av røtene. Til *Masterholå* har ein relasjonsnamna *Masterholnakken* og *Masterholbekken*. *Masterholbakken* er ein bakke på veggen. I talemålet seier ein master. I gno. hadde ein mastr n. Eit mastertre kunne bli kalla siglutré i det gamle målet.

Midthaugan

Gnr. 87 *Midthaugan* er ikkje nemnd i skrift før i 1669 som *Midthoug Engeteig*. Det kan vere at området tidlegare har høyrte til grannegarden i vest, *Ytterhaugan*. I seinare tid vart det to bruk, *Nordistauå* (lengst aust) og *Utistauå*.

Namnet *Brentåsen* vart noko brukt etter den store gards- og skogbrannen «i Osa» tett etter 1900. Det brann opp gardshus både i *Utistauen* og *Nåristauen* i *Metthauå* i sterk vind. Lenge var det kritisk. Det var tale om å rekvirere soldatar frå *Setnesmoen* til sløkkingsarbeid. Mange var i djerv kamp mot eldsvåden. Dei fortel at det fata i skjegget til lærar *Christian Johanness*, som var lærar både på *Øygarden* og i *Osen*. Han var i kamp mot elden ved ein stor eine «på *Nørhaubønå*». Så kom dei på å bere *Sivert Midthaug* kring elden. Han var nyfødd, og fødd med seiershue. Trua var slik at elden ikkje kom vidare enn der ein slik person vart boren eller gjekk sjølv. Best verknad haddde det viss seiershua var med på ferda. Brannen stoppa iallfall. Det går ei segn om ein gammal bonde som tok palinga til skogs med pengeskrinet sitt. Dei trur han grov det ned. Ikkje så lenge etter så døydde han. Kunnskapen om kvar han grov det ned, skal han ha teke med seg i grava. Sjå elles artikkelen «Fødd med sigerhue (seiershue)» i *RSÅ* 2000, s. 147-152. Langt utover på 1900-talet var det kol å sjå i jorda der det vart heitande *Brentåsen*.

Langvassbekken var ein brunn. Førsteleddet siktar visst til at denne brunnen ligg lenger unna. Det var ikkje uvanleg at det var brunn i kjellaren.

Skulen/*Skulinj*/var også forsamlingshus/bedehus. Her var basarar, juletefestar og 17. maihøgtiding. Det offisielle namnet var *Osen skule*. Han kom i gang i 1905. Han var bygd på dugnad. Tømmeret var vel gjeve av bygdefolket. Men han vart ikkje fråskild *Midthaug*-bruket. Den siste tida før ein fekk fastskulen, hadde ikkje skulen gått på omgang, men han hadde hatt fast tilhald «i *Nåristauen* i *Metthauå*». *Os-skulen* vart nedlagd i 1953. Det var då fleire ungar i bygda enn nokon gong før eller sia på 1900-talet, men politikarane tenkte at sentralisering skulle gjere underverk.

Oljeberget er eit lite berg på nordsida av veggen som gjekk forbi skulen. Det skal ha vore *Bjarne Røvikhagen*, som var elev på 1940-talet, som fann på namnet. Sjølv sagt ligg det skjemt attom namnet. Men det fortel om ei tid då elevane hadde god kjennskap til geografien det heilage landet.

Skulbekken var brunnen som skaffa skulen vatn. Ein hadde òg behov for eit prosaisk namn som

Skuldasset. Ordet *dass* meiner ein kjem av det tyske *das Haus* (Huset). Hovudordet er *utelate*.

Midthaugteigen er ein teig som høyrer til bnr. 2. *Stortollå* var ei stor tolle på nordsida av vegen mellom *Midthaugskaret* og skulen. Ho hadde lite av greiner på eine sida. Grunnen var at det hadde stått ei like stor ei heilt attmed. Ho vart hogd, men eigarane den gongen meinte at den andre skulle få stå så lenge ho greidde det. Men Statnett bygde den store kraftlina frå Viklandet i Sunndalen akkurat her. *Stortollå* vart hogd. No står stommen der og minner om treet. Årringane fortel ved teljing at ho var liten «brygd» tett etter 1800.

På *Midthaugskaret* var det vegskifte. I første halvdel av 1900-talet pla ungdomane møtast her om søndagskveldane. Myrdraget nord for skaret, kalla Sivert Midthaug *Glennå*.

Midthaugbakkan var vanskelege bakkar på bilvegen som var oppover frå Osbrua til Skulen. Vegen passerte tett vest for stoveveggen i Utistauen. Det var vanskeleg å kome seg opp for bilar når det var hálke. Nyvegen kom i 1954.

Midthaugbakken var ein hoppbakke som skuleelevane brukte noko. Men ein meir brukt hoppbakke var *Ytterhaugbakken*. Her kunne ein hoppe vel 20 m. Han vender mot aust og ligg i ly for ver og vind. Her var skuleskirenn til skulen vart nedlagd i 1953.

Markusrøysa er ei stor steinrøys nedpå innmarka i «Nåristauen». Markus var truleg ein omreisande jordbrytar og er den som har brote opp og køyrt steinen til denne røysa. Mykje sveitte la nok denne anonyme arbeidsmannen att oppi bakkane her.

Der ein kallar det *Torvehyttå* stod det før i tida ei torvehytte. (Torvehytte er i bygdemålet her lagerhus for torv til brensel.) Seinare har det stått eit reiskapshus her. Området nedpå myrane her har det vore kalla *Midthaugmyran*. No er det dyrkamark.

Midthaugbøen var bygselplass som først vart bygsla av Lars Stokkebakken som var skomakar. Seinare vart plassen bygsla av Sivert Pedersen frå Ullaland. Kona var dotter av tidlegare brukar.

Tufta /Tøfta/ var bygselplass. Mannen der kom frå Gusjåsen. Sonen flytta til Trollhaugen mellom Vistdalen og Mittet kring 1900. Plassen gjekk attende til garden. Seinare har ein fått ein ny bustad her. Namnet fortel at her hadde vore gamle tufter å sjå. Det er uvisst kva tid ein hadde den busetnaden som namnet *Tufta* minner om. Heilt lokalt vart eit lagerskur for slikt som kom med rutebilen kalla *Pakkhuset*. Orkanen 1. nyårsdag 1992 øydela huset. Til vanleg har pakkhus vore brukt om lagerhus, t. d. for importerte varer som skulle fortollast. Ordet på kjem frå lågtysk og tyder bagasje, (reise)gods.

Hyttå hans /hass/ Løve var huset som Løve Midthaug (1909-1992) bygde seg til bustadhus tett etter 1945.

Myrholå var namn oppi åsen. *Maskinveitå* var veite som førte vatn til drivkraft for trusking. Ein har namn som *Brattåsen* og *Slettåsen*. *Løbakken* er liten bakke på vegen ved løa.

Øyra

Gnr. 90 *Øyra* har namn av at garden ligg på øyra ved utlaupet av Oselva. Aur er det gamle ordet for grus. Det kan sjå ut som det var strandsitjarar eller husmenn som først slo seg ned her. Truleg hadde dei arbeid i skogen og på sagbruka. Ein høyrer om Knut og Hallstein Øyren så tidleg som i slutten av 1620-åra. Skogen på garden har vore viktigare enn jorda. Her kan vere kalde vintrar. Garden er sollaus i fleire månader.

I 1995 kom det opp kommunalt skilt både ved garden og ved vegskiftet på Nes med namneforma *Øren*. Dette er ei namneform som strir både mot uttalen og lov om skrivemåten av stadnamn. Ein seier *Øyra* med den litt uklåre diftongen som romsdalsmålet har. Dativforma er *Øyren*. *Øyr* er sjølv sagt eit hokjønnsord. (Årsaka til skiltet er at garden no har ein liten campingplass.)

Sagattlegå er vest for saga. *Sagbakken* er ein liten bakke på vegen inn mot saga.

Øyratjønnna er ei tjørn som floda går oppi vest for garden. Fram til 1960-åra rente gutungane på skeiser her.

Attlega langs vegen vest for garden vart i gammal tid kalla *Geværslangen /Jeverlanjinj/*. Namnet synest mykje merkeleg. Førsteleddet er det tyske ordet *gevær* som har med verje å gjere. Eivind Vågslid skriv i boka *Norderlendske fyrenamn* Namnebok, Eidsvoll 1988 på s. 325: «lt. slange 'orm, opphavleg um skjotevåpen med lang røyr». (Lt. er lågtysk.) Det kan sjå ut som attlega, eller kanskje frå først av den gamle vegen der dei køyrde trelast og seinare malm, har vorte samanlikna med ei geværpipe (geværløp).

Bordneset /Bornæsel/ er eit lite nes. Til dette neset vart skorpe bord frå sagene køyrde. Så kom dei med pramer som førte dei om bord i skutene.

Øyraløypet var eit løype der dei truleg løypte ned tømmer eller ved. Først på 1900-talet vart det sett på som eit karsstykke å renne ned *Øyraløypet* på ski.

Skuggen /Skuggjinj/ er eit område der det er mykje skugge. Her var òg husmannsplass. Ein ser framleis *tufta*. K. Foss budde her ei tid, men så flytta han til



Øyra med Øyratjønna rett bak løttaket. (Widerøe/Romsdalsmuseets fotoarkiv 179873)

nordsida av fjorden. Det har vore sagt at han kom frå Hønefoss-området. Her er no nytt bustadhus. Ein liten bakke på vegen her vart kalla *Skuggebakken* /*Skuggjebakkjinnj*/. No er ikkje namnet stort i bruk, for vegen er utjamna.

Utmed stranda her var før i tida *Osnausta*. Her var det mange naust. Markingane hadde også naust her. I sør har ein *Nausthaugen*. *Nausthaugskaret* og *Nausthaugmyra* er på austsida av haugen. Naustet til bruket Røra står framleis. Det heiter *Røranaustet*. I elva utføre naustet er det ei rund, djup hole som heiter *Kjêlen*.

Ei segn som er mykje uklår fortel at det ei tid heldt til ein kar i området ved Nausthaugen som dei kalla Bekker-Arne. Han skulle vere som ein driftekar. Han kjøpte visst opp bekrar. (Bekre er romsdalsordet for ver.) Han skulle ha ei spesiell skei som det var hol i. Det var gjerne ei hornskei. Når han åt saman med andre, fekk han i seg kjøtbitane, men han slapp alt søet, for det rann ut.

Malmasundet /*Malmasønne*/ er sundet nord for *Malmabryggjå*. Lenger inn kan ikkje skuter kome seg. Her har det iallfall vore bryggje sia jarnverkstida. Området har etter den tidbolken vorte kalla *Malmen*. Skuter kom hit med malmen. Herifrå vart så jarnet utskipa, for vegar ut frå Osen fanst ikkje i dei dagar. I fjøra vest for bryggja ligg småe røyser med barlaststein. (Barlast er det gamle målføreordet for ballast.) «På Malma» dreiv Ola Ytterhaug ei tid krambu. (Dei tala om *Bua*.) Han

vart kalla Ola Malma. Seinare flytta han til Nes og dreiv handel der. I stovehuset «på Malma» har det i tidbolkar vore fastbuande. I dag er det ein godt restaurert fritidsbustad.

Bruket *Røra* ligg på ei rør, ein kant. Ole Amundsen Sagli fekk skøyte på plassen i 1861. Han kan ha byrja på plassen kring 1840. Ingen bur på bruket i dag.

I Bolsøyboka III 1. Bind finn ein om *Arneplassen* på s. 542: «Mannen som byrja der heitte Arne. Det må ha vore etter 1865. Seinare budde sonen Ragnvald der. Han hadde 2 søner, Knut og John. Ragnvald døydde brått av slag i ung alder, og huslyden vart spreidd. Tuftene syner enno (ca 1950). Plassen gjekk attende til garden.» *Arnebrauta* er ein stig i bratt lende sør for plassen.

Oppkommå er ei oppkomme. *Ormehaugen* fortel vel om mykje orm. Sør for haugen er *Ormemyra*. *Røravegen* er vegen opp på Røra. Ein har på vegen *Gammelgjerdbakken*. Det må ha heitt *Gammelgjerdet* her. *Svingen* /*Svennjinnj*/ er vegsving. Den gamle vegen opp på Røra lenger vest heiter *Gammelvegen*.

Hammaren er ein hammar. *Utsikta* /*Utsektal*/ er utsynsstad.

Strenghaugen fortel om at telefonstrengen til Røra gjekk her. Saxlund på Øyra var ein storkar som måtte ha telefon. Erik Røren var sagmeister, og arbeidsgjevaren måtte ha god kontakt med sagmeisteren sin. (Allereie i gno. hadde ein ordet

streng m.) Telefonstrengen gjekk også over *Strengmyra*.

Stormyra talar for seg sjølv. På *Torvemyra* har det vore teke torv. Så har ein *Rundhaugen* /Ronnhaun/ og *Rundmyra*.

Der det heiter *Stølen* kan kanskje *Øyra* hatt ei slags seter. Men i 1723 hadde ikkje garden seter. Heller ikkje *Sotåa* og *Sotnakken* ser ut til å ha hatt seter. Dette kan like gjerne vere ein stad krøtera støla 'kvilte seg' I talemålet her i bygda seier ein at kyrne stølar når dei ligg og ørtar og kviler seg.

Ei myr har både vore kalla *Spelmyra* /Spælmyra/ og *Orremyra* /Årremyra/. Her har orren spela om vårane. Mykje svartorre var det her før i tida.

Midtåsløken er relasjonsnamn til *Midtåsen*.

I *Skursandhaugen* /Skursannhaun/ fann dei seg skursand den tida dei skura golva. Det var ikkje berre på *Røra* som henta sand her, opplyste Erik Risan.

Øyratjønna er også ei tjønn som ligg bortunder *Øyralia* sør for *Midtåsen*.

Sjurberga er ei høgd. *Sjurholå* lenger aust er ei fordjupning. Når ungane i *Sotnakken* skulle på skulen i *Osen*, rente dei ofte på ski ned i *Sjurholå*, for her var lendet brukbart. Førsteleddet i namnet er mannsnamnet *Sjur*. I folketeljinga for 1701 er ein av ungane i *Sotåa* 7 år. Han heiter *Siur*. Kanskje han har fått namnet sitt i dei to stadnamna. Men det kan ha vore fleire i ætta med same namnet. Det var gjerne slik. I dag er det ingen her i bygdene som blir kalla *Sjur*. Opphavleg er dette ei form av *Sigurd*. Prestane tok til å skrive *Sivert* i kyrkjebøkene i staden for *Sjur*. Somme stader kalla dei djevelen *Gammel-Sjur*. Det kan vere årsaka til at namnet kom i vanry. Men her i distriktet har ein teke i bruk det danske namnet *Gammel-Erik* /*Erek*/ på den vonde.

Sotnakken

Gnr. 91 *Sotnakken* har lang veg nedi bygda. Garden hørte til *Eresfjord* åtting og *Rød* kyrkjesokn fram til 1874, og hadde nok meir samband med *Ranvika* og *Markan* den gongen. Det var gongstig til *Åfløya*. Oppå lia her kallar ein det i *Sotnakken* for *Åfløyskaret*. På *Åfløya* seier dei *Sotnakkskaret*.

Ein veit ikkje om garden hadde busetnad føre manndauden, men det er ikkje utruleg. Namnet på *Sotnakken* har som grannegarden *Sotåa* samband med elvenamnet. Elva kan ha heitt **Sota*. Dette elvenamnet finn ein i *Skjåk*. Det blir hevda at namnet der kjem av sot n. 'sverte av røyk' og siktar til noko svart i eller ved elva. Her i *Osen* fortel det



Tunet i *Sotnakken* 1929. (Foto Thomas T. Ulleland/Romsdalsmuseets fotoarkiv 26140)

helst om mørke berg i elvelaupet. Seinare tok dei til å kalle elva *Sotåa*.

I lensrekneskapen for 1610 er *Lauridtz Soedmarcke* nemnd. Det ser ut som namnet *Sotmarka* har vore brukt. I 1633 er det tale om *Sodenach* sag. I 1657 er det 1 hest, 10 kyr, 8 sauer og 10 geiter på garden. Året etter blir *Oluf Arneson Sodehenach* utskreven til svensk krigsteneste. Så tidleg som i 1750-åra blir dei som driv sjølveigarar. Den tidlegare eigaren fann det truleg ikkje så verdfullt å vere eigar av ein markagard.

Det har i lange tider vore to bruk, *Utigarden* og *Nordigarden*.

Storåkeren er åkernamn. *Hjellattlegå* er attlege nord for *Hjellhaugen*. *Ura* er ur (gno. urð f.). Her har ein òg *Hammaren*.

Trøa var frå først av *trø* (gno. *trōð* f.) for krøter. Det var *Otta Olsen* frå *Øygarden* som bygsla her, truleg kring 1830. *Kona*, *Kristi Paulsdotter*, var frå garden. Plassen var stor, for i 1865 var det hest, 5 kyr og 12 sauer. No er *Trøa* ein del av *Nordigarden*. *Murane* etter husa er kalla *Trømurane*. Ein bakke på det som var innmark, heiter *Trøbakken*. Eit led heitte *Trøledet* /*Trøle'e*/. *Storsteinen* er stor. Så har ein *Haugen*. På «Rids over Gaarden Sodnak» frå 1909 står *Trøhaugen*. På same risset står *Bakkedalen*. *Trøkvennhuset* var kvernrhuset til *Trøa*. *Kvennavegen* var stigen frå *Trøa* til kvernrhuset.

Der ein har namnet *Utigardskvenna*, stod kverna til *Utigarden*. På vestsida er *Kvennamyra*.

Engan er grasmark med skog. *Mosaholå* /*Måsa-hållå*/. Førsteleddet er voksteren mose (gno. *mosi* m.).

I *Osen* talar ein om *Nørde Sotnakkvatnet*. Men meir korrekt er *Barsteinvatnet*. *Fjellgarden* *Barsteinen* i *Neset* kommune eig heile vatnet. Dette namnet har stått på somme kart. *Vasshammaren* er


på sørsida av vatnet. Lia på nordsida av vatnet heiter *Vasslia*.

Geitahamran og *Geitahamardalen* er minne om dette husdyret som fanst på kvar ein gard til langt utpå 1800-talet. Det er bratt her.

Remnebbå er ei oppstikkande høgd. Den langstrakte ryggen austover heiter *Remma*. Heile fjellet på austsida av Ranvikskaret heiter *Storhaugen* (681m). *Storhaugnebbå* stikk fram mot nordvest. To vatn oppå fjellet her har dei uvanlege namna *Yste* og *Nørde* / *Yste* og *Nørde* / *Domvatnet* / *Domvatnet*. *Domvassdalen* går sørvestover frå *Nørde* *Domvatnet*. Ein kan sjølvstekt lure på om førsteleddet kjem av eit eldre namn på *Storhaugen*. Ein fjellknaus i *Vardø* bykommune heiter *Domen*. Det er kjent som eit gammalt heksefjell, og ein vil difor gjerne setje namnet til gno. *Dumbr* som vart nytta til jotnenamn, jf. fjellnamn som *Gjura* (stort trollkvinnfolk). Frå mellomalderen veit ein at *Nordishavet* vart kalla *Dumbshaf*. Namnet er med på dei eldste karta. Ein kan òg nemne at ovanfor *Rakvågen* på *Otrøya* finn ein den største berghola på øya. Ho heiter *Domhellå*. I bygdeboka les ein: «Det har vore noko ekstra med denne hola, og somme har endåtil meint at det var sjølvaste nedgangen til *Storholet* (*Helvete*).» Ei segn om hola er òg med i «*Midsund Gard og slekt III*, s. 599 f. Ei anna forklaring kan vere at vatna er uklære, og at ein har med ordet *dum* med tydinga *uklår*, *døkk* å *gjera*. I talemålet har ein ordet *domsje* om noko som er uklårt. Elvenamnet *Domma* finst somme stader. Det har både vore sett til gno. *dumbr* 'stum, mållaus' og *dumbe* 'støv, gov'. Ein bekk frå fjellet som kastar seg utføre stupbratte sva, heiter *Svabekken*. Sva er hålt berg. Han veks snøgt opp i styggever. Etter ei styggeversnatt ser ein han godt frå *Osen*.

Yste *Sothakkvatnet* ligg lågare og lenger vest enn det *nørde*. *Osen* blir utlaupet av vatnet kalla.

Storura på vestsida av *Ranvikskaret* er ei ur med kolossale steinar som ein gong må ha klovna frå fjellenden. Mellom steinblokkene er det avgrunnar. Det var *bjønnahi* oppi her. *Osingane* meinte at også *huldrefolk* hadde bustadene sine i *Storura*. Ein gong vart ein *huldrekall* sett. Så hørde dei han ropa: «Kast ut hatten min!» Snart kom ein hatt fykande ut or eit berghol. *Huldrekallen* treiv hatten og klemde han nedpå skolten. Då vart han usynleg. *Storura* ligg ikkje langt frå *Klokkemyra* på sørsida av fjellet. Ein gong trudde dei ei som heitte *Gullborg*, og som gjette på garden *Åram* her lengst vest i *Neset*, var bergteken. Dei frakta kyrkjeklokka frå *Rød-kyrkja* utover *Langfjorden* og bar ho oppi fjellet. Der hengde dei klokka oppi ei tolle og tok til å ringe. Men det einaste dei oppnådde var å få ein glytt inn



Storura vest for *Ranvikskaret*. (Foto *KMH/Romsdalsmuseets fotoarkiv 09054*)

i berget. Der såg dei ho *Gullborg* sat og plukka lus av ein jutul. *Trua* var at dei underjordiske hadde ein tendens til å sleppe ut att bergtekne når dei hørde kyrkjeklokker. *Myra* vart iallfall heitande *Klokkemyra* etter dette.

Lenger vest på fjellryggen her er *Varskaret*. *Peder Aaram* frå garden *Åram* på sørsida av fjellet sa i 1978 at her *korkje* var eller hadde vore nokon varde. Førsteleddet måtte helst vere *varg*, men at *g-en* hadde falle ut i uttalen. (Sjå det som er skrivi om *Varskaret* i fjellområdet *Randa* lenger fram.)

Når sola stod over *Klokkå-åttehaugen*, var klokka 8 om morgonen i *Sothakken*.

I *Bergulhamran* heldt den største av *uglefuglane* til. Det vanlege namnet på fuglen her i området har vore *hujo*, men stadnamnet her viser at også *bergul(v)* må ha vore brukt før i tida. *Ivar Aasen* skriv at dette er ei *vestlandsform* og viser til *Bergenhus-amta*. *NO* viser at det har vore brukt også andre stader. *Gossingen Mads Hukkelberg* bruker det. *Bernt Gjelsten* frå *Vestnes* kommune skriv i årsskriftet for *Vestnes* sogelag 2007 (s.61) at *bergul* der har vore brukt om ein *stovoren* og *varsam aure* i fjellvatn som er vanskeleg å få til å bite. Ordet har altså vorte overført frå fugl til fisk. Det vanlege ordet her i *Molde* kommune for denne *kvassøygde* fuglen med sin karakteristiske *ljod*, *uhu*, er altså *hujo*. I vanlege ordlister finn ein *hubro*. (*Fleire* og *fleire* bruker no dette bokordet.) Ein har oppskrifter av ordet *hujo* frå *Gudbrandsdalen* så tidleg som frå 1769. «*Hu-jo* sit i *høgan hjell*,» skriv *Olav Aukrust* frå *Lom*. Elles har ein registrert ordet frå *ymse* stader på *Nordmøre*, i *Trøndelag*, og iallfall så langt nordover som til *Velfjorden*. I den litle *Blåhammaren* ikkje langt frå *busetnaden* på *Sør-Nesje* har ein namnet *Hujoholet*.

Ein har fram til våre dagar sett restar etter *mårfeller* i *Mårfellhammaren*. *Måren* er eit skogsdyr med korte føter (gno. *mørðr* m.). Han finst i skogane her no for tida òg.

Truleg har det ein gong brunne der det heiter *Brenthaugen*.

Ein har *Kuskaret* og *Kuskarslættet*. Ikkje langt unna er *Raudmannadalsslættet*. Det har visst òg vore sagt /Raumadalsslætte/. I Bolsøyboka III 1. band s. 608 kan ein lese at dette slættet låg aust for garden høgt oppe i lia. Her var mykje gras, men kronglut og seinfare å slå. Namnet kom av at ein olm okse stanga over ende løa som stod her. Denne oksen må då ha vore kalla Raudmann /Raumannj/.

Eit lite område heiter *Gammel-Ane-bakken*. I Bolsøyboka b. 1 kan ein på s. 595 lese om bakgrunnen for namnet. Her heiter det: «Jo Olsøn Istad hadde mor si med seg då han flytte til Sotnakken og vart gift med Pernille. Ho heitte Ane og var opplending. Ein dag om sommaren fylgde ho presteborna over Ranvikskaret til Ranvika. Det skulle vere altergang, og soleis tok ho i veg. Ho reiste på heimvegen att før borna, men då dei kom heim, var ho ikkje koma. Folk tok til å leite. Dei ottast det var hendt ei ulukke. Tredje dagen fann dei henne *nord og bort for Trøa berre nokre meter nedfor åkerreina. Då var ho død. Det var noko skodde den dagen ho kom bort, og so hadde ho gått til ho ikkje greidde meir. På den staden der dei fann henne er det reist ein stein, og dei kallar det Gammel-Ane-bakkjinn den dag i dag.» * 'Nord og bort' er det same som søraust. Denne triste hendinga gjekk føre seg noko føre 1850. Det var altså ved Rød-kyrkja dei hadde vore. (Ved kongeleg resolusjon vart Sotnakken i 1874 overført til Bolsø tinglag og prestegjeld.)

Pernillemuran er husmurar som er minne etter stova til Pernille. Ho var altså gift med Jo Olsøn Istad.

Dalabekken er ein bekk. *Løbakken* er ein bakke, og *Haugaledet* /Hauale'e/ eit led på vegen nordvest for *Haugen*. Ledet er sjølvsgt ikkje der lenger. *Steingardsledet* var eit led i vegen ved *Steingarden*. *Haugakjerran* /Hauakjæranj/ var kjerrar. Kjerrar er kratt, tett småskog (gno. kjarr m.). *Svingen* /Svennjinj/ er ein liten sving på vegen. Der det heiter *Peplassen*, må ein Pe ha budd.

Fiskarmédet /Feskarme'e/ er på sørsida av vatnet. Her på dette litle neset stod dei og fiska. Olav Sotnakk hugsa at det stod fullt av ranvikingar med lange bambustrøer om laurdagskveldane. Det kunne ikkje vere fangsten som gjorde at dei tok turen. Større fisk fanst sjølvsgt i Langfjorden.

Store Steinan er store steinar ved vatnet. *Krokøyan* er øyar (låglande) på austsida av vatnet. Her var *Krokøyslættet* med stor tømmerløe som tok 20 sommarlass. Der det heiter *Hjellhaugen*, har det truleg vore tjørhjell.

Isakøyan er øyar (låglande) aust for vatnet. Ein

som heitte Isak slo her. Ein har òg namna *Isakslættet*, *Isakløå* og *Isaklia*. Ein haug her heiter *Fårhaugen*. Førsteleddet er nok trenamnet, altså det same som tolle.

Sotådalselva kjem frå *Sotådalen*.

Skarbekken kjem frå Ranvikskaret. Vandrar ein gjennom dette skaret, kjem ein til Ranvika. (I Ranvika blir skaret kalla Sotnakkskaret.) Ein stad ved bekken heiter *Jens-Erik-holå*. Namnet fortel om ein som heitte Erik /Erek/ og som var son til ein Jens. Ei slett aust for bekken er *Mjølkesletta* /Mjælkesletta/. Ein seier mjølk. Dei må ha mjølka her. Eit slætte borti her heitte *Skarslættet*. (Namnet har også vore brukt med fleirtalsform.) Det var tungvint å slå her. Ein laut køyre rågraset fram til tørkarvollen. *Dalan* er smådalar lenger vest. Ein stad lenger nord heiter *Svartholet*. Her er ein «i baksølten». Det er lite sol. *Britslættet* er òg borti her. Ei Brit må ha hatt slætte her langt av lei.

Paven /Pavinj/ var ei forferdeleg tjukk tolle. Det blir fortalt at Otta, bygselmannen, hogde eller saga i tre dagar utan å få ho over ende. Så kom det eit skad-ver, og Paven valt og brautst av på smietaket. Ein har fram til no kunna sjå kvar Paven stod. Det er sjølvsgt ikkje utruleg at treet kan ha fått namn alt i katolsk tid. I dei dagar stod paven for folk høgare enn nokon annan. Haugen som Paven stod på, heiter *Pavehaugen*. Paven er ikkje med i så mange stadnamn. Arnfred Slyngstad nemner Paveteigen på innmarka i Eidsvika. Han seier at «der skal ha vore ein stor stein som no er burtminert. Han vart kalla Paven». (Årsskrift for Vatne sogelag 1995.)

Stortollå er ei stor byttolle som framleis står der. *Myrbærholten* er ei lita høgd. Det gamle ordet for molte var nok myrbær.

Engan er grasmark med noko skog.

Hjellen var tjørhjell. *Hjellrøra* er relasjonsnamn. Å utvinne tjøre kalla dei 'å brenne hjell'. Også *Tjør-Pe-hjellen* har vore brukt. På s 595 f. i 1. bandet av Bolsøyboka er det ei segn om Tjør-Pe frå Lesjaskogen som ei tid budde på Solomdalen. Dei styrande ville ikkje gje han heimstarett i Bolsøy, for han var fattig. Ei tid budde han i ei hytte oppunder Dyrstadnebbå på austsida av Horga. Det kan ha vore han som også var i Sotnakken. Der på garden har ein også namnet *Peplassen*. Tjør-Pe arbeidde auser og skeier som han krota fine roser på. Men mest var han tjørbrennar. Bror hans, Anders, var òg i distriktet. Han var ein dugande hjul- og vogngakar. Pe las mykje i Bibelen, men hadde ikkje såpass klede at han kunne vise seg ved kyrkja.

Vest for *Ytste Sotnakkvatnet* er det ei dump på vegen som heiter *Langdumpa* /Langdompa/. Der det heiter *Lunnarplassen* lunna dei tømmer. I

ordbøkene står det at ein slik stabel tømmer heiter ein lunne, men i målføret her heiter det ein lunn med same form som ei lunn i ei stø. Slik er det også i nordmørsmål.

Ei bru over *Sotåelva* som soldatar bygde i mellomkrigstida heiter *Soldatbrua*. Som ei talemålsopplysning kan ein nemne at dei på 1800-talet sa søllater. Slik har det vore sagt i Gudbrandsdalen òg. Ordet kjem frå italiensk soldare 'løne' av latin solidus 'gullmynt', eigentleg solid.

Sør for elva er *Storøyen*. Her var *Storøyslættet*. Det var eit fint og godt slætte med tømmerløe. Litt lenger vest var eit slætte som dei kalla *Skoddemyrslættet*. Her var òg tømmerløe. Det ser ut som ein har hatt namnet Skoddemyra før i tida. Skodde legg seg lett på myrar. Ein talar òg om *sjølvæiskådde* (med tjukk l). Det er altså sjølegskodde, skodde som ligg på sjøen. Men ordet blir også brukt om skodde som ligg nedmed jorda. Ordet er brukt i skrift i seinmellomalderen i forma sjølega. (Tåke er ikkje målføreord på våre kantar.)

Stølen er eit lite område. Krøtera kan ha støla her (kvilt seg). Men det kan hende dei mjølka her. Ein har ikkje opplysningar om at Sotnakken har hatt seter.

Ei tjørn eit stykke nord for vegen kallar dei i Sotnakken for *Øyralitjønna*. Ho ligg i Øyralia. Andre kallar henne *Sotnakkjønna*.

Ved *Storhølen* var det tepping (demning) for vassdrifta av saga lenger nede. Denne oppgangssaga heitte *Gammelsaga*. Ho hadde slik mekanisme at når ein om kvelden la ein stokk på sagbenken, hadde sagbladet skore seg gjennom han når dei kom att om morgonen. Amtmannen melde i 1743 frå om at det siste året var skore 100 bord på *Sodnanach saug*.

Eit led kallar dei «i Sotnakkå» *Nedre Ledet* / Nere Le'e/. «I Sotå'n» kallar dei det *Gammelledet* /Gammelle'e/.

Der det heiter *Halve Vegen* er ein halvvegs mellom Sotåa og Sotnakken. Det er ein uvanleg lang gardsveg til markagarden Sotnakken. *Nedre* og *Øvre Brautin* var bratte parti på vegen. Det er helst folket i Sotnakken som spesifiserer på denne måten. Bygdefolket elles talar helst om *Brautin*. *Brattbakken* er ein vegbakke her. Heile vegen kallar folk *Sotnakkvegen*.

Lenger nedover mot Sotåa har ein namn som *Øvre* og *Nedre Tømmermyra* /Temmermyra/ og *Tømmermyrbekken*. *Tømmermyrbrua* er bru på vegen over Tømmermyrbekken. Ein seier /temmer/ (gno. timbr n.).

Så har ein namnet *Alnæsrota*. I denne stuvon skar bjønnaskyttaren Johan Alnæs (1866-1933) inn

førebokstavane av namnet sitt. Olav Sotnakk fortalde at ein av slektingane hans greidde å løyse frå denne innskrifta og tok vare på henne. Ho skulle vere så fint gjort. Noko liknande gjorde Alnæs på ei av jaktferdene sine i Granskogen på Hæstad på sørsida av fjellet. Grana han skar i heiter *Alnæsgrana* den dag i dag. (Her er eit område med gammal granskog. Truleg er opphavet til området som heiter Granskogen at soldatar har teke med seg heim frø på 1600- eller 1700-talet.)

Alnes likte å skrive. Han lét etter seg eit stort materiale med skrifter som Romsdalsmuseet no har teke vare på. Dette er ikkje så merkeleg når ein veit at Alnæs var halvbror til Knut Hamsun.

Sotålibekken kjem frå *Sotålia*. Eit djupt og langt gjel i Sotåelva heiter rett og slett *Gjelet* /Jele/ med tjukk l. I indre delar av Romsdalen seier dei gjøl /jøll/. *Gjelhølen* er nedanfor Gjelet.

Litledalen er som ein forstår liten.

Trongstien er ein kjend stad også i våre dagar. Her drog gammelkarane ned spikgadd på hardsnøen på etterjulsvinteren, fortalde Erik Risan. I «Norsk Maalbud» av Ivar Aasen finn ein trongstig som appellativ (namnord). Det er meint ein stig som går der det er trongt, t. d. mellom elv og bratt lende på land.

Fårnacken /Fårnakkjinj/ er ei høgd. Dette er høgt til fjells, men her er mang ei klurtolle med meir rake tre innimellom.

Stakkstøin var stader der det stod høystakkar. Stakkstengene stod heile året.

Sotådalen er ein storvoren dal. Her kjem *Sotådalselva* som stundom kan ha stor vassføring. Her stod *Sotådalsløa*. Fram til våre dagar har ein sett leivningar etter henne. I dette området var det òg finnar (samar) med rein ein gong. Dette var i siste halvdel av 1800-talet. Dette kan ha vore han dei kalla Finn-Jakob. Han skulle vere slik ein god skirennar. Det blir fortalt at han hadde nokre døtrer. Ein gong familien var i gjestebod i Åfløydalen på austsida av Osvatnet, miste ei av dei ein sølvkam ho pla ha i håret. Det kunne ikkje vere fattigfolk. Det har elles vore fortalt at gutungar «i Markå» stundom leika seg med ungane til dei som dreiv med rein. Då hende det at finntausene kasta lassoen sin på gutungane og drog dei til seg. Gutungane stod hjelpeslause mot slik teknikk.

Sotådalsrøra er sør for Sotådalen. Lenger nordaustover heiter det *Storlia*.

Vasskarbreå er ei /bre'e/ som ein seier. Ordet har hokjønn her i bygda. D-en i brede har falle ut. (I ordlistene finn ein bre som hankjønnsord.) Kløyvde ikkje Vasskarbreå seg føre jonsok, vart det grønar. Førsteleddet ser ut til å vere vass-skar. Truleg kalla

dei skaret Vasskaret. Det renn vatn nedover her.

Grønårflekken /Grønårflekkjinj/ er ein snøflek som ein ser godt frå Osen. Går ikkje denne flekken vekk om sommaren, blir det grønår i Osen. Slik har det vore sagt.

Langryggen /Langryggjinj/ er namnet frå Osen, Istad-bygda og Kleiv-bygda på heile fjellområdet mellom Bordalen og Ranvikskaret. Folk på Sørstranda bruker namnet *Telen*, iallfall om den nordvestlege toppen, den delen dei ser derifrå. Tel er noko hardt. Ein finn ordet i ein del fjellnamn. Tel blir òg brukt om hardt lag under matjorda.

Høgaste toppen på fjellet heiter frå nord *Nonshaugen*. Folket på nordsida av Langfjorden, altså på sørsida, kallar toppen for *Snøfjellet /Sjø(v)-fjelle/*. Dei har fram til no sagt *sjøv* for 'snø' i Nesset. På landsbygda i Molde kommune seier ein */sjnøv/*. Første bokstaven i ordet har kakuminal uttale. (Ein lagar lyden med med tunga mot ganetaket.) Grunnen til namnet Snøfjellet er nok at vinter og vår fell den kvite snøflata opp mot toppen så lett i augo. På kartet frå 1870-åra står *Sneffeld*. Alle i Osen kjenner Nonshaugen som namn på same fjellet. Når somme der i skjemt skrytte av at dei såg godt, kunne dei seie at dei såg «smekkå geispa bortpå Nonshaua».

Sotåa

Gnr. 92 *Sotåa* er ikkje nemnt i skrift før i 1620 då Arne i Soetten betaler 1 kalveskinn i leidangsskatt. I NG s. 287 les ein: «At 1ste Stavelse her udtales med kort Vokal, maa komme af, at den har havt svagere Betoning.» Men o-en er heller lang, og sisteleddet er åa, og ikkje åna som det står i NG. (Ein er no komen så langt mot Nordmøre at ein ikkje har forma åna i stadnamn.) Sot fortel helst om mørke berg i elva. Etter at Sotåa vart gardsnamn, har elva vorte heitande *Sotåelva*. Så les ein vidare i NG: «Sotaaen heder ogsaa et lidet Brug under Alvestad i Haram; men Navnet er maaske kommet did ved Opkaldelse efter denne Gaard.» Her kan ein opplyse at ei elv ved Alvestad i Haram heiter Sotåna. Ein har altså same elvenamnet ikkje så langt unna. Ein har ikkje med oppkalling å gjere. Bruket vest for Brattvågen har fått namn etter elva der.

I 1657 har Knut 1 hest, 1 ku og 3 geiter. Arne har 1 hest, 1 ku, 2 sauer og 4 geiter. Dyretallet er lite. Dette fortel nok om at anna arbeid er viktigare. Ein ser dei har kvar sin hest. Skogs- og sagbruksarbeid var nok viktigare. Garden har aldri hatt mykje dyrkamark, og så mykje slåtteland var det heller ikkje, for barskogen stod tett. Det var mykje folk på

garden. I 1665 er det 5 mannfolk over 12 år To av dei er 80 år.

I ei grensesak frå 1768 er namnet *Tørsalen* nemnt. Her kjem det fram at Arne Sotåen synte omfanget av Sotåskogen på alle kantar. Skogen vart bytt med ei linje frå fjellet *Clausen* i nordleg lei til Trongstien, dernest Tørsalen, så i vest til Midtåsen og radt ned i sjøen. (Clausen må vere eit feilskrive namn.) Tørsalen er eit namn som ikkje blir brukt i dag. Førsteleddet er tørr, og fortel nok om ein tørr stad. Sisteleddet er truleg ei samanlikning med ein sål for ridedyr (gno. *sōðull* m.).

Når ein høyrer om gardmannen Arne i Sotåen, kan ein tenkje på ei segn som ein finn i Olav Rekdals «Folkeminne frå Romsdal». Ho er oppskreven etter folk frå Harøya, men hovudpersonen er Arne i Sotå'n frå Osen. Det blir fortalt at han var med ei skute til København i blokadetida i åra etter 1800. Dei skulle vel kjøpe korn. Då Arne løyste festa føre heimreisa, fann han ei knappenål. Han tok med seg nåla. På heimvegen vart dei tekne av engelskmennene, og då greidde følgjet hans Arne å forvirre kompasset med nåla slik at det viste mot England, men dei segla mot Noreg. Då dei kom oppunder heimlege strender, tok han Arne i Sotå'n og lempa over bord alle engelskmennene. Ein av dei var storsymjar og greidde å hengje seg fast i roret. Han bad så tynt for seg, men den hardsette osingen tok ein båtshake og stakk han uti att.

Denne Arne var gjerne ein etterkomar etter den Arne som er nemnd i grensegangen frå 1768. (Det var visstnok slik at dei før i tida hadde uttalen Ane av mannsnamnet, slik som ein framleis seier gan for garn.)

Nedmed sjøen på garden Gamsgrøa ved Langfjorden vest for Tjelle er det eit hol som blir kalla *Hundeholet*. Går ein inn der, kjem ein att i Sotåa, vart det sagt der i bygda. Ein veit visst ikkje i våre dagar kvar i Sotåa ein kan kome seg ut i dagsljøset att.

I gamle dagar var det stor utførsel av trelast frå Osen, og skipa låg ved *Skipneset* medan dei venta på last. Ein seier */Sjeppnæse/*. Sjepp må vere den gamle uttalen av skip. Den moderne uttalen har gjerne vorte hjelpt fram av skriftforma. Seinare vart dette husmannsplass under Sotåa. I 1865 var Sivert Olsen, f. 1808, her. Han var kostemakar. Då han døydde, gjekk plassen attende til garden. Ole Mathias Ytterhaug kjøpte seinare og bygde hus. No eig brorsonen egedomen.

Ei myr aust for Skipneset heiter *Djupmyra*. Namnet fortel at ho er djup. På «Rids over en Del av Sotaa's Indmark» frå 1894 står namnet Hvidmosemyr. Kanskje Kvitmosemyra fungerte

som stadnamn. På same risset står *Sotånaustet*. Her hadde garden naust den tida.

Sotårøysa er ei røys med ballaststein i fjøra. *Storsteinen* er ein stor stein i fjøra. *Sotåskjæret* er eit skjer.

Namna *Saltbuneset* og *Saltbunesbukta* fortel om om saltbrenning. Uttalen er nærast Saltbønæse eller Saltpenæse. Somme meiner det er minne om ein saltbrennar som dei kalla Salt-Pe. Truleg var det saltkjel for utvinning av salt frå sjøvattn. Det var nok saltbu (lagerbu) her. (I RSÅ 1991 og 1992 kan ein lese om saltbrenning i Romsdalen.) Når ein ser på kvar dei utvann salt, ser det ut som god tilgang på på ved var viktigast. Ute ved havet var sjøen mest salt, men der var det lite skog. Her innpå Osen er ikkje sjøvattnet så salt. Lenger vest har ein dei halvglyymde namna *Styggeneset* og *Trettanaset*. Kan hende det siste namnet er minne om at fiskarane rauk uklare og tretta her ein gong.

Sotnakknausta var to naust som stod ved sida av kvarandre. No står berre eitt att. *Pakkhuset* er eit lagerskur for slikt som kom med rutebilen.

Løberget er eit berg ved løa i Sotåa. *Sotly* er matrikelnamnet på bustadhuset til Erik Risan. Namnet er nok ikkje særleg kjent blant bygdefolket. *Nerbøen* er namnet på bustadhuset til Knut Risan. Her er nok namnet på bøen overført til huset.

Planteskulen /*Planteskulinj*/ er eit namn som var aktuelt fram til 1960-talet. Her vart det produsert granplanter. *Grusholå* er ei grushole.

Ri-Ma Service A/S er bilopprettingsverkstad. Dette er ei forkorting for Risan Maskin Service.

Der det heiter *Trøskarveitå* vart det i 1860- og 70-åra grave ei veite for å få truskarvatn. Mykje arbeid var det for veita er lang. I talemålet seier ein trøske. Det var *Teppingmyra* dei demde opp. Det var lengst vest på myra det var tepping.

Berget er eit berg, og *Vollan* er eit område der det har vore busetjing. *Vollavegen* er ein veg som vart bygd fram til Vollan av soldatar føre 2. verdskrigen. Såleis har også namnet *Soldatvegen* vore mykje brukt.

I Sotåelva har ein *Storfossen* med *Storhølen* nedanfor. Der elva krokar seg fram, heiter det *Elvakrokan*.

Ein har bekken *Ytste Lialøken* og *Midtåsløken*.

Sotågrinda /*Sotågrenna*/ er ei grind på *Sotnakkvegen* ikkje langt frå Sotåa. Også i gno. hadde ein ordet grind. *Storsvingen* /*Storsvennjinj*/ er ein sving på *Sotnakkvegen*.

Sotåbrua er ei lita bru. Det var folket i *Sotnakken* som brukte dette namnet. Når ein høyrer namnet *Sotåbrua*, tenkjer folk flest på brua på fylkesvegen over Sotåelva.



Tunet i Ytterhaugan 1962. (Widerøe/Romsdalsmuseets fotoarkiv 088417)

I *Brentåsen* var det brann, truleg kring 1880. Ein som var fødd med «seiershue», vart boren kring brannområdet. Som før nemnt trudde dei at brannen ikkje kom vidare utover enn han som var fødd med denne skinnlappen på hovudet, fór fram.

Ytterhaugan

Gnr. 88 *Ytterhaugan* ligg vest for *Midthaugan*. I NG står det at uttalen av første stavinga har palatalisering. I dag har ein vel ikkje det, kanskje det heller ikkje var slik då bokverket vart laga. Ein Olluff ij Houffen er med som skattebetalar i 1596. Truleg budde han her. I 1657 har Oelle Ytterhouffue 1 hest, 11 kyr, 10 geiter og 10 sauer.

Ei segn fortel at «i Ytterhaugå ligg de ei hellje so e so stor so eit lite staugålv. Onne sa helljen ska de ligge ein skatt. Dei såg de brann jøs åver der ein gong i ti'n».

Bruket som no heiter *Plassen*, var som namnet viser først husmannsplass. Det kan sjå ut som *Ytterhaugbøen* var første namnet som vart brukt. *Plassen* vart bygsla av Knut Kolbeinsen Groven og kona. *Plassen* gjekk attende til garden, men vart i 1904 selt til Anton Dyrli. Han skreiv seg seinare for Anton Ytterhaug. Han var også skomakar. I huset som vart kalla *Skomakarstauå*, hadde han skomakarverkstaden.

Myra er eit lite bruk som vart kjøpt frå garden i 1907. Folk lenger unna har sagt *Ytterhaugmyra*. I *Bolsøyboka* III, b.1 kan ein lese på s. 540 om staden: «Gammel Knut Ytterhaug kalla sjølve myra *Sølvslølgemyra'.» Det er i dag uvisst kva ein her siktar til, men kanskje dei ein gong har funne ei sølvslølje i myra her. I matrikkelen heiter bruket *Hagen*.

Fåtjønna var ei lita tjørn nedst på dyrkamarka «i Ytterhauå». Namnet fortel om lindyking på garden. Her fådde (røytt) dei linet som dei dyrka i dei små linåkrane sine. Dei ryska linet opp med rota for å få med så lange basttæger som råd. Når linet var tørka, vart frøa rispa av og resten lagt til fåing (røyting) i stilt vatn. Tjørna vart utveitt for kring 30 år sia.

Haugneset er namn både på neset og bruket. Det er relasjonsnamn til Ytterhaugan. I matrikkelen står Fanne. Det er laga i tilknytning til fjordnamnet. Det er no feriebusstad.

Sjømyra er ei myr ned mot sjøen. No er den austlege delen dyrkamark.

Holmen i elveutlaupet heiter *Ytterhaugholmen*. Garden eig holmen. Han har òg vore kalla *Naustholmen*. Årsaka er at Osnausta låg rett over elva frå holmen.

Gjennom *Ytterhaugskaret* nord for garden gjekk gardsvegen den tida fylkesvegen gjekk på nordsida av *Ytterhaugåsen*. Vegen var køyrande med bil. No er vegen mykje attvaksen.

Storsteinen er ein stor terningforma stein som ligg på sørsida av den gamle fylkesvegen. Han ligg heilt inntil vegen og er over 3 m høg. Han som skriv dette, bruker dette namnet. Somme seier *Ytterhaugsteinen* fordi han ligg på Ytterhaug-eigedomen. Folket «i Nåristauen i Metthauå» sa *Matarsteinen*, opplyste Løve Midthaug. Gjetarane sat oppå steinen når dei åt nista si. Dei sat trygge for orm og anna uty når dei sat oppå slike steinar. Oversyn over buskapen var òg god. Det har også hendt at det har vore dans på vegen ved steinen. Spelemannen sat på steinen og spela.

Stormyra er ei stor myr sør for Løken. Der det heiter *Handsaghaugen* har det vore skore med handsag.

Saglivegen var ein veg som gjekk oppi Saglia. I Saglia var det mylne. No er det ikkje mykje å sjå av denne vegen.

Linå fungerer som stadnamn. Dette er ei gammal høgspentline. Den nye, store høgspentlina som går gjennom Osen og utover til Tornes, har ikkje til no ikkje fått noko spesielt namn.

Holsbøen

Gnr. 89 *Holsbøen* ligg på sørsida av åsen som heiter *Høgåsen*. Bolsøyboka opererer med namnet *Haugåsen*, men det er feil. Uttalen er Håsjbø'n. Uttalen kunne ikkje ha vore slik viss ein hadde med hol m. 'rundvoren høg'd' å gjere. Garden ligg heller ikkje på nokon hol. NG skriv s. 287 at førsteledet



Møllervøren på nordsida av Oltervågen 2010. Me ser *Legerneset* i bakgrunnen. (Foto KMH/Romsdalsmuseets fotoarkiv 031877)

kan vere mannsnamnet Holmr. Her må ein opplyse at det er ein holme i sundet sørvest for garden. Garden eig *Holmen*, eller *Holsbøholmen* som folk lenger unna kan seie. Dette kan vere bakgrunnen for namnet. Ved sørsida av Langfjorden har ein garden Holm, og han har fått namn etter holmen i fjorden ved garden. Han heiter no Holmsholmen.

Holsbøen hadde ei øydetid etter manndauden slik som dei andre gardane i Osen. Sisteledet har bunden form slik som det vart vanleg med stadnamna frå seinmellomalderen. Det ser slik ut at somme øydegardar etter manndauden fekk fest-bøen til namnet. Desse gardane har truleg vore nytta som beite- eller slåtteland av ein grannegard. Garden kan føre øydetida ha heitt Holm. (Sjå elles det som står om gardane *Haukabøen* og *Julbøen*.) Det ser ut som garden er nemnd første gongen i 1605 i ei grensegangsak.

I 1657 hadde garden ein brukar med 1 hest, 17 kyr, 10 geiter, 8 sauer og 1 svin. Den delen av dyrkamarka som ligg lengst aust, heiter den dag i dag *Purkholå* /Porkhållå/ og fortel om grisehald. Det var i tidlegare tider vanleg at grisene gjekk ute. Frå 1764 til 1797 åtte Peter N. Møller på Moldegård garden. Frå denne tida er namnet *Møllervøren* på nordsida av Oltervågen. Dette er ein stor vør 'rygg av stein' (gno. vør f.) Her skal Møller ha hatt nothus. I Molde Bys Historie bind 1 kan ein lese om ein samanstytt mellom Møller og Peder Moldegård. Hendinga gjekk truleg føre seg her i Oltervågen. Moldegård var bas for eit notlag som ein bergenskjøpmann åtte. Dei hadde tidlegare denne sommaren det gode sildeåret 1769 vore i krangel. Møller hadde m. a. kalla Moldegård ein svinhund. På s. 293 kan ein lese: «Peder Moldegård hadde leid naust inne i Osen, i en av de beste sildevågene. En dag han stod inne i naustet, kom Møller inn sammen



Holsbøen med Kleivbygda i bakgrunnen 1962. (Widerøe/Romsdalsmuseets fotoarkiv 088425)

med sin danske tjener, Fjeldrup; de hadde skåret seg hver sin stokk, som Møller hadde sagt de kunne bruke i fornødent tilfelle. Nå slo Møller løs med stokken, helt til Peder fikk tak i den. Det bar ut av naustet og Møller fór på, grep Peder i håret, rykket fram og tilbake for å få ham i bakken, slo ham i ansiktet og ropte til Fjeldrup: 'Slå den hund!' Dette enda med rettssak. Det har vore funne nokre myntar frå 1760-åra ved nausta som står ved Møllervøden.

Når ein ser på stadnamna nær husa på garden, kan ein først nemne eit stort, gammalt epletre (ein apal) som er over hundre år. Det står sørvest for stova på Holsbøen. Treet heiter *Kår-Marja-treet*. Det ber framleis eple, og smaken er særeigen. Det var kårkjerringa på «Øver-Nakkja på Søstran'n» som kom med treet. Ho hadde eplehage heime.

Fjøsbakken er dyrkamark. I skogkanten ser ein fjøsmurane. Herifrå går *Råket*. Her er òg *Råkhauken*. *Geilen /Jeilinj/* fortel at her har vore geile (inngjerding). *Geilhaugen* og *Geilhaugneset* er relasjonsnamn. *Kårstykket* er ein del av dyrkamarka som kårfolket hadde. Der det heiter *Røysa* står *Maskinløå*.

Ein har namn på garden som *Ytste* og *Nørde Hjellmyra* som vitnar om tjørhjellar, *Midtmyra*,

Storsteinmyra, *Bjønnaskaret* og *Bjønnamyra*.

Nedmed sjøen er *Saga*. Her var òg *Nausta*. Dei står ikkje lenger. Det blir fortalt at ein eller fleire stokkar bar merke av at folk hadde teke bork til borkemjøl før treet vart hogd. Så var det slik at garden før i tida hadde naust på nordsida av Nørde Holmesundet. Dei vart kalla *Ytste Nausta* og tangen her heiter *Nausttangen*. Ein måtte ha naust her, for båten var framkomstmiddel også om vinteren. Lenger inne kunne isen ligge heile vinteren.

Aust for garden er *Inste* og *Ytste Kjerringneset*. Det er visst ingen tradisjon om kva kjerring er i desse namna. Det kan vere ei kjerring som har vore ute for ei ulykke her. Men dei kan ha sett det slik at dei som var toskute på sjøen, kunne renne seg på her. Dei fór åt som ei kjerring. Per Hovda reknar det som sannsynleg at ein del av kjerring-namna kan vere ei avkorting av trollkjerring. Han ser på leddet kjerring i skjernamn, og finn at desse skjera låg i farleg farvatn. Han skriv i Maal og minne 1941 s. 41 f. : «Ein kan då sjå på kjerringnamnet anten som eit umskrivande godnemne eller soleis at det i namn på desse fårlege lokalitetane har hatt ei tyding kjerring = fårlegt kvende = trollkjerring, gýgr, heks o. s. b.» Ein har døme på at kjerring må sikte til



Utsyn frå Ullaland over Holmen t.v., Holmesunda, Nausttangen, med Holsbøen og Høgåsen attom. T.h. ser ein innover Osen mot Vetafjellet. (Foto Thomas T. Ulleland/Romsdalsmuseets fotoarkiv 26173)

gyger (stor trollkjerring). Ein har Kjerdingssteinen i Åseral. Det var ein stor stein som ei trollkjerring (gyger) bar. Kjerringkjelen i Oppdal er jettegryte, og Kjerringrauvholet i Frøya kommune er merke etter rauva til ei ovstor kjerring. Kjerringgrava i Trollvika på Miøya er ein opna gravhaug. Dei har meint at her låg ei ovstor trollkjerring gravlagd.

Ein har *Skjæret* og *Bukta* (Holsbøbukta), *Garneset* /Gannæse/ er nes der ein sette garn. (Ein seier gan med lang a.) *Kvikleirbukta* /Kvekleirbokta/ har kvikleire. Det er farleg grunn der ein kan setje seg fast og forsvinne nedi grunnen, altså ein parallell til ei hengjedikmyr. Kvik er gno. kvikr som tyder levande, kvik. Når ein i våre dagar seier at nokon er «kvek», tyder det ikkje berre at den det gjeld er i live, men at individet har fart over seg. Den naturvitskaplege definisjonen på kvikleire er marin leire som blir flytande når ho kjem i rørsle fordi saltet er vaska ut.

Så har ein *Lakseberget* som fortel om laksefiske. Ein stad i fjøra heiter det *Vorpå*, men i dag er det ingen som har minne om nokor laksevorpe her. Tidlegare var det òg tale om ei tolle dei kalla *Vorpeklurå*. På *Gløsesneset* stod dei vel og «glæste» etter det som viste «på sijnå». Ein har òg *Gløsesbukta*. Gløse var eit vanleg ord før i tida for å skode, kike. *Brunsteinen* er ein brun stein.

Fiskesteinan er storvorne steinar i fjøra. Om vintrane blir det ei rivne i isen tvers over fjorden frå Fiskesteinan. Ein nemner gjerne denne «remnå» eller «revå» når ein skal forklare kvar ein har fiska på isen.

Ein kallar ho *Fiskesteinsrevå* /Feskesteinsdrevå/. Ho er ikkje breiare enn at ein lett kjem seg over. Dette er eit stadnamn som berre fungerer om vinteren, og det er nok ikkje mange slike namn.

Her var òg nothuset til *Treskrålaget* før i tida. Somme har sagt at namnet kom av at basen arbeidde tresko. Andre seier at det ikkje var uvanleg at dei nytta slikt fotty under fiske. (I dei dagar fanst det ikkje «gummistævel».) Før i tida tala dei om ei skrå og fleire skre for det meir moderne ordet sko. Å dette eller kante kunne heite «å ga tå skrånå». Dette var ordet for det ein hadde på føtene mange stader i landet. Det må kome av at fottyet var laga av skinn, gno. skrá f. 'skinn'.

Der det heiter *Bythaugen* var det to husmannsplassar. Den første som byrja på den vestre plassen var Jesbrekt. Han og to andre kom frå Gudbrandsdalen og braut jord. Johan Lønosa var bygselmann etter Jesbrekt og kona. Plassen gjekk attende til garden. Den andre plassen var det skinnfellmakaren Ole Andersen frå Solomdalen som bygsla. Han levde visst fram til om lag 1915. Namnet *Bythaugen* kjem av at her gjekk bytet mellom Holsbøen og Ytterhaugan. I *Bythaugen* er det ei oppkomme med godt vatn. Somme har meint at det smakar lokris av vatnet. Oppkomma heiter *Lokrisbekken*. (Lokris er målføreforma for lakris.)

Neset nede ved sjøen heiter *Bytingsneset*. Her startar bytet. I grensedommen mellom gardane frå 1605 heiter det at grenselina går frå ein stor stein «på *Bytingsnes*». Bytet kryssar åsen vest for



Skomakarflua med den skogklede Holmen bak. 2010. (Foto KMH /Romsdalsmuseets fotoarkiv 30759)

der det heiter *Storskaret*. På dette neset var òg ein husmannsplass. Det var austlendingen Kristoffer Foss som kom hit. Først hadde han vore på sørsida av Osen, både på Saltbuneset og i Skuggen vest for Øyra.

Området mellom Holsbøen og Ytterhaugan på sørsida av *Høgåsen* heiter *Hagen* /Hajinj/. Namnet kjem av at her har vore krøterhamning. Fylkesvegen som vart bygd i 2. verdskrigen, fekk to ferister som det heiter på fagspråket. (Tida for grindene var forbi.) Dei fekk namna *Ytste* og *Nørde Kufellå*. Til dagleg kallar ein ferist/kvegvakter for kufelle. Alle forstår at meininga ikkje er at krøtera skal gå seg nedi og fotbryte seg. Iallfall på område av Sunnmøre nærast Romsdalen har dei òg sagt kufelle.

Sunnmørshamna /Synnjmørshamna/ er nok den beste hamna inni fjorden her. Sjølv bukta heiter *Sunnmørsbukta*. Namnet kjem sjølv sagt av at sunnmøringar som fór med skuter, søkte hamn her. Ein veit at mykje av malmen til jarnverket kom frå Vanylven. Men namnet kan vere eldre enn det. Sunnmøre er nokså skogfattig, og ein veit at sunnmøringane måtte skaffe seg noko av materialen dei trong til hus i Romsdalen.

Det har vore sagt at ein skomakar som fór rundt på gardane og arbeidde sko, rodde seg frampå flua som vart heitande *Skomakarflua*. Han skulle leggje til ved «yste Naustå». I boka «Nemningsfordomar ved fiske» (1940) skriv Svale Solheim på s. 141: «Mange stader på kysten ligg det t. d. holmar og skjær som har namnet Skomakaren. Til sume av

desse knytte seg i eldre tid den skikken at dei kasta i land vedtre når dei styrde framom. Det skulle vera til pluggar for Skomakaren. Om ein slik Skomakar er det såleis fortalt fylgjande frå Sunnhordland: 'Skomakeren skal være navnet på en holme etsteds nordenom Stad. Der ligger en masse ved. Når fartøierne styrer forbi kaster de vedtrær i land. Det går til pluggen'.» Solheim skriv også: «Det er tydeleg nok at denne ofringa var tenkt som eit vern mot ulukker, fiskarane kjøpte seg liksom fri frå forlis og tap av båt, reiskap og liv. Slik 'ofring' var utan tvil knytt til lokalitetar der det ofte hende ulukker, stader som fiskarane difor hadde otte for når dei fór framom.»

Tjeldsteinen er ein stor stein ytst på neset som heiter *Tjeldsteinneset*. Steinen har vel fått namn av at tjelden pla sitje på steinen. Tjelden (gno. tjald m.) er ein velkjend svart og kvit vadefugl med raude føter og lang raud nebb. Det er teikn på at våren ikkje er langt unna når han viser seg i fjøra.

Tett utanfor neset er det ei lita flua som heiter *Kristenflua* /Kres'nflua/. Dei fortel at ein Kristen rodde seg oppå flua (steinen). Kanskje namnet ikkje er så gammalt, for det har vore sagt at dei såg at han gjekk frami båten for å finne ut årsaka til at han ikkje kom seg lenger. På stor fjøre stikk flua utor.

Åltjønnbukta ligg tett vest for *Åltjønnna*. Ei mindre bukt heiter *Litle Åltjønnbukta*. Namnet *Åltjønnna* blir ikkje mykje brukt i våre dagar. Årsaka er nok at ho ikkje er så viktig. Ein ser henne heller ikkje frå sjøen. Floda kan gå oppi *Åltjønnna*. I gno. skreiv dei

áll. Dei gamle fiskarane her i fjorden såg mest på ålen som ei plage. Han var stygg til å ete av fisk som var gått på garn. Folk åt ikkje ål.

Heile halvøya her kallar ein *Nesa* /Næsa/. På gamle sjøkart står *Langneset*. No står Nesa på kartet i M 1:50 000. Det er mange smånes. Neset som når lengst vest er *Nesenden* /Næsænninj/.

Austover herifrå er *Berga* /Bærja/ skrånande, jamne berg som endar i fjøra. Her stod laksenot kilnot) kvar sommar fram til 1960-åra. Dei sette (kasta) stundom med landnot her. Kastet vart kalla *Bergekastet*. Ei oppkomme oppi fjøra, ikkje mange meter frå flodmålet, heiter *Bergeoppkommå*. Notlaga og andre fiskarar fann seg vatn her. *Bergestauå* var «notastau». Her losjerte sildefiskarane i notlaga, ofte i vekesvis. Stova stod heilt til 1970-talet, men då vart ho rasert av sjøfarande farkar.

Nothengjå var stillas (nothengje) der notlaget *Dynamittan* /Dunamittanj/ hengde nøtene sine til tørk på 1950-talet. På den tida var det noko nytt at dei bygde slike nothengjer. I «Den norske los» står det at her er fortøyingsringar for skuter. Dette var nok bardunfeste for Nothengjå. Ho står ikkje i dag.

Skitnevika /Sjetnevikja/ er den austvende vika «aust for Bergestauen». Ho er grunn med noko dye (mudder) inst inne.

Så kjem ein til *Ura*. Her er ur i fjøra. Det var bra fiskeplass i sjøen «bortonne Uren». Ein bergknubb heiter *Uraknubben*. Her er òg ein stor stein, *Urasteinen*. *Urakastet* var eit sildnotkast.

Revet er eit grunnare belte som går tvers over vågen. I gno. hadde ein ordet skrive rif n. Ivar Aasen skriv at rev er «en smal Grunding eller Banke, som gaar ud fra Land, Fortsættelse af et Nes under Vandet». *Revneset* /Revnæse/ er på sørsida av vågen.

Namnet *Løneset* fortel at det har vore slåtteland med løe på dette storvorne neset. Så bygsla Ola Sotåvollå plass her. Han vart seinare kalla Ola Lønasa. To av borna reiste til Amerika. Johan bygsla Bythaugen, og Andrias som var snikkar, reiste til Trondheim. Plassen gjekk attende til garden.

Odden av Løneset heiter *Løneshodden*. Her på odden er *Løneshoddet*. Det er sjølve berget på odden. Den tida det var lovleg å bruke kastnot, sat det folk her så mang ein sommarkveld. Kastnota låg greidd i kassa i færingen like ved. Såg dei noko, sprang roaren i båten, kasta armen til ein i land, greip årane og rodde for å ringe inn ein sild- eller makrelltopp, eller kan hende det var nokre laksar som hadde kome langs landet.

Løneshodden er vest for Løneset. *Løneshodden* er myra på Løneset. *Løneshodden* er fjøra austover frå Løneshodden. Lensmann I Bolsøy herad Kolbein

Gule bygde seg hytte på Løneset tett føre 2. verdskrig. Då han under krigen var avsett, budde han her. Namnet familien la på hytta var *Gapsjå*. Herifrå ser ein vestover uti *Gapet*. Namnet har gått inn i daglegtalet og vorte mykje brukt. Det er ikkje vanleg at slike papirnamn blir tekne i bruk.

Som før nemnt renn elva *Olteråa* frå *Oltervatnet* ut i *Oltervågen*. Førsteleddet er genitivsform olter av det gamle ordet *ølpt* for svane. Vest for utlaupet er *Oltermyra*. Om vintrane ligg svanar ofte i den opne *Elvastrokå* /Elvastrååkå/. Ei stroke er ein straumfull stad. Her går straumen frå elva bortover fjorden. Her frys ikkje så lett, men legg isen seg i ein kaldperiode, går han lett opp så snart det blir leke (mildver). Ein må passe seg «for Ælvastråken». Ho går nesten bortover til sørsida av Oltervågen. Det gamle namnet Oltervågen har i lange tider vore feilskrive Ottervågen på sjøkartet. Også i boka «Den norske los» (2000) står det feilskrive slik. På kartet frå 1870-åra står *Oltervaag*. På 1800-talet hadde fleire av dei som budde inst i vågen her ættenamnet *Oltervaag*.

På austsida av elveutlaupet er *Leirå* som fell tørt når det er fjøre. Somme lenger unna seier *Vågaleirå*. Tidlegare tok mange makk til agn her når dei skulle på sjøen og fiske.

Innanfor er *Bordneset* /Bornæse/. Hit vart borda frå oppgangssagene køyrde. Hollandske farty kom og lasta dei om bord. Den smale tangen utover frå neset blir kalla *Bordnestangen* /Bornæstanninj/. Vegen ut på Bordneset på sørsida av elva er *Sjøvegen*. I eldre tid vart han også kalla *Bordvegen*. Her køyrde dei bord frå oppgangssagene ut på Bordneset. Myra sør for vegen vart kalla *Sagmyra*. Det var sag i elva her. Ein kan enno sjå at myra har vore oppdemd, og at det går veite ned i elva. Det må ha vore for å få meir vatn til saga når elva var lita. I Bolsøyboka b. 2 står det under omtalen av Holsbøen på s. 727 at i matrikelrevisjonen frå 1723 er nemnd: «En Flom Saug, damstokkene ligger, den ene paa Gaardens, og den anden paa Klæve grund, for 1 rd.» Dette stemmer med staden, for Kleive eig på nordsida av elva. Ein forstår det var praktisk å ha sag her. Det var altfor langt å frakte tømmer frå den nordlege delen av garden til Bordalselva. Amtmannen melde frå til det danske kanselli i 1743: «Holstbøe saug i sistleeden aar derpaa skaaret 1000 bord.» På denne tida er det på Istadsaga og Holsbøysaga det blir skore mest i heile Romsdalen. Sagene ligg i same elva ikkje mange km frå kvarandre. Noko av årsaka var nok at det var i dette strøket det var att ein del tollskog.

På nordsida av Bordneset heiter det *Holman*. Det er tørt land når det er fjøre. Når det er flod, er det vatn mellom holmar med noko skog på.

Då det vart bygd ny fylkesveg under 2. verds-krigen, kom brua som fekk namnet *Oltervågbrua*. Til dagleg blir ho kalla *Nybrua* til skilnad frå Solheimsbrua på den gamle vegen ved Solheim lenger oppe i elva. Då ein fekk bru, øyrte det ut ein stor høl nedanfor brua. Han heiter *Nybruhølen*. Tidlegare hadde det vore eit vad litt ovanfor der brua kom. Litt sør for elva her heiter det *Klokkarbrauta*. Det er ei bratt reine. Det er ingen tradisjon om kven denne klokkaeren var. Den første klokkaeren i bygda, Anders Nilsson Holsbøgjerdet, budde på sørsida av åsen her. Stigen oppi bygda (til kyrkja) gjekk her. Når det i 1773 er meldt at Anders Holsbøgjerdet, eller Anders Skoleholder, er mellom dei som i 1773 mottek korn, kan namnet vere etter han.

Der fylkesvegen i krigsåra vart lagd over åsen sør for brua, heiter det *Skjæringa*. Her er det som på vegspråk heiter skjering.

Om lag 100 m vest for Solheimsbrua er *Fossen* med *Evadammen* som ei lita bakevje på sørsida nedanfor denne fossen. Eva Rød som var fødd på Hamar, budde på Solheim i 1940- og ut i 50-åra. Ho pla lauge seg her. Det var brorsonen Tormod Rød, som døydde 12 år gammal i ei ulykke, som fann på namnet. Det var ikkje mange som brukte namnet.

Aust for brua svingar elva. Her heiter det *Stølen*. Dei gjette krøtera her, og krøtera støla her. I vestenden av Sagmyra er det òg ein tørrpall som har vore kalla *Ytste Stølen*. Litt forbi Stølen er *Lykkjebøhlen*. Dette er nedanfor bruket Lykkjebøen. Det er oppi bygda dei brukte dette namnet. (Både denne hølen, Stølen, Fossen og Nybruhølen har vore brukbare fiskehølar.) Lenger oppe krokar elva seg fram. Her heiter det *Elvakrokan*.

Myra sør for elva er *Stormyra*. I kanten av myra heiter det *Myrholen* (fleirtalsform). Her tok ein myr for å blande atti møkja i den tida det var mangel på gjødsel.

I elva kjem ein oppover til *Storøyna*. Her svingar elva og det var grasvoll. Dette er òg namnet på fiskehølen. Mange kjenner namnet. Dei talar om at dei fekk fisken «på Storey'n». Før i tida lauga gjetarane seg her. Somme lærte seg å symje her. I dag er vatnet for ureint til laug.

Litløyna er ein liknande stad lenger oppe i elva. Ein bakke på vegen sør for elva har vore kalla *Litløynbakken*. Så kjem ein innover til *Fyllholå*. Her tok dei grus til vegen.

Det har vore tala om *Tvergarden* som var gjerdesgarden mellom Holsbøen og Ytterhaugan. Han er knapt å sjå lenger.

Kleive skytterlag bygde ny bane tett føre 1960. Han som skriv dette, kallar han *Skyttarbanen* /Sjyttarbaninj/. No er det visst mest vanleg å seie

Skytebanen. Den gamle forma av gjerningsordet var 'å skjøte'. No seier mange skyte /sjyte/. Ein kan ta med at skyttarlaget vart starta i 1884. I Bolsøyboka IV står det på s. 564 at første banen til laget var i Holsbøåsen. Det står ikkje meir nøyaktig. Ein kan opplyse at dei skaut frå myra om lag 20 m sør for Solheimsbrua og mot søraust borti åsfoten. Sjølv sagt var det primitive forhold, og inga skyttargrav. Stundom har ein funne kuler i toller som er hogde der kulene slo ned. Det ser ut som dei skaut på 100 meters hald.

Holåhaugen /Hålåhaun/ er ein haug som går tvers over myra. På austsida kalla ein det *Holåmyra* før i tida. Kanskje ein har kalla fordjupninga her Holå. Det var molte (myrbær) her. No er det grøfter og granplanter som rår grunnen. *Løken* /Løkjinj/ som renn ut i Oltervågen, startar her.

Lauvskarmyra er også ei myr som hadde molte. Uttalen har nesten vore Løvskarmyra, men førsteleddet må helst vere lauv. Det er særst lite lauvskog i dette området. Ein har delvis kalla myra lenger vest *Ytste Lauvskarmyra*.

Heile området mellom Osen (inste fjordarmen) og Olterså kallar ein *Åsan*. Ein talar om 'Millå Åså' når ein meiner området på nordsida av Høgåsen.

Stølen er ein tørrpall. Her låg kyrne og ørta.

Over *Gongskaret* var det gongstig frå Kleivbygda og inn i Osen i dei dagar det ikkje var veg. Dette er eit bratt skar. Dei som skulle rundt fjordbotnen, gjekk nok òg her. *Gongskarmyra* er ei myr.

Geitaskaret er skaret lenger vest. Det er endå brattare. Av husdyr var det nok berre geitene som fór her, men dei tok seg lett fram også andre stader i den stupbratte nordsida av *Høgåsen*. Farfar til han som skriv (f.1862) miste ein gong eine treskoen nedi eit berghol her i nærleiken ein gong han fór etter geitene. Han fann aldri att skoene. På 1950-talet var det planar om å byggje hoppbakke i Geitaskaret. *Lægda* er ein avsats på nordsida av åsen lenger vest. Nedanfor Lægda er *Oppkommå*. Sør for *Sommarfjøs* som står noko lenger nord, gjekk krøtera frå fjøsen. Her har ein brukt namnet *Råket* /Råkje/. *Linå* litt lenger vest fungerer òg som stadnamn. Det er høgspenline mellom Skallbøen og Holsbøen.

Vågen /Våjinj/ er det daglege namnet på bnr. 3 *Holsbøvågen* som er relasjonsnamn til Holsbøen. Tidlegare vart også *Øvervågen* brukt. Men det opphavlege namnet kan ein seie er Oltervågen etter vågen som bruka ligg ved. Bruket er frå kring 1890. Føre den tid var det fleire husmannsplassar her.

Søraust for løa har det vore funne flint, og iallfall ei flekke. Dette tyder på at her har vore folk i steinalderen. Staden ligg om lag 20 m o. h. Flodmålet



Steinen som trollkjerringa skaut frå Skåla mot Kleivkjerkjå.
(Foto KMH/Romsdalsmuseets fotoarkiv 31879)

var her for 6-9000 år sia, og det var gjerne i fjøra dei heldt til. Ein talar om «nepå Haa» om denne staden. Her er hard tel, men likevel dyrkamark i våre dagar. Herifrå kunne dei sjå vestover den beine fjorden heilt uti Gapet. Det var såleis lett for dei å få augo på farkostar som kom inn fjorden. I tider med heitare verlag var det gjerne ikkje så verst å halde til her om vinteren heller.

Kringom på dette bruket har ein namn som *Åsen, Ytste Åsen, Berget, Skaret, Myrholå, Ledet, Hestegæilen, Gammelvegen, Sommarfjøsén, Steingarden, Steingardsopet /Steingarsåpel/ og Grinda*. Tidlegare vart ein høi i Løken kalla *Maskindammen*. Ein brukte òg *Hjellen* om ein tørr stad sør for Løken. Det kan ha vore tjørhjell her ein gong.

Sørentufta /Sør'ntøfta/ var tufta etter den litle stova til Skomakar-Søren. Ho var berre på nokre kvadratmeter og stod på novsteinar på ein tørr stad «oppi Åpa». Her har vore eit op i skogen. *Sørenbekken* var brunnen hans. Søren døydde om lag 1910. Denne dugande skomakaren fekk magekreft og vart ingen gammal mann. Han var fødd i 1856, var ugift og hadde tre sysken. Ein av brørne skreiv seg for John Hammervoll og flytta til Kristiansand. Far til Søren var frå Lesja og skreiv seg for Johannes Johnsen.

Det var Anders Johnsen (f. 1795) og Brit Knutsdotter (f. 1818) som hadde *Myraplassen* på *Myra* sør før Løken. Son deira vart gift på Hagateigen på Hjelset. Bnr. 3 kjøpte plassen. Ei attlege her vart kalla *Britattlegå* etter Brit som levde lengst. *Britløkloppa* var løkloppa som stod att på plassen. Leivningar har vore å sjå til våre dagar.

Den litle dalen der Løken renn ut mot sjøen heiter *Løkdalen*.

I matrikkelen er namnet på bnr. 2 *Gjerdet*. Det er det gamle namnet. Folket her hadde etternamnet



Handsagskjerjing kunne gjerast overalt ettersom det ikkje var nødvendig med vasskraft. (Romsdalsmuseets fotoarkiv)

Holsbøgjerdet på 1700-talet. På 1900-talet har det berre vore sagt *Nervågen*. Etter at det ikkje lenger var busetjing her, vart attlegene her kalla *Nervågen*. Det blir fortalt ei soge frå eit barnsøl (barsøl) på bruket ein gong på 1800-talet. Ein mann som heitte Ola frå Kleiv-bygda var til stades. Han lånte ofte ut pengar med renter til folk, og vart sett på som ein pengekjær kar. I den svarte haustkvelden skulle han ein tur utom nova. Då kom det eit uvanleg høgt menneske i kvinneklede mot han. Ola vart gripen, og ho fór så hardt åt med han at han resten av livet var halt. Han gjekk etter dette under namnet *Halt-Ola*.

Siste mannen her var Torstein. Han var også notbas. Då sonen Peder vart gift på Solomdalen, flytta han dit. Torstein enda sine dagar i husbrann der.

Aust for der husa stod, har ein *Storrøysa*. Dette er ei røys med stein frå jordbryting. No veks det ein god del skog her. Vest for røysa er steinen som trollkjerringa i Skåla skaut etter Kleivkjerkjå. Det var etter bomskot på Bolsøykjerkjå ho prøvde seg på denne kyrkja. Steinen hallar mot Skåla der han står skoten ned i jorda.

Handsaghaugen er ein liten haug med klurtoller heilt ned mot fjøra. Her har det vore skore med handsag. Det litle neset her har vore nemnt som *Handsagneset*. Bukta sør for neset heiter berre *Bukta*. Namna som fortel om handsagskjerjing har kome til på 1800-talet. Det blir sagt at somme soldatar som var med i krigane mot Sverige i åra føre 1814, fekk sjå slike handsager. Dei fekk visst tak i sager som dei tok med seg. Det var greitt å kunne skjere materialen ikkje langt frå der han skulle brukast. Tidlegare hadde ein også felt trea med øks, for høvelege sager fanst ikkje. Framleis lever uttrykket «å hogge tolle» på våre kantar. På

1800-talet fanst det mang ein husmann som livnærte seg som handsagskjerar. Det har vore skore lite med handsag etter 1900, men på mange gardar ligg det nok framleis ei handsag.

Røysa er ei røys med stor stein i fjøra. Under dyrking på bnr. 3 vart mykje stor stein køyrd hit i mellomkrigstida.

Naustvegen er vegen ned til Nausta. På bnr. 3 blir *Naustet* brukt som stadnamn. Det vart bygd tett føre 1890. *Støa* nedanfor *Naustet* fungerer òg som stadnamn. Dei tre andre nausta er yngre.

Aust for Bordneset er det tre hytter. Den eine har vore kalla *Nyvollhytta*. Leonard Nyvold bygde hytte her i 1946. Papirnamnet *Olterbu* har også vore noko brukt. Namnet høver godt når hytta ligg ved Oltervågen. Hytta til Ingeborg Solemdal vart bygd i 1942-1943. Namnet *Sommarro* er iallfall kjent av folket her. Tannlege Erling Aksdal har hytte her. Namnet på hytta er ikkje kjent. Mot slutten av 1900-talet bygde Gunnar Solemdal seg hytte eit stykke frå sjøen. Namnet på hytta er *Fjordgløtt*. Namnet på heimen som Hilmar og Ragna Wiik bygde seg tett føre 2. verdskrigen, er heller ikkje brukt av naboane.

Bordalen

Bordalen er den etter måten store dalen mellom Skåla og Langryggen. Ein uttalar førsteleddet med å-lyd slik som ein uttalar gjerningsordet bore her i området. Ein finn *Bordalen* på Voss, i Skånevik i Hordaland og i Vinje i Vest-Telemark. (I den siste dalen vart Storegut skoten.) Elva der heiter Bora. I norsk stadnamnleksikon les ein at ein har ein elvenamnstomn *borð. Tydinga er anten fjøl, brett, eller den som lagar ein kant (skjer seg ned). (Også sør for Oksestranda nord for Landredalen i Rødven er *Bordalen*. Her fossar ein bekk utover det bratte berget ned mot fjorden. På Sekken tek vinden *Bordalssjellå* hardt. Ho kjem frå *Bordalen*.) Om elva som kjem frå det litle *Bordalsvatnet* inst i dalen rett og slett tyder elva som borar seg fram, er vanskeleg å seie. Ho har nok gjeve namn til dalen. I våre dagar seier ein *Bordalselva* /*Bårdalselva*/. Ved Langfjorden har eg høyrte uttale med o-lyd. I eit grensebrev frå 1589 finn ein *Borgedalselw*. Då kan det sjå ut som førsteleddet er borg. Ho har elles vore kalla *Sagelva* ein del pga sagene i elva frå om lag 1600 og framover.

Gnr. 93 er i matrikkelen kalla *Baardalen*. Denne markagarden låg ved munninga av dalen. Når ein i 1723 finn skriftforma *Borrdahl*, kan det vere at

skrivaren meinte at første delen av namnet hadde med bord 'trelast' å gjere. Garden er nemnd første gongen i 1596. På 1700-talet var han folkelaus. I 1780-åra vart han kjøpt av Kleive-bruka, så nær som det eine. Dei setra her frå 1788-1914. Gamle menneske mintest at krøtera vart jaga rundt fjordbotnen til og frå setra vår og haust. I 1898 vart *Bordalen* selt til staten, men dei tok unna seterrett til 1914. Namnet *Kleivsetra* tok meir og meir over då det vart seter. I dag er berre dette namnet brukt om staden. Husa er for lenge sia rivne, og her er tilplanta med gran og lerk. Det var den gamle stova som vart nytta som seterbu. Ho var truleg bygd på 1500-talet, for ho hadde ikkje glas, berre eit glygg mot sør. Grua stod midt på golvet med ljore i taket. I *Bolsøyboka* er det stilt spørsmål om det i det heile har vore fast busetjing her når garden er så lite med i skattelister o. l.

Saglia er eit velkjent namn på nedste delen av lia mellom Sotåa og Ullaland, på kvar side av *Bordalselva*. Frå kring 1600-1930 har det vore mange vass-sager nedst i elva. Den beste tida var nok på 1600-talet. I 1743 skriv amtmannen i svar til det danske kanselli: «*Bordals* saug skaaret i afvigte aar 300 bord.» Det var oppgangssager til kring 1880, og så sirkelsager fram til 1930. På den tida fekk ein elektrisitet, og ein flytta sagene heim til gardane. Det var upraktisk å ha sag på sørsida av fjorden når skogen var på nordsida.

Her i *Saglia* vart gardmannen i Sotåa ved ei misforståing skoten på bjønnajakt i 1878.

Veg gjennom *Saglia* frå Ullaland til Osen vart køyrande i 1930. *Bordalsbrua* og *Sotåbrua* er på dette vegstykket. På grunn av at båtruta på fjorden hadde vorte innstilt i 1929, var vegen nødvendig. Brustaden for den gamle *Bordalsbrua* låg slik til at det vart ein stygg vegsving. Det blir fortalt at vegingeniøren som planla brua, hadde for vane å lage sving ved alle bruene han hadde ansvaret for. På folkemunne vart dei kalla *Ødegård-svingar* etter mannen. Den nye brua ligg slik at vegen er bein.

Bordalsvegen var vegen som gjekk opp i *Bordalen*.

Ved utlaupet av *Bordalselva* har ein *Bordalsbukta*. Neset her er *Kvennaneset*. Namnet kjem av at Holsbøen hadde kvernhus ikkje langt frå utlaupet.

Otergrova /*Åttergrova*/ er ei grov vest for *Bordalselva*. I *Bolsøyboka* b. IV kan ein på s. 247 lese: «I *Otergrovbukta* hadde oteren tilhald. Når den reiste til skogs, fylgde den oftast bekkefar. Kring 1910 var det ofte oterdråger å sjå. Den er sein å springe til den får kul på ryggen, men då er det vanskeleg for ein mann å fylgje den.»

Mange veit at den loddrette og om lag 100 m



Frå bygginga av Bordalsbrua 1928. Vegen rundt Osen vart ferdig 1930. (Foto Thomas T. Ulleland/Romsdalsmuseets fotoarkiv 26120)

høge hammaren aust for Bordalen er *Blåhammaren*. Namnet er sikkert gammalt, og førsteleddet fortel truleg ikkje akkurat om blålet, men mørk farge. Slik kunne innhaldet i ordet vere i gno. Dei kalla folk i Nord-Afrika blåmenn (negrar). Det blir fortalt at ein mann som levde til kring 1960 sa ein gong han var oppå hammaren: «Ha de vore 60 alne nysjnov neonne, so trur i at i skulle ha bøkst utføre.» Ein sommardag føre 1. verdskrig var mannskapet til keisar Wilhelm II. på fjellferd. Det gjekk så gale at ein i følgjet datt utføre Blåhammaren. Han slo seg sjølv sagt «spent i hel». Det blir sagt at det same hende på nordsida av Tussen mot Malmedalen. Det var gjerne ikkje same året keisaren miste ein mann der. Det har vore sagt i Osen at grunneigarane ved Langfjorden åtte nedpå Blåhammaren.

Den før nemnde *Sessen* er ein rund bergknoll vest for Blåhammaren. Han har vorte samanlikna med ein sess 'stad å sitje'. Eg hugsar det med glede vart lagt merke til når sola frampå vinteren kom oppå Sessen. Då gjekk det mot ljosare tider og vår. Snart kleiv sola Skålin, som ein seier (gjekk over både Nørde og Ytste Skåla.)

Sjutalet var ei snøbre(d)e mellom Sessen og Blåhammaren. Ho kjem fram frampå våren. Talet av snø er opp ned. Så lenge Sjutalet var der, var det sag- og kvennavatn i Bordalselva. Det var viktig for dei på nordsida av fjorden å vete dette.

Eit godt stykke nedanfor Blåhammaren er det ein stad som heiter *Turtebakken* /Tortebakkjnj/. Denne planta går att i så mangt eit stadnamn over store delar av landet. Årsaka er at dette var mat både for folk og dyr. Mergen er god på smak, og gjetarane åt han. Turt kunne òg vere tilsetjing i borkebrød. Det finst segner om at rømde fangar overlevde på turt. I ei herme frå Tynset seier kua: «Gje meg kvann og tort, så skal eg mjølke fort.»

Kammen er ein avsats i lia. *Grytbekken* visest godt når det har vore mykje regn. Førsteleddet er nok gno. grjót 'stein'. *Inner-* og *Ytter-Røyrlia* har helst gno. røyrr m. 'steinmark' i seg. *Bytbekken* var byte mellom gardane Sotåa og Bordalen. Første delen av namnet *Vadbakkløken* /Vabakkløkjinj/ må vere Vadbakken, altså bakken ved Vadet.

På G. Thesen sitt kart over Romsdals amt frå 1861 står namnet *Osmarken Fjeldrække* skrive på fjellområdet austover frå Skåla sør for Osen. Dette viser at Osmarka vart rekna for eit stort område.

To nes aust for Bordalselva er *Styggeneset* og *Trettaneset*. Kanskje det er fiskarane som har tretta her.

Ullaland

Gnr. 94 er *Ullaland*. Dette gardsnamnet finst 12 stader her i landet. Den gno. forma var Ullarland. Ull var gud for jakt og skirenning, son til Siv og steson til Tor. Han budde i Ýdalir (Barlinddalen). Bogane var ofte av barlind. Denne guden skal ha vore mykje dyrka i Sør- Noreg og Midt-Sverige føre vikingtida.

På Ullaland ligg snøen randheil langt utover våren. Skiføre er det altså lenge. Godt lende for jakt var det nok òg. Ovanfor garden har ein *Dyrstinakken*. Namnet fortel om farveg for dyr, truleg hjort. Dyra følgde dei same stigane då som no. I dei straumfulle Holmesunda ved garden er det mang slags fisk.

Namnet Ullaland er truleg frå føre vikingtida. Ein kan undrast på om dette frå først av var eit område (land) for gudsdyrking, og ikkje for vanleg jordbruk. Kanskje dei òg kom frå nordsida av fjorden til gudsdyrking her.

Same gardsnamnet har ein også i Batnfjorden. Garden Ullaland i Batnfjorden ligg svært avsides. Han ligg mykje lenger frå fjorden enn gardar som Gaupset, Silset, Bjerkeset og Furset. No er han fråflytta for lenge sia. Her uti den tronge dalen var det nok den tida ein fekk namnet mykje vilt. Her òg er det mykje snø. Han kjem tidleg og reiser seint.

Så er det slik at den svenske granskaren Eric Elgquist hevda i 1955 at Ull opphavleg var kjeldegud, og at namnet hadde samanheng med eit lydsteig *vella-vall-ullum*. Namnet Ull tydde opphavleg kjelde, meinte han. Den litle elva som kjem ned på Ullaland, blir i dag kalla *Ullalandselva*. Ho renn ikkje i bratt lende.

Professor Nils Lid har hevda at ull er avleidd frå ordet ull om saueull (Nord. Rel. 115-123. Isl. Wörterbuch. 158).



Månskin over bruket Myran på Ullaland ein vinterkveld i 1929. (Foto Thomas T. Ulleland/Romsdalsmuseets fotoarkiv 26116)

Riksarkivar Asgaut Steinnes skreiv i 1955 i boka «Husebyar»: «Den tidbolken då det vart skipa Ullheilagdomar som sette merke etter seg i stadnamn har vori frå fyrste helvti av 600-åra til midten av 800-åra. Det ser ut til at både husebyskipnaden og dyrkinga av Ull særleg har fylgt Ynglingeætta.»

Garden er første gongen nemnd i skrift 1610. Ein må rekne med at det vart busetjing her att etter øydetida mot slutten av 1500-talet. I 1657 er det to brukarar, og det har òg kome ein husmann. Jens har 1 hest, 2 kyr, 2 geiter og 2 sauer. Iffuer har 1 hest, 6 kyr, 6 geiter og 6 sauer. Husmannen Oelle har 2 kyr, 2 geiter og 3 sauer. Som ein ser var ikkje dyretalet stort. Truleg hadde dei skogs- og sagbruksarbeid. Bordalselva med fleire sager låg ikkje langt unna.

Kvenna var kverna til garden. Ho låg i elva mellom Øver-Ullaland og Ner-Ullaland

Bordalsvatnet vart heilt lokalt berre kalla *Dalavatnet*. Det går fram når ein veit at der Ullaland hadde seter, heitte det *Dalastølen*. Stølen (setra) skulle vere ved Dalavatnet. No er det vanskeleg å sjå kvar det var. Støl (gno. stōðull) ser ut til å vere eit meir alderdomeleg ord om seter her i området.

Sovarhaugen var ein haug der det blir sagt gjetarane sov. Om dei sovna frå si gjetargjering, eller dei sov med godt samvet når krøtera støla, er ein visst ikkje sikker på. Dei sa nok /Sævarhaun/, for alle sa 'å sæve' før i tida. Dette er ein uttale som ikkje så mange bruker lenger.

Randa /Ranna/ er høgaste fjellryggen mellom Skåla og Telen (Langryggen) sør for Bordalen. Ein har same namnet på fjellet mellom Istad og Batnfjorden. Namnet kjem av gno. rōnd f. 'rand, stripe, kant'. Dette er høgder med jamne fjellbruner.

Vinkjellargrova er ei grov med isande kaldt og klårt vatn som kjem ned høgt oppe frå, sør for Sessen. Dette er framifrå godt vatn. Her renn vatn om det er aldri så tørt. Ho kryssar skogsvegen. Ovanfor vegen renn grova eit langt stykke under jorda. Ein har også andre stader i Romsdalen namn både på grøver (bekker) og oppkommer med ordet vinkjellar i seg (Sjå elles artikkelen «Særmerkte oppkommer» i RSÅ 2004.)

Ullalandshelvetet er ein botn som er bratt og ulendt med hamrar og gjel. På kartet i M 1: 50 000 har namnet vore feilplassert i botnen sør for Trollvatnet lenger vest.

Storbrea er den største «sjnøvbrea» på nordsida av Skåla. Ho kjem fram når det tek til å bli snøbert. Gode og milde haustar kan få henne til å kome vekk. Frå Osen liknar denne snøflata på ein hoppande hare når det lid fram på sommaren. Ein ser både føter og øyro. Osingane kallar snøbreda *Haren* /Harrinj/. *Litlebrea* er òg ei brede.

Hovudbruka på Ullaland er *Ner-Ullaland* og *Øver-Ullaland*.

Myran /Ullalandsmyranj/ var først plass under Ner-Ullaland som kom i drift mellom 1825 og 1830. Bruket vart sjølveigande i 1894. Namnet kjem av at det heiter *Ullalandsmyran* ovanfor bruket. *Myrafabrikken* var trevarefabrikken til Thomas T. Ulleland på dette bruket.

Geilen (Ullalandsgeilen) var som namnet fortel frå først av ein geile for husdyr. Det vart plass under Ner-Ullaland. Første bygselmannen var frå Ullaland og var fødd i 1818. Kona var frå Lesja. Dei to sønene reiste til Amerika. No har Geilen vore sjølveigande bruk i lange tider.

Dekta var ein gammal buplass. Hokjønnsordet dekt finn ein i stadnamn også andre stader i kommunen om ein stad som ligg lågare enn lendet kringom. *Dektaleirå* er leira nedanfor *Dekta*. (Sjå elles artikkelen om dette målføreordet i RSÅ 2008.) *Teigen* var plass under Øver-Ullaland. Ein veit at det var folk der i 1840. Berre nokre pleter var dyrka, og dei hadde berre nokre geiter. Plassen fall attende til garden.

Leirå har gjeve namn til bruket *Leirvika*. I matrikkelen står Leirvik. Mellom bruka Myran og Leirvika renn *Myragrova*, seier Gunnar Talsethagen i RSÅ. 2004. Han nemner òg eit stadnamn så lokalt som det kan bli. Han minnest leikeplassen *Sandhaugen* sørvest for våningshuset i Leirvika. *Naustet* fungerte sjølvstøtt som stadnamn. Elles nemner han *Steinrøysa* i fjøra. Dette var stein frå nybrotet. Slik stein var det vanleg å køyre nedi fjøra. Om farga på myra fortel namnet *Bleikmyra*. Ei myr ved *Ullalandselva* heiter *Kvennhusmyra*. Namnet fortel at det var kvernhus i elva her. *Skallan* /*Skalljanj*/ er høgdeformasjonar.

Ullalandssaga er sag.

Langneset og *Langnesleirå* er kjende stader. På denne leira ligg ein stein som blir kalla *Storsteinen*. *Håsteinen* er ein stein innmed land. Ein mindre ligg attmed. Ein kunne tru at førsteleddet var gno. hár 'høg'. Den største steinen stikk så vidt utor når det er flod. *Håsteinen* ligg ikkje langt frå utlaupet av *Ullalandselva*. Dette kan tyde at namnet har halvemål, og at namnet opphavleg er *Åsteinen*, altså steinen som ligg ved elva. Går ein eit halvt tusenår attende, sa ein ein nok Åa eller Åna, og ikkje Elva (*Ullalandselva*). Elva har avløyst åa i nyare tid. Namnet kan vere så gammalt at det går heilt attende frå mellomalderen. Der elva renn ut heiter det *Håsteinneset*. På vestsida er *Håsteinbukta*. Det har vore sagt at namnet kjem av at håkjerringa stundom heldt til ved steinen. Så kan ein undrast på om denne store haifisken på 3-4 m var i dette farvatnet i gammal tid.

Mange seier *Holmen*. Somme seier nok *Holsbøholmen* etter garden som eig holmen. Eit anna namn er *Notholmen*. Holmen notlag som i daglegtale vart kalla «Holmingan», hadde nothus her. Etter krigen vart notlaget nedlagt. Då Nothuset vart rive, var det kvar jonsokkveld dans på sementgolvet der huset hadde stått. Dette varte fram mot 1960.

Ein har *Søre* og *Nørde Holmesundet*. Mest vanleg er det å tale om *Holmesunda*. Ein seier ofte «i Holmesønnå». Bra med fisk har det vore her, og sjølv sjøpølse kan bite på. Ein har kalla den skapningen for *marbakkeiste*. Isen i sunda blir aldri

trygg pga straum. Lenger vest i *Nakkdjupet* er det mykje djupare. I tidlegare tider var det stundom storsei å få her.

Ullalandshamna er ei brukbar hamn.

Namnet *Gardenden* finn ein på eit «Rids over en skogteig under Gaarden Ulleland i Kleive, Romsdal» frå 1909. Her enda nok gjerdesgarden i sjøen.

Søstrandsnothuset var nothuset til notlaget «Søstrendingan». No er det restaurert til naustplass for mange båtar.

Nakken

Gnr. 95 *Nakken* ligg på den nakken som namnet fortel om. Det er feil i NG s. 287 når det står at ein har uttale med tostavings tonelag. Det er *Einstavings tonelag*. Garden ser ut til å vere nemnd i skrift første gongen i 1610 som Monckenacke. Det kan vere at garden i mellomalderen har høyrte til eit kloster, men det veit ein ikkje noko om. Ei mindre sannsynleg forklaring er at staden der garden ligg har mint om nakken på ein munk. Det er snautt på toppen der dyrkamarka er. Lenger nede er det skogvakse. Munkane hadde tonsur, altså snauraka på toppen. Seinare får ein skriftformer som Nachenn o. l.

I 1657 er det to brukarar og ein husmann. Brukarane har kvar sin hest og til saman 14 kyr, 15 geiter og 14 sauer. Husmannen har 2 kyr, 2 geiter og 3 sauer. Alle gardar i dei dagar hadde både sau og geit. Ein legg merke til at talet på sauer og geiter var om lag like stort. Dyrehaldet må ha fungert best når det var slik.

Hovudbruka er *Øver-Nakken* og *Ner-Nakken*. *Brautin* er òg bruk. Som ein ser har namnet fleirtalsform. Bruket har fått namn etter brauter (bratte vegstykke). Nedanfor bruket har ein namnet *Brauta*. Her må eit gammalt vegfar ha gått. No går *Nakkvegen* som vegen oppå *Nakken* heiter, lenger aust. Han svingar seg oppover under det bratte *Nakkberget*.

Under *Nakkberget* stod høyløa *Bergeløå*. Her svingar *Nakkvegen* vestover i dag. Svingen heiter *Bergeløsvingen*. Lenger vest var *Gjerdsløtten* og *Gjerdløå*.

Der *Kårløå* stod tidlegare, stod også dei andre kårhusa.

Sommarfjøsane og *Råket* er kjende namn. Der det heiter *Hjellen* kan det ha vore tjørhjell.

Ein har innmarksnamn som *Bekkjamyra* som er attlege. *Haugåkeren* /*Hauåker'n*/ er åkernamn. Det er visst uklårt om førsteleddet i åkernamnet



Frå Nakken mot Kleivbygda og Osen. (Foto Birkeland 1692)

Hyttåkeren er hytte om hus, eller om det er hytt om framstikkande terrengformasjon.

Mjorta er eit område på innmarka. Namnet er ikkje så forståeleg i dag. Men det er vel målføreforma for mjørdurt. Denne planta voks nok her. På innmarka på garden Årset ved Langfjorden har ein same namnet. I boka «Planter og tradisjon» av Ove Arbo Høeg, står det på s. 362 at ein har oppskrifter frå stordelen av Vestlandet med forma mjort og mjorta, m. a. frå Eresfjord/Vistdal. Mjørdurt vart brukt til å setje smak på mjød. Som fôr er ho for det meste ikkje så høgt vurdert.

Der det heiter *Løvollen* må det ha vore høyløe. I 1865 er det husmannsplass. *Høystakkhaugen* var plass under «Øver-Nakkja» der Markus Andersen og kona Tørrri Tomasdatter tok til kring 1860. Plassen gjekk attende til garden. Namnet fortel at her må ha vore høystakk.

Øykjehaugen er ein haug, og førsteleddet er øyk, som iallfall før mykje vart brukt om hest. *Teigar* er område (teigar).

Kår-Marja-diket /-dikje/ er eit dike (blauthol). Kår-Marja levde «på Nakkja» som kårkjerring i andre halvdel av 1800-talet. Peder Nakken fortel at ein gong ho skulle hoppe over dette diket, miste ho eine treskoen, og ho fann han visst ikkje att. Same kvinna var det som kom til Holsbøen med epletreet som står der og heiter Kår-Marja-treet. (Sjå opplysningane om treet side 160)

Skålmyran er myrar opp mot Skåla.

Bytet mellom Øver-Nakken og Ner-Nakken endar oppi *Bythammaren*. Ei skøre i fjellet heiter *Svarteskørå*. Dette er altså ei kløft.

Skålsteinen er ein stor stein. Gjetarane pla visst sitje på han.

Botneskarstolan /Båtneskarstolanj/ er fleire høgder som har vorte samanlikna med stolar. Namnet *Botneskaret* blir ikkje brukt i dag.

Skjenvatnet er eit lite vatn. Krøtera skjena uti vatnet når flugene plaga dei. *Skjenvasstølen* kan ha vore støl (seter) ein gong i tida. Men Nakken er ikkje oppført med seter i 1723.

Det er uvisst om namnet *Seterlia* fortel om at det har vore seter på *Skjenvasstølen*, eller om det har vore seter i eller ved denne lia. I *Skjenvassløken* er *Svarthølen*, og der han krockar seg fram heiter det *Elvakrokan*.

Svenslia /Svænslia/ er ei nordvend li. I Nesset kommune finn ein same namnet som gardsnamn på Meisalstranda (NG s. 278). Der skal ein ha mannsnamnet Svein. Kanskje er det mannsnamnet her i lia sør for Nakken òg. Somme har meint at det opphavleg er Svænslia. Det er ein realitet at soldatar som i tidlegare hundreår var med i krigar mot svenskane, tok med seg granfrø heim og sådde. Det skal ha vore gjort i denne lia òg.

Personnamnet Svein blir iallfall i dag uttalt med ein slik uklår diftong, og ikkje rein æ-lyd som uttalen Svænslia. Erik Nakken meinte grana i Svænslia kom av at granfrø har drive over fjellet frå *Granskogen*

på Hæstad. (Sjå elles artikkelen «Bakgrunnen for namnet Granlien i Synnøve Solbakken» i RSÅ 2002, s. 281-284.) På nordsida av lia er høgdedraget *Reset*.

Solsida nord for Svenslia heiter *Sollia*. Oppå her heiter det *Slættan*. Her slo dei.

Svenslibakken var ein mykje brukt hoppbakke som kom i bruk midt på 1950-talet. Av dei største var han ikkje, men tolde hopp mellom 35 og 40 m. Her var snøsikkert, og bakken var ikkje utsett for vind. Han var av dei aller første som fekk flomlys. I fleire vintrar var det hopprenn kvar onsdagskveld på etterjulsvinteren, dei såkalla onsdagsrenna. I bakken var det både storhopp av tre, og eit mindre av snø. No er bakken attplanta med skog. Det offisielle namnet var *Svensklibakken*.

Tidlegare hadde Skålheim il. hatt bakke i Nakkli vest for garden. Han heitte *Nakklibakken*. Dei tok til å arbeide med bakken på 1930-talet. Etter tilhøva i dei dagar var det ein heller stor bakke. Bakkerekorden er visst frå 1948 og er på 53,5 m. Bakken vart nedlagd i 1950-åra. Her i området har ein i våre dagar *Lysløypå*. *Skiskyttarbanen* er standplass for skiskyting.

Nakkbøen var plass «under Øver-Nakkja». Den første bysgelmannen var fødd i 1810. I 1903 kjøpte notbasen Sivert Nakkbønå plassen. Under same bruket vart også *Øverbøen* husmannsplass på 1800-talet. Tobias Olsen Nakken kjøpte plassen.

Bytenga /*Bytenja*/ var plass «under Ner-Nakkja» på 1800-talet. Førsteleddet er byte 'grenseline'. Dette vart sjølveigande bruk i 1908. I Bolsøyboka III 1. band er namnet *Ektebota* oppgjeve i parentes.

Teigen er bruk. Gno. teigr m. er avgrensa jord- eller skogstykke.

Nakneset var som ein samlingsplass før i tida. *Naknesbakken* er ein bakke på vegen.

Naknausta er fleire naust.

Vasslia har uttalen /*Varslia*/ med alvolar lyd. (I Nesset kommune kan ein høyre ættenamnet Vassli også har slik uttale.) Her bortunder Skåla har ein også *Vasslivatnet* med same uttalen av vass-. Dette er relasjonsnamn til Vasslia i dag. Men Vasslia er igjen relasjonsnamn til Vatnet. Dei må ha sagt *Vatnet*. Så er det vanleg å seie *Kortgardvatnet*, særleg av dei som bur lenger unna. Sørvest for vatnet er *Vasslibotnen*. *Vassenden* /*Vassænninj*/ er i nordaustenden. *Ullalandselva* kjem frå dette vatnet.

Så har ein *Larssko(g)vatnet*. Mykje tyder på at ein har skog i andreleddet, sjølv om g-en ikkje blir uttalt. På Sunnmøre seier ein Ørsko for Ørskog. (Sjå Norsk stadnamleksikon.) På Sekken har ein Skovika som òg truleg kjem av Skogvika (NG s. 245). Truleg fortel namnet om skogen til ein Lars

som låg her. I Bolsøyboka kan ein sjå skriftforma *Larsgovatnet*. Det blir visst òg fortalt ei segn om ein som heitte Lars som skal ha slengt skoen sin i vatnet. Men dette er nok berre ein måte å forklare namnet på (folkeetymologi).

Skyttarbanen /*Sjyttarbaninj*/, eller *Skytebanen* som mange truleg seier no, er banen til skyttarlaget «7. juni». Namnet er til minne om unionsoppløysinga i 1905. Laget vart starta i 1947. Bane er hankjønnord. Sør for Romsdalsfjorden er det hokjønnord. Slik er de også på nordstranda av Langfjorden og på Sekken.

Namna *Tjørhjellhaugen* og *Tjørhjellmyra* fortel om tjøreproduksjon. Tjørhjellen var sjølvsgatt i haugen. Lengst vest i Svenslia er *Hjellhaugen*.

Sandrøra /*Sannrøra*/ er ei rør der dei tok skursand i gamle dagar. Så har ein det noko merkelege namnet *Atronsensskaret*. Ein veit at den første mannen som er nemnt på Nakken i 1611 heitte Trond, skrive Trund. Det kan vere at første bokstaven i namnet er ei forkorting av eit mannsnamn, og at skaret har fått namn etter ein som var son til Trond.

Så er det ei li som blir kalla *Torslia*. Bolsøyboka opererer med forma *Tortlia*. Då må det vere plantenamnet turt. Eit anna alternativ er genitivsforma av mannsnamnet Tor. Relasjonsnamnet er *Torslidalen*, eller kanskje *Turtslidalen*.

Grusholå var stad det har vore teke veggrus. I nærleiken heiter det *Nakksetra*. Her hadde Bytenga seter ei tid.

Myra

Gnr. 96 *Myra* har fått namn av at det er myrlendt. Dette er ikkje så lett å forstå i dag når ein ser at garden er noko brattlendt. Garden er nemnt i 1623 med brukaren Cort i Myren. Det er vanskeleg å seie om dette er ein som har kome frå utlandet, eller dei har teke i bruk tyske namn. I 1657 er det opplyst at det er 3 kyr og 4 sauer. På 1700-talet er det opplyst at garden er viss til korn, men dårlegare for hø.

Myradalen er eit lite dalsøkk. *Myrabakken* er ein kvass bakketopp på fylkesvegen. Dette er altså relasjonsnamn til gardsnamnet.

Kortgarden

Gnr. 97 *Kortgarden* har det tyske mannsnamnet Kort som førsteledd. I våre dagar blir det skrive Kurt slik som tyskarane gjer. Ein såg at grannegarden hadde brukaren Cort. Kanskje det er same mannen



Måsar og ein skarv ved Litlekobbsteinen. Kortgarden med Kortgård fabrikker i bakgrunnen. (Foto Johnny Bratseth 0015138)

som har gjeve namn også til Kortgarden. Men det kan ha vore fleire med same namnet. Det er ikkje så merkeleg at ein fekk inn utanlandske namn i ei tid med mykje trelasthandel med Nederland. Garden er ikkje nemnd i skrift før i 1646 med namnet Kortsetter. I 1646 er det tale om Inder Moyset som Kort beboer. Kortgarden kan ha heitt Inner-Mauset. Dette kan tyde på at både Kortgarden og Risan er gått ut frå Mauset. Då hadde det allereie vorte to brukarar. I 1657 har dei to brukarane til saman 2 hestar, 6 kyr, 8 geiter og 8 sauer.

NG s. 288 opplyser at uttalen av namnet er Kor`karen. Kanskje einkvan sa namnet slik, men det vanlege har vore å seie Kortgar'n.

På 1900-talet vart det ved fjorden på denne garden skapt ein av dei mest allsidige industristadene i Romsdalen den tida. Ein fekk sagbruk, tynnfabrikk, møbelfabrikk, konfeksjon og landhandel. Bustaden som vart heitande *Nybygget*, vart sett opp i etterkrigstida. Dette var den gongen for fabrikkarbeidarar, og det er framleis bustad med fleire husvære.

Den første frakteskuta heitte *Havets skrekk*. Ein isbrytar i etterkrigstida vart kalla *Hitler*. Det var viktig å halde ope ei råk i fjordisen for skutene som gjekk til og frå fabrikkjen. Sterk nedgangstid for tynne- og kledeproduksjon gjorde at industristaden ikkje fekk den framtida som ein såg fram til.

Her kan ein ta med at mange i våre dagar kallar heile *Søstranda* frå Ullaland til Talset for

Kortgarden. Dette er eit nyvore fenomen. Tidlegare var geografikunnskapane til dei som budde på nordsida av fjorden såpass store at dei kjende namna på gardane på sørsida. Ove Orvik skriv i heftet «Ta va fole! Ord og uttrykk frå Romsdal» (2006) at bortomfjording er «person frå Kortgarden slik folk på Kleive bruker ordet.» Her må ein seie at det blir sagt bortåfjording, og ikkje bortomfjording, og det kan bli brukt om folk frå heile stranda. Orvik har også med ordet kuristrending. Det er kurustrending som har vore sagt, og stranda har vore kalla *Kurustranda*. Somme har prøvd å setje namnet i samband med gno. kyr 'stille, roleg'. Bakgrunnen skulle vere at det var stille og roleg bortpå stranda der. Språkleg er det vanskeleg å få til ei slik lydutvikling. Meir truleg er det eit namn som sjølv gode folk på nordsida av fjorden har laga, og at førsteleddet er kurue (kuskit). Ein har parallellar til slik namngjeving. Ein veit at stranda frå Søsnes og austover har vore kalla *Gråstranda*. Noko liknande er det når stranda utover frå Elnesvågen mot Tornes i Fræna kommune har vore kalla Skinnbrokstranda. I NG s. 273 les ein at stranda innover frå Eidsøra i Nesset kommune blir kalla Meisalstranda eller «spøgende» Skinnbrokstranda. Meininga var at på desse stadene var folk så gammaldagse at dei framleis stabba ikring i skinnbrok slik som dei gjorde langt atti tida.

«I Kortgara» har ein namn som *Tynnfabrikkjen*, *Saga* og *Konfeksjonen*. Den siste brann ned i 2007.

Før sa dei visst *Kortgardbekken*. No seier visst mange *Kortgardelva*. Det er berre ein bekk. *Kortgarddalen* er ein liten dal der denne elva renn. *Kortgardgrynnå* er ei grunne rett nord for fabrikkbygningane nokre hundre meter frå land.

Der det heiter *Kortgardskaret*, fór dei nok frå Kortgarden når dei skulle til fjells. Noko lenger sør heiter det *Attaste Skaret*. Der det heiter *Gammelseterrøra*, låg den første setra til Kortgarden. Dette måtte vere føre 1723, for då låg setra bortunder Skåla. Aust for *Kortgardsetra* er *Seterhaugen*.

Auspalia fortel om ospeskog. *Auspalisundet* /*Auspalisønne*/ er ei myrglenne. Her er ikkje sund brukt om ein passasje mellom åkrar, men om ei smal myr.

Lenger nede er *Rågrasholå*. Der slo dei, men dei måtte frakte graset lenger ned til der det var sol for å få det tørt. Ei rør (ein kant) ikkje langt unna heiter *Kråkebergørøra*. Eit berg her må ha heitt Kråkeberget. Førsteleddet er fuglen.

Bjønnasteinen var ein stor stein nedanfor vegen som ikkje er der lenger. Namnet på denne store steinen kan vere gammalt. I den lei peikar også at ein ikkje lenger veit kva for hending med bjørnen som ligg attom namnet.

Kortgardbøen var som namnet seier aller først bømark, altså halvdyrka mark. Så fekk ein husmannsplass med Jakob Jakobsen Nakken og kona Ingeborg Olsdotter Skaldebø. Dei byrja her kring 1880 og kjøpte plassen i 1930.

Risan

Namnet på gnr. 98 *Risan* finn ein fleire stader, m. a. i Frosta i Nord-Trøndelag. Det er bunden form fleirtal av ris 'krattskog'. Mange stader har ein andre former av denne voksteren som gardsnamn. Botolv Helleland skreiv i ein kronikk i Gula Tidend om skogen i gamle gardsnamn på Vestlandet 4. desember 1986 m. a. dette: «Ordet ris er kjent i tydinga «krattskog» (og krattskog nytta til eit visst føremål!). Det finst usamansett i forma Risa fleire stader (Lindås, Strandebarm, Gulen) og Rise (Bremanger, Stryn).»

I skrift finn ein ikkje garden før i kvegskatten i 1657. Då har brukaren 2 hestar, 7 kyr, 8 sauer og 8 geiter.

Bruket lengst vest er *Risahagen*. Ein ser av namnet at staden først har vore hamnehage. Så var det ei tid husmannsplass. I 1862 kjøpte Arne Pedersen Maset plassen. Bytet mot Maset i vest går etter *Risahaggrova*.

Bruket *Risabøen* lengst aust var husmannsplass til 1901.

Risaskulen /*Risaskulinj*/ var folkeskule fram til hausten 1990. Det offisielle namnet var Risan skule. Han var bygd i 1897. (Etter kommunesamanslåinga mellom Molde og Bolsøy kommunar vart namnet forandra til Risan skule.) Skulen er no ombygd til bustadhus. Sløydundervisninga gjekk føre seg i eit eige hus. Det vart kalla *Sløyden*. Ordet sløyd har kome frå svensk. *Bedehuset* er framleis i drift.

Risamunken er ein stein ikkje langt frå land nedanfor skulen. Ein seier /*Risamonkjinj*/. Som ein ser er den ekte målføreuttalen i ordet munk med o-lyd. No seier mange munk, men det er nok skriftpåverknad i seinare tid. På fjøre sjø er steinen nokså nære land. Men når han var overflødd, var det lett gjort å ro seg oppå han. Far til han som skriv fortalde at han som gutunge vart åtvare slik at han ikkje rodde seg på Risamunken. Dette viser at dei den gongen også inst i fjorden kjende Risamunken. No ser det ut som ikkje alle på stranda nærast steinen kjenner til han. Då eg var her og såg på steinen saman med Bjørn Austigard i 2005, var han mykje overgrodd med tang. Men under tanget løynde ein rund skolt seg. (Sjå elles artikkelen «Munk i stadnamn» i RSÅ 2005, s. 55-62.)

Oppover i lia har ein namn som *Litlelia*, *Hammaren*, *Flata* og sløttet *Småstekkholå*. Siste namnet skal visst vere ei forvanskning av *Småstegholå*. Det var så bratt at dei måtte ta småe steg her. Så har ein *Brauta* som var ein stig i bratt lende. Her hadde ein namna *Seljerabben* /*Seljerabb'n*/ med trenamnet i seg, og *Myrholå* med *Oppkommå* i nærleiken. (Det er noko usikkert om det siste namnet fungerte som stadnamn. Men det er ei oppkomme her.) *Buvegen* var krøtteråk. Lenger vest heiter det *Råket*.

Maset

Gnr. 99 *Maset* finn ein som gardsnamn også i Surnadalen og Furnes i Ringsaker. Det kan vere same førsteleddet som i gardsnamnet Maurset i Ullensvang i Hardanger, men då må r-en ha falle ut. Er det slik, kan førsteleddet vere plantenamnet maure. Ein veit at både kvitmaure og gulmaure har vore brukt til farging. Eit anna alternativ kan vere gno. meyr 'mør, sprø', og at det fortel noko om korleis jorda er. Det kan òg vere at førsteleddet er det same som i gardsnamnet Mauland på Jæren. Somme har meint at dette er eit ord for eng, grasmark.

Denne set- garden kan vere frå føre vikingtida, men han fekk som alle gardar her på sørsida av



Ytter-Mauset sett frå andre sida av fjorden.
(Foto Johnny Bratseth 0014933)

fjorden og i Osen ein øydebolk etter manndauden, men ikkje så lang som for mange av dei andre gardane her. Han er nemnd første gongen i 1596, og har allereie fått to brukarar. Risan og Kortgarden kan vere frå gardsvaldet til Mauset.

I 1657 er det to husmenn og tre brukarar. Den eine husmannen har endåtil hest. Dei har kvar si ku og nokre sauer og geiter kvar. Brukarane har kvar sin hest, og til saman 21 kyr, 17 geiter og 26 sauer.

Den bratte lia ovanfor garden heiter *Høgolia*. Folk lenger unna seier *Mausetlia*. Ein ser lia godt frå inst i fjorden. Når ein om vinteren hadde ein kaldbolck med klårver og «frøstgove» (frostrøyken) låg på fjorden utanfor iskanten, følgde ein med inne i Osen om det kom jamhøgt med Mausetlia. Steig det så høgt, vart det sagt at no går det ikkje mange dagane før det blir leke (mildver). Dette slår ikkje feil.

Det er mange bruk på Mauset. Lengst vest har ein *Ytter-Mauset* (bnr. 6). *Bøplassen* var ein plass under dette bruket. Ingen kan minnst at det stod hus her, men murane har vore synlege. Segna seier at siste mannen svalt eller fraus i hel. Kan hende dette er vel dramatisk. *Bøplassneset* er nedanfor Bøplassen. Bruket *Mausetbøen* er på austsida. *Sletta* er eit bruk. Det er dette namnet som blir brukt, men det offisielle namnet er *Nyheim*. Namnet *Sletta* har bakgrunn i at her er ei slett, altså 'slett, jamn stad'. *Slettagrova* vest for bruket kjem ned gjennom *Grovaskaret*.

Skakkvegen er ein stig som går på skakke, på skeive oppover. Når ein hugsar Erling Skakke, forstår ein at ein hadde ordet i hans dagar òg.

Sjøvegen på Ytter-Mauset går frå tunet og ned til sjøen.

Nedmed sjøen stod det ein stor, gammal ore som var vid ved rota, fortalde Olav Risan (1910-

1991). Dei kalla han *Gammeloren* /Gammelorinj/. Han rotta ned i 1920-åra. Det merkelege var at ein kvar julaftan høyrde det spela «inni Gammelora». Ein måtte ikkje lage noko oppstuss ved treet til nokor årstid, meinte pleieforeldra til Risan. Ikkje måtte ein tømme stein eller rusk ved det merkelege treet.

Løsletta er ei slett. Førsteleddet er løe. *Storsundet* /Storsønne/ og *Litlesundet* er stader på innmarka. Sund eller åkersund var passasjar mellom åkrar. Ordet sund vart i gno. brukt om mellomrom. (Sjå elles artikkelen «Sund på landjorda i Romsdalen» i RSÅ 1990.)

Mausetgrynnå er ikkje så langt frå land utanfor *Mausetneset*.

Oppover i lia har ein namn som *Hjellan* (avsatsar), *Hjellrøra* (kant), *Liabakken* og *Liabakkrøra*. *Klevet* er ein stig. Her drog dei ned ved på dragarkjelke.

Ein hammar heiter *Skjenhammaren*. Krøtera kan ha skjena frampå hammaren for å bli kvitt fluger. Men bakgrunnen kan òg vere at det stundom skin i hammaren. Ein hammar lenger nede er *Sigrid-hammaren* /Segrihammar'n/. Namnet har kvinnenamnet som førsteledd.

Ein stad oppå lia heiter det *Skylet* /Sjyle/ med tjukk l i uttalen. Eit skyle er ein liten primitiv bygning. Ein slik må ha stått her. *Torvmyra* fortel om torvetaking. To stader heiter det *Løppet*. Her må dei ha løypt ned ved eller tømmer.

I *Slåttalia* slo dei. *Midtskåren* var namnet på eit slætte. Ein skår er breidda med gras ein legg ned med ljåen når ein går skårgang.

Så har ein *Stien*. Han deler seg i to. Ein går mot sørvest, og ein går mot søraust.

Kampeholå er ei fordjupning. Førsteleddet er kanskje kamp 'rundvoren fjellknaus'. *Rabban* er mindre ryggar i lendet. *Råket* er eit krøtterråk som går heilt innover til Kortgardskaret.

Gjerdan /Jeranj/ er eit område. Gjerde har som her i somme stadnamn i området fått hokjønnsbøying. Ein skulle vente Gjerda. Så har ein *Stegaberget*. Samansetninga er merkeleg. Førsteleddet må vere Stegan (bunden form fleirtal av stig). Ein skulle ha venta Stegaberget.

Midt-Mauset er bnr. 2. *Inner-Mauset* er bnr. 1. *Røysin* er eit lite bruk. Namnet er bunden form fleirtal av hokjønnsordet røys, ihopkasta eller nedrasa dunge med stein. Ein har namnet *Broka* /Brokja/ som opphavleg må ha vore namnet på ein åker. Åkeren har vorte samanlikna med ei brok, gno. brók f. Bukse vart nok ikkje brukt i kvardagsmålet. Ein finn det iallfall ikkje i stadnamn. Det lågtyske ordet buxe, eigentleg buckhose 'brok av bukkeskinn' blir vel i dag sett på som eit finare ord enn brok.



Åkerreine i Bjerkalia. Garden har vore øyde i meir enn 300 år.
(Foto KMH/Romsdalsmuseets fotoarkiv 09623)

I gno. brukte ein helst eintalsforma brók om eine broklåret. Då forstår ein at det kunne vere naturleg å sjå likskapen med ein åker. Heile kledplagget kalla dei den gongen brøkr med fleirtalsforma. Dei som meistrar russisk, seier at russarane må ha lånt ordet, for russarane seier visst noko slikt som broki. Lånet vart vel gjort den gongen då vikingar drog i austerveg. Kanskje dei hadde framifrå skinnbrøker som russarane vart imponerte over. *Fjøsattlegå* er ei attlege nærast fjøsen. Så har ein namnet *Grova* litt lenger aust.

Heggembakken vart ein kvass bakketopp på fylkesvegen kalla. Bilførarane såg ikkje kvarandre før bilane nesten sette nasane saman. Heggem er ættenamnet til folket på garden.

Storåkeren var ein lang åker nedom vegen. Ei julenatt i siste halvdel av 1800-talet braut *Grova* seg innpå og reiste med *Storåkeren*. Vatnet i *Grova* hadde ikkje vorte teke av etter trusking, fortalde Olav Risan.

Ein har namn som *Vollan*, *Sletta* og *Slettavåta*.

Smiå er ei kjend smie. *Neset* og *Innset* er bruk. Det siste er nok eit nylaga namn etter gammalt mønster.

Ein har opplysningar om at telefonstasjonen vart kalla *Talestasjonen*. Ein skulle tru det til dagleg berre vart sagt *Stasjonen*.

Gardsteinneset /*Garsteinnæse*/ er eit nes, men det var òg husmannsplass. Olav Risan hadde denne uttalen. I *Bolsøyboka* III 1. band s. 560 finn ein skriftforma *Gardsendneset*. Her finn ein òg opplysning om at somme har meint at det opphavlege har vore *Garnsteinneset*. (Då må ein ha sagt *Gansteinnæse*.) Bakgrunnen skulle då vere at det fanst høvelege steinar til garnsøkkje.

Bjerkalia

Gnr. 100 Bjerkalia var ein markagard. Ein seier *Bjærkalia*, og ikkje *Bjærkalia* slik som det blir opplyst i N. G s. 288. Botanikaren Ove Arbo Høeg har funne uttalen *bjærk* i 11 herad i Romsdalen og på Nordmøre (etter gammal heradsinndeling).

Den gamle garden Bjerkalia låg på solsida oppå *Mausetlia* bortimot 300 m o. h. Joenn Berkelin er nemnd i 1623. (Garden *Risan* nedmed fjorden er ikkje nemnd før i 1657.) Vegar hadde ikkje noko å seie i dei dagar, for dei fanst ikkje. Vogner var ikkje komne i bruk. *Kløvjing* og «*tremøgalee*» var framkomsten på landjorda når ein skulle frakte noko. Det ser ut som Bjerkalia hadde ei bra tid framover på 1600-talet. I 1657 har brukaren Knut Olsen, som er fødd i 1625, 1 hest, 8 kyr, 7 geiter og 7 sauer. Her bur òg husmannen Rasmus Olsen med 2 kyr, 2 geiter og 1 sau. Dei to mennene på garden kan vere brør. I 1673 får *Oluff Bordsen* avslag i bygsel «*formedels fattigdom*» (s. 18 i «*Kyrkjene på Kleive 1646-1958*»). Det ser altså ut som det då hadde kome ny brukar. Så går det ut med garden. Etter opplysningane ein har, blir det øyde her lenge føre 1700. På sommartinget på *Istad* 3. juli 1704 blir det opplyst at garden då hadde lege øyde i mange år. Det blir fortalt at siste kona i Bjerkalia heitte *Marit*. Når det var skya ver, hende det at ho gjekk frampå ein haug i *Høgolia* og ropa ned til *Mauset* og spurde kor langt på dag det leid. Dette var føre klokkene si tid, men dei følgde med flod og fjøre og visste at tredje floda etter fullmåne var middagsflod. Staden ho ropa frå vart heitande *Marithaugen*. Her på haugen står *Marithaugtollå* som er tørrtolle.

I dag veks det også bjørk der dyrkamarka var der i sørhallet. Åskammen på nordsida skjermar for kald vind frå nord og vest. Det er høge åkerreiner å sjå. Det må tyde at garden også var driven i tida føre manndauden. Dei nokre generasjonane med jordbruk på 1600-talet kan ikkje ha ført til dette. Snøen reiser nokså tidleg her i den solvende lia. Dei kunne sleppe ut krøtera tidleg. Truleg voks det alm den gongen i lia vest for garden. Ho heiter *Almelia*. Trong ein bork til mjøl, var han ikkje langt unna. Ein kan med det same nemne *Almeligrova*. *Almelivatnet* er berre ei lita tjørn. Det er merkeleg at ein har grunnordet *vatn* i namnet. Her er myrlendt. *Vatnet* må ha vakse att ein del.

Bjerkalitjønna er sør for garden. Derifrå renn *Bjerkaligrova*. I *Kregrova* lenger vest heiter det *Bjerkalikvenna*. Her hadde garden kvern. Dette fortel at dei hadde kornåker på garden på 1600-talet. *Bjerkalistien* er stigen frå *Tollåsen* til Bjerkalia.

Grensene for garden er klare og er innteikna på kartet i M 1.5000. I våre dagar høyrer Bjerkalia til garden Kortgarden.

Her i området har ein elles namn som *Løkan*, *Heimste* og *Attaste Løklia* og *Attaste Skaret*. *Myrskaret* er sør for Løkan. Ein har *Grønlia* med relasjonsnamna *Grønliørøra* og *Attaste Grønliørøra*. *Grønlimyra* er visst namn på to myrar, men med forskjellige brukarar av namna. *Grønliløken* renn ut i *Røa* (*Storelva*). *Holmen* /Hålm'n/ er ein holme der han renn ut i elva. Det blir mellom løken og elva. Der det heiter *Grønlistrupen* stryper lendet seg saman.

Så har ein *Langåsen*, *Nørde Langåsanden* /Nøre Langåsænninj/ og *Langåsdalen* der *Langåsløken* renn. Det litle *Livgjordvatnet* /Livjorvatne/ må ha likna ei *livgjord*, som var eit breitt belte kring livet.

Den siste *Mausetsetra* ligg sør for Grønliløken. *Gamle Mausetsetra* var lenger mot sørvest, på sørsida av *Storelva*, sør for *Ytste Mausetvadet*. Det har vore sagt at det var pga underjordsfolket setra til garden har vore flytta fleire gonger. Men ei av setrene har brunne. Der det heiter *Gammelstølen* kan den eldste setra ha lege. Dette er i 275 meters høgd i Skållia. Her er flatt, men det er ikkje tydelege merke etter nokor seter. Bakgrunnen kan hende vere at krøtera støla her.

Området kring Skåla

Skållia er lia på nordsida opp mot fjellmassivet Skåla. Ein har fleire stadnamn med Skåla som førsteledd. Det blir ingen vokal i samansetninga. (Eit namn som Skålahalvøya skulle hatt forma *Skålahalvøya*.) *Skålholen* er ein hol, altså rundvoren høgd. *Langglennå* er altså ei lang glenne (gno. glenna f. 'open grasvaksen plass i skog'.

Nørde Mausetvadet ligg om lag 300 m aust for det ytste.

Nedre /Nere/ og *Øvre Smalhammarlægda* er lægder. Ei lægd er altså ein stad der det blir lågare før lendet atter stig. Det ser ut som ein hammar her har heitt Smalhammaren. Men dei seier at det ikkje er nokon retteleg hammar her. *Blåberga* er lenger mot sørvest. Dei ser mørke ut.

Der det heiter *Bjønnahiet* skaut Nils Tolaas og Kr. Stensvold ein bjørn i 1914. For nokre tiår sia merkte Iver Gjerdeplass berget ved hiet med måling, men målingsflekken er nok no vekkomen. Her aust for utlaupet av Trollvatnet har ein òg namn på to fonner. Det er *Fonna* og *Mosefonna* /Måsefånnja/. Den siste er mosevaksen.

Kortgardslætta er namnet på slætta som Kortgarden hadde vest for elva som kjem ned frå Trollvatnet. Elva blir kalla *Tverelva*. Det blir visst òg

sagt *Trollvasselva*. Ho renn gjennom ein botn som heiter *Skålbotnen*. Lengst oppe i botnen er ein fin høl som heiter *Hølen*. Der *Trollvatnet* ligg heiter det *Nørde Skåldalen*. *Ytste Skåldalen* er vest for høgaste toppen av *Skåla*. (Ein ser at nørde blir brukt om aust.)

Trollvatnet ligg 505 m o. h. Frå toppen av fjellet kan ein sjå botnen i heile vatnet, for vatnet er så klårt. Det er på sørsida av Fannefjorden ein nyttar dette namnet. På nordsida av fjorden kallar ein det *Skålvatnet*, for elles hadde ein fått samanblanding med Trollvatnet mellom Istad-bygda og Skeidsdalen. Tre vatn i Breiskaret vest for Skåla kallar folk på sørsida av fjorden for *Skålvatna*. Gerhard Schønning fortel i sine ferdaskildringar frå 1770-åra: «Hvad man beretter om det Fiæld Skaala, beliggende i Kleve Sogn, som er Bolsøens Annex, og om en Jærn-Grind som der skulde staae i et Vand, er ved Undersøkning befundet at være Fabel.» Det kan ikkje vere noko anna vatn enn Trollvatnet det er tale om. Dette står s. 165 i band 1 av Schønning's ferdaskildringar (utgåva frå 1979). I Sundalen er det segner frå to stader at folk har fare inn i berghol og der møter jærngrinder slik at dei ikkje kjem seg lenger. Dette er holer som var meint å vere tilhaldsstader for underjordiske.

Skåla er høgaste fjellet i kommunen med sine 1127,52 m etter siste måling. Det er vanskeleg å seie kor gammalt eit fjellnamn som Skåla er. Allereie i gno. hadde ein ordet skál f. Helst har dei sett fjellet som ei kvelvd skål. Holm- og skjernnamnet Skåla som ein finn somme stader, må òg ha vore samanlikna med ei kvelvd skål. Slik er det nok òg med det 863 m høge fjellet Skåla på grensa mellom kommunane Vestnes og Rauma aust for Tresfjorden.

Iallfall i nyare tid har ein også tala om *Skålin* /Skålinj/ i fleirtal. I skrivaren sine heimegrender talar ein om at sola kliv Skålin når ho frampå vinteren går over fjellranda. Somme kallar høgaste toppen *Storskåla*. Men det kan likevel vere slik at ein frå først av kalla heile fjellmassivet for Skåla.

Nørde /Nøre/ *Skåla* er nest høgaste toppen på Skåla. Han ligg aust for hovudtoppen. Dette namnet blir brukt i Osen, Kleiv-bygda og Istad-bygda. På karta står Skålaksla. Mange tek i bruk dette namnet fordi dei ser det på kart. Dette namnet blir visst brukt i Vågan vest for fjellet. Men det er òg slik at dei der kallar vestenden av Litle-Skåla for Skålaksla. I Øverbygda aust for Hjelset er det austtoppen dei kallar Litleskåla.

For dei som bur på Nesjestranda og sør for fjellmassivet er *Litleskåla* toppen som ligg lengst vest. Likeins er det for dei som bur i Osen. På mange kart har det heilt frå 1870-åra stått Vesleskåla. Det er feil. Vesle er eit ord som ikkje blir brukt i tale-



Trollvatnet oppi Nørde Skåldalen. Kleivbygda i bakgrunnen med Nakken på hitsida av fjorden. (Foto Johnny Bratseth 0003970)


målet her. Det har ei austleg utbreiing her i landet.

Men så er det slik at dei som bur på Solomdalen og stranda innover frå Grønneset mot Kortgarden kallar fjellet for *Slettfjellet*. Dette er også namnet for folk på Fannstranda og innover til Hjelset og Øverbygda. Fjellsida er slett på nordsida. Ei høgd i nordsida heiter *Slettfjelltuå*. På toppen er det eit lite vatn som har vore kalla *Kaffivatnet*. Namnet kjem nok av at jegerar og andre som ferdast i fjellet, koka seg kaffi her. Det var lett å kome seg innpå rjupa her, fortalde Iver Gjerdeplass. (Rupe er den ekte målføreuttalen på denne velkjende fuglen. I gno. hadde ein skriftforma rjúpa f., men så har j-en falle ut i uttalen.) Gjerdeplass fortalde òg at ein på fine sommardagar kunne lauge seg i Kaffivatnet. Overgangen nord sør mellom Storskåla og Litleskåla/Slettfjellet heiter *Reset*.

Går ein atter oppå høgaste toppen, er han runda slik at det mest er som å stå på ei kule. I RSÅ 2002 kan ein lese om at Aslak Endresen Stranden (1873-1964) bygde ein varde som i dag står på toppen. Den gamle varden såg dei ikkje frå heimstaden hans, Skorgestranda, på sørsida av Langfjorden. Tidleg ein godverssøndag hausten 1892 rodde han over fjorden og kleiv til topps og bygde ein varde av

dei lange steinhellene som det finst så mange av. På turen ned att møte han brørne sine og ein nabogut. Dei hadde kikra og sett kva Aslak dreiv på med. No ville dei gjerne vere med på bygginga. Men Aslak var klar. Han ville ikkje vere med opp att.

Ein har segner om at det budde ei gyger i Skåla i gammal tid. Iver Gjerdeplass kalla ho *Lange-Maren*. Namnet fortel at ho var høg som slike stortroll pla vere. (Ein kan òg nemne at slike namn med førsteleddet lange og eit kvinnenamn var særnamn på somme kanonar i krigane her i Norden i tidlegare hundreår.) Lange Maren tolde ikkje omen av kyrkjeklokkene då det vart bygd kyrkje på Bolsøya. Ho tok storbogen sin og skaut ei steinpil etter kyrkja. (Trollpila er omtala under Bolsøya.) I ei anna segn er det tale om at eit kongstroll som budde i Skåla hadde riket sitt frå Bjørgvin til Nidaros. Men Skåla var òg eit heksefjell. Jonsokaftan kom trollkjerringane langvegs frå for å treffe djevelen på fjelltoppen. Dei fortalde kva dei hadde utført i året som var gått, og leikte seg på usedeleg måte med herren sin. Det var sterk tur (dur) heile natta av dei der dei fór ridande på sopolimane sine inn og ut fjorden. Folk brende bål langs strendene. Dette gjorde at heksene heldt seg midtjords.



*Skålmannen oppi Skåla, sett frå Brattset 7. mai 2006.
(Foto Johnny Bratseth 0010491)*

Skålmannen er snøbrede som frampå sommaren får skapnad som ein mann med hatt og pipe. Han vender seg mot aust. Namnet kan vere eldre enn den tida dei fekk sjå han hadde pipe. Pipa og tobakken kom ikkje hit til lands før på 1600-talet. Somme år kan han bråne vekk, men dei fleste år ligg det att ein liten snøklatt til nysnøen atter dekkjer lendet. Ein har altså dette ordet som svakt hokjønnsord her i området. Ein seier ei bre'e.

Det var Ingolf Hjelset på Hjelset som midt på 1970-talet tok til å bruke namnet *Skålgeita* om ein snøfleck som liknar hovudet på ei geit med skjegg. Når det lir lenger, får ho ei auge òg. Det er ikkje så mange på Hjelset som bruker namnet.

Talsethagen

Gnr. 101 *Talsethagen* /Tasjætthajinj/ må etter namnet frå først ha vore hamnehage som hørde til Talset. Garden er nemnd i 1669. I 1723 er det ei ku, to ungnaut og seks småfe her. På ei bonitetsliste frå 1860-åra finn ein innmarksnamna *Sjøåkeren, Myråkeren, Bøgjerdet, Øvre og nedre Flata*. Akkurat plassering er vanskeleg å fastslå i dag. Lektor Gunnar Talsethagen har i ein artikkel i RSÅ 2004, s. 111 bilete frå 1937 av *Storsteinen*. Denne store steinen ligg «på yste Attlegen». *Yste Attlegå* er attlega som ligg lengst vest. (Ordet attlege kom truleg mykje i bruk då dei tok til å veksle mellom åker og eng.) *Hagabukta* er bukta nedanfor Talsethagen. *Hagagrova* kjem ned vest for husa. Ho har òg vore kalla *Bytesgrova*. Det er dette namnet som står på bonitetslista frå 1860-åra. Bytet følgde grova. *Hagaskaret* er skaret oppå lia. *Hagavegen* er òg oppå lia. *Løypa* er tømmerløype. Namnet *Hamaren* står på den før nemnde bonitetslista.



*Ein tjørhjell er ein stad der dei brenner tjøre. Rundt Fannefjorden har det vore mange tjørhjellar.
(Foto Peder Stokke/Romsdalsmuseets fotoarkiv 14480)*

Hammar, gno. hamarr m. er eit sær s vanleg grunnord i stadnamn. Ein kan nemne at reiskapen hammar også opphavleg var ein stein som dei langt atti tida brukte til å banke med. Høgaste punktet oppå her er *Høghaugen* som er 236 m høg. *Johanhjellen* var truleg ein tjørhjell der ein som heitte Johan brende tjøre. Det same var nok *Botolvhjellen* lenger vest. Her heitte tjørebrennaren Botolv. Dei sa Båtål med tjukk l før i tida. Lenger sør her heiter det *Hjellia*. Litt lenger mot nordaust er det ei tjørn som heiter *Sjurs-Ingeborg-tjønna*. Ei som dei kalla Sjurs-Ingeborg /Sjurs-Innejbær/ må ha hatt noko med tjørna å gjere. Ho var anten dotter eller kona til ein Sjur.

Katthaugen kan knapt ha den vanlege huskatten i namnet. Nils Talset sa i 1978 at i gamle dokument har namnet vore skrive Cat houg. Ein kunne tenkje at katt vart brukt om gaupe, men ein hadde ordet gaupe også i gno. Eit anna alternativ er å tenkje på røyskatten, *hreysikattr* i gno. I Norsk stadnamnleksikon les ein: «Ofte har Katt- i stadnamn ei nedsetjande tyding og/eller merkjer noko som er smått.» På kvar side av haugen er *Ytste* og *Nørde Katthaugskaret*. Det siste ligg etter dei rådande himmelretningane i talemålet lengst mot aust. Gjennom det siste skaret renn *Trongstigrova* frå Sjurs-Ingeborg-tjønna mot sørvest.

Talset

Gnr. 102 *Talset* /Tasjætt/ kan ein rekne med har nokolunde same alder som grannegarden Mauset i aust. Vest for Eidsøra i Nesset kommune har ein same gardsnamnet. Garden der er nemnd i Aslak Bolts jordebok frå kring 1430. Der finn ein „af Telgsætre“. Tolkinga i NG s. 273 er: «Telgsetr, af

*telgr, som er bevaret i Bygdemaalenes Telg m. Bregne. Samme Navn findes i Bolsø.» Det er ikkje unaturleg om ein har plantenamn i namna på desse grannegardane. Voksternamn i førsteledda i setnamna er nokså vanleg.

Talset i Molde kommune har fått folkesetnad att mot slutten av 1500-talet. Dei fattige leiglendingane Olluff og Thruendt thalsett er nemnde i 1596. I 1657 er det tre brukarar som har to hestar kvar. Til saman har dei 22 kyr, 18 geiter og 15 sauer. To av dei har kvar sin gris.

På Talset har ein bruka *Ytter-Talset*, *Midt-Talset* og *Nørd-Talset*. *Røysa* er bruk. Her var truleg ei røys frå før. *Tørkesletta* er ei slett. Dei slo oppå lia. Men sola kom tidleg vekk. Så drog (køyrede) dei ned graset på «tremægasse'e» til *Tørkesletta*. Ho var felles for bruka på Talset, men ho er no attgrodd, fortalde Magnus Talset i 1992. Vegen der dei drog ned graset heiter *Liavegen*. Lia oppå her er *Høgolia*. No har det for lenge sia vorte ny fylkesveg vestover stranda frå Kortgarden. Han blir gjerne kalla *Nyvegen*. På den gamle vegen her på Talset er det ein bakke som heiter *Skarpateigbakken*. Dette er nok eit relasjonsnamn til teignamnet *Skarpateigen*. Det var gjerne ein stad med skarp jord (tynt og tørt jordsmonn). Dette namnet blir ikkje brukt lenger.

Midtbukta er ei bukt på Talset. Lenger aust var *Nothuset*. Det står ikkje lenger. Dette var nothuset til notlaget som visstnok vart kalla Talsetlaget.

Rangfløya er flog/hammar. Sisteledet kan sjå ut som ei målføreform for flog n. 'stupbratt fjellside', som då har fått hokjønnsform og diftong. Denne forma var det Magnus Talset (f.1922) som brukte. Nils Talset som var om lag 25 år eldre, kalla i 1978 hammaren for *Ramnehammaren*. Ein kan undrast på om ramn har vorte forandra til rang.

Øvste og *Nedste Geilen* /*Jeilinj*/ var geilur (inngjerdingar). Så har ein *Nakken* /*Nakkjij*/ og *Nakkholen* /*Nakkhålen*/ som er holer.

Torahaugen har kvinnenamnet Tora som førsteledd. *Hansledet* /*Hansle'e*/ har namn etter ein Hans.

Hekkelberget er eit skrått berg. Dei sat ofte her om kveldane og venta på krøtera. No er berget overgrodd, for folk og krøter trappar ikkje her lenger. Berget er ruklut (har foldar). Det kan kanskje ha vore jamført med ei linhekle. Eit anna tolkingsalternativ kan vere at berget har likna ei kappe, men då må namnet ha høg alder. I gno. var eit ord for kappe *hekla f*.

Bustien er ein krøterstig. *Geitaklauva* /*Jeitaklaau*/ er ein sving på stigen der dei fór. Han kan vere samanlikna med ei geitaklauv, eller at han har fått namn av di her var far etter mange geitaklauver. I



Saga i Fransetgrova 1982. Vasshjulet har eit tverrmål på 5 m. (Romsdalsmuseets fotoarkiv 02967)

«Trønderordboka» er det opplyst at geit(a)klauv er eit anna namn på planta bukkeblad somme stader både i Nord- og Sør-Trøndelag. Bukkeblad er vel det same som dei no kallar liljekonvall. Kanskje planta har vakse her. *Trongstien* er ein stig der det er trongt. Ein stig i trongt lende kalla dei før i tida ein trongstig (s.112 i Norsk Maalbund av Ivar Aasen. Andre utgåva 1975.)

Når det gjeld namnet *Fjøstuftin* /*Fjøstøftinj*/, er det slik at berre namnet lever. Her må ha vore sommarfjøsar. Magnus Talset hadde også høyrte namnet *Gamle Fjøstuftin*, men han var ikkje heilt sikker på staden.

Svingen /*Svennjinj*/ er ein sving på vegen. Somme som bur lenger unna, seier *Talsetsvingen*. *Bøbakken* er ein bakke på vegen. Det same er *Talsetbakken*. Dette var vanskelege bakkar på *Gammelvegen* når det var hálke. *Brubakken* var ein bakke på vegen ved brua over *Fransetgrova*. *Brubakkledet* var eit led /le/ her.

Ved *Dampskipskaia* på Talset la dampen (rutebåten) til før rutebilane tok over. Ordet kai har kome over hollandsk kaai frå fransk quai, men er opphavleg frå keltisk med tydinga sandbanke, voll. Det gamle norske ordet var bryggje. Ein kan tenkje seg at folk her i fjordane fekk høyre ordet kai av hollendarane som tok til å fare her på slutten av 1500-talet.

Lenger vest er *Tollåsnausta* og *Solomdalsnausta*. Ved Solomdalsnausta er *Solomdalsvøren*. Før i tida hadde gardar som låg langt frå fjorden mest alltid naust og båtar. Båten var den tids framkomstmiddel.

Talsetkvenna var i *Fransetgrova*. Her har vore fleire sager. Ei av dei gamle sagene er restaurert. Det er vassaga som Peder og Matheus Solemdal bygde i 1905. Ho har eit vasshjul med tverrmål på 5 m. Midt på 1990-talet vart ho skadd av stor snøtyngd. Ved restaureringa fekk saga nytt spontak slik som ho

opphavleg hadde. Her har ein òg namnet *Sagfossen*. *Sjøvegen* var den gamle vegen solomdalingane gjekk når dei skulle «neri Fjørå». Eit bratt stykke var *Sagbrauta*.

Franssetet

Franssetet er gnr. 4. I 1632 er «Frands i Fjæren» nemnd. Dette fortel at han budde «i Fjør'n». Det fortel at dei også den gongen tala om *Fjørå* når dei meinte nedmed sjøen. Frans er truleg bakgrunnen for namnet. Setet tyder opphaldsstad. (Gnr. 31 på austenden av Otrøya heiter òg Setet.) Ein veit at to jemtar er oppførte under Franssetet i 1646. Dei er nemnde som Jens Jemt og Peder Jemt, «Huusmanendt og Handtuerksfolck». Av folketeljinga ser det ut som Jens var fødd kring 1625. Han er i 1665 oppført med ein 14 år gammal steson. Såleis må han ha vorte gift med ei som hadde ein son frå før. Som sær ung gut må han ha kome hit frå Jemtland i dei tider Danmark misser denne landsdelen. Som ein forstår var det handverk desse karane utførte, for i 1657 har ikkje Jens meir enn tre kyr, ei geit og tre sauer. Men på garden er også ein Ørye Franssetter som har fem kyr og fem sauer.

Dei kallar haugane sør for Franssetet for *Franssethaugan*. Vest for garden er *Gjerda*. Bukta her vest for *Solomdalsnausta* heiter *Gjerdbukta* /Jerbokta/.

Brauta er bnr. 2 under Franssetet. Namnet kjem nok av at vegen forbi går i brattvore lende. Aust for bruket har ein *Maridiket* /Maridikjel/. Iver Gjerdeplass hadde høyrte at ei som heitte Mari drukna ein gong i dette blautholet.

Det kjem ei grov som heiter *Finnelgrova*. Førsteleddet kan vere eit mannsnamn. Somme har meint at førsteleddet kan vere ei forvansking av Finngjerd-. Det må då helst ha heitt Finngjerdet her.

Buvikan er bnr. 3 under Franssetet, eller *Vikan* som det blir sagt i våre dagar. Bruket er ikkje så gammalt, men namnet kan vere gammalt. Den vestlegaste garden i Nesset kommune på nordsida av Langfjorden heiter Buvika (NG s. 268). Helst fortel namna om vikar der bufeet pla gå. Bu er ei forkorting av bufe, buskap. Som ein ser er *Bustien* namn på Talset. *Storhaugen* er ein markert haug sørvest for Vikan. Litt lenger vest er *Lægdin*.

Haugen /Haun/ er bnr. 4 under Franssetet. På papiret står *Midthaug*. Dette er ikkje noko gammalt bruk.

Fransgjerdet (Holå)

Det kan vere den same Frans som også har gjeve namn til gnr. 6 *Fransgjerdet*. Som sisteleddet fortel må det her først ha vore gjerde før krøter som ein Frans hadde. No blir garden kalla *Holå*. Husa ligg i ei stor hole. Garden er nemnd første gongen i 1665. Her bur då Knut og Otte. Dei er 89 og 60 år.

Ovanfor garden har ein namna *Littlesetra*, *Slåttaberget* og *Haugvåtå*. Der det heiter *Holhjellen* /Håljel'n/ har truleg bruket hatt tjørhjell. Så har ein *Holvåtå* /Hålvåtå/. Holå eig her. Eit anna namn på same staden er *Fjøsvåtå*. Oppover her er *Grønli*.

Kvistsetra

Når det gjeld gnr. 5 *Kvistsetra*, veit ein ikkje korleis målføreuttalen har vore. Bolsøyboka skriv Kvisseter. Kanskje dei sa Kvestsetra. Brukaren Niels quistzetter er nemnd i 1646. I 1669 er namnet skrive Quistsetter og i 1723 Qvist Sæter. Sisteleddet fortel helst at garden har fungert som seter før ein fekk busetjing på 1600-talet. Om det har vore busetjing føre krisetida i seinmellomalderen, veit ein ikkje. I forklaringa i NG s. 277 les ein: «1ste Led er vel Ordet kvistr m., Kvist. Men hvorledes det her skal forstaaes, kan jeg ikke nærmere oplyse.» Ein kunne tenkje på kvistrik og dårleg skog. Men kvifor er namnet skrive med q og ikkje k? Ein kan tenkje på det utanlandske ættenamnet Quist. Ein ser at ein hadde jemtar ikkje langt unna. I 1661 betaler Ole Quistsetter ½ vog fisk til Bolsøe kirche. Det blir folkelaust her føre 1700. I 1723 blir det opplyst at garden har lege under fefot i meir enn 30 år.

I dag kallar ein det *Seterbøen*. Det er då meint bøen, det som ein gong var innmarka på Kvistsetra. Her har ein òg namnet *Vollan* /Vålljanj/. Det fortel nok at dei slo her.

Hammaren

Første gongen ein høyrer om gnr. 7 *Hammaren* er i 1646. I 1661 betaler Knud Hammeren 1 pund fisk i landskyld til «Bolsøe kirche». Her var òg ein husmann som heitte Otte. Han betalte 1 ort. I 1723 er det framleis folk på garden, men i 1763 og 1800 er det øyde (Bolsøyboka b. 2, s.79). Garden går inn under Franssetet. Heilt folkelaust kan det truleg ikkje ha vore i siste halvpart av 1700-talet, for i 1773

mottek husmann *Ole Hameren* 2 skjepper havre. Det må helst vere hammaren ovanfor garden som har gjeve han namn. Som ein ser av landskyldbetalinga, dreiv nok folket på stranda her ein god del fiske.

Vollan er vollar der ein må rekne med dei slo. Namnet *Klungran* /Klongranj/ har nok kome til av di det voks klunger her, gno. klungr m. Namnet her har fleirtalsform. *Løypet* er ved- eller tømmerløype. *Hamnateigen* er ein teig som gnr. 51 Hamna på nordsida av fjorden eig. Teigen har visst vorte gjeven som gåve til einkvan på garden.

I fjorden er det ein djup stad som blir kalla *Hamnardjupet*.

Stranda

Husa på gnr. 8 *Stranda* ligg nede ved fjorden. Ein seier Stranna utan palatalisering (tungeslag mot ganen). I 1623 hadde ein mennene Haldsten og Christoffer her. I 1657 er det 3 kyr, 6 geiter og 3 sauer på garden. Det låge dyretalet tyder på at dei dreiv med anna attåt.

Dei meiner at det eldste tunet låg eit stykke oppi lia. Der heiter det *Murlia*. Den lærde autodidakten Ludvik Stornes meinte at ein hadde plantenamnet mure i gardsnamnet. I gno. har ein ordet mura. Det har truleg samband med det tyske ordet Møhre for gulrot. Professor Knud Leem skreiv i si ordsamling frå 1740-åra at mure på Sunnmøre er «een liden smal enkelt Roed, som er guulagtig af Farve, og sødagtig af Smag næsten som een Nød-kierne, hvilken Roed voxer der i Agrene; men paa faa Stæder». I NG er dei inne på at ein kan ha ordet mur, og at det kan ha vore bygdeborg i nærleiken. Dette er lite truleg når ein ser på lendet. Ein kan òg ta med at har det vore busetnad her føre manndauden, kunne dei seinare ha sett murar, og at dette er bakgrunnen for namnet. I 1646 heiter brukaren Knud Murlia. Så går det ikkje så lenge før det blir folkelaust her. I 1723 blir det opplyst at det ikkje hadde vore folk i Murlia dei siste 40 åra. Når ein forstår at det berre har vore busetjing her ein del av 1600-talet, er det mykje truleg at det var gardsdrift her i mellomalderen.

Simon Olsen Stranda som i 1929 flytta til Moldelia og der dreiv opp bruket Kringsjø, skreiv i 1934 opp stadnamn frå garden Stranda. Han kartfesta dei delvis. Hadde ikkje dette vorte gjort, hadde mange av dei interessante namna no vore gløynde.

Ved sjølve garden har ein namn som *Saga*, *Storåkeren*, *Kåråkeren* (åkeren til kårfolket), *Nesåkeren*, *Brattåkeren*, *Brauthaugen*. Namnet

Hjellen fortel anten om at her har vore tjørhjell, eller at det er namn på ein avsats. Relasjonsnamnet er *Hjellbøen*. Dette var bøemark. Så har ein nedmed sjøen *Naustet* med *Støa* og *Vøren* /Vår'n/ på vestsida av *Støa*. Så har ein *Bukta* lenger vest. Ein har òg namn som *Kroken* /Krokjinj/, *Sommarfjøsén*, *Slåttamyra*, *Hestehagen* og *Løyprøra*. Det siste fortel at dei løypte ned ved eller tømmer her. *Inste Løvollen* fortel at her har vore ei løe. Etter *Bytgrova* går bytet.

Aust for Stranda har ein det sjeldsynte namnet *Dingeneset*. På Brokstad kjende dei ikkje til dette namnet. Truleg er det gammalt. Namn langs strendene kan ha høg alder. Same namnet finn ein vel allereie i norrøn tid. I den gamle litteraturen finn ein at grensa mellom Hordaland og Sogn gjekk ved Dinganes. Her har ein gardsnamnet *Dingja* med uvisst opphav. I Norrøn ordbok er det opplyst at Dinganes visstnok er eit nes i Breivatnet i Verdalen. Dingen er ein innsjø ved Lillehammer. Namna høyrer kanskje til ein ordstomn *ding-, som ein vil sjå i samband med gno. dengja 'slå, banke, hamre'. Kanskje det er meint at båra slår hardt mot land.

I Soga om Gunnlaug Ormstunge blir det fortalt om då Gunnlaug og Ravn slost på Dinganes. Det er uvisst kvar striden går føre seg. I prosateksten blir det fortalt at det er i Trøndelag, men i kvadet i teksten blir det sagt at dette går føre seg i «hordars bygder her på Dinganes».

Ei grov som renn gjennom tunet «på Stra'n» kallar dei *Majersgrova*. Ho renn forbi *Eldhuset*. Oddbjørg Stranda Gundersen og Sigrun Stranda opplyste at dei undrast mykje på dette merkelege namnet. Då forfattar og journalist Eirik Moen frå Måndalen høyrde namnet på grova, skreiv han til Oddbjørg Stranda Gundersen og fortalde dette: «I mi heimbygd snakkar dei gamle om majersvatn. Det var vatn som dei brukte i matlaginga. Ivar Aasen har ordet matgjerds mjøl i ordboka si. Det er mjøl som ein brukar til å gjere mat med, so som til å koke graut. Aasen skriv au om matgjærgryte, matgryte. Det var brukt på Sunnmøre. Matgjerdsvatn har so talemålet tolka om til majersvatn, og Majersgrova hadde slikt. Matgjerd er altso det same som å lage mat, helst kokamat ser det ut til.» Den normerte forma av namnet må bli *Matgjerdsgrova*.

Går ein til Murlia, er *Murlivollan* vollar ved den gamle garden. Med voll meiner ein her i området fast og jamn grasmark. *Murlirusta* /Murlirøsta/ er skogsmark nedanfor garden.

Almeskaret er også ein stad der det har vakse alm. På *Ytste Løvollen* stod ei høyløe ein gong. Dei slo i dette området. *Eilivlimyra* /Eillavlimyra/ har kanskje mannsnamnet Eiliv i seg. Ein sa Eillav før



Utsyn frå Skåla 2003. Solomdalen nærast t.v. og Tollåsen t.h.. (Foto Johnny Bratseth 0003915)

i tida. Det ser ut som ein har hatt namnet Eilivlia. *Branthaugen* må ha brunne ein gong i tida.

Det må ha vore ein stig i nærleiken av *Stegmyra*. Meininga med *Sjøvegendemyra* /*Sjøvægænnemyra*/ må vere at *Sjøvegen* enda her. *Liamyra* er grei å forstå.

I oppskrifta frå Simon Stranda finn ein Stortakkmyra, men det kan vere ei feilskriving for *Storstakkmyra*, og at det pla vere ein stor høystakk her.

Folket på garden sa *Bytgrova*. Andre seier *Strandsgrova*. Dette er byte mot Brokstad.

Talekbotnmyra er ei myr i *Nedre Talekbotnen*. *Øvre Talekbotnmyra* er ei myr i *Øvre Talekbotnen*. Botnen er samanlikna med ein *talek*. Talek er målføreordet for tallerk(en). Ein finn også talek som ledd i stadnamn på Tjelle i Nesset kommune.

Den kjende svenske namnegranskaren Bengt Pamp nemner i boka «Ortnamnen i Sverige» på s. 92 Tallriksmossen. Det er «en mosse» som er rund som «en tallrik». (Mosse er myr.) Ein ser elles at ein i svensk har ei ordform som er mykje lik målføreforma i Romsdalen.

Hundevåtå /*Honnevåtå*/ er ei våte. Truleg ligg det noko negativt i førsteleddet. Det er altså ikkje tale om nokon verkeleg hund.

Ei myr nord for *Langåsen* heiter *Langåsmyra*. Simon Stranda hadde fortalt ei segn frå den tid svenskane rådde over Romsdalen (1658-1660). Då kom det to svenske soldatar ridande ned frå Langåsen. Dei reid seg nedi Langåsmyra og bleiv der. Det er tverrbratt ned på denne myra med hengjedike.

Eit djup i fjorden kallar folk *Strandsdjupet*.



Tollåsen

Gnr. 1 *Tollåsen* må helst ha treslaget som i romsdalsmålet heiter *tållje*. Den første skriftforma finn ein truleg i eit jordebrev frå 1575 med forma Tiellos. Brevet er ei avskrift av eit eldre brev. Men frå 1610 har ein skriftformene Thelleraas og Thalleraas. Dette er nok genitivsforma som då seinare har falle ut. Talleras er gardsnamn i Orkdalen og på Dovre. Det blir hevda at toll eller tolle frå først vart brukt om ungtre. Meininga med namnet er då at det voks mykje ungtskog her den gongen garden fekk namn. P.C. Friis skriv kring 1600 at «Told-furre» er «fuld af Knuder oc Quiste, vorer kroget, bliffuer iche høj eller slet». Av dette kan det sjå ut som ein nemninga først vart brukt om det ein

no kallar klurtolle. Toll er då eit ord i gno. som vart brukt om knagg, jf. tollepinn for keip. Det kan sjå ut som ein i tidlegare tider brukte meir nemninga fure, med uttalen fåre her i området om det vaksne treet. Ein har namn som Fårnakkan og Fårhaugen. Det siste er bruksnamn under gnr. 82 Sollia. Men ein har også tolle i stadnamn i kommunen, m. a. Tollskogen i Øverbygda aust for Hjelset. Det er tale om material av fåre, ikkje tolle. Harpiks kallar ein *fårkove*. Tilsvarande ord som tilhøyrrer gran, har ein ikkje. Grana fanst ikkje i området frå gammalt. Ein kan slå fast at her var gard føre øydetida i seinmellomalderen. Namnet hadde nok ubunden form i mellomalderen. (Den bundne forma fekk ein helst etter manndauden.)

Garden er nemnd i 1596. I 1657 er det fire brukarar. Den eine er enkje. Dei har til saman 4 hestar, 24 kyr,



Tunet på Tollåsen i 1870-åra. (Romsdalsmuseets fotoarkiv 32060)

18 geiter og 19 sauer. Også føre manndauden hadde nok garden fleire bruk. Eit stykke søraust for bruka i dag har ein namnet *Øygarden*. Her må eit bruk som ikkje fekk busetjing att etter krisa ha lege.

To av bruka blir kalla *Der opp* og *Der ned* /ne/. Dette er ein seiemåte som ein i Molde kommune finn i den sørlege delen av kommunen. *Myra* er bnr. 3 og *Haugen* er bnr. 6.

Hagen og *Åkerledhaugen* er også bruk. Det siste var først husmannsplass som vart teken opp i siste halvta av 1850-åra av Guttorm Amundsen Bjølstad og kona. Han var fødd i Vågå i 1829. Kona var frå Kleive. Plassen vart sjølveigarbruk i 1929. I Bolsøyboka står Åkerlihaugen. Truleg er det eit led ved ein åker her som har vore kalla Åkerledet /Åkerle'e/. I dag er dette ein stad der eigaren lèt kristne menneske kome saman til meditasjon og bibellesing. På skiltet som viser vegen fram til garden, står *Åkerlehaugen*. Siste bokstaven i led (opning for grind) har falle vekk. I gno. hadde ein dette ordet som *hlið n*.

Bnr. 5 heiter *Nordly* på papiret. Bnr. 7 er *Torshaug* og bnr. 8 *Langgjerdet*.

Ein kan nemne namn som *Åsen*, *Geilen*, *Hagen*, *Nylendå*, *Teigen*, *Kariura* (med kvinnenamnet Kari), *Sommarfjøsbakken* og *Turtebakken* /Tortebakkjnj/. På den siste staden har det vakse turt. Her var c-vitamin for folk og fe.

Der det heiter *Brønnsbotnen* var det ein brunn for heile Tollåsgarden. Sør for husa i *Der opp* var *Storåkeren*. Lenger aust er *Dalsåkran*. Aust for husa er *Almebakken* som fortel om dette viktige treslaget. Her ved *Trongstigrova* er òg *Holmen*. Sør for grova er *Ausphaugen*. Ikkje langt unna har ein *Smiå*. Smiene låg noko unna andre hus pga eldsfaren.

Sør for *Der ned* er *Sjøvåtå*. Namnet er merkeleg. Kanskje det var så vått at det var som ein sjø.

Ein har namn som *Løkan* og *Skitnemyra* /*Sjetnemyra*/. Dette myrnamnet finn ein også andre stader i kommunen. Det er blautt på slike stader. Så

er det eit led som heiter *Fjell-ledet*. Kanskje somme gjekk her når dei skulle til fjells. Ein kunne òg tenkje seg at det stod på fjell (berg).

Bordhaugen /*Borhaun*/ var ein ruskehaug med tett skog og kratt. Her pla Tollåsmennene gøyme unna bord som dei hadde skore til seg sjølve. Det var lite leiglendingar kunne skjere til seg sjølve. Bord (gno. bord) var det vanlege ordet for det ein skar av ein stokk. Ordet er lånt frå norrønt til engelsk. Der heiter det board. I 1743 melder amtmannen til det danske kanselli: «Taalaas saug øde.»

Ved *Rotmyrhaugen* har det truleg vore ei myr dei kalla *Rotmyra*. Røter i myra var nok minne om fureskog i gammal tid.

Øvstedalen, *Midtdalen* og *Nedstedalen* er små dalar. Namnet *Nygjerdet* fortel at dette har vorte kultivert i seinare tid. Her har ein òg *Nygjersgrova*. Ein skulle tru *Stokkeskaret* fortel om tømmerstokkar. Minne om bjørnen er det i *Bjønnahaugen*. *Dumpa* /*Dompa*/ er eit lågare område i lendet.

Ein må ta med namn som *Gjerda*, *Langgjerda*, *Sommarfjøs* og *Innlegå*. Det siste er område lagt attåt, kultivert seinare.

Namnet *Kregrova* fortel at det var kre'e i grova. Det var vel det som blir kalla «bekkjakre'e» til skilnad frå «sjøkre'e». Den siste går opp i elvane frå sjøen. I ordbøkene står krede. D-en har falle ut i uttalen. I islandsk tyder *krede* kjælebarn, eigentleg noko som kryp. Men her i Romsdalen og på Nordmøre og Sunnmøre blir det altså brukt om ein liten aure. Det ser ut som denne nemninga har vore brukt vidare enn i vårt fylke og i Nordfjord. I boka «Norske innsjønamn IV» (2002) nemner Kjell Venås på s. 240 ein høl Kræhøl(en) i Vest-Telemark Trønderane bruker mykje *agnet* for det same. *Kregrovhjellen* var truleg tjørhjell. Ein foss i grova heiter *Kregrovfossen*.

Sagvegen var veg til *Saga*. Ein har namnet *Sagfossen*. Det er òg tale om *Tollåsfossen*. Her var det både sag og kvernhus i gammal tid. Det vart bygd sirkelsag, men ho forfall. *Kvennhusrøra* er ei rør (ein kant). *Sagmyra* er myra aust for *Saga*. *Kvennhusvadet* er eit vad lenger sør.

Lødalen og *Lødalsrøra* fortel at her har vore høyløe. Så har ein *Oksegrova*.

Orøyra er øyr vest for elva. Førsteleddet er treslaget ore. Sisteleddet er øyr (gno. øyrr f. 'grusbanke'. Ein uttalar vokalen som ein mellomting mellom e og æ. Nordmøringane seier ør, altså med rein monoftong.

Når ein har *Røsslimyra*, må det ha vore eit namn *Røsslia*. Nils Talset sa at Langåsen eller ein del av han kan ha hatt dette namnet. Han trudde førsteleddet var hross 'hest'. Kan hende dei batt for

augo på utlevde gampar og støyte dei utføre ein hammar her, nemnde Talset.

Ei myrhole på *Røsslimyra* heiter *Liljerosholå*. Ein kunne tenkje seg at dei har kalla vasslilje for liljeros. Men det vanlege på desse kantar var å bruke namnet gjæser /jeser/. Det er fleirtal av gås. Men kanskje ei ku som heitte Liljeros har gått seg ned i hola ein gong.

Stormyra eller *Tollåsstormyra* er ei retteleg stor myr. Namnet har vore feilskrive *Trollåsstormyra* på kartet i M 1: 50 000. No er det retta. Aust for myra har det vore tjørhjell.

Fårrabban er rabbar (høgdedrag). Førsteleddet er fåre (treslaget). Det blir fortalt om ein som hogde loftsbjelkane til stova si her. *Fårrabbteigen* er ein teig her. Her i området er òg *Handsagtomba*. Det var lettare å frakte dei skorne borda enn tømmerstokkane.

Svaberga /Svabærja/ har inkjekjønnsordet sva 'skrånande berg' i førsteleddet. Når det er retteleg storregn i fjellet, fossar det sju grøver utføre Svaberga, fortalde Iver Gjerdeplass. Dei sa slik frå gammalt.

Lægdin og *Slætta* er lægder og slætte. Det siste namnet er altså bunden fleirtal av inkjekjønnsordet slætte 'stad der dei slo.

Seilholå er eit stort søkk i fjellsida som er synleg langt unna. Noko av fjellsida må ein gong ha glidd ut. Ei seil er ein bøyg, boge innsøkk i ein kant eller rygg. Det kan sjå ut som ein her har lagt det attåt holå som forklarande tillegg. Andre liknande stader heiter berre Seila. Nedst i søkket *Seilmyra*. Nedover frå Seilholå renn *Seilgrova*. «Låg det sjnøvbre'e i Seilhål'n te santhans, vart det grønar på Solomdala, var eit gammalt ord,» sa Gunnar Solemdal (f. om lag 1910). (Sjå elles artikkel i RSÅ 2008 om orda dekt og seil.)

På *Tollåsetra* hadde dei tre brukarane kvar sine hus. Setra vart nedlagd føre 1850. Tollåsen hadde også tidlegare hatt ei seter. Segna fortel at Tollåsmannen var i veg og sa frå til huldra at setra skulle flyttast. Dette var dagen før flyttinga tok til. Etterpå kom han på at han hadde gjeve henne for kort tid. Han tok det så tungt at han gret, seier segna. Ei seterbu vart oppsett som stabbur på Talsetbøen. *Seterdalen* er ein liten dal, og *Seterhaugen* er ein liten haug ikkje så langt frå Tollåsetra.

Røa er den største elva i området. Namnet har einstavings tonelag. Røa er elvenamn fleire stader, særleg i Røros-traktene og sørover i Hedmark. Her i kommunen har truleg namnet samanheng med farga raud. Berget i elvebotnen kan ha noko raudbrun farge pga malm i berget. Elva har òg naturleg nok mykje vore kalla *Storelva*.

På sørsida av elva vest for *Skålholen* heiter det *Lauvplassen* /Lauplass'n/. Ved Lauvplassen var det ei tolle som ikkje står lenger. Dei meinte bjørnen målte seg på treet. Han klora eller beit i det. Trua var at merka viste kor mykje han voks frå år til år. (Opplysningar frå Ivar Tolaas, f. 1930.) Når merka vart lågare, trudde dei årsaka var at han vart gammal og krokut. At han målte seg, er nok ei sanning med modifikasjonar. Slike bit vart kalla «bjønnabet», og eit ikkje uvanleg stadnamn er Bjønnabetet. Ein finn segner om dette både i Sør-Noreg og Nord-Noreg. Historikaren og stadnamngranskaren Nils Hallan har granska dette. Han nemner mange «bjønn-førr og mål-førr kring Saltfjellet. Bjønnabetet er til og med gardsnamn, m. a. i Børsa. På austsida av Ranvikskaret litt aust for Molde kommune heiter det Bjønnabetet. Same namnet finn ein ovanfor Gamsgrøa, litt lenger aust i kommunen og på austenden av Grønfjellet i same kommunen. På Høgnøsa vest for Erstad i Isfjorden var det ei tjukk «føre» med store greiner som heitte Bjønnaførå. I 1991 fortalde den då 85 år gamle Nils Dahle at Bjønnaførå datt over ende for ein del år sia. Då han var ung, hadde ho striper i borken etter kjeften eller klørne til bjørnen. Peder Clausson Friis frå Sørlandet skreiv kring 1600 om bjørnen: «Och er hand saa vred naar hand schall legge sig ind i Hiit ad hand schraaler oc løber till det næste træ der hoes staa, oc bider stoere Støcher Barch der aff, oc det kalder mand Hiebid, oc bliffer hand offte der ued funden om Vinteren.» (Sjå elles artikkelen «Sette bjørnen merke etter seg i tre?» i RSÅ 1991.)

Brokstad

I våre dagar er *Brokstad* to gardsnummer. Det er gnr. 9 Øvre Brokstad, eller *Øver-Brokstad* som det blir sagt. Så har ein gnr. 10 *Brokstad*. Ein veit at på 1700-talet var *Brokstadgjerdet* namnet på ein bustad her.

Brokstad er ein av dei fire staðir-gardane i kommunen. Desse namna reknar ein med ikkje går så langt attom vikingtida. På Brokstad er det funne to steinøkser. Konservator Petersen meinte dei kunne vere frå bronsealderen. Det ser ut som det var folk på staden lenge før ein fekk staðir-namnet. Arkeologiske funn viser det same når det gjeld Kringstad, Vestad og Grebbestad. Kanskje det er slik når det gjeld mange staðir-gardar kringom i landet. Det kan sjå slik ut at det hadde budd folk her i uminnelege tider då desse gardane fekk namna ein kjenner i dag. Som frå andre gamle gardar her ved fjorden er det god utsikt uti *Gapet* (havgapet).



Brokstad sett mot nord frå området ved Seterhaugen. Brokstadflua litt ut frå land. (Foto KMH/Romsdalsmuseets fotoarkiv 2010)

I NG blir det rekna med at førsteleddet er manns-tilnamnet bróki. Det er slik at det går fram av Aslak Bolts jordebok at det på «Raudhamold» budde ein Øystein broke i første halvdel av 1400-talet. Dette er mykje seinare enn den tida ein fekk gardsnamnet. Enklast er det gjerne å tolke førsteleddet som kledplagget brok. Broka var ikkje uvanleg åkernamn i mykje nyare tid. Men det ordet har lang vokal. I artikkelen om stadir-namna i Romsdalen i RSÅ 2001 ser Ola Stemshaug det slik at det mest sannsynlege er at ein har hokjønnsordet *brugd* som Aasen definerer i ordboka si som «opadhøiet Kant, opadhøiet Karm eller List paa siden af en Ting», og i 1895 føyer Hans Ross til tydinga «Tværtræ, hvori de bagre Ender af «Rimarne» paa Slede er fastgjorte.» Det må då vere høgdedraget som den gamle garden låg på som har mint om brugd. Stemshaug rekonstruerer ei form *Brugð(ar)staðir. Han seier at forma helst har vore utan ar-genitiven. (Sjå elles den før nemnde artikkelen med den grundige drøftinga av stadir-namna.)

I NO finn ein ordet brok om jordskred, skredemark. Det er bratt sør for garden. Men ein finn òg at brok kan vere markahøy, eller tjukke stive strå i åker og eng. I islandsk er brok myrhøy. Mange granskarar har tenkt djupe tankar omkring kva som ligg i sisteleddet stad (gno. staðir). Den

svenske granskaren Jøran Sahlgren trudde det helst var slåtteplass eller mjølkeplass. Her kunne ein då tenkje at førsteleddet sikta til grasvokster. Det merkelege er at Olav Brokstad hadde bite seg merke i å ha høyrte at nokre myrvar på Ullaland vart kalla Brokstadmyran.

Ein må rekne med at garden fekk busetnad att etter øydetida i siste halvdel av 1500-talet. I skrift ser garden ut til å vere nemnd første gongen i 1603. Olluf Offuerbrogstad er nemnd i 1617. Dette viser at ein har fått Øver-Brokstad. Det ser ut som ein allereie har fått tre bruk. I 1657 er det fire brukarar. Til saman har dei 5 hestar, 22 kyr, 30 geiter, 14 sauer og 1 svin. Ein ser at grisen høyrde heime på Øver-Brokstad. Han gjekk nok sommars dag ute og rota i jorda.

Bukta var ein husmannsplass. Første folka her var Anders og Ingjebær. Stove og løe var under same tak, og krøtera var i kjellaren. Buskapen i 1865 var «1 stort kveg og 6 får». Dei sådde 1/8 tynne bygg og 1/2 tynne potet. Plassen gjekk attende til garden då dei døyde kring 1870.

Janplassen har fått namn etter mannen her som heitte Jan. Kona, Beret, var frå grannegarden i aust, Stranda. Kua var i kjellaren, og høyet var i ei sval på austsida av stova. Dei truska på stovegolvet. Dei hadde to søner, men plassen fall attende til garden i 1870-åra.

Namnet *Løypet* kjem nok av at her har vore tømmerløype. Men her har òg vore husmannsplass. For eit halvt hundreår sia kunne heller ingen hugse at det budde folk her. Siste mannen skulle heite Ola. No er det bustadhus her. Bakken ovanfor *Løypet* heiter *Løypabakken*.

Det er ikkje nemnt seter under *Ner-Brokstad* i 1723, men det blir fortalt at det var seter der det heiter *Setra*. Dette er i området som blir kalla *Midtlia*. Her går stigen (vegen) som heiter *Midtlivegen*. Det er mange stigar som går aust vest i området mellom *Grønneset* og *Talset*. Ein kan nemne at mellom *Grønnesreiten* og *Mørkedalen* går *Mørkedalsvegen*. Lettast var det sjølvstekt å ta seg fram i båt. Til fots var det best å fare oppi åsane. Langs stranda fanst det ingen veg. Der var det den gongen ulendt og lite farande. Det har vore hevda at setra vart nedlagd føre 1800, så det har kanskje berre vore setra i kort tid. Ein haug nedanfor heiter *Seterhaugen*. *Bjønnakleiva* er heller ikkje langt nedanfor *Setra*. Kanskje dei var mykje plaga av bjørnen på setra. Men ikkje så langt unna har ein *Fagerhjellan*. Dette er avsatsar. Eigenskapsordet fager finn ein i mange namn på trivelege stader. Den norsk-amerikanske professoren Einar Haugen sa i ei gjesteføreling ved Universitetet i Trondheim i slutten av 1970-åra at ordet fager hadde vore særst lite brukt i norske målføre. Han meinte dette var eit ord som nynorskdiktarar slo om seg med. Om han kjende til at ein treffer det rett ofte i stadnamn, som har grunnlaget sitt i norsk talemål, er uvisst.

I *Almedalen* må det ha vakse alm. *Hjellskarhaugen* kan vere minne om tjørebrenning.

Det er no uklårt kva som løyner seg attom namnet *Kvennatroskaret*. Kanskje dei her hogde tre som dei arbeidde kvennatro av, eller kanskje skaret likna ei kvennatro. *Skiljaren* /Sjøljar'n/ fortel helst om at gjetarane skilde kvar buskap frå krøterflokken når dei skulle heim om kveldane. Olav Brokstad (f. 1905) fortalde at dei pla leike seg her då han var gutunge. Det var så fint og flatt her.

Ein har også namna *Sandhaugen*, *Stornakken*, *Stornakk-knausen* og *Korsmyra* oppå lia her. Kanskje dei har meint at myra hadde form som ein kross. Ein har forma kross i talemålet med hankjønnsform. (Sjå elles artikkelen «Kors-namn i Romsdalen» i RSA 1993.)

Det er eit område på Røvikeigedomen søraust for *Korsmyra* som heiter *Standarhjellan*. I Røvika visste dei ikkje kva som låg i namnet. Olav Brokstad opplyste 16. mai 1991 at kyrne før i tida fór til desse hjellane. Der vart dei «standanj/stananj», altså ståande med eit meir moderne ord. Dei tok ikkje på heimveg når kvelden nærma seg. Ein har altså

med stande (stå) å gjere. Fram til våre dagar har ein her i kommunen også sagt stane om å stoppe. Aasen seier i ordboka si at dette tyder «standse, komme til hvile. Temmelig alm. I Formen stana (stane) G. N. staðna». Han viser til gno. staðna og svensk stadna, stanna. (Ein stane har også vore brukt som skjellsord.)

Brokstadskjæret er eit stort skjer nordvest for Brokstad. Det er lett å få augo på. Det er mest som ein holm, for floda går aldri over det. Dei fleste ved fjorden kjenner namnet. *Brokstadflua* med stake på ligg ikkje meir enn om lag 150 m frå land nord for garden. Aasen definerer flu (gno. flúð f.) slik: «Banke eller fladt Skær, som i Flotid overskylls af Søen.»

Ein har *Broktadbukta* og *Brokstadneset*. På *Neset*, som ein seier på garden, ligg *Gravrøysa*.

Ole Grønnes (Grønnesa) (1901- 1990) minstest at bestefar hans fortalde at ein mann på Mjelve på andre sida av fjorden kjøpte ei merr på Brokstad. Merra treivst ikkje på Mjelve. Ein dag la ho på symjet over fjorden for å kome seg heim. Ho kom i land i bukta som seinare vart heitande *Merrabukta* /Mærabokta/. Folk må ha sett at ho kom i land her. Hadde bukta eit namn frå før, må symjeferda til merra ha gjort eit så stort inntrykk at ein fekk namneskifte. Namnet må iallfall vere så gammalt som frå først på 1800-talet, og kanskje ein god del eldre. Det er jamt over slik at til eldre stadnamna er, til mindre av opplysningar om korleis dei har vorte til, er det. *Neset* vest for *Merrabukta* er *Merrabuktneset*.

Nausthaugen er ein markert haug ikkje så langt frå *Nausta*. *Stabbursåkeren* er åkeren ved *Stabburet*. Ved *Smiåkeren* har det stått smie. Olav Brokstad fann ein mynt frå 1700-talet i åkeren. Så har ein namn som *Myra* og *Myrholå*. Ein har òg *Dammen*. Dam har ein skriftfest som inkjekjønnsord damm frå gno. og som hankjønnsord dammr frå mellomnorsk (1350-1325). Innhaldet var då oppbygd stenge for vatn. Ordet har truleg kome frå lågtysk. I seinare tid har dam også vore brukt om stader der det utan innverknad frå folk samlar seg vatn.

Sommarfjøs er fjøs til *Ner-Brokstad*. *Sommarfjøsattlegå* er attlega nedanfor *Sommarfjøs*. *Fjøsammaren* er ein hammar ovanfor *Sommarfjøs*.

Eit område lenger oppe heiter *Auspin* /Auspinj/. Namnet er altså bunden form fleirtal av trenamnet. Eit anna namn på same staden er *Auspateigen*. Det siste namnet blir ikkje mykje brukt. *Auspagrova* renn gjennom området.

Så kjem ein oppover til *Ramnehammaren* og *Ramnehammarura*. Namna fortel at denne kloke fuglen som somme meiner kan leve i nesten hundre

år, hadde reir i hammaren. Få fuglar er så kjende som ramnen. På Nordmøre og i Gudbrandsdalen kallar dei han no mest for korp. Han har òg andre lydhermande namn kringom i landet. Frå gudelæra kjenner ein til dei to ramnane til Odin. Meir ukjent er det at danske, norske og svenske vikingar hadde ei raudt, trekanta flagg med bilete av ein ramn med spreidde venger. Ei engelsk skriftleg kjelde frå 800-talet nemner dette krigsflagget deira. Det vart kalla Ramnen. Knut den mektige hadde det først i hæren då han invaderte England i 1016. Det same hadde Harald Hardråde då han gjekk i dauden ved Stamford Bridge.

Littlelia, *Litleskaret* (lite markert skar), *Storskaret* og *Storskarsholå* er namn oppi her. I denne Storskarsholå var det visst Vågane turn- og idrettslag arrangerte første klubbrennet i 1922 med 15 deltakarar. (Bolsøyboka tredje delen b. II, s. 558.) Eit anna relasjonsnamn er *Storskarsmyra*. Vest for Storskaret er *Skjenhammaren*. Truleg skjena krøtera frampå hammaren når dei var plaga av insekt.

Plassen *Hjellan* vart bygsla under Øver-Brokstad i 1850-åra av Sivert Buvik som var handsagskjerar. Plassen fall attende til garden tett etter 1900. *Hjellbrautin* /*Jelljbrautinj*/ var tre brauter, bratte vegstykke opp til Hjellan. Ein tala om *Første*, *Andre* og *Tredje* /*Triel*/ *Hjellbrauta*.

Størkåvegen er ein gammal veg. Førsteleddet er mannsnamnet *Styrkår* som i målføret har uttalen *Størkå*.

Karenhaugen har ei kvinne som heitte Karen i førsteleddet.

Gjennom *Sjøskaret* fór dei kanskje når dei skulle ned til sjøen. Så har ein *Øver-Brokstadnaustet*.

Øver-Brokstadsaga er saga til garden. *Dalan* er elvadalar. Ivar Brokstad (1918-1994) sa at forma «i Dalå», altså dativforma var mest brukt. Den litle elva som kjem ned på Brokstad blir kalla *Elva*.

Rømyra må helst ha fått namn av fargen. Ein har visst nokså lenge sagt rø, og ikkje rau som lenger inne i Romsdalen og slik nordmøringane gjer. Men ein kan ikkje sjå heilt vekk frå at det litle vassdraget ein gong har heitt *Røa* eller *Røåna*. Myra ligg på sørsida av elva.

Heggåkeren fortel at det voks hegg ved åkeren den gongen han fekk namn. Ein finn ikkje hegg i så mange naturnamn i denne kommunen, sjølv om han blir sett pris på når han blømer med fin ange. Kringom i landet finn ein heggen i mange gamle gardsnamn som t. d. Heggem, Heggdal og Heggland. Først var det nok berre ein reit (åkerlapp) der ein seinare fekk *Reitåkeren*. *Storåkeren* er eit vanleg namn på den største åkeren på mang ein gard. Dette var òg ofte den beste åkeren.

Der det heiter *Nedsteåkerfallet* var det tidlegare åker, men no er det attlege, opplyste Ivar Brokstad. Området er noko på kvar side av bytet, for åkeren vart delt. Åkeren må ha heitt *Nedsteåkeren*. I Tingvoll kommune har ein gnr. 100 Åkerfallet. I NG s. 380 er namnet sett som ein parallell til namn som *Landfall*, *Leirfall*, *Jordfall* om åkerjord som har glide ut ein gong. I Knud Leem si ordsamling frå 1740-åra les ein på s. 10: «Eit Aaker-fald (Et Agerfald)): Efter Augvoldsnæs Præstegields Dialect een Jord, som tilforn haver været Ager, men nu er Eng.» Sjølv om professor Leem viser til målføret på Avaldsnes på Karmøya på 1700-talet, må det same ha vore innhaldet i ordet her i Romsdalen òg .

Plassen var husmannsplass som vart bygsla kring 1870 av Ola Rusten frå Gudbrandsdalen. Kona var frå *Bukta* på Ner-Brokstad. Plassen fall attende til garden kring 1920. Grova som lenger nede heiter *Bytgrova*, heiter *Plassagrova* forbi Plassen. Der det heiter *Kvennhuset* er det eit lite fossefall. Her har det vore kvernhus.

Myra er ei lita myr. *Auspin* /*Auspinj*/ er eit område. Det er bunden form fleirtal av trenamnet. Det veks framleis noko osp her. Ei lita grov som renn ned gjennom området, er *Auspagrova*.

Der det heiter *Geilen*, har det vore geile (inngjerding), men det er det ikkje lenger. Ein har òg *Geilhaugen*. Så har ein *Myrholå*. Der ein har *Kårhaugen* må det ha vore teig for kårfolket (føderådsfolket).

Oppover frå husa på Øver-Brokstad har ein vegane *Nedste Vegen*, *Midtvegen* og *Øvste Vegen*.

Der det heiter *Hjellen* har det vore tjørhjell. Gjennom *Hjellskaret* ikkje langt unna kjem *Hjellskargrova*.

Teppinga var tepping for å dirigere vatnet vestover. Vatnet vart brukt til drivkraft for saga.

Liagrova kjem ned *Liaskaret* frå *Liamyra*.

Sandhaugan /*Sannhauanj*/ er småhaugar. Her var berget forvitra slik at det hadde vorte skursand. Skursand trong ein både til å skure golv, bord og benker.

Der det heiter *Setra* har Øver-Brokstad hatt seter. Det er ikkje nemnt nokor seter i 1723. Det er seinare garden har hatt seter her. I tilknytning til setra har ein namna *Seterdalen*, *Seteråsen* og *Seteråsbrekkå*. Ei brekke er ein bakke, eit hall (gno. brekka f.). Lia sør for Setra er *Høgla*.

Slettbakken er slett. Lenger aust er *Høgghaugen*.

Slætta var sjølv sagt slåttamark tidlegare. *Slætta-brauta* er ein stad der stigen går i bratt lende. Nedanfor er *Slættabukta* og *Slætastøa*.

Nede ved sjøen er *Håhammaren* og *Håhammarsløypet*. No skjer fylkesvegen seg forbi hammaren.

Førsteleddet er nok ei eldre form for høg som har overlevd i stadnamn (gno. hár 'høg'). Gamle namn har overlevd godt langs strendene der mange fór sjøvegen.

Dei slo på *Øvste* og *Nedste Løvollen* ovanfor Håhammaren. Det er helst *Høyløå* /Heiløå/ som stod her, som har gjeve namna. Ho vart flytta og oppattsett som naust.

Bekkerhammaren lenger aust må ha bakgrunn i ei hending med ein bekre (gno. bekri m.). Kanskje han har kanta (dotte) utføre.

Haugen som heiter *Erikhaugen* /Erekhaun/ er minne om ein som heitte Erik og som hadde kårteig her. Myra aust for haugen er *Erikhaugmyra*.

Kroklen /Kroklinj/ er eit noko merkeleg namn. Ivar Brokstad sa at lendet her var «kroklåt». Dette er eit hankjønnsord i bunden form eintal. Ein finn i NO ordet kroklar om 'knoklar, rugler' frå Innherad. Det ser ut som ordboka har dette etter Ivar Aasen.

Blokkemyra /Blåkkemyra/ kan ikkje vere av dei våtaste, når det veks blokke der. Sjølv om bæra er blå, har ikkje namnet noko med leten å gjere. Namnet kjem av blekkje brukt om blad.

Breivegen er ei lægd, men namnet fortel at her har folk fare. *Øvre* og *Nedre Kleiva* er bratte stykke på stigen.

Grønneset

Gnr. 11 *Grønneset* /Grønnæse/ er ikkje så stor som grannegarden i aust, men ein må rekne med at det er lenge sia ein fekk første busetnaden. Garden ligg slik til at her er lite snø, og det er bra med sol. Det er vanskeleg å seie noko om alderen ut frå namnet. Både grøn og nes er utgamle ord. Ein må rekne med at namnet hadde ubunden form Grønnes føre manndauden. Seinare fekk namnet bunden form.

I skrift er garden nemnd i 1610. Som så mange andre gardar i kommunen fekk ein busetnad att på slutten av 1500-talet.

Ein har *Utigarden* og *Nordigarden* som bruk.

Grønnesfluin er fluer. Her vart bygd varde i 1896-97. *Grynnå* er det grunne fjordområdet mellom Grønnesfluin og Brokstadskjæret. *Skallen* /Skalljinj/ er grunt område «på Grynnen». Nordaust for Brokstadskjæret er *Skjærdjupet*. Her er djupt.

Grønneset fekk dampskipsstoppestad i 1915. Tett etter 2. verdskrigen kom ferjesambandet mellom Grønneset og Lønset i drift. Tidlegare tala ein om *Ferjekaia*. Ferjesambandet vart nedlagt i mai 1991.

Bømarka sør for Ferjekaia var husmannsplass på 1800-talet.

Ein har i våre dagar namnet *Neset*. Det er neset garden har fått namn etter. Namnet er òg brukt om området på innmarka her.

Grønnesingen /Grønæsinjinj/ er ein stor stein litt ut frå land. Han er synleg på fjøre sjø. Det har hendt at somme har rodd seg oppå han.

Nausthaugen er eit skogholt ved naustet. Før var det to naust.

Reinå er bratt lende nedanfor dyrkamark. Ein har namnet *Sundet*. Før var dette eit halvdyrka, smalt område ned mot sjøen. Sund på landjorda er som regel smalt engstykke mellom åkrar.

Skiftet /Sjefte/ er krysset mellom hovudvegen og gardsvegar.

Kårstykket var jord for kårfolket på garden. Inkjekjønnsordet kår har samanheng med gno. kjósa 'velje'. Gamlefolket tok unna (valde) det dei måtte ha å leve av. *Kårhagen* var frukt- og bærhage for kårfolket. *Myra* er dyrkamark.

Hjellen eller *Tjørhjellen* ligg i skogkanten. Her var før tydelege restar etter tjørebrenningsmile, skriv Leif Fylling.

Innlogå er eit område som ligg lågt i lendet. Det vanlege er at innlåge er jord som er lagt attåt, dyrka seinare. Fylling meinte nok at det her kom av at lendet var innkolve, som ein botn. Der det heiter *Demninga* demde dei opp Innlogå for å få vatn til å drive vasshulet og kvennakallen.

Pallen /Pål'n/ er ein liten rund bergpall framfor husa, ofte brukt som kvile- og leikeplass.

Leirdengå /Leirdennjål/ er ei stor steinhelle med krum form. Ho skal ha vore brukt når dei elta (dengde) leire til bruk i husmurar.

Rennå /Rennjål/ var ei trerenne. Vass-sig ut frå jordbakken ovanfor løa vart samla i ei trerenne for bruk i fjøsen.

Namnet *Hestevandringa* blir brukt om den staden som er synleg etter hestevandringa som var her. Dei kørde hesten i ring som drivkraft til trusking i løa. *Smikloppa* var steinklopp over bekk i nærleiken av *Smiå*. Høgdedraget der *Smiå* står heiter *Smihaugen*. *Eldhusbrynnet* /Elljhusbrynnje/ er brunn ved *Eldhuset*. Eldhuset står framleis.

Haugen er høglendt landskap som delvis er dyrka. *Oren* /Orinj/ er ein stor gammal ore som framleis står (1991).

Råket er krøtteråk med steingardar på sidene. Ledet i enden av Råket heiter *Råkledet* /Råkle'e/.

Plassledet /Plassle'e/ er eit led der namnet tyder på at det har vore ein husmannsplass i nærleiken.

Der det heiter *Kalvehagen* skal det ha vore ein husmannsplass. Ein veit ikkje akkurat kvar han låg. *Grønnesgeilen* har òg hatt husmannsplass som ein ikkje veit akkurat kvar låg.



Ringsettollå mellom Grønneset og Brokstad. (Foto KMH/Romsdalsmuseets fotoarkiv 24440)

Tomtin /Tomtinj/ er ein stad der det er synlege hustufter. Ein kan undrast på om det er tufter frå føre øydetida?

Nesabakken /Næsabakkjinj/ var ein bakke på den gamle bygdevegen. *Nesaledet /Næsale'e/* var eit led på Neset.

Grønnesdalen er heile dalen austover frå garden.

Namnet *Ormehaugen* fortel nok om mykje orm.

Gjetarhuset er der Leif Fylling fortalde at det i gammal tid var eit lite hus for gjetarane. Restar er synlege. *Trøa* var krøtertrø litt sørvest for Gjetarhuset. Ole Grønnes sa i 1978 at det hadde vore hus oppi her.

Ringsethaugen, Ringsetlia, Ringsetgrova, Ringsetledet og Ringsettollå er namn som ein finn mellom Grønneset og Brokstad. Førsteleddet *Ringset* kan sjå ut som eit gardsnamn. Det er mange set-namn i Møre og Romsdal. No reknar ein dei jamt over som noko yngre enn stadir-namna. Men frå vikingtid og deromkring er truleg mange av dei. Truleg var storleiken på desse gardane varierende. Det kan vere at somme av desse set-gardane aldri fekk busetjing att etter krisetida. Ringset kan ha vore ein slik gard oppi *Grønnesdalen*. Kanskje husa låg der det heiter *Gjetarhuset* og *Trøa*. (Her fann han som skriv dette hausten 2005 ein stein som såg ut til å vere tilhoggen på ein måte.) I Stranda kommune på Sunnmøre er det ein gard som heiter Ringset. Ring er elles eit ikkje uvanleg ledd i stadnamn.

I dag finst det ikkje nokon tradisjon om nokon gard her. Men namnet blir forklart på ein spesiell måte. Leif Fylling skriv om Ringset: « Dette namnet skal ha opphav i den tid då Bolsøya var kyrkjestaden for eit stort område. Folk rodde og segla dit frå dei indre bygder ved Fannefjorden. Når dei kom så langt vestover som til området mellom Brokstad og Grønnes, kunne dei høyre kyrkjeklokkene ringje på Bolsøya, derved namnet Ringset som er knytt til mange namn i dette området.» Slik har altså folk grunda på dette merkelege namnet. Forklaringa er interessant, men språkleg må det helst vere folkeetymologi.

Ringsettollå er ei stor tolle på fleire kubikk som står nedanfor vegen, nesten nedi fjøra. Ho er byttolle. Her startar grensa mellom Grønneset og Brokstad ved fjorden. Truleg har ho vore det frå noko føre 1600 då det atter kom folk på desse gardane etter øydetida. Omkrinsen er om lag 2,5 m vel ein meter frå jorda. Det er ikkje nokon synleg kors i leggen. Han har truleg skala av, for ho er tørrtolle i dag. Det er sett ned ein bytstein på sørsida av treet. Ole Grønnes (1901-1990) hugsar ho var heilt grøn. Han fortalde også at ei tid på 1900-talet voks det ei bjørk oppi ei kløft. Men ein tørkesommar tok knekken på bjørka.

Skaret er ein stad mellom berg der det går skogsveg. *Nørdste Løypet* er tømmerløype. Det er òg *Rødløypet /Røløypel/ og Plassløypet*.

Skråvegen er del av ein gammal skogsveg på skrå i bratt lende. *Grønnesbrauta* er ein gammal tømmerveg. Ordet braut fortel om bratt lende.

Ytste og Nørde Grønnesbukta er buktene vest og aust for garden. *Ytterneset* er neset vest for Ytste Grønnesbukta. *Handsagtomta* er òg her. Her var handsag. Då dei dyrka i området for om lag 80 år sia, kunne ein sjå sagma.

Røysa er ei stor steinrøys frå gammal tid.

Grønnesgrova blir berre kalla *Grova* i dagleg tale. Der det heiter *Kvennadalen*, stod *Kvennhuset*. Det står no på Romsdalsmuseet. *Øvste Brua* er ei lita bru over Grova på hovudvegen. *Nedste Brua* er ei lita bru over Grova mellom gardane.

Geilen er beitemark som har vore i bruk til våre dagar. *Hjørnet /Jørnel/* er eit hjørne av innmarka.

Ved *Hammaren* var *Hammarledet /Hammarle'e/*. Namnet *Myrholå* vart brukt om holer der dei tok myr for å blande atti møka for at det skulle bli meir gjødsel. Dei tala om *Ytste, Nørde og Øvste Myrholå*, skreiv Leif Fylling i notatet sitt om stadnamna på Grønneset. Det var eit svært nøyaktig og godt arbeid. Han tok med namn på dei minste detaljar kringom på garden.

Ein del av ein hammar som nyvegen går i skjering gjennom, heiter *Bjønnahiet*. Helst fortel namnet

at her ein gong var «bjønnahi». Sjølv om det var mykje bjørn, var det vel ikkje så mange stader folk og bamse levde den lange vinter så nære kvarandre. Lenger vest har ein namna *Myran* og *Sommarfjøschaugen*. *Dvergsnesvegen* er vegen til Dvergsneset.

Reiten var først åker. No er det bustadområde her.

Ljøsmyr dalen er ein liten dal. Det er relasjonsnamn til *Ljøsmyra* /*Jøsmyra*/. Det var ei myr som hadde ljøs farge. Namnet ser ikkje ut til å vere brukt i våre dagar.

Sør for Grønnes-garden er *Fagerlia* og *Fagerli-skaret*. *Liaenden* /*Liaënninj*/ er vestenden av lia. Så har ein *Liaskarsmyra*.

Førsteleddet i *Låkestien* er låk 'dårleg, vanskeleg, vond', gno. låkr. I dag er det berre hjorten som går denne stigen, sa Ole Grønnes i 1978.

Leif Fylling skriv om det noko uklære namnet *Demmelskaret* (første vokalen er mellom e og æ): «Namnet kjem truleg av at det ofte renn – i dagleg tale ofte sagt «demlar» mykje vatn ned gjennom skaret. Eg har også høyrte «Daumålsskaret»- dauing som skrik stygt. Hubroen skreik stygt der før, men den tydinga er vel mindre truleg.» I tillegg til desse forklaringane kan ein ta med at det kan vere ei forvansking av *Daurmålsskaret* /*Dugurdsmålsskaret*. Slike namn fortel at sola stod over skaret ved dugurdsleite.

Reitaknausen er ein knaus nord for *Reiten* i *Røvika*.

Marigardsmyra er ei myr. Ingen veit visst noko om kva som ligg i førsteleddet. Det kan sjå ut som eit bruk har heitt *Marigarden* med kvinnenamnet *Mari* som førsteledd.

Ikkje berre namnet *Ringset* er knytt til kyrkjeferd i gammal tid. Leif Fylling skriv 4. februar 1991 om namnet *Brurabenken* /*Bruabenkjinj*/ i notatet sitt: «Det er fortalt at sju brurepar med fylgje køyrde med hestar og sledar på sjøisen på *Fannefjorden*, dei var på kyrkjeveg. Dei køyrde så langt isen var trygg, eit stykke vest for Grønnes. Der gjekk heile fylgjet i land, og dei samlast der på eit langt berg ved sjøkanten før dei vart førde til *Bolsøya*. Dette berget har namnet *Brurabenken*. Det må vere full grunn til å tru at saga er heilt sann.» Det er ikkje vanskeleg å vere einig med Fylling. Det var ikkje heilt uvanleg at isen fraus så langt, men det kunne gå lenge mellom kvar gong. Det straumfulle *Bolsøysundet* fekk aldri sikker is. Talet på brurepar kan i folkeminnet ha vakse, men det kunne nok vere praktisk å gjennomføre denne kyrkjelege handlinga samla for fleire når kyrkjevegen var så lang som frå grensa mot Nordmøre.



Brurabenken sett frå vest. Grønneset i bakgrunnen. (Foto KMH/Romsdalsmuseets fotoarkiv 09069)

Dvergsneset

Gnr. 12 *Dvergsneset* ligg på neset ut mot *Bolsøysundet*. Sjølv om *dvergr* var mannstilnamn i norrøn tid, må ein rekne med at ein her har å gjere med vettet dverg. Ein høyrer om dvergene i den norrøne mytologien. Dei heldt til i berg, urer og i eller under store steinar. Dei var ofte svært stygge med kjeft som nådde heilt til øyro. Og nasen nådde heilt ned til kjeften. Å stele kvinnfolk og andre ting kunne dei vere låke til. Men dei var framifrå smedar. Dei kunne smi våpen med magisk evne.

Også i nyare tid har ein hatt munnleg tradisjon om dvergene. Denne tradisjonen har halde seg godt i vårt distrikt, særleg då på Nordmøre.

Det er ikkje så ofte ein finn overaurlege skapnader (vettenemningar) i gamle gardsnamn. Men dvergen finn ein som ledd i namnet på retteleg gamle gardar. Same namnet som her i kommunen, finn ein i *Oddernes* ved *Kristiansand*. Utanfor garden har ein der *Dvergøya*. Ein har *Dvergsdal* både i *Hafslo* og *Jølster*. I *Brandbu* er garden *Dvergstein*. Dette er gamle gardar. Når det gjeld *Dverberg* på *Andøya*, er det der kyrkjestad og prestegard. Dette tyder på høg alder. Ein kan rekne med at desse gardane går attende til den heidne tida.

Når det gjeld *Dvergsneset* /*Dværsnæse*/, var det nok aller først namn på sjølvne neset. Berget ytst på neset heiter *Dvergen* i våre dagar. Her var det nok dei meinte dvergen heldt til. I ei segn blir det fortalt



Dvergsnesgarden sett frå aust. (Foto KMH/Romsdalsmuseets fotoarkiv 09063)

om den gongen dvergen stal eple frå trollkjerringa Lange-Maren i Skåla. Ho hadde ein fin eplehage i Breiskaret. Men den ovstore oxen til trollkjerringa jaga dvergen med eplesekken heim att. Då han nesten var heimkomen, snåva han i ei rot og datt. Horna til oxen reiv med seg noko av skjorta til dvergen. Det vart fortalt at skjorteraven fauk uti fjorden og vart til øya Taurå. Somme granskarar trur at ein i dette utgamle øynamnet har ordet *tøttur* 'fille'. Ein kan undrast på om segna er så gammal at ho er frå ei tid då dei visste tydinga av øynamnet.

Vest for garden på nordsida av *Dvergsnesbukta* er det mange gravrøyser. Dei blir vel nemnde som *Gravrøysin*. Dette fortel om viktige personar her i heidensk tid.

Garden er første gong nemnd i skrift i 1597. Som alle andre gardar innover på sørsida av fjorden, hadde han hatt ein øydebolk. I 1657 er det 1 hest, 14 kyr, 10 geiter og 8 sauer. I 1661 hadde det vorte to brukarar.

Dei to bruka heiter *Nerigarden* (bnr. 1) og *Oppigarden* (bnr. 2). Der det heiter *Tomtin* eller eldre *Tuftin* /*Tøftinj*/ stod husa på bruka i gamle dagar. I 1904 vart det storbrann. Husa brann ned. Berre eit arbeidshus stod visst att. Det blir fortalt at dei fann ei kanonkule i ruinane. Soldatar skal ha hatt ho med seg heim frå krigen.

Dvergsneset hadde skysstasjon.

Dvergsnesreiten og *Dvergsnesdalen* var to husmannsplassar.

Geilen er eit område på innmarka. I nærleiken av *Transformatorattlegå* stod ein transformator. Mange stader i kommunen har uttalen vore transmator av dette lånordet frå latin. Ein forstår at attlegnamnet ikkje er eldre enn den elektriske krafta. Leif Fylling kalla same området for *Kattarompå*. Dette er truleg eit eldre namn. Åkeren eller attlega var lang og smal som rumpa på ein katt. (Same namnet finn ein på garden Solomdalsgjerdet.) *Gammel-Ola-stykket* var kårstykke til kårmannen i Nerigarden. *Haugen* er haugen nord for Oppigarden.

Dalen er dalen søraust for tuna. Her er stigen *Dalvegen*. *Troskotet* /*Troskåte*/ er eit hus der dei lagra troer til hesjer om vinteren. Det står framleis og er no sett i stand til lagerhus for andre ting. Grunnmuren er om lag 5 m lang. Troene var vel om lag så lange. Dei brukte troer (lange tynne staurar) i hesjene før strengen kom i bruk. Eit *trosskot* var altså eit hus til å lagre hesjetroer og staurane til hesjene i. *Troskothaugen* er ein liten haug vest for Troskotet.

Fjøshaugen er ein haug. *Råkhaugen* lenger aust fortel om krøtterråket.

Sjøbakken er sjøvegen (vegen ned til sjøen). Her er *Nausta* med *Naustberga*. *Storsteinen* er ein stor stein i fjøra. Der det heiter *Nothusvollen* har det

vore nothus og notvoll. Notvoll var der dei volla nota. Der notlaga hadde nøter og båtar kallar ein nothus her i kommunen. (Somme stader seier dei visst notnaust.)

Vest for garden er det ei tolle som heiter *Trontollå*. Førsteleddet må vere mannsnamnet. Ein brukar på garden kring 1800 var iallfall Tron Jonsøn.

Frå *Oterholet /Åtterhåle/* er det *oterdrøge* ned til sjøen. Her har dyret halde til i uminnelege tider.


Ved *Juvika* er *Juvikberget* der det no står ei drusteleg hytte. Den gamle uttaleforma viser at namnet er gammalt. Hadde det vore eit nyvore namn, hadde ein sagt Djupvika. Ein kan nemne at det er same namnet som t. d. bynamnet Gjøvik. Ved *Juvikberget* er òg *Knubben*. Ein knubb er ein liten framstikkande bergskolt. Dette er ei nokså vanleg nemning for ein slik terrengformasjon i fjøra her i kommunen. *Juvikstien* er stigen til Juvika. No er det køyreveg.

Namnet *Smoltneset /Småljt næse/* er ikkje lett å forstå. Ein har òg *Smoltnesgrynnå*. Folk veit ikkje i dag tydinga av smolt. Ein kunne tenkje på smolt i tydinga smurning, og at dei har smurt båtar her. I gno. hadde ein lånt ordet smelt om emalje frå tysk. Kanskje namnet fortel om leten (farga) på berget. Ordet smelt var visst opphavleg namnet på ein fisk som var ljøs på let. H. P. Schnitler nemner fiskeslaget i si romsdalsskildring. P. C. Friis nemner kring 1600 at det blir fanga mykje av den litle fisken smelt på Vågen i Bergen. Men namnet på neset kan òg vere så gammalt at det er vanskeleg å forstå.

Svarthammaren er ein tverrbratt hammar ned i sjøen vest for *Båtbukta*. Det er sildegarnsett utføre her.

Oterura /Åtterura/ fortel at oteren heldt til her. Her har ein den gamle uttalen av namnet på denne storfiskaren. Sunnmøringane kan òg kalle dyret slenter. Ein veit at dei også i Sandøy kommune kan bruke dette namnet. Der har ein namn som Slentreskjæret. Ordet kjem av den slentrande gonga. Det er praktisk for denne karen å halde til på eit nes, for han kan fare fram og attende over neset og livnære seg på kvar side. Her gjekk det ein kallar oterdrøge over. Dei kallar det visst *Oterura* på begge sider av *Smoltneset*.

Ved *Brattstøa* er det ikkje stort att av vøren som var ved denne støa. Stormane har nok greidd å øydeleggje støa. Det er verhardt her. Vegen mellom *Brattstøa* og *Sølsnes* ser ut til å vere bygd kring 1820. Det ser ut som postruta *Molde-Strande-Dvergsneset-Sølsnes-Veblungsnes* kom i gang i 1822. Posten vart rodd over fjorden mellom *Lønset* og *Brattstøa*. I *Brattstøa* vart det bygd vør i 1827. I 1854 vart det fastslege at det skulle byggjast ny vør på same staden. Han skulle vere 24 alner lang, 1,5



Postvegen frå 1822 sør for *Dvergsneset* sett mot nord.
(Foto KMH/Romsdalsmuseets fotoarkiv 31885)

alen høg og 3 alner brei. Det skulle vere eit solid byggverk med tømmervegger og tverrbjelkar med stein imellom. Golvet skulle vere av særns solide plankar. Noko føre 1900 tok dei til å føre posten med dampbåt mellom *Molde* og *Åndalsnes*. Det er ikkje berre støa som er bratt. Vegen opp frå støa er særns bratt. *Brattstøreinå* er reina ned mot *Brattstøa*. Men det var ikkje berre her den gamle postvegen mellom *Brattstøa* og *Sølsnes* hadde bratte vegstykke. Den allsidige geologen *Amund Helland* som skildra landet i bokverket «*Norges Land og Folk*», skriv i 1910 at denne vegen hadde så mange harde bakkar at han høvde dårleg som køyreveg, sjølv om han var nokså brei og i bra stand. Ein kan framleis vandre det trivelege vegstykket mellom *Dvergsneset* og fram til der vegen er avskoren av nyvegen mot *Bolsøybrua*. *Leif Fylling* opplyste om ein stad på denne vegen der ungdom møttest til dans i tidlegare tider.

Brattstøoppkommå er ei oppkomme. Her må ein tru at også dei vegfarande drakk. Ein tok tidleg i bruk pumpe for å få vatnet heim til garden. Det var *Johannes Dvergsnes* som laga den første på 1800-talet. Seinare fekk ein sjølvverkande pumpe som vart kalla *Røyskattpumpå /Reiskattpompå/*. Ho stod nedom oppkomma. Ein fekk då mottrykk. Ho var lenge i bruk.

Teinskaget er ytste skaget vestover sør for *Juvika*. Skag er inkjekjønnsord. Det er lite truleg at ein har fiskereiskapen teine i førsteleddet. Før i tida var det helst i elvar dei fiska med teine. Kanskje ytste spissen av skaget er som ein tein 'spiss stong' (gno. teinn). Han er ikkje mykje brei. *Teinskaggrynnå* er grunt farvatn vestover frå neset. Her går i våre dagar *Bolsøybrua*. *Teinskagbukta* er på sørsida av skaget. Merkeleg er det at det på land aust for denne bukta heiter *Langbukta*. Namnet kan vere så gammalt at sjøen stod høgare. I mellomalderen kan det ha vore

bukt her. På sørsida her er *Oterhammaren*. Det er hol i hammaren der oteren held til.

Keilå er eit område på land, sjølv om keile mest er brukt om stad i vatn, om ei trong, lita vik (gno. keila f.). Her er òg *Keilberga* og *Keilbukta*.

Gråberget er eit berg i fjøra. *Gråberggrynnå* er forlenginga av berget vestover.

Skeia er ei flu som står utor når det er fjøre. Ho har nok vorte samanlikna med reiskapen til å ete med. (Sjå elles omtalen av gardsnamnet Skjevika.) Det er 6-700 m austover til Skjevika.

Grevhaugen er eit namn som ein ikkje forstår. Ein har gardsnamn som Greve (Osterøy), Grevrusten (Vågå) og Grevskott (Levanger). Somme har meint at grev i desse namna kan vere eit ord for utgraven grop. Så er det slik at Aasen i ordboka skriv at grev kan vere «en ringe, skrøbelig Ting (= Brot, Skrap)».

Flatberget er flatvore. *Skralderberget* er eit mykje forvitra berg. Det er mykje bitar. Kanskje dei har meint at det har skraldra sundt, undrast Kristian Skjevik som opplyste om namna heromkring.

Ørnehaugen har gjerne fått namn etter havørnen. Ørne er hankjønn i talemålet.

Namnet *Bjønnaleggå* må fortelje at her låg bjørnen. *Ei lege* er merke etter der eit dyr har lege. Frå denne staden hadde bjørnen godt utsyn.

Teppinga er ei tepping (demning) ved denne myra. På Dvergsneset brukte dei vatnet på den oppdemde myra til drivkraft. Dette vart gjort med ei snoroverføring frå kvennakallen heim til garden.

Solomdalen

Gnr. 2 *Solomdalen* har i dag mange bruk. Namnet fungerer òg som bygdenamn. Garden ser ut til å vere nemnd første gongen i Aslak Bolts jordebok kring 1430. Her står: « Af Soleimom ½ øres bol aut.» Erkebispestolen eig altså ½ øresbol i garden som på denne tida er folkelaus. Det ser ut som dette er ein gard Solem. Gnr. 5 i Aukra kommune er Solem, men han blir kalla Øygarden pga øydebolken i seinmellomalderen. På Nordmøre er det tre gardar som heiter Solem. Uttalen har i desse tre gardane ø-lyd i førsteleddet. Uttalen av førsteleddet i Solomdalen hadde òg ø-lyd den gongen på slutten av 1800-talet då uttaleopplysningane til NG. vart samla. Han som skriv dette har berre høyrte ein person som hadde uttale med ø-lyd i førsteleddet. Han var fødd i 1902. No høyrer ein berre o-lyd i namnet. Ola Stemshaug har vore inne på at førsteleddet kan vere ordet sol n. om blautlende. Innover dalen sør

for busetnaden er det store myrar langs elva. Men det er òg bra med sol. Ho skin heile året gjennom Breiskaret. Dette er ein stor kontrast til grannegarden Talset og dei andre gardane på sørsida av fjorden der li og fjell skygger for sola.

Ein finn også gardar med sisteleddet heim i Sverige, Danmark, Tyskland, på Island, Færøyane og Shetland. I England har ein tilsvarande samansetningar med angelsaksisk ham.

Det har vore sett fram teoriar om at somme av heim-namna som Solheim, Sæheim o. fl. kan vere frå seinare tid enn dei første hundreåra etter Kristus, så seint som ut i vikingtida. (Per Hovda i KLNIV, s. 295.) Ein skulle tru at gnr. 2 er frå føre vikingtida. I 1929 fann Konrad Solemdal eit einegga sverd nedst på innmarka på bruket *Der ned* då han pløgde. Truleg er det frå litt føre vikingtida.

Lia ovanfor busetnaden i dag heiter *Tuftelia* /*Tøftelia*. Namnet fortel om tufter etter hus. Det kan vere her det gamle tunet låg føre manndauden. Ein har òg *Tuftelibotnen*. Til høgare opp ein kom, til meir sol nådde ein borti. Ein må rekne med at det også føre manndauden var fleire bruk.

Det har kome folk på garden att i siste halvdel av 1500-talet. Det ser ut som det er på denne tida ein får tillagt –dalen til namnet. I 1610 har ein både skriftforma Sollum og Sollumdall. Kanskje ein fekk endinga –dalen i øydetida for å seie at det var dalen der Solem låg. Preposisjonen *på* kan ha overlevd. I stadnamn med sisteleddet –dalen skulle ein vente preposisjonen i. I NG s. 276 står det: «Et sms. Navn som vel opr. har betegnet en udskilt Part af Gaarden, har her fortrenget Hovednavnet.» Men dette er lite truleg, for heile busetnaden ligg i eitt storvore dalføre.

I 1657 er det tre brukarar med kvar sin hest, og til saman 28 kyr, 10 geiter og 9 sauer.

Anders Olufson Solumbdhal var ein av dei som vart utskrivne som svensk soldat frå «Fanne otting» i 1658. Han såg aldri heimstaden att. I «rullorna» over dei trondhjemske regimenta står det attom namnet «Død».

Mange vil i dag meine at Solemdalen er den rette normerte forma av grendenamnet, og mange vil nok uttale det slik. Som ættenamn bruker somme Solemdal. Andre bruker Solheimdal. Begge formene er like korrekte. Ættenamn er ei privatsak.

Solomdalssetra aust for *Breiskarmyran* vart nedlagd føre 1800. Kanskje det er mykje lenger sia. Bruka hadde setra saman. Dei såg setra og dyra frå garden.

I NG s. 276 står det om bnr. 2 *Bøen*: «Paastodes kaldet nørø'n.» Årsaka er at bruket ligg langt mot aust. Ein bruker nord om aust. Bnr. 4 og 5



Solomdalen sett mot vest. (Foto RB/Romsdalsmuseets fotoarkiv 32059)

er *Midtgjerdet* /Mettjere/. Ein har i daglegtale bruksnamna *Der opp*, *Der ned* og *Der bort*. Slike nemningar er oftast frå tida med klyngjetun. Det er ikkje berre på desse kantar ein har slike nemningar. På Færøyane er det likeins.

Lenger nede har ein namna *Berga* /Bærja/, *Trongvegen* og «*Neri Stykkja*». *Halsåkeren* var ein åker. Ein har namnet *Storåkerreinå*. Dette var reina nedst på den åkeren som må ha heitt *Storåkeren*. *Staurløå* var ei løe dei hadde kornstaur i, sa Iver Gjerdeplass. Men det hende dei låg og skaut bjørn her. Bjørnen kom oppi havreåkeren. Det vart fortalt at han hadde med seg ungane. Han sat «på rau'n» og raspa i hop korn. Då atterljomen av skotet var stilna, kunne dei ofte høyre korleis blodet susla og rann nedi halmen.

Ei li heiter *Kvennhuslia*. Myra på vestsida heiter *Kvennhuslimyra*. Så har ein fått bruksnamnet *Kvennhuslia*. *Kvennhusligjerdet* var husmannsplass under bnr. 1 frå kring 1820. Det vart sjølv eigande bruk i 1903. Bakgrunnen for namna er at det i elva var to kvernhus. Her er *Kvennhusfossen*. Der Bort hadde si eiga kvern. Der opp og Der ned hadde ei i hop. Her kunne dei male lenge haust og vår, men ho var ikkje årgangande. Om somrane var elva nesten tørr, og om vintrane isa det ofte ned. Kvernhusa vart rivne i 1920-åra. Her var òg oppgangssag frå siste halvdel av 1500-talet og framover til 1850-60-åra.

Ho var då i forfall. Sia har det ikkje vore sag her. Dei la tømmeret ved saga der det heiter *Sagveltå*.

Ei bratte her heiter *Klevet*. Litt lenger oppe i elva er *Talsetvadet*. På nordsida av elva har det vore tjørhjell. Sør for elva er *Mikkelmyra* /Mekkelmyra/. Mekkel Solomdala slo her. Mikkel er ei norsk form av det hebraiske Mikael. Det har vore kjent her til lands sia midt på 1300-talet. Lenger vest på sørsida av elva er *Monsmyra*. Her slo Mons Solomdala. Mannsnamnet Mons er ei norsk form for Magnus. Det har vore kjent her til lands sia midt på 1400-talet. Det har i seinare tid vore lite brukt her i distriktet. Namnet vart skrive Mogens i gamle dagar. Vestafor er *Pe-Plassa-myra*. Her var òg slætte. Pe Plassa, som var han som byrja på Gjerdplassen, slo her.

Ein stad heiter det *Remså*. Ei remse er om lag det same som strimle. Ordet remse har samanheng med reim.

Eit nyjordsbruk frå siste halvdel av 1900-talet heiter på papiret *Skåla Gård*.

Rusta /Røsta/ er eit område. Ordet rust er brukt om tre som veks noko spreidd, gjerne lauvskog der det veks opp fleire tre av same rot. *Rustmyra* er nordaust for Rusta.

Eit breitt nes på sørsida av elva heiter *Hjellneset*. Førsteleddet fortel kanskje om at her har vore tjørhjell. Her slo dei på bruket *Der ned småhøy* før i tida. På sørsida ved elva er òg *Melen*. Ein

mel (gno. melr) er ein bratt sand- eller leirbakke.

Der *Grova* renn ut i Storelva (Røa), gjer ho ein krok. Grovadalén heiter *Krokalden*. Lenger oppe ved Grova kallar dei det «*Neri Stykkja*» med dativform. Der Grova kryssar hovudvegen er det ein bakke på veggen som heiter *Grovabakken* /Grovabakkjinj/. Ein teig heiter *Våteteigen*.

Myra som heiter *Fåkjelmyra* har eit merkeleg namn. Det kan vere ei forvansking for Fåtjønmyra. Det har då vore ei tjønn her der dei fådde lin. Sjølv om andreleddet er kjel, kan det vere ein slik stad.

Dei store myrane sør for elva blir samla kalla *Solomdalsmyran*.

Bruket *Solstad* har fått namn i nyare tid etter gammalt mønster. Oppi liene har ein namn som *Blåbærhaugen*, *Grønhaugen* og *Midthaugen*.

Solemdal skule vart bygd i 1896. Han vart nedlagd for fleire tiår sia. I bygda vart det sjølv sagt *Skulen* /Skulinj/. *Bedehuset* er i god stand og i bruk.

Nørdbøledet /Nørbøle'e/ var eit led ikkje langt frå *Nørdbøen*. Om vintrane stod det ved skuleveggen. *Hagabøen* er bruk. Området forbi Hagabøen vart kalla «*Millå Leå*», altså Mellom Leda. Hansstykket var ein plass. *Geilen* er eit bruk. *Geilbrauta* var ein bratt og vanskeleg veg. Iver Gjerdeplass fortalde at her rausa ein hest med lass i veg. Han vart så skadd at han måtte avlivast. *Lunden* er eit lite område der det voks skog. Der det heiter *Hestebeitet* gjekk hestane. *Hagen* var òg beite. *Midtgjerdet* er bruk. Ovanfor er *Midtgjerdura*.

Ned til *Solomdalsøyan* går *Øyalivegen*. *Høyløen* /Heilø'n/ var tre store høyløer. I elva her heiter det *Øystillå*. Ei stille er ein stad vatnet renn så sakte at ein nesten ikkje ser det renn. I det heile kan ein seie at Røa (Storelva) renn stille sør for Solomdalen.

Hongjerdet er eit område. Det blir fortalt at den tida ein hadde Osen jarnverk og dei måtte levere mykje trekol, fekk dei ikkje lov å skjere mange bord. Men dei skar noko uløyves. Honane gøymde dei borti ein haug til så lenge. Så hende det at elva gjorde isfør og grov ned honane borti ein mel. Ein har sett endane på honane stikke ut or melen. Ein hone er det første ein skjer av ein tømmerstokk (gno. húnn m.). Ein hone er runda på eine sida. Ein høl heiter *Hongjerdhølen*.

Jordfallen er ein bradd. Her må jord ha glidd ut i elva.

Sørover mot Breiskaret

Sør for elva er *Langåsen*, *Langåsmyra* og *Langmyra*. Der *Tverelva* /Tværælva/ renn ut i Storelva, er *Tverelhølen*. På austsida er *Tverelvgjerdet*. *Tverelvsvingen* /Tværælvsvenninj/ er ein sving på elva.

Tverelva kjem frå *Breiskaret*. Solomdalingane kallar ein foss i elva for *Tverelvfossen*. Det har visst òg vore sagt *Breiskarfossen* der i bygda. Folk på sørsida av Breiskaret kallar han for *Sagfossen*. Det var oppgangssag nedanfor fossen. Ho er nemnd for siste gong i 1633. Eigar då var Jon Berg som åtte Nörd-Berg. Saga vart flytta til nedst i Vikelva. Borda dei skar frampå Breiskaret vart flota etter Tverelva og Røa (Geitneselva) og ned til *Osen*. Hans K. Berg mintest at han såg damstokken der saga hadde vore i sine gjetardagar i 1890-åra.

O. Olafsen (1842-1933) nemner i «*Veøyboka*» namnet '*Skytterfossen*'. Truleg er dette same fossen. Arnfred Slyngstad (1897-1967) skriv: «*Skyttarhylen* (hyl i Tennfjordelva av å stikka laks?)» (Årsskrift for Vatne historielag 1995, s. 68.) Namnet skulle då fortelje om fiskemåten ljostring /jæstring/. Dei stakk, *jæstra* som dei sa, fisken med ein gaffel med jarntindar med mothakar og treskaft. Denne reiskapen heitte i gno. *ljóstr*. Ordet for å stikke, slå var i gno. *ljósta*. Om haustane hadde dei med seg eld når dei fiska på denne måten. Fisken søker elden.

Det breie skaret mellom *Horga* i vest og *Litleskåla/Slettjelle* heiter rett og slett *Breiskaret*. I ei opphavssegn heiter det: «I gamle dage gjekk Slettjelle og Horja i eitt, og då va sola vekk mett på ventra både på Solomdala og Tollåsa. Tollås-mannen va god busse med ein jutul so budde borti Storskål'n, og han lovt 'nå ei tynne brennvinn so framt han velde grave eit skar so sola skein på Tollåsa heile året. Og jutulen bynte å grave. Jord og stein slengte 'n opp på vests'i'n og soleisen vart Horja laga. Då 'n dro opp att føt'n, seig fara full tå vatn og står slek den dag i dag. De e *Skålvatna*.» (Segna er attgjeven i 1. bandet av *Bolsøyboka*, s. 577 f.)

Bjønnaekvlægda er ei lægd, truleg med ei kløve i seg. Namnet skal vere frå siste halvdel av 1800-talet. Iver Gjerdeplass opplyste at då ho som seinare vart gift med Matteus Solheimdal og var frå *Solomdalsgjerdet*, gjette borti her, kom det ein bjørn og gjekk til åtak på ein unghest her. Bjørnen braut nedåt hesten, og dei rapa nedover berget. Hesten vart så skamfaren at han måtte avlivast. Marie Solheimdal hadde fortalt dette til Gjerdeplass.

Namnet *Skållølægda* fortel at det har vore høyløer på denne lægda. Tidlegare kunne gamle folk minnast tufter her. Truleg slutta dei å slå her kring 1820-30. Ein veit at Gammel-Mekkel Solomdal (f. 1775) slo her.

Ein har namna *Bjerkalia*, *Slettbakken* og *Stavtufta*. Kva som er bakgrunnen for det siste er noko uklårt. *Stakkslætta* var mange slætte der dei slo og sette høyet i stakk. Det heiter *Stakkslætta* sørover her heilt til *Rislia*. På kartet frå 1870-åra

står Stagsletten. Kartfolka den gongen forstod nok ikkje kva namnet fortalde om. Fram til våre dagar har den mistydde forma Stagsletta vore på kartet i M 1 : 50 000.

Namnet *Oppkomlægda* fortel at det må ha vore ei oppkomme her. *Bjerkaholåsen* er ein ås. Truleg har ein hatt namnet Bjerkaholen. Ein har òg det lite merkelege namnet *Langmyra*.

Ettertida kan vere mykje takksam for det Hans Knutson Berg (1884-1969) frå Nørd-Berg skreiv ned av minne og opplysningar om dagleglivet. Han skriv om seg sjølv: «Våren 1893, 8 ½ år gamal, måtte eg begynne som gjætargut. Det var ikkje so greitt for ein bansunge å gjæte for bjørnen, men det gjekk det og.»

Hans K. Berg skriv om Lomtjønna i artikkelen «Gjetarliv» i RSÅ 1967: «Fram på *Lomtjønna* var det eit par lommar som ha slege seg til. Då det er lomen som hev gjeve tjønna namn, må ein gå ut i frå at her hev vore tilhald for lom i lange tider. Reiret var burt på ei stor grastorve som låg og flaut på vatnet. Lomane flaug over bygda nokre gonger om sommaren og varsla veret som skulle bli. Skreik dei: 'Vått, vått, vått,' vart det regn og stygt ver, men skreik dei: 'Tørkerav, tørkerav,' vart det ei tid framover fint og godt ver.» Vest for Lomtjønna er *Lomtjønndalen* og *Lomtjønnaåsen*. I ein grensegang mellom Vågsetra og Hovdenakken frå året 1800 står det at bytet går «like paa en dal kaldet Lomkjøndalen og der igjennem paa midten av et lidet vand kaldet Lomkiønden hvor dette merkeskiel og skogbytte gaar ud». Av Økonomisk kartverk ser ein i dag at bytet endar kring 100 m aust for tjørna. Grensepunktet er gjerne den storvorne steinen som ligg her. Det er interessant å sjå at namnet Lomtjønna er frå ei tid føre 1800.

Berg nemner også *Paulmyra* i same årsskriftet. Han skriv: «Namnet kjem av å paule. Ein liten bekk renner i ein løk under jorda, og vatnet kjem paulande opp lenger nede på myra. Der hev me *Paulørin* og *Paulhallen* nedover frå myra og ned til Breiskaret.» Hovudnamnet er *Paulen*. Ein ser at substantivet hall her er hankjønn. I våre dagar har målføret i dette distriktet inkjekjønn ved dette ordet som tyder hallande lende. Ein av fjellgardane inn mot Grøvudalen i Sunndal kommune er gnr. 12 Røymoen. Bnr. 4 som no er utan folk, heiter Hallen. I namnet har ordet hankjønnsform. Her hallar lendet mykje. (NG s. 390.) Namnet Paulen finn ein fleire stader i Romsdalen m. a. på Sekken og mellom Bogge og Eresfjorden og i Eikesdalen.

Ein merkeleg stein

Berg skriv også utførleg om den særmerkte steinen *Finnen* i same artikkelen. Namnet er laga av



Finnen i Horga. Solemdalen i bakgrunnen.
(Foto KMH/Romsdalsmuseets fotoarkiv 09043)

ordforma ein *finn*, og ikkje ein finne. Berg skriv: «Steinen er godt 2 m høg og er svært brei frå jorda og oppover ca 70-80 cm, so smalnar den opp til toppen. Eg spurde heime kven som ha reist den og kvifor den er reist. Det var ingen som visste noko om det, men dei kalla den 'Fiinj' eller *Finnen*. Eg hev heile tida grubla over kvifor denne steinen var oppreist der den står.

I gammal tid og like fram til 1900 hev det vore ein sti eller ferdselsveg frå Solemdalen og Fannefjorden over Breiskaret til Aarset og Langfjorden.

Den kortaste vegen frå Solemdalen til Aarset gjekk ikkje so langt frå denne steinen, men det må ha vore noko særleg som ha hendt her og som var grunn til at den vart reist. Når ein siktar langs breisida på steinen, kjem ein til ein fjelltopp på Nordmøre der sola stig opp ved jonsoktider.

Kan hende dei ofra til sola her. Tradisjonen seier at her i gamal tid hev vore finnar med reinsdyr. I Nord-Noreg brukte finnane å ofre til rare steinar som stod her og der. Kan det tenkjast at det er finnane som hev reist steinen for å bera fram sit offer her? Kanskje dei ein morgon ved jonsoktider når sola steig over fjellrekkja bar fram sit offer til sol og høgsumar. Kven veit.

Det er sikkert bygdefolket som hev laga namnet på steinen, og det kan hende, at dei visste at det var finnane som reiste steinen og brukte den og kalla den opp etter finnane.

Her omkring var det godt kubeite, og då det var vårt 'Legmål' og, so var kyrne her kvar dag i setertida.»

Det ser ikkje ut til at Berg tvilar på at steinen er oppsett av menneske. Han som skriv dette, fann ut at han var godt låst fast med mindre steinar. Det kan vere langt attende i tid han vart sett opp. Det kan vere til minne om ei hending, eller han kan ha hatt ein funksjon i religiøs samanheng. Namnet kan vere yngre.

Det viser seg at det er på Berg, i Bergsvika og der omkring dei kjenner godt til steinen. På Solomdalen som eig nesten opp til denne mystiske steinen, kjenner dei visst ikkje til namnet. Men steinen må dei ha sett. Byte er det i nærleiken av Finnen, men det går ikkje gjennom han. Det er noko merkeleg at dei ikkje har brukt han til bytstein.

Olaf Olafsen nemner steinen i Veøyboka b.1, s. 317. Han er òg overtydd om at steinen er oppsett av menneske. Olafsen skriv m. a. : «Naar man ser steinen ovenfra, tar den sig ut som et stort dyr, en elg eller rein.»

Ola Stemshaug har skrivne fleire artiklar om *finn* i stadnamn. I artikkelen «Finnanger og Finnforsen, Finnen, Vindfinn og Tatafinn» i «Maal og Minne 1 (1997), s. 75-90 omtalar han Finnen og seier at når det gjeld denne steinen «kan det knapt diskuteras at tydinga må vera 'kvass kant, spiss topp' (jf. ill 4). Finnen her er ein stein langt oppe i krattskog og utmark i fjellet Horga (feilnormert etter uttalen som Horgja på N 50 Åndalsnes). Som Finnen i Rømskog står han ålene som ein kvass pigg i lendet.» Stemshaug skriv òg: «Slike namn som Finnen om steinar i utmarka er det nok langt fleire av enn dei som til no er registrerte.» Han seier at årsaka er at dette er småe punkt i lendet. Få slike namn kjem med på kart. Finnen er også skjernamn. Eit slikt namn står på karta vest for Bjørnsund. Men her er det gjerne meint etnonymet finn m. 'same', for ikkje langt unna finn ein Tyrken /Tørkjinj/. Ivar Aasen skriv i ordboka si: «Tyrk, m. en Tyrk; ogsaa en Tyran, el. En som indgyder Skræk.» Begge namna er nedsetjande her.

Ein kan òg lese det som står om forholdet troll/finn i boka «Tuss og troll i stadnamn» s. 168 f. (Romsdal sogelag 2006).

Dyrstadnebbå /Dyrstanæbbå/ er ei nebbe på austsida av Horga. Grunnordet nebbe er ikkje uvanleg i namn på høgdeformasjonar i denne delen av Romsdalen. Same namnet finn ein nord for Øverbygda vest for Lunddalen. Ei segn prøver å forklare namnet. Det blir fortalt slik: «På austsi'n åt Horjin når ein går oppover frå Breiskarfossa, kjem ein te ei lægd som heite Dyrstanæbbå. Frå

Solomdalsjera ser 'n lægda mot himmela te. Segna fortel at i gamle dage budde det ein treillkyndig i Gjera. Den ti va det mykky reinsdyr i fjella. Når dei kom frampå Næbbå, fekk 'n sjå dei mot himmela, og so batt 'n dei med treilldom, so dei vart stananj og ikkje kom se tå flekkja, og so kunne 'n fange dei. Namnet kjem tå di at dyra vart stananj på næbben.» (Etter 1. bandet av Bolsøyboka, s. 598.)

Ein må sjølv sagt sjå forklaringa som ein folkeetymologi. Helst skulle ein vente ei form som dyrstø- som i skjenstø. Skrivaren av dette kom i tankar om at det kanskje kunne vere Dyrstau- av dyrstove (dyregrav).

Solomdalsgjerdet

Gnr. 3 *Solomdalsgjerdet* er ein stor gard, men namnet fortel at det først var gjerde for krøter. Garden er nemnd i 1606. Namnet er både då og seinare skrivne Gierde. I NG s. 277 er det opplyst at det blir sagt Sølommdalsjære. Uttalen av sisteleddet er feil. Romsdalsuttalen av gjerde er jere. Same feilen har uttaleforma av bnr. 2 *Bøen*. Ein seier Jerbø'n.

Ein som heiter Anders på denne garden må i 1609 bøte ein halv dalar fordi han «forsømmede Predickenn formiddelst druckenschab».

I 1657 har garden 2 hestar, 10 kyr, 4 geiter og 5 sauer.

Setra til garden, *Gjerdsetra*, er nemnd i 1723 som avlagd seter (altså ikkje i bruk lenger). Truleg har ho ikkje vore i bruk seinare. Rovdyrplaga var låk, for 'bjønnavegen' gjennom Breiskaret gjekk her.

Ura ovanfor *Gjerdbøen* er *Bøura*. *Langrompå* er dyrkamark. Ei rumpe har uttalen rompe. Når somme i dag bruker dette ordet om bakende på folk og dyr, er det eit nytt drag i talemålet. Rump (rompe) var ordet for det som i andre landsdelar kan heite rove eller hale. Jordstykket her er vel så langt at det minner om ei rove.

Der det heiter *Smitufta* /Smitøfta/ stod *Smiå*.

Gjerdmarkan er brukt om dyrkamarka på Solomdalsgjerdet. *Gjerdbakken* er ein bakke. Namnet *Nylendå* /Nylennå/ fortel at stykket har vorte dyrka i seinare tid.

Gjerdplassen er no bnr. 3 under Gjerdet (Solomdalsgjerdet). Som ein ser av namnet var det først plass. Han som byrja her vart kalla Pe Plassa. Her stod skogen tett då han byrja å rydje. *Plassledet* var eit led i vegen vest for Gjerdplassen. Lenger vest er *Fagerlia*. *Dalen* og *Dalamyra* er ovanfor bruket. *Sommarfjøsane* er nedanfor husa. Ein har namnet



Gjerdplassen lengst vest på Solomdalen. (Foto KMH/Romsdalsmuseets fotoarkiv 09018)

Myrholå. Der det heiter *Breimyra* hadde bruka torvmyrar i lag.

Bruket *Bakken* er også utgått frå Solomdalsgjerdet sjølv om det ligg noko langt unna hovudbruket. Dette var på 1800-talet. Bruket har òg seter aust for Solomdalssetra. Som ein forstår kan ikkje setra vere så gammal.

Nedover mot elva har ein *Gjerdbakken* /*Jerbakkinj*/ og *Gjerdbrua* som er bru over elva. *Bruhølen* er nedanfor brua. Ved brua er *Brurustin* /*Brurøstinj*/. Her er ruster, litt skog. Der det heiter *Øyastrupen* /*Øyastrupinj*/, stryper lendet seg saman. *Gjerdøyen* /*Jereianj*/ er øyar (låglende) ved elva. Her er òg *Råkgjerdet*. Her gjekk *Buråket* /*Buråkje*/ der dei jaga buskapen. Namnet fortel at her var råk, stad der dei jaga krøter. *Hølen* her er *Råkgjerdhølen*. Aust for utlaupet av Tverelva er *Tverelvgjerdet*.

Namnet *Kvennhushaugen* er minne om at det var kvernhus i elva nedanfor.

Strenggardshølen er ein høl. *Strenggarden* var ein skiftingsgard. Bytet følgjer altså denne gjerdesgarden som var på sørsida av hølen. Den første tida med streng, tala dei nok om strenggard til skilnad frå gjerde av tre og stein som var det vanlege i tidlegare tider.

Storsanden er sandstrand ved elva.

Potifarøyen er låglende ved elva. Førsteleddet er Potifar. Det må vere namnet på ein eller annan.

Det kan vere eit tilnamn på ein mann. Helst er det namnet på eit husdyr av hankjønn. Ein kan minnast diktet «Potifar» av Jakob Sande. (Det står i diktsamlinga «Sirius» som kom ut i 1955.) Her heiter det i byrjinga av 1. strofe: «Og storbukken vår heiter Potifar – og det er gut som er høg uti hatten. Han kjem stigande som ein kongens gardekar, og kan skræme både hunden og katten.» Ein veit at også andre husdyr har hatt namnet Potifar. I Norsk Barneblad nr 4, 24. februar 1962 står forteljinga «Potifar» av Jørgen Haugedal. Her er Potifar ein staseleg hane, glinsande, blåsvart med sylkvasse sporar. Han er ein streng sjef over høneflokken, men han endar som mannbisk (mannvond). I tidlegare tider kjende dei Bibelen godt, og dermed den pikante saga i 1. Mosebok, 39 der ein høyrer om Potifar. Hovudpersonen i saga er han ikkje. Det er kona hans som på utkroppen måte prøver å forføre Josef der nede i Egypt. Dette namnet, som såg ut til å ha ordet far i seg, var lett å trive til når ein skulle leggje namn på eit husdyr som merkte seg ut.

Andre namn her nedmed elva er *Slettbradden*, *Djuphølen* og *Torehølen*. Ein veit visst ikkje no noko om denne Tore. Det veks truleg gras i *Grashølen*. Ved hølen som heiter *Orebraddhølen*, har det iallfall vakse ore på bradden. Oren veks godt langs elvane. Romsdalingane seier ore. På Sunnmøre kan ein høyre åre. Nordmøringane seier visst for det meste older.

Kattarompå er ein del av elvelaupet som må ha vorte samanlikna med rumpa på ein katt.

Grensa mot Røvika følgjer *Djupgrova*. Namnet fortel at ho har grave seg djupt ned. Relasjonsnamn er *Djupgrovskaret* og *Djupgrovhammaren*. På austsida er den litle grova ved *Tømmerløypet Løypgrova*. Aust for *Tjønndalen* er *Høgla*.

Jo Lien-stykket eller *Liastykket* /*Liastykkje*/ vart bygsla av John Roaldsen frå Horvli i Stordalalen i Sør-Trøndelag i 1860-åra. Han var koppedreiar. I 1883 reiste familien til Amerika. Når ein no er komen til gnr. 14 Røvika, ser ein at denne store garden eig heilt aust til busetnaden på Solomdalen.

Røvika

Dette er ein sær s gammal gard og eit gammalt namn. Det er gnr. 14. Opphavleg ser det ut som *Røvika* var namn på heile vika vest for utlaupe av elva Røa, som garden må ha fått namn etter. I NG er oppført den gamle uttalen Rævikja. I dag høyrer ein sjeldan denne uttalen, men han er kjend i bygda og også andre stader i kommunen. Namnet er så gammalt at det frå først av hadde ubunden form. Ein kan seie at Røvika også er grendenamn. På garden er det funne eit leirkar i ei branngrav. Det skal visst vere frå 4-600 e. Kr. Arkeologar fann i juni 2009 spor etter eit rundt hus på dyrkamarka. Elles fann dei brotstykke av keramikk som dei rekna med var frå om lag 500 f. Kr. (Romsdals Budstikke 19.6 2009.) Her var nok ikkje folkelaust i tida etter manndauden. I 1520 betaler Erik i Rødwighen 6 lodd sølv i tiendeskattelegginga.

Hovudbruka er *Oppigarden* og *Nerigarden*. Vågen nedanfor garden er *Røvikvågen*.

I 1657 er det to brukarar. Den eine er kvinne. Anna som ho heiter, har 3 hestar, 14 kyr, 12 geiter og 10 sauer. Just og sonen har 2 hestar, 6 kyr, 2 geiter og 3 sauer. Det store hestetalet fortel nok om



Røvikgardane kring 1908. (Romsdalsmuseets fotoarkiv 09719)

kor viktig skogsdrifta var på denne garden. I 1742 vart det ikkje skore meir enn 300 bord på «Røveig saug». Ein kan nemne at det frå garden har vore eksportert trelast til England.

Ein skulle tru at ein gard som ligg slik til, ikkje kunne bli utsett for snøfonner. Men i boka «Skredulykker i Norge» (2006) skriv Astor Furseth på s. 134: «På Oppigard i Røvik tok sørpeskred en mann i 1867.»

Ein har innmarksnamn som *Nylendå* /*Nylønnå*/ og *Innlogå* /*Innlågå*/. Dei fortel at her har det vore dyrka seinare. *Torslåttattlegå* er ei attlege. Ole Valved sa at det fall seg ofte slik at det vart torslått når dei byrja å slå her. På Hammervoll i Rødven er det eit liknande namn. Der har ein Skitversundet /*Sjetversønne*/. Eit sund er ein grasvaksen passasje mellom åkrar. Når dei slo dette området, vart det nesten alltid skitver (styggever).

Hundekammarvåtå /*Honnekammarvåtå*/ er ei oppkomme. Ole Valved visste ikkje grunnen til at førsteleddet er hundekammar. Ein kunne tenkje seg at vatnet hadde ein særeigen smak.

Bnr. 3 er *Bordvika* med uttalen /*Borvikja*/. Namnet fortel om utskipping av trelast, og var først namn på vika. Truleg går namnet heilt attende til den første tida med trelasthandel då hollendarane kjøpte trelast direkte frå gardbrukarane. Førsteleddet er gno. bord. Det er om lag det same som fjøl. Ordet vart i gammal tid lånt til engelsk der det er skrive board. *Bordvikløken* renn ut i vika som har gjeve bruket namn. I dag kallar ein vågen her *Geitnesvågen*.

Bnr. 7 er *Sendingan* med uttalen /*Sønninganj*/. Namnet har nok med sand å gjere. Forbi garden renn *Sendingsgrova* /*Sønningsgrova*/. *Sendingsbakken* var ein bakke på vegen. På utskiftingskartet for garden Kjøl i Eide kommune frå 1869 er det ein stad nede ved sjøen med namnet *Sendingan*. Namnet er blant dei namna på kartet som også i dag er kjent (Eideboka b. 1, 1987, av Jonny Lyngstad.) Eit liknande namn finn ein i dei bratte bakkane på garden Griset på austsida av Innfjorden i Rauma kommune. Her heiter det *Brættingan* /*Brættinganj*/. Bnr. 8 er *Lauvåsen* /*Lauås'n*/. Grunnen til namnet er at her var det lauvskog i motsetnad til den store Røviklia med nesten berre tollskog i gammal tid. Relasjonsnamn er *Lauvåsrøra*, *Lauvåsgrova*, *Lauvåsgrovteigen* og *Lauvåsgrovløypet*.

Nygjerdet var først husmannsplass. Dei første var Ingeborg Olsdotter Røvik og Just Larsen som var fødd i Veøy. Dei hadde 5 born. Nygjerdet har vore eige bruk sia 1933.

Ikkje langt unna var *Dordiplassen*. Plassfolka her var Ole Andersen som var fødd i Bolsøy, og kona var Dordi Olsdotter. Ho var fødd i Tingvoll.



Utsyn frå Røviklia mot Hovdenakken og Geitnesgardane (t.h.) (Foto Thomas T. Ulleland/Romsdalsmuseets fotoarkiv 26149)

(Kvinnenamnet Dordi har vore mykje brukt på Nordmøre heilt til vår tid.) Når plassen vart heitande etter henne, levde ho gjerne lengst. Plassen gjekk attende til garden kring 1880. Ovanfor denne plassen har ein attlegnamnet *Geilen*. Som namnet fortel, var det nok først krøtergeile.

Lars på *Larsplassen* var frå Skjevika. Kona heitte Elen. Plassen gjekk attende til bnr. 6.

Bruket som no er *Myran*, var først plassen som vart kalla *Myraplassen*.

Kroken /Krokjinj/ var plass under bnr. 6. Dei første plassfolka var Hans Larsen frå Nord-Fron. Kona Ane Kristensdotter var fødd i Veøy. Attåt arbeidet på garden var Hans skreddar. Kring 1875 fall plassen attende til garden. Seinare budde Erik Hansen frå Grytten og kona i stova. Namnet *Kroken* finn ein som innmarksnamn i utkantane av dyrkamarka mange stader.

Plassfolka på *Fransplassen* kring 1850 var Frans og Gjertrud. Plassen fall attende til garden føre 1866. I langsameleg tid har det vore dyrkamark der plassen låg. *Metteplassen* var under bnr. 1. Dei første ein veit om var Mette frå Sendingan og Knut frå Nesje. Knut dreiv fiske. Han drukna i Bolsøysundet. Dei hadde 5 born.

Reiten var plass under bnr. 6. Namnet fortel at det først har vore åker her. Dei første her var Anders Trondsen frå Flovika og Ane Bjørnsdotter frå Dale i

Isfjorden. Son deira flytta til Øksendalen, og plassen fall attende til garden. *Reitaberget* er ovanfor Reiten. *Reitateigen* er skogteig ovanfor plassen.

Klipra er nokre småe berg som stikk opp i sjøen utanfor neset. Nedmed Klipra er det fleire gravhaugar. I ordboka til Hans Ross (1895) finn ein at klipra er «Bjergkløft». Han har ordet frå Østfold. Her er det då ei kløft i sjøen utover frå land. I dag er det òg namn på campingplassområdet. Klipra er ikkje eit namn som ein finn mange stader. Men i Ålesund er det namn på eit område av byen. *Klipperholmen* er ein holme. (I Skjevika kallar dei han *Tronholmen*.) Ein har også sagt *Holman*, for det er fleire mindre holmar. Det er òg eit fiskeméd når ein har Klipperholmen over Tollåshaugen. (Tollåshaugen er ein haug ved Tollåsen som dei ser godt frå fjorden.) *Kliperplassen* var ved Klipra. Her budde Hans og Brit. Dei hadde ei dotter som vart gift med ein gudbrandsdaling. Dei flytta til Sollia aust for Istad. Dei første på *Ravaldplassen* var Ravald og Marie. Sonen hadde frakteskute. Plassen gjekk attende til garden. Ravallj var målføreforma for Ragnvald.

Røvikhagen er bruk. Frå først av var det plass. *Røvikneset* er både nes og bruk. *Fredheim* er namnet på eit bustadhus.

Namnet *Handsagura* fortel at det har vore handsagstilling nedanfor ura. Her er òg *Handsagur-*

løypet. Her løypte dei nok ned det som skulle skjerast.

Anderssaga varsaga til Anders Røviki i Nerigarden (bnr. 1). *Valvedsaga* er saga til Oppigarden. Eigarane har no i fleire generasjonar hatt ættenamnet Valved. (Ættenamnet kjem frå garden Valved i Innfjorden.) Der det heiter *Saga* ved *Bordvikløken* bygde Iver Røvik sirkelsag i 1890-åra. Saga vart seinare flytta til *Røvikvågen* og driven med dampmaskin. Innpå myrane ser ein minne etter at løken har vore oppdemd for å samle vatn for drivkraft.

Råkhaugen er ein liten haug. Her har vore råk. *Reinå* nedanfor der vegen går forbi Nerigarden er vel ei gammal åkerreine.

Neset mellom Røvikvågen og Geitnesvågen heiter *Revsneset* /Ræfnsnæse/. Førsteleddet må vere inkjekjønnsordet rev (gno. rif). Rev er grunne i sjøen. Det er mest brukt om ei grunne eller ein smal banke som går ut frå land. Vest for neset har ein grunna *Revsnesgrynnå*. Truleg er opphavet til namna at det har heitt Revet utpå her. Så har ein fått *Revsneset* som relasjonsnamn, og så *Revsnesgrynnå* etter neset att.

Nausthaugen er haug ved *Nausta*. *Nausta* tilhøyrer *Bordvika*.

Mannskiten /Mannsjit'n/ er ein stein som stikk opp på fjøre sjø. Det er visst òg ei søge om ein som rodde seg oppå han. Steinen har vorte samanlikna med ein kammar. Ordet mannskit har ikkje vore mykje brukt her i området. Ein set det mest i samband med nordnorsk talemål. Ordet er truleg så gammalt at førsteleddet tyder menneske, og ikkje berre ein av hankjønn.

Bårdbakken /Bårbakkjinj/ er ein bakke på *Gammelvegen*. Førsteleddet ser ut til å vere mannsnamnet. *Justbakken* er òg ein bakke på *Gammelvegen*. Ein ser at namnet *Just* har vore i bruk her. Den første mannen i Nygjerdet heitte *Just*. *Bakken* er område på innmarka i *Bordvika*. *Ytste Bøen* er området ned mot sjøen. *Bordvikvegen* er vegen uti *Bordvika*.

Røvikkorsen er vegskifte. Berget søraust for vegkorsen er *Eldriberget*. Det har altså fått namn etter ei som heitte *Eldri*. Der det gamle vegskiftet var, heiter det *Gammelkorsen*.

To led på vegen var *Ledet* /Le'e/ og *Gammelledet* /Gammelle'e/.

Der det heiter *Storledet* /Storle'e/ var det led. Lenger aust var *Storleddammen*. Han var oppdemd til drivkraft.

Aust for *Sommarfjøsane* er *Småbakkane*. Desse bakkane på vegen var nok meir markerte tidlegare. Namnet *Joseterhaugen* må vere minne etter ei seter som ein Jo hadde. Lenger aust er *Joseterbakken* ein

bakke på vegen. Her er eit lite res som heiter *Reset*. *Erikhjellen* var truleg tjørhjell. Han som brende tjøre heitte nok Erik. Målføreforma av dette namnet er *Erek*. *Erikhjellmyra* er vestanfor. Ein har opplysningar om at Skaala skyttarlag hadde premieskyting på *Erikhjellbakken* i september 1882. Laget vart skipa dette året.

Det er leten som har gjeve namn til myra som heiter *Ljøsmyra* /Jøsmyra/. Segna fortel at det i myra skal visast etter fotabladet til Lange-Maren, trollkjerringa i Skåla. (Det var ho som skaut steinpila etter Bolsøykyrkja.) Det var slik at ho skulle ein tur uti Dvergsneset. Ho stega utpå Horga, og så måtte ho setje eine foten nedpå Ljøsmyra. Iver Gjerdeplass hadde dette etter Ludvik Stornes.

Kårteigen er ein teig som oldemor til Ole Valved fekk. Sia har han heitt *Kårteigen*.

Rauholet /Rauhåle/ er området der vegen går over *Bordvikløken*. I dag tolkar dei som ikkje er lokalkjende, namnet som rauhol (podeks). Men opphavet til namnet er at det var eit dike her med raudbrun myrmalm. Dette holet kalla dei *Rødholet* (Røhåle) pga farga. Men så har det vorte omtolka til *Rauholet*.

Eit anna namn der ein har same farga er *Rødmelbakken*. Dette er ein raud mel ved den gamle vegen vest for Røvika. Så har ein på Geitnes ei veite som heiter *Rødveitå* /Røveitå/. Her òg er det myrmalm som er bakgrunnen for namnet.

Kokkelia er aust for vegen litt sør for *Bordvikløken*. Iver Borvik fortalde i 1992 at bakgrunnen for namnet var at då dei bygde nyvegen, gjekk arbeidarane på dass her. Namnet er ikkje så gammalt, men ei tid vart det mykje brukt, opplyste Borvik. I ordbøkene finn ein hankjønnsordet kukk om klump med avføring. Gjerningsordet kukka om å utføre handlinga står òg. Orda er registrerte både frå Vestlandet og Nord-Noreg. (Ein ser at oppslagsorda har u og ikkje o.) I talemålet her i kommunen har somme sagt at dei køyrde ut «møkjakokkanj» når dei køyrde møk frå frau kjellaren. I NO finn ein ordet kokk-hol frå Vega lengst sør i Nordland. Tydinga er rauhol. I «Jul på Nordmøre» 1997 skriv Harald Ormbostad: «Kokkholstua er ikkje noko vanleg hus som er bygd av menneske. Stua er eit stort steinhus, laga av store omveltningar i naturen langt attitida.» Staden ligg høgt og fritt oppi eit bakkehøll på Ertvågsøya i Aure. Så skriv Ormbostad: «Kva som har gjeve namnet til Kokkholstua, og området kring, som er kalla Kokkholet anar eg ikkje.» Når ein kjenner opplysninga frå Vega, forstår ein kva som ligg i namnet.

Også i Steinsåna på Nesjestranda har ein namnet *Kokkelia*. Der var det òg arbeidarar både på sagbruk



*Røvikkerkjå og området rundt 1935. Vegen til Solomdalen går opp t.h.. Lauvåsen er nærast fotografen.
(Foto Widerøe/Romsdalsmuseets fotoarkiv 004541)*

og teglverk. Det blir opplyst at dei gjekk i Kokkelia og pissa.

Røvikskulen vart bygd i 1894. I 1917 vart det tilbygd 1 klasserom og lærarbustad. Han vart nedlagd i 1970. I 1992 vart bygningen riven etter å ha fått skade i orkanen.

Røvikkerkjå stod ferdig i 1905. Det offisielle namnet var først *Røvik kyrkje*. Seinare vart det forandra til *Røvik kirke*. Ho står på grunnen til bnr. 1. *Kjerkjegarden* fungerer òg som stadnamn.

Ungdomshuset /Ongdomshuse/ er huset til Vågane Ungdomslag. Laget vart skipa i 1907. Huset vart innvigd 16. oktober 1910. Seinare fekk det namnet *Vågheim*. Dette er eitt av dei få ungdomshusa som står att i kommunen. Huset er modernisert, og ungdomslaget høgtida i 2007 at laget var 100 år. Laget er i full aktivitet med m. a. teaterframсыningar.

Før ein ser meir på namna i *Røviklia*, må ein nemne at dette er ei li som er kjend vide ikring.

Ei vidkjend tolle som er kalla *Stortollå*, stod oppå Røviklia. Ho såg ut til å vere urikkande. Men ho gjekk over ende om morgonen 1. nyårsdag 1992. I alderdomen var ho mykje tørr. Ho hadde vorte taksert til 8-9 kubikk. I diktsamlinga «Lauv i vind» (1998) av Leif Fylling heiter det i 1. strofa:

På Røvik gard i solvendt li
der lendet flatnar ved gammal sti
der er det Stortolla står,
her har du stått med ein malmtung legg
med krøkte greiner og skogens skjegg
mangfaldige hundreår

Nakkgrova kjem frå *Stornakknausen*. Så har ein *Nakkteigen*. Der det heiter *Sletthagen* er det slett. Sisteledet fortel at her har gått krøter. *Reitaløypet* er eit løype i *Reitateigen*.

Vinterholet /Venterhåle/ er eit bratt og ulendt område. Det er uvisst kva som ligg i førsteledet.

Græfstiteigen er skogteig. Ein veit visst ikkje kva namnet kjem av. Det kan vere at førsteledet er grøft og andreledet er sti. Før i tida sa ein græft. Det har òg vore sagt græft om grav. (Men ein kan òg jamføre med namnet Grevhaugen ut mot Bolsøysundet.) Første delen av teignamnet kan fortelje om at stigen ikkje var så bra.

Vassbassenget var vassbasseng, men er ikkje lenger i bruk. Lånordet basseng har ein fått gjennom fransk frå mellomalderlatin *bacca* 'vasskjørel'.

Hansgjerdet var frå først av seter for Røvika. Då seterdrifta tok slutt, bygsla ein frå Solomdalen.

Så bygsla ein frå Nord-Fron som heitte Sandbu. (Sandbu er gardsnamn både i Fron og Vågå.) I første halvdel av 1900-talet vart plassen tilplanta med skog. Ein veit visst ikkje korleis namnet Hans har vorte knytt til plassen. Ingen av dei som bygsla, bar dette namnet. Ein har òg *Hansgjerdtteigen* og *Hansgjerdura*.

Førsteleddet i *Eikjedalen* kan vere øyk, altså hest. Men det kan vere trenamnet. I denne kommunen er ein i nordgrensa for dette treslaget.

Littlebakken var ein bakke på vegen. *Storsteinen* var ein stor stein. No har dei skote av han noko, opplyste Iver Gjerdeplass.

Der det heiter *Røviksetra*, hadde Røvika seter. Ein har namnet *Seterteigen*. Ei ur heiter *Seterura*. Iver Gjerdeplass fortalde ei segn om at folket på Røvikgarden gøynde unna sølvty i ura då sølvskatten skulle betalast tett føre 1820. Sølvtyet skal ikkje vere oppatteke. Ein gjetar såg det blenkte, men så måtte han fare etter krøtera.

Fåråsgrova er ei grov som ser ut til å ha fårås i førsteleddet. Det må vere ås der det veks fåre, eller tolle medeitanna ord. Her harein òg *Fåråsgrovbotnet*. I. Gjerdeplass hadde inkjekjønnsform i ordet botn. Det er ikkje vanleg i talemålet her no. Han hadde botn som inkjekjønnsform i fleire stadnamn. Det er slik at ein finn botn som inkjekjønnsord i delar av Vestnes kommune. Arnfred Slyngstad har inkjekjønnsform i dette ordet i stadnamn i det som tidlegare var Vatne herad på Sunnmøre. Elles veit ein at det kan vere inkjekjønnsform i Namdalen. Inkjekjønnsforma kan ha vore meir utbreidd i Romsdalen i tidlegare tider.

Merraløken /Mæraløkjinj/ er oppå lia. *Svartløken* er «nedpå Røvikmyrå».

Skjevika

Gardsnamnet *Skjevika* finn ein to stader i kommunen. Garden aust for Oppdølå som har gjeve namn til tettstaden Skjevikåsen, er omtala lenger fram. Garden her ved Røvika (gnr. 13) har uttalen /Sjivikja/. Då kunne ein tru at det er Sjøvika. Ein seier sjy'n for skriftforma sjøen. Kanskje ein i tidlegare tider også sa sjy. No seier ein sjø. Dativforma er «på sjynå». Tidlegare var det mykje brukt i for y (itakisme). Ved garden er det eit skjer som heiter *Skeia*. Det er ikkje usannsynleg at garden kan ha fått namn etter skjeret. Så er det slik at skeið i gno, både kan vere langskip og stad der dei kappast i springing eller riding. Det kunne vere fint i denne vika. Mindre truleg er det at det låg langskip her, for det er verhard i ei vestvend vika. Namnet på vika

er nok mykje eldre enn garden. Det er funne restar etter eit skip i ei branngrav i Skjevika. Håvard Dahl Bratrein viser i «Heidersskrift til Nils Hallan» at sju matrikelgardar og to bruk i Nordland og Troms har førsteleddet skei/ski/skje. Han kjem med tolkinga «båtoppsett, sted der båt settes opp på land». Det er ikkje noko i vegen for at dei to stadene her i kommunen kan vere stader der dei sette på land skuter.

Garden er nemnd i 1650 med leiglendingen Chresten Schieug. I 1657 er det 4 kyr, 6 geiter og 3 sauer. Garden er truleg utskild få Røvika.

Kaldvassmyra /Kalvassmyra/ er nok ei myr med mykje kaldvatn. Forbi den litle *Råkhaugen* var det råk. Dei jaga krøtera her. *Brauta* er bratt stig.

Annehaugen /Annjehaun/ er ein liten haug. Ei som heitte Anne hadde ei stove oppi her. (Før i tida sa dei Annje, og ikkje Anne som i våre dagar.)

Myrholå var eit namn. Ho vart attfylt då Nyvegen vart bygd.

Eit lite område var så fint at det vart kalla *Parken* /Parkjinj/. Ordet park kjem opphavleg frå mellomalderlatin parricus 'inngjerding, dyrehage'. *Nesberget* /Næsbærje/ er eit berg som stikk ut i fjorden mot vest på sørsida av *Skjevikkbukta* /Sjivikkbukta/. Utover frå neset går *Nesberggrynnå*. *Nesaplussen* var ein husmannsplass.

Ein stor stein i fjøra nedanfor Skjevika er *Storsteinen*. *Myra* er myrlendt område på dyrkamarka. *Kårstykket* var den delen av dyrkamarka som kårfolket hadde.

Isdammen var dam der dei skar is til å halde varer kalde. Dette var føre kjølelagra si tid. Der det heiter *Ishustomta* stod det ishus. Der vart isen lagra. Huset var som mange andre slike av stein. Ein ser steinar etter dette gamle ishuset.

Kristian Skjevik fortalde at der det heiter *Siverttomta*, skulle ein som heitte Sivert byggje seg



Skeia er eit skjer vest for Skjevika. *Skåla* og *Horga* i bakgrunnen. (Foto KMH/Romsdalsmuseets fotoarkiv 08531)



Geitnes og Røvika sett frå Horga. Det er dette området som utgjer bygda Vågane. Bolsøya og Moldeholman i bakgrunnen.
(Foto KMH/Romsdalsmuseets fotoarkiv 09029)

hus i dei dagar dei dreiv med isskjering her. Men så vart han sjuk og flytta på pleieheim i Kristiansund. Denholmen som folket i Røvika kallar *Klipperholmen*, kallar dei i Skjevika for *Tronholmen*. Førsteleddet er mannsnamnet.

Geitnes

Gnr. 15 *Geitnes* har uttaleopplysning med bunden form i NG. I dag er det for det meste brukt ubunden form i grannebygdene. Neset kan kanskje langtatti tida ha vore eit nes der geitene gjekk. Som dei dårlege symjarane desse husdyra er, rømde dei ikkje sjøvegen. Det er nokre steinar som ligg etter kvarandre ut frå land på sørsida av *Geitnesskaget*. *Geitnesskaget* er ytste delen av halvøya. Desse steinane heiter *Geitasteinan*. Når Konrad Gjeitnes (f. 1899) ikkje visste bakgrunnen for namnet, er namnet truleg retteleg gammalt. Ein kan undrast på om det er samanheng mellom steinane og gardsnamnet. Steinane kan ha fått namn av gardsnamnet. Det er vel lite truleg at garden har fått namn etter steinane. Det er vanskeleg å sjå at heile dette nokså låge neset har vorte samanlikna med ei geit.

Gardbrukaren Per Vikhagen fann i 1978 ein spydspiss av flint sørvest for løa. Arkeologar meiner han kan ha lege her i 5-6000 år.

Kan hende garden hadde samanhengjande busetnad i tida etter manndauden. I 1520 betaler Amwund paa Getness ½ mark sølv i tiendeskatten. Garden ser ut til å vere delt i to bruk så tidleg som i 1597. Til skilnad frå grannegardane er det eigarane som driv garden. I 1657 er det berre ein som har husdyr her. Han har 1 hest, 5 kyr og 3 geiter.

Røa blir ofte kalla *Geitneselva* her i nærleiken av garden. Det er ikkje uvanleg at delar av elvar har namn etter gardar dei renn forbi.

Geitnesskaget er skaget utover mot enden av neset. I gno. hadde ein skagi m. 'framstikkande formasjon'. I nyare tid har ein ofte fått overgang til inkjekjønn slik som her. Ytste odden er *Skagodden*. Eit stykke innanfor odden er det eit lite skar der det heiter *Oterdrogå*. Der kryssar oteren over.

Skaget er ytste bruket. Ein har *Litlevika* og *Geilneset* i nærleiken.

Båtmeset er bruk. Sør for bruket er *Båtmesleirå*. Leire er namn på stader i sjøen der det er vatn når det er flod, men tørt land når det er fjøre. Utlauptet av elva heiter *Osen*. På nordsida er *Osberget*. Lenger aust er *Århaugen*. Førsteleddet er genitiv eintal år av gno. á. Tydinga er altså Elvahaugen. Den alderdomelege forma viser at namnet er retteleg gammalt.

Om lag der Fotballplassen ligg, var *Erlandstykket*. Gudbrandsdalingen Erland Rasmussen budde her. Kona var frå Tresfjorden. Sonen kjøpte plassen i 1913.

Holå var ein annan husmannsplass. Den første

her var Tomas Lassesen frå Mausset eller Talset og Beret Gjeitnes. Plassen vart i 1906 kjøpt av Johannes Brekke og lagt til bnr. 6.

Ein har bruk som *Steinbakken* og *Nordheim*. *Nyheim* er bustad.

Geilen er bruk som frå først av må ha vore krøtbergeile. *Geilbakken* er attlege, og *Geilbakkrusta* er ei rust (stad med litt skog). *Hjellan* er òg attlege. Så har ein *Storura* ned mot sjøen på nordsida. Her er òg *Storurbukta*. *Storurgrynnå* er nokre hundre meter frå land.

Der det heiter *Revhiet* /*Rævhie*/ har reven hatt hi. *Klurfåra* er ei byttolle som ligg utover sjøen, sa Konrad Gjeitnes i 1978. Dette treet er nok ikkje der lenger. (No i 2009 er eit bustadfelt under utarbeiding i dette området.)

Gardsteinen er ein stein i fjøra i bytet. Det har kan hende gått ein gard (gjerdesgard) som enda i steinen. *Gardsteinkastet* er området i fjøra ved Gardsteinen. Dette var eit mykje brukt notkast.

Utigarden er bruksnamn. Ein har innmarksnamn som *Storåkeren* og *Smiåkeren*. *Smiberget* er òg minne om *Smiå*. *Kringlå* er ei rund attlege. /*Krenglå*/ eller /*Klengrå*/ har det vel vore sagt.

Utsikta /*Utsektal*/ er utsiktsstad og er vest for *Liahaugen*. *Grindhaugen* /*Grennhaun*/ har namn etter ei grind. *Grindhaugbakken* er bakke på veggen. *Postledet* fortel òg om eit led.

Så går *Naustvegen* ned til *Nausta*. Ikkje langt unna er *Flua*.

Sagtomta fortel om *Saga*.

Storrusta er ei rust. *Storbjerka* /*Storbjærkja*/ er ei stor bjørk. *Småtollrusta* /*Småtålljrøsta*/ er ei rust med småtolle. Namnet *Teinhaugen* er noko uklårt. Det kan kanskje vere eit minne om lakseteine i elva sør for haugen. Men grunnen kan vere at her har vakse mest teinar (rotskot).

Gammelbrua var brua over Røa på *Gammelvegen*. Nedanfor brustaden er *Gammelbruhølen*.

Ein del av elva der ho er brei aust for riksvegen heiter *Breielva*. Frå sør renn her *Saggrova* ut i elva.

I elvakroken der det heiter *Gammelsagkroken*, var det sag. Eit vad her kallar dei på Geitnes *Gammelsagvadet*. På Hovdenakken seier dei *Småsteinvadet*. Ein har også *Vadet* lenger aust. Så kjem ein til den djupe *Geitneshølen*. *Kroken* er ein tverrkrok på elva. Her er òg *Krokmyra*. På nordsida her har ein *Breineset*.

Så kjem ein til *Sagkroken*, *Sandøyna* der det er mykje sand i elva, og *Småsteinvadet* der det er noko straum. På *Orholmen* veks det framleis ore, men det har i seinare tid vorte planta gran.

Ved *Fossen* som berre er nokre meter høg, men nokså brei, var det sag i gammal tid som tilhøyrd

Røvika og Geitnes. *Sagveltå* var der dei rulla tømmeret innpå *Saga*. I nærleiken har ein *Bordholå* /*Borhåla*/. Det var slik at dei prøvde å skjere nokre fleire bord enn kvantumet dei hadde lov å skjere. Slike bord skal ha vorte gøynde unna her. *Fosshaugen* og *Fosshaugenden* /*Fåsshauænninj*/ er eit stykke aust for Fossen.

Der det heiter *Evjå* /*Ævjå*/ renn elva i ring. Denne evja er i dag mykje attøyrst og grasvaksen. Evje (gno. efja f.) er sidestraum som går i ring borti ein krok av elva. Her har ein òg *Langneset*.

Austover frå Geitnes har ein namn som *Geitneshaugen* og *Sommarfjøsosen* som er av tømmer. *Første* og *Andre Kloppa* er stader på *Setervegen* der det er klopper. Denne veggen må også i gammal tid vore av høg standard. Det var òg veggen til *saga*. *Kloppa* er ein stad lenger aust òg. Litt lenger sør er *Rundehaugen* /*Ronnehaun*/.

I Bolsøyboka blir det opplyst at *Geitnessetra* vart nedlagd kring 1810. Vest for setra er det eit myrdrag over haugen som heiter *Seterhalsen*, Ein haug ved setra heiter *Seterhaugen*. *Setermyra* og *Seterløken* er på sørsida.

Ved ein sving på elva heiter det på sørsida *Hauganeset*. Så har ein *Steinvadet* ikkje langt unna. Elles har ein namna *Tverhaugen*, /*Tværhaun*/ *Stormyra* og *Øyaløken*.

Hovdenakken

Gnr. 16 *Hovdenakken* har same namn som ein gard i Ørsta kommune. Det blir opplyst at den heilt lokale uttalen er /*Håmnakkjinj*/. I grannebygdene har ein sagt *Håvnakkjinj*. Det er denne uttaleforma ein finn i NG s. 278. I 1597 er Olluf Heudenach oppført som leiglending. I 1603 er han oppført som Olluf Hoffennenach. Seinare finn ein skriftformer som Hoffdenacke og Hoffdenach. Førsteleddet ser ut til å vere *hōfði m.* 'framstående eller frittstående bergknaus'. Det er avleidd av *hōfuð* 'hovud'. Her er det meint at garden ligg i nakken av denne høgda. Høgda må vere den som går vestover frå Horga.

I 1657 er det to brukarar. Den eine har 2 hestar, 8 kyr, 6 geiter og 4 sauer. Den andre har berre 2 kyr, 2 geiter og 3 sauer.

I dag er det berre eitt bruk. Fram gjennom tidene har det vore stor sagbruksdrift. I informasjon frå amtmannen til det danske kanselli i 1743 får ein opplysningane: «Hovdenachens saug derpaa skaaret afvigte aar 300 bord.» På den tida var det lite skog att. Frå 1890-åra og fram til utpå 1900-talet var det ein kjend industristad nede ved *Hovdenakkvågen*.



Hovdenakkvågen med Hovdenak Stolfabrikk i framgrunnen. Bak ligg Geitnesgardane og Røvika med kyrkja. År 1935. (Foto Widerøel Romsdalsmuseets fotoarkiv 004540)

Her var stor stolfabrikk. Arbeidarar kom hit frå andre landsdelar og granneland. Mange frå bygda og grannebygder arbeidde i dei dagar «på Håvnakkå». Det vart bygd eit hus til bustad for arbeidarane. Det vart kalla *Gullåna* etter fargen. (Ei tid inneheldt det landhandel og telefonstasjon.) Seinare vart eit liknande hus sett opp. Det vart kalla *Kvitlåna*. Lån f. blir brukt om våningshus med meir enn ein etasje. Fram til vår tid hadde ein poststaden 6375 *Hovdenakken*. No for tida er det mange som har teke til å seie Hovdenakken i samsvar med skriftforma. Frå tida med stolfabrikk er namnet *Sponneset* /*Sponnæse*/. Her vart liggjande mykje spon. Før den tid hadde neset heitt *Saltbuneset*. Ein veit at Sivert Hovdenak sette opp saltkjel i 1680. Då det utpå 1700-talet vart lettare å få tak i kjøpsalt, som hadde betre kvalitet, vart det slutt med saltbrenning. Men i blokadetida tett etter 1800 vart det somme stader teke opp att. Ein veit at den nevenyttige Hans Nielsen Hauge måtte hjelpe til med å installere saltkjelar. Namnet her fortel anten om lagerbu for salt (gno. saltbúð), eller bygning med saltkjel. I Landslova frå 1200-talet heitte det at dersom nokon brende opp saltbua for ein annan av vondskap, vart

han kalla brennevarg og vart utlæg. (Sjå elles artiklar om saltbrenning i RSÅ 1991 og 1992.)

På sørsida av *Hovdenakkvågen* er *Sildeberget*.

Det har vorte mange bustadhus på *Raneset*. Andre stader finst same namnet. Ved somme av namna trur dei at gno. rød f. 'grusrygg' er bakgrunnen for namnet. Men her er det eit nes av berg, og då er det meir truleg at ein har med gno rani m. 'tryne, snute' (på svin og ormar) å gjere. Det kan altså vere ei samanlikning. *Ranesflua* er flu vest for *Raneset*. På nordvestkanten av *Raneset* er *Kobbesteinen*. Fleire stader i kommunen har ein same namnet.

På nordsida har ein *Hegervika* og *Hegervikholmen*. Ein ser ofte hegren der det er grunt vassar /*vaspar*/ med sine lange, tynne føter granskande nedi vatnet etter småfisk.

Det er mange vågar her på vestsida av halvøya mellom *Dvergsneset* og *Vågsetra*. Bygdenamnet var i skrift lenge *Vågane*. I seinare tid har dette namnet som så godt skildrar landskapet her, dessverre kome i bakgrunnen. Namnet *Skåla* har teke mykje over. Det er iallfall for framande nokså forvirrande. Det blir fortalt ei soge om ein mann som kom til Kleive sjukeheim for å besøkje den

gamle mor si som no budde der. Han sjølv hadde i lange tider budd i ein annan landsdel. Ved dei tider var denne heimen under ombygging, og dei som budde der var flytta til det som heiter Skåla sjukeheim på *Åsan* ved Nesjestranda. Mannen møtte berre arbeidarar, og dei sa at her er alle «sendt på Skåla». Mannen vart uviss på om dei dreiv ap med han. Han sa visst noko om at «då e ho ihelfrøsa fær lenje sia», og rusla derifrå. I hans barndom var Skåla eit ruvande fjell som ein hadde for augo i sør kvar ein einaste dag.

Det var nokre husmannsplassar under garden. *Steinen* vart bygsla i 1876 av Anders Jansen Brokstad og kona Karen Knutsdotter. Anders var skipper på ei skute som Hovdenakk-mannen, Ola Ohra Hovdenak, hadde. Seinare kom skomakaren Ole M. Erlandsen til *Steinen*. Stova vart kring 1900 flytta til *Århaugen* på Geitnes, der ho lenge var i bruk. Plassen fall attende til garden. Det var oppdyrka 2-3 mål.

Sivert (f.1814) frå Hovdenakken og kona Kirsten bygsla *Gjerdet* kring 1840. Dei vart dei einaste plassfolka i *Gjerdet*. Sivert døydde kring 1890 og kona litt seinare. Løa vart riven, men det budde folk i stova ei tid. Ein kan framleis sjå kvar stova stod. Mellom *Steinen* og *Gjerdet* er *Kårstykke*. *Bytbekken* er bekk som er byte mellom Hovdenakken og *Vågsetra*.

Vågen /*Våjinj*/ var ein husmannsplass som vart bygsla i 1859 av Erik Amundsen Monsås (Hagen). Kona var frå *Istad*. Det vart dyrka opp 10-12 mål. Ein av sønene kjøpte plassen i 1911.

Den første ein kjenner til på plassen *Sjurhaugen* var Sjur Lassesen frå *Helset* i *Tresfjorden* som kom hit kring 1825. Plassen har namn etter han. Kona døydde tidleg, og borna reiste til *Øverås* vest for *Vestnes*. Sjur var tenestekar på Hovdenakken. I 1865 er Sivert Olsen på plassen. Både han og kona var frå *Vågå*. Det året har dei ei ku og to sauer i kjellaren. Dei sår 1/8 tynne havre og set 1/4 tynne potet. Plassen fall attende til garden i 1880-åra. Då *Bolsøyboka* vart skriven, kunne ein enno sjå tuftene etter stova.

På Hovdenakken har ein attleger som *Vollan*, *Geilattlegå* og *Sneppan*. Den siste deler grova slik at det blir ein snipp på kvar side. (Ein seier snepp i talemålet.)

Nær tunet har ein namn som *Gammelråket*, *Råkhaugen*, *Råket*, *Fjøshaugen*, *Sommarfjøs*, *Sommarfjøsattlegå*, *Stallreinå*, *Reinå* og *Våtå*. Det siste er eit nokså vanleg namn. Ofte er det ein stad med sig frå fjøs eller frau kjellar. *Maroderhaugen* er vel ikkje noko vanleg namn. I artikkelen «Stadnamn» i boka «Ei bok om Rauma» (1990)



Hovdenakk garden sett mot nordaust 1950. (Foto Widerøe/Romsdalsmuseets fotoarkiv 023056)

nemner Hans Petter Gjerdset namnet *Maroderdalen*. Han seier det er eit negativt namn. Truleg slo dei på *Maroderhaugen*. *Maroder* er eit vanleg ord i målføret her om ein som er skadd. I ordbøker finn ein at ordet tyder ein som er mellombels arbeidsufør, lemster, skral, utmatta. Det kjem frå tysk og tyder sjuk eller såra soldat, av fransk maraud 'skurk'. Det vart brukt om ein soldat som under påskot av å vere sjuk, la seg etter avdelinga for å plyndre. Det er eit langt steg frå ein slik soldat til ein som sveitta i vanskeleg slåttamark med bitande klegg og blinding kring seg. Ein må òg nemne *Rabban*, *Ura*, *Langhaugen*, *Langhaugen med Langhaugmyra* og *Langhaugmyran*. *Brattstireiten* fortel om at ein stig her har heitt *Brattstien*. Så har ein *Sagleidet*, *Sagleidteigen*, *Holhaugen* og *Kloppin* /*Klappinj*/. Det siste fortel om eit vått område der det er klopper. *Brautin* fortel om veg i bratt lende.

Ein haug heiter *Øksendalshaugen*. Førsteleddet er truleg gno.*Yksnadlr med genitiv fleirtal av uxi. Primærnamnet *Øksendalen* er visst ikkje i bruk. Kanskje det var namn på dalen aust for haugen. Ikkje sjeldan er det slik ved gamle namn at berre eit relasjonsnamn har overlevd fram mot vår tid. Ei anna tolking av namnet måtte vere at folk frå *Øksendalen* har arbeidd her.

Aust for garden er *Frodalen*. Kanskje namnet fortel om at det veks godt her. Det er noko som somme stader heiter frobrunnar. Det er vasskjelder som ikkje frys om vinteren. Dette kunne òg vere helsesamt vatn.

Skolten er ein bergskolt. Skolt er ei samanlikning med lekamsdelen som har vorte ei terrengnemning. *Bjønnahaugan* og *Bjønnamyra* fortel at bjørnen ikkje var langt unna. I same området er samanlikningsnamnet *Bjønnakontå*. Dei har meint at ein formasjon her likna på ei bjønnakonte, altså

kjønnsorganet til ein hobjørn. Hobjørn kallast frå gammalt bingse /bengse/ her i kommunen. Same stadnamnet finn ein også i Røvdendalen i grannekommunen. Så er det slik at Jostein Hunnes i eit notat til Romsdal sogelag i 2009 m. a. skriv: «Når ein ror forbi Okseneset på veg inn Romsdalsfjorden, kan ein med ein porsjon fantasi sjå ein formasjon i bergveggen som dei kalla Bjønna-kontå. Utan å ha sett 'originalen', kan ein med ein porsjon fantasi tenkje seg at formasjonen likna på noko slikt. Der var det også slik at når dei fór forbi, vart folk narra til å helse på formasjonen.» Ein veit at det ikkje var uvanleg at særleg unge menneske vart narra til å helse på skjer som bar namn som Presten, Klokkaren, Galten o. l. ved å seie til personen at han hadde noko på hua si. Så tok den det vart sagt til, seg til hua. Dette likna ei helsing. Namnet viser at folk kjende like godt til detaljane på bjørnekroppen som på tofotingar dei var i lag med til dagleg. Ordet bjørnekunte finn ein ikkje i NO. Ein finn kunte i ordbøkene. Det kan òg vere ei flyndre og ein liten rundvoren båt. I gno. tid vart det brukt som tilnamn. Snorre Sturlason fortel i Heimskringla at ein av Håkon Herdebrei sine menn som fall i slaget ved Sekken, heitte Ragnvald kunta. Kanskje denne karen var kjend for å vere ein framifrå grabukk.

Nakken som er 174 m høg, er det vel ein har som siste leddet i gardsnamnet.

På *Seterstien* er *Kvilaren*. *Hovdenakksetra* vart nedlagd føre 1850. Ein har namna *Ytste* og *Nørde Setervollen* og *Seterlia*.

Selmahaugen er ikkje noko gammalt namn. Helge Hovdenak opplyser at Selma som var gift med Arthur Ulleland, var arbeidssam og skaffa seg ved av kvist her. Lenger aust er *Steinkleiva* og *Steinkleivmyra*.

Bytet mellom Geitnes og Hovdenakken går over *Bythaugen*. På sørsida er *Bythaugmyra*.

I 1870-åra bygde Ola Ohra Hovdenak frå Ora i Eid, som var gift med Marit Hovdenak, ny sag i *Horgagrova*. Det var både oppgangssag og sirkelsag. I Bolsøyboka IV, s. 121f. kan ein lese: «Dei kalla ho 'Storsaga', men arbeidarane kalla ho 'Storhelvetet' når dei var i ulag og det var tungt og slitsamt. Ho var 40 alner lang og 12-14 alner brei. Mykje stort skipstømmer vart skore her attåt vanleg bordmaterial.» Skipsmaterialen vart køyrd til fjorden på vinterføre. Dei reiv saga føre 1900.

Då det vart bygd sag med vassdrift i *Osen*, vart det grave ein kanal frå elva inni myrane. Der det heiter *Rennborda* /Rennjhora/ vart vatnet ført over elva. Dette var altså namnet på renna over elva.

Sandhaugen /Sannhaun/ er sør for *Rennborda*.

Storløypet er løype der dei løypte ned tømmer.

Storløypesmyra er nedunder. Så har ein *Botnin*, *Grønlia* og *Grønlimyra*.

Nummer 1 er ein teig. Tidlegare var det to bruk på Hovdenakken, men dei vart slegne saman. Dette er den austlegaste teigen. (Ein uttalar namnet i eitt ord.)

Oraløypet har nok òg namn etter gardbrukaren Ola som var frå Ora. Her er òg *Oraløypesmyra*.

Frå *Tjønnin* var det grave veite som førte truskarvatn nedi garden.

Dalskifta /Dalsjefta/ er område der bytet går mellom Vågsetra og Hovdenakken. Skifte er det same som byte, men ordet er nesten ikkje brukt i denne kommunen.

Ein har den 260 m høge *Branthaugen*. I grenseoppgangen frå oktober 1800 les ein at bytet går «fremefter underst i Brandhaurøren kaldet». Ein forstår at *Branthaugen* er ei uttaleforandring av *Brannhaugen*. Andre stader der det har brunne kan ha namnet *Brenthaugen*. Ein ser elles at brannen må ha vore føre 1800, og at ein også har hatt relasjonsnamnet *Brannhaugrøra* om kanten av haugen. Skaret sør for haugen heiter *Hattesketet*. Hatten er eit vanleg namn på høgder. Ein kan undrast på om dei føre denne brannen kalla høgda Hatten. På Vågsetra kallar dei same skaret for *Lassestølsketet*.

Det ser ut til å ha vore ein støl (seter) som heitte *Lassestølen*.

Namna *Løhaugen* og *Løtufta* /Løtøfta/ er minne etter høyløer. Der det heiter *Løtufta* pla dei lunne tømmer, sa Hans Nesje.

Bytet mellom Hovdenakken og Vågsetra går frå fjorden etter *Bytbekken*, og så oppover dalen som på Hovdenakken blir kalla *Hjellbedalen*. Hans P. Vågseter sa *Hjellbudalen*. Det kan ha vore ei bu her i samband med ein tjørhjell. I skildringa av bytet mellom Hovdenakken og Vågsetra frå 1800 les ein at bytet går opp gjennom «Gielbodalen kaldet». Frå dalen går det i aust til ein stor stein ovanfor «Smaaavand kaldet Kiønden og derfra i øst gjennom efter de trær som er merkede med 2de kryds, hvorav det ene er hugget i øst det 2ndre i vest for træerne, saa at Hovdenakkens er der nordenfor og Vogsæter skogen søndenfor disse merker og saaledes fremefter underst i Brandhaugrøren kaldet, ovenfor en slæt biergklippe kaldet Svaet, lige paa en dal kaldet Lomkjøndalen og der igjennem paa midten av et lidet vand kaldet Lomkjønden hvor dette merkeskiel og skogbytte gaar ud.» Namnet *Svadet* kjem av ordet sva n. 'hålt (glatt) berg'. Ofte er sva hallande berg som jorda har sige av.

Vågseterdalen har namn etter garden som eig her.

Nysetra vart setra til Nørd-Nesje. Ho vart flytta hit

frå der det vart heitande *Gammelsetra*. Gammelsetra låg på ei lægd oppunder *Kammen*. Hamninga var dårleg. Dei setra ikkje så lenge der, men namnet lever. Ein har òg høgda *Gammelseternebba* og eit løype som heiter *Gammelseterløypet*. Nordvest for *Horgaskaret* vart det altså heitande *Nysetra*. Her var vanleg god hamning, og bruka på Nørd-Nesje setra her framover til 1902. Dei slo ikkje kring setra. *Nyseterheian* er sør for setra. *Brattbakkan* og *Kleivdalen* er lenger vest.

Eit vete-fjell

Horga (Horgi, Horjo) er fjellnamn mange stader, særleg på Vestlandet. Utgangspunktet er gno. hōrg m. 'steindunge og heilagdom, heidensk offerstad'. Den siste tydinga som også finst i andre germanske språk, t. d. i gammalhøgtysk harug 'heilag lund', må vere utvikla av den første tydinga. I fjellnamn er horg alltid hokjønn. Ordet er kjent frå Setesdalen og Vestlandet med tydinga berghøgde med bratte sider og flat topp. Olav H. Hauge (1908-1994) bruker ordet i si diktning. Når dei somme stader talar om «horge nuten», er det tale om ein bratt nut. På Voss har ein Lønahorgi. Dominerande og høg er Nesheimshorgi i Granvin. I Melhus har ein det gamle gardsnamnet Horg. Truleg var det frå først av namn på den tverrbratte bergknausen aust for Horg-garden som no blir kalla Storstenen. Gamle gardsnamn er Horge både i Austevoll og Lærdal, Horgheim /Horjem/ oppi Romsdalen og Horjem på Snåsa.

Truleg er Horga med uttalen /Hårja/ av dei aller eldste fjellnamna i kommunen. Fjellnamna er ofte ikkje så gamle. Dativforma er «på *Hårjinj*». Ein kan undrast på kvifor det 552 m høge fjellet i seinare tid har kome meir i bakgrunnen. Området nærast Horga



Varden på toppen av Horga med Litleskåla/Slett fjellet i bakgrunnen. (Foto KMH/Romsdalsmuseets fotoarkiv 09030)

blir no meir og meir kalla Skåla, sjølv om fjellet Skåla ligg nokså langt unna. Tidlegare hadde ein fotballaget Horgakameratane. Kan hende horg har vorte sett i samband med eit nyare innhald 'flock, hop', (heile horga).

Horga var fram gjennom hundreåra eit viktig fjell. Det var vete på toppen. Mange vetevakter har nok sprunge med blodsmak i kjeften mot toppen når dei såg det lyste på andre vetefjell, eller dei hadde fått augo på fiendskip i fjorden.

Olaf Olafsen skriv om *Veten* på Horga: «Viten på Horgen er vel bekjendt og Levninger af den var ialdfald at se i min ungdom. Udsigten herfra er storartet, skjønt Fjeldet jo ikke er meget høit. Viten her var øiensynlig bestemt til at lyse ind gennem Fannefjorden og over den østlige del af Osmarken.» (Sitatet er frå «Viter (Varder) i Romsdalen» i boka «Blad av Romsdals historie», s. 34.)

Helge Hovdenak kan fortelje at det var funne eit dokument som fortalde at ungdomslaget på Nesjestranda hadde avsett pengar til å halde veten ved like.

Når vetane lyste, skulle leidangsflåten bu seg til strid. Slik hadde det vore sia Håkon den gode si tid. I 1429 var leidangsflåten i strid for siste gong mot ein tysk koggeflåte sør for Bergen. Så gjekk leidangen over til å vere ein skatt på eigedom. Slik vart det verande heilt til 1836.

Ein har skildringar av korleis vetane såg ut. I midten var det ein kraftig stokk, 10 m eller meir lang. Rundt vart det sett tørre stokkar. Utanpå desse var det eit lag med opptenningsmateriale. Ytst var det eitt eller fleire tette lag med stokkar som skulle verne det indre laget mot fukt. Det var ein opning i det ytre laget slik at ein skulle nå inn for å tenne veten. I somme skogfattige strøk i Nord-Noreg var vetane oppbygde av kvalbein. Vetane stod på tørre stader eller berg. Somme hadde steinfundament under, eller steinring rundt for å verne mot væte. I ufredstider var det vanleg med vetevakt. Ved somme vetar var det vakthytter. I lova frå Christian 4. si tid kom det påbod om å byggje slike hytter. Dei hadde ofte ei grunnflate på berre nokre kvadratmeter. Men dei skulle ha skorstein og gluggar i alle vegger. Vetehuset måtte vere av tømmer, for vinden tek hardt på toppar.

Det var òg vetar i låglandet. Når skodda hang lågt nedi fjella, var vetane på fjelltoppane til liten nytte. Det var viktig med godt vakthald ved innlaupet av dette fjordsystemet. Øyane Taurå og Dryna hadde vetar. Det var òg vete ikkje langt frå husa på Nørd-Nesje.

Lengst vest på toppen er det i dag ein varde som heiter *Gammelvarden* /Gammelvarinj/. Ein skulle

tru det var her veten stod. Herifrå ser ein til Nesje. Det gjer ein ikkje frå varden lenger aust.

Littlehorga er ei høgd sør for sjølve Horga. I bratta nedanfor er det eit sva (hålt berg) som heiter *Svortesvaet*. Stigen oppå fjellet er *Grønlistien*. Ikkje langt frå stigen i Horgaskaret er *Horgaoppkommå*. *Horgagrova* startar i området ved *Alterhaugen* og renn først mot nordaust, men endar uti Røa (Geitneselva). Ved utlaupet heiter det *Horgagrov-dalen* der ho renn. På sørsida er *Horgagrovholten*. Ein holt er ein haug, ofte steinut.

Alterhaugen må ha mint folk om eit alter, utan at det er meint å ha vore nokon religiøs stad. Ein kan nemne at ein mellom Merraberget og Ballsneset på sørsida av Sunndalsfjorden hadde ein buplass som i 1643 er skriven Alteruig. Det viser seg at ein stein her heiter Altersteinen. Kanskje dei tidlegare berre tala om Alteret. Han har nok gjeve namn til Altervika. Ordet alter (gno. altari n.) kjem frå latin altus 'høg' Som ein ser finn ein namnet mange stader.

Dei følgjande gardsnamna var tidlegare i Veøy herad. For at ein lettare kan jamføre med opplysningane i Norske Gaardnavne frå 1908, er gardsnummera dei hadde i det gamle heradet, sette i parentes.

Vågsetra

Som namnet viser må gnr. 112 (10) *Vågsetra* ein gong ha vore seter. Garden ligg ved vågen som no heiter *Vågsetervågen*. Garden er nemnd i skrift tett etter 1600. Det kan vere at ein hadde fast busetjing her føre manndauden. Så vart det folkelaust, og at det var i denne tida garden vart brukt som seter. Det er tradisjon om at det var Nesjegardane som setra her.

I våre dagar er Vågsetra ein kjend stad. Her er no skule for heile halvøya. Her er òg idrettshall og grendahus. *Skåran* og *Skårabakken* er bruksnamn. Det siste namnet er òg ein liten bakke på vegen, eller brukt om vegskiftet. Førsteleddet fortel truleg helst om slåttamark med skårar. Ein skår er breidda ein slåttakar legg ned graset med ljåen når han går skårgang. *Vågseterneset* blir òg kalla *Skåraneset*. Så har ein *Skåragrova* som renn ut på nordsida av *Midtneset*. Lenger aust er *Midtbøen*.

Ein har bruka *Sagbakken* og *Seljehaugen*. Førsteleddet i det siste er trenamnet. *Seljehaugbakken* er ein bakke på vegen Det same er *Vågabakken*. *Røra* er ei høgd.

Som ei forlenging av *Midtneset* er *Midtnes-*



Frå *Iskaia* mot *Vågsetervågen* 1980. Det var fleire isdammar, ishus m.m. i området.

(Foto Romsdalsmuseets fotoarkiv 02137_5)

grynnå. Her er om lag 2 m djupt. Midtneset var lunne- og opplagsplass for Nørd-Nesje.

På *Isdammen* skar dei is som dei selte til kjøling av mange produkt. Her kom visst denne produksjonen i gang tett føre 1900. Vegen ut til dammen vart kalla *Isdamvegen*. *Ishusa* var opplagsplass for isen. Sagma vart brukt til isolasjon i veggene. *Isrennå* var ei renne der isen vart ført ned på *Iskaia*. Derifrå vart isen utskipa.

Hans P. Vågseter fortalde òg om *Malmbrynnet*. Her har det vore brote ut jarnmalm. Ein må rekne med at det var her dei braut noko av malmen til Osen jernverk. Seinare har hola vore brukt til brunn. Det er årsaka til sisteleddet i namnet. Malmåra går heilt frå Raudsand og hit. Så dukkar ho opp att på Vestnes. Vågseter opplyste at der det heiter *Malmkollen* vart det brote ut noko tung stein som vart brukt til ballast (barlast) til skuter som gjekk til Spania med klippfisk.

Rotan er eit noko merkeleg namn. Ein kan undrast på om det har vore røter i jorda her. *Rot* finst som gardsnamn i Rygge i Østfold. På Sunnmøre er det heile fire gardar med dette namnet. I Trøndelag og i Nordland finn ein plassar og smågardar som heiter *Rota*. På vestlandskysten finst det holmar og høge nes som heiter *Rota*. I vestlandske målføre er rot øvste rommet under taket på eit hus (gno. (h)rót n.). Ved desse namna kan det såleis vere ei samanlikning. Ivar Aasen har inkjekjønnsordet rot om «Roden, Gravning, f. Ex. i Jorden». Hans Ross har det svake hokjønnsordet *rote* med døme som *svinerote* om stad der svin går og rotar. Rotan kan ha vore ein stad der husdyr gjekk.

Det har vore fleire buplassar utpå neset her. Ein stad heiter det *Plassen*. Ein annan var *Nesaplassen*. Der det heiter *Nesamyra* har det vore buplass, for det finst novsteinar. Hans K. Berg skriv i RSÅ at ein husmannsplass heitte *Kobbhalsen*. Her budde

Gjertrud Endresdotter og mannen Lars eller Just Pe-Lars. Lars var frå ein plass under Leirgrovvika. Gjertrud hadde to søner frå før. Den eine vart smed på Haukås ved Elnesvågen. Den andre vart jekteskipper og budde i Ålesund. Namnet på buplassen kjem frå sjølvne neset her som heiter *Kobbhalsen*. Her låg nothuset til notlaget. Dei kalla det *Notnaustet*. Det er neddotte.

Mellom *Kuholmen* og fastlandet heiter det *Vikan*. Her er fleire grunne vikar, men likevel går makrellen her, fortalde Vågseter. Men når det er fjøre, er det tørt. Kyrne kunne då vandre utpå holmen. Det veks noko tolle på holmen. Innanfor er *Vikamyra*. Vest for *Kuholmen* er *Grasholmen* og *Langholmen*. *Lykta /Løktal/* var fyrlykt som vart brukt for dampbåten når han skulle inn på Hovdenakkvågen. Det var far til Hans P. Vågseter som hadde oppdrag å tenne fyrlykta.

Vågseterleiva eller *Kleiva* er kleiva på den gamle vegen. Ein har namnet *Kleivdalsmunnan* der *Kleivdalen* munnar ut. Lenger aust er *Kleivdalsrøra*. Eit løype er *Kleivdalsløypet*.

Ved *Stranda* var *Veøy bruk*.

Bleikeberget er eit berg i fjøra. Hans P. Vågseter trudde namnet kom av at det var bra med bleike utføre her. Det er på vestkysten av landet denne fisken har dette namnet.

Saggrova, *Sagdalen*, *Sagløypet*, *Sagmyra*, *Saghaugan* og *Sagbukta* fortel om sag. Ein ser leivningar av steinfundamentet til oppgangssaga som var der *Saggrova* renn ut i sjøen. Oppå høgda kan ein sjå veiter som samla opp vatn til den litle grova. Det ser ikkje ut som denne saga er nemnd i skriftlege kjelder. Ikkje mange stader har det vore sag ved eit så lite vassdrag. Det var nok Nesje som hadde sag her for lenge sia.

Vest for *Saggrova* er det eit hol i berget som heiter *Ommen /Åm'n/*. Lenger vest er ein liten bekk som heiter *Siklå /Seklå/*. Ein talar om ei sikle. Gjerningsordet å sikle er å renne med veik lyd. *Sikkelberget /Sekkelbærje/* er nede ved sjøen. Lenger oppe har ein *Sikkelskaret*. (Ein kort i har i målføret ofte uttalen e.)

Gammelvegen gjekk litt vest for der bilvegen går no. Han vart òg kalla *Postvegen*. Oppå høgda er han oppmura over ein stad med blautlende.

Middagsberget er eit berg.

Aust for vegen har ein den ruvande *Kammen* med namna *Kamholet* og *Kamenden*. *Kamsetervegen* går til *Kamsetra*. På vegen er *Steinbrauta*. Lenger sør er *Brattbakkan*. Namnet *Staudalen* må helst ha ordet stau (stove) som førsteledd.



Storsteinen som truleg har gjeve namnet til *Steinså-garden*. (Foto KMH/Romsdalsmuseets fotoarkiv 08527)

Steinsåna

Gnr. 117 (15) *Steinsåna* var frå først av elvenamn. Ein må rekne med at her var busetjing føre manndauden. I 1610 er namnet feilskrive som *Stensaas*. Når ein kjem til 1723, er namnet skrive *Stensaaen*, og det viser at namnet hadde bunden form i uttalen. Det er slik at om lag 10 m frå elva på austsida, ikkje langt frå utlaupet ligg det ein stor stein som heiter *Storsteinen*. Han er vel om lag 5 m til kvar side nedmed jorda. Fleire meter høg er han nok òg. Han kan ha gjeve elva namn. Det er lite truleg at elva har fått namn av di det er mykje stein i elvafaret. Sær mange elvar har mykje stein i elvafaret. No blir elva kalla *Steinsåelva*. I utlaupet heiter det *Valen*. Ein val er ein vadestad (gno. vaðill m.). Utføre munningen er *Leirholmen*. Vest for utlaupet er *Leirholå*. Her tok dei leir til tegeverket som var på garden. Seinare vart det dyrkamark her. Eit lite berg heiter *Kuberget*. Hans K. Berg skriv om *Steinsåplassen* i artikkelen «Nedlagde husmannsplassar på Nesjestranda»: «Stensåplassen blei bøksla av Erik Knutsen Berg i 1840-åri. Erik ha fått lovnad på jord i Galtevika på Veøy av presten Tybring. Då Erik kom til Galtevika med stauetimret sitt på ei skute, blei han usams med presten om kvarhen stauetomta skulle vere. Tybring blei sint og slo Erik over ryggen med staven sin. Men då blei Erik sint, han tok ein kornstaur og meinte på, at han skulle slå av ryggen på presten og jaga soleis presten like til Nørvågen. Erik løyste då skuta og segla over fjorden til Stenså og bøksla jord der. Han var gift med Anne Pålsson frå Sølsmymyren og dei ha ein son Knut der blei skuteskipper og busette seg i Ålesund.»

Om husmannsplassen *Bøen* skriv Berg: «Under Stenså hev det vore ein plass 'Bøen'. Her budde

Kristoffer Bønå og kona Ane Olsdotter frå Hans-Olagarden på Nesje. Sønene Iver og Ola og dottra Gusta reiste til Amerika.»

I utmarka aust for garden har ein namn som *Steinsåberget* og *Steinsådalen* der Steinsåelva kjem rennande. *Steinsåbakken* var ein mindre hoppbakke. Når det gjeld namnet *Kokkelia*, kan ein sjå opplysningane om same namnet i Røvika. Det har vore hevda at dei gjekk på dass uti denne ruskemarka. Her kunne ein løyne seg, for det er noko kupert og steinut. Andre har sagt at dei gjekk hit og pessa. Det er nok realiteten, for teglverket må ein rekne med hadde skikkeleg dass. Merkeleg er sisteleddet li, for dette er aldeles inga li.

Garden har hatt industri med både teglverk og sagbruk. Teglverket kom i gang kring 1890. Ei tid var det også møbelfabrikk.

I dag er det bustadhus der det heiter *Saksegjerdet*. I 1635 er Saxe oppført som husmann. Han betaler 1 kalveskinn i skatt. Mannsnamnet Saxi hadde ein også i gno. tid.

Flovika

Gnr. 115 (13) *Flovika* må ha ordet flod som førsteledd. Det er då vika som har vatn når det er flod, men som ligg tørr når det er fjøre. Det er gjort fornfunn på garden. Her har vore mange gravrøyser, men mange er fjerna. På *Kjerringneset* lengst vest skal det vere to gravhaugar. Den eine er iallfall godt synleg. Også denne garden ser ut til å ha vore folkelaus i seinmellomalderen. Men tett etter 1600 er han nemnd i skrift.

Den vidgjetne kapteinen Peter Nicolai Dreyer (1772-1808) frå Fosnes i Ytternamdalen budde ei tid på garden. Det var han som flytta husa på garden dit dei er i dag. Før hans tid stod dei nede ved sjøen. I slaget ved Trongen i Solør 25. april 1808 stilte han seg opp på ein trestomn. Der vart han skoten. Han anda visst ut nokre dagar etter. På Åsnes kyrkjegard ligg han gravlagd. Det er no bautastein ved den nesten vekkrotna stomnen.

Justgarden (bnr. 1) har fått namn etter Just Flovik. (Før i tida var Just eit ikkje uvanleg mannsnamn her i området.) *Flovikhaugen* er bnr. 4. Ein har bustadnamn som *Åsvang* (bnr. 7), *Solheim*, *Bakkebo* og *Furuly*.

Flovikhaugen og *Storberget* er nord for busetnaden. Der det heiter *Lægda* er det utfylt slik at det har vorte som ei lægd.

Tjåkhaugen må ha med tjåke 'streve hardt' å gjere. Truleg fortel namnet at det var tungt å arbeide her.

Så har ein *Grova*. *Holmavegen* er vegen til Flovikholmen som i daglegtale blir kalla *Holmen*. Ein bakke på vegen er *Gjerdbakken* /*Jerbakkjinj*/. *Sommarfjøsosen* og *Råket* /*Råkje*/ fortel om krøterdrifta. *Reinå* er åkerreine (kant nedst på åkeren). Før i tida køyrde dei oppover att noko av molda som seig nedover i åkeren. Dei kalla det «å køyre reine».

Stokken /*Ståkkjinj*/ var endepålen på gjerdesgarden på vegkanten, opplyste Leif Flovikholm. Dette er eit godt døme på at dei minste lokalitetar kan fungere som stadnamn.

Der det heiter *Revgarden* har det vore pelsdyroppdrett for rev.

Nedpå Bakkå er ei attlege (dativform). Der det heiter *Dammen* har det vore ein dam, og der det heiter *Plassen* har det vore ein husmannsplass.

Kjerringa er eit skjer eller ein stein. Her høver det at stader med slike kjerring-namn er noko farlege. Ukjende kunne nok segle seg oppå denne kjerringa. Namnet står nokså sentralt når neset attmed har fått namn etter skjeret. Neset heiter *Kjerringneset*. *Kjerringa* er godt avrunda som tilårskomne kjerringar ikkje sjeldan er. På eine enden er det som ein rund utvokster. Kanskje det er hovudet? Ja, det kan òg vere ei trollkjerring (gyger) som har vorte til stein. Dei hadde det med det.

Hans K. Berg skriv om *Kjerringnesbakken*: «På *Kjerringnesbakken* i Flovika hev det ei tid budd ein familie. Det var Peder Knutsen Hovdenak so fløtta dit. Han blei på ein eller annen måte fordreven frå ein av Hovdenakgarane. Dei fløtta seinare til Vågsætra der Peder kjøpte seg eit småbruk 'Skårann' der slekta framleis bur.»

Flovikgrynnå er sørvest for Holmen (Flovikholmen). Lenger aust har ein médet *Hagabradden*. Ein får *Hagastaken* som méd. (*Hagaflua* er ved *Haganeset*. Her er òg *Hagahammaren*.) Så har ein *Vikbradden*. Ein får *Vikløå* unna *Hagahammaren* som méd. Ein annan bradd (bratt kant på sjøbotnen) er *Holmsbradden*. Her får ein Holmsholmen unna Sølsneset som méd. *Mittetbradden* er lenger sør. Når ein får *Mittet* unna Sølsneset, er ein komen til dette storseimédet.

O. Olafsen opplyser i «Veøy i fortid og nutid b.1, s. 35 at *Sundet* er mellom Veøya og Sølsneset. Slik er det ikkje i dag. I dag er det namnet på sjøstykket mellom Sølsneset og Holman.

Flovikdalen, *Flovikdalsgrova*, *Flovikløypet*, *Flovikrøra*, *Floviklia* og *Flovikheian* er i utmarka langt frå garden. *Flovikbakken* er ein bakke på vegen mot setra. *Flovik-bjønнадalen* er ein mindre dal. Opp herifrå gjekk *Bjønnaastien*. Der hadde nok dyret vegen sin. Oppi området her er *Lysløypå*.

Gjennom *Mørkedalen* renn *Mørkedalsgrova*.

Kamsetra er oppunder *Kammen*. Her var setra til Sør-Nesje etter at utmarka vart delt. Hans Nesje fortalde at *Kamseteroppkommå* er ei oppkomme litt nordvest for setra. *Seterdalen* er austover frå *Kamsetra*. *Kamdalen* er på sørsida av *Kammen*.

Flovikgarden hadde frå gammalt seter i Horgaskaret tett under vestenden av Horga. Dette var ein tørr støl, men setra vart av alle tre brukarane kring 1850 flytta om lag 300 m over på vestsida av skaret. Den første stølen kallar Hans K. Berg *Gammelstølen*. Det blir fortalt at bjørnen hadde hi i ura oppføre. Dit setra vart flytta vart det heitande *Floviksetra*. Det var mykje «bjønnamark», og dyret var ei plage. Edvart Elsrud som hadde studert bjørnen meir enn dei fleste, sa i eit føredrag i 1970-åra at det var få distrikt i landet der bjørnen likte seg betre enn i Romsdalen, og få stader kom han vekk så seint som her. Her på halvøya og austover mot Nesset var det i siste halvdel av 1800-talet ein kjend bjørn som dei kalla *Skeivlabben* som fór vidt omkring. Når dei såg fara etter han, var det lett å sjå at det var han. Eit eller anna uhell hadde han vel i sin ungdom vore ute for. Så i dei første tiåra av 1900-talet kom ein effektiv bjønnautryddar på banen. Det var Johan Alnæs (1866-1933) frå borti Romsdalen.

Åsan har i dei seinare åra vorte eit meir aktuelt namn enn før i tida. No har ein fått service-institusjonar som stor matvarebutikk og omsorgsenter her. Namnet *Skålasenteret* blir brukt. Litt lenger sør er *Bythaugen*. På austsida av vegen er banen til *Skåla skytterlag* og *Skyttarhuset*.

Gamle namn på to myrar

Her er det ei myr som heiter *Glåmå*. Ei myr mellom Sør-Nesje og Nørd-Nesje lenger vest har same namnet. Myrane ligg såpass langt frå kvarandre at namna har kvar sin brukarkrins. Slik er det mange stader at ein finn same namnet ikkje så langt frå kvarandre, men så langt at det ikkje fører til misforståing. Myra på Nesje er i *Veøyboka* b. 1, s. 28, av O. Olafsen nemnd som «en myr som egner seg fortrinlig til dyrkning». Som ein veit finst det ein del namn på elvar og innsjøar med leddet *glåm*. Mest kjend er største elva i landet. Professor Sophus Bugge tolka namnet som 'den blåbleike eller bleike', til ei rot med tydinga skine bleikt eller veikt. Dette kan òg høve godt på ei myr. Ein har myrnamn som *Ljøsmyra* mange stader.

På Island er *Glåma* namn på ei fjellvidde i Isafjords syssel. Når fjellvidda på Island fekk dette namnet, kan det tyde på at dette var eit namn som også fanst i Noreg der utvandrarane kom ifrå. Ein

har mange døme på at dei har teke med seg namn som fanst i heimlandet.

I Halså kommune på Nordmøre har ein garden *Glåmen*. Kan hende garden her har fått namn etter den myra som heiter *Glåmsmyra*. I Østre og Vestre Toten finn ein òg gardsnamnet *Glåmen*. Her er dei òg høgtliggjande. Der meiner dei visst utsiktsstad kan liggje til grunn. (Her i Romsdalen har ein fram til våre dagar hatt ordet *glåmar* for det dei no kallar *tilskuar*.)

Ved dei to myrane i Nesje-området skulle ein tru at meininga 'den bleike myra' høver best, sjølv om ein kan sjå eit stykke frå myrane. Det hadde høvd betre som namn på ei høgd. Desse myrnamna kan vere rett gamle. Her i området vart det ikkje folkelaust i seinmellomalderen, sjølv om manndauden visstnok herja stygt her i nærleiken av kaupangen.

Det kan vere at *Glåmen* somme stader er namn på stader der ein ser vidt. I «Jul på Nordmøre 1997» står stykket «*Glåmen* utkikksposten på Bergem» av Turid Melby Bråten. Her kan ein lese: «*Glåmen* vart den nok kalla fordi du kan 'glåme' vidt omkring. Der har du utsyn over Tingvollfjorden, fjella og Torjulvågen. *Glåmen* har i alle tider vore nytta som utkikkspost.» Det går også fram av stykket at tyskarane hadde vaktpost oppå denne høgda.

Her «oppå *Åså*» var det før i tida eit led der krøtera vandra gjennom når det ikkje var stengt. Det heitte *Åsledet* /*Åsle'e*/. No er det ikkje lenger krøter her, men bustader har vorte bygde. Dei som bur her har fått adresse *Åsleet*. Dette er eit språkleg kulturminne frå ei tid som er ulik våre dagar. *Åsledhaugen* /*Åslehaun*/ er litt lenger vest.

Flovikholmen / Kopparholmen

Gnr. 116 (14) *Flovikholmen* var nok i eldre tid omflødd, iallfall når det var flod. O. Olafsen skriv i *Veøyboka* at det gamle namnet var *Kopparholmen*. Garden vart utskild frå Flovika på 1600-talet. Ikkje langt frå land ved naustet aust for garden er skjeret *Kopparen* /*Kåppar'n*/. Dette blir rett ut for støene. Det som stikk opp når det er fjøre, er litt langvore. I våre dagar er det tangvakse. Sjølv om ein her på austsida er i livd for vestavinden, skulle ein tru skjeret var til hinder når ein i styggever skulle opp i støa med båt. Gardsnamnet vart skrivi *Kobberholm* etter skjeret. Som ein forstår er namnet på skjeret eldre enn gardsnamnet. Det måtte vere noko ekstra med *Kopparen*, når garden fekk namn etter han. Dei



Flovikholmen/Kopparholmen og Flovikhaugen t.h. sett frå Flovikgarden kring 1915. Åfarneset rett bak Dreyer-bautaen. (Foto Fredrik Misfjord/Romsdalsmuseets fotoarkiv 12829)

som budde på garden, skreiv seg for Kobberholm fram til kring 1800. Dette namnet stod også på kyrkjestolen til garden i kyrkja på Veøya. (Han er no utskifta.) Dei som førte namna på folka her i pennen, må ha meint at ein hadde med metallet koppar å gjere. På militærmannen Richelieu sitt kart frå 1768 står Koberholmen.

I NG finn ein ikkje anna namn enn Flowigsholm frå 1669 og Flowiigholmen frå 1723. Opplysningar om det andre namnet hadde nok ikkje kome fram til dei som laga bokverket.

Olafsen nemner skjeret som *Kobben* eller *Kopparen*. Ein kan undrast på om Kopparen er ei forvansking. Per Hovda skriv på s. 98 i boka «Kystens historie i kart og beskrivelse Norges sjøkartverk 1932 – 1982»: «På skjer nytta til faste kobbalægje var det mykje vanleg at dei festa store kroknaglar slik at når selen skulle velte seg ned av skjeret, vart han hengjande fast og fanga. Sume av desse skjera heiter då også Naglaskjeret t. d. både i Imsland og Finnøy, Rog; medan andre har fått namn som Kobbanaglen. Dei ovanfor nemnde stadene er alle gamle veideplassar etter kobbe/sel. Når hollendarane i sine kart tok opp skrivemåten Coperwick /-wijck /-wyck og Coper-nagel o. likn., kom det nok av at dei ikkje kjende ordet kobbe – dei brukte ordet selhund – og så knytte dei namnet

saman med metallet kopar. Skrivemåten Kopervik, Kopernaglen med falsk r i samansetjinga tok då norske kartografar kritikklaust over frå framande kart.»

Kan også skjeret her ved Nesjestranda ha utgangspunkt i dyret som ein her kallar kobb? Somt tyder på at dei har trudd skjeret hadde metallet koppar i seg, og at det er metallnamnet ein har i skjernamnet. I ei segn på s. 178 i «Folkeminne frå Romsdal» er det sagt om futen Alsing som dreiv Osen jernverk i siste halvdel av 1700-talet: «På



Kopparen er eit avrunda skjær rett ut for båtstøene på Kopparholmen. Veøya og Hangholmen i bakgrunnen t.v. (Foto KMH/Romsdalsmuseets fotoarkiv 31987)



Hamnavika sett frå Bergsvika kring 1920. Dette var sentrum på Nesjestranda.
(Foto Fredrik Misfjord/Romsdalsmuseets fotoarkiv 12860)

Holmen innpå Nesjestranda hadde han eit koparverk. Dei hev kalla det Koparholmen der sidan.» Som ein ser, botnar segna i ei misforståing. Kanskje det òg er blanda saman med at Alsing braut ut noko jarmalm til verket på Vågsetra.

Det kan vere andre tolkingsalternativ til dette visseleg gamle skjernamnet. Det kan vere gno koppari m. 'svarvar, koppemakar', eller gno. kaupari m., eller *kaupfari 'kjøpmann, handelsmann'. Ein kunne tenkje seg at at skjeret var svarvaren som kunne svarve (dreie) av båtane, altså skade dei, når dei skulle leggje til her. Ved garden Lindset på nordsida av Malmefjorden i Fræna kommune er det eit skjer som heiter Båtsmeden. Tjøretjuven er namn på ein båe i Hordaland.

Så er det slik at i Bjugn er det eit 476 m høgt fjell med tv-sendar som heiter Kopparen. Jørn Sandnes skriv om dette fjellet i boka «Namn i fjellet» (1968) s. 53: «Eit kjent fjell på Fosen-kysten er Kopparen i Nes. 'Koppar'n va de sist vi såg tå Innlandet når vi fór utover, og de føst vi fekk kjenning tå når vi kom i'pund', sa ein gammal Havbru-fiskar. Namnet har nok ikkje noko med metallet å gjera, men heng truleg saman med kopp m., kopp, kar, topp, fingertopp o. l.» Dette kan verke som ei sannsynleg forklaring.

I NG blir det opplyst at ein uttalte holmen med ø-lyd. Men i dag har ein uttale med å-lyd. Mange tvilar på at ein den gongen hadde uttale med ø-lyd her på nordsida av fjorden. Slik uttale høyrer heime på sørsida.

Leif Flovikholm fortalde at *Andersneset* har namn etter Anders Vestad som hadde laksenot

her. Han budde lenger ut. Her er òg *Andersbukta*. *Brotet* /Brøte/ er attlege. Det var bestefar til Leif Flovikholm som braut opp attlega. *Steingarden* er steingard i bytet. Namnet *Haugåkerbukta* /Hauåkerbokta/ fortel at åkeren ovanfor vart kalla Haugåkeren. *Ruskehaugen* fortel at det var ruskemark her. *Revgarden* /Rævgar'n/ var hus der dei hadde oppdrett av rev til pels. *Innpå* er ei attlege. Som ein ser er namnet ein preposisjon. *Løhaugen* er ved løa. *Våtå* er endå nærare løa. *Myra* er attlege. Ein talar oftast om «på Myr'n» med dativforma. Der det heiter *Smihaugen* stod den gamle *Holmasmiå*. *Skotet* /Skåte/ er hus der ein har ved o. l. *Skotbakken* /Skåtbakkjinj/ er bakke på gardsvegen før ein kjem opp til Skotet. Ved *Holmaberget* er *Holmanaustet*. Dette er eit noko høgt og rundvore berg. På sørsida av berget i fjøra ligg *Røysa*. I fjøra ikkje langt frå Kopparen ligg *Tjeldsteinen*. *Øvre* og *Nedre* /Ner/ *Steinbrua* er steinbruer på gardsvegen. *Storveitå* er ei veite. *Holmaleirå* er leire som fell tørr når det er fjøre. Ein kan tru denne vika har ført til gardsnamnet Flovika. *Øvre* og *Nedre Sandvollan* er attleger.

Hamnavika

Gnr. 118 (16) *Hamnavika* er ikkje nemnd i skrift før i 1669 som Haffnewiigh. Det er nok gno. *Hafnarvík, altså ei vik som var hamn for farty. Namnet på vika har gått over på garden. *Hamnavikhaugen* skjermar vika mot vestavind. Andre relasjonnamn er

Hamnavikmyra, Hamnavikbøen og Hamnaviknøsa eit stykke frå garden.

Både i 1913 og 1930 vart det halde ungdomslagsstemne for heile Romsdalen med teaterframsyning på vestsida av *Hamnavikløå*. I 1930 då Alfred Maurstad var til stades, veit ein at spelstykket «Heimebrenning» av dikteren Erling Moen, som budde på Kringstad, vart spela. (Moen hadde vunne ei tevling for skodespel med dette stykket, føre mellom andre Tarjei Vesaas.)

Aust for husa i Hamnavika hadde tettstaden som vart heitande *Nesjestranda* vakse fram frå midt på 1800-talet. Ei tid var det også hotell her. *Nesjestranda* har namn etter dei utgamle Nesje-gardane med dei mange gravrøysene og fleire bautasteinar. Frå bronsealderen og framover var nok denne halvøya saman med Bolsøya hovudsentret i det området som i våre dagar omfattar Molde kommune.

Nesjestranda var eit kjent bygdenamn på 1900-talet. I andre halvdel av hundreåret tok avisene til å bruke skriftforma *Skålahalvøya* om halvøya. Det vart nok ikkje tenkt på at det naturlege hadde vore *Skålahalvøya* slik som i namn som *Skållia*, *Skålsetra* og *Skålvatna*. Mot slutten av hundreåret dukka brått avisoverskrifter som «Innbrudd på Skåla» og *Kollisjon på Skåla* opp. Gode bygdenamn som *Vågane* og *Nesjestranda* måtte gje tapt. No har ein fått postadressa 6456 Skåla.

Hamnavikbakken er ein bakke på veggen. *Stranda* var stranda med alle handelsbuene. Det vart vel òg sagt *Hamnavikstranda*. Røra ovanfor er *Strandarøra*. *Plassaberget* er eit berg ved sjøen.

Ungdomshuset var i lange tider ein kjend stad. Det offisielle namnet er *Veøheim*. *Lassebua* var ei bu i dette området. Ho står no på Romsdalsmuseet.

Der det heiter *Paradiset* er det mange som bur. Som ein veit er det ikkje så altfor langt mellom stader som heiter Helvetet her i landet. Meir sjeldan kjem ein dit det heiter Paradis eller Paradiset. Ola Stemshaug skriv m. a. dette under oppslagsordet Paradis i Norsk stadnamnleksikon: «Finst som gardsnamn fleire stader i Sør-Noreg, dei tidlegaste skriftlege belegga er frå seinmellomalderen. Namnet er heller ikkje uvanleg som naturnamn. Vanleg særmerkjer namnet Paradisstader som på ein eller annan måte skil seg positivt ut frå omgjevnadene, t. d. ved rikt voksterliv (ofte godt beite), vakkert landskap, god badestrand osv.» Namnet her ved *Nesjestranda* er ikkje så nytt, for dei veit visst ikkje kva tid ein fekk namnet.

Der det heiter *Trongkrøpet* har det vore ein buplass. Hans K. Berg skriv at det står att ein staur med eit kjellarhol. Sjølve namnet fortel nok om ein trong passasje i lendet.

Over *Bytnebbå* går det byte.

Nesje

I våre dagar har ein både *Nørd-Nesje* og *Sør-Nesje* /*Næsje*/. Dette er gnr. 113 (11) og 114 (12). Halvøya her er gammalt kulturlandskap. Folk har streva og livnært seg her av det som jorda og fjorden gav frå langt atti tida. Det er mange gravhaugar kringom. På *Nørd-Nesje* stod det ein bautastein på ei gravrøys ved nausta, men han er brukt til klopp over ein bekk. På *Rognesset* på sørsida er det to gravhaugar med bautastein på kvar av dei. Ein forstår at her var samfunn som hadde overskot til litt anna enn berre strevet med å skaffe seg det ein trong for å overleve. Det ser ut som garden frå først av heitte *Nes*. I 1480 er det i eit diplom tale om *Yther* og *Inder Ness*. I 1504 er det tale om både *Nesie*, og *ytre* og *indre Nes*. Det ser ut som dei to gardane til saman var *Nesje* som ser ut til å vere fleirtalsform. Men ein har eintalsforma *Nor Nes* i 1669.

Om lag 1550 finn ein *Sødrenes* i eit diplom. I 1669 er garden nemnd som *Sørnæs*. Når ein kjem så langt fram i tida som til 1723, finn ein skriftformene *Nor Næssie* og *Sørnessie*. Fleirtalsforma ser ut til å ha teke over av di det vart to gardar. Ein ser at dei gamle førsteledda var *ytre* og *indre*, og ikkje *nord* og *sør*. Når ein finn at også eigedomar på *Sør-Nesje* har same gardsnummer som *Nørd-Nesje*, kan dette vere eit minne om at *Nørd-Nesje* er eldst.

Bnr. 5 på *Sør-Nesje* er *Øygarden*. Namnet fortel at somme bruk etter manndauden vart liggjande øyde. Ein må rekne med at det føre krisetida var meir enn to bruk. Heilt folkelaust vart det ikkje utpå halvøya her. I 1520 er det berre ein skattebetalar, *Erik på Nesse*. Han betaler ikkje meir enn ½ mark. Seinmellomalderen må ha vore ei stor nedgangstid også her.

Seinare fekk ein atter mange bruk i området. Ein har *Hans-Olagarden*. (Førsteleddet fortel om *Ola* son av *Hans*.) Namnet kan vere etter son



Sivertgarden på Nørd-Nesje. (Foto Fredrik Misfjord/Romsdalsmuseets fotoarkiv 12899)

til Hans Olsen Nesje. Han levde frå 1827-1906 og heitte Ola Hanson Nesje. Seinare har garden vore kalla *B-garden*. Bnr. 7 *Strandvoll* er utskilt frå denne garden. Vest for bnr. 11 *Nesjeplassen (Plassen)* kjem *Kvennagrova* ned. Namnet fortel at her var kvernhus. Lenger oppe blir grova kalla *Strandagrova*. *Aritgarden* har det uvanlege mannsnamnet Arit som førsteledd. *Vevarneset* er bnr. 6 under Nørd-Nesje. Peder Vevar betalte skatt i 1671, og namnet må vere etter han. På sørsida av Vevarneset er det bratt. Her heiter det *Hammaren*. Neset utover heiter elles *Nesjeskaget*. På Richelieu sitt kart står *Næsse Skag*.

Namnet på øya vest for Nesje er skrivi *Karlsøya*. Fjordstykket mellom øya og Bolsøya er på karta *Karlsøfjorden*. På kartet frå 1870-åra står *Carlsøy*. Dette viser at dei som laga kartet, trudde at førsteleddet i namnet var mannsnamnet Carl/Karl. I NG s. 256 står: «Skrives paa AK Karlsø, udt. ka`llseina. Ligger nær Nesjelandet. Sandsynlig sms. med Mandsnavnet Karl. (På førsteutgåva av amtskartet er altså første bokstaven c og ikkje k.) Uttalen av øynamnet er også feil. Ein seier *Kasjeina*. (På same måte uttalar ein genitivsforma av kalv i ordet kalvslægje 'det kalven ligg i' inni kua.) Øynamnet har einstavings tonelag. Førsteleddet er nok kalv. I Norsk stadnamleksikon finn ein opplysningar om at Kalven kan vere namn på ein holme som ligg attmed ein større holme. Attmed *Kal(v)søyna* er det to holmar, *Litle Kal(v)søyna* og *Holmen*. Ein kan undrast på om nokon av desse har heitt Kalven. Men førsteleddet kan godt vere mannsnamnet Kalf/Kalv som ein veit var brukt i norrøn tid. Dette høver òg best med omsyn til tonelaget. I eit diplom frå 1513 er «Kalsøen under under Ytre Nesje» nemnd (NG s.256). Ein veit at det budde folk på øya på 1600-talet. I bøterekneskapen for Romsdal frå året 1617 står: «Per Holst paa Kalsø for hand belaa hans egen festmøe Maren Jensdaatter gaff derfor Pendinge 2 dl.» På eit hollandsk kart der denne delen av kartet er frå 1620-åra, står *Hannibalshoeck* ved Gjelstein og *Perholst* akkurat der *Kal(v)søyna* ligg. Ein veit at Hannibal Gjelstein selte trelast til hollendarane. Også Per Holst selte lite grann til dei. I skattemanntalet er han oppført som husmann. (Det var ikkje uvanleg at hollendarane sette namnet på viktige personar på kartet for å vise kvar dei budde.) Truleg var Per Holst først og fremst mellommann mellom dei som hadde trelast å selje og hollendarane. Av namnet kan det sjå ut som han var innvandrar. Familienamnet Holst kjem frå Nord-Tyskland eller Sønderjylland, og tyder opphavleg holsteinar. Her budde nok fleire enn Per Holst og kona. På same tid som han

forbraut seg mot den rådande moralen, måtte Otte Giedenes betale 4 dalar «for hand haffuer slagenns med Thorre Kalsøen». Denne «Tore Kalsey'n» var nok frå same øya.

No er det lenge sia det budde folk på øya. Bruka på Nørd-Nesje eig øya i lag. Det er ikkje så forferdeleg lenge sia dei slo utpå her. Hans Nesje fortalde at dei åt på det berget i fjøra som heiter *Matberget*. Gamlekarane sov òg til middags her før dei tok til att med arbeidet, fortalde Nesje. *Matbergvollen* var den vollen dei slo først når dei byrja slåtten utpå her. Når dei var ferdige her, slo dei der det heiter *Stranda /Stranna/* på sørsida av øya. *Bukta /Bokta/* er på austsida.

Ei lita tjørn på Litle Kal(v)søyna heiter *Tjønna*. Dei unge tevla om kven som greidde å hoppe over Tjønna. Ho er 3-4 m brei, men det er ikkje så greitt å få tilsprang. Dette trøydde dei tida med medan dei eldste av slåttafolket sov, fortalde Hans Nesje (1918-2008). Han fortalde òg om ein stein som rett og slett heitte *Steinen*. Denne steinen prøvde dei å løfte. Han er eit karsløft, sa Nesje. Steinen ligg der framleis. Kåre Nesje tala òg om ein stein som må vere den same. Han brukte namnet *Karaløftet*. Det var eit karsstykke å løfte han. Han fortalde òg om ein stein som kvinnfolka løfta. Han heitte *Kvinnfolkløftet*.

Det var nok ikkje berre folket på Nesje som dreiv denne idretten som truleg er ein av dei aller eldste. Frå Telemark er Sterke-Nilssteinen velkjend. Haddemohadden løfta Storegut då han var 18 år. Slike steinar, om ikkje så tunge, var det nok i dei fleste bygder. Men etter måten få har vorte tekne vare på. Frå Todalen på Indre Nordmøre fortel Leif Halse i boka «Skirenn og broktak» (1978) : «Fleire stader i bygda låg det løftings-steinar som sterke karar kunne få prøve makta si på.»

Det er interessant å få opplysningar om at også kvinnfolka løfta lenge før dei fekk sleppe til i organisert idrett. Ikkje berre på Litle Kal(v)søyna har ein Kvinnfolkløftet. Same namnet er det på ein stein på Uksnøya på vestsida av Harøya. Segna seier at ei uvanleg sterk tenesttaus bar han dit han no ligg. (Sjå elles Bjørn Austigards artikkel «Løftingssteinar-løftarsteinar» i RSÅ 2002.)

Juten /Jutinj/ er ei flu på sørsida av Litle Kal(v)søyna. Det er kanskje 20 m bortpå henne. Same namnet har ein undervasstein ved Helland ved Vestnes. I. Brovold skriv i boka «Smaafortøllinger og Sagn (1903) s. 86: «Nils Dahl omkom ved at ro sig op paa en undervandssten ved Hellandsneset, hvilken sten man kaller 'Juten' ettersom manden som druknede paa den, var prestesøn fra Jylland i Danmark, medens de som var derfra blev kald Juter.»



Ein ser Juten t.v. for Little Kal(v)søyna.
(Foto KMH/Romsdalsmuseets fotoarkiv 32013)

På austenden av Bolsøya, på Bolsøyneset, er det ein gravhaug som heiter *Jutehaugen*. På denne staden som ligg om lag 25 m o. h., har det vore ein buplass i eldre steinalder. Han er ikkje mykje undersøkt, men det er funne knivliknande avslag av flint. Slikt vart sett inn som egg på reiskapar av bein eller tre. Ein reknar med at strandlina gjekk her den gongen folk heldt til her. Norsk Riksmålsordbok siterer Henrik Wergeland ved ordet jótar. Han skriv at det er «litt. foreld. , person tilhørende en tenkt primitiv urbefolkning i Norge og Sverige». (Werg., Saml. Skr. IV, 2, 193.) Heilt fram til Wergelands dagar trudde sjølv dei lærde at det første folket var meir stortroll enn menneske. Folk kan altså ha trudd at ein av dette slaget var hauglagd her. Eg spurde Norsk leksikografisk institutt om dette ordet i 1990. I svaret frå Arnbjørg Hageberg heiter det: «Jute har vi mange setlar på. I eldre mål tydde det 'jyde'. Nyare tydingar er dei du nemner frå Nynorskordboka. Ettersom jydane vel ikkje alltid var så velsedde og/eller velkomne her i landet, kunne ordet lett bli brukt nedsetjande. At ordet attpåtil eigentleg er det same som jutul, gjer det vel òg lettare å tenkja seg ein jute som ein toskut skapning. I fylgje folketrua kunne jutular bli omskapt til steinar, og her skulle ein tru at vi finn forklaringa på at store steinar og skjer heiter Juten. På ein av setlane våre står det at i Jutevatnet i Tresfjord er ein stein som heiter Juten. Jute i tyding 'dum, toskut person' har vi materiale på ifrå Dovre, Nettet i Romsdal og fleire bygder i Sør-Trøndelag. Frå Nord-Østerdal og Røros har vi tydinga 'storskrytar', 'ein som vil vera større enn han er' o. l.» Så seint som på 1700-talet kalla lærde personar gravhaugar for kjempehaugar. Dei levde i den tru at ein gong i tida levde det kjemper på jorda. No veit visst ingen for visst kvar denne steinen i Jutevatnet er. Viss einkvan i båt har støytt på han, kan han ha vorte sett på som ein tosk. Men det kan vere ein jutul som har vorte til stein.

På Miøya og i Sandvika ut mot Hustadvika har det vore åkrar som heitte Jutåkeren. I NG s. 401 finn

ein at Jutvika er ein husmannsplass under gnr. 26 Haugen i Surnadal kommune. Oluf Rygh trur jute her er jyde. Men kanskje det i vika har vore ein stein som heitte Juten. To steinar på eit nes på vestsida av Eikesdalsvatnet heiter Jutan /Jutanj/. Neset heiter Jutneset. Dette fortel Henning Austigard. (På kartet i M 1: 50 000 har det fram til no stått feilskriva som Djupneset.) Steinane kan gjerne vere jutular som har vorte til stein. Som ein veit var ikkje dette så uvanleg når dei ikkje kom seg inn i berget før sola rann. I boka «Innsjønamn frå Hedmark» av Kjell Venås er det opplyst på s. 267 at i Romedal har ein Jutsetra og Jutsjøen. Frå Skogn har Nils Hallan opplyst om Jutåa og Jutåsen. Her kunne ein tru at det var jutul, for Karl Braset nemner ein jute som ein slik skapnad i Sparbu. Juthatten er eit grensefjell mot Sverige i Li (Lierne). Er det hatten til ein jyde, eller er det ein jutul som eig han?

Det er i det heile vanskeleg å seie kva som ligg attom kvart av desse jute-namna. Det er som ein ser fleire alternativ. I dei nemnde namna på skjer og steinar i Romsdalen, og i Jutehaugen på Bolsøya er det helst jutul.

På austsida av Kal(v)søyna er det ei flu som heiter *Kvenna /Kvennja/*. Dette er ikkje noko uvanleg namn på båar, fluer, fall og brot i verharde strøk. Som ein forstår minte lyden om ei kvern som mol. Dette var ei vanleg låte å høyre om haustkveldane når folk mol det verdfulle kornet på bekkverkene sine. Det var livsviktig for dei sjøfarande i mørker å kjenne dei ymse brota på lyden i dette ureine farvatnet. Eit namn som dette kan vere så gammalt som frå mellomalderen. Det var då ein fekk kverna som vart driven med vasskraft.

Kal(v)søysundet /Kasjøysønne/ er sundet mellom øya og land.

50-60 m vest for Vevarneset har ein skjernamna *Munken /Monkjinnj/* og *Munkedeiå /Monkedeiå/*. Lokalitetane ligg ikkje langt frå kvarandre. Munkedeiå er synleg berre når det er stor fjøre. Sisteledet dei er det gno. deigja f. Opphavleg var det den som knødde deigen (stod for matstellet). Det same ordet har ein i budeie. Men det fekk òg innhaldet frille til geistleg mann. I det gamle lovverket er det tale om «deigjur eda fridllur» (deier eller friller). Målet var at munkar og andre geistlege skulle leve i sølibat. Her til lands var det ein del motstand mot dette. Mange prestar og munkar greidde ikkje å halde seg frå å søkje seng saman med kvinner. (Når ein les boka «Decameronen» av den italienske diktaren Boccaccio (1313-1375), ser ein at det i seinmellomalderen var mange soger om slikt.) Her i sjøen er det ein munk som ikkje har greidd å halde seg på den smale vegen til tidas moral. Ein

finn ikkje ordet munkedeie i NO, men stadnamnet viser at ein gong må denne personnemninga ha vore i bruk i denne delen av Romsdalen.

Oterberget /Åtterbærje/ er eit berg i fjøra. Kåre Nesje fortalde at bakgrunnen for namnet var at Anders Ødegård ein gong kring 1900 fekk sjå ein oter her. Han la etter oteren og greidde å trive han «i rompå» (rova) før han bykste på sjøen. Så svinga Ødegård oteren i lufta og slo han i hel mot berget. Hadde han ikkje vore så snar, kunne otertennene vore farlege. Oterskinnet var nok verdfullt. *Midneset /Mettnæse/* er om lag 100 m lenger sør.

Eit berg heiter *Klokkarbyggjå*. Ein klokkar må ha reist herifrå når han skulle gjere teneste ved kyrkja på Veøya. Lenger oppå land er *Klokkarbyggkjemmen*. Sisteledet kjem av kime, her brukt om eit område med tett skog. Somme stader er det med dette ordet meint skog av eitt treslag. Skogkjem er eit vanleg ord her i kommunen. NO har registreringar av ordet med dette innhaldet frå Vestlandet og nordover til Velfjorden og Vefsn. (Korrekt normering vil vere t. d. skogkim, men her er brukt ei meir talemålsnær skriftform.)

Vest for landet her er *Langskjæret* og *Langskjærflua*. Kanskje ein som heitte Pål har vore ute for ulykke på fluene som heiter *Pålfluin*. Pål er den gamle uttalen av mannsnamnet. No er Paul mest brukt.

Hamran /Hamranj/ er eit område på sjøen. Her er grunt, og botnen er nok hamrut. Kåre Nesje sa at det berre kan vere 20 cm vatn på «utgabba fjøre». Men dette er ikkje avmerkt på sjøkartet.

Håkáflua er vest for Hamran. Håká er nok den gamle målføreformas av Håkon. Mykje kan tale for at Håká har forlist ved flua. I «Veøyboka 1» finn ein på s. 37: «Av skjær og grunde findes der mange, og enkelte ligger meget farlig for seiladsen; men har nu sjømerke. Haakofluen på Kalsøyfjorden midt i seilleden fik sjømerke allerede i 1852 bekostet av Veøy herred.»

Nesarøysin er gravrøyser utpå neset her. *Øygardsrøysin* er gravrøysene nærast Øygarden. Det skal visst finnast 21 gravrøyser her utpå *Nesjlandet*. Dei skal vere frå jernalderen.

Eit nes heiter *Hjellneset*. Her er vel hjell ein avsats i lendet. I fjøra er det ein stein som heiter *Hjellnessteinen*. Sør for neset er den store grunna *Hjellnesgrynnå*.

Husmannsplassen *Tjønnholet /Tjennjhåle/* må ha namn etter ei tjørn. Det er nok tjørna som dei kalla *Tjønnholtjønna*. Ho er no uttørka. Det skal vere ein steinsett ring her. Det er eit minne frå førhistorisk tid. Når det gjeld plassen, fortel Hans K. Berg i artikkelen om husmannsplassane (RSÅ

1949) at det var Gurå Pedersdotter og mannen som vart kalla Barbro-Lars som budde her. Dei hadde døtrene Beret og Rassina. Seinare vart Beret gift med ein som heitte Anders. Langfjordingar som skulle til Molde, gjekk oppi Tjønnholet for å få seg ein kaffikopp. Berg skriv: «På heimtur frå Molde, der det var brennevinssalg då, blei det ofte liv i den vesle stova. Dei fekk Anders til å ta fela og Gurå måtte danse med dei. Ein gong ho dansa med Knut Grebbestadstrand, der var ein sprek kar, blei ho svinga slik, at ho sopa kaffikjelen ned tå omnen med skjørtet sitt. Anders og Gurå hadde ein son, Mattias; han døydde ung.»

Ein har *Tjønnholneset*, *Tjønnholsteinen* og *Tjønnholnessteinen*. *Tjønnholfløsteinen* er i fjøra. *Støyten* er ein tanglaus stein utføre neset. Han stikk utor på stor fjøre. Han kan vere lett å støyte på.

Nokså langt borti fjorden, nærare Sekken enn Nesjlandet, er *Hans-Olaholå*. Dette er eit djup og eit fiskeméd. Bnr. 6 på Sør-Nesje er Hans-Olagarden. Det kan vere meint at han som garden er oppattkalla etter, fiska mykje her.

Oppkommå var vest for Tjønnholet. Ho er attfylt no. *Øygardsledet* var led ved Øygarden. *Råket* var råk som gjekk aust vest.

Haugen var bustaden til Kåre Nesje. Han var frå bruket *Øygardsgjerdet*. Vest for landet er *Sandvika /Sannvikja/*. Der det heiter *Stabburhaugen* er det ein gravhaug. Kåre Nesje opplyste elles om *Myran*, skogholtet *Småtollen* og *Nesaledet* som er led på *Gammelvegen*. Geita gjekk *Geitavegan*. *Korsvegan* er stigar som går i kors. *Rotmyra* er ei lita myr. Namnet fortel om røter i myra. *Rotmyrhaugen* er attmed myra. *Råkmyra* er ei lita rund tjørn som var fin å renne på skeiser på. Ein forstår det var råk i nærleiken. Så har ein *Myrholå* og *Storrøysa*. På *Snauteigen* var det lite som voks. *Glåmmyrjaren* er jaren på sørsida av den store myra *Glåmå*. Ein jar er ein kant, ofte opphøgd. I gno. heitte ordet jaðarr. *Ryslehaugen* er ein lite haug. Hit vart mykje skrot kasta. Knud Leem skriv i ordsamlinga si frå 1740-åra at ritle er «een Green paa et Træ» i Avaldnes i Rogaland. Ein veit at det var vanleg om vārane å rake saman kvist som om vinteren hadde blåse laus frå skogen og inn på attlegene. Dette kalla dei å *rake rysle/risle*. *Storsteinen* er ein stor stein. Han ligg her framleis. *Storsteinvegen* er ein stig som no er attgrodd. Øygarden køyrde myr her. *Kjellarbrynnnet* er brunn i kjellaren på bruket Øygardsgjerdet. *Fjøsbrunnnet* var i den gamle fjøsen. Før i tida var det nokså vanleg at dei bygde husa over vassårer. Det var praktisk den tida dei streva og bar vatnet. Ikkje fraus det så lett heller. *Fossen* var ein tillaga foss i Grova. Det var opplagt ein stein som gjorde at



Frå Sør-Nesje med Olabakken oppover bøen. Skulen mot himmelen. (Foto Fredrik Misfjord/Romsdalsmuseets fotoarkiv 12887)

det var ein liten foss. Her sette ein opp kvennakallar. *Kortvegan* var stigar. Ein må tru at førsteleddet er eigenskapsordet kort, sjølv om ein iallfall lengst aust i kommunen før i tida oftast brukte stutt i staden for kort. Uttalen var støtt. Lenger aust er *Kroken* /*Krokjinj*/ eit hjørne av dyrkamarka. Kåre Nesje sa at det gjerne var ein krok på kvar gard. Så har ein haugane *Sauhaugen* og *Råkhaugen*. *Høgreinå* er reine.

Blåhammaren er ein liten hammar. Namnet kan vere retteleg gammalt. Hadde det ikkje hatt så høg alder, hadde førsteleddet gjerne vore svart. Blå vart i gno. brukt om mørk farge. *Hujoholet* er eit hol i Blåhammaren. Kåre Nesje hadde lita tru på at denne største av uglefuglane, som no er i ferd med å døy ut, hadde halde til her. Men einkvan må ha meint at han heldt til her.

Ein har *Sveinsåkeren* og *Sveinsåkerreinå*.

Nedanfor bruket *Nesjegjerdet* er *Gjerdbukta*. På bruket *Nesjeteigen* har ein namnet *Teigan* på innmarka. *Naustneset* har naust og fortidsminne. Aust for neset er *Naustnesbukta*.

Fåtjønna er minne om lindyking. Her fådde (røytt) dei linet. Dei la det i vatn for løyse det verdfulle frå det som ikkje skulle spinnast. Linåkrane var små og låg nær husa. Bra jord vart brukt. Det er sagt at det skulle vere som ei blåfarge på dei. Linåkeren fortalde korleis kona på ein gard var, og den andre åkeren og enga om korleis mannen var til å stelle, sa A. O. Vinje. Linet vart røska opp med rota. Det var viktig at stylkane var så lange som råd. Så vart det soltørka, og frøkaplane vart kjemde av, og det vart lagt i *ei fåtjønn*. Det var mange arbeidsoperasjonar med både hekle og linbrøkje før linet vart spunne til fine dukar og skjorter. Det dårlegaste vart t. d. brukt til stryskjorter. Alle har

høyrt om stryskjorta og havrelefsa som venta etter ei høgtid. Folketrua var slik at viss linerla sat på taket når dei sådde linfrøet, ville linet bli langt, og det var bra. Her i området sa dei gamle erle. Det gjer Garborg frå Jæren òg. Ordet linerle må helst ha kome inn gjennom skrift. Somme stader trudde dei at dei kunne verje seg mot attergangarar ved å så linfrø kring stova. Linfrø vart visst òg brukt mot sjukdom på folk og krøter. Soldatar i krig som greidde å kaste seg inn i ein linåker, skulle bli skotfrie. Namnet Linåkeren er ikkje kome med i innsamlinga nokon stad i kommunen, men Fåtjønna fleire stader. Årsaka er vel at åkrane vart gløynde då dyrkinga tok slutt, men tjørna låg der og minte om dette arbeidet. Bomull tok over for lin. Det vart visst eit lite oppsving for lindykinga under den ameikanske borgarkrigen i første halvdel av 1860-åra, for då kom det ikkje bomull frå Nord-Amerika.

Førsteleddet i *Persegarden* må vere Person (sonen til Per). *Massmyran* og *Olagarden* er andre bruk på Sør-Nesje. *Olabakken* er ein bakke på vegen. *Langrøysa* er røys.

Rognå er ein snage (smalt nes) som stikk ut i fjorden. Innanfor er *Rognebukta*. Og på vestsida er *Rognesset*. Ein har nok med eit gammalt ord for steingrunn å gjere.

Grønløkan er løkar. *Kloppin* /*Klåppinj*/ er klopper over løken. Her ikkje langt unna var *Kloppeledet*.

Innlogå er atlege som er dyrka seinare. (Sjå artikkel i RSÅ 1996.) På Aretgarden har ein innmarksnamna *Storåkeren*, *Vollan* og *Dumpa* /*Dompa*/. *Sundet* må opphavleg vere det som Aasen i ordboka si definerer som «en Vei eller smal Engstrimmel imellem to Agre.» *Learåkeren* må vel ha led i førsteleddet. *Brurakroken* /*Brurakrokjinj*/ ser ut til å ha brur 'kvinne som giftar seg' i

førsteleddet. Ein kunne tenkje seg at jordstykket har vorte gjeve som bruregåve. Eit berg heiter *Lisbethberget*. Førsteleddet må vere kvinnenamnet. *Soltun* er bustadhus.

Trongarden har mannsnamnet som førsteledd. Av stadnamna ser det ut til å ha vore meir brukt før i tida enn i våre dagar. *Løhaugen* er to stader. Ein har *Vollen* og *Vollan*, *Sommarfjøsosen*, *Sommarfjøsleddet* og *Sommarfjøsberget*.

Mikkel-Synnøv-muren /Mekkel-Synnjau-mur'n/ var husmur. Synnøve var gift med Mikkel. Han var bror til bestefar til Hans Nesje. Dei dreiv garden ei tid. (Før i tida uttalte dei namnet Synnøv(e) som Synnjau.) Brunnane i Eldhuset og i kjellaren i stova var *Eldhusbrynnet* og *Kjellarbrynnet*. Ved *Myråkeren* var *Myrbrynnet*. Gno. brunnr var hankjønnsord slik som det framleis er mange stader i landet. Både bokmål og nynorsk har det berre som hankjønnsord i ordlistene i formene brunn og brønn. Men her er det inkjekjønn. I NO finn ein at brunn er inkjekjønnsord i Vågå, Romsdal og Nordmøre. I store delar av Molde kommune har ein fram til våre dagar sagt bekk i staden for brunn. Dette innhaldet er ikkje det eldste, for på dei norskbygde områda på Vesterhavsoyane er bekk lite vasslaup. Ordet bekk i staden for brunn er kjent frå Sogn og nordover til og med Trøndelag. Elles er det slik i Valdres og Telemark.

Botolvhaugen /Båtålhaun/ har mannsnamnet Botolv som førsteledd. Der det heiter *Geilen* må det ha vore geile (inngjerding). *Geilåkeren*, *Geilhaugen*, *Geilhaugattlegå* og *Geilledet* er relasjonsnamn.

På *Storhaugen* på Nørd-Nesje var det vete. O. Olafsen skriv i artikkelen om vetane i Romsdalen (Utvalgte artikler fra Romsdal sogelags årskrift 1921-1932) : «Viten på Nordnesje. Jeg kan fra min Barndom godt mindes Levningerne af den, Tømmerstokker som stod opreist og Levninger af Vagthuset. Vi skolebørn lekte her naar vi gikk på Skole. Viten stod på Haugen ovenfor Lasse Sivertsens Hus (dengang Sivert Nordnesjes hus, som laa lidt længere nede). Udsigten herfra er herlig udover den brede fjord og indover mod Romsdalsfjeldene.» Når det var skodde, var det ikkje gagn i å tenne veten på Horga. Namnet *Veten* her på Nørd-Nesje er nok gått or bruk. På kartet over Veøy prestegjeld av Richelieu finn ein namnet *Wahre* både her og på Horga.

Ei vik som heiter *Tjønnvika* må ha fått namn etter ei tjørn innpå land her. Ein har relasjonsnamna *Tjønnvikberget*, *Tjønnvikbakken*, *Tjønnvikvegen*, *Tjønnvikleddet*, *Tjønnvikgrynnå*, *Tjønnvikflua* og *Tjønnvikbradden* der det blir djupare. *Nygrynnå* er lenger frå land i nordleg lei. Namnet må vel fortelje at dei har byrja å fiske her seinare enn på andre fiskeplassar.



Oksebåsen på Nørd-Nesje med Notholmsundet i bakgrunnen. (Foto KMH/Romsdalsmuseets fotoarkiv 31819)

Eit lite innhogg i stranda heiter *Oksebåsen*. Same namnet har ein liknande stad i Håskora. Den kjende folkeminnegranskaren Olav Bø skriv på s. 78 i boka «Heilag-Olav i norsk folketradisjon»: «Uksebåsen i Giske skal ha namn av at Olav for med Uksen – det var vel då han kappsigla med halvbroren Harald. Då var det eitkvart som kom på tvert so «Uksen» sette baksken inn i fjellet. Der syner ei stor klove. Slike 'Uksebåsar' er det fleire stader langs leia, og på alle desse stadene er det ei lita livdehamn dit dei kan ty inn og bie til uveret har lagt seg.» Innanfor Tornes i Fræna kommune heiter ei bergklove Oksebåsen, men her er det langt innpå land. No var det vel slik at Heilag-Olav i segnene kunne fare fare like godt med skutene sine både på sjø og land. Som ein forstår er Uksen ei skute. (Sunnmøringane seier vanlegvis ukse, og alle romsdalingar seier okse.) Truleg vart denne vandresegna fortald i samband med desse stadnamna. Men det er ein tendens at namna lever lenger enn segnene som knyter seg til dei.

I Veøyboka kan ein lese at mange gardar i dette strøket enno i 1723 hadde saltkjelar. Nesje er ein av desse gardane. Det heiter *Saltkjelen* der dei utvann salt av sjøvattn. Så hende det at ein som heitte Olav Rasmussen Holm her stal to tynner salt til ein verdi av 2 riksdalarar. Han fór til Molde og selte tynnene. Eigarane hadde mistanke. Dei fór etter og fann tynnene med bumerka sine på. Olav Holm tilstod med ein gong og vart dømd til «at miste sin hud». Rettssaka var i 1729. (Sjå elles artklar om saltbrenning i RSÅ 1991 og 1992.) Ein har også namna *Ytste Saltkjelen* og *Saltkjelberget*. *Saltkjelbradden* er utpå fjorden. Så har ein *Nørd-Nesjenausta*. På vest- og austsida er *Ytste* og *Inste Nausthammaren*.

Ein som mottek 4 skjepper havre i 1773, er Christen Nessiesletten. Ein buplass må den gongen vore kalla *Nesjesletta*.

Hans K. Berg skriv: «*Rasmusplassen* ved Nør-Nesjenaustå. Rasmus Eriksen Berg (1831-1897) kjøpte den gamle stauå på Bergsvik Klockargard i 1850-åri og bygde ho opp att ved sjøvegen på Nør-Nesje, der han har fått bøksla eit jordstykkje. Rasmus var gift med Ane Pedersdotter Voll (Megarden). Dei hadde 5 søner og 1 dotter. Edvart, Peder, Hans, Jørgen og Beret reiste til Amerika. Anton, den yngste blei att i Norge.» (RSÅ 1949.)

Namna *Nothusbukta*, der det var nothus, *Nothusbukthaugen*, *Notholmen*, *Notholmsundet* og *Notholmflua* er minne om notlaget som dreiv etter sild. Til dagleg talar ein berre om *Sundet /Sønne/*. Ein kan ro her på fjøre sjø.

Namnet *Geitholmen* fortel nok at dei hadde geiter på holmen. Geita greier ikkje å symje.

Ei hylle i det tverrbratte berget ytst på høgaste berget utpå halvøya her heiter *Store Geitapinå*. Sjølve berget heiter *Aberget /Abærje/*. Kjem ein nedpå Store Geitapinå, kjem ein seg ikkje opp att. Sjølv ikkje geita gjer det. Men ungane kunne klive opp att etter ei tolle, fortalde Hans Nesje. *Little Geitapinå* er ei hylle lenger oppe som det er noko lettare å kome seg opp frå. Ein forstår at det var ei pine for ei geit å bli ståande på slike stader etter at alt etande på hylla var fortært.

Høgda med det merkelege namnet *Aberget* er 83 m høg. Namnet står på kartet frå 1870-åra. I Borre i Vestfold har ein gardsnamnet Adal. Det er òg jarnbanestasjon. Frå om lag 1400 har ein skriftforma «i Adaldale (dativ). Førsteleddet skal vere *adal* 'hovud-' som gjev tydinga hovuddalen. I gno. har ein ord som *adalból* 'hovudbøle, storgard' og *adal-akkeri* 'hovudanker'. Tydinga her med ei slik tolking vil bli hovudberget, altså det høgaste berget. Det er ikkje noko i vege for at dette naturnamnet er frå gno. tid. *Lægdin* er lægder på nordsida av Aberget.

Husmannsplassen *Smedgeilen* eller *Smed-Amundplassen* var på sørsida av Aberget. Hans K. Berg skriv: «Sme-Amund-plassen under Aritgarden på Sør Nesje. Amund og Sigrid var frå Vågå. Amund var smed og dreiv med almindelig gardssmieri. Han ha meir enn vanleg læseløst og tok seg ofte turar inn i Bergsvika og lånte bøker og avisor av J. Olafsen. Avisene las han frå første til siste bokstav og trudde på kvart ord som på bibelen. 'Sant er det', sa han, 'for det har stått i avisom'. Nesjekarane møtte opp og Amund las avisen åt dei.» Litt aust for plassen var *Smedgeilledet*. Så har ein *Smed-Sigridoppkommå*. Som ein hørde var Sigrid kona til smeden Amund. Ho tok nok vatn her.

Det kan vere at dei demde opp myra som heiter *Kvennamyra* for å få kvennavatn. *Kvennagrova* kjem herifrå.

Husmannsplassen *Jerusalem* var så velkjend at namnet stod på det gamle sjøkartet frå 1877. Plassen *Jeriko* litt lenger aust kom ikkje med på sjøkartet. Sjølv sagt er dette oppkallingar etter byane som er så kjende frå Bibelen. Kanskje folk var så kjende i det bibelske landskapet at dei visste at desse byane ikkje låg så langt frå kvarandre der nede i Jødeland. Dette var ei tid då folk kjende vel så godt byane i det heilage landet som dei skarve byane i heimlandet. Også andre stader i landet er dei same byane oppattkalla. Bnr. 3 under gnr. 56 på Østre Toten er Jeriko. Så finn ein bnr. 5 som er fråskilt Nordre Lindeberg i Groruddalen i Oslo. Bakgrunnen skal vere at Hans Nielsen Hauge sine tilhengjarar heldt til her. 112/6 var først husmannsplass under Jeriko. Her har ein i nyare tid fått vegnamna Jerikostien og Jerikoveien. Jeriko skole er frå 1977. I Østfold hadde ein dette plassnamnet (bustadnamnet) i kommunane Rødnes, Våler, Trøgstad, Skiptvedt, Skjeberg, Tune og Varteig. Oluf Rygh seier om Jeriko i NG I, s. 23 «Ikke sjeldent Navn paa Østlandet; ingensteds rett gammelt.» Det er visst berre i Tune det er nemnt i skrift føre 1860. Det var slik at denne byen Jeriko i ein oase i Jordandalen 15 km nord for Daudehavet er omtala i dramatiske vendingar i Bibelen. Ein gong bles israelittane så hardt i lurane sine då dei skulle hærta byen at den sterke ringmuren kring han fall i grus. Sjølv om det fanst steingardar ved husmannsplassane her langt i nord, var det vel berre telen som skipla dei. Namna på dei to plassane under Sør-Nesje er som ein forstår litt spøkefulle namn. Ei tjørn ved Jerusalem er *Jerusalemstjønnna*. Ein har også det heimlege namnet *Geilen* i nærleiken.

Dei som budde på plassen Jerusalem var Iver Pedersen Bjermeland og Karen Larsdotter Flovikholm. Fleire av borna reiste til Amerika.

Jeriko hadde husmannsfolka Berte-Jo og Karen. Det ser ut som plassen også vart kalla *Berteplassen*. Ein skulle etter namnet tru at Jo var son til Berte. Berte skulle vere Berte Olsdotter Harildstad frå Heidalen i Gudbrandsdalen. Det ser ut som leveåra var frå 1811 – 1897. Det var visst frå kring 1870 det budde folk på plassen som vart heitande Jeriko. Ein hadde fått namnet Jerusalem først. Jo var fyrar på Vågseter dampsg for 80 øre dagen. Stimen skulle vere på topp kl 6 om morgonen, og det tok ein time å gå dit frå plassen. Ein gong tok han på seg fyringa på begge skifta, men etter ei veke sovna han av og arbeidarane fann han ikkje att før dagen etter. Dette fortel Hans K. Berg i RSÅ 1949.

Diktaren Edvard Hoem skriv i romanen «Jordmor på jorda» (2008) om tippoldemor si. Handlinga startar på Nesjestranda kring 1800. På s. 168 kan ein lese: «Storgarden Nord-Nesje ligg og tronar lengst oppe i

bygda, og Sør-Nesje og Persagarden har felles tun. Og så er det alle husmannsplassane, blant dei Jerusalem- og Jerikoplassane.» På s. står: «Skulehaldaren, som dei kalla Skul-Jo, kom gåande frå husmannsplassen Jeriko.» Men så tidleg hadde truleg ikkje dei bibelkjende nesjestrendingane lånt heim dei to bynamna frå det heilage landet. Somme litteraturfolk vil rekne dette for anakronisme. (Det er at skrivaren fortel om noko som ikkje fanst på den tida handlinga gjekk føre seg.) Hoem opererer i denne historiske romanen/dokumentarromanen i grenselandet mellom fiksjon (dikting) og faktaopplysningar.

Dansarholen er som sisteleddet fortel ein hol, ei rundvoren høgd. Hans Nesje var inne på at dei truleg dansa nordi der. Lenger aust er *Stormyra* med *Småberga* lenger mot nord.

Ikkje langt aust for *Dansarholen* kan ein sjå *Bombeholå* /Bommehåål/. Under 2. verdskrigen måtte eit skadd alliert bombefly droppe ei bombe. Krateret har vorte til ei tjørn med tverrmål på meir enn 5 m.

To stader der lendet stryper seg sanman heiter det *Strupen* /Strupinj/. Den eine staden er på *Haugavegen* som går frå Nesjestranda mot Vågsetra. *Branthaugen* må vere eit minne om brann. Fleire byte møtest i *Bythaugen*.

Strandagrova har vel namnet av di ho renn ut i fjorden på Nesjestranda. Ein stad der grova renn heiter det *Løkan*.

I *Hatlelia* er det ein kolossal stor stein som heter *Hatlelisteinen*. Han ligg i bytet og er meir enn 10 m lang, og 3-4 m høg. Ein gong må det ha vakse mykje hatl i Hatlelia. I dag ser ein ikkje dette treslaget. Vest for Hatlelia er *Liaholå*. Ein har *Langmyra* og *Langmyrhalsen*.

Ein har no i 2010 fått turstig etter den gamle farleia frå riksvegen og utover til Nesje. Her er det sett opp skilt med namn på stader vandraren passerer. Ein les namn som *Trollhaugen*, *Hulderskogen* og *Spovemyra*. Det første er nokså vanleg namn på haugar der dei før i tida meinte troll av ymse slag heldt til. Det siste fortel om fuglen som ein i talemålet kallar /spuve/ (gno. spói). Av desse snipefuglane er det både storspuve og småspuve. Bakgrunnen for namnet her er helst storspuven som har reir på myrar, og er lett kjenneleg med sin lange nebb og særmerkte skrik.

På nordsida av landet har ein namna *Vikbukta*, *Vikneset*, *Viknesbukta*, *Vikmyra* og *Vikmyrbotnen*. Vegen (stigen) som går hit heiter *Vikvegen*. Eit led var *Vikledet*. Namna viser at innskjeringa i landet her har heitt Vika. I stadnamn er namn med vik som regel eldre enn namn med lågtyske ordet bukt. *Midtrusta* er lenger sør.

Lenger vest har ein namnet *Rusta* /Røsta/ som namn i ei bukt. Opphavleg må det vere namn på skogrusta på land. Ein har òg *Rusteknubben*, *Rusteskjæra*, *Rustebukta* og *Rustemyra*. Førsteleddet har uttalen røst.

Ein Anders har fått namnet sitt festa til namna *Andersbukta*, *Andershaugen*, *Andersvegen* og *Andersledet*. Ein veit at i 1664 budde det ein husmann som heitte Anders Nesje i bukta der ein seinare fekk bruket *Nesjebukta* (*Bukta*). Truleg kan namnet vere etter han. *Munkevika* nord for Andershaugen har som ein ser fått namn etter munkane som var så sentrale i katolsk tid. Staden ligg såpass langt frå steinen Munken, at det ikkje er relasjonsnamn. Ein må rekne med at det stundom var munkar på *Veøya*. *Saustein* er ein stein i fjøra. Namnet fortel iallfall at sauene pla gå i fjøra og gnage.

Veøya

Nest etter byen Molde er nok *Veøya* den mest kjende staden i kommunen. Ein veit at det var kaupang her føre manndauden. Staden låg i ei indre farlei der ein måtte ta seg fram til fots over eidet mellom botnen av Langfjorden og Tingvollfjorden.

Det ser i dag ut til å vere brei semje om at førsteleddet er gno. vé n. 'heilagdom, blotstad'. Dei eldste skriftbelegga har vé og vi som førsteledd. Men frå 1400-talet og utover får ein skriftformer som Vidøy, Widhøy, Vedøy, Wedøenn og Vedøn. På 1800-talet forsvinn d-en att. Historikarane hadde kome fram til at dette hadde vore ei heilag øy. Oluf Rygh meinte at d-en kom inn av di dei i seinmellomalderen levde i den trua at ein hadde med gno. vidr m 'skog' å gjere. Men ingen kan garantere at ein ikkje hadde d i uttalen også før han dukkar opp i skrift. Det er noko merkeleg at folk tok til å uttale ein d når han ikkje hadde vore der frå gammalt. Det var få som såg ord på prent den gongen. Då NG vart laga for vel 100 år sia, var bygdeuttalen /Vedeina/. Oluf Rygh bruker orda: «Jeg har kun hørt Udt. ve`døina.» (Det er kort vokal.) Slik har eg høyrte namnet sagt inni Langfjorden fram mot våre dagar. Dei som bur nærast på Sekken og Nesjestranda seier naturleg nok berre *Øyna*.

Det er mange holmar og øyar i landet med namn som *Vedøya* og *Vedholmen*. Uttalen er dei fleste stader utan d, og bakgrunnen er at dette er stader med mykje skog. Ein må ta med at det gamle ordet vé rett og slett kunne tyde heim.

Kaupangen vart knekt ved manndauden som ein må rekne med slo hardt til her.

Veøya har ikkje så mange stadnamn som områda på fastlandet. Sjølv om her har vore samanhengjande busetnad, har ikkje namna vorte overleverte frå generasjon til generasjon slik som på dei fleste gardane i ei bygd. Prestefamiliane kom og fór fram gjennom tidene. Men den gongen kaupangen var i sin brage, hadde dei nok mange namn. Det er òg mykje truleg at somme av stadnamna iallfall langs strendene har overlevd frå den tida.

Ein har tala om *Nørdøyna* og *Sørøyna*. *Øyakjerkjå* og *Prestegarden* er på *Nørdøyna*. Kaupangen har dei funne ut var mellom *Nørdvågen* /*Nørvåjinnj*/ og *Sørvågen*. Somme har stussa over kvifor den første ikkje heiter *Austvågen*. Han ligg mot aust. Men her i kommunen meiner ein med nord i stadnamn oftast aust. Ein finn knapt ordet aust i eit einaste stadnamn. Noko merkeleg er det at ein har *Sørvågen*, og ikkje *Ytste-* eller *Yttervågen*. (Det er vanleg å seie nøre og yste her i området.) *Øya* er nemnd i saga om baglarane. Der blir det nemnt at baglarane gjekk til åtak på birkebeinarane som då var på *Veøya*. Det står at baglarane la seg «j hinn ytra woginn». Dette må vere det som seinare har vorte heitande *Sørvågen*. *Ytstevågen* som det står i denne saga, er meir naturleg. *Vågen* ligg lengst vest, og dette er i vanleg talemål ytst. I same saga står det at skipa til birkebeinarane låg «j hinnum jnnra woginum», altså *Instevågen*, det som no blir kalla *Nørdvågen*. *Nørdvågen* har også vore kalla *Øyavågen*, opplyste *Bjarne A. Bergsvik*.

Ein haug heiter *Sjåberget*. Når ein i namn har dette førsteleddet, er det som regel ordet skjå for eit lite hus ein har med å gjere, t.d. ein skjå til å ha torv i. Namnet har også vore skrive *Skjåberget* på somme kart over øya. Utsiktsstader har helst namn som *Gløsberget* o. l.

Det er hevda at det har vore langskipsstø i *Grønvika*. *Grønvikneset* er på nordsida. Der det heiter *Grebbestadberga* la folket frå *Grebbestad* til med kyrkjebåten.

Galten /*Galt'n*/ er eit skjer. Uttalen viser at ein har utgangspunkt i kortforma *galt*, og ikkje i *galte*. Det er nok ei samanlikning. Mangt eit skjer langs kysten har dette namnet. Også på *Vesterhavsøyane* finn ein desse namna. *Jakob Jakobsen* skriv i boka «*The place-names of Shetland*» (1936), s. 134, at denne dyrenemninga på *Shetland* er brukt som namn på ein del «sea-rocks», altså berg eller steinar som stikk opp. Det var ikkje uvanleg før i tida at unge menneske vart oppmoda om å stikke galten når dei i båt passerte eit skjer som heitte *Galten*. Dei som i det same ikkje forstod at han som sa det, meinte skjeret, kunne mislike det. Men dei gløymde ikkje skjeret. Det kunne vere bra for ettertida, for slike



Galten (nærast) og Porkå på austenden av Veøya. (Romsdalsmuseets fotoarkiv 09761)

galtar låg ofte farleg til i skipsleia. Inn mot land er *Galtvika* med *Galtvikneset* på nordsida. Ikkje langt unna *Galten* er *Purkå* /*Porkå*/, opplyste *Sivert Malones jr.* Her har ein altså både *hoe* og *hanne* av desse omtykte kroppane som har gjeve menneska det nærande flesket frå dei eldste tider.

Inste Øyaneset eller *Veøyeneset* er sør for *Galtvika*. *Telefonvika* er ei lita vik. Her kjem telefonkabelen i land, sa *Malones*.

Det var mellom *Nørdvågen* og *Sørvågen* busetnaden i kaupangen var. Stadnamna i dette området er frå etter kaupangen sine dagar. Ein har *Kjerkjeåkeren* og *Sørvågattlegå*. Det må ha vore smie i nærleiken av *Smiettlegå*. *Hestehagen* var beite for hesten.

Storasken /*Storasjinj*/ var namn på ein ask. Han bles over ende julaftan 1903, har *Hans K. Berg* opplyst. Dette må vere treet som den velkjende språkmannen *Knud Knudsen* såg i 1852 då han var på besøk på øya hos presten *Frost*. *Knudsen* skriv på s. 107 i boka «*Reiseminner 1847-1892*» som kom ut i 2001: «Han bad os med sig hjem, og vi hjalppte ham av med det forråd av kirsebær, han hadde på træerne sine. På øen ær intet annet hus, æn kirken og præstegården, og lite' rum til dem også. Det mærkeligste på stedet ær den vidspurte ask, det største og fagreste træ av det slag, jeg har set nogen steds. Ved hjælp av kannestøpende lækmansoverslag fant vi ut, at den måtte ha hat sin barndom og første ungdom på *Morten Luthers* tid og således var i det minste sine 300 år gammel.»

Namn på brunnar er *Fjøsbrynnet* og *Kapellanbrynnet*. *Prestane* må ein rekne med alle sa brønn, for dei passa seg nok for å bruke folkemålsformer. Bakgrunnen for namnet *Kapellanbrynnet* skal vere at kapellan *Peder Vedege* ein dag i året 1774 skulle borti denne brunnen for å skylje nokre flasker som det hadde vore vin i. Det gjekk slik at dei fann han

drukna i brunnen. Dette var ein nokså djup brunn. Det var visst 2 m nedpå vatnet frå jordoverflata.

Ein har namnet *Futgarden*. I diplom frå 1360-åra er denne bygarden kalla *Blyfotgarden* etter ein som vart kalla Arni blýfótr. Kanskje var denne mannen noko tungfór. Han var gjerne ikkje «lett på fota». Ein kan undrast på om *Futgarden* er ei forvansking av *Fotgarden*. Dette skal visst vere den einaste garden ein no kan stadfeste. Tufta som blir kalla *Futgarden*, er over 35 m lang, skriv Hans K. Berg i RSÅ 1957. I Aslak Bolts jordebok er det tale om ein «Gudlauger bonde j Widøy». Dette er kring 1430.

Mortensteinen er ein stein. Same namnet finn ein i fjóra ved Hegneset. Eit diplom frå 1368 nemner *Marteinsgarden*. Det kan vere denne Martein steinen er eit minne etter. (I Måndalen og Innfjorden har den gamle namneforma Martein for nyare Morten overlevd til våre dagar.)

Katneset har nok ordet kati m 'båt' som førsteledd. Her kunne store og småe skuter leggje til hammaren både på utsida og innsida. Sørvågen skal ha vore hovudhamna. Det må vere denne vågen Ivar Sæter i årboka for Den norske turistforening 1933 kallar *Hirdvika*. Han skriv at kongsskipa la til her. *Katnesgrynnå* er vest for *Katneset*.

Så er det *Bispevika*. Ivar Sæter seier i den før nemnde artikkelen at der det heiter *Bispesetet* sat bispane i stille stunder «i tanker på kirkens og rikets ve og vel». Det siste er vel ikkje stort å lite på.

Der det heiter *Brødkorga* /*Brødkårja*/ finst mykje malmslagg (sinder). Her har stått småe hus som har vore brukt til smelting av myrmalm og til smier. Myrmalm finst ikkje på øya. Namnet *Brødkorga* må helst kome av at ein terrengformasjon har likna ei flatbrødkorg. Få kjenner dette namnet i dag.

I *Bondvika* /*Bonvikja*/ skal det vere nausttufter. Det skal vere fordjupningar i lendet. I Schnitler si skildring frå siste halvdel av 1700-talet les ein i ein fotnote på s. 44: «Fra Bonde-vigen skulde det være



Katneset med Sørvågen i framgrunnen og Sekken i bakgrunnen. (Romsdalsmuseets fotoarkiv 07465)

etter Rami Norriges beskrivelse, at Kirkealmuen skulle have gaaet til den Kirke paa Wedøen, som kaldtes Bonde-Kirken, og at der udi Bjerget fra Søen skulde være hugne trapper at gaae efter, men dette kan i disse Tider ikke spore det allermindste til.» Førsteleddet var i gno. bóndi m. eller búandi m. 'ein som bur fast'.

Ei flate søraust for *Bondvika* er kalla *Gamle Kyrkjegarden*. Hans K. Berg skriv i RSÅ 1957 at her har vore åker i lang tid. Ein har fått store åkerreiner. Det skal ha vore kyrkjegard her i mellomalderen. Så skriv han: «Frå Kyrkjegarden går ei lita dalsenking eller skar ned til sjøen litt vest for *Bondvika*. Dette skaret ber namnet *Kyrkjegardsvegen*, og her er kortaste veggen opp til flata.»

Hatlevika fortel om hatleskog. Det var det vel her ved denne vika på sidsida. Ikkje langt frå *Hatlevika* er slette bergveggen ein stad sprukke opp til ein formasjon som ser ut som konturen av ei dør. Segna fortel at det attom døra skal finnast ein stor skatt. Denne dør-formasjonen heiter *Skatthellå*.

Skitnevika /*Sjetnevika*/ er austvend som *Skitnevika* på sørsida av *Oltervågen* inst i *Fannen* (*Fannefjorden*). Her er òg *Skitnevikneset* på *Veøya*. *Brenteberga* er bratte berg. Namnet kan fortelje om ein brann. Ein veit at sommaren 1766 rasa ein stor skogbrann på *Veøya* i åtte dagar, men det skulle berre vere på *Nørdøyna*.

Litlesandvika og *Storsandvika* er på kvar si side av *Sørøyna*.

Det er eit 200 m breitt sund over til *Hangholmen*. Dei som bur på nordsida av fjorden, kallar det *Hangholmsundet*. Det har vore vanleg meining at namnet på den før skoglause *Hangholmen* fortel om at her hengde dei i gammal tid menneske som hadde forbrote seg. Arkeologen Brit Solli skriv i «Jubileumsbok for Holm, Rødven og Veøy kyrkjer 1907-2007», s. 21 om *Hangholmen*: «Her sier den lokale tradisjonen at det har vært rettersted, og at en steinrøys sør på holmen er rester etter en galge. Denne steinrøysa er imidlertid høyst sannsynlig en gravrøys. Plasseringen av gravrøyser på enden av øyer og holmer er ikke uvanlig i Romsdalsfjorden.» Språkleg er det vanskeleg å få førsteleddet til å ha med hending å gjere. Hadde han heitt *Hengholmen*, hadde det vore lettare. Denne forma kan vere den opphavlege. I 1743 nemner amtmannen «Hængholmen jmellem Sæchen og Wedøen beliggende». Nokre tiår seinare skriv Schnitler i omtalen av *Veøya*: «Ikkun et børs-Skud uden for denne Holme, *Heng-Holmen* kaldet hvor verken Græs eller Skov voxer, den er derfor udseet til en Retter Plads,» (s. 50). Så kan ein undrast på om heng har vorte forvanska til hang etter Schnitler si tid på



Skatthellå eller Hulderdøra på sørsida av Veøya. (Romsdalsmuseets fotoarkiv 066621)

1700-talet. Ein kan leggje til at det no er vegetasjon på Hangholmen.

Er det ikkje slik, kunne ein tru at ein hadde det gno. eigenskapsordet hangr 'nedhengjande'. I islandsk er hang n. bukting av dyrekroppen. «Køtturinn beygir hangið» tyder såleis «katten skyt rygg». Stølane Hong, utt. Haong i Vik i Sogn, og Heng i Kinsarvik i Hordaland, ligg på fjellformasjonar som skyt fram og skrånar bratt, til liks med Hangur på Voss og Hengill på Island. Dette greier Øystein Frøysadal ut om på s.78 f. i boka «Namn i fjellet» (1968). Ein treng ikkje å gå lenger enn til austenden av Otrøya for å finne Hangkallen som fjellnamn. (Opplysning frå Ole I. Solholm.) Det er ikkje så vanskeleg å sjå at konturen av holmen ved Veøya kan likne ein dyrerygg.

På eit kart over Veøya i M 1: 5000 oppteke av forstmannen Sam. Sandved i 1879 står *Hagnholmen*. På vestenden av Hangholmen er det ein hammar på eit nes som etter 1969 har vorte kalla *Jørgenhammaren*, opplyste Fridthjof Køhn. Ein mann som heitte Jørgen drukna det året. Han vart funnen ved hammaren.

Sundet mellom Hangholmen og Sekken kallar nesjestrendingane *Sekkesundet*. På Sekken seier dei *Sekkenessundet*. Garden Sekkeneset ligg nærast sundet. Schnitler skriv s. 51: «Imellem denne Øe og Wedøen ligger et lidet Sund: *Hengnes Sundet*

kaldet omtrent en halv fjærding vei bred fra den Øe til den anden.» Er dette å lite på, kan det tyde på at vestenden av Hangholmen har bore namnet Hengneset.

Det ser ut som ein har rekna med at *Langfjorden* byrjar aust for Veøya. Namnet er lett å forstå sjølv om det er gammalt. Oluf Rygh trudde at gards- og bygdenamnet Mittet opphavleg kunne vere ei samansetning *Miðtiti der sisteleddet *Titi kunne vere eit eldre namn på Langfjorden. Mittet ligg i Rauma kommune på sørsida av fjorden. Til stønad for tolkinga viste han til at eidet aust for fjorden mellom Eidsvågen og Sunndalsfjorden heiter Tiltereidet. No er det slik at hovudelva ned gjennom Mittetdalen blir kalla Mettå. Gardsnamnet/bygdenamnet kan kome av elvenamnet. Det før nemnde eidet er skrivne 'Tilter Eidet' i grenseforretninga mellom Nordmøre og Romsdal i 1658. I norske målføre finst gjerningsordet tilte eller tiltre om å ta seg fram til fots. Hans Ross skriv i ordboka si (1895): «Tiltra – gaa (passere) med yderlig Forsigtighed.» Ein finn orda både i Alf Torps «Nynorsk etymologisk ordbok» (1919) og i «Norsk Maalbund» av Ivar Aasen. Ein veit at dei drog båtar over eidet, men mange brukte nok føtene. Meininga med namnet kan vere eidet der dei pla gå over. Såleis treng ikkje dette namnet ha noko med eit gammalt namn på Langfjorden å gjere. Folk har undrast over namnet på eidet. Så har dei tenkt seg at det var ein småkonge som heitte Tilter og som budde på garden Teigset sør for farleia. Men dette er ein folkeetymologi.

Berg

Gnr. 120 (18) *Berg* ligg som dei to andre gardane i kommunen med dette namnet høgt og fritt med vidt utsyn. Garden har høg alder. Einstava gardsnamn i ubunden form er sær gamle. Hans K. Berg skriv i årsskriftet for RSÅ 1960 at det er bergut og steinut overalt på garden. Han fortel at det på Berg er gjort store flintfunn. Det må ha budd steinalderfolk her den tida sjøen gjekk mykje høgare enn no. Bortunder ein stein 114 m o. h. låg det mykje flint med ein del halvferdige ting mellom dei. Det såg ut som det hadde vore ein verkstad her. Berg seier at det omkring på innmarka er funne 6 flinteknivar og nokre flinteskjærver. Ein har funne fleire steinøkser, og ei av dei er tidfesta til eldre steinalder. Det blir elles opplyst at ein har funne to spydspissar og bryne frå steinalderen. Store flate slipsteinar og kvartsbryne frå eldre jernalder er òg funne.

Dei tørre jordbakkane høvde godt til korndyrking.



Bryllaup på Nørd-Berg 1913. Lendet er nokså bratt.
(Foto Fredrik Misfjord/Romsdalsmuseets fotoarkiv 12870)

Jorda i desse brattbakkane har vore snudd med spade og grev. Ein har pløgd der det er mindre bratt. Ein ser sær s høge åkerreiner. Garden vart truleg delt i to ein gong i tidleg mellomalder. Men han fekk ei lang øydetid i seinmellomalderen. Gardane som ikkje vart fråflytta, låg jamt over lågare og nærare sjøen. Kanskje namnet *Tuftin* /*Tøftin*/ er minne om kvar husa stod føre øydetida.

Bnr. 3 er *Nørd-Berg*. Gjertrud Berg Malones skreiv i minneoppgåva for eldre i 1981 (RSÅ 1994) m. a. dette: «Eg er født i 1914 og oppvaksen på garden Berg som ligg høgt og fritt oppfor bygda Nesjestranda. I bygda kalla 'Nørberg'. Vår nabo på plataet er Ytreberg eller 'Der ut' som me heime sa.» På *Ytter-Berg* (*Der ut*) har ein *Storåkeren*. *Bleikkornåkeren* /*Bleikkånnjåker'n*/ må etter namnet hatt bleik farge. *Klungeråkeren* må ha fått namn av at det voks klunger ved åkeren. *Vikledåkeren* låg ikkje så langt frå *Vikledet*. *Gjerdan* /*Jeranj*/ er eit område. Så har ein namnet *Reinå*. *Stokken* /*Ståkkjinj*/ er oppkomme. Det kan vere at namnet er ei forkorting for brunnstokk 'stokk i karmen kring ein brunn'. *Storhammaren* er hammar. *Dalen* er område på innmarka. Her er *Dalsoppkommå*. *Vomåkeren* er ein åker som hadde skapnad som ei dyrevom, gjerne rundvoren. Dette er eit nokså vanleg åkernamn. Somme stader heiter åkeren berre *Vomma*. Ein hadde ordet i gno. *vomb* f. Der det heiter *Reiten* var det nok frå først av ein liten kornåker. *Storhaugen* er ein haug nedanfor husa. *Bakken* og *Myra* var også område på innmarka. *Bytheggen* /*Bytheggjinj*/ var ein hegg som fungerte som byttre. Det var nok ikkje så vanleg å bruke hegg til slikt, for ein hegg kan ikkje bli så styggeleg gammal.

Kjerringløypet var eit tømmerløype. Bjarne A. Bergsvik fortalde at ei kjerring som var på veg

frå *Vågan* til *Berg*, fraus i hel oppå hammaren her. Ei myr heiter *Kjerringløypemyra*, og ein teig heiter *Kjerringløypeteigen*. *Geilen* og *Geilteigen* fortel om at her har vore ein geile. *Kvitløypet* var tømmerløype. *Bruabåten* er ein stor stein attmed dei gamle tuftene. Dei må ha meint at steinen likna på ein slik båt som brureparet vart ført til kyrkja med. Dette var alltid den beste båten. Her i dette området måtte brurefølgje i gammal tid alltid i båt for å kome til kyrkje.

Også *Nørd-Berg* hadde *Storåkeren*. Så har ein åkeren *Skoåkeren*. Hans K. Berg skriv: «I 1711 heiter brukaren Ola. I 1727 er dottera til Ola, Mektil Olsdtr. vorte gift med Iver Kristensen og dei overtok bøksele. Tradisjonen fortel om Mektil, at ho var den første som begynte å dyrke på ein 4 mål stor åker som hev namnet, 'Skoakeren' den dag i dag.» (Opplysningane om denne åkeren finn ein i Bergs artikkel i RSÅ 1960. Forma *Skoakeren* er gjerne prentefeil for *Skoåkeren*.) Truleg er førsteleddet skog. Ein har også stadnamn andre stader der siste bokstaven i skog har falle vekk. *Bakkåkeren* er ein åker. *Bakkeledet* er eit led. Namnet *Nylendå* viser at stykket har vorte dyrka i nyare tid. *Innlogen* er òg attåtlat seinare. Namnet ser ut til å ha fleirtalsform. *Myra* er også innmark. Så har ein namn som *Åkermarkan*, *Slettebakken* og *Nørdledet*.

Så var det eit bruk med det merkelege namnet *Trielhaugen* eller *Trillhaugen* som det gjerne vart sagt. Førsteleddet er uklårt. Det kan vere meint at haugen er rund. Ein talar om at noko er trillrundt. Den første eigaren var Endre Lassesen Berg som var fødd i 1791. No er bruket tilplanta med skog.

Sunda /*Sønna*/ var nok engstrimler mellom åkrar. Namnet *Askeura* har nok trenamnet som førsteledd. *Myra* nedanfor Berg er *Bergsmyra*.

Bergsvikgrova renn forbi *Bergsvika*. Lengst nede blir visst *Bergsvikløken* også brukt.

Hjellhaugen fortel visst om tjørhjell. Det same gjer *Nørde Hjellhaugen*, *Olahjellen* og *Klokkarhjellen*. (Den siste var tjørhjellen til klokkaren eller *Klokkargarden* i *Bergsvika*.) *Kvennareset* er eit høgdedrag. Det var kverner i *Vikelva* på sørsida.

I *Depelskaret* /*Deppelskare*/ er det blautt. Ein depel er eit blauthol. *Sauspranget* er ei lita kløft. Sauene måtte gjerne bykse over her.

Teppå /*Tæppå*/ er teppinga i *Vikvatnet*. Paul Bergsvik skriv i RSÅ 1993, s. 62: «Teppå i *Vikvatnet*. Ho var større enn andre og så inngrodd i det daglege liv at ikkje berre sjølve demninga, men også plassen og lendet rundt omkring vart kalla 'Teppå'. Det var ein mykje brukt lunningsplass for tømmer på *Teppen*.»

Nørd-Bergkvenna var om lag 300 m i luftline

nedanfor Teppå. *Kvennhuset* er flytta heim til garden.

På sørsida av Vikvatnet er *Skjenstøet*. Hans K. Berg skriv: «Attmed Vikvatnet, er ei fin myr kalla Skjenstøe.» Aasen skriv i ordboka: «Skinstøde n. et Sted hvor Køerne søge Skjul i Sommerheden, eller hvor de finde Leilighed til at værges sig for Bremserne, saasom i en stor Skygge eller paa en Grunding i Vandet. B. Stift. Nogle Steder Skinstøe.» (Andre stader her i kommunen er det hokjønnsord.) Krøtera skjena (rente av stad) hit.

Peberget er eit berg i bytet mellom Berg og Bergsvika. *Kvennaledet* er eit led i bytet mellom dei same gardane.

På Berg hadde Hans K. Berg eit gammalt bytebrev frå eit av dei første åra etter 1800. Her heiter det om bytet mellom Berg og Bergsvika: «Fra *Kvennaleet* som i gamle dage kaldtes *Seterleeet*, herfra til *Perberget*, derfra til *Kjørehjellpladsen*, derfra til det nordre eller naturlige *Kvitebergsvæd*, derfra til *Bytesgadden* eller muligens de oplagte stene i *Skjenstøhaugen* kaldet *Kjempegrav* og herfra til en merket sten omtrent mellem *Lomkjøn* og *Sagfossen*.» Ein ser av dette at *Kvennaledet*. *Peberget* og *Kvitbergsvæet* er namn som har overlevd til våre dagar. Ein får vite at *Kvennaledet* når ein går attom 1800, heitte *Seterledet*. Det var vel slik at ein fór gjennom dette ledet både når ein skulle til seters og til *Kvenna*. Eit sva er eit hålt (glatt) berg. *Tjørhjellplassen* veit ein visst ikkje i dag akkurat kvar er.

Det er truleg slik at dei med *Kjempegrava* som er nemnd i bytebrevet, har meint at det var ein gravhaug. Også den tids lærde kalla gravhaugar for *kjempegraver*. Sjølv dei lærde trudde visst at det kunne liggje ein jutul jorda i slike. Dette kan vere same staden som dei no kallar *Bekkalteret*. Dette er ein stein. Namnet må kome av at dei såg på det som eit alter. Førsteleddet fortel at det står på bikk, eller bekk som ein seier. I gno. hadde ein gjerningsordet bikkja 'få til å falle'. No seier romsdalingane å *bekke*. I ordlista står *bikke*. Mønen peikar dit sola kjem opp ved jonsokleite, fortalde Kjell Stenså.

Det løyndomsfulle Alteret

Så må ein ikkje gløyme steinane som heiter *Alteret*. På Økonomisk kartverk er *Alteret* registrert som fornminne. Dette er sju steinar som er plasserte oppå kvarandre. Når ein ser desse steinane, finn dei fleste det nesten utruleg at det er naturen sjølv som har plassert dei i ein slik formasjon. *Alteret* er nemnt i skrifter frå siste halvdel av 1800-talet. Arkeologen B. E. Bendixen skreiv i 1877 m. a. dette: «På den øverste helle står man foran den store sten, aldeles som foran et alterbord. Intet sagn knytter seg til den,



Alteret i Horga. Hans K. Berg studerer dei sju steinane i 1955. (Romsdalsmuseets fotoarkiv 32061)

og dens bestemmelse er ikke lett å forstå, hvis man ikke vil oppfatte den som et hedensk alter. Om et naturspill kan det ikke være tale.» Mykje merkeleg er det at det heller ikkje den gongen fanst nokor segn om den merkelege steinstabelen.

Hans K. Berg var ein gong med Haakon Shetelig (1877-1955) frå Bergens Museum opp til *Alteret*. Shetelig fann *Alteret* mykje merkeleg.

Professor Yngvar Nielsen (1843-1916) hadde planar om å sjå *Alteret*, men han kom aldri oppunder *Horga*. Nielsen tenkte at det kanskje var ein samanheng mellom namnet på fjellet der steinane ligg og steinstabelen. Det er slik at horg ikkje berre tyder fjell med bratte sider, men òg heidensk offerstad. Men mange av fjella som heiter *Horga*, har nok ikkje noko med offerstad å gjere. Heller kunne ein sjå ein samanheng med steinen *Finnen* lenger nord i *Breiskaret*, fleire bautasteinar på *Nesje* og bautasteinen *Trollpila* på austenden av *Bolsøya*. Det er òg slik at ein kunne tenkje seg at naturen sjølv (isen) har plassert steinane slik dei ligg, men at folk har funne dei så merkelege at dei kom på å bruke staden til kulthandlingar. Det er nesten utruleg om folk langt atti tida utførte eit slikt storarbeid med å stable opp steinblokkene for å lage ein kultstad langt oppi marka. No er det gjerne slik at sjølv namnet *Alteret* ikkje er frå førhistorisk tid. Ordet kom visst ikkje i bruk her til lands før kristendomen vart kjend.

Andre namn i fjellområdet

Om *Skjenstømyra* skriv Berg i minna frå gjetardagane: «Me kom attpå 'Skjenstømyra', og det var ei fin myr, tørr og god grasbotn. Namnet kjem av at kyrne stoppa opp her, etter at dei ha skjena frå seg, for her var ein luftig plass. Når kyrne hørde den store kubremsen tok til å surre omkring dei, so



Breiskaret med Skålvatna og Skålsetra (under plantefeltet) på bortsida av vatna. (Foto KMH/Romsdalsmuseets fotoarkiv 09023)

tok dei laust, sprang for livet burtigjenom småskog og blom for å kome seg unna. 'Kua skjena,' sa me. Var det vatten i nærleiken, so bykste dei uti.» Her får ein ei god skildring av av korleis skjeninga gjekk føre seg. I Nynorsk ordbok les ein at ein har registrert ordet frå mellomnorsk tid (om lag 1370-1525) skrive *brims m.* Ordet har samanheng med å brumme, og er gruppe av fluger med larver som snyltar hos pattedyr. Det var visst slik at dei la egg, særleg langs ryggen, og det vart kular under huden. På våre kantar vart dei visst kalla «værra». Eg hugsar at somme som minst dette frå sine gjetardagar, meinte at dette insektet må ha kome vekk, for krøtera gjer ikkje slikt meir. Dei gamle gjetarane hadde nok rett. Det blir no opplyst at kubremsen er utdøydd her i landet, og den store plaga for krøtera er til ende. Men reinbremsen finst visst framleis. Dei har òg i nyare tid funne ut at desse larvene kunne krype under huden til dei beste plassane å utvikle seg på. Or desse betente kulane kunne ein klemre ut ei vågmor og mykje materie.

Teigen vest for Skjenstømyra er *Skjenstøteigen*.

Om *Bergssetra* skreiv han: «Kring 1870 stod husa slik dei hadde stått i hundretals år. Ei bu, ein fjøs til kyrne og ein til sau og geit. Siste året krøtera var på setra var i 1947.» Berg seier at *Almeholå* var eit område dit det seig noko gjødsel. Han seier at her pla det vere kvitt med geitasymre om vårane. *Seterteigen* åt Nørd-Berg er ein teig ved setra. Det var viktig at det var ved nær ei seter.

Littlehorga er ei høgda sør for sjølve Horga.

Littlehorgstølen var ein mindre, inngjerd støl ikkje langt frå *Bergssetra*. Ein teig heiter *Littlehorgteigen*. Teigen attmed er *Gaddholteigen*. Det må ha heitt *Gaddholen* her. På den holen (høgda) må det ha vore ein eller fleire gaddar. Ein gadd er ei tørrtolle. Ordet gaddr m. i gno. kunne tyde spiss. Kan hende den før nemnde Bytesgadden stod i området der det heiter *Gaddholteigen*.

Hans K. Berg fortel frå gjetarlivet i 1890-åra: «Opp for Skjenstømyra låg '*Mattuå*' der naturen ha laga eit bord av ei stor tue, og ein halvringing omkring var ein god benk å sete på. Der åt me mong ein gong.» Dette er ved teigen som heiter *Mattuteigen*.

Det er ei nebbe som heiter *Kløvnebbå*. H.K. Berg nemner *Kløvhammaren*. Opphavet til namnet er eit kløv som heiter *Kløvet*. Her er *Kløvnebbteigen*.

Bergsviksetra er ein inngjerd støl som vart hausta, iallfall til 1950.

På Solomdalen kallar dei det av *Skålvatna* som ligg lengst mot nord og er størst, for *Storvatnet*. Nesjestrendingane kallar vatna frå sør mot nord for *Første*, *Andre* og *Tredje* /*Trie*/ *Skålvatnet*. Mellom første og andre vatnet går det ut ein tange frå vest. Han blir kalla *Tangen* /*Tannjinja*/. *Rompå* er eit anna namn på han. Hans K. Berg skriv: «Ein dag tok me saueflokket med oss ned til *Skålvatna*. Me 'bekte' dei nede på *Rompå*, eit nes som stikk ut millom 1. og 2. *Skålvatn*.»

Kaffikokarneset er på austsida *Storvatnet*/*Tredje*

Skålvatnet. Her har det vore koka kaffi. Kaffi er den gamle uttalen av denne drykken som vart vanleg på 1800-talet. I våre dagar seier somme kaffe.

Går ein på austsida av vatnet, ligg *Skålsetra* der. Her hadde Malo setra frå utgammal tid. Sivert Malones fortalde at dei hadde eit merke for å vite kva tid det hadde vorte beite for sauene på setra. Dei såg Slemmesetra på sørsida av fjorden. Når det hadde vorte tåe der, visste dei at no var det også tåe på Skålsetra. Ein kunne leie sauene til fjells.

Kring 1750 flytta *Einagarden* på *Sølsnes* setra frå *Nakkan* og fram hit. Dei andre bruka kom etter. Setra ligg lunt til, men «smekkå» trivst retteleg godt her på føresommaren. Nord for setra kjem *Åna* ned i bratt lende. Namnet er visseleg gammalt når ein har det gamle ordet *å* som var det vanlege for det ein no kallar elv. Elv vart i gno. tid berrre brukt om dei største vassdraga som Glåma o. l. I seinmellomalderen tok elv til å bli brukt i staden for å. Men *å* overlevde i stadnamn. I seinare hundreår kom *elv* i staden for *å* når vassdrag fekk namneskifte. Det gjekk slik at småe vassdrag, berre bekker eller grøver, fekk sisteleddet –elva. Fram til våre dagar har *å* overlevd i t.d. ordtøkje som: «Monge bekkje små gjær ei stor *å*.» *Åna* kjem ned frå *Breiabotnen*. Dette er ein stor botn og eit kjent namn.

Memorgoshammaren er oppføre Skålsetra. Det må vere frå setrene dei såg sola kom over hammaren tidleg om morgonen. I gno. finn ein ordet *miðmorginsskeið* 'midmorgonstid' (omkring klokka 6). Det var vel ved memorgosleite dei måtte byrje med seterstellet.

Litt lenger oppe er *Gløshaugen*. Står ein her og gløser, kan ein skode både vidt og breitt. Gløse var det vanlege ordet for å sjå langt av stad. Slik var talemålet fram til utpå 1900-talet. Men no høyrer ein ikkje dette ordet meir i talemålet her i distriktet. Sivert Malones jr bruker namnet *Gløshaugan* om fleire haugar oppover frå denne haugen. Utsynet blir ikkje skalarare til høgare opp ein kjem.

Namnet *Rislia* fortel om småskog, berre ris. Ein hadde også i gno. ordet (h)ris n. Ein har ordet i gamle gardsnamn. I våre dagar har det vakse seg grovare skog i området. Ei framstikkande nos heiter *Rislinøsa*. Solomdalingane kallar *Rislinøsa* for *Toskhamran* /Tåskhamranj/. Som ein veit, kan ein toske i talemålet her anten vere ein dum person eller fisken som i skriftspråket helst heiter torsk. Det er gjerne ikkje så sannsynleg at naturen her har vorte samanlikna med nokon av desse. Det kan vere at ein har med ordet taske å gjere, gno. taska 'pose, pung'.

Hans K. Berg skreiv i 1967: «Opp for 2. *Vatnet* var ei fin tørr flate som dei kalla 'Løtøftin'. Me gjekk

der og såg etter hustomter, men me såg ikkje noko slikt. Seinare hev eg gått der ofte og sett meg om, men merkje etter tomter er ikkje å sjå. Gode plassar å tørke høyr på er det der, og tradisjonen segjer at dei fine grasmyrane framover Breiskaret vart hausta kvart år. Løene som stod der var nok primitive og enkle so det visest ikkje noko etter dei.»

Ei stor aksel heiter *Skålaksla*. Dette er det same namnet som somme bruker på austtoppen av Skåla. *Halsan* /Hasjanj/ er eit storvore område. Her vekslar det mellom brattare og slakare lende.

Storgjerd-Hans-slættet var slættet til opplendingen på plassen *Storgjerdet* på Sølsnes. Berg seier at Storgjerd-Hans hadde eit slætte heimst i *Stakkslætta* ved Rislia. Namnet var velkjent i Berg si tid. Storgjerd-Hans rulla høyet ned i meiser av bjørkevier så langt at han kom til med slede. Nord for dette slættet heiter det *Lægdin*. Heile lia her på austsida av Breiskaret kallar ein *Skållia*.

Berg skreiv i 1967 om setervegen: «I dei gamle setervegane var det visse stader der ein skulle kvile seg, og på kvar stad var det ein stor stein passande høg til å setje børa på og til å sitje på. Det var 3 slike steinar i setervegen vår, 5-600 m millom dei. Det var 1. *Kvilet*, og den andre på *Fagerhjellå* oppå *Endrestien* som var tung å gå opp med ei tung bær på ryggen. Den 3. *Kvilarsteinen* er der veggen kom opp på *Horgamyra*. Denne steinen vart skoten sund då skogsvegen vart bygd. Derifrå og fram til setra var lengste stykket, men det lettaste å gå, for der var flatare. Dei sa /Trie Kvile/. Den nemnde *Endrestien* har namn etter Endre Lassesen Berg på Trillhaugen. H.K. Berg skriv om han: «Endre vaks opp til ein kjempekar og vart ei uvørre og ein slåstar av dei verste.»

Skjørkleiva er òg ein stad på *Setervegen*. Sisteleddet *kleiva* fortel at det er noko bratt her. Førsteleddet er skjør som er surmjølk. Namnet fortel om frakting av seterprodukt frå setra. (I den austlege delen av kommunen seier ein skjær.)

Hengjedikan er hengjedike. Eit hengjedike er farleg. Viss det er torver i eit slikt dike, flyt dei, og mellom er det botnlaust.

Som ein forstår er *Kvitbergan* kvitvorne berg. *Kvitbergteigen* er ein teig. *Fagerhjellan* er avsatsar der det er fint og triveleg å vere. *Fagerhjellrøra* er ei rør, altså ein kant der det blir brattare.

Horgagrova kjem frå Horgaskaret. Her i området er *Horgamyra*. Ei mindre myr lenger oppe heiter *Øvre Horgamyra*.

Der det på folkemunne vart heitande *Jørgenskvetten* demde Jørgen Mork opp ein dam for fisk. Men ei stor torve la seg dessverre ved demninga. Då det vart mykje vatn, braut torva seg

gjennom demninga, og vatnet og fisken fór sin veg.

Namnet *Lauvskjølbakken* er eit uklårt namn. Førsteleddet må iallfall vere lauv. I NO finn ein inkjekjønnsordet lauvskol om «sterkt regnvêr om hausten (slik at nedfalli lauv blir sköla vekk)». Ein har oppskrifter om ordet frå Sogn og Hardanger. Det kan vere at lauvet i denne bakken blir skylt /sjølt/ nedover når det regner mykje. Ein teig heiter *Lauvskjølbakkteigen*.

Namna *Vedhogstran* /Vehåkstranj/ og *Vedhogsterteigen* fortel om at her hogde dei ved. På *Myrbærlægda* fann nok folk seg myrbær /myrber/ som er det gamle namnet på det som no går under namnet molte.

Storsteinlægda er mot toppen av Horga. Aasen skriv i ordboka at lægd er vanleg grunnord i store område av landet. Han seier det er ein lågtliggjande stad, «en Flade eller Fordybning ved Siden af et Bjerg». (I Bergen er Lægdene ein sporvegsstasjon.) Hans K. Berg fortel frå gjetardagane på slutten av 1800-talet: «Ein av desse søndagane kom eg over ein sau som hadde dotte ned mellom nokre store steinar oppi Storsteinlægda.» Både namnet og det Berg fortel, viser at det var store steinar og ulendt her.

Elles har ein namn som *Gjerdan* og *Gjerdteigen*. *Fuglleiken* fortel om orrfuglleik. Namnet *Ørnlægda* er minne om ein annan stor fugl. Eintalsforma i ekte målføre er *ein ørne*.

Heian er fjellområde med jamt lende slik som heiar plar vere her i kommunen. Her er *Haugateigen*. *Tungå* /Tongål/ er ei landtunge der lendet er høgare enn på kvar side. På nordsida er *Bjønnadalen*.

Namnet *Aurbakken* fortel om at her er aur. Gno. aurr m. var grus. I nyare tid meiner ein med aur helst ei blanding av jord og sand med raudbrun farge. Her er *Aurbakkteigen*. Ein annan teig er *Myrholteigen*. Her er myrholer.

Så har ein *Lassehaugen* og *Ottastien* /Åttastien/. Ein som heitte Otta, den gamle uttalen av Ottar, må ha brukt stigen. I nærleiken er *Kvitberget*. *Kråna* er ei krå i lendet. Lengst aust i kommunen seier ein kråa i bunden form eintal.

Det må ha vore ein eller fleire deplar (blauthol) i eller ved *Sortedepelhaugen* /Sortedepelhaun/. I ordbøkene finn ein depel m. 'dam, søle'. I gno. har ein ordet leirdepill om våt stad med leire. Før i tida tala dei her i bygdene om at ei myr var *depla*. Då hadde ho blauthol. I førsteleddet har nok ein v falle ut. Aasen har ordet «Svortedy f. Sumpjord, som kan bruges til Sværtning. Nogle St. Svortedepel (e'), m. B. Stift.» Som ein ser har slik jord vore brukt til farging. Når ein finn namnet her, har ordet vore brukt nord for Bergens stift.

Grovadalsgrova har sjølv sagt frå først av vore kalla Grova. Den litle dalen ho rann gjennom vart så kalla *Grovadalen*. Det namnet vart så mykje brukt. Etter kvart byrja dei å seie *Grovadalsgrova*. Namnet Grovadalen er framleis i bruk.

Så er det urer som heiter *Urin* /Urinj/, eit løype heiter *Storløypet*, og oppå kanten heiter det *Røra*. Ein bergformasjon heiter *Galten*. (Ein kan nemne at Galten også er eit fjell på nordsida av Malmedalen i Fræna kommune.) Sjå elles artikkelen «Mange slags minne om grisen» i RSÅ 2009.

Så treffer ein på *Ulvestien*. Her hadde altså ulven vegen sin. Hans K. Berg skriv om dyret: «Tradisjonen seier at gråbeinen var her i bygda om vintrane heilt til ca 1850-åri. Når våren kom, reiste dei sin veg, men dei tok ei og onnor geita før dei for sin veg. Geita vart slept ut tidleg om vårane for å finna seg beit oppi brattliene, der lauvskogen var komen lengst. Dei var ofte plaga av vargen om vintrane. Den kom etter dei når dei skulle til skogs for å hente heim beit og skav. Dei brukte å dra reipshegda slepande etter sleden, og køyraren sat på sleden med øksa i handa, men vargen torde aldri å kome forbi reipshegda.» Ein ser at Berg bruker både gråbein og varg. Det mest vanlege ordet på våre kantar i daglegtale ser ut til å ha vore gråbein. Truleg var dette eit godnemne (nooord). Ulv var lite brukt når ein ser vekk frå ord som ulvestaue, ulverompe, ulvekjeft. Her finn ein det altså i eit stadnamn. Men i stadnamn i dette distriktet finn ein nesten berre varg. Kanskje dei ikkje såg det nødvendig å bruke det meir positive gråbein i slike samanhengar. Ein hende gong kan ein finne skrubb eller gråbein i stadnamn. Ordgeografisk er det slik at frå og med Trøndelag og nordover dominerer varg. Det er òg det dominerande ordet i Sverige. Gråbein er mykje brukt aust i landet frå Østfold til Sør-Trøndelag. Så har det ein utlaupar ut til kysten frå Fjordane til Nordmøre. Ordet skrubb har kjerneområdet på Sørvestlandet og lengst sør i landet.

Skibakken /Sjibakkjinj/ var hoppbakke i dei dag- ar ein i alle bygder hoppa på ski både på brattvorne attleger og i høvelege lier.

Bergsvika

Gnr. 119 (17) *Bergsvika* ligg i vika nedanfor Berg. Då det vart gard her med namn etter vika, fekk sjølve vika namnet Bergsvikbukta. Det ser ut som her ikkje var folkelaust i seinmellomalderen. Ved tiendeskatten (sølvskatten) i 1520 betaler Ingemor i Bergswigh ½ l. sølv og 6 sk. Ingemor må gjerne



Frå Bergsviksetra kring 1912. (Foto Fredrik Misfjord/Romsdalsmuseets fotoarkiv 12933)

vere same namnet som Ingemar. I Bergsvika har ein bruka *Pålgarden*, *Klokkargarden* og *Nedre Bergsvika*. Ein av dei som mottek korn i 1773, er innført i lista som *Husmand Knud Bergsvignes*. Han må ha budd på *Bergsvikneset*. Også Bergsvika hadde saltkjel. Olafsen skriv i 1926 på s. 216 i *Veøyboka* b.1: «Stedet for saltkjelen i Bergsvik paavises endnu paa Nesset.»

Bergsviksetra ligg sør for Bergssetra, og ein god del lågare. Her er ein stor inngjerdt støl som vart hausta iallfall til 1950. I 1. bandet av *Veøyboka* les ein på s. 165 at *Grønstølen* var ei fiskarbu som amtskulestyrar John Olafsen sette opp kring 1880. Paul Bergsvik opplyser at *Grønstølen* var ei lita bu som trufaste vener sette opp for å ha ein stad å ta inn. Han nemner at *Bergsviksetra* var ein lagleg møteplass på fjellet med mange seterbuer og fin støl. (Artikkel i *RSÅ* 1992.) *Pålbua* høyrde til *Pålgarden*. *Klokkarbua* høyrde til *Klokkargarden*. Så hadde ein *Pebua*. *Seterberget* er ei høg slett ved setra. Ein har òg *Seterbakken*.

Gjerdsetta /*Jersletta*/ under *Klokkargarden* var husmannsplass. Hans K. Berg fortel i artikkelen at den første som budde her var Lasse Lassesen Berg (Litle-Lasse). Han fekk ikkje ta over garden på Berg. Garden vart selt. Den neste på plassen var Petter Kjustolfsen Vikgjerde som døydde i 1890-åra. Enkja Brit og to døtrer dreiv plassen til Brit døydde 5-6 år etter 1900. I 1922 vart det laga til ein hoppbakke her.

Somme av stadnamna som høyrer til Bergsvika,

er allereie omtala under Berg, men det finst mange fleire. Der det heiter *Strupen* /*Strupinj*/ går vegen opp til Berg gjennom eit skar. Vegen har vore omlagd. Der den gamle gjekk, heiter det *Gammelvegen*.

Ein åker har det merkelege namnet *Røysungen* /*Røysonnjinj*/. Førsteleddet ser ut til å vere røys 'steinhop'. Sisteleddet kan sjå ut som avleiingsendinga -ung som ein finn i gamle namn, viss det då ikkje er unge m. Ein gard med samanhengjande busetnad frå dei eldste tider kan ha gamle namn. *Sundet* er passasje mellom *Storåkeren* og *Røysungen*. Her var ikkje fulldyrka, men bra med gras, opplyste Bjarne A. Bergsvik (1915-1994). I dag deler riksvegen *Storåkeren* i to.

I namnet *Marøyna* er førsteleddet truleg marr 'merr'. Uttalen var visst /*Mareinå*/. Sisteleddet må helst vere øy om låglende ved vatn. Staden ligg ved *Bergsvikgrova*. Nedst nede talar ein om *Bergsvikløken*.

Peberget har den gamle uttaleforma av Peder i seg. Namnet *Trøåkeren* fortel nok at det her først var ei trø, altså ei inngjerding der krøter gjekk og trødde. Så vart det brote opp til åker. Der det på innmarka heiter *Geilen* og *Hagen* var det som namna fortel først beitemark. *Litlegjerdet* og *Hestevåtå* var nok òg beitemark. *Botnen* /*Bått'n*/ og *Myrholå* er ved *Bergsvikgrova*. Vatn frå *Myrholå* vart brukt til drivkraft.

Brennsteinen er 169 m høg og er søraust for *Bergsvikbruka*, og det er toppen av *Nebbå* /*Næbbå*/. *Hokjønnsordet* nebbe er eit ikkje uvanleg grunnord

i stadnamn i distriktet. Det har samanheng med nebb som er hankjønnsord her i området. Lenger sør seier ein nibbe. Det blir brukt om fjelltoppar der iallfall øvste toppen er noko spiss. Namnet Brennsteinen kan kome av at dei brende jonsokbål, og kan hende olsokbål her. Men det var òg ein brannfarleg stad her. Apotekar Paul Bergsvik skriv i RSÅ 1992: «Brennsteinen var ein mykje omtykt møteplass, både i det store og i det små, endå so krokete og bratt det var å komme seg opp. Men so er det lønn for strevet med det vakre og vide utsynet.» Stigen opp hit heiter så talande *Brattstien*. Bergsvik fortel òg om då Romsdalsstemna 1930 hadde tur oppå Brennsteinen. Laurdagskvelden 21. juni med overlag fint ver spela den då 34 år gamle landskjende nordfjordingen Alfred Maurstad fele og fortalde skrøner på Brennsteinen.

Husmorskulen /Husmorskulinj/ var ei tid ein kjend stad og eit kjent namn. No er det offisielle namnet *Romsdal videregående skole, avdeling Nesjestranda. Bergsvikskulen* var folkeskulen, men er no nedlagd. Vika nedanfor skulen heiter *Skulvika /Skulvikja/*.

Ein bekk ved Klokkargarden heiter *Klokkarelva*. Frå der den før nemnde Grovadalsgrova og Klokkarelva renn saman, heiter vasslaupet ned til sjøen *Skulelva*. Bekken renn nedover sør for Skulen.

Nerbøløå var ei høyløe som Klokkargarden hadde. Av namnet på løa forstår ein at marka her heitte *Nerbøen*.

Nausta i fjøra sørover her ved *Bergsvikbukta* var *Ytter-Bergnaustet, Pålgardsnaustet, Klokkargardsnaustet* og *Nørd-Bergnaustet*. Lengst sør har ein *Ner-Bergsviksaga*. På sørsida av bukta har ein namnet *Pebakken*.

Då Wilhelm Koren Christie (1778-1849) var på samlarferd i Romsdalen sommaren 1847, fekk han vete at store flokkar nise kvar einaste september og oktober samla seg i Bergsvikbukta. Likeins var det i Norvikbukta i Eidsbygda. På denne tida tenkte gardbrukarane på korleis dei kunne fange ein del av nisene. (Mads Langnes i RSÅ 2009.)

Ein bakke på vegen til Åsen heiter *Skitnemyrsbakken /Sjetnemyrsbakkjinj/*. Ei myr har heitt *Skitnemyra*. (Fleire myrar i kommunen har dette namnet.)

Åsen

Gnr. 121 (19) *Åsen* låg på åsen som er framhaldet av Nebbå der mellom Berg og *Vikdalen*. Bygdeboka fortel at det var kome folk hit i 1626. I 1661 var

Paal Aasen brukar. Dette var ingen stor gard. Det vart arbeidd køyreveg opp til garden i 1920-åra. Eit stabbur frå garden står på Romsdalsmuseet. *Åsagrinda /Åsagrenna/* var ei grind.

Vik

Gnr. 122 (20) som i NG er oppført som *Veø Præstegaard*, er den gamle garden *Vik*. Garden er nemnd i Aslak Bolts jordebok. Der finn ein „j Wiik nest Siliesnes“. Dette er omsett med «Bergsvika like ved Søsnes». Men det er ikkje Bergsvika som løyner seg attom Vik. Det er Vik. Denne garden er det ein først kjem til når ein fer nordover frå Søsnes. Bergsvika ligg i vika nord for Vik att. Mistaket har omsetjaren frå NG der Vik er oppført under «forsvundne Navne» Her kan ein lese på s. 256: «Vik med Kverneleie i *Vikaraa* DN.X 128, 1438. Af Brevet kan skjønnes, at de nævnte Steder har ligget nær Søsnes. Formodentlig menes Bergsvik (GN. 17) og den der udfaldende Aa, som kommer fra et Vand , som paa AK. kaldes Vikvand.» Men denne elva kjem ikkje ned i Bergsvika. Elva frå Vikvatnet blir i dag kalla *Vikelva*. Ho kjem ned gjennom *Vikdalen*. I mellomalderen skal presten på *Veøya* hatt kvern i elva. Som ein forstår er Vik eit utgammalt namn. Det er gjort steinalderfunn her i vika. Vest for Vik har ein fått namnet *Vikbukta* etter gardsnamnet.

Dei som førte gardsnamnet i pennen, førte stundom lille til namnet, for at ein ikkje skulle få samanblanding med garden Vik i Innfjorden. Dette skal ha ført til at ein fekk ættenamnet Lillevik.

Frå 1661 kjenner ein til leiglendingen Oluf Vik. Kyrkja som eigar var nok ein hard herre, for frå slutten av 1600-talet vart dei som budde her husmenn. I 1802 er garden omtala som øydegard med høyslått til sju kyr. Det er fire plassar. Frå 1838 har garden same matrikelnummer som prestegarden på *Veøya*. Midt på 1800-talet hadde ein fått sju plassar. Plassen *Vik* var der det gamle tunet hadde vore. Kan hende ein hadde fått *Nerhagen* allereie medan ein hadde den gamle garden Vik. *Øverhagen*, eller *Øvre Vikhagen*, var område som opphavleg var Bergsvika sin grunn. *Øverhagen* har òg vore kalla *Sjølaupet*. Eit sjølaup er ein stad der det er ope ned til sjøen. Det er korkje gjerde eller dyrkamark som stengjer. *Sjølaup* ser ut til å vere eit typisk romsdalsk ord. Det er ikkje registrert korkje hos Aasen eller Ross. Olafsen skriv i b. 1 av *Veøyboka*, s. 103: «Øverhagen benevntes *Sjøløipet* fordi kreaturene, naar de gikk oppe i Buhagen i Nebben, havde rekstervei her ned



Den nye prestegarden i Vik kring 1920. (Foto Fredrik Misfjord/Romsdalsmuseets fotoarkiv 13056)



Skjeret Søljlå ligg i sundet mellom Sølsnes og Veøya. (Foto KMH/Romsdalsmuseets fotoarkiv 30778)

til Stranden. Traditionen herom er endnu levende i Bergsvik.» Sjølaupet er bruksnamn både på garden Holm på sørsida av Langfjorden og på garden Hammervoll ved Eidsvågen. (Sjå elles artikkelen «Sjølaup og løype i Romsdal i RSÅ 1994.) Hagaåsen er åsen her.

Så hadde ein *Nedre Vikgjerdet* eller *Heimstegjerdet*. Det var òg kalla *Knutgjerdet*. Ein hadde *Midtgjerdet* eller *Kjøstolvgjerdet*. Det nye namnet er *Skogtun*. Så hadde ein *Fremstegjerdet* som til dagleg har vore kalla *Knutgjerdet*. Det ligg lengst aust. Desse plassane vart seinare bruk. Frå 1924 har namnet vore *Granli*. Det vart òg teke som ættenamn. *Olagjerdet* er no ein teig. Ved utlaupet av Vikelva var det ein plass dei kalla *Sanden*. Den første som budde her var Anders Olsen Havnevik. Han var soldat i krigen 1807-1814. Ein gong han nesten vart drepen, vart han redda av sambygdingen Endre Berg. Etter han kom Jørn Kjøstolfsen Vikgjerdet som var gift med Ågot Nilsdotter Vedalshaug, fortel Hans K. Berg. Det var visst ikkje noko dyrkajord ved denne bustaden.

Det vart slik at Vik vart lagd under prestegarden som avlsgard. Samstundes med at ein fekk ny kyrkje på Sølsnes, vart det bygd ny prestebuastad i Vik. I Vikbukta var naust og stø og eit godt utgangspunkt for presten som skulle til dei nye kyrkjene på Holm, i Rødven og på Sekken.

Myra som har vore kalla *Vikmyra* var oppdemd til isdam. Her skar dei ei tid is til eksport. Der det heiter *Vikvollen*, hadde dei i gamle dagar ein slags idrettsplass.

Bjønnalægda er ei lægd. *Blåhammaren* er ein hammar der riksvegen no går i tunnel. Ved hammaren er det ein heller som heiter *Hagastauå*. *Løypet* er løype.

Duskaret er eit skar sør for Vikelva. I Vanylven på Sunnmøre har ein garden Duestølen. Sør for garden er det på grensa mot Nordfjord eit fjell

Duegga. Fjellnamn som Duå eller namn samansette med ordet due er ikkje uvanlege. Det må vere fjell som likna på fuglen due, gno dúfa f. Kanskje det i nærleiken av skaret har vore ei høgd som heitte Duå. Ein treng ikkje å gå lenger enn til området sør for Skeidsdalen i Gjemnes kommune, nær grensa til Molde kommune, for å finne det velkjende fjellet Duå. Namnet er der gammalt, for garden Duåsen har fått namn etter fjellet. I Rindal kommune har ein òg namnet Duåsen.

Ein hadde *Viksaga*. Ho er ikkje lenger i bruk. Som før nemnt opplyste Hans K. Berg at oppgangssaga ved Tverelvfossen/Sagfossen i Breiskaret vart flytta til nedst i Vikelva. *Vikdalsvegen* er veggen oppover *Vikdalen* og til fjells. Han blir òg kalla *Gjerdvegen*.

Sølsnes

Gnr. 123 (21) *Sølsnes* har i sisteleddet namn etter neset der garden ligg. Når det gjeld førsteleddet er NG inne på at det kan ha tilhøyrt eit gammalt namn på Langfjorden. Det blir vist til at Oluf Rygh «formoder en gammel Form *Selisnes, af *seli n., Seljelund, dannet av selja som birki af bjørk. Dette støttes af Formen i AB. Det er dog tænkeligt, at et enkelt Parti af Fjorden, f. Ex. Sundet mellem Veø og Sølsnes, har havt Navnet *Sylgir».

O. Olafsen skriv s. i Veøyboka b. II, s. 112: «Gaardens Navn er avledet av skjæret *Søljo* som ligger like utenfor spidsen av neset Laberget. Hvad der er bemærket i N.G. R.A under Veøy, er misvisende, og viser, at forf. ikke er lokalkjendt.» Ein skulle tru det er skjernamnet som er bakgrunnen for gardsnamnet. Det er då neset ved *Søljlå*. Skjeret *Søljlå* ligg berre noko over hundre meter frå neset. Det er i våre dagar stake på staden. Dette som no er

meir som ei flu, må før merkinga ha vore ein farleg stad for båtferdsla. Ein kan rekne med at namnet er særst gammalt. I gno. hadde ein hokjønnsordet sylgja om spenne. Høg alder har også gardsnamnet. Men samansetningsmåten i namnet er merkeleg, viss namnet kjem av namnet på flua. Ein skulle ikkje vente samansetning med s. Dette gjer tolkinga problematisk. Men ved Ryghs tolking av trenamnet selje er s-genitiv heilt grei.

I NG har uttalen av namnet bunden form. I våre dagar kan ein høyre bunden form når det gjeld sjølve neset, og ikkje garden. I andre bygder i Romsdalen har ein ubunden form i uttalen av gardsnamnet, og det hadde ein før ein fekk ferjestad her. Lokalt er det ønske om skrivemåten Sølsnes. Det er heilt greitt når ein veit at namnet er så gammalt at det frå først av hadde berre ubunden form.

Bonden Ljot Ivarson budde truleg på Sølsnes på 1400-talet. Han er nemnd i eit diplom frå 1438. Ljot tyder den stygge, ljote eller bleike, gno. ljótr, gammalhøgtysk lioht 'ljós'. Skalden og vikingen Egil Skallagrimsson tynte i holmgang ein som dei kalla Ljot den bleike. Det ser av saga ut som denne Ljot heldt til på Vigra. Namnet Ljot har ein dâm av heidendom og vikingtid over seg. Ein veit at dette mannsnamnet var noko brukt fram til seinmellomalderen. Når ein kjem til 1500-talet, blir nok ikkje eit slikt namn meir brukt.

Ved skatten i 1520 betaler Erik på Sølssniss 1 ½ lodd sølv og 3 ½ mark. Truleg hadde ikkje garden nokor øydetid etter manndauden.

Ein har bruka *Einagarden*, *Ørgjagarden* og *Sølsnesgjerdet*. Dei to første har mannsnamna Einar og Ørger. Ørger Pedersen Sølsnes var brukar i 1747. Litlejulaftan det året var det storbrann på garden, blir det opplyst i Veøyboka I, s. 396. På det siste bruket, der den kjende konsul Jonas Lied var eigar, står ei såkalla sengebu. Ved moderne metode har dei funne ut at tømmeret i bygningen er hogd 1620/21. Men ho stod først på garden Teigset aust for Eidsvågen i Nesset kommune.

På dette neset står *Sølsneskjerkjå*, eller *Veøy kyrkje* som er det offisielle namnet. Ho stod ferdig i 1907 og er bygd i nasjonalromantisk stil med drakehovud. Det vart bygd ein stall med 25 båsar på nordsida av kyrkja etter 1907. Medan folket lydte på messa, stod hestane til dei som køyrde til kyrkja her. Stallen vart kalla *Kjerkjestallen*. Men den tid kom då ingen lenger brukte hesteskyss til kyrka. I 1980-åra var det meininga å rive stallen som var i forfall. Men så kom verneinteresser inn i biletet. No er *Kjerkjestallen* restaurert og registrert som fortidsminne. Dette skal vere den einaste kyrkjestallen som står att i bispedømmet.



Laberget ved Sølsneskjerkjå. Namnet fortel at dette har vore lasteplass for skip og båtar i uninnelege tider. (Foto Fredrik Misfjord/Romsdalsmuseets fotoarkiv 12844)

Det var skysstasjon på Sølsnes. Det vart bygd ny vør i 1832 som var 53 alner lang og 9 alner brei. Denne solide vøren måtte setjast i stand etter stormskadar både i 1863, 1864 og 1878. Mykje av vøren er framleis å sjå der aust for Laberget. Vegen gjekk ned der kyrkja seinare vart bygd.

Vest for kyrkja er det ein terrengformasjon som heiter *Rumpå /Rompå/*. På nordsida av neset er det ei lita bukt som heiter *Persholdå*.

Eit berg i fjøra heiter *Laberget*. Dette namnet finst mange stader langs kysten og er gno. (h)lada-berg n. Aasen seier at det er «en Klippe ved Søen, hvor Fartøier kunne lægge til og indtage Ladning; en naturlig Brygge». Hlada var i gno. ordet for å laste (skip). Ein kan tenkje seg at dei her også lasta om bord varer som skulle til kaupangen på *Veøya*. *Labergneset* er vest for Laberget. *Laberget* vart òg namn på eit jordstykke som Ørja Pedersen Sølsnes tok unna då han selte garden sin på Sølsnes. Dette var ovanfor Laberget i fjøra. Etterkomarane hadde bruket her, men det vart kring 1930 selt til Knut Sølsnes. Dette opplyser Hans K. Berg i 1949 i artikkelen om husmannsplassane. Ein 13 m lang mur, truleg lømur er å sjå i skogen her i våre dagar. Ein ser det har vore dyrkamark, men no er ho attvaksen. Det er også fleire gamle støer ved Laberget.

Så var det ein plass som heitte *Skaget*. Truleg var *Skaget* namn på heile det utstikkande neset her. Eit skag er noko som stikk fram. Hans K. Berg opplyser at det var Mads Larsen Flovikholm og Gurå Ørjersdotter Staurset som bygde her kring 1880. Sjukdom kom til. Både Mads og tre av borna døydde. Den eldste dottera vart gift i Ålesund. Dei tre andre ungane reiste til Amerika. Ei fordjupning i lendet heiter *Skagholå*.

Ein hammar ved fjøra heiter *Blåhammaren*. Ei hole i Blåhammaren heiter *Jutulsetet*. Slike stortroll var oftast tunge i sessen, og raua var heller brei. Truleg har det vore ei segn omkring namnet. *Trollhaugen* er ein haug oppå høgda. Kan hende det er ein samanheng mellom desse to namna. Ein jutul var eit troll, men av største slaget.

Gjertrudhammaren er hammaren nedanfor vegen like vest for *Ferjekaia*. Ei som heiter Gjertrud har fått namnet sitt knytt til hammaren.

Holman er holmane borti fjorden sør for Sølsnes. Fjordstykket mellom Holman og land heiter *Sundet /Sønne/*. *Skjæret* er nærast land. Litt sør for Skjæret er det ei flu som heiter *Torvå /Tårvå/*. Ho har altså vorte samanlikna med ei torve 'eit stykke av øvste delen av jordskorpa'. Grunna liknar vel på ei torve når ho kjem til syne. Tang og tare kan minne om gras. Sivert Malones (f. 1924) fortalde at denne flua også vart kalla *Kongeriket hans Pål-Ingebrikt /Kongerikje hass Pål-Innjevrekt/*. Han Pål-Ingebrikt frå Pål garden i Bergsvika stod ofte «på Tårven» og drog notarmen når dei sette med kastnot. Holmen lengst vest er *Fyrholmen*. Her er det fyr. *Nørde Holmen* er lengst aust. *Skallen /Skalljinnj/* er ein fiskeplass lenger sør. Det er særleg storsei dei fiskar her. Her når ein botnen med «ei lågje», seier Malones.

Ved Trollhaugen er *Innlogå /Innlågå/*. Det er jordstykket som er lagt attåt. Her er òg *Innlogberget*. På *Storgjerdet* budde Storgjerd-Hans /Storjer-Hans/ og Alet. Dei kom frå «åvå Lanne» (Gudbrandsdalen eller dei andre austlandsdalane). Somme ungdomar dreiv ap med Hans, fortel H. K. Berg. Det blir fortalt at ein gong drog dei båten hans heilt opp i åkeren «på Storjera». Så ropa dei at bjørnen hadde kome i åkeren. Hans hadde ei gevær som var ein tom grov, og der ein kunne bruke både kule og hagl. Han la ut og skaut to store hol i båten sin. Kvar kveld tala Alet med haugbokken under fjøsstellet. Haugbokken /haubokkjinnj/ var den underjordiske som passa på at alt på garden vart gjort slik som dei hadde gjort det frå gammalt. Mange av desse gjorde fantestykke når det var eitkvart dei ikkje var nógde med. Det gjorde visst haugbokken på Storgjerdet òg. Men Alet visste ikkje at det var gutar frå Sølsnes ho skjente på for fantestykka, og som låg gøynde og svara henne. Ei av døtrene vart gift med ein som også var opplending.

Brømsdalen er ein liten dal aust for Vikbukta. Det er uklårt kva som ligg i førsteleddet. Ivar Aasen har hankjønnsordet brom om bregne frå Nordland. Ein kan ikkje sjå heilt vekk frå at ordet også på våre kantar har vore brukt ved sida av blom. Ein kunne òg tenkje at ordet kan ha vore første delen av eit eldre namn på Vikbukta.

Reset er høgda aust for *Gjerdet (Sølsnesgjerdet)*. Her går Sølsnesvegen. *Kalvura* er ei lite ur. Namnet kjem vel av at her har kalvar gått. Så er det ein haug som blir kalla *Sønnahaun*. Førsteleddet er truleg sund 'passasje mellom åkrar'. Normert form må då bli Sundahaugen.

Reitura er ei ur. Namnet fortel at det må ha vore åkerreit i nærleiken. Ei bu her heitte *Reiturstauå*. Sivert Malones jr. fortalde at i sin ungdom hadde Albert Brevik, Theodor Malo og Lars Vik ein brennvinskagge gøynd her. Namnet på kaggen var Montiros.

Vika *Breivika* har gjeve namn til bruket *Breivika*. Så har bukta fått namnet *Breivikbukta* etter bruket. Eit anna namn på bukta er *Larsbukta*. Lars var brukar på Gjerdet. No blir ikkje dette namnet brukt meir. *Breivikhammaren* er nede ved sjøen. *Breiviksvingen* er sving på *Gammelvegen*. *Geilen* er eit område. *Myran (Sølsnesmyran)* er bruk.

Svarthammaren er på sørsida av Vikelva. *Nakkholå* er ei fordjupning oppunder *Nakkan*. Det er fleire nakkar. *Sandvegan /Sannvæganj/* var stigar.

Sælebotsiklå /Selebotseklå/ er ei oppkomme. Det er grave her, og no er det visst ikkje så godt om vatn som det ein gong var. Ei sikle /sekle/ er ein stad der det renn berre lite grann vatn. Ein talar òg om at det «det sekla og rinn», og då renn det berre lite grann. Ivar Aasen skriv at ei sælebot er «Velgjerning, Hjælp, Lindring i en stor Nød». Når ein gjer ei «selebot», gjer ein noko godt for ein stakkar. Her er det oppkomma som gjer ei slik god gjerning når ein tørst person kjem forbi. Ein finn same oppkomnamnet også andre stader i Romsdalen. (Sjå elles artikkelen «Særmerkte oppkommer» i RSÅ 2004.) I gno hadde ein dette ordet sálubót f. 'hjelp for sjela'.

Langhamran er hamrar ikkje langt frå fjøra. *Langhammarberget* er eit berg ved sjøen. Eit anna namn på det er *Fiskarberget /Feskarbærje/*. *Langhammarholå* er ein fiskeplass. Her er noko djupare enn kringom.

Myran er bruk. *Myraskaret* er skaret oppover frå Myran.

Ein hammar i fjøra heiter *Svarthammaren*.

Gråtarsteinen er namnet på ein stein. Det ligg ei soge attom dette namnet. Det var slik at Jo Malones gjekk underoffiserskulen i Trondheim. Her trefte han ei dame som var av finare folk. Malones fortalde at han var frå ein bra gard. Kvinna vart med han sørover. På ferda sørover vart garden i hans talemåtar mindre og mindre. Då dei kom til *Hatlevika*, sa han: «Nei, men he dei reve løå?» Der hadde aldri vore løe. Dei få dyra var i kjellaren. Det blir fortalt at trondheimsdama gjekk attom denne steinen og gret. Steinen vart seinare heitande Gråtarsteinen.

Hatlevika var frå først av ei vik som hadde fått namn av di det voks hatl (hasl) oppi land her. Så vart det husmannsplass, først under Søsnes. Så vart bustaden kjøpt av Maloneset.

Fårlegstien /Fårlesti'n/ er ein stig. Her er bratt. I dette namnet må ein alderdomeleg uttale ha overlevd. I dag seier ein farle. Tidlegare sa dei nok fårle. I eldre nynorsk (landsmål) skreiv ein fårleg. I gno. finn ein fårlegr. Det er ikkje uvanleg at eldre ordformer overlever i stadnamn. Leif Vestad nemner i hovudoppgåva si om stadnamn i Bud, Bergset og Gule i Fræna kommune eit skjer som han i normert form skriv som Forleskjeret. Han meiner skjeret har vorte samanlikna med for-ler 'framler i sko'. Dei seier Fårleskjæret. Ein kunne etter mitt syn heller tru det var Fårlegskjæret, altså det farlege skjeret.

Der det heiter *Brenthaugen* har det gjerne vore brann. Lenger oppe er *Hjellen* og *Tjønnmyra*. På denne myra er det framleis småe tjørner. Lenger oppe stryper lendet seg saman. Her heiter det *Tjønnmyrstrupen*. Så kjem ein til *Langedalen*. Langt aust i Langdalen er *Langedalstjønnna*. Endå lenger aust er *Langedalsoppkommå*.

Hårbakkmyra var namnet på ei myr. Namnet er gammalt. Det er noko usikkert kvar myra ligg, seier Malones. Førsteleddet kan vere gno. hárr 'grå'. Det kan såleis vere myra ved den gråe bakken.

Inste Brenthaugen er ein haug på sørsida. Så har ein *Finemyra* på nordaustsida av denne haugen. Her spela orrhanen, fortalde Malones. Søraust for denne myra er myrane dei på Maloneset kallar *Småmyran*. På Malo er det nokre myrar som ligg nokre hundre meter lenger aust dei kallar *Småmyran*.

Stubben er ein bytgadd. Gadden er ikkje meir enn om lag meteren høg. Her møtest mange byte. Han står i langbyttet som kjem opp frå fjorden. At det no berre er ein stubb att av denne byttolla, viser at byttet må ha gått her frå utgammal tid.

Vass-skilhamran /Vassjøhamran/ må helst ha ordet vass-skilje i førsteleddet. Det er frå sørsida ein bruker dette namnet. Det er visst desse hamrane Hans K. Berg kallar *Vassfjellhamran*. *Grøtskaret* er ikkje langt herifrå. Førsteleddet er gno. grjót 'stein'. Eit namn frå nyare tid hadde heitt *Steinskaret*.

Såharein *Øvre* og *Nedre Svartholå*. *Svartholskaret* er nord for *Øvre Svartholå*. *Bjønnalihaugen* er på austsida.

Storlia er aust for Vikvatnet. *Rakkarhaugen* er namn på ei hytte og ein haug. Det skal ha vore Pe Berg som kom på å kalle staden med dette namnet. Namnet er frå 1900-talet. Opphavleg var rakkaren ein medhjelpar til bøddelen. Men her er det vel eit meir moderne innhald i ordet.

Malo

Gnr. 124 (22) *Malo* har eit gardsnamn som ein ikkje finn andre stader i landet. Sisteleddet ser ut til å vere eit ord som ein berre finn i stadnamn. I gno. finn ein det i stadnamn som ló. Færøysk har ordet i forma lón f. 'englette ved vatn'. Liknande tyding synest det å ha hatt i gno. Det engelske målføreordet loo 'open plass' er lånt frå gno. I nederlandsk har ein -loo. Mange minnest slagstaden Waterloo. I tysk har ein Loh, og i engelsk -ley. Ein har der stadnamn som Oakley, som då tyder 'Eikeglennå'. Opphavleg tyding er truleg ein stad der det veks berre lite grann småskog med gras, lysning i skogen eller glenne. Den mest kjende staden med dette ordet her til lands er Oslo. Ein kan nemne at lo er sisteledd i nesten 50 gardsnamn kringom i landet.

Førsteleddet i Malo er problematisk. I tillegget i NG s. 470 står: «A. Kjær gjør opmerksom paa, at Malo kan være eldre Marló, hvori 1ste Led er marr, Hav, eller snarere marr, Hest. Denne forklaring synes meget rimelig.» Men når namnet er så gammalt, kan dette vere eit ord som gjekk ut or talemålet før ein fekk skriftspråk.

I Skjåk har ein gardsnamnet Marlo. Malo her lengst vest på nordsida av Langfjorden kan altså vere glenna ved sjøen eller glenna der hestar pla gå. Olafsen nemner s. 315 i *Veøyboka* b.1 at det tidlegare var ein stor gravhaug nedanfor husa. I NG s. 248 er staden der garden ligg skildra slik: «Gaarden ligger paa en bred, lav Flade op fra Søen med høie Bakker paa begge Sider.» I tillegg til dette kan ein seie at neset garden ligg på lett blir snøfritt. Sjølv om garden er utgammal som namnet viser, hadde han nok ein lang øydebolck i seinmellomalderen.

Øver-Malo og *Ner-Malo* er bruk. I tidlegare tider stod visst husa på Ner-Malo lenger nede, men så brann dei. Ein har funne kol i jorda her. At husa stod lenger nede før, forklarar førsteleddet i namnet.

Malo sagbruk var eit stort sagbruk på garden.

Maloneset er bnr. 3. I matrikkelen står *Neset*. *Malonesbukta* er bukta nedanfor. I bygdeboka står det at det budde folk på Maloneset på 1600-talet.

Hellå er eit berg i fjøra. Ein har namnet *Storkjemmen* om ein skogkjem. (Sjå om ordet kjem ved omtalen av eit liknande namn på Nesje.) *Kuvegen* er krøtterråk. *Midtvegen* og *Yste Veg* er stigar. Det er òg *Nørde Veg*, men her går no fylkesvegen. *Nesahaugen* /Næsahaun/ er ovanfor Maloneset. Nedst på haugen er *Haugenden* /Hauænninj/, altså enden på haugen.

Så har ein *Røra* og *Øvste* og *Nedste Læg*din. Her er altså ujamt lende med mange lægder.



Frå Malo. Veøya og Sekken i bakgrunnen. (Foto KMH/Romsdalsmuseets fotoarkiv 30782)

Aurbakken er ikkje langt frå husa. Som ein veit var aur i gno. ord for grus. (Det lågtyske ordet grus kom inn seinare.) No meiner ein med aur helst ei blanding av sand og jord som er raudbrun på let.

Rognedalsgrova kjem ned gjennom *Rognedalen*. Lengst oppe er *Rognedalsstrupen*. Ein stad heiter det *Rognedalsgapet*. Der er det meir ope. Det er vanskeleg å seie om bakgrunnen for namnet er at det har vakse mykje rogn oppi dalen her, eller det kan vere det gamle ordet for steingrunn som ein har i skjernamn på Nesje og Bolsøya. Er det slik, kan leddet rogn vere minne om det gamle namnet på bekken her. *Rognedalsløypet* er eit løype for ved, og kanskje tømmer.

På *Malonesneset* er *Sankthansbålrøysa*. Ordet sankthans har kome inn i talemålet i denne kommunen i noko seinare tid i staden for det gamle jonsok som kjem av jonsvaka. Sankthans er eigentleg Sankt Johannes. 23. juni var fødedagen til døyparen Johannes. Denne røysa var staden der dei brende bål denne midtsommarskvelden.

Hammaren er ein hammar i *Malonesbukta*.

Maloskjæret er eit skjer ikkje langt frå land rett sør for Sagbruket. Lenger vest er *Malokattan*. Dette er grunner eller fluer. Det er uvanleg at grunner heiter kattar. Kringom her heiter det *Katthavet*. Det kan ligge ein humoristisk dâm over desse namna.

Malonesgrynnå er ei grunne borti fjorden søraust for Maloneset.

Der det heiter *Kolmilå* har det vore brent trekol. Namnet kan vere eit minne om trekolbrenninga som folk måtte utføre til Osen jarnverk i 1760- og 1770-åra.

Også på Malo har det vore sjølaup der ein kom seg ned til sjøen utan hindring. Det viser namna *Sjølaupattlegå* og *Sjølaupbrynnet*. Denne brunnen (oppkomma) vart teken av vegutviding. *Odden* er eit atlegnamn.

Leda *Steinledet* og *Hopledet* er nemnde i gamle grensedokument. Truleg hadde begge bruka det siste ledet i hop for buskapane. *Ledbakken* er ein bakke på vegen. Her har vore led. *Storteigen* og *Litleteigen* er teigar.

Lofthammaren er ein hammar. Det kan vere slik at hammaren har likna på eit loft. Slike bygningar var det også på våre kantar i mellomalderen. Loft (gno. lopt) var det mest staselege huset på ein gard. Det hadde to eller fleire høgder, ofte med svalgang kringom. I første høgda var det lagerrom. I andre høgda var det ofte sengerom. Ein kan nemne at Loftet er eit 2070 m høgt fjell i Lom.

Ei hole i nærleiken heiter *Dyraholla*. Førsteleddet ser ut til å vere genitiv fleirtal av dyr. Kanskje det med dyr er meint hjort.

Kvitsteinmyra /*Kvissteinmyra*/ er ei myr som kan ha fått namn av kvit stein. NO opplyser at kvitstein har vore brukt om steinslaget kvarts på Selje, i Øksendalen og mange stader i Trøndelag. Eit løype heiter *Kvitsteinløypet*.

Også i lia ovanfor Malo er *Blåhammaren*. *Hjellvegen* er ein stig. Ein som heitte Kristian har fått namnet sitt festa til kleiva som heiter *Kristiankleiva* /*Krestjannkleiva*/. Her er òg *Myrvegen*. *Slettin* /*Slettinj*/ er eit slett område. Namnet er fleirtalsforma av ei slett.

Sivert Malones jr. fortalde at på sørsida av Nakkan er det eit gammalt bjønnahi. Det er lite og kaldvore, og det har vore eit hanbjønnhi. Hiet til bingsene var større og varmare, for ungene måtte ha det heitt, kunne Malones fortelje.

Malones fortalde om namn som *Nedre Skaret* og *Øvre Skaret*, *Grønsletta*, *Maloskaret*, *Maloheia*, *Brekemyra* og *Skarmyroppkommå*. Om Skarmyroppkommå fortalde han at bestemor hans grov opp denne oppkomma eitt av dei første åra etter 1900. Medan ho dreiv på, høyrde ho noko som klakka og gjekk. Så fekk ho sjå nokre lange, merkelege far. Men ho trudde det var etter ein nabo, som hadde litt vanskapte fotablad. Etterpå forstod ho at det var bjørnen som hadde vore i nærleiken. *Myrvegen* er ein stig. Så har ein *Lykkjevegen* som er vegen inn til *Lykkjå*. I eit grensedokument frå om lag 1880 står «Løkkeveien», sa Malones. *Myrledet* er i bytet mot Hegneset.

Nedmed fjorden er *Vikan* småe vikar. *Vikaberget* er eit berg i fjøra her.

Hegneset (Hengneset)

Gnr. 125 (23) er skrive Hognes, Hegnes, Hegnis og Hegenæs frå 1610 til 1669. I 1723 er namnet skrive Hengnes, og då må ein tru dei uttalte namnet likeins som i dag. I NG blir det rekna med at førsteleddet er treslaget hegg. Uttalen i dag er med bunden form */Hængnæse/*. Som ein ser har garden namn etter neset nedanfor garden. Ein kan opplyse at det er eit nes på austsida av Silsetvatnet på fjellet mellom Kleive og Batnfjorden som har same namnet. Dette er 295 m o. h. Eit anna tolkingsalternativ er at ein har hegn i førsteleddet, altså inngjerding. Det er ikkje unaturleg at det har vore det nedpå neset her. Gardsnamnet Hegna som ein finn mange stader, skal ha ein slik bakgrunn. I bygdeboka for Nesjestranda av Arnold Solemdal er det opplyst at det er funne ei likkiste av steinheller. Nede ved sjøen ligg *Mortensteinen*. I skattematrikkelen for 1647 finn ein «Nederhegnis ½ woeg Morten 3 ort». Det er ikkje utruleg at steinen har namn etter denne Morten. Som før nemnt har ein stein på Veøya same namnet. Heller ikkje der veit ein kven denne Morten er. Det kan knapt vere den same. Hans K. Berg var inne på at det kan ha vore ein husmann som budde nedpå her med dette namnet. I 1773 var det iallfall ein husmann som då han fekk tak i innført korn, fekk namnet sitt skrive «Husmand Morten Hægnæs». Her nedpå neset står høyløa *Nesløå*. Ved løa har ein namnet *Nesløvollen*. Her er fleire gravrøyser.

Det mindre neset lenger aust er *Apalneset*. Før var det slåttamark her. Her veks det ein apal heilt ned mot fjøra. Han blømde så fint først i juni 2010. Eplegard er nemnd i landslova frå slutten av 1200-talet. Det var i klosterhagane dei byrja med poding av frukttre. I våre dagar har det nye ordet epletre /æppeltre/ teke mykje over i talemålet på våre kantar.

Som ein såg av skattelista hadde Hegneset midt på 1600-talet fått to bruk. Det er *Øver-Hegneset* og *Ner-Hegneset*.

Der det heiter *Hegnesetra* må setra til garden ha vore. Dette er på høgda mellom *Kringlevatnet* og *Årsetvatnet*. Oskar Hegnes hugsar at han saman med den mykje eldre grannen fann nokre stokkar her. No er stokkane opprotne. Ein meiner at setra vart nedlagd 1810 og 1820.

Hegnesura er ned mot sjøen. Ein har òg namnet *Ytste Hagen*. Ein husmannsplass her heitte *Hegnesura*. Namnet fortel at her ikkje er det beste jordbrukslandet. Plassmannen heitte Anders. Også lenger aust har ein namnet *Hegneshagen*. Namna kjem av at her har vore hamnehage.

Om lag same bakgrunnen har namnet *Lykkjå*. Lykkje er ei avleiing til gno. lúka 'stengje', altså inngjerdt jordstykke. Relasjonsnamn er *Lykkjelægda*, *Lykkjeholå* og *Lykkjevadet*. Elles har ein namn på Ner-Hegneset namn som *Elvabakken*, *Brattåkeren*, *Kvennhusbakken*, *Myran* og *Lialægda*.

Aust for elva har ein det merkelege namnet *Kveitkjørdalen* på ein liten dal. Dette var eitt av namna skuleelevane frå garden skreiv opp i 1930-åra då professor Gustav Indrebø i Bergen sette folkeskuleelevane i gang med å samle inn stadnamn. Kanskje midtleddet er tjøre. Men det er mykje usikkert. Eit målføreord for planta geitrams har på Vestlandet vore jeisskor og liknande former. Kan dette ordet ha vore brukt her i tidlegare tider, og at dette er ein uttalevariant? *Våtå* var slåttamark og vâte.

Dalåkeren var åker ved *Dalan*. Ei klopp over Bekken heiter *Dalkloppa*. Ein åker heitte *Langåkeren*. Ein annan heitte *Gammelkallåkeren*. Er det med gammelkall meint kårmannen, var dette åkeren til kårfolket. *Bakken* er bakke ved husa. *Oppkommå* er ei oppkomme vest for garden. Ledet *Smiledet* var nok ved Smiå. Der det heiter *Skiljaren* /Sjøljar'n/, skilde dei nok husdyra frå kvarandre når dei kom heim om kveldane. Der det heiter *Steinbuholå*, må ein tru det ein gong i tida stod ei steinbu.

Begge bruka hadde nok smie, for også på Øver-Hegneset er det eit namn *Smihaugen*. *Myra* og *Flatin* er attleger. Det siste er fleirtalsform av ei



Surapalen på Apalneset både blomstra og bar fram sureple i 2010. Epla ber namnet sitt med rette. (Foto KMH/Romsdalsmuseets fotoarkiv 30797)

flat. Namnet viser at attlega *Nybrøtet* ikkje er så gammal. Førsteleddet i *Veitåkeren* er veite. Ein som heitte Pål braut opp *Pålbrøtet*. Attlega *Stormyra* må vere myrlendt. Høgda *Prekestolen* må ha mint om ein prekestol i ei kyrkje. Ein seier prekestol utan diftong. Det viser at ordet har kome inn i talemålet i same form som i dansk-norsk. Meininga med namnet på attlega *Millohaugen* er at ho ligg mellom. Ovanfor er *Høgreiten*. Så har ein *Geilen* /*Jeilinj*/ og *Hatleholå*. Litt lenger aust er *Almebakken*. Både hatl (hassel) og alm var verdfulle å ha i nærleiken. Ovanfor dyrkamarka her er *Brattlia*. Ned mot sjøen er det ur, og her heiter det *Urin* /*Urinj*/. Borti fjorden er *Hegnesgrynnå*.

Går ein oppover i lia, kjem ein til *Neverhaugen*. Namnet *Nevra* har òg vore brukt. Namna fortel nok om at her løypte dei bjørkenever på føresommaren. *Nevra* var særskilt viktig den tida det på desse kantar berre var torvetak. Never kunne bli brukt både til skrepper og krukker. Tømmerfløytarar brukte somme stader neversko. Det var ikkje uvanleg at det i eigedomsdokument var spesifisert kven som hadde retten til *nevra* i dei ymse teigane. Ein hadde ordet nær i gno. Det er altså ytste laget av bjørkeborren. Nord for *Neverhaugen* er *Djupdalen*. Her er òg *Mildribrauta*. Denne bratta må ei *Mildri* ha gått ofte. Aust for *Tjønnyra* er *Fuglleiken* /*Fuggelleikjinj*/. Namnet fortel om orrfuglleik. Ein stor eine som er byttre heiter *Einkongen* /*Einkonjinj*/. Det ser ut som sisteleddet er konge.



Mortensteinen på Hegneset. I bakgrunnen Apalneset, Årset og den karakteristiske kollen på grensa mot Nesset. (Foto KMH/Romsdalsmuseets fotoarkiv 30795)

Oppover mot fjellet lenger vest har ein namn som *Hjellen*, som var tjørhjell, *Hegnesrøra*, og *Hegneslia*. *Nyseterbakken* fortel kanskje om at dei har mjølka krøtera her. *Bjønndalen* er ved stigen. *Brekka* er ei brekke (høgd). Det blir vel òg sagt *Hegnesbrekka*. *Brekemyra* er på sørsida av *Brekkevatnet*. *Kvilaren* er ein stein der dei kvilte. Han blir òg kalla *Brekkesteinen*. *Brekkedalen* går nordaustover frå *Brekkevatnet*. Lenger nede er den noko tronge *Mørkedalen*.

Så har ein *Baklia*, *Baklihammaren* og *Svortebaklihammaren* som er ein hammar på baksida av *Baklihaugen*.

I dag seier ein *Langevatnet*, fortalde Malones. Men han kunne opplyse at i hans barndom sa dei *Baklivvatnet*. *Løkan* er i det flate området sør for Kringlevatnet. Det blir gjerne sagt /Klengrevatne/ om dette rundvorne vatnet. Tydinga av kringla gno. var ring eller rund skive.

Ei stor flyttblokk heiter *Stortosken* /Stortåssjinj/. Som før nemnt kan tosk vere både fisken torsk og ein dum person. Her er det nok ikkje ei samanlikning med fisken. Kanskje det heller har med taske å gjere, men at det her har vorte hokjønnsord. *Litletosken* er ein stein lenger sør. På austsida av Breiskaret har ein dei før nemnde Toskhamran.

Stornøsa og *Litlenøsa* er markerte høgder. *Nøsrøra* er oppover frå *Stornøsa*. *Årsetvatnet* er det største vatnet oppi her. Slik det er i dag, eig Hegnesbruka det aller meste av vatnet. På nordsida av vatnet er *Hegneslødalen*. Namnet fortel at Hegneset har hatt høyløe her. Aust for vatnet er *Øvste* og *Nedste Vassdalen*. Når ein talar om begge dalane, har ein sagt *Vassdalen*.

Nedmed stranda var det ein husmannsplass der det heiter *Plassen*. Dette var ved *Haganeset*. Dette namnet fortel at ein har hatt eit namn Hagen. Her er ein teig som heiter *Bøgardsteigen*. Så har ein namn som *Leirholå* og *Midtlægda*. Ein stad heiter det *Knutsenhandsaga*. Her må ein som heitte Knutsen hatt handsag. Oppover herifrå finn ein *Gjerdmyra*. *Kringlå*, *Liamyra* og *Liahaugen*.

Ved innsamlinga av materiale til artikkelen «Snø, brear, årtidsmerke og ymse andre merke» (RSÅ 1996) skreiv Oskar Hegnes i svaret sitt: «På andre sien tå fjora, borti Tarløysen, kom de te synes ein mann når sjnøven bråna om våren. Han bar på ein sålaup. Me kalla han fær *Såmain*. Når de tina så mykjy at me såg sålaupen, då sådde far koinje.» Sivert Malones jr. kallar same berrflekken *Tarløysmannen*. Gammelkarane sa han var på veg til Herje etter korn. Då var det tid å så, fortel Malones. Dette er gamle namn og merke for kva tid arbeid skulle utførast. Malones fortalde òg om ein snøfleck på nordsida «tå Tarløysen» som var merke for godt eller dårleg år. Han gjekk ikkje vekk i dårlege år. Tarløyså er eit ruvande fjell. På kart er namnet skrive Torvløysa. Både Hans Strøm og Knud Leem som levde på 1700-talet, og som begge hadde tilknytning til Sunnmøre, nemner eigenskapsordet 'tar-lous' med tydinga tarvlaus 'det ein ikkje tarv (treng)'. Kan hende meininga er fjellet som berre er i vegen. Som ein ser er dei før nemnde stadene på sørsida av Langfjorden, men det var på nordsida ein brukte namna. Slikt finn ein mange døme på. Kanskje dei som bur nærast stadene ikkje ser dei heller.

Årset

Årset er gnr. 126 (24). Som ein ser er dette ein av set-gardane i kommunen. Asbjørn Øverås omtalar på s. 47 i Romsdalssoga b. 2 skattelista frå 1520. Under Eriksffiorde otting skriv han at Ellingh på Ormestter «har ingen ting (ein kvorven gard i Nesset?)». Men dette kan ikkje vere annan gard enn den som seinare vart heitande *Årset*. Det kan sjå ut som grensa mellom det som den gongen var Bolsøy og Eresfjord åtting, gjekk ein stad mellom Sølsnes og Ormset. (Ein ser at Sølsnes i skattelista er oppført under «Bolisø otting».)

Kan hende det på denne tida ikkje er så lenge sia gardsdrifta hadde vorte teke opp att etter øydetida. Elling slepp å betale skatt. Skriftforma frå 1520 viser at garden har namn etter ein som heitte Orm. Same gardsnamnet finn ein to stader på Nordmøre, i Aure og Tingvoll. Ein har opplysningar om at mannsnamnet Orm vart brukt frå 900-talet og fram mot 1500. I gammal tid trudde dei visst at dei som fekk dyrenamn, skulle få same eigenskapane som dyret. Med namnet Orm skulle det bli ein som greidde å bite frå seg.

Dei som førte gardsnamnet i fjørpenen når ein kjem ut på 1600-talet, kan ikkje ha forstått at førsteleddet var eit gammalt mannsnamn. Frå 1610 og utover er det skrive Aarset og Aarsett. Fem gardar på Sunnmøre heiter *Årset*. Men der er visst bakgrunnen for namna ein annan. For somme av dei kan det vere genitivsforma av å (elv).

Her har nok vore folk lenge før ein fekk namnet Ormset. Det er funne to steinøkser, pilspissar av flint og somt anna frå utgammal tid. Delar av eit sverd frå mykje seinare tid er visst òg funne. Det blir opplyst at det gamle tunet var aust for elva.

På *Årset* har ein bruka *Der ut* og *Der inn*. Den eldste bygningen på *Årset* er *Kvennhuset*.

Årsetsetra var på ei lægd oppunder *Sollia*. Det var god hamning, men tungt å kome opp hit. Garden Reitan setra her til om lag 1900. Ved *Årsetsetra* er namna *Seteråsen* og *Seterlia*. Ved den før nemnde *Sollia* er *Sollirøra*.

Årsethagen eller berre *Hagen* var plass. Ere *Årsethaga* budde ved sida av *Hegnesura*. Hans K. Berg skriv: «Seinare kom Botolv Jonsen Dale og kona Ingebær åt *Årsethaga*, men dei bygde stauå si på ein annan plass. Jordvidda var lita, omkring 1 mål jord. Botolv var ein liten god kar, god til å bruke munnen og endå betre til å skratte. Eit ordtak dei hermer etter han er dette: «I ska slå dåkkå so små, at menste fuggeln ska bere største målinn,» og han sa: «I e den rikaste i Gribbestad kreds, for i e nøgd med det i he.»

Hagaknubben er eit lite nes. Ein knubb er ein rund formasjon som stikk fram. Ein finn ordet her i kommunen i namn på småe nes i fjøra. Ikkje langt borti sjøen her er *Hagaflua*. På vestsida her er *Storråbukta*. Det kan sjå ut som ein har med stor rå (krå) å gjere. Kanskje ein opphavleg hadde namnet Storråa. Men namnet er uklårt. Det kan ikkje vere tale om å, for inga elv kjem ned her.

På vollen som heiter *Saltbuvollen* har det stått ei saltbu. Det kan vere ei lagerbu for salt, eller så er det meint overbygget over sjølve saltkjelen. I 1723 er saltkjelen på Årset nemnd. Ein veit at også Grebbestad hadde saltkjel. Då Molde vart kjøpstad i 1742, vart det lettare å få tak i kjøpsalt, og det heimlaga saltet vart meir uaktuelt.

Ein hadde namnet *Prekestolen* på Hegneset. Same namnet har ein her på Årset. Her er det namnet på ein stor stein. *Kalvehagen* var kalvebeite. *Ytste* og *Nørdste Snevegen* er stigar som går på skrå. *Arnekleiva* er ei kleiv som haar fått namn etter ein Arne. Kårfolket hadde jordstykket *Kårstykket*. *Myra*, *Haugen* og *Rognattlegå* er attleger. Førsteleddet i det siste namnet er anten at det har vakse rognar ved attlega, eller det er det gamle ordet for steingrunn.

Sjøvegen er vegen ned til sjøen. Eit stykke på vegen heiter *Brauta*. *Naustbakken* er bakke ned mot *Nausta*.

Fiskarberget /Feskarbærje/ er berg i fjøra. *Flua* ligg ikkje langt frå land.

Mjortholå er eit lite område. Førsteleddet er helst ei målføreform for planta mjødur. På garden Nakken har ein namnet *Mjorta*. Ove Arbo Høeg skriv på s. 362 i boka «Planter og tradisjon» at han har fått opplyst at mjødur blir kalla mjort i mange herad på Vestlandet, m. a. i Stranda, Haram, Eresfjord og Vistdal, Eid, Halså og Straumsnes. Som ein forstår vart planta tilsett mjød den tida slik drykk var i bruk. Krøtera et nesten ikkje mjødur. Somme stader har dei gnidd inn bikubar med mjødur for å få biene inn i kubane. Det blir sagt at ormen ikkje vil vere på stader der det veks mjødur.

Nerbøen er mark ned mot sjøen. Eit nes der heiter *Neråkerneset*. Namnet er eit minne om at ein åker har heitt Neråkeren.

På lista over stadnamna som skuleelevane samla inn er namnet *Broka* /Brokja/ med. Kommentaren til namnet er: «Ein åkerlapp var før, både åker'n og namnet er no ute av bruk.» Forma på åkeren har likna ei brok. Det er då meint eine broklåret.

Geilen har vore geile. *Vadet* er vad over bekken. *Store Steinan* er store steinar.

Namnet *Rønningbakken* fortel at ein må ha hatt eit namn med ordet rønning her i nærleiken. Det

fortel om at her var ein rudning, gno. ruðningr.

Også ovanfor Årset er namnet *Brekka*. Her er òg *Brekholå*. *Benken* /Benkinj/ er ein terrengformasjon. *Løkmyra* og *Liaenden* er namn oppi her.

Kvamyra er eit uvanleg namn. Knut Reitan visste heller ikkje tydinga av namnet. Kanskje det kan vere ei forkorting av kvabb eller kvap om noko blautt. Då fortel det at myra her er blaut. *Kråna* er sjølsagt ei krå. *Kråhammaren* er her.

Reitan

Ein reknar med at gnr. 127 (25) *Reitan* er fråskilt Årset. Truleg hende det føre manndauden. Så kom ein lang øydebol. I dokument er ikkje *Reitan* nemnd før i 1669. Gno. reitr m. 'avgrensa jordstykke, åkerlapp' har med gjerningsordet rite å gjere, jf. engelsk write. Ein god del gardsnamn med reit i namnet er frå mellomalderen. Området for reit-namna er frå Sunnmøre til Sør-Helgeland. I Trøndelag kan ein finne retteleg store gardar med grunnordet reit i namnet. Bakgrunnen her ved Langfjorden var vel at dei på garden Ormset (Årset) braut opp fleire åkrar her eit stykke frå sjølve garden ein gong i tida. Så etter ei tid fekk ein busetjing her. Garden *Reitan* har attlegnamn som *Steinteigen*, *Holå*, *Våtå* og *Myra*. *Smivollen* er ved *Smia*. Namnet fortel at det er lenge sia *Gammelbrøtet* vart oppbrote. *Reitbakken* er kanskje der den første reiten (åkeren) vart broten opp her. *Hamran* er ned mot sjøen. Der det heiter *Løyphelet*, var det eit løype. *Arnebakken* er nede ved sjøen. Førsteleddet i *Førehaugen* er trenamnet. Nord for fjellet Skåla seier ein fåre. Her ved Langfjorden seier dei føre slik som dei gjer på sørsida Romsdalsfjorden.

Tørkestatuattlegå er eit namn ein i denne kommunen berre finn her. I ordboka si skriv Aasen om tørkestove: «Tørrestue, et Huus hvori man tørrer Korn til Malning.» I mellomalderen var det vanleg å vaske seg i badstover. Men desse husa vart også brukte til tørking av korn. Særleg i pietismen si tid på 1700-talet kom badstovelauginga i vanry her til lands. Dei såg det slik at det var betre å vere skiten enn å vaske seg og kome i skade for at andre kunne sjå den nakne, syndige skrotten. Men korntørkinga i heldt fram i desse stovene. Kornet måtte vere heilt tørt før ein bar det til kverna.

Ein har namna *Geilen*, *Anebakken*, *Kårstykket* og *Storlægda*, *Kroketejvå* og *Merradiket*.

Hans K. Berg skreiv i årsskriftet for RSÅ 1962, s. 28: «Inne på *Reitan* er det ei hule i ein hammar litt opp for dei gamle åkrane. Her er merkje etter ein mur



*Grebbe' midt i biletet. På andre sida av fjorden ser me Holm og Åfarneset.
(Foto KMH/Romsdalsmuseets fotoarkiv 09282)*

som hev vore oppmura framfor hola til eit brøstvern, og det er truleg at her hev det stått jegerar og venta på at bjørnen skulle kome i åkeren. Det kan hende at dei hev stått der med pil og boge. Hola kallar dei *Bjennahålå* den dag i dag.» I skulebarnoppskriftene skreiv eigaren av garden Ole K. Reitan om staden som han kallar *Bjønnahtå*: «Denne hytte er opført av gråstein og den benyttedes til skjulested når bjørnen skulde jages ut av åkrene. Den er mange hundrede år. Den holdes i akt og ære.»

Ein har eit merkeleg namn eit stykke ovanfor garden som dei no ikkje veit tydinga av. Det er *Bræmpelhaugen*. Det kan vere ei forvansking av bræmber. Dette er ein uttalevariant av bringebær. Ein kjenner denne uttaleforma frå Nord-Trøndelag. Elles har ein namn oppover her som *Åsgrova*, *Litlegjerdet*, *Litlegjerdsgrova*, *Gjerdakken*, *Gjerd-bakkhaugen* og *Storgjerdbakken*.

Lenger oppe er *Storhellaren* og *Hellaren*. Det er godt å kome seg innunder ein heller når storregnet kjem. I ordlistene står heller, men her i området seier ein heller. I gno. hadde ein ordforma hellir om utoverhallande bergvegg eller berghole. *Hellarsteinen* er ein stein. Ei myr heiter *Hellarmyra*. Ei tjørn om lag 450 m o. h. heiter *Nøkkjtønna*. Det ser ut som ein har fleire nøkkjtønner og nøkksjøar i Trøndelag enn på Nordmøre og i Romsdalen. Tradisjonen om vassvettet nøkken er sterkare der enn her i området. Dette vettet var kjent for å lokke folk ut i vatnet. Det var òg vanleg å skræme ungar

med å seie at nøkken heldt til i tjørner. Då heldt dei seg unna slike farlege stader.

Skuleelevane skreiv opp namnet *Gauksteinen*. Det må vel helst vere den velkjende fuglen ein har i namnet.

Grebbe'stad

Om gnr. 128 (26) *Grebbe'stad* skriv Ola Stemshaug i RSÅ 2001: «Grebbe'stad i Veøy «formoder» Rygh skulle ha det elles ukjende kjælenamnet *Grebbi*, laga til det norrøne mannsnamnet *Greipr*, men det manglar i personnamnoversynet hos Lind, men han har det med som tilnamn, og det er først kjent som fornamn frå rundt 1250. Ved eit eventuelt **Grebbi* gjev ikkje målføret eintydig svar på om vi bør rekne med ein opphavleg /i/ eller /e/ i førstestavinga. Vi merkar oss elles at det er eit heller seint førstebelegg (1633) for dette gardsnamnet.»

Nøyaktig same namnet finn vi bruka om noko skraslemark, ein udyrka terrasse rett ved busetjinga i Utigard i Eikesdalen med uttalen /greb:esta:n/, i dativ /greb:estáa/, altså med det for Eikesdalen ikkje heilt ukjende etterleddstrykket (jf. Gjelsvik Austigards hovudoppg. s. 68 ff.). Både her og i Veøy kan det vera snakk om ei sjølvstendig samansetning (eit prekompositum), og vi vil da kanskje tenkje på ordet gribbe f., i Romsdalen uttala /gre`b:e/ morsk,



Gribbestad skule med elevane oppstilte i sin finaste stas. (Foto Fredrik Misfjord/Romsdalsmuseets fotoarkiv 12896)

grisk kvinne' i førsteleddet. I så fall bør vi halde desse namna unna dei gamle staðir-namna.

Men det kan òg tenkjast ei anna tolking som kan halde gardsnamnet på plass som eit ekte staðir-namn. Såleis har vi i NO eit ord *grebben* adj. med tydinga «grov i hud og andlet; mager, skrin» (NO). Ordet er òg kjent frå Romsdalen, og det ville ikkje vera av vegen å bruke det om raskmark. Under tvil reknar eg da gardsnamnet mellom dei namna som ikkje har eit personnamn i førsteleddet. Alternativet måtte ha vore å ta namnet heilt ut av staðir- namngruppa.»

I «Bygdebok for Nesjestranda» kallar forfattaren bruka for «*Ytre og Nøre Gribbestad*». (Gribbestad er ættenamnforma i våre dagar, men i 1773 får ein som mottek korn, skrive namnet sitt Ingebrigt Bottolfsen Grebbestad.) Det blir opplyst at det er gjort fornfunn frå steinalderen på garden. Som ein forstår hadde her vore folk i fleire tusen år før ein fekk namnet Grebbestad. Også på Kringstad, Vestad og Brokstad har ein arkeologiske funn som viser at det har vore folk på stadene lenge før ein fekk desse staðir-namna.

På garden skreiv skuleelevane opp namna *Storåkeren, Våtå, Litlegjerdet, Sundet og Flekjå*. Det siste namnet fortel kanskje at vegetasjonen har vore avflect til åker. Så har ein *Gråtarholene* og *Handsagholå*. Dei har med «*Veitle* (eit brynn)». I normert form blir det Vermslet av vermsel (gno. vermsl n.). Dette fortel om ei oppkomme som ikkje frys om vinteren. Namna *Trollhuslægda* og

Trollhushammaren fortel om at her har vore bustad for troll.

Grebbestad hadde seter rett opp for garden i skoggrensa. I eldre tid var setra lenger nede på ei lægd oppunder øvste skoglia. Her har ein namna *Gammelsetra* og *Gammelseterrøra*. Så vart setra flytta oppover. Men seterhusa brann ned i 1880 eller 81, og vart ikkje oppattbygde. Ein har sett restar etter ein steingard i bytet mot Håskora. Det er visst også ein stad som heiter *Nysetra*. Kanskje namnet fortel at dei mjølka her.

Det var slik at *Ytre Grebbestad* hadde kvern i Årsetelva. *Nørde Grebbestad* hadde kvern i elva som heiter *Seglå*. Elvenamnet fortel vel at dette er elva som seglar nedover. Ho fer lett av stad oppå lendet.

Før i tida var det folksamt innmed stranda her. Gribbestad skule stod ferdig i 1867. Det vart altså tidleg slutt på omgangsskule her på stranda. På kartet frå 1870-åra står namnet «*Skole*» her på Grebbestad.

Ein hammar nede ved sjøen heiter *Banhammaren*. På ei av listene i innsamlinga som skuleelevane utførte er det far til elevane som har skrive. Ole K. Reitan skriv: «For flere hundrede år siden drepte en tjenestepige sitt barn på denne hammer.» Veøyboka I opplyser s. 399 at i 1756 vart Ingeborg Severinsdotter Hengnes dømd til å halshoggast. Hovudet skulle setjast på stake, truleg bortpå Holmsholmen. Ho skulle ha fødd i løynd og teke ungen av dage. Kan hende dette hende nedpå



Banhammaren. (Foto KMH/Romsdalsmuseets fotoarkiv 32042)

hammaren her, men det treng ikkje vere nokon samanheng mellom hendingane. Ovanfor hammaren er *Banhammarmyra*. Namnekonsulenttenesta har godteke målføreforma ban som normert form i staden for ordlisteforma barn. Forma ban står ikkje lenger så sterkt i talemålet her i kommunen.

Namnet *Hjelldalen* kan fortelje om tjørhjell. Kan hende det har stått ein kors til minne om ei ulykke i *Korsbakken*. Namnet *Brenslen* oppi lia her er fleirtalsform av hokjønnsordet brenslé, og er gjerne eit minne om at det ein gong var brann her. *Littleåsen* er ein mindre ås ikkje så langt ovanfor vegen. Stykket er eit innmarkstykkje. Likeins er *Nedre Teigan*. Her er òg *Gråtarholå*. Slike namn fortel oftast om at det var tungt og vanskeleg å arbeide på desse stadene. Kanskje det var tungt å slå her. Det heiter *Naustmarka* ned mot sjøen her. Ved ei lita bukt lenger aust heiter det *Gammelstøa*. Ein finn dette namnet fleire stader her på nordsida av Langfjorden, m. a. i Håskora, og under garden Barsteinen i Nesset kommune er det eit bruk ved fjorden. Kanskje dei flytta støa då det vart bygd naust. *Hardrabban /Harrabbanj/* er rabbar. Truleg er førsteleddet hard. *Våtbakkan* er lett å forstå. *Låkkertstykket* er eit merkeleg namn. Kan hende førsteleddet er namnet på ein mannsperson.

Segeldalen er elvadalen der elva *Seglå* seglar nedover frå fjellet. Ved vegen er *Litlegjerdet*. *Milkorsen* er nede ved sjøen. Dette må helst vere ein kors som viser kor langt det er hit. For dei som rodde var fjorden inndelt i miler.

Ein har bruka *Teigen* og *Stranda*. Ein teig er *Strandsteigen*. *Skråholå* var husmannsplass under Nørde Grebbestad. Restar etter murar er å sjå nedanfor vegen litt aust for der *gamlevegen* til Håskora tek av.

Så har ein *Langmyra*, *Langmyrgrova* og *Langmyråsen*. *Haukmyra* er nok minne om fuglen. Truleg har han hatt reir i ei tolle ved myra. Her er òg *Haukmyråsen*. *Styggelia* er eit stort område. Her er òg *Styggelihaugen*. Lengst aust blir ho kalla *Nørde Lia*. *Grebbestadnakken* er ein nakke om lag 450 m o. h. *Mannfjellet* er ei høgd. Høgda liknar ein mann som ligg «att á bak», som det heiter i talemålet. Det er visst særleg hovudet ein ser.

Ein har namnet *Langfjellet*. Austover her er namn som *Lia* og *Liahaugen*. *Styggebrauta* er eit bratt stykke på stigen.

Flatåsen og *Hjellan* er namn i området. *Langmyra* går langt innover. *Trollhamran* var nok bustader for troll. Det var mangt eit troll her innmed fjorden i gammal tid. Relasjonsnamn er *Trollhammarmyra* og *Trollhammaroppkommå*. *Gjerdberget* er nedmed fjorden. *Ytter-Håskorelvin* renn saman når dei kjem ned mot fjorden. *Brautin* er bratte bakkar på stigen. Lenger oppe i *Håskordalen* er *Seterbakken*. Så kjem ein til der *Ytter-Håskora* hadde seter fram til midt på 1800-talet. Her heiter det *Stølen*.

Mellom elvane har ein namna *Ytter-Håskorheia*, *Nakken* og *Gjerdeshieia*. Her er òg *Klimpen /Klempen/* og *Øvre Klimpen*. Dette er framstikkande bergknausar. Ein har hankjønnsordet klimp som mange stader har fått regressiv assimilasjon til klepp. I Nynorsk etymologisk ordbok skriv Alf Torp at klimp er «skaldet bergknold». (Same grunnordet fann ein i eit namn ut mot Julsundet.) Ein finn klimp i stadnamn både i Hordaland, Sogn, Sunnfjord og Nordfjord. Aust for riksvegen nord for Tynset i Nord-Østerdalen er det ein 854 m høg rundvoren, skogkledd ås som heiter Klimpen, opplyser Trygve Nesset s. 136 i boka «Austlandsmål» (1974). Også i Trøndelag finn ein slike namn. Jørn Sandnes skriv i på s. 34 f. i «Namn i fjellet»: «Til ulike lydsteig av same rota finn vi klamp og klimp. Det første er knapt kjent hjå oss, men klimp finn vi nokre gonger: Hollåsklimpen i Ogndal, Høgklimpen i Åsen, Heiklimpen i Åfjord, Grønliklimpen og Kjerringklimpen i Leksvik, Kvitklimpen i Malvik, Klimpan i Selbu. No kan ein undra seg over å finna forma klimp her. Ho høyrer meir heime på svensk grunn, medan ein i norsk og islandsk ventar å finna den assimilerde forma klepp. Klimp står i same høve til klepp som klint til klett eller vinter til vetter. Men i Trøndelag heiter det no vinter, og da kan klimp òg vera ei heimleg form.»

Kramkistå /Kramkjestå/ er ein stor stein. Det er fleire store steinar i området. Ordet kram (gno. kram) kjem frå lågtysk, og tyder opphavleg teltduk over handelsbu. Men det blir brukt om billege, lette handelsvarer, slike som kramkarane bar med seg på

handelsferdene sine land og strand rundt. Steinen må ha mint om ei slik kiste.

Blåbergknausen er ein knaus som er mørk på let. *Skålbotnen* er botnen rett sør for Skåla.

Ytter-Håskora og Inner-Håskora

Det er gnr. 129 (27) og 130 (28) som har desse namna. Det er problematisk å slå fast den beste skrivemåten for desse gardsnamna. På kartet i M 1:50 000 har det stått Horsgard. Klagenemnda for skrivemåten av stadnamn har seinare gått inn for Horsgård. Det er då same skrivemåten som ættenamnet har hatt i nyare tid. (Somme skriv Horsgaard.)

Hans K. Berg brukte Håskor som ættenamn på folk frå husmannsplassar i området. Olav Rekdal som ikkje var så lokalkjend, skreiv gardsnamnet Horskåra. Ein seier Håsskora. (Det er vanskeleg å høyre om det er g eller k.) I eit brev til stortingsmann Arnt Hagen om vegsaka her på nordsida av Langfjorden bruker gardbrukaren som skriv, forma Horskord.

Det kan sjå ut som sisteleddet er det sterke hokjønnsordet skor. Det er då same sisteleddet som det omstridde gardsnamnet Vasskord i Eide kommune ser ut til å ha. Frå 1590-1667 er namnet på Eide skrive Wattneskar, Wattenschoer, Wattenskar. Så i 1723 finn ein for første gong Wasgaard. Den som skreiv har omtolka sisteleddet til gard. Allereie på 1600-talet vart sisteleddet i gardsnamnet her ved Langfjorden av skrivarane forstått som gard og skrive Horsgaaard. I NG s. 248 les ein: «O. R. bemerker at det efter Udt. ikke synes at være sms. med gardr, og henviser til Langgaard i Onsø, som efter RB. 515 maa være Langagora. 'Gora kan maaske tænkes afledet af Gor n., Dynd, Søle (se Aasen), med Betydning : dyndet, vaadlændt Jordstrækning.» (O. R. er Oluf Rygh.) Denne tolkinga av sisteleddet høver gjerne ikkje så godt med realforholda. Her er vel ikkje så blautt. I målføret har ein uttale av gor som /gårr/. Uttalen av sisteleddet i gardsnamnet har o-lyd.

Ein skulle tru at sisteleddet heller kunne vere skor. Ivar Aasen skriv i ordboka: «Skor (o') f. 1. Huulning, Indsænkning. I særdeleshed : 1) Afsats i Bjergside, en liden Flade under en steil Klippe. B. Stift, Hall. Vald. Og flere. G. N. skor. Ogsaa om en større Flade ved Foden af et Bjerg. Søndre Berg. og fl. hertil adskillige Gaardsnavne, sædvanlig skrevne «Skaar». – en langstrakt Huulning , omtrent som et

Bækkeløb med Bakker paa begge Sider. Tel. Tildeels med Fl. «Skarir», altsaa opfattet som et gammelt «Skør».» Ola Ellingsgard frå Vats i Hallingdal skriv i boka «Landskapsnamn» (Boksmia 2000) s. 30: «I dialekta er nemninga skørr om lag det same som ei berghylle, smal eller brei. Ofte går det ein stig langsmed.» Det går fram av det Ellingsgard skriv at ei skor er smalare og lengre enn ein hjell. Når sauer hoppar nedpå ei grasskor, og ikkje kjem seg opp att, har dei gått seg skørfaste.

I NG er dei inne på at førsteleddet kan vere det gamle mannsnamnet Hárekr. Men dei finn at hors, ei anna form for (h)ross n. 'hest' er meir sannsynleg. Eit anna alternativ er å sjå førsteleddet som gno. hár 'høg' som ein i mange stadnamn finn som hå- i t. d. Håhammaren. Det går ei skor høgt til fjells oppover frå *Inner-Håskora*, eller «*Der inn*» som det også blir sagt. No er det slik at det også kjem ned ei elv ikkje så langt aust for Håskora som heiter *Hoåna*. Ho skjer seg ned i bratt lende og kjem høgt oppe frå Bordalen. Her skulle ein tru ein også hadde gno. hór 'høg' i den forma ein har i t. d. gardsnamnet Hoem. (I våre dagar hadde det vorte Høgheim.)

Ytter-Håskora skal ha vorte delt i 1630-åra. Husa i *Oppigarden* og *Nerigarden* låg ikkje langt frå kvarandre. Bruket *Håskorhagen* ligg ved *Gammelvegen* mellom *Nerbøen* og *Håskorreiten*.

I 1743 nemner amtmannen i svaret til det danske kanselli om sagbruk: «Haarsgaard saug derpaa skaaret 600 bord.»

I Ytter-Håskora skreiv skuleelevane i 1930-åra opp desse namna heime på garden på denne måten: *Rabben*, *Pilan*, *Nylænå*, *Klavarmyra*, *Medtstykkje*, *Våtå*, *Yste* og *nørste myra*, *Voln*. Namn på steinar utanom Kramkistå var *Piksteinen*, *Langesteinen*, *Nakkesteinen* og *Storsteinen*. Dei nemner *Tøftebrynne* og *Bakkebrynne*. (Brunn er også her innmed Langfjorden inkjekjønn.) Så har ein *Førhaun* og *Kløftefjora* som har trenamnet i seg. *Tåbbedalen* har tobbe som førsteledd. Ordet har vore



Tunet i Ytter-Håskora. (Romsdalsmuseets fotoarkiv 21230)

brukt om ei merr (hoppe). Ivar Aasen seier det mest har vore brukt som lokkenamn. Han har oppskrifter frå Sunnmøre, Orkanger og Gudbrandsdalen. Som ein forstår, har ordet vore brukt også andre stader. Jakob Sande bruker det i si dikting.

Ytter-Håskora setra beint opp for garden i ein botndal mellom Storskåla og Litleskåla. Det er bratt på sidene i denne dalen. Setra skal ha vorte nedlagd i tida 1840-1850.

Setra til Inner-Håskora var på ei slett ikkje langt frå Hoåna (grenseelva mot Nesset). Her var stor inngjerdt støl. Setra vart nedlagd kring 1880. Garden hadde stor fjellslått, for kring 1860 hadde garden 2 hestar, 14 kyr og 26 sauer. Det er god grasvokster i den sørvende utmarka til garden.

Forsen er ein foss i elva. Lars Horsgård som var fødd i 1897, sa /Fårs'n/. Her er ein i det einaste området i kommunen der nokon fram til våre dagar har sagt fårs. Same forma finn ein i stadnamn i Måndalen. I eldre tider brukte dei denne gamle forma i eit større område. Arnt Hagen (f. kring 1925) frå Torvikbygda fortalde at bestefar hans sa fårs. Ein kjenner den same uttalen frå nördre delen av Sunnmøre. I gno. hadde ein både skriftforma fors og foss. Det er velkjent at ein har fors i svensk skriftspråk. I mangt eit stadnamn i Nordland finn ein fors.

Ein knaus heiter *Skjenknausen*. Namnet fortel helst at det til visse tider skin i knausen. På nordsida av Skåla er det slik at ein ventar regn når det skin i berga. Slik blir det sagt på nordsida av fjorden når det skin i berga borti Skåla.

Skarvan er nakne berg. Så har ein *Heia* og *Heiberga*. *Inner-Håskornakken* er ovanfor Inner-Håskora. To åsar heiter *Botnaåsen* og *Litlebotnaåsen*. Så har ein *Hjellan* og *Midthjellsletta*. Også lenger nede heiter det visst *Hjellen*. *Siklen* /*Seklen*/ er «bekkjasekler» som kjem nedover her. *Storhaugen* er nordvest for bruket *Håskorreiten*. Først må det ha vore ein reit (åker) her det seinare vart bruk. Husa stod først nede på *Håskorhaugen*. Ein hammar ved *Smiå* i Inner-Håskora heiter *Smiehammaren*.

Slik som ved mange andre gardar har ein nedmed sjøen eit stadnamn med gardsnamnet og sjøen som sisteledd. Her har ein *Håskorsjøen*. Det er kjent at det var husmannsplass her så tidleg som i 1770-åra. Dette er stader der ein går over frå å ta seg fram på landjorda til å bruke båt.

Eit lite nes heiter *Tungå* /*Tongål*. Dette er ei jamføring med lekamsdelen tunge. Ein har ordet landtunge om slikt lende. *Holberget* /*Hålbærje*/ er berg i fjøra. *Holløypet* er tømmerløype. *Gjerdkleiva* /*Jerkleiva*/ er ei kleiv på veggen.

Øyan er område ved utlaupet av elva. Ved

Kvennabekken har det vore kvern. Namnet *Ledhaugen* /*Lehaun*/ fortel nok om eit led. *Myra* er eit jordstykke.

Hagen var ein buplass. Brukaren her heitte Søren og dreiv med bandsmiing (produserte tynnband av hatl).

Saupinå er nedmed sjøen. Her er bratt. Sauer kunne nok gå seg fast.

Truleg fortel namnet *Skineset* om sal av ved. På sørsida av fjorden finn ein namnet *Skiplassen* fleire stader langs stranda. Hit førte dei veden som skulle seljast, og stabla han opp. Dette var stader der frakteskutene kunne leggje til. Så vart han lasta om bord og ført til byen.

Lenger aust har ein namnet *Knutholberget*. Det ser ut som ein har hatt eit namn *Knutholet*.

Namnet *Gammelstøa* fortel at det i tidlegare tider var stø her. Dette er på austsida av det litle neset aust for utlaupet av elva. Hans K. Berg skreiv på s. 50 i årsskriftet for RSÅ 1949: «Ved Gammelstøa i Håskor skal det vere merke etter ein bustad.» Det må ha vore dei som heldt til her som hadde støa. Ein har namnet *Haugan* /*Hauanj*/ litt lenger oppe. Det er her dyrkamark på ein lun plass. Her står no ei fint istandsett høyløe. Ho er endåtil halvfull med tørrhøy. Ein har òg namna *Gammelstøbukta* og *Gammelstøneset*

Austover til grensa mot Nesset

Skjelsteinan er store steinar. Truleg veks det skjel på dei. Kliv ein oppover her, kjem ein til *Lægdin*. Namnet er fleirtalsform av hokjønnsordet lægd. *Liaberget* er her i nærleiken.

Namnet *Råhøyholå* fortel at dei slo her, og at det på slike stader var elendig «høytære». Ofte frakta dei graset til stader med meir sol og meir vind.

Gamle Hjellen har kanskje vore ein tjørhjell. *Askeholå* må ha treslaget ask som førsteledd. Ask vart mykje brukt som tuntre, men her må det ha vore ask i utmarka.

Merradiket /*Mæradikje*/ er dike (blauthol), gno. díki, lågtysk dik. Kan hende ei merr har gått seg nedi diket ein gong.

Hatleholen er holer i lendet. Dei hogde bandstakar av hatl. Av desse smia dei band (tynnband). Når hatleskogen vart stelt på denne måten, vart det betre med neter /*næt*/. Det må ha vakse rams ved steinane som heiter *Ramsesteinan*. Kyrne likte godt denne planta. Mjølka vart gul og feit, men smaken vart beisk.

Ei vik heiter *Staurvika*. Det er uvisst kva staur siktar til. *Staurvikneset* er òg her.

Berg ved fjorden her er *Smettarberga* /*Smættarbærja*/. Kanskje namnet kjem at ein kan smette seg forbi her. Eit lite innhogg i Smettarberga heiter *Oksebåsen*. Same namnet har ein på Nørd-Nesje. (Sjå opplysningar om namnet der.)

Rømmeskvetten er ein kvit flekk i berget. Segna fortel at eit stort trollkvinnfolk skulle skrive frå Skåla og bortpå Morkanebbå. Ho hadde ein rømmedall i handa. Men så kanta ho og slo seg i hel. «Ho ligg i Brenslen millå Buvikjinj og Håskor'n med voggen på ryggja. Ho vart te stein då ho slo se i hel. Rømminj spiltest ne på ein hammar der. Og sia he hammaren vore kvit og he fått namnet Rømmeskvetten.» Lars Horsgård (1897-1989) kjende godt denne segna. Han kunne peike på jutulkvinnfolket som ligg ved Rømmeskvetten.

Brenslen er område der det har brunne. Namnet har bunden form fleirtal av ei brensle. Ein stor skogbrann må vere bakgrunnen for namnet, men det må vere lenge sia, for hendinga lever ikkje i folkeminnet. Av dette namnet har ein fått *Brensleffjellet*. Den markerte toppen av Brensleffjellet heiter *Kollen* /*Kål'n*/ av gno. kollr. Herifrå går høgspentlina i luftspenn over Langfjorden.

Ei vik nedanfor Brenslen heiter *Brenslevika*. Ein stor stein som står ved denne vika heiter *Presten*. Ein annan stein er *Klokkaren*. Sivert Malones jr. sa at når dei rodde forbi desse steinane, pla vaksne ofte seie til dei unge: «De e nåkkå på huen dine!» Så tok den unge seg til hua for å kjenne kva det var. «No helste du på Presten og Klokkaren,» sa den vaksne då.

Storløypet og *Ormeløypet* er løype. Det er gjerne mykje orm ved det siste.

Littlegodsmøaren er eit område ved sjøen. Det er vanskeleg å kome seg ned hit. Namnet Møaren finn ein også andre stader, m. a. på nordsida av Kvamlivatnet (Fel-Jovatnet) på Tjellskaret i Nesset kommune, ikkje så mykje lenger aust. På denne sørvende staden tek sola godt, og snøen brånar lett. *Grøvern* kjem nedover brattlendet. I talemålet bøyer ein dette hokjønnsordet: Ei grov – grova – fleire grøver – alle grøvern.

Også innmed fjøra her har ein namnet *Geitapinå*. Det må vere ulendt for at geita skal gå seg fast slik at ho blir ståande og pinast.

Den før nemnde *Hoåna* er grenseelva mellom Molde og Nesset kommunar. *Hoådalen* er den djupe elvadalen langs elva. *Hoårustin* /*Hoårøstinj*/ er skogkrullar med opnare lende imellom.

Hoåteigen er ein skogteig vest for Hoåna. Han vart visstnok gjeven som faddegåve (faldergåve) til ein av ungane på Hoåneset. Teigen er fleire hundre



Utsyn frå Kollen mot Trollbotnen og Langhammaren lenger nede her på sørsida av Skåla. (Foto KMH/Romsdalsmuseets fotoarkiv 32035)

meter brei frå elva og vestover. Guten som heitte Ola, fekk teigen av Ola Sæmundsen Håskor. Far til han som fekk teigen var visst frå Håskora.

Hoåneset var namn både på neset og på husmannsplassen. Her finst ikkje jord. Dei livnærte seg visst mest av fiske og arbeid for andre. Her er hengjebratt oppføre. Dei måtte i båt når dei skulle nokon stad. Guten som fekk Hoåteigen i gåve, bygsla seinare Mittetstranda, eller Hoåstranda som det vart heitande der på sørsida av fjorden etter mannen som kom frå Hoåneset.

Saltberget er eit berg på austsida av utlaupet av Hoåna. Her skal det ha vore brent salt, fortalde Olav Barstein frå Håskorreiten (f. 1901). Dette vart visst gjort av folket i Buvika.

Ein kan også ta med to andre namn, sjølv om dei ligg aust for elva på Nesset-grunn. *Bjønnaholå* er ei fordjupning. *Orrhønebakkan* /*Århønebakkanj*/ er ovanfor Buviksetra. Dette er då eit namneminne om hoa av denne orrfuglen. Hannen er orrhanen.

Løkan tek seg fram i myrlende vest for Hoåna. No ser det ut til å vere oppdemd her. *Seterlia* er lia ovanfor *Håskorsetra*, som er setra til Inner-Håskora. Ovanfor Seterlia er den tverrbratte *Liahammaren*.

Ein stad i nesten 300 meters høgde heiter det *Åkran*. Dette er sjølv sagt ikkje rettelege åkrar. Det er ikkje uvanleg at snøfonner fer nedover her. Namnet kan kome av at slike fonner har rota opp grunnen slik at det vart sjåande ut som åkrar.

Så kjem ein oppover til den lange *Langhammaren*, og då er det ikkje langt oppi *Trollbotnen*. Her oppunder Skålaksla (Nørde Skåla) er ein komen til riket til trollkjerringa (gjurå) som talsetingen Ludvik Stornes og solomdalingen Iver Gjerdeplass kalla *Lange-Maren*.

Lenger vest er *Skålbotnen*. *Littleheia* er jamn fjellmark slik som er vanleg der ein har namn med grunnordet hei her i kommunen. *Heivadet* er vad i

elva. Når det er så bratt, er det ikkje alle stader ein kan kome seg over.

Reset er når ein kjem oppå høgda vest for setra. Eit res er høgaste punktet på ein bakke. Det har med å rise 'reise seg, nå høgt opp' å gjere (gno. rísa).

Om det var setertausene eller huldra som dansa der det på *Setervegen* heiter *Dansarbakkan*, veit ikkje han som skriv dette. Kanskje det er einkvan som veit det?

I *Stakkstølia* var det stakkstøer 'stader for høystakkar'. Stakkstengene stod frå år til år. Ei stakkstong er stonga som stakken er bygd kring. *Langteiglia* fortel om ein teig som er lang.

Gjøtin /*Jøtinj*/ kan ha ordet *gjøt* 'langstrekt søkk'. Det kan visst òg vere smal grasslett mellom berg. Namnet har fleirtalsform.

Turtegrødet /*Tortegrøde*/ er ein stad der det veks turt. Turt som er c-vitaminrik, vart nytta til mat. Det var då avflådde stylkar dei nytta seg av. Planta vart òg brukt som tobakkssurrogat. Mangt eit stadnamn kringom i landet fortel om denne planta. Dei fleste har høyrte om turiststasjonen Turtagrø i Luster. I Norsk stadnamleksikon er grøde definert som 'stad (mellom berg eller i skog) der det veks gras eller andre urter' Det blir opplyst at dei fleste målføre har uttale med stum d. Lars Horsgård hadde uttale med d.

Ved *Hjellmyra* har det gjerne vore tjørhjell. *Heggepjusket* /*Heggepjussje*/ er skogsmark. Førsteleddet er nok treslaget hegg. I ordet *pusk* legg ein i Romsdalen 'småtteri, eller noko som det ikkje er så mykje gagn i'. Som ein forstår har ein ikkje med tre med store dimensjonar å gjere. Her på sørsida av Skåla kan ein sjå at det veks hegg heilt opp til dit fjellbjørka sluttar.

Vålan eller *Vølan*/*Vålanj* / *Vølanj*/ med tjukk l er eit namn som ikkje er så lett å forstå. Det må helst fortelje om lendet. Ein seier at det blir ein vål når ein har slege seg og holdet hovnar opp. Ein har òg *Vålalia*.

Øya Sekken

Sekken er den største øya i Molde kommune. Tidlegare høyrde Sekken til Veøy kommune. Sekken er nemnd i «Heimskringla». Det mest kjende slaget i romsdalsområdet gjekk føre seg i fjorden mellom Sekken og Nesje sommaren 1162. I slaget fall den 16 år gamle Håkon Herdebrei. Ein må tru folk på Nesje retta ryggen frå arbeidet dei heldt på med då dei såg at det barst i hop til eit slag borti fjorden. Dette var i dei tider slåttonna byrja. G. Thesen har på kartet sitt frå 1861 merkt av slagstaden nordaust

for Sekkeneset. Ingen veit vel akkurat kvar slaget stod. Kanskje det var litt lenger vest.

Eit gammalt nedskrive ordtak vart funne mellom papira etter biskop Gunnerus i siste halvdel av 1700-talet. Der heiter det at hadde Sekken vore full av brød og Oksen full av kjøt, hadde det ikkje vore nokor naud. (Oksen er den bergfulle halvøya vest for Rødven sør for Sekken. Med brød er det nok meint flatbrød.)

I Norsk stadnamleksikon er det sagt at Sekken har fått namn av di øya liknar ein sekk, gno. sekkr m. Som ein veit er ein sekk ein pose av ty eller skinn til å ha tørre varer i. Ordet har nok i førhistorisk tid vorte lånt inn søfrå. Ein har angelsaksisk sæcc og frisisk seck. Ingen kan vel nekte på at øya kan likne noko på ein sekk. Så les ein i Norsk Allkunnebok at namnet kan setjast til ordet sekr 'fredlaus'. Bakgrunnen skal vere at her har fredlause halde til. Den verste staden for fredlause var ikkje dette.

Sekkeneset

Gnr. 103 (1) *Sekkeneset* /*Sekkjenæse*/ er ein gammal gard på austenden av Sekken. Her var nok inga øydetid i seinmellomalderen som mange andre stader. Ved sølvskatten i 1520 betalte Engelbret paa Sikness 3 1 sølv, Ødhen paa Siknes 4 sk. Og Ingeborgh paa Sikeness huskone 4 sk. (Ingeborg var kanskje enkje.) Få gardar i det som no omfattar Molde kommune hadde i 1520 så mange som tre brukarar. Namnet Ødhen er truleg det same som Audun. I erkebiskop Olav Engelbrektsens jordebok frå eit tiår seinare finn ein gardsnamnet Secken. Det er nok same garden. Dette er ein sær stor gard som eig langt vestover på nordsida av øya.

Veøy heradstyre gjorde i 1902 vedtak om å setje opp eit kyrkjebygg med gravplass på Sekken. Kongeleg resolusjon gav klarsignal for bygging på garden Sekkeneset. Kapellet vart vigsla 28. oktober 1908. Året før hadde Veøy herad fått tre nye kyrkjer. Det var Veøy kyrkje på Sølvsnes, Holm kyrkje og Rødven kyrkje. Då soknekyrkja på Veøya vart nedlagd, vart den største av klokkene selt på auksjon. Folket på Sekken greidde å få tilslaget. Klokka heng i kyrkja som på papiret heiter *Sekken kapell*. I daglegtale blir det sagt *Kjerkjå*.

Gammelstøa er som namnet seier ei gammal stø. Her la sekkjenesingane til med båtane sine før garden vart delt, og nye naust med støer vart bygde. Ein hammar her er *Gammelstøhammaren*. Ein har *Sekkeneshammaren* og *Geilberget*.

På Sekkeneshaugen vart det av folket på øya



Sekkeneset med Sekken kapell. I bakgrunnen ser me Nesjestranda. (Foto Widerøe/Romsdalsmuseets fotoarkiv 113624)

reist minnestein om slaget ved øya i 1162. Bautaen vart avduka 17. juni 1962 med stort minnestemne.

Haugen er bruk. Det har òg vore tale om *Pederhaugen*. Ikkje så langt unna er *Smihaugen*. *Løhaugen* er sør for kyrkja. *Gammelløå* låg der kyrkja (kapellet) står no.

Der det heiter *Nothustomta* og *Nausthaugen* har det vore nothus og naust.

Stokken er oppkomme. Namnet kjem av at det låg ein stokk framføre henne som demde opp noko av vatnet. Dette var beste vatnet på Sekkeneset.

Namnet *Grindholet* /Grennhåle/ er minne om at her har vore grind.

Ein hammar heiter *Klinkenberg*. Namnet ser ut til å ha ei tysk form. No er det slik at gnr. 136 i Jevnaker i sørenden av Randsfjorden er Klinkenberg. I forklaringa i Norske Gaardnavne Oppland II les ein på s 121: «Er vistnok Opkaldelsesnavn efter det bekjendte Forlystelsessted i Kristiania Klingenberg, der i tidligere Tid skreves «Klinkenberg»; dette kjendes frå 1689 af (L. Daae, Det gamle Christiania. 2. Udg. Chra. 1891. s. 44).» Bnr. 2 under gnr. 127 ikkje langt unna er òg Klinkenberg. Det kan også på Sekken vere eit oppkallingsnamn.

Ved fjorden har ein *Sekkenessanden* og *Sekkenesskjæret*.

Oliannatufta er tuft etter ein husmannsplass. Olianna var gift med han som vart heitande Stabburs-

Pe. Pe fekk dette namnet då han etter ei ulykke fekk tilbod om å bu på eit stabbur. Han miste eine foten under tømmerløyping. Dei var i ferd med å løype ned tømmer til skuta Statsraad Lemkuhl som vart bygd på Vestnes.

Skithaugen /Sjithaun/ er ein haug som har vore brukt til søppelplass. Skit er det vanlege ordet i bygdemåla i kommunen. I dei seinare åra har forma drit kome inn i talemålet somme stader. I gno. hadde ein skítr. Gjerningsordet var skíta 'ha avføring'. Ein hadde i gno. også ordet drítr. Det er vanleg også å bruke ordet skit om slikt som er verdiløst eller søppel.

Ytste Sekkeneset er bruk under Sekkeneset. *Sekkeneshagen* er namna på bustadene frå Ytste Sekkeneset til Eik. Ein har namn som *Hagaskogen*, *Hagarøra*, *Hagaløypet*, *Hagabukta*, *Hagaelva* og *Hagaplassen*. No heiter bruket der plassen var, *Sekkeneshagen*. Oppå lia var *Teppinga*. Slik kunne dei regulere vatnet i elva til drivkraft. Ein plass utmed elva her var *Aslakplassen*. Aslak var ein yngre son på Sekkeneset, og var fødd kring 1800. Ein plass heitte *Lokrisplassen* /Lokkrisplass'n/. Steinar Eik skreiv i brev til meg 27. mars 1991: «Den omtalte *Lokrisbrønnen* ligger litt vest for Hagaløypet i *Sekkenesskogen*. Martin Eik (f. 1917) fortalte at de som unger sprang oppom og drakk av brønnen, fordi de syntes det smakte lakris av det.

Erik Hansen f. 1872 og Just Johansen Sekkenes f. 1884 fortalte at det visstnok var et enslig kvinnfolk av hollandsk opprinnelse som bodde på Lokrisplassen. Denne plassen lå der Gjertrud og Jakob Sekkenes bygde seg hus midt på 1950-tallet. Jeg har funnet ut at plassen var bebodd av Rasmus Olsen Åfløy Sekkenes fra Trøplassen under Åfløy i Nesset. Han var gift med Laukris Pedersdtr. , og de kom til Sekken i 1842. De hadde fem barn. Dattera Marit var den eneste som var født på Sekken.» Så må ein tenkje på den før nemnde oppkomma i Osen som heiter Lokrisbekken. Her har det òg vore vanleg meining at det smaka det som ein i talemålet kallar lokris. Her veit ein ikkje om nokon i nærleiken som har hatt det uvanlege namnet Laukris. Det ser av Norsk Ordbok ut til at ein mange stader både på Austlandet og Vestlandet har sagt lokris. Ordet kjem frå gresk glykyrrhiza av glykys 'søt' og rhiza 'rot'. Dette er svartbrun ekstrakt frå rota av planta som heiter lakrisplante.

Fjørå var ein buplass som naturleg nok fekk dette namnet av di han låg i fjøra. Matrikkelnamnet no er *Solstrand*. *Gammelplassen* og *Peplassen* var plassar lenger vest. *Nyarden* er bruk. Det er òg *Hanshagen* og *Olehuset*. Det siste er eit nyare namn. Ein plass har både vore kalla *Pålplassen* og *Knutplassen*. Begge har vel vore plassmenn her til kvar si tid.

Karistauå var buplass. Ei atleige her heiter *Karibøen*.

Peløypet, *Andersløypet* og *Guroløypet* var tømmerløype. Ein veit at Guro var husmannskjerring. Eit løype var *Tore-Marit-løypet*. Tore-Marit budde på *Tore-Marit-plassen*. Marit var anten kona eller dotter til ein Tore. *Storhaugløypet* var løype ved *Storhaugen*. *Styggeskaret* er på nordsida av haugen. Nord for skaret er *Styggeskarshaugen*. *Ormehaugen* /*Årmehaun*/ har truleg bra med orm. Å tale om hoggorm er eit nyvore fenomen. Med orm meinte ein hoggorm. Meinte ein buorm, sa ein det.

Skargrova kjem frå *Skarmyra* og renn ned ved det bruket under Sekkeneset som heiter *Skaret*. Den store bukta her heiter Skarbukta. To løype er *Ytste* og *Inste Skarløypet*. Truleg er ikkje namnet *Blåbærhaugen* /*Blåberhaun*/ så gammalt. Namnet *Kleiva* fortel at her er ei kleiv. Lenger utmed stranda var *Botolvplassen*. Også *Botolvbøen* har vore sagt. Ein sa *Båtål* med tjukk l.

Den sørvende lia nord for Skarmyra blir kalla *Rambalia*. I ei skylddelingsforretning frå 1869 er namnet skrive Rombalien. Steinar Eik skriv i artikkelen «Sekkja-namn» i RSÅ 1977: «Sannsynligvis kommer navnet av Ramn-berg-lia etter fuglenavnet ramn/ravn.» Det er naturleg at ramnen kjende seg heime oppi brattlandet her.

På kartet i M 1: 50 000 står det eit namn Funnin der namnet Rambalia høyrer heime. Namnet er både feilskrive og plassert på feil stad. Rett namn er *Fonnin* /*Fånnjinj*/, altså fleitalsform av hokjønnsordet fonn. Dette er i brattlandet på nordsida nedanfor høgda *Nøsa*. På nordsida av *Nøsa* er det stupbratt. Lenger vest er *Svarthammaren*.

Eit gammalt og merkeleg namn

Neset der landet svingar på nordsida av Skarbukta heiter *Følfoten*. Svale Solheim skreiv artikkelen «Folafoten – Kjølrota. Eit namnepar» i *Maal og Minne* 1947, s. 1-14. (Artikkelen er òg med i tidsskriftet *Norveg* 16 for 1973. Det er minneskrift om professor Solheim.) Solheim fortel at i boka «*The Orkney Norn*» opplyser Hugh Marwick om namneparet horse-leg-been og keel-root. Det var berre ein einaste mann på Rousay som kjende desse namna. Han sa at horse-leg-been og keel-root før i tida var brukte av fiskarane om høgrehandsåra og venstrehandsåra. Når høvedsmannen ville ha mannskapet til å ro hardare med høgare åra, kunne han rope: «Up horse-leg-been!» Orda ser ut til å vere ei omsetjing til skotsk av dei norrøne orda hestebein/-fot og kjølrot. (Rett nok er leg og been om lag det same.) Ein må sjå det som pleonasme.

Marwick gissar på at det er tale om omskrivande nemningar «taboo terms» når desse orda er brukte om årane. Professor Svale Solheim (1903-1972) som i oppvoksteren frå 9-årsalderen og ein del år framover budde i Bud, har hevda at fiskarane i eldre tid over heile det norrøne området under fiske hadde motvilje mot å bruke dei vanlege namna på båt og reiskap, m. a. også årane. (I Masfjorden i Nordhordland kalla dei åra som var nærast land for bjørkåra, og den som vende frå land for havåra.)

Så viser det seg at ein finn namnet Folafoten fleire stader i Noreg som namn på nes og grunner. I eit dokument frå Håkon Magnussons tid om lag 1300 som handlar om merkeskilet mellom Neset (Byneset) og Nidaros, står det at grensa går etter åa ved Folafoten og opp i Gollingsåsen. Denne Folafoten er kjend også i våre dagar som namnet på ein odde ved fjorden like nordvest for Trondheim. Svale Solheim skriv: «Frå Nordlandsleia er det nemnt holmar og skjer som heiter Følfoten, men det har ikkje vore mogeleg å finna dei på sjøkartet, kan hende står dei ikkje avmerkt på noko kart.» (Her ser ein den meir moderne forma som ein også har i namnet her på Sekken.) Solheim nemner så at ein på sjøkart nr 40, vest for Veiholmen på Smøla finn Folafoten. Det er namn på nokre grunner på 7 m djupn. Så er det slik at ein på nordsida av Flatsetsundet på Freiøya har eit nes som heiter

Folafoten. (Namnet står på kartet i M 1: 50 000.) Så viser Solheim at det på søraustre hjørnet av Hisøy i Gulen i Ytre Sogn er ein odde like ved farleia som heiter Folafoten. Her står det ei fyrlykt. Om lag 7 km unna er det eit skjer med nokre grunner og fluer kringom. Det heiter Kjølrota.

Så kan ein undrast på om det er tabunamn på årane, eller om det er slike stadnamn som har gjeve slike namn på årane. Kjølrota er nok eit sjeldsynt stadnamn. Men det kan vere slik at ein har hatt stadnamnpara Folafoten og Kjølrota ikkje langt frå kvarandre, men det siste namnet har kome vekk, så nær som i Sogn. Tydinga av ordet kjølrot er noko problematisk, men det kan vere den enden av kjølen som er laga av rotenden på treet.

Namnet Folafoten møter ein første gongen i Landnåmabok i omtalen av landnåmet til Vebjørn Sygnakappi. Her les ein at denne Vebjørn tok land, og at noko av området kalla han Folafót. Namnet Folafótur har halde seg, og ein finn det på kart som namn på ytste neset mellom Seyðisfjørður og Hestfjørður. Ein forstår at landnámsfolket kjende til eit slikt namn heimanfrå når dei la på eit slikt namn. Truleg er namnet på Sekken sær gammalt. Når eit lite nes attmed har vore kalla *Litle Følfoten*, kan det namnet ha kome til seinare.

Ein kan leggje merke til at ein finn desse namna i område med stor ferdsel. Namna i Gulen ligg ikkje langt frå der Gulatinget må ha vore. Her på Sekken var det ikkje langt til kaupangen på Veøya.

Steinar Eik seier i artikkelen frå 1977 at Følfoten er eit lite nes med form som ein hestehov. «Området er i ferdselmessig sammenheng ikke farlig, men nordvestlig vind får sjøen til å bryte seg mot neset.» Ein har òg folkeetyimologisk forklaring som seier at dei sa: «Følg foten!» /Føl fot'n/, og då kjem du til Veøya. Dei skulle altså sikte seg inn etter Følfoten. Dette viser berre at dei har undrast på korleis namnet var å forstå.

Namnet *Saltkjelen* fortel helst om saltbrenning. Denne saltkjelen var nemnd i ein husmannskontrakt frå 1840-åra, opplyste Fridthjof Køhn. Somme har sagt at Saltkjelen var ei fordjupning i berget ved sjøen. Når det var stor flod, vart hola fylt med vatn. Etter ei tid dampar vatnet vekk, og salt vart liggjande att, og folk kunne hente seg salt. Slik skulle namnet ha kome til. Men dette synest merkeleg. Ein skulle tru at ikkje stort med salt vart liggjande att. På alle andre stader med namnet Saltkjelen har det vore ein verkeleg saltkjel.

Her er namn som *Hjellan* og *Hjellfonnløypet*. Ei fonn må ha heitt *Hjellfonna*.

Engvika har fått namn av di det var eng (slåttamark) her. Ei flu i nærleiken med merke

på heiter *Engvikflua*. Så fekk ein bruket som vart heitande *Engvika*. *Engvikneset* er neset nordvest for bruket. Ovanfor bruket er *Engviklia*, *Engvikhaugen*, *Engvikrøra* og *Engvikbotnen*. Ei myr i denne botnen heiter *Botnemyra*. Ved fjorden er *Sletteberget*, det litle neset *Litleneset* og *Kleivhammaren*. Eit skjer heiter *Skjæret*. Ved land her er *Skjærbukta*.

Wenche Sekkeseter skriv i særnemne på vidaregåande skule 1994 om namnet *Geitastien*: «Det er et skar med loddrette fjellhammerer på hver side. Det var den eneste veien man kunne komme seg opp på fjellet på denne delen av øya, selv om det var veldig bratt og utilgjengelig der også. Man måtte ofte klatre som ei geit for å komme seg opp, og derfor fikk det navnet Geitastien. I dag er deler av stien forbedret, og blir brukt som del av ei marsj-rute.»

Røberghammaren er nemnd i skrift i 1832. Truleg har namnet med farga å gjere, og då blir den normerte forma *Rødberghammaren*. Det ser ut som ein fekk diftongforenkling au > ø nokså tidleg i denne delen av Romsdalen. Bakgrunnen for bruksnamnet Røberg i Midsund kommune skal vere eit mørkeraudt steinslag. Det er slik stein som ein finn fleire stader på Sunnmøre. Raudbergvika ved Sunnylvsfjorden har same namnebakgrunnen. Det er olivinsand der.

Førsteledda i namna *Malohaugen* og *Maloskaret* ser ut til å vere gardsnamnet Malo på fastlandet. Fridthjof Køhn var inne på at ein kunne ha med ei forvansking av kvinnenamnet Mali å gjere.

Der det heiter *Milebotnen* /Milebått'n/ må det ha vore kolmile. *Grovadalen* har fått namn etter ei lita grov som renn her. *Svarthammaren* er ved sjøen.

Ein bank heiter *Jabenken*. Truleg kjem namnet av private lovnader mellom to som er hugtekne. *Synnøgstien* /-vegen /Synnaustien/ er ein stig som skal ha fått namn etter Synnøve Børresdotter Eide. Ho døyde kring 1865.

Det er blom (bregne) som er førsteleddet i *Blomsletta*. Ein gong må det ha vore seter ved *Seterneset*. Truleg har det vore seterdrift der det heiter *Stølen*. Så vart det fast busetnad her til for om lag 100 år sia. Det må vere Sekkeneset som må ha setra her. *Seterneselva* er ei lita elv som kjem ned ved *Seterneset*. *Fossen* er ein liten foss i elva.

Dørstokken er ein formasjon som likna ein dørstokk tvert over stigen som gjekk her. Dette var før vegen kom. I den austlege delen av kommunen har det vore sagt dær for dør fram til no. Mange nordmøringar seier òg dær. Som ein kuriositet kan ein nemne at ordet dær (gno. dyrr f.) fram til våre dagar også har vore brukt om gang (forstove). Likeins var det i gno. tid.

Myra ved vegen heiter *Stormyra*. Ei bukt heiter



Frå Eik. Det gamle fellestunet blir kalla Eikatuftin og ligg t.h. for bustadhuset. (Foto Widerøe/Romsdalsmuseets fotoarkiv 113633)

Byttollbukta /Byttålljbokta/. Namnet fortel at ei byttolle var her i bukta der bytet går ned i sjøen.

Ved *Porsegrova* har porsen vakse. Han likar det litt våtvore. Det vart så frisk ei lukt av denne planta når ho vart hakka og strødd på golv. Pors vart også tilsett øl.

Det er noko uklårt kva som er bakgrunnen for namnet *Stabburberget*. Kan berget ha likna på eit stabbur?

Lia ut mot bytet til Sekkesetra blir kalla *Sekkeneslia*. Men det gamle namnet er *Futlia*. Det er brukt i skrift så seint som i 1860-åra. Sekkeneset var futen sin eigedom fram til 1705.

Eik

Eik er gnr. 104 (2). Korte einstavningsnamn som gardsnamnet *Eik* er særst gamle. Ove Arbo Høeg skriv i boka «Planter og tradisjon» om treet eik: «Eik. Tørre, varme stader, mot nord til Nordmøre. --Den harde, tunge veden av eik har vært høyt verdsatt til spesielle formål i forbindelse med skipsbygging og meget annet, og har vært brukt i røkerier.» *Eik* er òg namn på ein gard på austsida av innlaupet av Vestrefjorden i Haram kommune. (Tidlegare hørde garden til Romsdalen.) I NG les ein om desse namna: «Eik f., Eg, meget ofte forekommende som Gaardnavn. Det må være et enkelt Træ af fræmtrædende Størrelse eller form, som har givet

Anledning til Navnet.» Så langt i utkanten av vekseområdet kunne ein tru at bakgrunnen var at det i det heile voks eik. I våre dagar veks det ikkje vill eik på Eik på Sekken.

Sjølv om det er ein utgammal gard, kan det sjå ut som det vart ein kortare øydebolck etter manndauden. I Aslak Bolts jordebok står: «Af Eik j Sekkenom 12 aura bol - aut. (Aut tyder øyde.) I 1520 er det folk her. Erik paa Egh betaler 2 ½ lodd sølv.

I listene over dei som fekk tak i noko av det innførte kornet i 1773, finn ein ingen med namnet Eik. Dette fortel helst at dei på denne garden hadde fått kornavling sjølv om det hadde vore fleire stygge uår etter kvarandre.

Der det gamle fråflytta fellestunet på Eik var, heiter det *Eikatuftin* /Eikatøftinj/. Eit vegstykke forbi Eik blir kalla *Eikabakkan*. Ein bratt bakke på vegen her er *Brauta*, eller *Eikabrauta*.



Almevåtå på Eik. Vågstranda i bakgrunnen. (Foto Solveig Eik/Romsdalsmuseets fortoarkiv 32077)

Ein har namn som *Eikarøra*, *Eikaberget* og *Eikamyra*. *Eikagjerdet* er bruk som frå først av var husmannsplass. *Eikageilen* var ei tid bruk, men er ikkje det lenger. Først var det geile for krøter. *Eikahagen* var buplass. Frå først av må det ha vore ein hage for krøter. Eit bruk heiter *Haugen*. Det blir mest sagt *Neri Haua* med dativform. To stader ned frå *Røra* heiter det *Løypet*. Her vart det løypt ned tømmer og ved. Går ein det dei der kallar *Eikaskaret* frå nordsida av øya, kjem ein til Eik.

På nordsida av den 271,5 m høge *Ørnehaugen* er *Ørnehaugmyra*.

Steinar Eik nemner *Almevåtå* på Eik og skriv: «I ei av innlogene på Eik står en del almer som etter alderen å dømme kan ha blitt benytta til mjøldryging i vår først på 1800-tallet. Et anna formål, for bastlaget under almebarken, var det tauet en kunne lage. I ei slakk skråning ovafor almene er det nå ei attlege med heller vass-sjuk jord. Kombinasjonen av almer og vatn har gitt stedet navn, et navn som i 1832 er skrevet Almewaatten.» Det har vore sagt at dei tok med seg alm frå borti Oksen sør for fjorden og planta for å ha dette verdfulle treet på garden.

På *Ytste Eik* var det vest for Naustet og utover ein flekk med litt grasmark mellom steinane. Her var stygt å slå. Ruskemarka fekk namnet *Helvetet*. Steinar Eik fortel at ein dag kårmannen Erik fór av stad og skulle slå desse grasbustene, kom det ein og spurde etter «nå Erek». Svaret han fekk var: «Han Litle-Erek e inne og et, og han Gammel-Erek e neri Helveta og sler.» (Liknande soger er knytte til namnet *Helvetet* mange stader i landet.)

Paulen ligg i bytet mellom *Inste Eik* og *Eikagjerdet* ned mot sjøen. Dette namnet som ein også finn andre stader i kommunen, kjem av å paule, som blir brukt om vatn som vellar (paular) fram. Ein jordbrytar frå Gudbrandsdalen braut opp ei attlege her. Ho vart heitande *Paulattlegå*. Men det er nok ei misforståing viss nokon trur det er samanheng mellom mannsnamnet og attlegnamnet.

Gammelskulen er no museum. *Skulen* er barne- og ungdomsskule med barnehage. Her er òg *Ungdomshuset* og handelslag som har namnet *Samsen*. Meiniga er at folket på øya eig det i lag.

Vestad

Ola Stemshaug skriv om gnr. 105 (3) *Vestad/Væsta* i artikkelen i RSÅ 2001, s. 223: «Ved Vestad i Veøy talar både skriftformene i Aslak Bolts jordebok og lægjet for at vi må sjå himmelretninga *vest* i eit norrønt *Vestastaðir, med bortfall av det første

/sta/ for di det kjem eit nytt */sta/* rett etterpå (såkalla haplogi i språkvitskapen). Vestad ligg nemleg lengst vest i den gamle busetjinga på sørsida av Sekken. – Det er heller ikkje urimeleg at Vestad i Bud kan ha den same tolkinga, og buaværingen Sandøy (1990:23) hallar til den same oppfatninga.» Ein kan sjå heilt vekk frå at ein har med heilag stad å gjere når uttalen er med æ-lyd.

Det er gjort funn frå yngre steinalder på garden. Ein velta bautastein har visst òg funnest. Det skal visst ha vore meir enn 20 gravhaugar her. Her har nok vore folksamt lenge før ein fekk gardsnamnet. Vestad er nok ikkje av dei yngste staðir-namna. Stadnamngranskarane har grunda på kva som ligg i ordet staðir. Når ein ser at desse gardane i denne kommunen og fleire andre staðir-gardar i Romsdalen ligg på stader der folk har halde til lenge før ein fekk desse namna, skulle det høve dårleg at innhaldet i 'staðir' var mjølkeplass eller slåttamark. Somme svenske granskarar har meint det. Ein kunne heller tru meiniga var stad der det budde folk, og det hadde det gjort lenge.

Truleg var det ei mektig kvinne på Vestad i første halvdel av 1400-talet. Ho var truleg enkje og åtte gardpartar andre stader. I Aslak Bolts jordebok står det at Gyrid på Vestad hadde gjeve ein heil eigeendom på Nerås til erkebisperstolen. I 1520 er det to brukarar på Vestad som betaler skatt, men det er ikkje lenger velstand her. Det er Knwdt paa Veststedh som betaler 12 sk., og Pæder paa Veste som betaler ½ mark. Ein ser at det vart ingen øydebolck etter manndauden på dei to gamle gardane Sekkeneset og Vestad her på sørsida av Sekken. Det er naturleg når ein veit at her ved den djupe Romsdalsfjorden er ikkje vinteren særskald. Ein ser òg at det berre er husmenn frå desse gardane som mottok korn etter naudsåra tett etter 1770. Noko kornavling må det ha vorte her på sørsida av øya.

Ved kvegskatten i 1657 er det 4 brukarar på Vestad. Dei har til saman 9 hestar, 36 kyr, 24 geiter og 29 sauer.

På s. 256 i NG er *Oppsal* nemnd mellom «Forsvundne Navne». Garden er nemnd som *Opsall* i 1610, 1632, 1669 og 1723. I 1773 mottok Niels Olsen *Opsahl* ei tynne korn etter naudsåra. I kommentaren seier Oluf Rygh: «Gaaet ind under Vestad paa Sekken; Navnet ò ppsalen kjendtes.» I 1802 blir det opplyst at John Olsen på garden fødte 1 hest, 6 storfe, og 12 småfe. I 1819 hadde kaptein Lossius på Vestad fått tak i garden. Ein har dette gardsnamnet i Vanylven, Ørsta og Kvernes. I Ørskog er det ikkje lenger i dagleg bruk. Ein les på s. 12 i NG: «Meget hyppig Navn, idet det kjendes fra over 50 Steder omkring i det hele Land, i de bergenske



Frå Vestad. Haugly t.v. og Vestadhagen midt i bildet. (Foto Widerøe/Romsdalsmuseets fotoarkiv 113643)

Amter dog meget sjeldent.» Oppsal i Oslo er velkjent. Tydinga er den høgtliggjande garden. Sal er gno. salr m. Det vart brukt om hus med berre eitt rom, men i stadnamn har det innhaldet bruk/gard. Oppsalen ovanfor Vestad låg om lag 150 m over fjorden. Dette var visst gard til frampå 1800-talet. Ein må rekne med at det var fleire bruk på Vestad føre manndauden. Namnet skulle tilsvare den meir moderne nemninga Oppigarden. Opphavleg hadde eit så gammalt namn ubunden form. Ein reknar med at gards- og bygdenamna på –sal er frå førkristen tid. Men det har gått slik at ein del av desse namna, truleg etter manndauden, har fått tillagd bunden artikkel. Ei rør ved Oppsalen heiter *Oppsalrøra*. Eit løype heiter *Oppsalløypet*.

Vestadbukta er den store bukta ved Vestad. I fjorden er *Vestadholman* med *Litleholmen* og *Storholmen*. *Storholmeneset* er vestenden av *Storholmen*. Når ein nemner holmane saman, blir dei kalla *Vestadholman*. (Uttalen på Sekken har iallfall over hundre år vore /hålm/, og ikkje /hølm/ slik som på sørsida av fjorden.) Mellom *Storholmen* og land er *Vestadgrynnå*. Ikkje langt frå land sør for *Vestadhaugen* ligg *Storskjæret* og *Litleskjæret*.

Vestadhagen, *Bakken*, *Sletta* og *Urin* /Urinj/ er bruk på Vestad. Matrikelnamnet på det siste bruket er no *Lunden*. Her var først husmannsplass. Ovanfor er det urer. Så har ein *Fruhagen* eller *Jomfruhagen*. Brynhild Vestad skriv i særmenet sitt (1992): «Jomfruhagen. Dette er en del av Vestad. Ei gammel sykelig jomfru bodde bortpå Vestad en gang. Alle syntes så synd på henne. Til sist fikk hun et stykke av garden Vestad slik at hun kunne klare seg bedre selv. Siden har denne plassen vært kalt *Jomfruhagen*.» Steinar Eik seier i artikkelen sin at namnet kjem av at enkjefru Lossius hadde eplehage her. Ho levde til 1840. Ein heim heiter *Haugly*. Huset ligg i ly for vestavinden aust for ein haug.

Fløten /Fløt'n/ er attlege. Truleg er meininga attom namnet at her kjem graset tidleg. Den tid det var åker, kunne ein skjere kornet tidleg her. I gno. har ein ordet fljótr 'snøgg, rask, tidleg ute'. Ein har ord som fløt-korn 'tidleg-korn'.

Mørkedalsgrova kjem frå *Mørkedalen*. I området der grova kryssar bygdevegen er det ein bakke på vegen som heiter *Andersbakken*. Lenger vest var ein husmannsplass som heitte *Kristofferplassen*.

Om *Aslaksteinen* skriv B. Vestad i særmenet: «Min tippoldemor kunne huske at en gang for lenge siden hadde en som het Aslak arbeidet oppi skogen der. Plutselig kom en stor stein rasende nedover så han fikk den over seg, og siden det har den blitt kalt Aslaksteinen. Det er lite sannsynlig at dette er den samme Aslak som ved Aslakplassen.» *Aslakplassen* ligg høgt opp mot *Mørkedalen*. Litt nedanfor var husmannsplassen *Gjerdet*.

Om namnet *Tusengroren* skriv Brynhild Vestad m. a. : «Her ble kastet mye kompost. Dette gjorde at det ble veldig frodig og næringsrik jord her. Her vokste det opp alt fra poteter til krokus. Ting har altså veldig lett for å spire her, derfor navnet Tusengroren. Det gror minst tusen ting, det menes med ordet.»

Det var løype som heitte *Vestadløypet*, *Henrikløypet* og *Sørenløypet*. Også *Sørendalen* har nok namn etter same mannen. Søren var eit mannsnamn som nokså mange hadde i tidlegare tider. I våre dagar er det nesten heilt ute av bruk.

Snauskolten er vestsida av *Vestadberget*. Her er verhardt og snautt. Ein snauskolt er i daglegtale skolten til ein som er «snau i haua» (har lite hår på hovudet).

På Vestad gjekk dei om kveldane til *Lyttarhaugen* for å lytte (lyde) etter kubjølla. Ein skulle ha heim kyrne for mjølking. Namnet har ei nokså moderne form. Det gamle ordet var lyde /lye/. I Sko(g)vika har ein namnet *Lydarhaugen* /Lyarhaun/.

Ein har *Inste* og *Ytste Vestadelta*. Den første kjem ned vest for *Vestadberget*. Den sistnemnde kjem ned vest for *Strandarørin* som er rører ovanfor *Vestadstranda*. Ho kjem gjennom *Fugldalen* /Fuggeldalen/ frå *Vestadvatnet*. I *Fugldalen* skal det framleis vere skogsfugl. Det viser seg at det bortimot 700 m lange *Vestadvatnet* vart oppdemd for å få drivkraft. Tidlegare var det myrar her.

Forstmannen Schnitler skriv på 1700-talet om «en rindende Bæk, som faaer Navn af Westad-Elven». Her var vatn til ei sag og fleire kverner i vår- og haustflaum. Som ein har sett, er det på øya namn på mange løype. Schnitler skriv at fureskogen står på bratte og vanskelege stader. Etter strevet med hogginga må ein la tømmeret «siden 2 à 3 gange

løbe ned over fjeld-flau, førend det gandske kan blive nedkjørt til sit Stæd, saa disse Vanskeligheder kan give idée om heele Øens Situation» (s. 50f.).

Aust for Vestadvatnet er den vel 300 m høge *Tranhaugen*. Litt sørafor er *Littletranhaugen*. Mykje tyder på at det er den langbeinte fuglen trane som er bakgrunnen for namnet. Dei siste tiåra har han atter innteke mange myrar her i distriktet. Det kan vere slik at han også i tidbolkar i tidlegare tider har vore i distriktet. Det er ikkje uvanleg med slike skiftingar. Her omkring er det store nok myrar for slike fuglar. Det er på myrar dei har reir. Når ein har ordet trani m. i gno., viser det at ein også den gongen hadde han her til lands om somrane. Ein reknar med at øynamnet *Tranøya* som ein iallfall finn både i Trøndelag, Nordland og Troms, har fuglenamnet i seg. Ein av grannegardane til Dun på Jøa i Ytter-Namdalen er *Tranås*. Her er det òg myrlandskap. Men ein treng ikkje å gå så langt etter slike namn. Namnet *Tranevolla* finn ein på øya *Dryna* i Midsund kommune. Men heilt sikker på denne tolkinga kan ein ikkje vere. Ei anna tolking kan vere at ein har med gno. trani m. 'snute' å gjere. Det er då meint at haugen har form som ein snute eller eit tryne. Dette er høgaste staden på øya.

Mellom *Tranhaugen* og *Littletranhaugen* er *Bjønnadalen*.

Namna *Sagsletta*, *Sagneset* og *Saghammaren* er minne om sagbruksdrifta i elva frå Vestadvatnet. Også på 1700-talet var det busetnad på Vestadstranda. Både David og Steener Væstadstrand mottek i 1773 noko av det innførte kornet etter naudsåra. Ein ser at Vestad blir skriva med æ i samsvar med uttalen. I dag er det gjerne ingen som skriv seg for Vestadstrand.

Brynhild Vestad skriv i særnemnet sitt om namnet på fonna som heiter *Raset*: «Ett av de to vatna på Sekken, Vestadvatnet, var opprinnelig ikke et vatn, men mange myrer. Det ble laget en demning for å lage et vann av disse myrene. I de første åra etter krigen brøt demninga sammen, og en enorm mengde vann fosset nedover fjellsida og tok med seg en stor masse sand og stein. Der det før var ei bukt, ble det nå et lite nes i stedet.»

Hatleneset lenger aust på stranda fortel om treslaget. Oppi lia har ein *Hamran*. *Olabakken* er ein bakke på vegen.

Bedehuset er på Vestad.

Det bratte berget ovanfor Vestad kallar folk som ikkje bur på Vestad for *Vestadberget*. Namnet *Bytingsdalen* fortel at her går bytet mellom Eik og Vestad. *Bytingsdalen* er nemnd i eit utskiftingsdokument frå 1832. Steinar Eik skriv i på s. 105 i artikkelen frå 1977: «Noen mener at



Ved- og tømmerløyping er bakgrunnen for svært mange løypenamn. (Teikning KMH 2010, 32070)

denne dalen er det samme som *Apalskaret* mens andre tror at det var et lite skar mellom Vestadberget og Eikaberget, altså noe høgere opp. Det siste er antagelig riktig.»

Det blir sagt at *Apalskaret* har fått namn etter fleire aplar (epletre) som skal ha stått i skaret. P. C. Friis nemner kring 1600 «Skouff-Abell». Han skriv at det somme stader kan finnast fleire hundre tre som ber slike skogeple, og at «en Part aff dem bere store skjønnne mørche Æble, som mand kand bruge till at koge med». No er det slik at ein i *Norrøn Ordbok* under *apaldr* finn forklaringa: 'apal, epletre; også om andre store frukttrær; om eik'. Ein kan kanskje ikkje sjå heilt vekk frå at det kan vere meint eik. Det er ulendt i *Apalskaret*. Ein har òg namnet *Apalskarhaugen*.

Orm finst det nok i *Ormehaugen*. Ein skulle tru ormen har kome over *Veøya* og *Hangholmen*. Han sumde nok lett mellom holmane her og kom seg i land «på *Sekkja*». Ein har namn som *Hallvardisen*. *Smibakken* er bakke på vegen.

Ein stad heiter det *Bysk(j)et* /*Bysje*/. Her har det nok vakse noko krattskog. NO har registreringar av ordet frå m.a. *Romsdalen*, men òg frå *Bjørgvin* bispedøme, *Nord-Gudbrandsdalen* og *Trøndelag*. Diktaren *Kristofer Uppdal* har brukt ordet. Det som ligg i det, er tett samling av buskar, kratt, kjerr. Men det er òg slik at *Steinar Eik* nemner at namnet kanskje kan kome av ei som vart kalla *Berte Byskje* som budde her, og at ho kom frå ein stad i *Heidalen* i *Gudbrandsdalen* som heitte *Byskje*.

Der det heiter *Strupen*, stryper nok lendet seg saman. Det kan vere ujamnt lende som ligg attom namnet *Skrubbeteigen*. Ei som heitte *Inger-Anna* har budd på *Inger-Anna-plassen*. Det er to bruk som heiter *Myra*. Dei ligg på kvar side av vegen. Bnr. 3 er *Geilen* /*Jeilinj*/.

B. Vestad skriv om namnet *Utomfjellsvegen*:



Sekkesetra med Sollibøen øvst oppe. (Foto Widerøe/Romsdalsmuseets fotoarkiv 113667)

«Dette navnet betegner hele vegen som går opp fra Vestad og Opsalen, forbi *Kvilarsteinen* og ned på Sollibøen eller Sekkesetra. Det er altså vegen fra sørsida og utom fjellet og ned på nordsida. Når folket på nordsida gikk samme vegen, kalte de den ikke Innomfjellsvegen, men ganske enkelt bare *Fjellvegen*.»

Namnet *Teppingshaugen* fortel om tepping oppå her. Ein har *Teppingsmyra* /*Tæppingsmyra*/. Steinar Eik skriv at i 1869 er namnet på myra skrive *Tæppemyhren* og *Tappingsmyhren*. Myra var tidlegare oppdemd, og vatnet vart brukt til å dra eit vasshjul som stod ovanfor bygdavegen på *Ytste Vestad*. *Løkan* er løkar i myrlendet her.

Ein kallar fjellområdet oppå her for *Flatfjellet*. Sekkeseter skriv i saremnet sitt: «Før det ble vei på Sekken, måtte folk gå over fjellet når de skulle over på den andre siden. Oppe på fjellet lå det en stein der de brukte å sette seg ned for å ta en hvil. Dette gjorde at steinen fikk navnet *Kvilarsteinen*. Vi regner med at den ble brukt siden Sekkeseter ble fast boplass for ca. 400 år siden, og at den ble hyppig brukt helt fram til 1934 da veien ble åpnet.» Ei grind på vegen ikkje langt frå Sekkesetra var *Bygdagrinda*.

I daglegtale heiter Futlia for *Sekkeneslia*. På grunn av at futen åtte Sekkeneset til 1705, vart lia så seint som i 1868 i skrift kalla *Futlia*. *Futlidalen* var snarveg mellom Vestad og Stølen (Seterneset), Engvika. (Futlidalen har delvis i tale vorte forvanska til Futidalen.)

Ei høgd heiter *Alnøva*. Det ser ut som sisteleddet er hokjønnsordet nov (gno. nøf f.) 'utvendig hjørne på eit hus. Det er truleg at førsteleddet kan vere trenamnet alm. I den sørlege delen av romsdalsområdet seier ein nøv. No seier dei her på Sekken nåv. Truleg sa dei før i tida nøv. Det er uttalen i den nordlege delen av kommunen. Steinar Eik meiner staden er for verhard til at alm kan ha vakse her.

Sekkesetra

Gnr. 111 (9) *Sekkesetra* er nemnd første gongen i Aslak Bolts jordebok. I nytgåva av jordeboka frå 1997 er «Sekkesæter i Widhøy» omsett med «Sekkesetra på Veøy». De er vel meint Sekkesetra i Veøy sokn. Slik som det står i omsetjinga, kan ukjende tru at Sekkesetra ligg på Veøya. På denne tida 80 år etter manndauden er denne garden seter til Nedre Reistad på Vågstranda. «Sækkiasæter alt dughir till sætra,» kan ein lese. I omsetjinga til moderne mål står: «Heile Sekkesetra duger til seter.» Når ein les at det er heile Sekkesetra som blir brukt til seter, er det naturleg å undrast på om dette tidlegare har vore noko meir enn ei seter. Kan dette ha vore ein gard føre nedgangstida, og at ein har fått dette namnet etter at garden på Vågstranda tok til å setre her? For folket på Nedre Reistad var det naurleg å omtale setra på Sekken for Sekkesetra. Når

ein kjem fram til kring 1600, er det vanleg gardsdrift att her. Så finn ein at gardsnamnet i 1669 er skrivne Sechenesetter. Dette kan tyde på Sekkeneset ein gong har brukt staden til seter.

Seterbøen er bruk under Sekkesetra. Det blir ofte sagt *Tuftin /Tøftinj/*. Det er bunden form fleirtal av tuft ' minne etter hus'

Sekkeseterelva er ei lita elv.

Sola stod nok over *Middagshaugen* ved middagstider for folk på nordsida av haugen. Lenger vest er *Nonshaugen* og *Nonshaugdalen* på nordvestsida av han. Ved nonstider stod sola over haugen for folk på Sekkesetra. Ein finn visst namn som Nonshaugen oftare enn Middagshaugen. Forfattaren Vera Henriksen skriv i Norges kulturhistorie band 2 (1984) på s. 86: « Særlig er sammensetninger med 'non' alminnelige – kanskje fordi helgefreden for de store høytidene begynte ved nonstid dagen før.» Det kan vere at ho har rett i dette. Passa ein ikkje helgefreden, kunne det bli bli bot. Kanskje det er frå katolsk tid ein har uttrykket : «No er det laurdag og non.»

Reita eller *Sekkeseterreita* var frå først husmannsplass. Sia vart det bruk. I det som no er Molde kommune, ser det ut som det berre er her på Sekken reit har gått over frå hankjønnsord til hokjønnsord. I Norsk stadnamnleksikon står det at reit mange stader har gått over til hokjønnsord i nyare tid. Kanskje det er når dativbruken byrjar å bli ustø, slikt skjer. Dativforma er *Reita* når namnet er hankjønnt. *Reitabukta* er bukta ved bruket. Eit lite nes er *Litleneset*. Wenche Sekkeseter skriv i særmenet om ein hammar litt lenger aust: «*Rødhammaren* er ikke noe annet enn rett og slett en rød fjellhammer.» Ein uttalar sjølvsagt ikkje d-en.

Der det heiter *Løsletta* har det nok stått ei løe. *Sekkesetervegen* er den gamle vegen til Sekkesetra. *Vinterklevet /Venterklevet/* er ein bakke på vegen mellom Sekkesetra og Solombøen. Klev er eit ord som ikkje blir brukt i målføret lengst aust i kommunen. NO normerer ordet til kliv, og det er nok mest korrekt. Innhaldet i ordet er 'bratt og trong oppgang i fjellet; skrent, klyv'. Frå Vestnes har ordboka registrert kliveled. I Ulstein på Sunnmøre er kliv høgt gjerde av kvister. Nordgrensa for bruk av ordet ser ut til å gå gjennom Molde kommune. Namnet *Vinterklevet* siktar kan hende til at det kunne vere vanskeleg å kome seg opp her om vinteren.

Håneset er eit ikkje noko uvanleg namn. Som før nemnt er dette ei eldre form av Høgneset. Her er *Ferjekaia* i ferjesambandet til Molde. (Første dagen ferja gjekk var 18. september 1961. Same dagen starta Sekken Auto buss- og ferjerute.) Familien som bur her har ættenamnet Seternes.

Etter kvart har folk byrja å kalle staden Seterneset. Ein liknande tendens ser ein i våre dagar også andre stader. Dette fører til uheldige namneforandringar. Det kan somme stader føre til at gardsnamn kan bli flytta. For ei tid sia nemnde Romsdals Budstikke ein gard Skjeggstad på Kleive. Men dette er eitt av bruka på garden Stokke. Årsaka til dette er at for nokre generasjonar sia kjøpte ein familie frå Skjeggstad på austsida av Tresfjorden bruket og flytta hit. Ættenamnet er Skjeggstad, men ikkje gardsnamnet. Ein får vone at at ein atter tek i bruk namnet Håneset om ferjestaden på Sekken.


Bjørga /Bjørja/ er framstikkande, høgvorne og bratte berg (gno. bjørg f.). *Bjørgasteinen* er ein stor stein her.

Nøsa og *Litlenøsa* er framstikkande berg. Det kjem av gno. nōs f. I namnet *Fagerbakkan* har ein ordet fager som ikkje er så mykje brukt i talemålet, men som ein ikkje sjeldan støyter på i namn på fine stader.

Namnet *Rishaugen* blir brukt om ein stad på stigen. Han går vel forbi ein liten haug der det veks ris (krattskog). *Varden /Varinj/* er varde.

Sollibøen

På s. 246 i NG kan ein lese om gnr. 110 (8): «1ste Led indeholder vel det alm. Gaardnavn Solli.» Men alle som vart spurde om uttalen, sa anten Solembøen eller Solombøen. Dette skulle peike mot *Solombøen/Solembøen*. Ingen av skriftformene peikar eintydig mot førsteleddet solli (li med mykje sol). Frå 1632 har ein skriftforma Sollebøen. Frå 1723 har ein Sollembøe og Sollembøen. Tre personar frå garden som motte korn i 1773, får namnet sitt skrive Sollembøe. Ættenamn med forma Solembø skal ha vore i bruk til slutten av 1800-talet. Sisteleddet –bøen fortel truleg ikkje om det gamle bø med innhaldet gard, men det nyare bøen brukt om beite- eller slåttamark. Sær mange gardar i



Frå Sollibøvatnet med Moldeholman og byen i bakgrunnen. (Foto Birkeland 0910)

kommunen har hatt slik halvdyrka mark i utkanten av åker og eng. Somme stader har dette vorte bruk med gardsnamnet som førsteledd og bøen som sisteledd. Men ein har òg døme på at då garden vart liggjande øyde i seinmellomalderen, vart dyrkajorda brukt som beite eller slåttamark for ein grannegard. Då det kom busetnad på nytt, fekk det gamle gardsnamnet påhengt bøen som sisteledd. Ein kan undrast på om Sollibøen / Solembøen / Solombøen frå først heitte Solli eller Solem / Solom. I NG blir det hevda Solem / Solom må vere ei forvansking av Solli. Men ein får ikkje vete bakgrunnen for denne konklusjonen. Som ein ser, uttalar dei førsteleddet likeins som ein gjer i namnet Solomdalen.

Ein har bruksnamna *Solombøgjerdet* og *Solombøbakken*. Elva blir kalla *Solombøelva* eller – *bekken*.. Ei høgda heiter *Solombøhøgda* og eit nes *Solombøneset*. *Vikan* er vikar.

Reita eller *Solombøreita* var husmannsplass. Her budde husmannen Tore Olsen først på 1800-talet. *Ommundbukta* /*Ommunjbokta*/ har namn etter ein husmann som i skrift heitte Amund Samuelsen. (Ommund er det gamle namnet som i gno. vart skriva *Ogmundr*.) Steinar Eik seier at dette namnet vart brukt i spøk. Den før nemnde husmannen Tore på Reita har eit minne etter seg i namnet *Torebukta*. Steinar Eik skreiv i 1977: «Som naboer flest drev han og Amund og terga hverandre. Slik fikk bukta utafør Solembøreita navnet Torebukta, også et navn en fremdeles kan høre en sjelden gang, ca 150 år seinere.» Eit anna namn på bukta er *Reitabukta*. Ein har òg *Reitaberget* ved fjorden.

Råket og *Råkhaugen* er bruk.

Om namnet *Finnkallneset* skriv Wenche Sekkeseter i særmenet: «Stedet er oppkalt etter en mann fra Finnmark, altså en 'finnkall' som bodde i ei lita tømmerhytte ytterst på neset. Plassen ble altså kalt Finnkallneset etter ham.» Dette er interessante opplysningar. Ein kan leggje til at ein finnkall ikkje trong å vere frå Finnmark. Det var ein av sameætt. Han kunne godt vere sørsame. Det var somme av dei som ikkje dreiv med rein.

På *Solombøen* er det eit jordstykke som heiter *Foss-stykket*. Kan det vere ein som heitte Foss som har brote det opp?

Der det heiter *Brenslå*, har det truleg vore brann. Stigen mellom *Solombøen* og *Solombøvatnet* heiter *Hellevegen*. Årsaka til namnet er at han er hellelagt over myrstrekningane. Nord for vegen er den lange og smale myra *Langmyra*.

På austsida av *Solombøvatnet* er det bratt. Her heiter det *Vassura*. (Det er feil når det på kartet i M 1: 50 000 står *Vassøra*.) Sør for vatnet er de ein liten dal som heiter *Sagdalen*. Her er ikkje noko

vassdrag. Det har truleg vore skore med handsag her. Lenger sør er *Stormyra*. Der er òg *Setertjønnin*. Namnet ser ut til å vere vitnemål om at det har vore setra her i området. Litt sør for denne haugen er *Storhaugen*. Endå lenger sør er ei av dei mange tjørnene i kommunen som heiter *Lomtjønna*.

Storvika

Storvika er gnr. 109 (7). Namnet er skriva *Stoerwigen* i 1669. Som ein forstår heitte vika her *Storvika*. Så fekk garden namn etter vika. Så tok dei til å kalle vika (bukta) *Storvikbukta*. Ein kan seie at reint språkleg har ein her det som i språkvitskapen heiter pleonasje, altså samanstilling av ord som tyder om lag det same. Det gjeld vik og bukt. (I nyare tid har bukt utkonkurrert vik som produktivt ledd i stadnamn. Ordet vik har ein hatt så langt attende som ein veit noko om språket her i landet. Det lågtyske ordet bucht kom hit til lands i seinmellomalderen.) Relasjonsnamn til *Storvika* er *Storvikneset* og *Storvikmyra*. *Nausthaugen* er ein markert haug. Ein hammar ved vegen heiter *Kruthammaren*. Namnet kan ha bakgrunn frå den tida vegen vart bygd. Krut er eit lågtysk ord som er ei forkorting for bussenkrut, eigentleg 'børsekrydder'.

Lenger aust er *Klevet* og *Klevneset*. Her er det ei glipe i berget nede ved sjøen. Sekkeseter skriv i særmenet: «Når man skulle gå langs vannkanten, fikk man alltid problemer med Klevet over denne glipe. Et klev er et stort steg.» Ein kan seie at ordboka sin definisjon 'bratt og trong oppgang i fjellet' høver godt.

Der det heiter *Okshaugen*, skal ein okse ha gått seg utføre stupet.

Der det i *Storvika* heiter *Hummelgarden* /*Hommelgar'n*/, har dei dyrka humle. Som ein veit er dette ei krydderplante. Ein finn ordet humlegard i ordboka til Ivar Aasen. (Sjå meir om denne planta under garden *Gauset* i *Julsundet*.)

Namnet *Kjerkjemyra* har kan hende noko med at dei gjekk her når dei skulle i båt for å kome seg til kyrkje den tida kyrkja var på *Veøya*.

Vedalshaugen

Vedalshaugen er gnr. 108 (6). Namnet har mest sannsynleg gno. vidr 'skog, tre' først i namnet. Ein dal her har dei kalla *Vedalen*. Det er haugen som dei kallar *Vedalshaugen* eller *Vedalsstorhaugen*, som

har ført til gardsnamnet. Det er lite truleg at ein i namnet har det utgamle ordet vé n. 'heilagdom'. Ein kan òg undrast på om ein ikkje har det same ordet i namnet her og i øynamnet Veøya, altså ordet for skog.

Ein har bruket *Vedalshauggjerdet* eller berre *Gjerdet*. Dette er bnr. 2.

Tyske soldatar og offiserar kom til Sekken i pinsa 1941. Det vart bygd festningsanlegg i Vedalshaugen. Den tyske styrken skulle etter planen vere på 88 mann. Det kom ikkje til krigshandlingar her.

Steinbukta er ei vestvend vik. *Snagen* /Snajinj/ er ein snage. Dette er eit velkjent ord i talemålet. Ivar Aasen definerer det som «en fremstaaende Spids, en Odde eller Tange af Landet». Det blir opplyst at dei her på denne snagen under 2. verdskrigen skaut ut stein. Steinen vart brukt til muring på Molde.

Likberget er eit interessant namn. Her førte dei nok lika over i båt på veg til kyrkjegarden. Ein finn namn som Likstøa, Likberget og Likvøren andre stader i fylket òg. Det var ikkje uvanleg at ein fór andre vegar med lik enn den vanlege kyrkjevegen. Ein reknar med at det var for å gjere det vanskelegare for den avlidne å finne vegen heim att som attergangar. Som ein veit hadde ein i gammal tid likgluggar i stovene som dei tok ut lika gjennom. *Prekestolen* er eit berg ved fjorden litt lenger aust. Det var gjerne naturleg at tankane krinsa kring det som hadde med kyrkja å gjere. Så var det vel slik at dei syntest bergformasjonen likna ein preikestol.

Kokkurin /Kokkurinj/ er urer. Det ser ut som førsteleddet er kokk 'kammar'. Kanskje dei gjekk på dass her. Jamfør med namna i Røvika og Steinsåna. Det kan òg vere at steinar i ura har vorte samanlikna med slike ekskrement. Høgare oppe er *Storura*.

Så kjem ein opp til *Trastarøra*. Førsteleddet er fuglen som i Romsdalen heiter trast. Samansetningsmåten viser at det må vere genitiv fleirtal. Ein kunne tru at det helst var det som blir kalla 'skjetåtrast' (gråtrast) som har gjeve namnet. Han held til i koloniar med reir i tre. Han lagar stort leven. Såleis legg folk merke til reirplassane hans.

Ein trong dal heiter *Uradalen*. Her kjem *Uradalsbekken*. Det heiter *Fugldalen* ved bekken langt oppe. Det er haugar på kvar side av Uradalen. Her har ein namna *Haugaura* og *Haugaløypet*. *Kvennavika* og *Kvennavikelva* fortel om at her har vore kvern. Det var tepping (demning) oppå lia. Ein har namnet *Teppingshaugen*. Sekkenes skreiv i særnemnet sitt for bortimot 20 år sia: «I dag kan vi ennå se rester etter denne kverna som hadde stor betydning for eksempel under krigen. Da var det den eneste plassen de kunne få mel på øya.» Det har visst òg vore sag i elva.

Ikkje så langt nord for Solombøvatnet er det klopp over elva. Der heiter det *Kloppa* /Klåppa/. Ein haug heiter *Bærhaugen* /Berhaugen/. Der må det ha vore godt med bær.

Bjønnadalen er ein litenvoren dal med store steinar og stor skog av di han ligg avsides og har vore vanskeleg å drive. Same namnet finn ein om lag 5 km unna. Det blir hevda at det ikkje har vore bjørn på Sekken sia i 1917. Det året var det eit bjønnajag torsdag 12. juli. (Dette fortel Ole Skogvik i ein artikkel i RSÅ 1980.)

Sekkeseterløypet og *Eikaløypet* var løype i teigane som desse gamle gardane hadde på denne kanten av øya. Av same årsak har ein her namna *Eikalia* og *Eikalirøra*. Ein stor stein heiter *Eikasteinen*. Ei stø heiter *Reitastøa*. Ein annan stein er *Storsteinen*.

Ei myr er på kartet i M 1: 50 000 skrive *Roligmyra*. Er uttalen av førsteleddet roli, kan det ikkje vere ordet roleg, for ein seier role. Ein kan undrast på om ei li har heitt Rolia der ro tyder krå. Myrnamnet kan då vere eit relasjonsnamn. Under innsamlinga har skrivaren ikkje kome i kontakt med nokon som kjende namnet.

Det er visst no slik at dei kallar heile neset her på nordvestsida av øya for *Kvalen*. Men opphavleg er nok Kvalen skjeret utpå neset her. Det er ikkje vanskeleg å forstå at dette skjeret har mint folk om ryggen på ein kval. Av Kvalen har ein relasjonsnamna *Kvallia*, *Kvalmyran* og *Kvalhamran*.

Melvikan

Melvikan /Melvikanj/ er bnr. 5 under Vestad. Ein har tjukk l i førsteleddet. Det har òg vore sagt *Melvikbøen*. Det er to vikar som heiter *Store* og *Litle Melvika*. Steinar Eik skriv på s. 103 i artikkelen frå 1977: «Her i Litle Melvika og Store Melvika har bekkene lagt fra seg materialer i store



Frå Store Melvika. Det meste av dyrkamarka her er tilplanta med gran. (Foto KMH/Romsdalsmuseets fotoarkiv 09297)

aur- og sandmeler som har gitt området navn.» Ein mel (med tjukk l) er bratt sand- eller leirbakke, gno. melr. Det er lenge sia det budde folk «i Melvikå). Ein veit at i 1930-åra medan det var gardsdrift på Hjertøya, slo dei Melvikan. Høyet vart frakta i båt seinhaustes til Hjertøya. Men også i Skogvika slo dei her. Ivar Skogvik fortalde om ei attlege som heitte *Marjaattlegå*. «Me slo der,» sa Skogvik.

Kobbeneset mellom Store og Litle Melvika har truleg vore liggjestad for kobb. Ned i Litle Melvika renn *Melvikbekken*.

Fiskemédet *Melvikskallen* er vest for Melvikan. Médlinene er: (Pålgjerdet) Hag(g)arden i Hjelvika bak Hundshellå. Den andre médlina er Nörd-Nesjehaugen på Vedalsstorhaugen.

Ein stad der dei brende tjøre heitte det *Tjørgrytå*. Ivar Skogvik var ikkje så heilt viss på staden, men det er mellom *Skartjønna* og *Kvalhamran*. Når namnet er Tjørgrytå, er bakgrunnen truleg at det vart lagt ei kvelvd gryte over ein tettpakka haug med finkløyvd spik på ei flat helle. Over gryta la dei dugeleg med god ved og tende på. Då vart det så heitt at tjøra tok til å tyte ut or spikveden. Tjøra rann ned i tjørebytta etter ei renne som var hogd i hella. Ei helle stod på kant framføre gryta, slik at gneistar ikkje skulle kome ned i bytta og tenne på tjøra.

Om namnet *Hundshellå* /Honnshelljå/ skriv Steinar Eik: «Her flater terrenget ut med store bergområder ut mot sjøen. I dette tilfelle har ikke folkeetymologien spart på konfekten. Etter slaget på Stiklestad i 1030 reiste bondehøvdingen Tore Hund til Det hellige land. Men før han reiste, skjulte han en skatt her på Sekken. Nåja, ingen har gjort noe storfunn, men en bør kanskje ikke gi opp av den grunn. Ei anna sak er at hund på gammelnorsk ofte står for noe svært og fole, i sammensetninger. Ordet er derfor trolig brukt nedsettende om området. Det er farlig, skremmende for sjøfarende, og en gjør tryggest i å holde båten et stykke unna land når det blåser opp. De e hon so'n bryt se når'n legg innpå mæ væstavera!» Ein forstår at forklaringa med Tore Hund ikkje er eldre enn frå den tid dei tok til å få kjennskap til bøker som *Heimskringla*. Det kan sjå ut som ein har med ordet hund å gjere. Ein seier honn utan palatalisering her i kommunen. Hunden er eit nokså vanleg namn på holmar og skjer, visstnok brukt med lastande tyding, om noko farleg eller meinsleg. Viss s-en i samansetninga er komen til i seinare tid, kan ein ikkje sjå vekk frå at ein har med det eldgamle ordet for fangst/fiske å gjere, slik som i namnet Hunn fleire stader. Sørvest for neset er *Hundshellgrynnå*. Ein har òg relasjonsnamnet *Hundshellmyra*.

Bolia er namnet på lia innover på sørsida av dette

vestlegaste neset på Sekken. Namnet er vanskeleg å forstå. Ein kunne tru at førsteleddet var bog brukt om innbøyinga i strandlina her nedanfor. Ein kan ha hatt namnet Bogen /Bojinj/. Så har lia vorte heitande Boglia. Seinare har g-en falle ut or uttalen.

Skogvika

Gnr. 107 (5) *Skogvika* har uttalen /Skovikja/. Det er mykje sannsynleg at førsteleddet er skog. I mange stadnamn med skog har g-en tendens til å falle ut i uttalen. Ein har det m.a. slik i namnet Ørskog. Truleg var det slik den gongen ein fekk namnet at det var meir skog ved denne vika enn andre stader i nærleiken. Det ser ut som gardsnamnet er nemnt første gongen i 1669 som Schowig. Det er tydeleg at ein alt den gongen hadde uttale utan g. Av skriftforma kan det sjå ut som skrivaren har trudd at første delen av namnet var fottytt sko.

Ein kan nemne at tett ved garden har ein namnet *Skogen* /Skojinj/. Bnr. 2 er *Skogvikmyra*, eller *Myra* som det har stått i matrikkelen. Elles talar ein om *Oppigarden* og *Nerigarden*. Aust for Oppigarden heiter det *Tolleskogen*. Dette er ein lund med tolle/fure.

Slik som på mang ein gard har ein i Nerigarden åkernamnet *Storåkeren*. Ein annan åker er *Haugåkeren* /Hauåker'n/. Før i tida var det alltid åker her. Dette var åkeren som vart først gjord (moden). Stundom var det potetåker /potedesåker/ her. I seinare tid var det vekselvis åker og attlege (eng). *Sandholå* /Sannhåå/ er dyrkamark.

Der det heiter *Porsholå* /Pårshåå/ voks det iallfall pors tidlegare, og det gjer det nok framleis.

Nedmed sjøen ligg *Nausta*. Det er nausta til bruka her. Ein kallar vegen ned dit for *Sjøvegen*. På vegen er *Nedste* og *Øvste Kvilet* ikkje langt frå kvarandre. Ofte bar dei tunge bører opp frå støa. Det dei ikkje



Nerigarden i Skogvika. Vestnes i bakgrunnen. (Foto KMH/Romsdalsmuseets fotoarkiv 09303)

avla eller laga på garden, måtte dei føre til gards sjøvegen. Slike bører var ofte mykje tyngre enn ei fiskehonk. Det var naturleg at ein måtte kvile fleire gonger. Ei flat ved *Sjøvegen* er *Sjøfløtin* /*Sjøfløtinj*/ eller *Sjøflata*. Neset vest for Nausta er *Naustneset*. *Stien* er sjølvsagt ein stad dei gjekk. Ei myr og eit løype heiter *Klungervikmyra* og *Klungervikløypet*. Desse to namna er relasjonsnamn til namnet *Klungervika* /*Klongervikja*/. Ivar Skogvik sa at heime hos han brukte dei ikkje namnet *Klungervika* om nokor vik. Men namnet har vore i bruk, for det er mellom namna som skuleelevane skreiv opp til Bergens Museum. Klungeren trivst godt i fjøra.

Så er det ein haug som har eit namn med ei noko uvanleg form. «Me va utpå *der de he bronnje*,» siterte Ivar Skogvik for å vise korleis namnet blir brukt. Somme har visst sagt: «Der de e brænt.» Namnet har levd slik opp gjennom tida. Det skal ha vore i tidbolken 1850 - 1860 brannen herja området. Brannen vart omtala i lange tider. Det har vore sagt at området vart så svidd at det enno på slutten av 1800-talet ikkje fanst noko grønt her.

Der det heiter *Slettabakken* hallar det jamt. Det er slett i bakken her. Til *Lydarhaugen* /*Lyarhaun*/ gjekk dei for å lyde etter kubjølla om kveldane når dei skulle mjølke.

Når ein har namnet *Reitvegan*, kan ein tru at stigane endar ein stad der ein har eit namn med ordet reit. Kanskje det var «i Melvikå». Når det vart folkelaust der, kom mange namn vekk.

Melen er ein mel. (Sjå under namnet Melvikan.) *Melvegen* er stig.

Ein bratt hammar heiter *Omn* /*Åm'n*/. På kartet i M 1:50 000 har namnet vore feilskrive *Åmen* i lange tider. Hammaren vender mot sør og er mørk. Han kan ha mint om ein omn. Somme har meint at årsaka til namnet er at det er heitt oppi her når sola står på. Som før nemnt er *Omn* namn på eit hol i berget på sørsida av *Vågsetervågen*. I Norsk stadnamnleksikon er fjellnamnet *Omnane* i *Høyanger* nemnt. *Omnfjellet* på *Hemnkjølen* heitte før i tida *Omn*. «I dei fleste tilfelle er desse fjella samanlikna med rykande omnar fordi det ofte samlar seg skodde der,» kan ein lese. *Omnsvegen* er stig oppå *Omn*.

Perskaret er eit løype. Så har ein namna *Skaret*, *Skartjønna*, *Skarvegen* og *Skarløypet*. Der det heiter *Torvetaket* hadde Ole Skogvik torvetak.

Skogvikåsen /*Skovikåsen*/ er åsen aust for Skogvika. *Åsenden* er vestenden av åsen.

Kvinnagrova kjem ned forbi bruket *Myra*. Det var ei lita kvern i grova. Der kverna var, heiter det *Kvennhustufta* /*Kvennhjusstøfta*/. Litt lenger oppe er *Gammeldemmå* /*Gammeldæmmå*/. Her var tepping

ein gong. Endå lenger oppe er *Teppinga*. Her var det oppdemd. Ein fekk «kvennavatn».

Der det heiter *Torveholet*, tok dei torv. Det er blautt i *Lappeholet*. Der treivst lappen. Lappe er det ekte målføreordet i Romsdalen for frosk. *Våtattlegå* er attlege. *Bukkattlegå* /*Bokkattlegå*/ er ei attlege. Førsteleddet er bukk, truleg geitebukk. *Toppattlegå* er ei attlege.

Der det heiter *Kroken* /*Krokjinj*/, går gjerdesgarden i ein krok (vinkel). Dette er altså namnet på attlega i denne kroken. Der det heiter *Klevet*, har det vore ei grind. Namnet fortel at her måtte dei klive over grinda.

Haugen /*Haun*/ er ein berghaug med skog midt på bøen som var, sa Ivar Skogvik.

Hammarteigen er skogteig. *Klombra* /*Klomra*/ er ein trong stig. I ordbøkene står det at klomber er fjellkløft eller trong og vanskeleg veg. I gno. hadde ein ordet klombr. *Skjenhammaren* er ein hammar der kyrne skjena. Det var nok oftast litt vind frampå hammaren.

Så har ein namna *Tjørhjellen* og *Hjellen*. Truleg fortel begge namna om utvinning av tjøre.

Setervegen er vegen opp til *Skogviksetra*. Eit anna vegnamn er *Snarvegen*. På *Kvilesteinen* var det godt å få kvile. Så har ein *Øvste* og *Nedste Flåberget*. Eit flåberg er eit vidt berg. *Røste Hammaren* er eit noko uvanleg namn. Noko av hammaren har rausa ut. Ein bruker gjerningsordet å røse i talemålet. Ein talar om at t. d. stein 'røs nedover fjellsida'. Bøyinga er: å røse – røs – røste – he røst.

Ei lægd ikkje langt frå *Skogviksetra* heiter *Borkesetra*. Bakgrunnen for namnet er visst uklår. Kan det ha stått eit hus som dei lagra bork i? Bork vart ikkje berre brukt til å blande atti mjøl, men òg til barking av m. a. garn og nøter. Dei meiner gardsnamnet *Borkhus* i *Folldalen* kjem av at her har vore hus for bork.

*Sommarfjøs*en vart brukt fram til slutten av 1960-talet. *Seternamnet* ser ut til å fortelje at det tidlegare var vanleg seter. Sør for *Skogviksetra* er *Seterskaret* og *Seterdalen*. I området her har ein namna *Fjellteigen*, *Stormyra* og *Gammelvegen*. Lenger vest har ein namn som *Lia* og *Øvste Lia*. Ein heller heiter *Sauhellaren*. Nesten nede ved fjorden er *Geitahellaren*. Desse dyra gjekk nok innunder her i styggever eller heit sol.

Ein hammar i fjøra er *Kattahammaren*. Det blir sagt at dei drap kattar her. Kanskje det helst var kattungar. No kan kanskje katt i stadnamn sikte til slike kattar som røyskatt. *Fridthjof Køhn* trudde at førsteleddet er ei forvansking av det gamle ordet kati for båt. Det er djupt utføre her. Ein kan leggje til med skuter.



*Kleberstauå eller Kleberholå. Rolf Gaasø er kjentmann.
(Romsdalsmuseets fotoarkiv 06630)*

Noko lenger sør er det store steinar i sjøen ikkje langt frå land. Dei heiter *Steinan*. Dette er ein god fiskeplass.

Skjetmyra har ordet skit i førsteleddet. Det er gjerne gjørmut her.

Kleberstauå er ei hule i tett vegetasjon om lag 40 m frå sjøkanten. Ho skal vere 6 m djup og 4 m brei. Ein må krype innover, men ein kan så vidt stå oppreist når ein kjem inn. Steinar Eik kalla hola for Kleberholå i artikkelen sin. Førsteleddet i namnet er kleber. Kleberstein er ein grøngrå, mjuk bergart som er lett å lage ting av. Det har vore fortalt at dei frakta kleber herifrå den gongen det var kaupang på Veøya. Det har iallfall vore brote ut kleberstein her. Ein ser spor etter hakkinga både inne i hola og i likanten kring hola. Men klebersteinen skal visst ha dårleg kvalitet. Hallvor A. Skogvik skal ha fortalt at det var ei innskrift i taket av hola. Ein liten fisk er hakka inn på venstre sida midt i hola. Segna fortel at då dei ein gong gjorde opp eld inne i hola, kom det opp røyk på *Mørkedalsrøra*. (På kartet ser ein kvar *Mørkedalsrøra* er.) Det blir sagt at Hallvor A. Skogvik skal ha laga seg eit stempel og ei limgryte av kleber. Dei meiner det òg ein gong budde folk «i Kleberstauen».

Svartneset og *Svartnesbukta* er lenger sør. Neset må ha fått namn av di det er svartvore.

Kva er ein håmann?

Inst i *Svartnesbukta* er det ei trong, mørk klove som sjøen går inn i. Klova heiter *Håmannholet*. I ordboka til Ivar Aasen finn ein ordet håmann, men ein blir vist til oppslagsordet hovmann. Der finn ein at dette kan vere «Tjenestemand hos en Høvding, Ledsager, Følgesvend». Det kan vere ein skrivekarl, og på Helgeland har det vore brukt om ein ungar. Nordafjells er uttalen håmann. Hans Ross har om lag same opplysningane som Aasen. Han seier at



Håmannholet. (Foto KMH/Romsdalsmuseets fotoarkiv 06630)

det kan vere ein herskesjuk person med stor tru på seg sjølv, eller ein stor, grov og uoppdragen kar. Ein finn ikkje noko om at det kan vere ein overnaturlig skapnad. I årboka for Den norske turistforening for 1952 har diktaren Ragnar Solberg (1898-1967) ein artikkel om heimgarden Fokstugu på Dovrefjellet. Han skriv på s. 106: «Det eldste huset på Fokstua er fra 1729. Det er Håmannstugu, et toetasjes tømmerhus. Her overnattet kongens hoffmenn når de reiste over fjellet. De var ikke alltid mors beste barn. De røvet kvinner og mesket seg godt på mange vis.» Dette skulle høve godt med innhaldet i ordbøkene.

Men så er det slik at på s. 28 i «Folkeminne frå Romsdal» av Olav Rekdal (1933) er håmann med i eventyret «God – dag – Øksaskaft». Der har ein førestellinga om at hestar kan bli «fordervaridne tå håmeinnå». (Håmeinnå er dativ fleirtal.) I fotnoten står: «håmann: underjordisk som skal ride øykene om netene.» Dei flettar òg mana på hestane. Det er slikt som gardvettet (tuftkallen) kunne finne på. (Heimelsmannen Knut O. Ytterhaug frå Osen i Kleive var fødd i 1841.)

Går ein rett over fjorden frå Sekken til det tverrbratte Lunds fjellet på sørsida av fjorden, er det der i fjellet ei hylle som kallast *Håmannsetet*. Det må vere setet til ein håmann. Det blir òg fortalt om ein spesiell atterljom. Fiskarane fekk svar når dei ropa opp mot fjellet. Somme meinte at ein som heitte Håmann budde her. Eg fekk vite om namnet i 1978. Ikkje langt unna er det to andre segn-namn, Gullringholå og Sankt-Olavsbrunnen.

Når ein ser dette, tyder det på at det iallfall her i Romsdalen var eit vette (ein overnaturlig skapnad) som dei kalla håmann. Om det opphavleg var ein jutul som stadnamna tyder på, eller om det opphavleg er ein tuftkall (tunkall) som i eventyret frå Osen, er noko uvisst. Det er iallfall lite truleg at

det var nokon hovmann som hadde noko med denne bergklova som sjøen går inn i. Det ser ut som begge desse stadnamna ved Romsdalsfjorden fortel om tilhaldsstader for underjordiske.

Ein kan ta med at nordvest for Gjevilvatnet i Oppdal er det eit 1290 m høgt fjell som heiter Håmannhytten. På «Turkart Trollheimen 1: 75 000 (revidert 2004) har skrivemåten vorte forandra til Hovmannshytten. På kartblad 1724 III Jøa finn ein på Elvalandet i Fosnes kommune i Ytternamdalen sør for garden Frøvarp ein liten dal i bergut lende opp frå sjøen som heiter Håmannndalen. Det kan vere at også desse namna er minne om denne overnaturlige skapnaden. Ein reknar med at hovmann er gno. hofmadr. Kanskje håmann er eit anna ord.

Skogvikmannen er ein stein ikkje langt frå land ved Svartneset. Han stikk så vidt opp på stor fjøre (gjøfjøre). Brynhild Vestad skriv i særmenet sitt om denne steinen: «Her har mange båter gått på grunn opp gjennom tidene. Det fortelles også at det var trolldom i Skogvikmannen, han trakk til seg båter i stygt vær og knuste dem i stykker. Dette skulle vere en straff for de som levde et syndig liv. Å gå på Skogvikmannen ville da si at en ikke hadde helt rent mel i posen.» Når ein har sisteleddet mannen, viser også dette at det er ein slags personifisert trolldom. *Uerholå* /Urholå/ er eit djup som er fiskeméd. Her er det 90 -100 m famner djupt. Førsteleddet er fisken uer (gno. øgr m.). Dette er ein omtykt raudfarga djupvassfisk av ulkefiskane. Namnet har truleg med auge å gjere. Médlinene kan vere Kornsiloen på Moldegård over Hundshellå. Den andre lina er Storholmneset på Kvitneset. Ivar Skogvik hadde desse médlinene: Vestadholmen på røra på Bytneset, og mønen på løa til Ole unna land framfor skogkanten. Otrøyingen Kristian Opstad seier i «Bygdeboka II», s. 42 at dei før i tida kalla stor uer for *storklokkar*. NO opplyser at dei både på Sunnmøre og i ytre Nordfjord kalla denne fisken for *klokkar*. Der blir det opplyst at bakgrunnen kan vere at klokkaren i gammal tid skal ha hatt raud drakt. Ein kunne elles tru at årsaka var at ueren kan sjå lite grann lærd ut når han kjem over ripa med sine utskotne augo.

Ein kan gjerne seie at *Romsdalsfjorden* startar sør for Sekken. Namnet er nemnt allereie i Heimskringla som er skriven kring 1230. Der blir det fortalt at ein flokk i året 1137 fór sørover framom Møre og like ned til Romsdalsfjorden. Det ser ut som Snorre iallfall meinte at denne fjorden starta heilt ute ved havgapet. Men fjorden heitte nok som før nemnt den gongen for Fur(e)fjorden frå havet og så langt inn som Sekken – Vågstranda. I Soga om Håkon Håkonsson er det tale om Romsdalsmynnet.

Så er det slik at i ei segn på s. 25 i «Folkeminne frå Romsdal» av Olav Rekdal går det fram at folk utpå øyane kalla fjorden for «*Martnaffjorn*». Dette namnet vart brukt den tida då Romsdalsmartnaden var ei av dei største hendingane kvart år. Gerhard Schøning kallar på 1700-talet fjordområdet mellom Gjermundnes og Sekken for «*Sækkefiord*».

Ein har dei interessante namna *Ytste* og *Inste Hårkallneset*, *Ytste* og *Inste Hårkallvika*. Mellom dei to vikene er *Midtneset*. Mange har undrast over førsteleddet hårkall. Somme har meint at namna kjem av ein mann som heitte Hårkjell. Andre har sagt at det korrekte var horkall. Primærnamnet er visst ikkje i bruk i våre dagar. Dette kan tyde på høg alder. Men ei høgd her må ha heitt Hårkallen. Det er slik at Hårkallen er eit fjell på Langøya i Vesterålen. På Leka i Namdalen finn ein Hårkjellet. Høgaste fjellet i Skogn i Nord-Trøndelag er Hårskallen. På Hardangervidda har ein den velkjende Hårteigen. Førsteleddet i desse namna er vel gno. hárr 'grå, gråhærd'. Då blir meininga med Hårkallen det same som Gråkallen ved Trondheim. Det er slik at ein med det uvanlege namnet Harkjell Ingebrigtsen som kom frå Hen, frå kring 1860 var arbeidsformann ved teglverket i Romdalvika. Men det er lite truleg at det er ei forvansking av dette namnet som har ført til namna som er samansette med ordet hårkall.

På *Nesaplassen* /Næsaplass'n/ budde Nesa-Knut. Ein kan òg tale om *Nesabøen* når ein meiner Nesaplassen. Det er nok helst denne Knut som er nemnd som Knut Olsen og som er husmann med jord på *Romdalvikneset*. Han var fødd i Lesja i 1802. Ein liten haug heiter *Knutskolten*. Namnet skal vere etter Nesa-Knut på Nesaplassen. Det er ikkje så heilt klårt om dei har meint at høgda likna skolten til Knut, eller det er meint bergskolten ovanfor plassen hans. Ein forstår at namnet ikkje er sær gammalt. Der det heiter *Nesagrinda* /Næsaग्रenna/ var det grind, men det er berre lite grann att av gjerdesgarden på kvar side. *Nesadalen* er nedanfor.

Sandvegen er del av den gamle vegen til Skogvika. Her var det sandgrunn. Ein ser her på Sekken mange døme på at ordet veg /væg/ blir brukt, sjølv om det berre er ein stig. Årsaka kan vere at det naturleg nok før i tida var nesten berre stigar. Fjorden var veg mellom frendar. Ein må òg ta med namnet *Mørkedalen*. Dette er eit namn ein finn fleire stader på øya.

Der det heiter *Midtsagan* /Mettsaganj/ har det vore handsag. Det er ikkje nokon bekk eller nokor grov her. Ein skulle elles ha venta at sisteleddet vart uttalt –sajinj. Dalen her heiter *Sagdalen*. Det var nokså mykje skog her. Her skar dei alt tømmeret med handsag då dei skulle bygge løe i Skogvika.

Romdalvika

Dette er gnr. 106 (4). Det ser ut som det kom folk tidlegare hit etter krisetida i seinmellomalderen enn til Skogvika, Vedalshaugen, Storvika og Solombøen. Garden har ikkje så mykje innmark, men det er heller mykje skog. Han er nemnd i 1610 som Romsdallvigh. Seinare på 1600-talet finn ein skriftformer som Romdalluig og Ramdalwiigh. Det står i NG (s. 245) at uttalen er Råmdalvikja. Så blir det nemnt at uttalen på Vågstranda er *Rånnaldalsvikja*. I våre dagar blir det opplyst frå Sekken at dette også her er uttalen. Dette må helst vere ein uttale som har kome inn ved at folk andre stader har høyrte skeivt og trudd at konsonanten var n i staden for m. Ein kan tru at det er grova som kjem ned her som er opphavet til namnet. I dag heiter ho *Hjellgrova*. Vest for grova er *Hjellrøra*.

No er det slik at bukta som heiter *Rånnaldalsvikbukta* etter garden, ikkje ligg rett nedanfor garden, men litt lenger vest der nausta ligg. På kvar side av bukta er *Ytste* og *Inste Nausthammaren*.

Tømmerberget /Temmerbærje/ var lunningsplass for tømmer. Dei kom ned med det her. Her vart det hatt på sjøen og flota herifrå.

Sjøflata er attlege. Bratte stykke vegen ned til sjøen er *Litlebrauta* og *Brauta*.

Kjellarbøen er namnet på ei attlege. Her var ein jordkjellar. Dei gamle husa som stod før, hadde ikkje kjellar. Denne jordkjellaren vart også brukt som avkjølingsstad for matvarer i sommarølen (-varmen).

Der det heiter *Leirholå* tok dei leir til det teglverket som var i Romdalvika. (Ein ser at det er same namnet her som i Steinsåna på staden der dei tok leir til produksjonen.) Det var teglverk her frå 1876-1890. (I Romsdalsmuseets årbok 1996 har Bjørn Austigard skrive saga om teglverka i Romdalvika og Steinsåna.) Det er ei flat som heiter *Banå*. Truleg gjekk det som ei bane frå Leirholå til der det heiter *Teglommen*. På denne bana vart leiret ført til Teglommen. Der vart leiret brent til teglstein. Den ferdige teglsteinen skal ha vorte ført etter ei renne ned i skutene som skipa ut produkta. I gno. var ordet *tigl*. Ordet har kome frå latin tegula 'takstein' gjennom gammalengelsk. Det er slik at bane på sørsida av Romsdalsfjorden er hokjønnsord. På storparten av nordsida seier dei ein bane. Men Sekken og Nesjestranda på nordsida av fjorden har hokjønnsform slik som dei som bur på sørsida. (I nynorsk er det valfritt hankjønn eller hokjønn.)

Saga på garden kalla dei naturleg nok berre *Saga*.

Kvitneset har fått namn av kvit stein som er her. På vestsida er *Kvitnesbukta*.

Myrbanken er myrområde. Kanskje Olianna var den siste som budde på *Oliannaplassen*. *Peløppet* har fått namn etter ein som heitte Pe. Eit anna løype var *Sekkeseterløppet*. Fridthjof Køhn hadde høyrte om eit løype som dei kalla *Sersjantløppet*, men det var uvisst kvar det var. *Kuholå* er ei hule der det er myrlendt. Kan hende ei ku har gått seg ned i myra her.

Nylendå /Nylænnål/ er ei attlege. Namnet fortel at her har vore dyrka seinare. *Steinhakkå* er òg attlege. Namnet fekk nok stykket då det vart dyrka for om lag 70 år sia. Det var så mykje stein her, nesten som ein morenerygg, opplyste Rolf Gaasø. Der det heiter *Tjørhjellen* har det vore tjørhjell, men ein ser ikkje noko att av det. *Litledalen* og *Fjøsdaalen* er småe dalar. Det siste må vere minne om ein sommarfjøs.

Ein har namna *Auspadalen* etter treslaget og *Tytehaugen* etter bærslaget som i ekte målføre heiter tyte. *Kuholå* er ei fordjupning der det var mykje gras. *Blakkenakken* har fått namn av di han er blakk på let (bleikgul).

Store Brendenakken dekkjer eit stort område. Namnet skal kome av at det var brann her på 1700-talet. Lengst vest er *Litle Brendenakken*.

Gråura er i bratta ned mot fjorden. Det har vore sagt at dei tok stein her då dei bygde kyrkja på *Veøya*.

Der det heiter *Bytet*, går grensa mellom Vestad og Romdalvika. Denne grensa startar ved fjorden på *Bytneset*. Ein liten dal på vestsida av neset heiter *Bytdalen*. Lenger vest er *Litlevikan*. Ein haug ovanfor heiter *Litlevikhaugen*. *Djupholå* er ein botn, og *Kleiva* er eit vegstykke.

Bolsøya, sentrum i førhistorisk tid

Bolsøya er ei øy som har gammal busetjing. Den gamle uttalen er /Bøsjeyna/. Inst i fjorden har ein sagt /Bøsjøya/. No seier mange Bolsøya. I Norsk stadnamnleksikon står det at den vanlege uttalen er /bå:ls`øya/. Men det er mest /bols`øya/ som blir sagt i våre dagar. *Bolsø* var kommunenamnet. Seinare vart namnet fornorska til *Bolsøy*, og dette var namnet fram til kommunesamanslåinga med bykommunen Molde. Kring 1430 har ein i Aslak Bolts jordebok skriftforma *Bølingxøy* sokn. Gardsnamnet er skrive *Bylingxøy*. I norsk stadnamnleksikon les ein: «Eit eldre usms. øynamn *Bylingr kan vera avleidd til gno. boli m 'okse' som ei sideform til gno. bolungr m 'ung okse'. Den lange halvøya mot sørvest kan vera samanlikna med eit oksehovud. Øynamnet

B. finst òg i Hamarøy hd, Nordland.» Det er noko vanskeleg å få dette reelt til å likne. Hovudet skal altså vere den lange Fårøyna som berre så vidt heng saman med Bolsøya med det låge Draget der dei drog båtar over. Då øya fekk namn, var dette truleg to øyar. I gno. har ein ordet bolungr / bulungr m. 'ved-dunge, vedstabel'. Kanskje øya har vorte samanlikna med ein slik formasjon? Det er òg slik at bolungr er brukt om kleplagg/trøye utan ermar. På austsida av Tomrefjorden, ikkje så langt unna utlaupet, har ein namna Bolungen /Bolonjinj/ og Bolungneset /Bolongnæse/. Truleg har ein med same ordet som i øynamnet å gjere. Her ved Tomrefjorden /Tommerfjor'n/ er det visst ei segn om ein småkonge med dette namnet, men det er berre ein måte å forklare namnet på (folkeetymologi). Så er det slik at i boka «Folkeminne frå Romsdal» av Olav Rekdal finn ein ordet bolongen brukt om ei skjorte der ermane ikkje er påsydde. Som ein ser er det fleire sannsynlege måtar å tolke dette namnet på. I færøysk mål har ein ordet *býlingur* om nokre hus som står for seg sjølve. Viss ein kunne sjå det slik at Bylingsøy var øya som hadde husklynger, kan ein rekne med at det tidleg var slik på denne øya med gammal busetnad.

Bolsøy

Gnr. 17 *Bolsøy* ligg på austdelen av Bolsøya og er utan tvil ein av dei aller eldste gardane i det som no er Molde kommune. Folk har halde til i området frå dei eldste tider. Ein må rekne med at jorda her skjuler mange minne frå førhistorisk tid. Det er sjølvstøtt gjort arkeologiske funn.

Det som står i nytgåva av Aslak Bolts jordebok frå 1997 har førstearkivar Tor Ulset omsett frå mellomnorsk til bokmål. Det som står om garden Bolsøy er: «Av Bolsøya, ½ markebol som Tore Teiste eide, bygslet for ½ mark, det ligger et selveide til (garden). Vi fikk også 1 markebol av Sakse Gunnarsson i den samme jordeiendommen, bygslet for 7 ½ øre, og vi gav ham 9 (-marka-) øresbol i Setre for 172 mark, og lot ham leie Bjermeland under Setre og 1/2 tveite smør.»

Ein ser at omsetjaren bruker bunden form. Frå først hadde øynamnet ubunden form. Garden er òg så gammal at gardsnamnet også hadde det. No er det visst slik at dei kallar garden /Bolsø/ med den danske forma som gardsnamnet har hatt i skrift heilt frå kring 1500. Bolsø er ættenamnforma. Det er slik at i 1520 betaler Rasmus i Bøllisø 18 lodd sølv ved sølvskatten (tiendeskatten). Han var nest største



Bolsøykirke sett mot sør-aust før rivinga i 1907. (Romsdalsmuseets fotoarkiv 04047)

skatteytaren i åttingen. I 1657 er det tre brukarar på garden. Ein får visst namnet sitt feilskrive Knud Bølset. Han har 2 hestar, 10 kyr, 12 geiter, 10 sauer og 1 gris. Knud Knudson har 1 hest, 9 kyr, 9 geiter og 5 sauer. Morten har 5 kyr, 3 sauer og 1 geit.

Ein har bruksnamna *Oppigarden*, *Nerigarden* og *Bortigarden*. Under restaurering av våningshuset i Nerigarden fann dei fleire golv oppå kvarandre. Det nedste var frå tida føre oppgangssaga, for storkane var kløyvde med bile (øks). Austover frå Nerigarden har det vore eit stort gravfelt. Gravene var nok ein gong godt synlege frå skip som ferdast på fjorden. Namn på attleger i Nerigarden er *Rabben*, *Jordholå*, *Toreholå* og *Myrastykket*. *Myrbrynnen* er brunn. *Jordreinå* er ei reine. *Rusketeigen* og *Gjerda* er skogholt.

Bautastein med landskjend segn

Trollpila /*Treilljpila*/ på Bolsøya er ein av dei høgaste bautasteinane i landet, 5,1 m. Lorentz Didrich Klüwer seier i 1823 i boka «Norske Mindesmerker» at *Trollpila* står omtrent «300 Alen østenfor Bolsø Kirke». Som ein skjønar vart steinen sett opp lenge før den første kyrkja vart reist. Kva bakgrunnen for steinen var, kvarv or folkeminnet. Men ei segn om opphavet til steinpila fekk ein. Dei fann inga anna forklaring enn at det var den ovstore trollkjerringa i Skåla som hadde skote pila etter kyrkja då ho fekk høyre kyrkjeklokkene for første gong. Troll toler ikkje noko av det som har med kristendomen å gjere. Asbjørn Lillevik fortel at då trollkjerringa såg det vart bomskot, vart ho storsint og prøvde eit skot mot Kleivkjerkjå. Men dette vart heller ikkje blinkskot. Steinen står i Holsbøvågen, seier Lillevik. Ja, der kan ein sjå han der han har bora seg ned i jorda vest for *Storrøysa* i *Nervågen* berre vel 100 m frå stova der han som skriv dette voks opp. Ein kallar han berre for «*Steinen i Nervåja*». Men frå gammalt var det kjent kvar han kom ifrå.



Frå Bolsøygarden mot Skåla og Horga. Tingneset t.v. (Foto Johan Iversen Lillebostad/Romsdalsmuseets fotoarkiv 13060)

Lillevik opplyser at steinslaget i pila ikkje skal finnast der på øya, men det finst innpå halvøya i aust. Dei kunne nok i førhistorisk tid streve hardt med frakte på plass ein imponerande minnestein. Kan hende ei medverkande årsak til segna var at folk hadde sett at det låg så mange lange steinheller oppå *Skåltoppen*.

Det har vore vanleg meining at Henrik Ibsen skreiv opp segna sommaren 1862. Han hadde fått 110 spesidalar i stipend for å samle inn folkedikting på Vestlandet. Då han i juli dette året på Solnør trefte kulturminnesamlaren Peder Fylling (1818-1890) frå Skodje, fekk Ibsen låne ei samling segner som Fylling hadde skrive opp. Meininga var vel at Ibsen skulle hjelpe til med å få samlinga prenta. Det einaste som kom på prent var fire segner som stod i *Illustreret Nyhedsblad* hausten 1862. Ei av dei var «Troldpilen ved Bolsø Kirke». Fylling sitt namn var ikkje nemnt i bladet. Segnene som Ibsen hadde lånt frå Fylling, vart nesten det einaste av folkedikting han hadde med seg attende til hovudstaden. Fylling fekk aldri segnsamlinga tilbake. Ibsen skal ha sendt eit brettspel til Fylling ein gong seinare. Han skal ha kjøpt det i Egypt i 1869 då han var til stades under opninga av Suezkanalen. Det skulle vel vere som ein slags takk. Spelet skal framleis finnast. Ibsen såg vel aldri Trollpila, og ikkje snakka han med lokalfolket her heller. Det er namnet på den trottuge samlaren

Peder Fylling som skulle ha stått under segna i alle dei lesebøker der ho har vore med som døme på ei opphavssegn. Dette er opplysningar som kjem fram i biografien om Peder Fylling «Huldrefolk, bygdefolk og venstrefolk» av Jarle Sulebust (Ålesund 2002).

Dei trudde ein jutul låg i Jutehaugen

Når det gjeld førsteleddet i namnet Jutehaugen, er ordet jute diskutert ved skjernnamnet Juten på Nesjestranda. Sjå der! *Jutehaugen* /Jutehaun/ er haugen som ligg om lag 200 m aust for Trollpila. Der på øya ser dei det slik at jute er ei forkorting av jutul. Det kan ha vore segner om at ein eller fleire slike karar er gravlagde i haugen. Det er slik at på Jutehaugen er det mange små gravrøyser. Det ligg også steinar i terrenget her. Det viser seg at steinane er lagde her av menneske i tidlegare tider. Steinane ligg i sirklar. Som liten gut på bruket Bolsøyneset, fann Oddvar Bolsø fleire ting her på Jutehaugen. Dei vart sende til oldsakssamlingane i Trondheim. Bolsø er no over 75 år. Bakgrunnen for at haugen no er freda, er at då ein i 1955 fekk ferjerute til Bolsøya, fekk ein òg bilrute og måtte ha betre bygdeveg. Til vegarbeidet ville kommunen ta ut grus aust på Jutehaugen. Ein hadde ikkje grave mange dagane før det byrja å rause ut bein og skallar av folk. Det vart slutt på gravinga. I ettertid har ein forstått at ein skulle hatt fredingar

på Bolsøya før dette. Tingsteinane på Tingneset vart øydelagde 25 år tidlegare.

Kjerkjehaugen er haugen der kyrkja stod fram til 1907. Ein veit frå Aslak Bolts jordebok at det var kyrkje her kring 1430. Men her hadde då vore kyrkjestad i lange tider. Før her vart kyrkje, har det truleg vore ein kultstad her på austenden av øya. I 1660 vart den første kyrkja som ein veit om, riven. Ny stavkyrkje vart sett opp. Ho stod til 1727. Den siste kyrkja var i bruk til i slutten av 1890-åra. I 1907 vart ho riven. Lenger vest heiter det *Kjerkjehaugskaret*. Folk ser i dag med sorg på at kyrkja vart riven. Ho hadde vorte reparert så seint som i 1850-åra. Frå først av hadde ho hatt eit høgare tårn enn det ho hadde i seinare tid. Vindfløya som var på gamletårnet, er i dag å sjå på toppen av kapellet på Romsdalsmuseet. Byggjeåret 1727 står på fløya. Murane etter kyrkja ser ein godt. Her er framifrå utsyn mot aust.

Kjerkjestøin er støer der kyrkjefolket la til når dei i gamletida søkte kyrkje på Bolsøya. Her var ein fin vør som vart kalla *Kjerkjevøren*. I seinare tid har det dessverre vorte køyrt stein og røter oppå han slik at ein no ikkje kan sjå kor fin han var. Det er berre vel hundre år sia kyrkja på Røbekk avløyste *Bolsøykyrkja*. Molde fekk ikkje kyrkje før i 1661. Det hadde vorte ein tettstad der ved desse tider. *Prestesteinen* er ein stein i fjøra på *Naustnesenden*. Presten brukte støa som heiter *Prestestøa*.

Nausthaugen er ein haug ovanfor nausta. *Maristauå* var ei stove. *Sjøvegen* er vegen ned til sjøen her. *Skjelbukta* er bukta vest for Naustnesenden. Namnet fortel at her var skjel. Skjel vart brukt både som agn, og sundbanka i bitar som høner trong for å få til skikkelege egg. Litt lenger vest er det ein stein i fjøra som heiter *Storsteinen*. Ikkje så langt unna er *Oppkommå*.

Nesplassen var ein husmannsplass. Etter at det vart bruk her, har det vore kalla *Naustneset* /*Naustnæse*/. Matrikelnamnet for gnr. 17, bnr. 7 er *Øyum*, Namnet blir vel ikkje stort brukt i dagleg tale. Men det har kome med på kartet i M 1: 50 000. *Naustnesmarka* og *Naustnesdammen* er namn her. *Haugenden* /*Hauænninj*/ er enden på ein haug.

Lykkjå må ha vore eit inngjerdt område. Det same fortel namnet *Gjerdhaugen*. Der det heiter *Kloppin* /*Klåppinj*/, har det av di det var blautt vore klopper. *Atti Gjerda* /*Jeral*/ har ei dativform. Det er denne forma som blir mest brukt i talemålet. Her har altså vore gjerde (ei inngjerding).

Så har ein namnet *Kleiva*. *Syltehaugen* er ein haug. Bakgrunnen for namnet er at ein familie frå Kjerkje-Sylte i Tresfjorden åtte garden her i om lag hundre år. *Reinen* /*Reininj*/ er hallande lende der

det har vore åkerreiner som no er utjamna.. Det ser ut til å vere ei omlaging av hokjønne reine til eit hankjønnsord. Asbjørn Lillevik som var med på å jamne ut jordreina, fortel at jordlaget var 1,5 - 2 m tjukt. Han seier at ein 70 m lenger oppe mot grannen, pløyer nedpå grunnen. Dette fortel at her har vore åkrar i uminnelege tider. Jorda vil i hallande lende sige noko nedover. Reina har altså vorte så tjukk, sjølv om dei med visse mellomrom køyrde noko av jorda oppover att. Det var det dei kalla «å køyre reine». *Toppen* er ein liten topp. Truleg er namnet nyvore. Det er bustadhus her.

Skulen /*Skulinj*/ er skulen på øya. Den første fastskulen vart bygd i 1902. *Kjerkjegarden* er gravstaden som framleis er i bruk. *Kårstykket* er attlege som har tilhøyrt kårfolket. *Torhaugen* er bnr. 26. Ei rør heiter *Geilbakkørøra*. Det må ha vore eit namn Geilbakken. *Rustin* /*Røstinj*/ er skogholt. *Løberga* er berg ved løa.

Stortjønna og *Litletjønna* likna to tjørner der dei låg om lag 50 m vest for Trollpila. Asbjørn Lillevik opplyser at bestefar hans, Aslak Lillevik, fortalde at han trudde dette var groper etter hus som stod her i tidlegare tider. Det skal i gammal tid ha stått mange hus her vestover frå Trollpila. Det var Aslak som veitte ut gropene med vatn og planerte til åkerland. Då Asbjørn Lillevik på 1960-talet grov tomt for ny løe, kom det fram sot og trekol nedom berget her. Han meiner at dette kunne kome av at det har vore husbrann.

I ei jorddeling frå 1784 er det ein åker som heiter *Rodeåkeren*. Han er 12 famner lang og 7 famner brei og ligg inni eit engstykke som ein granne eig. Sjølvsagt har namnet gått ut or bruk for lang tid sia. Det er vanskeleg å seie noko sikkert om kva som ligg i førsteleddet. Eit dokument frå 1790-åra viser at ein også på Draget hadde same åkernamnet. *Sundet* /*Sønne*/ er eit smalt jordstykke. Ein av dei som eig i området hadde til Geir Bolsø forklart namnet slik at ein frå denne staden såg nedpå Bolsøysundet, sundet mellom Bolsøya og Dvergsneset. Dette er heilt sikkert ein folkeetymologi. Sund er frå gammalt smal passasje mellom åkrar. *Steingardsopet* /-åpe/ er eit op i Steingarden. Krøtera vart jaga gjennom slike op. (I indre delar av Romsdalen som t.d. Eikesdalen, seier dei opinj og ope. Utmed kysten seier dei åpinj og åpe.) *Rusketeigen* er ein teig. Førsteleddet er rusk 'ruskemark med småskog og kjerrar'. Nede ved sjøen her er *Rusketeigkråna*. Sisteleddet er krå.

Ivrikaberget er eit berg ved sjøen. Asbjørn Lillevik fortel at først på 1900-talet var det søstreng Ingeborg og Marja som dreiv Nørde Neset eller *Ivrikastykket* som det vart sagt til dagleg. Ingeborg

døydde i 1939. Dei hadde òg ei søster Karen som var gift på Molde og hadde etternamnet Hansen. Bestefar og far til Asbjørn fortalde om forliset som korkkje er nemnd i Bolsøyboka eller trebandsverket «Folk ved havet» av Bjarne Rabben. Mannen til Ivrika og far til dei nemnde søstrene, Anders Pedersen Lønset (f. 1832), kollsegla på sørsida av Fårøyna nesten utmed Kollholman. Anders drukna. Sonen Jakob (f. 1864) som var med, kom seg i land. Men dette var midtvinters, og han vart funnen ihelfrosen under eit tre i ein av seterteigane. «Far synte meg staden der han vart funnen,» fortel Lillevik. Treet står ikkje lenger. Nørde Neset har utmarksteig inst i Islandsvågen. Der har no Hans Andersen hytte. Han er oldebarnet til Karen Hansen. Ivrika som vart enkje etter forliset, hadde bruket etter dette. Såleis fekk ho namnet sitt knytt til bruket og berget ved sjøen.

Tronbukta har namn etter ein som heitte Tron. På *Nothusberget* har det stått nothus.

På *Tingneset* /Tengnæse/ må det ha vore ein samlingsstad i gammal tid. Ein ser godt ei gravrøys på Tingneset. Det ser ut til å vere fleire. *Tingnesbukta* er bukta ved Tingneset. Ei mindre bukt er *Attaste Bukta*. *Bergeneset* er òg eit namn her på neset. Ein kan vel rekne med at dette har vore ein stad der dei tok avgjerder for området, kanskje same området som seinare vart Fanne åtting. Jørn Sandnes seier i KLN M i artikkelen «Tingsted» at «lokale ting el. stevner regelmessig har vært holdt på el. nær ved kirkested/prestegard i bygdene. Og svært ofte føres en gjennom navn o. a. videre bakover til kultsteder el. samlingsplasser frå førkristen tid». Dette må ein seie høver godt for Tingneset her på denne øya. Det vart i 1922 gjort funn frå tre graver her. Gravene skal vere frå 800 og 900-talet (vikingtida). Dette er flate graver med steinheller over.

Så er det slik at Arne Lillevik fortalde til sonen Asbjørn, at litt nordaust for låven i Tingneset (om lag der riksvegen går i dag) stod det sju steinar i ein sirkel. Dei nådde om lag 2 m over bakken. Då det vart bygd ny løe på bruket her i 1930-31, vart steinane kløyvde sund og plasserte i lømuren. Der ligg tingsteinane den dag i dag. Slikt kunne ein dessverre gjere den tida.

Kjerkjestøin er støer som kyrkjefolket brukte. Presten Nils Brekke skriv i RSÅ 1989, s. 195: «Kjerkjevegen for folk frå Vågane og Røvik gjekk som regel over *Bolsøyneset*.»

I våre dagar er det somme som seier /Bolsønæse/. Den gamle uttalen er /Bøsjønæse/. *Reinå* er ei reine 'nedste kanten av ein åker'. *Knubban* er framstikkande bergskoltar. På *Hauga* /Haua/ blir brukt ein liten haug. (Namnet er helst brukt i dativform.)

Nygjerdet er eit bruk. Det var då Ola S. Bolsønes dreiv med rydding av dette bruket i 1847, at han fann tre store ringar av sølv. Dei veg 944 gram. Det var ikkje langt frå husa dei vart funne. Ringane er laga i Skandinavia og nedgravne seint i vikingtida eller i tidleg kristen mellomalder. Truleg døydde eigaren frå ringane sine. Mykje tyder på at det har vore eit høvdingsete her på austenden av øya.

Uti Bakkå er òg ei dativform. *Holen* er holer.

Nedpå Spona har det vore vanleg å seie. Dette er eit område nedi fjøra. Nils K. Aarset frå Årset innmed Langfjorden, kjøpte grunn her og starta med båtbygging. Han dreiv her til 1905. Då flytta han over til fastlandet og kjøpte grunn på Fuglsetneset. Men verftet (vervet) vart heitande Bolsønes verft. No er verftet nedlagt her på Fuglset òg. Men mange kallar no området her for *Bolsøneset*, eller *Bolsønesområdet*. (Frå gammalt var det altså Fuglsetneset.) Ordet spon kjem av sponen etter båtbygginga. Det vart mykje spon når dei bygde store treskuter. Ordet vart i gno. skrive spánn eller spónn.

Bolsneset /Bøsjnæse/ er bruk. Det ser ut som første delen av namnet er bolungr som i Bolsøya. Dette ser ut til å vere ei eldre form enn Bolsøyneset. Austenden ser i gammal tid ut til å ha heitt /Bøsjnæset/. *Bolsnesvegen* er vegen til Bolsneset. *Bolsnesgrynnå* er i fjorden ikkje så langt frå land.

Kanskje dei tok myr for å blande atti naturgjødsel der det heiter *Myrholå*. *Toreholå* må vere minne om ein av gardbrukarane, Tore. *Tuftin* /Tøftin/ må vere tufter etter gammal busetjing. *Flatin* /Flatinj/ er flater. Namnet er bunden form fleirtal av ei flat. *Gjerdet* er nedmed sjøen. Her er òg *Gjerdledet* /Jerle'el/. *Storsteinen* er ein stein i fjøra.

Skogly og *Bergly* er nyvorne namn på bustadhus. Vegen som går til Bergly, har fått namnet *Berglyvegen*. Dette sisteleddet treffer ein på i mangt eit nyvorne bustad- og hyttenamn. Meininga er vel at ein er i ly (livd) på desse stadene.

Lenger vest er *Steinbruddet*. Det var i 1901 Erik E. Bolsø starta *Bolsøen stenbrud*. Det var mest gatestein som vart produsert. Men mange bygg i Ålesund og Molde er bygd av stein herifrå. Stortida var etter Ålesundsbrannen i 1904. På det meste var det 60 arbeidarar. Namna *Knusaren* og *Steinrøysa* fortel om steinuttaket. Ein ny veg i bustadfeltet i Dragrøra har fått namnet *Steinhoggarvegen*. Vegnamnet er minne om steinindustrien her.

Ovanfor Steinbruddet er *Geilen* og *Kårattlegå*. Ikkje langt unna er òg *Bødammen*. Vatnet her vart brukt til drivkraft på bruket *Sandvikbøen*. Ved sjøen var *Bønausta*.

Om lag 300 m nordaust for Tingneset er skjeret

Rognå /Rångnå/. Sundet mellom neset og skjeret er *Rognesundet /Rångnesønne/*. Same namnet har ein på Nesjestranda. Namnet kjem truleg av raun n. 'steingrunn, ur, røys'. Somme stader med slike namn er det visst kuppulsteinar. Her har ordet vorte hokjønnsord.

Bnr. 5 *Orvika* har helst treslaget som i ordlistene heiter or, men som ein i Romsdalen kallar ore. Her kan ein nemne namn som *Sjøvegen*, *Orvikkaia* og *Orvikvenna*. Kverna var heilt i orden då Bolsøy-boka vart skriven. *Orvikledet /Orvikle'e/* var eit led i bytet. Ei rør, altså ein kant, heiter *Orvikrøra*. *Orvikkrysset* er vegskifte der vegen tek av til Orvika. *Skogheim* er bustadhus. *Toreneset* er eit nes vest for Orvika.

Her i området er *Gilderberga*. No for tida er visst ikkje folk så sikre på kva namnet fortel om. Det blir visst nærast sagt */Jyllerbærja/*. Men her kan ha vore laksegildre. Dette er eit anna ord for laksevorpe. Dei sat på stillas og venta på at laksen skulle gå inn i nota. Så måtte dei stengje nota (innrennet). I eit grensedokument frå 1784 står det at bytet går «fra bemeldte byttetræ paa Gierhuen til Gilderberg kaldet». Ein kan nemne at ein vest for Vistdalen har Gildernesbukta, ved Nørd-Heggdal på Otrøya er Gilderberga. På Droga ikkje langt frå Bud finn ein Gilderhammaren. (Ein kan lese meir om fiskemetoden i artikkelen «Laksevorper i Møre og Romsdal» i RSÅ 2008.) Ein stein i fjøra her heiter *Kvitsteinen*. Ein kan undrast på om namnet har noko med fiskeinnretninga å gjere. Dei pla kalke berg og steinar for å narre laksen mot land. Han trudde det var ein foss. Folk på øya som kjenner staden godt, forklarar namnet med at det på fine sommarkveldar blir *gyldring eller gyller* 'småkrusing på sjøflata'. Dette er godt synleg når kveldssola skaper motlys her ved berga. Både i gno. og ordboka til Ivar Aasen har ein *gylla*. Aasen seier det m.a. kan vere å «bestraale, oplyse, om Solen; ogsaa *v. n. straale, skinne med enrøddig Glands». *v. n. verbum neutrum (uden Objekt).

Hestesvingen /Hæstesvennjinj/ er ein sving på vegen. Her var på den gamle vegen ein bratt bakke. Han var for hard for hestane. Vegen vart lagd i ein sving slik at det ikkje skulle bli så hardt for dei.

Øytun er det offisielle namnet på *Ungdomshuset*. På vestsida er det ei høgd som heiter *Mønen /Møninj/*. Ho har vorte samanlikna med ein møne. Møne er ein takrygg og er i talemålet hankjønnsord likeins som gno. mønir. Ordet har samanheng med man (på hest). (I ordlistene både i bokmål og nynorsk finn ein det berre som inkjekjønnsord. Aasen nemner at det i talemålet i Hallingdalen og Valdres og somme andre stader er hankjønn.)

Eit dike (blauthol) heiter *Sandgrodiket /Sanngrodikje/*. Namnet har truleg sandgrov som førsteledd. *Myra* er også her i nærleiken. *Pokersteinen* er ein stein ved vegen. Her har det vore spela poker som er kortspel. Ein stein ikkje langt unna er *Kjærlighetsteinen*. Her må det ha vore møtestad for unge par. Ein bakke på vegen har fått namnet *Storledbakken* etter eit led som dei kalla *Storledet*. Eit anna led heiter *Brøtledet*. Ei slett som heiter *Toresletta*, har fått namn etter Tore Andersen Bolsø, opplyste Geir Bolsø.

No er det eit bustadfelt som heiter *Trollholå*. Rett ovanfor bustadfeltet er det ein stad som heiter *Trollholå*. Dette er ei stor steinhelle med ei hole under. «Som barn leika me oss der,» seier Asbjørn Lillevik. Namnet har altså kome av at dei ein gong meinte trollpakk hadde bustad under hella. Å bruke det namnet staden har frå før, er ein god måte å leggje namn på eit bustadfelt.

Storrennå /Storrennjå/ er vassrenne som går frå ei vasskjelde til ei oppkomme i *Vågaholå*. Vatnet vart brukt både til drikkevatt og kledevask. Ein har namnet *Dammen*.

Ei fin vik heiter *Sandvika*. På sørsida er *Sandvikneset* med *Sandvikkaia* litt lenger aust. I Sandvika har ein namnet *Badestranda*. Lenger vest er *Litlesandvika*. Eit berg heiter *Sandruberget /Sannrubærje/*. I eit grensedokument frå 1700-talet er namnet skrivi *Sandrugberg*. Ivar Aasen fører opp sandrug ved sida av strandrug. (Målsamlingar s. 124 i «Namnesamlingar av Ivar Aasen A9», Bergen 2006.)

Ein stein ved land heiter *Majoren*. Det blir fortalt at ein major som budde lenger aust på stranda, på sørsida av øya, ein gong i snøstorm segla seg oppå denne steinen. Truleg var dette på 1700-talet. Som ein veit er major ein offiser mellom kaptein og oberstløytnant. Ordet har kome over tysk frå latin maior 'større'. Det er komparativ av magnus 'stor'. *Sandvikbøen* var husmannsplass. I 1865 er det ei enkje her. Mannen hadde kome frå Nesje på Nesjestranda. Seinare vart det bruk. Eit led i bytet heiter *Sandvikledet*.

Ein plass heiter *Bergplassen*. Det var Ola Bergja, truleg frå Dvergsneset, som bygsla og rydda plassen. Kring 1886 flytta han til ei dotter på Øverland. No er dette bnr. 6.

Bøplassen var ein plass som Peder Larsen, son av ein husmann på Turhus, rydda. Han hadde vore ei tid på Molde, men flytta attende til Bolsøya i 1887. Plassen gjekk attende til garden, men vart i 1929 selt som eige bruk med namnet Bakketun (bnr. 30). *Bøhammaren* er ein hammar nede ved sjøen nedanfor Sandvikbøen. *Gammelvegen* er eit veg-stykke aust for Sandvika. Vegen vart gjort beinare her.

Namna *Johjellmyra* og *Johjellrøra* er relasjonsnamn til tjørhjellen til ein som heitte Jo. Mellom stadnamna som skuleelevane samla inn i 1930-åra, har ein namnet på ei gammal byttolle som dei kalla *Johjellfåra*. (Ein har uttalen fåre for treslaget som i skrift også på desse kantar blir skrivi furu, som er ei austnorsk form.) I den sørlege delen av kommunen er uttalen føre.

Bnr. 12 er *Vardholmbukta* /Varhålbokta/ har namn etter Vardholmen. I NG s. 279 ser det ut som ein her på øya sa hølme den gongen. No seier ein hålm. Det kan vere at dei heller ikkje for hundre år sia sa hølme. No må ein sør for Romsdalsfjorden for å finne ein slik uttale. Kanskje informanten til NG var frå sørsida av Romsdalsfjorden. I våre dagar er uttalen med forma hølme på retur. Det er altså bukta som har gjeve namn til bruket.

Det må der det heiter *Vardholmen* /Varhålmén/, ha stått ein varde som viste seglingsleia for skutene i gammal tid. «Namn som Vardnes, Vardholmen o. l. samansett med varði m., peika ut leia i skjergarden,» skriv Per Hovda i KLNMB. 5 (s. 76). I dag er ikkje dette nokon holme, men eit nes. Men når det er stor flod, er det ein holme Namnet er nok frå ei tid då sjøen gjekk såpass høgt at dette var holme både på flod og fjøre. På Vardholmen ligg ein gravhaug som ser ut til å vere opna. Vardholmen var òg rettarstad. Den siste som vart halshogd og fekk hovudet sitt på stake her, var Anne Ekkerhagen frå Fannstranda. Avrettinga fann stad siste januardagen i året 1777. Anne var då 36 år. Ho hadde saman med foreldra kome frå Oppland til Strande som eittåring. Før ho vart gift med den velstående husmannen Peder Ekkerhagen, hadde ho vore gift med enkjemann og gardbrukar Endre Skjeviken. Anne hadde fått tak i rottegift hos hospitalkirurg Lange på Molde for som ho sa, å ta knekken på uty i huset. Ho blanda gifta med ingefær og peppar i brennevin og gav til den om lag 70 år gamle mannen sin. Han hadde vore frisk, berre med noko dårleg syn. Men no vart han styggeleg sjuk og sa til andre at kona ville tyne han. Litt seinare, 7. november, døydde han. Dette var i året 1775. (To år tidlegare ser ein at den drepne kjøper ei skjepp av det innførte kornet etter dei stygge naudsåra frå 1770-73.) Det gjekk såpass lang tid før avrettinga fann stad fordi Anne venta barn på den tid ho tok livet av den tilårskomne ektemannen. I brev til lensmannen i Fanne åtting er namnet på rettarstaden skrivi *Varholmen*. Bøddelen kleip Anne med ei glodheit tong fleire gonger på vegen til rettarstaden. Folk minst i lang tid kor ilt ho skreik for kvar gong han kleip. Frå alle kantar stemnde færingar med folk mot Vardholmen denne gråe vinterdagen. Dei ville få med seg denne

uhyggelege storhendinga. Kanskje somme også vona å få med seg ein blodskvett. Slikt skulle vere botemiddel mot m. a. nedfallsott. Høgre handa vart hogd av medan ho var levande. Så fall hovudet som vart bolta fast på ein diger stakk. På stakken under hovudet vart handa festa. Stakken vart reist opp. Kroppen vart lagd på stegl. Stegl (gno. stagl) var ei kvass stong under det hjulet den avretta vart lagd på. Dette var altså den siste halshogginga i området som no omfattar Molde kommune.

Ei rør heiter *Vardholmrøra*. *Buktaledet* /Boktale'e/ var eit led i bytet. Vest for Vardholmen er dei tre holmane *Turhusholman*. *Hansneset* er ikkje noko gammalt namn. Bakgrunnen er at Hans Lilleskotte bygde hytte her om lag 1950. Tidlegare høyrde visst dette med til Vardholman. Så har ein *Holmesundet*. Ein har *Ytste Skjæret*. Eit anna namn på det er *Buktaskjæret*. Det ligg rett nord for *Inste Vardholmbukta*. Ein har både *Inste* og *Ytste Vardholmbukta*. *Inste Skjæret* blir òg kalla *Orvikskjæret* etter Orvika. *Engsetflua* er ei flu. Ho har namn etter dei som budde oppi land her. Eit eldre namn som framleis blir brukt, er *Beate*. Flua har fått namn etter ei som heitte Beate og som budde ikkje så langt unna. Det er lett gjort å renne seg på denne flua.

Holmen er i dag eit nes. Bytet mellom bnr. 8 og 12 går på vestsida Holmen. Holmen ligg på bnr. 8. Det var Aslak Lillevik som bygsla bort Holmen til Viktor Federley. Federley som var frå Karelen i grensestrøket mellom Finland og Russland, bygde seg hytte her. Landområdet Karelen var godt kjent pga mykje strid om heimstaden til karelane. På folkemunne vart så staden kalla *Det karelske neset*. Federley (1887-1967) hadde kome som arbeidar på Steinbruddet. No er Holmen selt til son til Viktor, Malvin Federley. (Dette fortel Asbjørn Lillevik.)

Draget

Gnr. 18 *Draget* er nemnt i skrift i 1669 som «Draget under Bolsø». Dette viser at garden er utgått frå Bolsøy (Bolsø). Det var nok sund her til seinmellomalderen. Ein fekk namnet Draget då landhevinga kom så høgt at det vart tørt land her. Før 1868 åtte familien Møller på Moldegård Draget. Truleg var det den gode sildvågen, *Dragvågen*, som gjorde at den store jordeigaren heldt så lenge på denne garden. Få vågar var lettare å stengje. Møller dreiv som før er nemnt med sildefiske. Dei tala om Møllernota. Møller sette opp det vestre nothuset i *Nothusbukta* på nordsida av vågen. Det står framleis.



Draget med Dragvågen i framgrunnen. (Foto Johan Iversen Lillebostad/Romsdalsmuseets fotoarkiv 13111)

Anton Husby skreiv i «Jul i Romsdal» i 1951, s. 27: «På Bolsøya er det eit smalt eid, Draget, dei kallar, og her drog folk frå Nesjestranda og Røvika båtane sine over når dei skulle til og frå Molde. Folk som budde på Draget spurde statsråd Astrup om han ville hjelpe dei til statsstøtte for å grave ein kanal gjennom Drageidet. Men statsråden sa beint nei til dette. 'Etter det jeg har sett ute i verden vil vi snart få dampskipe til å besørge trafikken, og da blir det slutt med å ro til byen,' var svaret. Dampbåtane kom, men ennå kan ein sjå dei oppgravne hola frå kanalprosjektet over Drageidet.» (Ein kan nemne at Astrup kom inn i politikken i 1890-åra.)

Det var vanleg mange stader både på Vestlandet og i Nord-Noreg å dra båtar over låge eid i staden for å ro lange omvegar. Stadnamn samansette med *drag* er minne om dette. Andre stader er slike namn minne om at dei drog båtane forbi fossar. (Det gjorde jamvel vikingar i austerveg.) Viss dei som kom frå Langfjordområdet hadde med seg last som dei skulle selje på Molde, fór dei vest for *Tangan*. Det var helst på heimveg, viss dei ikkje hadde med seg for mykje, dei fór om Draget. Fram gjennom tidene til 1820-åra hadde gardbrukaren på Draget halde båtdraget i stand. Han var for dette friteken for pliktarbeid på hovudvegen fram til veglova frå 1824. Etter dette vart det slutt med vedlikehaldet, og lunnane og vørane på kvar side forfall. I 1851 sende veginspektøren søknad til amtmannen om pengar til istandsetjing. Pengar kom, og nye lunnar vart nedlagde. (Bjarne Rekdal i RSA 1975.)

Går ein langt attende i tid, var det nok ikkje tørt land her, men eit fiskerikt sund. Her er gjort sær

mange funn frå eldste delen av steinalderen, for 10 000-9000 år sia, men òg nyare funn frå steinalderen. Når funna er gjorde i ymse høgder o. h., fortel dette at menneske har halde til her over lang tid. (Ein artikkel av Anders Nummedal i tidsskriftet «Viking», 1937, fortel om dette.)

Draghalsen er lågaste partiet på Draget. *Ytste Draget* er bruk. *Inste Draget* er bruk der matrikelnamnet i dag visstnok er *Kveldro*. *Johansdraget* er bruk der matrikelnamnet visstnok er Hals. *Dragamarka* er utmark. *Dragaflua* er eit stykke sør for Draget. Namnet har truleg ei meir moderne form. Ein har komposisjonsvokalen a. Når ein er borti fjorden her, må ein nemne namnet *Seilå*. Per Hovda skriv i «Norske Fiskeméd» på s. 110 at søyle først og fremst er stad i sjøen der det er søylebotn. Han meiner visst at det er blautt og gjørmut. Så har han funne fram til at det nordom Stad er meint fordjupning på botnen. Han viser til Aasen som seier at det kan vere «En Huulning i Bunden af Søen» på Sunnmøre. Frå Sunnmøre nemner også Hans Strøm på 1700-talet at ein på havbotnen i staden for «Ophøielser faar adskillig større eller mindre Dyb (kaldte Huller, Søyler og Veiter». Arnfred Slyngstad (1897-1967) seier i boka «Skjergardsnamn på Sunnmøre» (1951): «Søyle er her oppteikna i namn på litt større døkk i havbotn, ein stad der havbotnen ligg djupare enn omkring, motsett grynn (banke).» Her midtfjords sør for Bolsøya er *Seilå* eit djupare område som går aust-vest. Det er ein bradd på eine sida. Her er storsei å få. Når ein har Tollåshaugen over Røvikjerkjå, er ein komen på médet.

Ein hadde *Inste* og *Ytste Nothuset*. *Dragvågen* var ein god sildvåg som var lett å stengje. Her var notlag. Ein har namn som *Nothusbukta*, *Nothusberget* og *Nothusmarka*.

På nordsida av innlaupet av *Dragvågen* er det eit nes som heiter *Skomakarneset*. Asbjørn Lillevik har fått denne forklaringa på neset: I tidlegare tider med aktivt notlag i *Dragvågen* låg nota ofte klar til å dragast over vågen når silda kom langt nok innpå *Vågen*. Då sat det ofte einkvan på neset og såg om silda kom inn. For å nytte tida, og ikkje vere gjerandslaus, sat han ofte og lappa sko. Slik skal ein ha fått namnet.

Storsteinen er ein stein i fjøra. *Moldberget* /*Målljbærje*/ er ei høgd som er bratt på nordsida. Somme meiner at førsteleddet er Molde, og at bakgrunnen er at ein kan sjå til Molde. Ein ser dit frå berget. Andre meiner førsteleddet er kvinnenamnet Malla. Ei med dette namnet skal ha budd i området her. *Morteberget* er berg ved fjøra. Mort heldt seg vel ved berget. Mort er den minste småseien. *Pinhammaren* er ein skrånande hammar langs fjøra. Det er så bratt at det er vanskeleg å ta seg fram langs fjøra her. *Kråna* er ei lita bukt. Dette er den gamle uttalen. No seier visst somme Kråa. Mest vanleg er det å bruke krå om hjørne inne i eit hus. *Støa* er sjølvsagt ei stø.

Ein har *Høgghaugan* vest for *Draget*. Det er høgt her samanlikna med andre stader i nærleiken. Dei reknar med at for 5-600 år sia var det sund der det seinare vart drag for båtar. Som sisteleddet fortel, må namnet *Fårøyna* ha vorte til medan dette var ei langstrakt øy vest for dette litle sundet. Som før nemnt under omtalen av det gamle fjordnamnet *Furefjorden*, kan *Fårøyna* vere relasjonsnamn til namnet på fjorden. Men ein har nok sett det slik at dette var øya der treslaget *fure* (*fulu*) voks. Noko som viser dette, er at i ein grensegang mellom *Draget* og *Bolsøy* i 1784 er det tale om «fæledet paa 'fulu'øen». (Fæledet var gjerne eit led på ein tverrgard over øya.) På nordsida er *Fårøyura*. På sørsida er det eit nes som heiter *Svartneset*. Lenger aust her på sørsida har ein *Kollholman*. Førsteleddet er hankjønnsordet *koll* som er ein haug. Namnet er på kart framleis feilskriva *Kolholman*. Uttalen viser at det ikkje kan ha noko med *kol* å gjere. Her har ein òg namna *Kollholmeset* og *Ytste* og *Nørde Kollholmbukta*. Ei lita bukt innanfor *Midtkollholmen* blir kalla *Midtkollholmbukta*. Bruka på gnr. 17 har fleire teigar kvar utover halvøya. Grunnen er at dei skulle få lik fordeling av skog. Lengst vest er det mest berg.

Vestenden av øya blir kalla *Fårøytangen*. Sisteleddet er hankjønnsordet *tange* (gno. *tangi*)

'låg, smal odde'. Somme bruker namnet med fleirtalsform. Ein av holmane ved *Fårøytangen* heiter *Risholmen*. *Ris* er altså eit ord for krattskog (gno. *hrís*). Alle holmane nemner ein som *Tangan*.

Ved vegen utover her er det ein sving som heiter *Golfjakkessvingen*. Hit vart det for ein god del år sia køyrt noko rusk og rask. I rusket var det ein golfjakke. Denne la folk merke til når dei fór forbi. Slik fekk ein namnet, opplyste Geir Bolsø.

Skarvhammaren har namn etter symjefuglen skarv, gno. skarfr. Det er visst etter skriket denne fuglen har fått namn. Dette namnet finn ein både på nordsida og sørsida av *Fårøyna*.

Teisthammaren er litt lenger aust. Fuglen teist(e) kan ein til liks med ein del meir vanlege fuglar treffe på i stadnamn i sjøområde. Ein kan nemne at ein på *Meløya* i *Sunnalsfjorden* har *Teistura*. Fuglen hadde same namnet i gno. Han er av alkefamilien. Sommardrakta er svart med kvitt felt på vengene. Fuglen har reiret sitt i steinurer og bergskorter. Egga legg dei direkte på underlaget. Denne fuglen er knapt å sjå inst i fjorden. I boka «Stadnamn frå sjøen i Austre-Ryfylke» nemner Per Hovda at dei der kallar teista «Per Supar». Han seier: «Utnemnet har fuglen fått for di han stendig duppar nebbet ned mot vassloket når han ligg på sjøen. Det er straffedomen yver fuglen, segjer dei – eg har aldri høyrte kvifor – at han aldri skal kunna drikka seg utyrst.» Grunnen er gjerne at han av maten blir «kjerkinj i kjefta».

Ei lita austvend vik på sørsida av *Fårøyna* er *Selvika* /*Selvikja*/ (utan tjukk l). Det litle neset her er *Selvikneset*. I eit grensedokument frå 1784 finn ein m. a. at byttet går frå «den søndre Gjerdesgaard til neste byttetræ Sæl(vig)hue kaldet i et fyre træ merket med kors. Fra samme byttetræ i sør til Islandsvaagen». Det er for han som skriv dette noko uklårt om byttolla vart kalla *Selhauet*, og at *trekrona* har likna på hovudet på ein sel. Mange stader i kommunen har ein namn som t. d. *Kobbsteinen*. Det vanlege ordet for dyret har i seinare hundreår vore *kobb*. Det kan vere slik at ein lenger atti tida tala om sel (gno. *selr*). I *Aslak Bolts jordebok* (om lag 1430) står det at det ligg selveide til garden *Bolsøy*. Det kan vere at *Selvika* er ein av dei gamle veidestadene til garden. Ein har opplysningar om at selen både vart fanga i garn og feller, eller jaga på land og slegen i hel med klubber og økser. Vanleg var det at dei skaut sel med boge med piler som hadde mothakar. Ein kan minnst det utgamle hermestevet: «De e mongt ilt so hende på sjynå, sa selen, han vart skotinj i auå.» På 1500-talet kom børsene, men den stygge smellen skræmde dyra frå land. Skinnet av selen var ei god handelsvare. Det

kunne brukast til så mangt. Dei gjorde seg nok nytte av kjøtet òg. Dei fekk tran av dyret til ljøs. Spekk av selungar vart «aget lige med Smør her i Landet i fordums Dage,»skreiv Peder Clausson Friis kring 1600.

Inste og Ytste Selvikteigen er skogteigar.

Bukkeknepet /Bokkeknepet/ er ein trong passasje. Namnet er nok frå tida med geitehald.

Knudretollå er ei særmerkt tolle med knudrar på treleggen. Ho står på sørsida heilt inntil traktorvegen som går utover halvøya. Ho får nok stå i fred. (Det skal vere ein sjukdom som gjer treleggen ujamn eller «knultråt» med eit anna målføreord.)

Storbjerka /Storbjærkja/ er ei stor bjørk. Dette skal vere den første bjørka på Bolsøya som får lauv kvar vår. Dette er i det området der det heiter *Setran*. Her hadde gnr. 17 seter. Dei har sett tufter og båtstøer ved sjøen her. Det skal vere så lenge sia som i mellomalderen dei setra her. Nokor seter er ikkje nemnd i 1723. Ein har relasjonsnamn som *Setermyra*, *Setergjerdeigen*, *Seterholmen* og *Seterneset*. Eit anna namn på dette neset er *Holmen*. Noko lenger vest er *Seterholmen*. Dette kan vere stader der dei la til lands når dei fór att og fram frå setra. Når ein har grunnordet holmen, kan det tyde på at namna er så gamle at sjøen stod noko høgare slik at det iallfall på flod sjø var holmar her.

Ei ur på nordsida av Fårøyna heiter *Bondsteinura /Bonnsteinura/*. I skulebarninnsamlinga av stadnamn frå 1930-åra står Bonnstein. (Det er nok meint bunden form.) Det var ein stein som heitte Bondsteinen. Ei myr sør for ura heiter *Bondsteinmyra*. Det var eit tømmerløype her. Det er uklårt kva namna fortel om, men dei er truleg gamle. Ein kunne tru at ein har ordet bonde som førsteledd, men det vanskeleg å forstå kvifor. (På Veøya har ein Bondvika, og der er det forståeleg at dei har lagt åt med båtane sine.) I seinare tider har ikkje bonde vore noko retteleg målføreord. Dei som dreiv med jordbruk, har vore kalla gardbrukarar. Bondøya er øynamn både i Vikna i Namdalen og nokre stader i Nord-Noreg. Ola Stemshaug skriv i Norsk stadnamnleksikon at Bondøya i Vikna kan ha med buna eller bonna å gjere. Det er å arbeide hardt, buldre, larme. Namnet kan ha kome av at øya ligg verhardt til for vind frå vest. Her på Bolsøya kan nok òg vind frå vest og nordvest ta godt der ein har namnet med dette førsteleddet.

Eit merkeleg namn på eit tre er *Lærarinnå /Lerarinnejå/*. Dette er eit tre der toppen har vore avbrotten slik at det har vakse opp att to toppar. Det er som ho står der og skrevar. I NO kan ein forstå det slik at lærarinne skjemtande er brukt om tre med slike to toppar. Det er gjerne tale om graner.

Dei har opplysningar om dette frå Nord-Trøndelag, Sør-Trøndelag og Tingvoll på Nordmøre. Som ein forstår av namnet her på Bolsøya, har ein hatt same førestellinga også i Romsdalen. Så kan ein undrast på kva slags lærdom det her er eit hint om.

Storvikneset er på vestsida av det som på somme kart er skrive *Storvika*. No blir det berre sagt *Storvikbukta*. Dette er altså pleonasme (samanstilling av ord med om lag same tyding). Ein finn parallellar til dette andre stader i kommunen der det gamle ordet vik har fått hengt på seg bukt (lågtyisk bucht).

Noko lenger vest har ein det ikkje uvanlege namnet *Kvalen*. Om lag 300 m vest for Kvalen er det ein liten snage som heiter *Niså*. Dette er òg ei samanlikning med eit dyr som iallfall var velkjent i fjorden, altså nisa (gno. hnísa).

Oksegrova kjem ned mellom Niså og Kvalen. Anten må eitkvart gale ha hendt med ein okse her, eller så pla oksar gå her. Det var naturleg at dei heldt seg her det var ferskvatn. Her er òg eit tømmerløype som heiter *Oksegrovløypet*.

Islandsvågen er eit velkjent namn. Det ser ut som eit relasjonsnamn, men noko namn Island eller Islandet er ikkje i bruk om nokon stad her i dag. Folk som var fødde på 1800-talet, visste heller ikkje noko om bakgrunnen for namnet. Truleg må det ha noko med vesterhavsøya Island å gjere. Namnet er nemnt i grensedokument frå 1784. No er det slik at ein på søraustenden av Otrøya har namnet Grønlandsneset eller Grønlandet. Ole I. Solholm skreiv i brev 6. august 1987 omkring retting av feil ved stadnamn på kart: «For å ta til frå sør: Grønlandsneset hadde eg retta til Grønlandet, slik me brukte det, men på Jenset sa dei Grønlandsneset, seier eigaren. Derfor retta eg det tilbake.» Det kan vere ein samanheng mellom namnelagingane ved Bolsøya og lengst søraust på Otrøya. Stadene ligg ikkje lenger frå kvarandre enn at folk som ferdast på sjøen var godt kjende på begge stadene. Eit anna tolkingsalternativ er å sjå det som ei omlaging av eit namn Ytstland. I Trøndelag har ein døme på at Ytstland har vorte til Island. Island er gardsnamn der førsteleddet er ytst både i Hegra og Frosta. Kan det vere slik at ein stad som ligg ytst på Bolsøya ein gong har vore kalla Ytstland eller Ytstlandet? Uttale av y som i var det meir av før i tida. Det kan vel vere at det kunne bli is innpå vågen i kalde vintrar. Han er skjerma for søraustvinden, og då kunne det nok krape innpå vågen her.

Steinbukta er ei lita bukt aust for Islandsvågen. Mellom Seterøyna og Fårøyna skjer *Midtfjorden* seg austover mot Bolsøya /Bøsjøyna/. Her ligg *Midtfjordskjæret* og *Midtflua*.

Ljåmédet /Jåme'e/ er på nordsida av Fårøyna. Sisteledet viser at det er eit fiskeméd. Det kan sjå ut som førsteledet er ljå. Kan hende ein formasjon oppi land har likna på ein ljå, med eller utan orv.

Det er lett å forstå at namnet *Måsholmen* fortel om den velkjende fuglen måse. Ein mindre holme på austsida heiter *Litle Måsholmen*. Dette namnet er det skuleelevane har skrive opp på 1930-talet. Andre bruker namnet *Tennholmen* /Tennjhålmen/. Dette namnet er det dei no bruker på Bostad. Dei fleste legg merke til når denne fuglen om somrane står flaksande i ro i lufta, og så stuper ned mot vassyta og snappar den småfisker han treng for å leve. Når det her i landet er vinter, held «tennjå» til heilt ned mot Sørpolen. Det er slik at ho har reir i koloniar når ho er her i nord, ofte på holmar. Ein kan ta med at på kartet frå først på 1870-talet er *Måsholmen* kalla *Dragvikholmen*. Sør for holmen står *Dragvika*. Dette blir vest for *Dragvågen*.

Mekvika ligg i midten. Namnet er gammalt og må først ha vore *Midvík*. Så vart uttalen dregen saman. Det vart etter kvart uforståeleg. Så fekk ein lagt til det forklarande tillegget vik slik at ein fekk *Mekvika*. Ein kan leggje merke til at slik gjekk det ikkje med gardsnamnet *Mek* vest for Molde. Ein kan ta med at *Mekvika* er gardsnamn i Eide kommune. Relasjonsnamn til *Mekvika* her på *Bolsøya* er *Mekvikstien* og *Mekvikmyra*.

Litlebostad

På s. 279 i NG blir det opplyst at uttalen er /li'hlebóssta/. Men Geir Bolsø seier at ein i våre dagar seier *Bostad* /Bossta/ til vanleg. Mykje tyder på at namnet *Litlebostad* er ei jamføring med den endå større garden, gnr. 17, som har same namnet som øya. Det kan vere at dette i gammal tid var *Miklibólstaðr*, den store garden (bustaden).

Garden hadde truleg inga øydetid i seinmellomalderen. Om folket døydde ut på slike sentrale gardar, kom det snart nye folk som på ein eller annan måte hadde rett til å slå seg ned der. I 1520 betaler Jon paa Lillebostadh 2 lodd sølv.

Ein har bruka *Haugen*, *Gjerdet* og *Geilen*. Det siste ser ein først var geile. Nyare bustader har namn som *Heimdal*, *Heimkvil*, *Nyheim*, *Soltun* og *Høgtun*. *Nystuå* er bruk. Tidlegare sa dei nok berre *Nystuå*. Der det heiter *Pilskarret* vart det planta pil. Trevyrket skulle brukast i heimeindustri.

Hulderhaugen som var bustaden til huldra, er ikkje langt frå der vanlege folk budde. Det var ikkje berre på setrene den tøvta treivst.

Elles kan ein nemne *Haugteigen*, *Haugabakken* og *Haugamyrhola*. Der det heiter *Kjerringledet* har det vore led. Så har ein relasjonsnamna *Kjerringledhola*, *Kjerringledholra*.

Det er vanskeleg å avgjere om ein har fuglen eller voksteren som første leddet i haugen som dei kallar *Måsehaugen*. I denne delen av Romsdalen er uttalen av desse orda lik.

Inst i *Dragvågen* heiter det *Leirå*. Her er det tørt når det er fjøre. Heilt inst heiter det *Vågahola*. Ein liten poll som går endå lenger austover, vart kalla *Leirpollen*. Ein poll er på desse kantar ei lita vik med trongt innlaup. Ordet er lite brukt i stadnamn her i kommunen. *Leirpollen* låg på gardsvaldet til bnr. 8 på *Bolsøy-garden*. Det hadde seg slik at Einar *Bolsø* under 2. verdskrigen var evakuert frå Molde til øya der han var fødd og oppvaksen. Han visste at dei i byen trong isolasjon til husa som byen hadde fått frå Sverige. Så fekk han til avtale med eigaren om uttak av leir frå *Leirpollen*. Saman med Arne *Lillevik*, Johan *Lillebostad*, Teodor *Lillebostad* og Anton *Bolsønes* starta dei ei lita bedrift i samarbeid med Molde kommune. Det vart bygd leirtørke nær *Leirpollen* og lager lenger vest i *Dragvågen*. Tørka vart fyrt med spikrøter. Ho måtte gå dag og natt. Etter kvart vart det ei hule her, og då fekk ein namnet *Leirhola*. Mange golv i *Svenskebyen* fekk isolasjon av leir herifrå.

Vågamyra er myra aust for *Dragvågen*.

Vegen til *Geilen* kallar ein *Geilavegen*. Vatnet frå *Geiladammen* vart brukt til drivkraft på bruket.

Ein liten dal heiter *Bjønnadalen*. Ein veit at det var «bjønnajag» på *Bolsøya* i 1910 eller 1911.

Ein har namn som *Skytebanen*, *Lysløypå* og *Hoppbakken*. I tidbolkar med snøvintrar har øya hatt skihopparar som har delteke i hopprenn kringom i distriktet.

Vågaplassen er omtala i *Bolsøyboka* III 1.band på s. 449. Ein frå *Nesje* rydda og bygde her. Det var truleg føre 1865. Plassen vart kjøpt attåt gnr. 17, bnr. 14 i 1895. I området kring *Vågaplassen* skal ein ha funne minne etter utvinning av myrmalm. *Vågaplassbakken* er ein bakke på veggen. *Iverstykket* og *Karlsenteigen* er teigar lenger nord.

Ein dam heiter *Vannliljedammen* /Vannliljedammen/. Dette er ein dam som har namn etter planta med blad som flyt i vasskorpa. Det same gjer ei kvite blomstrane. (Eit slag har gule blomstrar.) Denne planta kan dekkje mykje av næringsrike tjørner og bukter i større vatn. Frå gammalt har ein her i distriktet kalla desse blomstrane for *gjæser*. Ein seier /jeser/. Dette er då fleirtalsforma av gås. Ein såg at dei flaut like lett som desse fuglane. Ved *Julshamna* utmed *Hustadvika* er det ei tjørn som



Løa på Turhus. Kanestrømgarden.
(Romsdalsmuseets fotoarkiv 28616)

heiter Gåstjønna. Ho skal ha fått namn etter planta. Namnet her på Bolsøya er gjerne ikkje så gammalt, når ein har det moderne ordet vannlilje som er kome inn frå skriftspråket.

Når det gjeld *Bostaddalen*, seier folket på garden *Atti Dala*. Så har ein *Bostadrøra*. *Bostaddammen* er oppdemd område der vatnet vart brukt til sag og kvern. Her skar dei også is i tida før ein fekk kjølelager. Det var ishus her. *Bostadkvenna* var kverna til Bostad (Litlebostad). Kvennhuset er nedrive. *Bostadsaga* var saga til garden. Det var oppgangssag her i gammal tid. *Sagveitå* var veite som førte vatn til sag og kvern. I *Sommarfjøs*en mjølka dei om sommaren.

Bostadsjøen /Bostasjy'n/ er området ved sjøen. Per Hovda skriv i KLNLM under oppslagsordet sjø: «Ei viktig og utbreidd tyding er likevel ikkje ordboksførd. Frå Åna-Sira og nord i landet (det gl. Nordanfjellske No.) har s. også tydinga «båtleding, stø (med naust og nausttuft) til ein gard, i stadnamn jamnast samansett med eigargarden»; Vollasjøen til garden Voll (Rennesøy, Rogaland); Sandnessjøen til garden Sandnes (Alstadhaug, Nordl.)»

Ved Bostadsjøen har ein altså *Nothusbukta*, *Nothusberget* og *Nothusmarka*. Nokø lenger aust heiter det *Lendå* /Lænnål/. Her vart nota ofte dregen i land når dei sette (kasta). Ho vart lenda (teken i land).

Ein haug er *Nausthaugen*. *Steinbakken* og *Finmarka* er innmark. *Myrledet* /Myrle'e/ er led. Dei sa Pe for Peder/Pet(t)er før i tida. Det mannsnamnet har ein i namnet *Pehaugen*.

Aurikkeldalen har plantenamnet som førsteledd. (Les om denne plantenemninga ved namnet i Bjørsetlia ved Molde). *Blåbærhaugen* /Blåberhaun/ er lett å forstå.

Ei attlege heiter *Vomattlegå* /Våmmattlegål/. Truleg har det vore ein åker her som heitte Vomma. Ein finn dette åkernamnet andre stader i kommunen. Her på Bostad blir det fortalt at ein gong fanga ein

kar ein gris der denne attlega er. Han treiv han kring vomma. Dei sa at han «vomma grisen». Men dette er truleg ein folkeetymologi. Truleg er det skapet på åkeren som har likna ei vom (dyrevom). Etter slakting vart vommene lagde ut på marka. Alle visste korleis konturen av ei vom som låg på marka såg ut. Slikt vart òg kalla råslag.

Turhus

Gnr. 20 *Turhus* er eit gardsnamn som er vanskeleg å forstå. Ein seier /*Turus*/. Det ser ut som gardsnamnet *Turhus* i Eresfjorden er same namnet. Det er uvanleg på desse kantar å finne hus som sisteledd i gardsnamn. Det kan vere eit personnamn som førsteledd, men ein kan tvile. I 1610 er namnet skrivi Thorhuss. Bolsøyboka II, s.136, har også med skriftforma Thoerhusz frå 1603. I boka er så namnet tolka som «huset ved bergsnagen eller bergodden». Kan hende forfattaren kjende til at K. Kopperstad i Maal og Minne 1916, s. 94-95, meiner at eit sunnmørsk målføreord *tor* er førsteleddet i namn som Torvik. Dette ordet skal tyde «et klippefuldt, oprevet, ofte høit og brat, undertiden ogsaa stenet strandstykke». Denne garden er ute ved fjorden. Eivind Vågslid ser det slik at namna med *tor* i seg fortel om gode fiskeplassar. Ein kan òg nemne at det er ein gammal språkstomn *toðr*. I Fjell i Hordaland er det eit øynamn *Turøyna*. Magnus Olsen har vore inne på at meininga kan vere fangstøya. Både på garden her ytst på Bolsøya og på garden ved den gode fiskeelva Eira i Eresfjorden kan det ha vore hus for dei som dreiv med fiske. Ein kunne òg tenkje seg at namna kom av tur (dunder). Garden på Bolsøya har den verharde fjorden rett i vest der storbåra kjem rullande. Ved garden ved elva i Eresfjorden er det nok heller aldri stille.

Ein kan ta med at i 1657 har brukaren Ole på *Turhus* 1 hest, 5 kyr, 5 geiter og 6 sauer. Bruket *Ytste Turhus* ligg lengst vest. Ein markert haug er *Turhusaugen*. Ein annan er *Storhaugen*. Der det heiter *Plassen* har det nok vore husmannsplass. I Bolsøyboka er det opplyst at det var ein husmannsplass på *Turhus* i 1865. Her i nærleiken har ein namna *Geilen* og *Hestemarka*. Begge namna fortel om beiteland.

Kårstuå er kårstove. Tidlegare sa dei nok *Kårstauå*.

Sjøvegen er vegen ned til sjøen. *Naustbakken* er ovanfor der *Ferjekaia* var. Herifrå gjekk ferje til Molde frå 1955 og fram til den undersjøiske tunnelen mellom Bolsøya og Leirgrovika vart

opna. Ferja slutta å gå føre jul i 1990. *Turhuskaia* er kaia til garden. Garden har hatt skuter. Området ved sjøen er *Turhussjøen*.

Aust for garden er *Turhusmyra*. *Stormyra* er retteleg stor. Ein har *Kvennhusdammen*. Herifrå gjekk *Kvennhusgrova* som gav vatn til *Turhus-kvenna*. I Bolsøyboka blir det opplyst at kverna ikkje vart så mykje brukt. Det var ofte mangel på vatn.

Ein har namna *Brøtet*, *Sommarfjøs*, *Gjerdet*, *Gjerdhaugen* og *Vinterbrøtledet* /Venterbrøtle'el/. Det siste namnet er noko usikkert. Første delen av namnet kan vere ei forvanskning av vinterbraut, altså ein veg dei køyrde om vinteren når myra var frosen. Lenger vest har ein namna *Myrholå*, *Steinrøysa* og *Geilbakken*. *Brattberga* er bratte berg ned mot sjøen. *Vikaledet* er led på ein stig som heiter *Vikavegen*. Stigen går vest til sjøområdet vest for øya. Her heiter det *Vikan*. Også ein stig lenger sør heiter *Vikvegen*. Frå Bostad går *Vikastien* vestover.

Lengst vest er *Tryvåg*. Her er det ei hytte. Geir Bolsø opplyste at eigaren kring 1990 hadde kjøpt hytta. Han visste ikkje bakgrunnen for namnet. Det gjer visst heller ikkje nokon annan på øya. Sør for hytta er *Storbukta*. Lenger sør er *Leirbukta*. Eit lite nes endå lenger sør er *Bollen* /Bålljinj/. På nordsida er *Bollebukta*. Nord for Måsholmen stikk *Vikneset* ut mot vest. *Kobbeflua* er eit stykke vest for *Vikneset*. Det er slik at på namnelistene til skuleelevane står namnet *Brennvassbukta*. Namnet kan kanskje vere eit minne om den tida dei brende tang og tare til oske som dei selte til glasproduksjon. Det kan òg vere minne om tranbrenning.

Holmane *Grøningan* er såpass høge at graset gjer dei grønne om sommaren. Namnet er ei avleiing på –ing til eigenskapsordet grøn. Dette er ikkje noko uvanleg namn, men alderen kan vere høg.

Like vanleg er ikkje namnet *Mauringan*. Ein kunne tru det var sjøen som maura ved desse holmane. Tydinga er då at han sjeldan er roleg, men arbeider jamt og trutt mot holmane. Øystein Frøysadal (1969) tolkar det slik at førsteleddet i bygdenamnet Mauranger fortel om stein, urer og grjotlende. (Sisteleddet er det sær gamle ordet angr som ein finn som sisteledd i ein del gamle fjordnamn.) Maur skal ha etymologisk samanheng med gno. meyr 'mør' og maurast 'bli sprø'. Namnet Mauringan skulle då fortelje om at her var steinut. I sjøen nord for Ræstad på nordsida Otrøya har ein namnet Maurungan. Desse namna er truleg sær gamle.

Truleg er det grågåsa eller andre gjæser med sine mellomlandingar som har gjeve namn til *Gåsøyna*. Det vestlegaste neset heiter *Gåsøyneset*. På flod sjø kan ein ro med færing gjennom *Gåsøyvalen*.

Dina Kringstad skreiv i 1998 i brev til Bjørn Austigard: «Navnet *Karantenebukta* ble brukt av min far om området lengst øst på Seterøya. Jeg har ikke hørt noen annen bruke det navnet, det er sikkert gamle sjømannstradisjoner fra den gang det seilte skuter ute som ligger til grunn for det. Min far, Knut Isachsen, var født i 1892. Min farfars far, Knut Anton Isachsen, f. 1834, var sjømann i yngre år. Han ble senere dampskipsekspeditor. Min far var mye sammen med sin bestefar og hans «kompanjonger» på fiske og som medhjelper med noten. Han lærte seg da å bruke de samme navnene på holmer, skjær og grunner som de. Far fortalte at når skutene kom fra «varmen», måtte de ligge i karantene i 14 dager for å være sikre på at de ikke førte med seg tropesykdommer, og han nevnte spesielt gul feber og også dysenteri.

Det er lenge siden jeg har vært innover der nå, men jeg kan huske rester av ringer og bolter i berget, og også rester av et skur inne i bukta. Om dette hadde noe med seilskutene å gjøre, eller om det hadde noe med den seterdriften som var på øya i tidligere tider, vet jeg ikke. Det var iallfall ferskvann å finne inne på øya, kanskje det var viktig for de som måtte ligge i karantene?

Navnet Karantenebukta er nok blitt brukt av de som hadde en viss tilknytning til sjøfartsmiljøet, og når tiden for seilskutene var ute, gikk også navnet i glemmeboka.»

Ordet karantene kjem frå fransk quarante (førti) som har det frå italiensk quaranta giorni (førti dagar) og blir brukt om mellombels isolering av (moglege) smitteberarar.

Namnet *Seterøyna*, eller Seterøya som det heiter i bymålet, må ha bakgrunn i setring. Ein veit ikkje at Moldegård, som vart eigar frå om lag 1800 eller noko før, har setra her. Bolsøyboka har opplysningar om at Turhus har setra på Seterøya. Det må vere lenge sia, for i 1723 er det opplyst at Turhus ikkje hadde seter. I 1960 fann jordskiftedommar Peder Vik tufter og båtstøer på øya. På Bolsøya hadde det levd på folkemunne at det hadde vore to setrer der. Det skulle vere nok vatn i ei tjørn. I ei taksasjonsforretning frå 21. april 1852 blir det opplyst at Moldegård hadde hamning for både sauer og hestar på Seterøya. Dei slo noko bortpå her òg.

Einholmen, ei halvøy på sørsida av Seterøya, har treet eine (latin: juniperus) i førsteleddet. *Ytste* og *Nørde Einbukta* finn ein vest og aust for Einholmen.

Namn i fjorden sør for Molde

Dei fleste romsdalingar har høyrt om *Hjertøya*. Det er denne skriftforma ein støyter på i aviser. I Norsk stadnamleksikon får ein vite at førsteleddet



Moldeholman sett frå Varden. Hjertøya t.h. (Foto Widerøe/Romsdalsmuseets fotoarkiv)

i namnet Hjertøya i Nordfold i Nordland truleg er hjarte. Øynamnet er skrive Hiartøy om lag 1430 i Aslak Bolts jordebok. Ein kan vidare lese: «Namnet Hjertøya (også Hjertøya) finst mange stader. Hjart i øy- og fjellnamn siktar vel til ein eller annan likskap med eit hjarta.»

Det er slik at Gosså har gardsnamnet Hjertvika. I vika som har gjeve garden namn, ligg holmen Hjertet. Han skal ha gjeve vika namn. På Averøya har ein same gardsnamnet. Der meiner ein òg kroppsdelen er førsteleddet i namnet. Når det gjeld øynamnet ved Molde, kan ikkje den langstrakte øya likne stort på eit hjerte. Men det kan vere holmen som blir kalla *Hjertholmen* eller *Littlehjertøya*. Han er litt rundvoren og kan kanskje samanliknast med kroppsdelen.

I 1743 nemner amtmannen «Giertholmen» mellom holmar i Romsdal amt der det ikkje bur folk.

Ein som får skrive namnet sitt Peder Giertøen, får utdelt korn i naudsåret 1773. Han må ha budd på øya. Han som førte namnet hans i pennen, må ha meint at førsteleddet var mannsnamnet. På militærmannen Richelieu sitt kart frå nokre tiår seinare står Hiertøen. På Pontoppidans kart frå 1785 er namnet skrive *Jertøen*. Ein kan ikkje sjå heilt vekk frå at det kan vere borgaren Gjert Davidsen som er opphavet til namnet. Han var midt på 1600-talet ein av dei fremste menn på ladestaden Molde. Oppi Moldeheia har ein namnet Gjertsetra. Sør for Hjertøya finn ein *Hjertøylua*.

Fylkesagronom Rangnes gav i 1945 etter synfaring ei vurdering av jordbrukstilhøva på Hjertøya.

Han nemner innmarksnamn som *Tunstykket*, *Flatmarka*, *Øvre Marka* eller *Sommarfjøsstykket*, *Littleattlegå* og *Strandstykket*. Det er noko uvisst om alle desse namna vart brukte av folket her, eller om Rangnes kan ha lagt på somme av dei då han skildra jorda på stadene. Han nemner Sommarfjøset, og det fungerte nok som stadnamn. Kan hende dei sa *Sommarfjøsen*. I bygdemåla i dette distriktet er fjøs hankjønnord. Det gno. ordet fjós kjem nok av eit eldre fé-hus.

På sørsida av øya er det ein stad som på folkemunne har vorte kalla *Keisar Wilhelms plass*, opplyser Terje Thingvold. Her pla Wilhelm II sitje og nyte utsikta mot fjellheimen dei somrane han var her føre 1. verdskrigen.

Også i våre dagar kan det dukke opp eitt og anna nye namnet. Eit slikt namn er *Villneset*. Her vart det oppretta naturiststrand. Bernt Vilnes var kultursjef i Molde kommune då dette kom i stand. På folkemunne kom namnet Villneset opp. Ein forstår det har ei dobbeltyding. Det er noko likt namnet på kultursjefen, men det får òg tankane til å gå mot ordet vill. Nokre solfylte sommardagar kan dei her leve broklause i vill tilstand slik som dei første menneska gjorde. I boka «Moldeordlista» (2008) av Jon Peder Vestad er det nemnt at sundet mellom Jektøya og Seterøya på skjemt har vore kalla *Pjoltersundet*. Det er vel meint at her kan velstandsfolk i sine blenkjande farty ankre opp og nyte pjolteren i fred. Når det gjeld slike namn som dette, er det noko uvisst kor lang levetid dei får. Men slike stadnamn er visst produktive i våre dagar.

Sjølvsagt blir namn som *Fiskerimuseet* og *Seilerhytta/Seilarhytta* brukte.

Før ferjene vart for store, gjekk dei gjennom det som på Molde blir kalla *Hjertøysundet*. Dette namnet er det som blir brukt i aviser og andre media. Det er sjølvsagt relasjonsnamn til Hjertøya. Men så er det slik at dei «på Sekkja» kallar sundet for *Jektsundet /Jæktsonne/*. På det eldste sjøkartet står *Jægtesundet*. Ein av dei tidlegare namnekonsulentane, Per Hovda (1908-1997), skreiv i brev dagsett 11.11. 1984: «Institutt for namnegransking skreiv i 1958 ned namnet Jektsundet etter to – 2 – informantar. Dei sa det var gamal sundlei for jekter og andre småfarty tidlegare. Det er eit namn som Molde bør ta vare på, fordi det fortel langt meir enn relasjonsnamnet Hjertøysundet.» Frå Norges Sjøkartverk får ein opplyst at dei har Jektsundet frå informant(ar) under sjømåling tidleg på 1970-talet.

Guldbrand Thesen kjem med interessante opplysningar på s. 553 i boka «Beskrivelse af Romsdals Amt» (1861). Etter å ha skildra Bolsøya, skriv han: «Vestenfor denne Ø ligger endnu 2de andre mindre, men langstrakte Øer, der ligesom Bolsøen ere skovkledte og tjene deels til havnegang deels til Beboelse, nemlig Sæterøen og Hjertøen, der ved *Rumsundet* skilles fra hinanden, samt flere holme, for det meste tilhørende Moldegaard.» Så seint som i 1911 skriv Amund Helland i «Norges Land og Folk»: «Mellem Hjertøen og Sæterøen fører et urent sund Rumsundet.» Ein må rekne med at uttalen var Rommsønne. Meininga med namnet må vere at her var romt (god plass). Dette viser at namnet Romsundet har vore i bruk, og då gjerne frå Molde-sida. Det kan hende at namnet Hjertøysundet er nokså nytt. Men Bastian Dahl bruker det iallfall i boka «Molde og Romsdalen» så tidleg som i 1892.

På Bolsøya bruker dei gjerne fleirtalsforma *Hjertøysunda*. Det same gjer Jørgen Olafsen-Holm i første bandet av Bolsøyboka. Det er då meint alle sunda i området her. Men Otto M. Torhus frå Bolsøya kjende godt namnet Jektsundet om hovudfarleia.

Det har vore noko strid om kva som er det rette namnet. Det finst dei som meiner at Hjertøysundet er det einaste rette namnet. Ikkje noko merkeleg er det at ein stad har meir enn eitt namn. Dette er heller vanleg når folk frå ulike stader har behov for å ha namn på same staden. At namn på stader har skifta fram gjennom tidene, er eit kjent fenomen.

Namnet *Jektøya* er minne om den gamle jektefarten. Denne holmen har òg hatt fleire namn. Somme har kalla holmen for *Auspholmen*. Folk har lagt merke til dette treet på holmen. Ein ser det lett

der det står bladlaust langt utover våren, og som om hausten lyser gult med blakrande blad. Somme kallar sundet mellom Jektøya og Seterøya for *Jektsundet*.

Namnet *Brentøya* er nok eit minne om at det har vore skogbrann her.

Fantholet er eit lite sund på søraustsida av Jektøya. Bakgrunnen for namnet er at fantefølgje stundom ankra opp og slo seg til her for ei stund, fortel Asbjørn Lillevik frå Bolsøya. (Namnet *Fanterøysa* som ein finn i fjøra vest for byen, har same bakgrunn.)

Ein har namn som *Båtsundet*, *Buholmen*, *Hjertøybukta*, *Hjertøytangen* og *Hjertøyvalen*. Val har samanheng med vade og er ein grunn stad ved land. Mellom Seterøya og Jektøya heiter det òg *Valan*.

På eit kart over Moldeholman finn ein namna *Magdaholmen* og *Henrikholet*. Det siste er eit sund. Desse stadene ligg sør for *Klungerholmen*.

Klungerholmen er feilskrive Kongerholmen på det topografiske kartet i M 1:50 000. Ein støyter ofte på klungeren i stadnamn langs strendene. Der trivst han . Ein seier klonger.

Orholmen var på same kartet normert til Urdholmen. Dette er feil. Namnekonsulentane den gongen må ha trudd at romsdalingane seier or om stader der stein har falle ned. Men ein slik uttale høyrer Nordmøre til. Det kan kanskje ha vakse ore her. Men eit gammalt ord for stein kan vere like sannsynleg. Sør for Veøya har ein holmenamnet *Kat(t)ora*. (Førsteleddet kan vere *kati* som vart brukt om båt.) Gardsnamnet *Ora* i Rauma har òg kan hende dette ordet for stein i seg. På siste utgåva av det topografiske kartet er namnet retta til *Orhomen*. Når eit namn er utolka, bør ein i normert form skrive det så nært uttalen som råd er med vanlege bokstavar. Etter opplysningar frå Rolf Strand er nok helst trenamnet ore bakgrunnen for namnet. «Den hadde en karakteristisk siluett pga trær, og vi omtalte den som Cuba av en eller annen grunn», seier den lokalkjende Strand.

Bjørsetholmen og *Reknesholmen* er relasjonsnamn til gardsnamna. I «Årbok for Romsdalsmuseet 1998» skriv Hans-Henrik Bjørset: «Like nordvest for Bjørsetholmen ligger to små skjær som dukker fram ved svært lav fjøre. De er kalt 'Hoinan' og er ikke ufarlige. Under krigen gikk en tysk lastebåt på her og ble stående.» Per Hovda skriv: «Serleg tykkjest lægjet å vera avgjerande når det gjeld tolking av Hund- i skjernamn. Eit sams sermerke for deim er at dei ligg ved innlaupi til fjordar, vikar og sund og jamt utanfor hamner. Dei ligg og vaktar og stengjer vegen radt som gardshundar i innkøyrslitil gardane.» (Okse, galt, hund og andre dyrenemne i skjernamn i «Bergens

Museums Årbok 1941 Historisk- antikvarisk rekke nr 7». Ein ser at *Hundan* ved Molde akkurat ligg slik til som Hovda seier.

Løkkeskallen er vanskeleg å normere i samsvar med lova om skrivemåten av stadnamn. Mest truleg er det ein skalle der dei hadde lykke med fisinga. Skalle er «en Banke eller Forhøining i Vandet, en høit liggende Fiskegrund (Klakk)», seier Ivar Aasen. Ein finn same sisteleddet i namna på andre fiskegrunner ikkje så langt unna.

Moldeholmen er relasjonsnamn til Molde. Moldegård eig holmen. Bygdefolk har sagt */Målljholmen/*. «Gulbrand på Molle» betalte skatt i 1520. Skriftforma viser at dei uttalte namnet slik som dei framleis gjer på bygdene med palatal l (tungeslag mot ganen).

Rennsteinen er ei djupare renne på nordsida av Hjertøya. Renna har vorte samanlikna med renn(e)-steinen i ei gate.

På «Veikart fra Molde til Kringstad med Sørrouterne fra disse Steder til Hvalvigen» (1845) finn ein *Dybsund* ved vestenden av Hjertøya. Ikkje langt frå Reknesholmen er *Skarvholm*. Dei sa sjølv sagt *Djupsundet* og *Skarvholm*. Det siste namnet fortel nok helst om fuglen, sjølv om skarv også kan tyde nake berg. Skjera i dette området blir på kartet kalla *Molde-Skjærene*.

Namnet *Langholmen* fortel korleis holmen er. *Bollan* er to runde skjær. Hyse har det nok vore fiska ved *Hyseskjæret*. Ivar Aasen seier at ordet hyse blir brukt nord og vest i landet. Austlendingane bruker namnet kolje etter den svarte flekken på fisken. I gno. har ein berre skriftbelegg for *ýsa*.

Det er gjerne fisken bleike ein har i namnet *Bleikeskjæret*. Denne fisken med grå sider og kvit buk har ein skriftbelegg for som hvítingr frå gno. Ivar Aasen seier at ein bruker ordet bleike i Nordre Bergenhus og nordafjells, altså frå og med Sogn og Fjordane og nordover. (Forma er bleik i Trøndelag og Nordland.) Formelt er det ikkje noko i vegen for at det kan vere det bleike skjæret.

Pengeskjæret kan ha mint om ein penge, eller skjæret kan ha mint om pengegras (skillingsgras).

Ivar Skogvik frå Skogvika på Sekken fortalde at dei ved vestenden av *Fårøytangen* kunne ro dei grunne sunda *Kroksundet* eller *Båtsundet* når dei skulle til Molde. Så rodde dei forbi *Møkjaflua*. Dette er ikkje akkurat noko rosande namn. Førsteleddet er møk (gjødsel, skit) gno. mykr. Når ein er komen på *Møkjaflua*, ser ein Hundshellå på vestsida av Sekken i lågaste *Båtsundet*. I vest ser ein Tautrå i Gapet. Har ein *Hundshellsnagen* i austre eller vestre kant av *Båtsundet*, er ein viss på at ein går fri *Møkjaflua*. På den vidare ferda rodde dei *Småsunda*. Då passerte

dei holmen som dei kalla *Fårholmen*. Dette fortalde altså Ivar Skogvik i 1998.

Då hamnekartet vart laga, fekk ein opplysningar om namnet *Klaveråsen*. Somme meiner at sisteleddet er åsen. Men her er inga grunne. Sisteleddet ser ut til å vere hokjønnsordet rås. Det blir ikkje berre brukt på landjorda, men òg om djupt farvatn eller renne mellom holmar og skjær. I dette namnet ser det ut som det er dativforma som har teke over. Det er lite truleg at ein har brukt rås som hankjønnsord. Førsteleddet ser ut til å vere klave. Truleg er det opphavlege namnet *Klaveråsa*. Steinar Eik trur helst at dette kan ha utgangspunkt i eit hollandsk ord *klaberrossen* med tydinga hard vind. Det er verhardet her vest for *Fårøytangan*.

I namnet *Ramsøya* har ein denne planta som kyrne likte godt, men som gjorde mjølka deira beisk. Dette er årsaka til at dette plantenamnet dukkar opp rett ofte i stadnamn. Ein kan kome i hug at skotske leigesoldatar ein seinsommardag i 1612 passerte innover Romsdalsfjorden litt lenger sør. Oberst Andrew Ramsay var leiaren deira. Han hadde namnet sitt frå ein stad lengst nord i Skottland der norrøn busetjing hadde sett mangt eit far etter seg i stadnamn. Obersten visste nok ikkje at han segla forbi ein stad her i fjorden som kan hende alt den gongen hadde same namnet som han sjølv.

I dag kallar dei same holmen for *Aurikkholmen*. Dette namnet som òg fortel om ei plante, er truleg yngre. Oppi lia ovanfor Bjørset har ein namnet *Auriklabakken* (Sjå opplysningar omkring namnet der.) Ein såg at på Litlebostad på Bolsøya er det ein stad som heiter *Aurikkeldalen*.

Steinar Eik opplyste i brev at det truleg skjedde eit drap på denne holmen tett føre jul i 1847. Alfred Eik (f. 1906) hadde i 1976 fortalt at det gjekk føre seg på *Førkelholmen*. «Det e so mykjy tållje på *Førkelhåлма*, na høge holmen når'n bjønne på Jæktsonne,» hadde han sagt. Det kan ikkje vere anna enn *Ramsøya* det er tale om. Av brevet går det fram at holmen også har vore kalla *Høgholmen*. Holmen er høg. *Førkelholmen* er eit merkeleg namn, og truleg gammalt. Det er ikkje lett å tyde. I Norsk ordbok finn ein ordet furkul-mat. Det er det same som forkunn-mat, og det tyder god mat. Er dette rette tydinga av namnet, må namnet fortelje om mat som krøtera likte godt. I tysk har ein inkjekjønnsordet Ferkel om grisunge/gris. Kan det ha vore ein stad der det gjekk griser? Det føreset at dette tyske ordet på husdyret har vore brukt. Det var ikkje uvanleg at husdyr om sommaren gjekk på stader der dei ikkje kunne kome seg vekk frå. Det ser iallfall ut som denne holmen har hatt fire namn. På karta står *Ramsøyflua* sør for øya (holmen). Eik



Planta rams finn ein i fleire stadnamn her i kommunen. (Frå «Teknologisk forlags store illustrerte flora», 1995)

seier at dei på Sekken har sett namnet i samband med trenamnet fure /føre/.

Noko merkeleg er det at ein finn grunnordet øya på det som ein gjerne vil kalle ein holme. Slik er det iallfall med somme namn i dette mylderet av holmar. Kanskje dette er ei forandring frå seinare tid. Ein såg at i 1743 vart Hjertøya kalla Giertholmen. Folk på landsbygda kallar ein framleis alle homane for *Moldholman /Målljhålmanj/*.

Husmannsplassar og namna på desse bustadene

Som ein har sett, kan tolkinga av mange gardsnamn i kommunen vere usikker. Lettare er det når det gjeld namna på husmannsplassane. Men så er dei òg mykje yngre. Dei første kom til på 1600-talet, og talet auka utover på 1700-talet. Flest plassar var det på 1800-talet føre utvandringa til Nord-Amerika starta. Ho kom ikkje i gang før etter borgarkrigen (1865) frå denne landsdelen.

Seinare gjekk mange plassar attende til gardane. Desse gardane fekk fordelar av jordlappane som husmannsfolket hadde brote opp. Somme plassar vart sjølveigande bruk.

Når ein ser på sisteledda i plassnamna, finn ein sjølv sagt ord som fortel om naturen (lendet). Ein har ord som lia, myra, haugen, rabben, berget o. l. Men ein har òg mange ord som fortel om at buplassane låg der krøter hadde gått. Ein har ord som bøen, hagen, gjerdet, trøa, lykkja og geilen.

Bøen var halvdyrka mark nærast åkrane. Alt på 1700-talet fekk somme stader med dette namnet, ofte med gardsnamnet som førsteledd, fast busetjing. Lykkjå kom òg tidleg inn som bustadnamn. Gnr. 72 Lykkjå i Kleive er nemnt i skrift tidleg på 1600-talet. Gjerdet fortel beinveges om at her har vore inngjerding. Hagen var det same. I gammal tid hadde ikkje ordet innhaldet frukthage.

Geilen er òg inngjerding her i Romsdalen. I gno. finn ein at hokjønnsordet geil er veg med gjerde på sidene. Ein treng ikkje å gå lenger enn til Sunnmøre for å finne at det framleis er slik. Ivar Aasen definerer ei geil i ordboka slik: «en Vei med Gjærde paa begge Sider (især fra Fæhusene til Udmarken).» Både på Nordmøre og iallfall mange stader i Trøndelag har ein hankjønnsordet geile med innhaldet inngjerdt område. Her i Molde kommune finn ein namnet Geilen på mang ein gard. Det har òg vorte bruksnamn fleire stader. Samansette namn som Hestegeilen og Kalvegeilen finn ein sjølv sagt. Plassen var nok det mest frekvente ordet, iallfall på 1800-talet. Ofte fekk ein namnet på plassmannen eller plasskjerringa i førsteleddet. Stundom har namnet på plassen i ettertid fått namnet på den siste som budde der som førsteledd, ikkje sjeldan eit kvinnenamn (den lengstlevande). Yrkesnemningar finn ein òg. Eit plassnamn som Selslia fortel at folket der kom frå Sel i Gudbrandsdalen.

Når ein ser på kvar plassfolka kom frå, legg ein merke til at sær mange kom frå innlandet, og då først og fremst Gudbrandsdalen. Flest kom nok frå Lesja. Det var ikkje berre i uår (hungerstider) denne folkeflyttinga (migrasjonen) gjekk føre seg. I tillegg var det mange frå desse strøka som tok seg teneste (arbeidsoppdrag) i Romsdalen, men som ikkje vart fastbuande. Somme kjøpte seg gardar. Folk som tala opplending, kunne ein nok høyre i kvar ei grend. Det lever i folkeminnet at også ungane i desse familiane tala heimemålet til foreldra.

Historikarane plar nemne denne folkeflyttinga, men det ser ikkje ut som dei legg stor vekt på dette. Mange av dei unge på plassane kom seg over til Amerika. Ja, somme av dei som hadde slege seg ned på plassane, enda også livsferda i prairiejorda.


Det er mykje folk i denne kommunen med ættelinjer austom fjella. Som ein veit var den eldre generasjonen på velstående gardar skeptiske til at dei unge skulle blande seg med dei frå plassane. Dei såg det alltid som likast med alliansar mellom ungdom frå gode gardar. Slik heldt på velstanden, og jamvel auka han. Innavl brydde dei seg nok mindre om. Også i farne tider var mammon den sterkaste guden, så lenge ikkje dauden stod for døra.

Stadnamn i Molde kommune


Kartdelen


– oversiktskart står på forsatsen


































































Langdalen

Langdalslia









Raudheimarka

Vargeholå

Stordalsgrova

Stordalen

Stordalen

Lunddalen


Dalaskaret


GJEMNES
MOLDE


Raudheia














































Hundan
Bjørsetholmen

Kløvningan


Orholmen
Djupsundet

Tangskjæret

Storfjorden


























































Duevatnet

Duebekken




















Hans-Ola-holā













Sundet

Skjæret

Torvå/Kongeriket hans Pål-Ingebrikt

Holman

Fyrholmen

Nørde Holmen

Langfjorden

Galten
Purkå

Øyaneset


Skallen

MOLDE
RAUMA



















Storfjorden









Nokre ordforklaringar

